



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2017

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2016–2017) frå Klima- og miljødepartementet består av tre delar:

Del I presenterer hovudutfordringane, resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken og hovudprioriteringar innanfor departementets budsjett i 2017.

Klima- og miljødepartementet er eit sektorovergripande departement med ansvar for å samordne regjeringas klima- og miljøpolitikk. I del I er det derfor gitt eit oversyn over klima- og miljøpolitiske satsingar i andre departement. I del I er òg oppfølging av alle oppmodingsvedtaka frå Stortinget omtalt.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Klima- og miljødepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar. I del II blir det òg gjort greie for politikk for å nå dei nasjonale måla.

Del III er ei omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker. Her er mellom anna klimagassbudsjettet omtala, og klima- og miljøpolitikken i dei andre departementa. Del III gir òg ei oversikt over organisasjonsendring, fornyingsarbeid, likestilling i miljøforvaltninga, og meir utfyllande omtale av nokre av oppmodingsvedtaka.

Innhald

Del I	Innleiing	11	Kap. 1408 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	71	
1	Om klima- og miljøutfordringane	13	Kap. 1409 MAREANO	72	
2	Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken	16	Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking	72	
2.1	Naturmangfald	16	<i>Programkategori 12.20 Klima, naturmangfald og forureining</i>	78	
2.2	Kulturminne og kulturmiljø	18	Kap. 1420 Miljødirektoratet	101	
2.3	Friluftsliv	19	Kap. 4420 Miljødirektoratet	134	
2.4	Forureining	19	Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart	136	
2.5	Klima	22	Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	136	
2.6	Polarområda	24	Kap. 1424 MAREANO	138	
2.7	Klima- og miljødepartementets budsjett fordelt på resultatområde	25	Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak	138	
			Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	141	
3	Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017	26	<i>Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø</i>	147	
			Kap. 1429 Riksantikvaren	149	
			Kap. 4429 Riksantikvaren	162	
4	Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet	29	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	162	
4.1	Klima- og miljørelevante prioriteringar i statsbudsjettet	29	<i>Programkategori 12.60 Nord- og polarområda</i>	164	
4.2	Regjeringas prioriteringar innanfor klima	30	Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt	167	
4.3	Oppfølging av FNs berekraftsmål	34	Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt	169	
			Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond	170	
			Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	170	
5	Oversiktstabellar	41	Kap. 1473 Kings Bay AS	171	
5.1	Merknader til budsjettframlegget	41	Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	171	
5.2	Utgifter	41			
5.3	Inntekter	42	<i>Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid</i>	173	
6	Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget	46	Kap. 1481 Klimakvotar	180	
			Kap. 4481 Sal av klimakvotar	182	
			Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak	182	
Del II	Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017	59	Del III	Omtale av særlege tema	197
7	Omtale av kapittel og post	61	8	Omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljø saker	199
	<i>Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	61	8.1	Klima- og miljøpolitikk i departementa	199
	Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet	64	8.1.1	Arbeids- og sosialdepartementet ..	199
	Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet	71	8.1.2	Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	199
	Kap. 1406 Miljøvennleg skipsfart	71			

8.1.3	Finansdepartementet	200	9	Fornye, forenkle, forbedre og oppmodingsvedtak	222
8.1.4	Forsvarsdepartementet	200	9.1	Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	222
8.1.5	Helse- og omsorgsdepartementet	201	9.2	Samfunnstryggleik og beredskap	223
8.1.6	Justis- og beredskapsdepartementet	201	9.3	Informasjonstryggleik	224
8.1.7	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	202	9.4	Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga	224
8.1.8	Kulturdepartementet	203	9.5	Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda	227
8.1.9	Kunnskapsdepartementet	204	9.6	Oppfølging av oppmodingsvedtak	228
8.1.10	Landbruks- og matdepartementet	205	Forslag	264	
8.1.11	Nærings- og fiskeri- departementet	206	Vedlegg 1	Vedtak frå tidlegere år som gjeld utan tidsavgrensing	273
8.1.12	Olje- og energidepartementet	207			
8.1.13	Samferdselsdepartementet	210			
8.1.14	Utanriksdepartementet	212			
8.2	Klimagassbudsjett	214			
8.2.1	Klima- og miljødepartementet	214			
8.2.2	Landbruks- og matdepartementet	215			
8.2.3	Nærings- og fiskeri- departementet	215			
8.2.4	Olje- og energidepartementet	216			
8.2.5	Samferdselsdepartementet	217			
8.2.6	Helse- og omsorgsdepartementet	220			
8.3	Anna klima- og miljøarbeidd i staten	221			

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Talet på truga arter og naturtypar i hovudøkosystema ..	17	Tabell 7.2	Avfallsdefinisjonar	91
Tabell 2.2	Utslepp av klimagassar. mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar (foreløpige tal for 2015)	22	Tabell 7.3	Fordeling av tilskot	127
Tabell 2.3	Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017 fordelt på resultatområde	25	Tabell 7.4	Type senter	133
Tabell 4.1	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2017 under Klima- og miljødepartementet (auke frå saldert budsjett 2016)	29	Tabell 7.5	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2017	143
Tabell 4.2	Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2017 med tydeleg klima- og miljøgevinst på andre departement sine område (auke frå saldert budsjett 2016)	30	Tabell 7.6	Berekning av kapital i Viltfondet i 2017	143
Tabell 7.1	Resultatområde under programkategori 12.20	78	Tabell 7.7	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2017	144
			Tabell 7.8	Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2017	145
			Tabell 7.9	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2017	145
			Tabell 7.10	Resultatområde under programkategori 12.30.	147
			Tabell 7.11	Aktivitet i kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2015	151

Tabell 7.12	Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2015	154	Tabell 9.4	ILUC-verdiar frå ILUC-direktivet	230
Tabell 7.13	Tilskot til verdiskaping i 2015	161	Tabell 9.5	Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisavtala og planlagt norsk oppfølging	236
Tabell 7.14	Tilskot til verdsarvområda i 2015	161	Tabell 9.6	Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisvedtaket og planlagt norsk oppfølging	239
Tabell 7.15	Resultatområde under programkategori 12.60.	164	Tabell 9.7	Utslepp av klimagassar og framskrivingar for ikkje kvotepliktig sektor. Mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar	247
Tabell 7.16	Nasjonalt mål under programkategori 12.70.	176	Tabell 9.8	Fyring med fossil olje som grunnlast i statlege bygg, status per 31.12.2014 og 31.12.2015:	252
Tabell 9.1	Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltninga	225	Tabell 9.9	Planlagt utfasing av fossil olje som grunnlast 2015–2018:	253
Tabell 9.2	Prosentoversikt over kvinnene og mennene si gjennomsnittslønn i miljøforvaltninga	225			
Tabell 9.3	Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og frávær fordelt på kvinner og menn i miljøforvaltninga	225			

Figuroversikt

Figur 7.1	Strategisk rammeverk for klima- og skogsatsinga.....	178	Figur 9.3	Utsleppsbaner for tiltakspakkar 1, 2 og 3 mot 2030 for ikkje kvotepliktig sektor.....	249
Figur 8.1	Energisparing i nye bygg pr. år	220	Figur 9.4	Årsmiddel NO ₂ 2010–2015	254
Figur 9.1	Omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtrafikk. Kalenderåra 2009–2020. Prosent	232	Figur 9.5	Årsmiddel PM ₁₀ 2010–2015.....	255
Figur 9.2	Utsleppsmål for ikkje kvotepliktig sektor for 2030, inkludert fleksibilitet og behov for utsleppsreduksjonar samanlikna med utsleppsframskrivingar	245	Figur 9.6	Årsmiddel PM _{2,5} 2010–2015	256

Oversikt over bokser

Boks 2.1	Miljø- og naturdata	16	Boks 7.2	Kunnskapsløftet	148
Boks 2.2	Nærare om to av dei nasjonale måla for arbeidet med forureiningar	20	Boks 7.3	Klimakvoter	174
Boks 2.3	Nytt nasjonalt mål for lokal luftkvalitet	21	Boks 7.4	Overordna endringsteori og strategi for klima- og skogsatsinga	178
Boks 7.1	Marknadsmekanismar og karbonprising	100	Boks 7.5	REDD+ inn i ny klimaavtale	186



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2017

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

*Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 23. september 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Om klima- og miljøutfordringane

Det er brei semje om at det å løyse klima- og miljøutfordringane er blant dei største oppgåvene vi står overfor i vår tid. Miljøutfordringane påverkar menneska si helse, livsgrunnlag og verdiskaping. Samtidig er det menneska som er årsak til miljøutfordringane gjennom våre forbruks- og ressursmønster. Global utsleppsvekst ser ut til å avta, dei siste åra har auken vore under 1 pst. per år, langt svakare enn gjennomsnittet sidan 2000. I følgje Det internasjonale energibyrådet (IEA) har globale energirelaterte CO₂-utslepp ikkje auka sidan 2013. Det er positivt, særleg i lys av at den globale økonomiske veksten har vore robust i same periode. Verda satsar no på fornybar energi. For berre få år sidan var det kolkraft som dominerte investeringane i global elektrisitetsproduksjon. Dei siste åra er det for første gongen fornybare kjelder som sol og vind som dominerer. Ifølgje IEA var 90 pst. av ny kraftforsyning i 2015 basert på fornybar energi. I ein global samanheng er det òg samfunnsøkonomisk lønsamt å setje inn effektive og ambisiøse tiltak no, samanlikna med å vente og dermed måtte ta større kostnader seinare.

Oppvarming av klimasystemet er utvetydig, og den menneskelege påverknaden er klar, ifølgje den siste hovudrapporten frå FN's klimapanel. Dei siste åra har det vore ein kraftig global temperaturauke. Kvar einaste månad frå mai 2015 til og med juli 2016 har sett ny global månadsrekord, ifølgje data frå USA-baserte National Oceanic and Atmospheric Administration (NOAA). Første halvår 2016 var global gjennomsnittstemperatur om lag ein grad Celsius varmare enn gjennomsnittet for same perioden i det førre hundreåret. Over landområda var det meir enn 1,5 grader varmare enn normalt.

Dei norske klimagassutsleppa var i 2015 på 53,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar ifølgje foreløpige tal frå Statistisk sentralbyrå, ein auke på 1,5 prosent samanlikna med 2014. Det er hovudsakeleg oppgang i karbondioksidutslepp frå olje- og gassutvinning og industri som er grunnen til auken.

Gjennom klimaforliket på Stortinget vart det slått fast kva som er hovudutfordringane i klimapolitikken, kva mål vi skal nå og ei rekkje

verkemiddel. Behandlinga av Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsning med EU* stadfesta mål og særskilte innsatsområde mot 2030. For å nå måla må sektorane i samfunnet sjølve ta ansvar.

Endringar i klima skaper nye utfordringar for samfunnet. Store nedbørmengder fører til overfløyning og jordras, skadelege framande arter klarer å tilpasse seg i den norske naturen og jordbruksavlingar får skader som følgje av eit våtare og varmare klima. Samfunnet må prioritere arbeidet med å tilpasse seg klimaendringane.

Tap av naturmangfald er både ei nasjonal og internasjonal utfordring. Verda over er økosystema til dels så belasta av negativ påverknad at dei ikkje lenger leverer dei godene eller held ved lag dei naturlege prosessane som menneske er avhengige av. Også i Noreg er det risiko for tap av naturmangfald, særleg som følgje av arealinngrep og arealbruksendringar. Ein føresetnad for å lukkast med det grønne skiftet er å ta vare på naturmangfaldet for noverande og kommande generasjonar. Dei viktigaste grepa for å ta vare på naturmangfaldet i Noreg er spegla i dei tre nasjonale måla om å sikre god tilstand i økosystema, ta vare på truga arter og naturtypar og å sikre eit representativt utval av norsk natur. Gjennom vern og berekraftig bruk skal vi sikre naturens leveansar av naturgode for framtida.

Noreg har eit særleg ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard. Aktivitetane i nord må tilpassast det naturen kan tole. Vi må òg ta omsyn til at naturen i Arktis kjem under stadig sterkare press, mellom anna som følgje av klimaendringar.

Eit reint miljø er ein føresetnad for at vi fritt skal kunne bruke naturen og hauste av naturressursane. Mykje av norsk verdiskaping og produksjon er difor avhengig av eit reint miljø. Helse- og miljøskadelege kjemikalier utgjer ei stor utfordring både nasjonalt og internasjonalt. Dei farlegaste kjemikaliane, miljøgiftene, blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Miljøgiftene er derfor eit alvorleg trugsmål mot mangfaldet i naturen og mot matforsyning og helse for kommande generasjonar. Noreg gjer ein

særskilt innsats for å stanse bruk og utslepp av prioriterte miljøgifter innan 2020.

Kulturminne og kulturmiljø utgjør vårt kollektive minne om samfunn og levekår i tidlegare tider. Kulturminne og kulturmiljø er ressursar som ikkje kan fornyast. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdia og er ein viktig kjelde til kunnskap og opplevingar. Dei har betydning for identiteten, trivselen og sjølvforståinga til enkeltmenneska, og er ein ressurs i utviklinga av gode lokalsamfunn og gode næringar.

I dag er breidda stor og verkemidla i kulturminnearbeidet mange, men i eit samfunn der endringstempoet er høgare enn nokon gong, blir det stilt store krav til at forvaltninga skal vere tydeleg og føreseieleg. Dette gjeld særleg i og omkring dei store byane. Samstundes kan nye miljøutfordringar verke direkte inn på korleis samfunnet vernar dei kulturhistoriske verdiane sine.

Klima- og miljøutfordringane må løysast både nasjonalt og internasjonalt

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla kan bli nådde.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å samordne regjeringas klima- og miljøpolitikk, og arbeider for klima- og miljøvennlege løysingar i alle samfunnssektorar. Forskning og auka kunnskap spelar ei avgjerande rolle i dette arbeidet. Klima- og miljøforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Det inneber at forvaltninga må ha kunnskap om miljøtilstanden, påverknader og drivkrefter, tiltak og virkemiddel. Medan klima- og miljøforvaltninga har det overordna ansvaret for å ha oversikt over miljøtilstanden, har alle sektorar eit sjølvstendig ansvar for å sikre at kunnskap om eigen påverknad på klima og miljø, samt kunnskap om moglege løysingar og tiltak, blir ivareteke i forskning og anna kunnskapsproduksjon.

Kommunane og fylkeskommunane har ei nøkkelrolle i mange delar av klima- og miljøarbeidet. Dei er for eksempel lokal forureiningsstyresmakt, planansvarlege for utbygging i kommunane, eigarar av ei rekkje bygningar, vegar og infrastruktur, ansvarlege for handtering av kollektivtrafikk og avfall, og dei gjennomfører mange offentlege anskaffingar.

Folketalet i Noreg veks raskt, særleg i og rundt dei største byane. Det kan gi nye og forsterka miljøutfordringar, men urbanisering gir òg

nye moglegheiter. Det er viktig å få til ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Luftkvalitet, bu- og bustadmiljø, transportløysingar, rekreasjon og friluftsliv er alle omsyn som må sjåast i samanheng. Fortetting ved kollektivknutepunkt vil redusere transportbehov og styrkje grunnlaget for klimavennlege transportformer som kollektivtransport, sykkel og gange. Redusert arealpress er positivt for ei rekkje klima- og miljøutfordringar.

Dei viktigaste miljøproblema – klimaendringar, tap av naturmangfald og spreining av miljøgifter – er globale. Internasjonalt samarbeid er nøkkelen til suksess i klima- og miljøarbeidet. Våre innanlandske miljøutfordringar er ein del av dei samla globale utfordringane. Skal vi løyse dei internasjonale miljøproblema må vi samstundes løyse våre eigne. Internasjonalt samarbeid og betre teknologi har medverka til at vi har klart å redusere tilførselene til vårt land av sur nedbør og samarbeid gjennom Montrealprotokollen har resultert i at ozonlaget no er i ferd med å bli tjukkare.

I desember 2015 vart Parisavtala under FN's klimakonvensjon vedteken. Avtala er eit vendepunkt for internasjonalt samarbeid på klimaområdet, og representerer, saman med klimakonvensjonen, eit solid rammeverk for den globale klimainnsatsen framover. Det overordna målet med Parisavtala er mellom anna å halde den globale auken i temperaturen godt under 2 grader celsius samanlikna med førindustrielt nivå, og søkje å avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Med Parisavtala har alle statar teke på seg å oppdatere eller fornye sine nasjonalt fastsette bidrag kvart femte år, i tråd med prinsippa i avtala om at nye bidrag skal utgjere ein progresjon og høgste moglege ambisjon. Partane er ikkje juridisk bundne til å gjennomføre bidraga, men er forplikta til å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå sine nasjonalt fastsette bidrag. Dei nasjonalt fastsette bidraga som ligg til grunn for Parisavtala vil kunne innebere eit globalt utsleppsnivå på rundt 55 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar årleg i 2030, mens utviklingsbana i tråd med togradersmålet peiker mot eit nivå på utsleppa på om lag 40 mrd. tonn i 2030. Det er med andre ord behov for ei betydeleg styrking av innsatsen.

I september i 2015 vart FN's universelle berekraftsmål vedtekne av FN's generalforsamling. Måla rettleier FN og medlemslanda i arbeidet med global fattigdom, sosiale rettar og jobbar, klima og miljø fram mot 2030. Måla knyter miljø og klima inn i alle dei områda som er viktige for miljøtilstanden. Klimasaka krev brei framgang på

berekraftig utvikling, mens varig velferd og utrydding av ekstrem fattigdom forutset at klimautfordringa løysast. Berekraftmåla og Parisavtala danar ei viktig ramme for Noregs nasjonale og internasjonale miljøarbeid, og begge er omtala nærare i denne proposisjonen.

FNs konvensjon om biologisk mangfald er eit svar på verdssamfunnets bekymring over tapet av biologisk mangfald. Partslanda vedtok i 2010 dei såkalte Aichimåla for korleis verdas biologiske mangfald skal sikrast innan 2020. Desse måla er ramma for Noregs nasjonale og internasjonale arbeid på naturmangfaldområdet. Gjennomføring av Aichimåla har ein klar kobling til oppfølginga av FNs berekraftsmål.

Mange FN-organ er viktige aktørar i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. FNs miljøprogram UNEP er ein sentral aktør for å bringe fram ny miljøkunnskap, utvikle internasjonal miljølovgiving og hjelpe land med gjennomføringa av nasjonal miljøpolitikk.

EU er ein pådrivar i internasjonal miljøpolitikk og internasjonale miljøkonvensjonar dannar ofte utgangspunkt for gjennomføring av eit meir ambisiøst regelverk i EU. Ein stor del av EUs miljøpolitikk blir innlemma i norsk regelverk som følge av EØS-avtala. Noreg deltek blant anna fullt ut i EUs klimavotesystem. Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn betinga forpliktingar på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslipp innan 2030 samanlikna med 1990. Noreg og EU arbeider no for at dette skal skje gjennom ei felles oppfyljing av klimamåla.

Dei globale miljøutfordringane inneber at miljøomsyn bør bli innarbeidde i andre delar av det internasjonale samarbeidet òg, til dømes internasjonal handel, investeringar og finanssektoren. Klima- og miljødepartementet arbeider for at bilaterale, regionale og multilaterale handels- og investeringsavtaler vert utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøom-

syn. Det grønne skiftet og grøn konkurransekraft i Noreg er òg knytta til det grønne skiftet og arbeidet med ein sirkulær økonomi i Europa.

Sentrale prinsipp i miljøforvaltninga

I forvaltninga for eit berekraftig samfunn som tek vare på naturkapitalen står følgjande prinsipp sentralt:

- Klima- og miljøpolitikken skal vere basert på kunnskap. Kunnskapsinnhenting frå nasjonale kjelder som forskning, kartlegging og overvaking (og synteser baserte på dette) står sentralt, men bidrag frå internasjonale kunnskapsprosessar som klimapanelet (IPCC) og Naturpanelet (IPBES) er også viktig.
- Førre var-prinsippet som er nedfelt i forureiningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og svalbardmiljølova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet eller kunnskapen er mangelfull, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade, eller late vere å gjennomføre aktiviteten.
- Prinsippet om samla belastning står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område, naturtypar og arter, når planar skal leggjast og vedtak skal fattast.
- Forureinar betaler-prinsippet inneber at den som har ansvaret for at forureining skjer, skal dekkje kostnadene ved at forureining blir påført samfunnet. Dette er prinsippet for ei rekkje miljøavgifter, til dømes CO₂-avgifta. Etter forureiningslova har forureinaren òg ansvaret for å rydde opp. Tilsvarande har naturmangfaldlova eit prinsipp om at kostnadene ved at miljøet blir dårlegare skal berast av tiltakshavaren. Kulturminnelova har føresegn om at tiltakshavar skal betale kostnader ved arkeologiske undersøkingar av automatisk freda kulturminne. Svalbardmiljølova har òg slike føresegner.

2 Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken

Klima- og miljøpolitikken er delt opp i seks resultatområde. Resultatområda er etablerte for å vise heilskapen i Klima- og miljødepartementets politikkområde, og for å gjere synleg at klima og miljø er eit ansvar for heile samfunnet.

På kvart resultatområde er det tilhøyrande nasjonale mål som speglar kva Noreg vil oppnå på området, og indikatorar for kvart mål som viser utviklinga over tid. Mål og indikatorar framgår av Miljøstatus.no.

Under følgjer ei nærare omtale av resultatområda og dei nasjonale måla. Det er utvikla indikatorar for dei nasjonale måla som viser grad av måloppnåing. For nærare omtale av dette sjå www.miljostatus.no.

2.1 Naturmangfald

Nasjonale mål:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

Naturmangfaldet er grunnlaget for menneska sitt liv på jorda. Velfungerande økosystem er ein føresetnad for stabilitet, velferd og vekst. Naturen reinsar vatn og luft, resirkulerer næringsstoff, bind jordsmonn, dempar flaumar, lagrar karbon, beskyttar mot erosjon og syter for pollinering av planter. Naturen medverkar òg til verdiskaping og arbeidsplassar og opplevingar. Ein mangfaldig natur gir meir robuste økosystem som er betre i

Boks 2.1 Miljø- og naturdata

Miljøstatus.no inneheld den nyaste informasjonen om miljøet sin tilstand og utvikling i Noreg. Miljøstatus i Noreg er utvikla av miljøforvaltninga, og Miljødirektoratet er ansvarleg redaktør. Fleire andre sektorar og forskingsinstitutt bidrar med data, herunder mellom anna Statistisk sentralbyrå, Norsk institutt for vassforskning, Norsk institutt for luftforskning, Norsk institutt for naturforskning og Norsk institutt for kulturminneforskning.

Ein meir detaljert status for dei nasjonale måla med indikatorar er presentert på www.miljostatus.no.

Naturindeksen for Noreg 2015 er basert på 301 indikatorar og viser tilstand og utviklingstrendar for naturmangfaldet i dei store økosystema havbotn, opne vassmassar i havet, kystvatn-botn og kystvatn-vassmassane, elver og innsjøar, våtmark, skog, fjell og kulturbetinga naturtypar i ope landskap. Alle forskingsinstitusjonar

som arbeider med naturovervaking er involverte i arbeidet. I alt er 85 ekspertar involverte. For meir informasjon om Naturindeksen sjå <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/November-2015/Naturindeks-for-Norge-2015/>

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald, og har blant anna ansvaret for arbeidet med raudlistene og arbeidet med økologiske risikovurderingar av framande organismar. Artsdatabanken har ei sentral rolle i å samordne, og gjere data om naturmangfald tilgjengelege for ulike brukarar i forvaltninga og for allmenta. Talet på observasjonar i portalen «Artsobservasjonar» i regi av Artsdatabanken har no passert 14,9 millionar. Artsdatabanken har òg ansvaret for det norske Artsprosjektet.

For meir informasjon sjå: <http://www.artsdatabanken.no/>

stand til å tilpasse seg endringar i naturen, blant anna klimaendringane.

Auka forbruk av naturressursar har gitt rom for blant anna større matproduksjon og høgare velstand for mange. Samtidig fører auka bruk av areal og naturressursar til eit betydeleg press på økosystema. Dette har ført til eit omfattande tap av naturmangfald og utarming av viktige økosystem. Biomangfaldkonvensjonen sin perioderapport *Global Biodiversity Outlook 4* frå 2014 framhevar at dagens nivå på åtferd, konsum, produksjon og økonomiske insentiv ikkje kan foreinast med at økosystema skal kunne møte menneska sine framtidige behov. Klimaendringane forsterkar dei negative effektane på ein allereie pressa natur.

I Noreg påverkar klimaendringar allereie naturen negativt, særleg i havområda og i polare strøk. Arealbruk og omdisponering av areal er den faktoren som har størst påverknad på naturmangfaldet på land. Havforsuring og spreiding av framande

organismar er andre faktorar som har stor negativ påverknad på naturmangfaldet.

Tilstanden i norske økosystem er generelt god, men Naturindeksen for Noreg (sjå omtale i boks 2.1) viser at det er utfordringar i fleire hovudøkosystem, blant anna i våtmark i lågareliggjande og kystnære strøk, i havområda ved Svalbard, i Nordsjøen og i Skagerrak og i ope lågland (kulturbetainga naturtypar) i Sør-Noreg.

For å hindre at arter og naturtypar i norsk natur blir utrydda må vi ha spesiell merksemd på dei artene og naturtypane som er truga. Dette er arter og naturtypar der det er ekstremt høg eller høg risiko for at dei kan forsvinne frå norsk natur. Ein truga art eller naturtype er definert som ein art eller naturtype i ein av kategoriane kritisk truga, sterkt truga eller sårbar på Norsk raudliste for arter 2015 eller Norsk raudliste for naturtypar 2011. Tabell 2.1 gir ein oversikt over truga arter og naturtypar i dei ulike hovudøkosystema.

Tabell 2.1 Talet på truga arter og naturtypar i hovudøkosystema

Hovedøkosystema i Noreg	Talet på truga arter	Talet på truga naturtypar
Hav og kystvatn	45	5
Elvar og innsjøar	166	5
Våtmark	174	11
Skog	1135	9
Fjell	83	1
Kulturlandskap (ope lågland)	1119	9
Polare område (Svalbard)	46	

Vern er eit godt verkemiddel for å ta vare på truga naturtypar og arter. Dei områda som er verna etter naturmangfaldlova utgjer ein viktig del av den norske naturen, og det er ei prioritert oppgåve å oppretthalde tilstanden i desse områda ved god forvaltning. Om lag 17 pst. av fastlands-Noreg er no verna som nasjonalparkar, naturreservat eller landskapsvernområde. Omtrent 80 pst. av det verna arealet på fastlandet blir forvalta av nasjonalpark- og verneområdestyra som består av representantar frå kommunar og fylkeskommunar som blir berørte av verneområdet, i tillegg til representantar oppnemnt av Sametinget der det er aktuelt.

Om lag 75 pst. av nasjonalparkane, 70 pst. av landskapsvernområda og litt over 20 pst. av naturreservata ligg i fjellet. Om lag 35 pst. av arealet

over 900 meter over havet er verna. Det finst naturtypar i fjellet som treng betre vern, men i hovudsak reknar ein målet om representativt vern av fjellet som oppnådd. 6,4 pst. av skogen, under dette 2,9 pst. av den produktive skogen, er no verna. Det er eit mål å verne 10 pst. av det totale skogarealet. Så sjølv om det er verna mye skog dei siste åra, har vi framleis eit stykke igjen for å nå dette målet. Produktiv skog har som hovudregel det største naturmangfaldet, så det blir arbeida vidare for å verne slik skog. 15,7 pst. av våtmark, 13,6 pst. av elvar og innsjøar og 12,1 pst. av områda i ope lågland, under dette kulturlandskapet, er verna. Sjølv om omfanget av verna areal gir relativt god dekning for desse tre hovudøkosystema, er det framleis behov for å verne fleire naturtypar. 2,6 pst. av hav og kystvatn er verna. Her

er det langt igjen før målet om representativt vern er oppnådd.

2.2 Kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål:

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.
- Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige delar av samfunnet sitt kollektive minne. Historiske bygningar, bymiljø, landskap og arkeologiske spor er kjelder til historia om samfunnet si utvikling, om enkeltmennesket sitt liv og om korleis menneska har brukt og innretta seg etter naturen og samfunnet gjennom tidene. Kulturminnepolitikken skal forvalte dei kulturhistoriske verdiane som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Kulturminne og kulturmiljø utgjer verdier som gir stader særpreg og eigenart, og er ein ressurs i utvikling av gode lokalsamfunn og gode næringar. Eksempel viser at lokalsamfunn som tek i bruk kulturarven, skaper ei rekkje moglegheiter for befolkninga. Kulturarv kan vere eit konkurransefortrinn ved val av bustad, ved etablering av verksemdar og ved utvikling av reiseliv. Kulturarv kan òg medverke til å skape attraktive miljø for utviklinga av ulike kultur- og tradisjonsprodukt innanfor for eksempel handverkstradisjonar, kunsthandverk og lokale matvarer.

I St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* vart det lagt fram ein opptrappingsplan for å nå dei nasjonale miljømåla om at freda kulturminne skal setjast i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. I oppfølginga av meldinga har KLD organisert arbeidet i ti bevaringsprogram. I Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* som blei behandla i juni 2013, heldt eit samla Storting ved lag ambisjonane og måla frå *Leve med kulturminner*.

Til trass for vesentleg styrking av dei statlege tilskotsordningane, er situasjonen i dag til dels prega av etterslep i istandsetjingsarbeidet. Dette bildet varierer likevel frå program til program. Istandsetjingsprogrammet for stavkyrkjer er sluttført i tråd med målet slik at innsatsen no kan kon-

sentrerast om det fortløpande vedlikehaldet. Utfordringane m.o.t. etterslep er størst innanfor programmet for freda kulturminne i privat eige.

I statsbudsjettet for 2016 varsla Klima- og miljødepartementet at dei 10 bevaringsprogramma ville bli gjennomgått og realitetsorientert for eventuelt å endre dei nasjonale måla med verknad frå 2017. Dette som følgje av eit stort og aukande etterslep på fleire av bevaringsprogramma. Det er store variasjonar mellom programma med omsyn til status/etterslep.

Dagens nasjonale mål på kulturminneområdet har ei sterk objekt- og tilstandsorientering. Måla vart sett i ein periode då behovet for ei sterk omprioritering av innsatsen var avgjerande for å unngå at viktige kulturhistoriske verdier skulle gå tapt for alltid, for å etterleve internasjonale forpliktingar og for å kunne oppfylle dei pliktene som følgjer av kulturminnelova. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med forslag til nye nasjonale miljømål for kulturminnefeltet i Statsbudsjettet for 2018. Dei nye måla vil både ta vare på behovet for istandsetjing, vedlikehald og høg fagleg standard på det antikvariske arbeidet, og samfunnsnyttan med å ta vare på kulturarven.

Gjennom kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga skal kulturminneportalen utviklast vidare for å sikre eit solid kunnskapsgrunnlag for ei effektiv oppfølging av statlege forpliktingar, for politikktutvikling og for målretta bruk av ressursane på kulturminneområdet. Vidareutvikling av kulturminneportalen er eit viktig bidrag for å nå dei nasjonale måla gjennom auka kunnskapsgrunnlag. Den vil styrkje avgjerdsgrunnlaget i forvaltninga og medverke til å standardisere, forenkle og effektivisere arbeidsprosessar på tvers av forvaltningsnivåa.

Ein del kommunar har oppdatert oversikt over eigne verneverdige kulturminne og kulturmiljø. 186 kommunar har ei slik oversikt i dag. Gjennom satsinga kunnskapsløftet, som skjer i regi av Riksantikvaren, vil fleire kommunar få betre kunnskap om dette, og tapet av verneverdige kulturmidlar kan reduserast.

Som oppfølging av Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken* har Klima- og miljødepartementet sett i gang ei mangeårig satsing for oppfølging av verdsarvkonvensjonen med sikte på å auke kunnskapen om verdsarvkonvensjonen og styrkje den lokale forankringa ved blant anna å etablere verdsarvsenter ved dei norske verdsarvområda. Så langt er det etablert verdsarvsenter ved tre av dei norske verdsarvområda, Bergkunsten i Alta, Vestnorsk fjordlandskap/Geiranger og Vegaøyen verdsarv.

Arbeidet med ein plan for verdensarvsenter som vil liggje til grunn for prioritering av etablering av nye senter, vil bli ferdigstilt i løpet av hausthalvåret 2016. Klima- og miljødepartementet medverkar i eit internasjonalt samarbeid gjennom ei avtale over seks år (2016–2021) med IUCN og Iccrom om kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen.

Kulturminnefondet er Klima- og miljødepartementets viktigaste verkemiddelordning for eigarar av *verneverdige* kulturminne. Tilskot frå Kulturminnefondet er eit effektivt bidrag til arbeidet med å betre rammevilkåra for private eigarar av kulturminne og til å stimulere til privat verneinnsats. Midlane medverkar til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast om grunnlag for framtidige opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Gjennom målretta og systematisk arbeid har kulturminneforvaltninga lagt vekt på vern gjennom bruk, då dette er den beste forvaltninga av kulturminna. Prosjekta medverkar til utvikling av lokalsamfunn og lokalt næringsliv. Satsing på kulturminne som ressurs, medverkar til positiv utvikling av byar og stader. Kulturminneforvaltninga er ikkje næringsutviklar, men kan leggje til rette for at andre aktørar kan drive næringsutvikling i tilknytning til kulturminna.

Dei fleste norske byar og stader har ein struktur – planlagt eller ikkje – som er prega av behov og ønskjer frå tidlegare tider. Det gjeld anten dei opphavelag kan sporast tilbake til mellomalder eller seinare. Både dei enkelte kulturminna og samansette kulturmiljø medverkar sterkt til lokalt særpreg og attraktivitet.

2.3 Friluftsliv

Nasjonale mål:

- Friluftslivet sin posisjon skal bli teken vare på og utvikla vidare gjennom ivaretaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetssområde for barn og unge.

Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga og interessa for å ta vare på naturverdiar. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar, og av at friluftsliv som regel ikkje har noko konkurranseelement. Spesielt viktig er naturen i nærmiljøet,

som er den klart mest etterspurte arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen.

Friluftslivet har ei sterk stilling i Noreg. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og eit nært forhold til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitte og ein integrert del av mange nordmenn sitt liv.

Undersøkingar viser at forutan å få trim og bli i betre fysisk form er det først og fremst fred og ro, naturoppleving og det å komme ut i frisk luft folk ønskjer når dei går på tur. Ifølgje SSB si Levekårsundersøking 2014 deltok 94 pst. av den norske befolkninga i friluftslivsaktivitet i 2014. Aktivitetsnivået er høgt. I gjennomsnitt dreiv nordmenn med ein eller fleire friluftslivsaktivitetar 120 gonger i løpet av året. Fotturar er mest utbreidde, deretter følgjer utandørs bading.

Befolkningstettleiken aukar i byar og tettstader. Befolkninga har likevel ein unik nærleik til grøntområde i høve til andre land vi kan samanlikne oss med.

Den lovfesta retten i friluftsløva til å kunne ferdest fritt og opphalde seg i naturen (allemannsretten) og at ferdsel og opphald i naturen er gratis, er ein viktig føresetnad for at friluftsliv er svært utbreidd i Noreg. Allemannsretten si sterke stilling i Noreg heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Stadig fleire flytter til byar og tettstader, og då får naturen i og ved slike område ein endå viktigare funksjon som arena for rekreasjon, friluftsliv og naturopplevingar.

2.4 Forureining

Nasjonale mål:

- Forureining skal ikkje skade helse og miljø.
- Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stanstast.
- Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting.
- Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft:
 - Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³
 - Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³
 - Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³
- Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.

Boks 2.2 Nærare om to av dei nasjonale måla for arbeidet med forureiningar

Forureining skal ikkje skade helse og miljø:

Forureining i denne samanhengen er å forstå som utslepp av stoff som kan gi skade på helse og/eller miljø, jf. definisjonar i forureiningslova. Det nasjonale målet dekkjer potensielt helse- og miljøskadelege forureiningar, også ved akutt forureining, der handtering og verkemiddelbruk i hovudsak er basert på risikovurderingar. Målet inneber at risiko for skade skal minimerast. Målet omfattar utslepp av helse- og miljøskadelege kjemikaliar, langtransportert luftforureining og radioaktive stoff. Målet omfattar den delen av nullutsleppsmålet for petroleumsverksemd som gjeld oljekomponentar som ikkje er miljøfarlege, og tilsette kjemikaliar som ikkje har ibuande miljøfarlege eigenskapar, og naturleg førekommande radioaktive stoff.

Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast:

Nokre typar forureiningar eller stoff kan ha så alvorlege konsekvensar at dei i hovudsak blir handterte og regulerte etter sine ibuande eigenskapar. Utslepp av slike helse- og miljøfarlege stoff skal kontinuerleg reduserast med intensjon om å stanse utsleppa. Det langsiktige målet er å oppnå konsentrasjonar i miljøet nær bakgrunnsnivå for naturleg førekommande stoff og nær null for menneskeskapte stoff. For dei prioriterte miljøgiftene i den spesifikke prioritetslista, for tida vel 35 stoff og stoffgrupper, skal bruk og utslepp av desse miljøgiftene reduserast vesentleg med sikte på å stanse utslepp innan 2020. Målet omfattar òg nullutsleppsmålet for naturleg førekommande og tilsette miljøfarlege stoff frå operasjonelle utslepp frå petroleumsverksemd, nokre radioaktive stoff, farleg avfall og radioaktivt avfall.

Alle har rett til eit miljø som trygger helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir teken vare på.

Utslepp av helse- og miljøskadelege kjemikaliar stammar frå produksjon av råstoff og ferdigvarer i industrien, og utslepp frå produkt vi omgir oss med og frå avfallsstraumar.

Miljøgifter er helse- og miljøfarlege kjemikaliar som i liten grad blir brotne ned i naturen og som kan hope seg opp i organismar og næringskjeder. Nivået i miljøet for enkelte miljøgifter er på veg ned og industriutsleppa er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land. Likevel er det behov for ein særleg innsats fram mot 2020 for å stanse bruk og utslepp av dei prioriterte miljøgiftene (www.miljostatus.no/prioritetslisten). Regjeringa la i 2015 fram ein handlingsplan for arbeidet med desse miljøgiftene.

Nivået på radioaktiv forureining er generelt lågt. Nedfallet frå ulykka i Tsjernobyl i 1986 er framleis ei viktig kjelde til radioaktivitet i norsk natur.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø, og vere ei kjelde til spreing av helse- og miljøskadelege kjemikaliar. Forureinar betaler-prinsippet ligg til grunn for arbeidet med opprydding i slike gamle forureiningar, men tilskot med statlege midlar er

òg aktuelt og nødvendig i samanhengar der den ansvarlege av ulike årsaker ikkje kan identifiserast, ikkje kan stå for ei god opprydding eller der det vil vere urimeleg at den ansvarlege skal dekke alle kostnadene.

Frå petroleumsverksemda skal det som hovudregel ikkje sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande. Dette nullutsleppsmålet gjeld for heile den norske sokkelen.

Innsats for å redusere helse- og miljøskadelege stoff i produkt medverkar til å redusere miljøproblema når slike produkt blir til avfall. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller sikrast god nok nasjonal behandlingsskapitet. Nesten 95 pst. av det farlege avfallet i Noreg blir levert til godkjent behandling.

Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane vil auke på lang sikt om ein ikkje lykkast med å førebyggje avfall. Ressursane i avfallet skal takast vare på og nyttast om igjen i størst mogleg grad ved ombruk, materialgjenvinning og energiutnytting.

Kunnskapen om marin forsøpling og mikroplast auker og denne miljøtrusselen har stor merksemd i Noreg og internasjonalt. Ei god avfallsbehandling er viktig for å førebyggje marin forsøpling.

Boks 2.3 Nytt nasjonalt mål for lokal luftkvalitet

Regjeringa har endra det nasjonale målet for lokal luftkvalitet frå 1. januar 2017 i tråd med tilrådinga frå Miljødirektoratet, Vegdirektoratet, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet i rapport M-129 «Grenseverdier og nasjonale mål – Forslag til langsiktige helsebaserte nasjonale mål og reviderte grenseverdier for lokal luftkvalitet».

Nytt nasjonalt mål for lokal luftkvalitet frå 1. januar 2017 er som følgjer:

Det er eit nasjonalt mål å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft:

- Årsmiddel PM_{10} : $20 \mu\text{g}/\text{m}^3$
- Årsmiddel $PM_{2,5}$: $8 \mu\text{g}/\text{m}^3$
- Årsmiddel NO_2 : $40 \mu\text{g}/\text{m}^3$

Det nasjonale målet for lokal luftkvalitet har tidlegare vore knytt til høge forureiningsnivå over kortare periodar, men dei mest alvorlege helseeffektane oppstår ved langtidseksponering. Målet er derfor no knytt til årsmiddelkonsentrasjonar, og ikkje times- og døgnmiddelkonsentrasjonar.

I tillegg er $PM_{2,5}$ teke inn i det nasjonale målet. Forsking viser at det er særleg negative hel-

sekonsekvensar knytte til eksponering for desse minste partiklane.

Riksrevisjonen tilrådde i sin rapport *Dokument 3:3 (2015–2016)* om myndigheitene sitt arbeid med å sikre god luftkvalitet i byområde at Klima- og miljødepartementet burde forenkle målstrukturen for lokal luftkvalitet. Det eksisterer framleis grenseverdier, nasjonale mål og luftkvalitetskriterium for PM_{10} , $PM_{2,5}$ og NO_2 . Luftkvalitetskriteria gjeld mange komponentar og er knytte til både times-/døgnverdier og årsmiddelkonsentrasjonar. Det nye nasjonale målet for lokal luftkvalitet forenkler målstrukturen ved at nivåa er sett likt som nivåa i luftkvalitetskriteria. Det framhevar enkelte luftkvalitetskriterium som det er særleg ønskjeleg å leggje vekt på i det langsiktige arbeidet med lokal luftkvalitet.

Rapporteringa for 2015 gjeld måla som gjaldt då, og som vil gjelde fram til 1. januar 2017:

- *Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM_{10}) skal ikkje overskride $50 \mu\text{g}/\text{m}^3$ meir enn 7 dagar pr. år.*
- *Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO_2) skal ikkje overskride $150 \mu\text{g}/\text{m}^3$ meir enn 8 timar pr. år.*

Gjennom Montrealprotokollen forpliktar medlemslanda seg til utfasing av bruk av gassar som er skadelege for ozonlaget. Bruken av stoffa er på verdsbasis redusert med over 98 pst., og overvåkingsresultat viser no at ozonlaget er i ferd med å bli tjukkare. Noreg oppfyller forpliktingane i Montrealprotokollen, og det er no forbod mot å importere og å ta i bruk ozonreduserande stoff i Noreg. I tråd med avtala har Noreg framleis noko import av svært små mengder ozonreduserande stoff til spesielle formål. I desember 2015 bestemte parts-møtet under Montrealprotokollen at protokollen òg skal regulere klimagassane hydrofluorkarbon (HFK), og at detaljane for korleis dette skal skje skal forhandlast ferdig i løpet av 2016.

Internasjonale avtaler har redusert tilførselene av langtransportert luftforureining sidan 1980. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover utan ytterlegare reduksjonar. Verdas Helseorganisasjon anslår at sju millionar menneske årleg dør for tidleg på grunn av luftforureining, av desse 400 000 i Europa. Nasjonalt har Noreg redusert sine utslipp av svoveldioksid, nitrogenoksid og flyktige

organiske sambindingar i tråd med dei internasjonale forpliktingane. For utslipp av ammoniakk må verkemiddelbruken forsterkast for å overhalde forpliktingane.

Nivåa av svevestøv (PM_{10}) viser ein nedgåande trend sidan 2004. Det er likevel eit stykke igjen til det gjeldande nasjonale målet. Det gjeldande nasjonale målet for svevestøv vart i 2015 overskride i fem byområde (Drammen, Grenland, Mo i Rana, Oslo og Stavanger). Dei fleste stadene har konsentrasjonane av *nitrogendioksid* (NO_2) vore stabile gjennom det siste tiåret. Det gjeldande nasjonale målet for NO_2 blir berre overskride i dei største byane. I 2015 gjaldt dette tre bykommunar (Bergen, Bærum og Oslo). Både for svevestøv og NO_2 er det òg fastsett juridiske bindande grenseverdier i forureiningsforskrifta. Grenseverdien for svevestøv vart stramma inn frå 1. januar 2016.

Talet på støyplaga personar blant dei som var utsette for høg utandørs støy ved bustaden i 1999 er redusert, men ikkje raskt nok sett opp mot målet for 2020. Vegtrafikk er den desidert viktigaste kjelda til støyplager i Noreg i dag, og står for over

80 pst. av den utrekna støyplaga. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar.

2.5 Klima

Nasjonale mål:

- Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050.
- Noreg skal vere klimanøytralt i 2030.
- Noreg har på vilkår tatt på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990.
- Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990.
- Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.
- Samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Resultatområdet Klima omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar. Regjeringas innsats på klimaområdet blir gjort både gjennom nasjonal klimapolitikk, i oppfølging av Parisavtala og i anna internasjonalt arbeid. Vi-

dare omfattar resultatområdet internasjonal klimafinansiering og klimatilpassing.

Dei nasjonale måla for klima er forankra gjennom Klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til Meld. St. 21 (2011–2012)) og i stortingsmelding om ny utsleppsforplikting for 2030 (Innst. 211 S (2014–2015) til Meld. St. 13 (2014–2015)), energipolitikken mot 2030 (Innst. 401 S (2015–2016) til Meld. St. 25 (2015–2016)), og samtykke til ratifikasjonen av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016) til Prop. 115 S (2015–2016)).

I Statistisk sentralbyrås foreløpige utsleppsrekneskap var Noreg sine utslepp i 2015 på 53,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, 0,7 mill. tonn høgere enn året før. Klimagassutsleppa nådde ein topp i 2007 med 57 mill. tonn CO₂-ekvivalenter, men har sidan blitt redusert noko. Utsleppa i 2014 var dei lågaste utsleppa sidan 1995, med unntak av i 2009. Dette trass i at Noreg har hatt ein vesentleg økonomisk vekst og folketalsvekst. Utsleppa per innbyggjar har gått ned frå 12,2 tonn i 1990 til 10,3 tonn i 2015, ein reduksjon på 15 pst. Dei samla utsleppa ligg likevel framleis 2,0 mill. tonn (3,9 pst.) over 1990-nivået. Petroleumssektoren er den største utsleppskjelda i Noreg, tett følgt av industri og vegtrafikk. Sjå nærare i tabell 2.2.

Tabell 2.2 Utslepp av klimagassar. mill. tonn CO₂-ekvivalentar (foreløpige tal for 2015)

	Mill. tonn 2015	Endring i pst.	
		Sidan 1990	2014–2015
Utslepp frå norsk territorium	53,9	3,9	1,5
Av dette:			
Olje- og gassutvinning	15,1	82,8	2,3
Industri og bergverk	12,0	-38,9	3,1
Energiforsyning	1,7	311,5	-0,9
Oppvarming i andre næringar og hushald	1,3	-52,6	2,2
Vegtrafikk	10,3	32,2	0,8
Luftfart,sjøfart,fiske, motorreiskap m.m.	6,3	13,7	-0,3
Jordbruk	4,4	-9,7	1,7
Andre kjelder	2,9	6,4	-2,1

Tala omfattar ikkje utanriks sjø- og luftfart.

Kilde: Statistisk sentralbyrå

Regjeringa vil føre ein offensiv klimapolitikk for å redusere Noregs utslepp og har blant anna forsterka klimaforliket på ei rekkje område. Reduksjonar fram mot 2020 vil òg medverke til å nå dei meir langsiktige klimamåla. Samtidig vil ei rekkje

tiltak som no blir sette i verk, først bli synlege i utsleppsreduksjonar på lengre sikt, og medverke både til 2030-målet og til målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050.

Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990, i tråd med Stortingets klimaforlik frå 2008 og 2012. Det nasjonale målet er gjort operativt gjennom forpliktinga under Kyotoprotokollen om at dei gjennomsnittlege årlege utsleppa i perioden 2013–2020 ikkje skal vere høgare enn 84 pst. av 1990-nivået. Dette er det overordna klimamålet på kort sikt. I Innst. 401 S (2015–2016) stadfestar komiteen «*at klimamålet for 2020 ligger fast, og at de innenlandske utslippene ikke skal overstige 45–47 millioner tonn CO₂-ekvivalenter i 2020.*» Referansebana som dette utsleppsmålet var basert på (Nasjonalbudsjettet for 2007), vart justert opp med 1,4 mill. tonn i april 2016. Justeringa skuldast at FN har endra metodane for å berekne utslepp av klimagassar. Endringane var allereie implementert i historiske utsleppstal og i framskrivingane, men for å få samanliknbare tal er det naudsynt òg å justere referansebana som ligg til grunn for 2020-målet. Tilsvarande intervall som komiteen viser til, blir da 46,6–48,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar.

Hausten 2015 passerte vi viktige milepælar som vil leggje rammer for norsk klimapolitikk i åra framover. I september ønskte EU velkommen Noregs intensjon om felles oppfylling av klimamåla for 2030, og i desember vart det oppnådd semje i Paris om ei internasjonal klimaavtale.

Parisavtala er eit gjennombrøt for globalt klimasamarbeid og vil representere ei ny plattform for verdssamfunnets felles innsats for å hindre global oppvarming. Parisavtala vil utgjere ei ramme for nasjonal og internasjonal klimainnsats i tida framover. Reduserte utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland, kvotekjøp og kortliva klimaforureiningar er blant dei andre innsatsområda som Noreg prioriterer for å utløyse ytterlegare klimainnsats internasjonalt.

Regjeringa vil vurdere Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag til Parisavtalen for perioden 2021–2030, og komme tilbake til Stortinget med dette i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med forslag til moglege forsterka mål før dialogen om partane sin kollektive innsats for å redusere utslepp under klimakonferansen i 2018.

På grunnlag av innstillinga til proposisjonen om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala, Innst. 407 S (2015–2016), har Stortinget vedteke at regjeringa skal leggje til grunn at Noreg frå og med 2030 skal vere klimanøytralt. Frå 1. januar 2030 skal norske utslepp av klimagassar motsvararast av reduksjonar i andre land gjennom EUs kvotemarknad, internasjonalt samarbeid om utsleppsre-

duksjonar, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid. Regjeringa følgjer opp dette vedtaket og vil komme tilbake til Stortinget på eit eigna tidspunkt med planane for gjennomføringa.

Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn betinga forpliktingar på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 1990. Noreg og EU arbeider no for at dette skal skje gjennom ei felles oppfylling av klimamåla. Ei slik avtale mellom Noreg og EU vil innebere at Noreg vil medverke til gjennomføring av utsleppsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EU sitt kvotesystem (kvotepliktig sektor). Norge vil òg medverke til utsleppsreduksjonar i ikkje-kvotepliktig sektor, der dei samla utsleppa i EU skal kuttast med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er naudsynt for å få til dette skal fordelast mellom landa gjennom bindande utsleppsmål. Ei avtale med EU vil innebere at Noreg får eit nasjonalt utsleppsmål for ikkje-kvotepliktig sektor på linje med samanliknbare EU-land. EU legg opp til at nokre av kutta kan gjennomførast ved kjøp av kvotar i EU sitt kvotesystem eller gjennomføring av klimatiltak i EU-land. Noreg vil gjere bruk av denne fleksibiliteten på lik linje med EU-land.

Ei nærare beskriving av Parisavtala og felles oppfylling er beskrive under del II, programkategori 12.20.

Målet om å avgrense den globale temperaturauken til to grader og søkje å avgrense oppvarminga til 1,5 grader Celsius ligg til grunn for norsk klimapolitikk. Ifølgje FNs klimapanel utviklar dei globale utsleppa seg på ein måte som vil føre til at temperaturauken vil overstige to grader, og verda risikerer svært alvorlege, irreversible konsekvensar. Arbeidet med å bringe utsleppsutviklinga i tråd med det globale temperaturmålet føreset i realiteten at dei aller fleste landa må redusere sine utslepp samanlikna med nivået i dag. Dei største utsleppslanda må redusere eller avgrense utsleppa betydeleg.

Klima- og skogsatsinga er eit resultat av klimaforliket i 2008, og vart ført vidare i forliket i 2012. Klima- og skogsatsinga har som mål å nå kostnadseffektive, tidlege og målbare utsleppsreduksjonar gjennom bevaring av tropisk skog. I 2017 er det venta at fleire av dei bilaterale partnerskapa i satsinga vil gå over i ein fase der tilskot blir utbetalt for reduserte utslepp av CO₂ gjennom redusert skogdegradering og avskoging i tropiske skogland. Det er venta resultatbaserte utbetalningar til Brasil, Colombia og Guyana, potensielt også i Indonesia og Peru. Samarbeidet med Indonesia har hatt stor framgang i 2016, og dette er

venta å halde fram i 2017. Hogstmoratoriet i naturskog er forlenga, og det er gjennomført viktige tiltak for å verne om skog på torvmyr. I land som Etiopia og Liberia er innsatsen framleis retta mot å betre skog- og arealforvaltninga, slik at denne medverkar til skogbevaring og berekraftig arealbruk. REDD+-innsatsen medverkar òg til berekraftig utvikling gjennom bl.a. betra rettar for urfolk og andre skogfolk og transparens i forvaltninga av skogen.

Det nasjonale målet for klimatilpassing er: «Samfunnet skal førebuaast på og tilpassast til klimaendringane». Klimaet endrar seg allereie, og endringane vil påverke både natur og samfunn. I Noreg er det venta mildare vår og hyppigare og meir intens nedbør, som mellom anna kan gi større risiko for flaum og skred. Miljødirektoratet arbeider med å utarbeide indikatorar for å måle status for tilpassing til klimaendringane. Ei utfyllande omtale av status finst mellom anna i National Communication til Klimakonvensjonen i 2014.

Nye klimaframskrivingar presenterte i rapporten Klima i Norge 2100, gir oppdatert kunnskap om korleis klimaendringane kan bli i Noreg i åra framover. Framskrivningane i rapporten har teke utgangspunkt i ulike utsleppsscenario, og viser at vi med ein framhalden rask auke i klimagassutsleppa bl.a. må vente ein markant auke i temperaturen, og at styrtregnepisodane kjem oftare og kraftigare. Tilsvarande kan regnflaumane førekomme hyppigare og større, og på grunn av stigande havnivå vil fleire område som ikkje er utsette for overfløyning ved stormflod i dag, kunne bli utsette for dette i framtida.

Rapporten viser òg at med reduserte klimagassutslepp vil klimaendringane bli betydeleg mindre.

2.6 Polarområda

Nasjonale mål:

- Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet.
- Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning.
- Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal redusertast.

Arktis og Antarktis har framleis store, tilnærma urørde naturområde, eit unikt og sårbart biologisk mangfald, ein verdifull kulturarv og stor

verdi som kjelde til kunnskap og naturoppleving. Smeltande polis opnar samtidig for auka skipstrafikk og anna næringsverksemd.

Jan Mayen og territorialfarvatnet er freda som naturreservat.

Å ta vare på den særleine villmarksnaturen på Svalbard er eitt av dei overordna måla for svalbardpolitikken. Ein har også i lengre tid hatt meir spesifikke mål for miljøvernet på Svalbard, og desse måla ligg fast, jf. Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard. 65 pst. av landområdet og 87 pst. av territorialfarvatnet er freda som naturreservat og nasjonalparker på Svalbard. Ein aktiv miljøpolitikk og eit effektivt regelverk skal sikre at Svalbard med tilgrensande hav- og drivisområde framleis skal vere lite påverka av lokal aktivitet, og halde fram med å vere eit stort, samanhengande villmarksområde. Samtidig må forvaltninga av Svalbards natur- og kulturminne ta omsyn til at både samfunna og miljøet på Svalbard er i endring, og leggje til rette for nødvendig omstilling og vidareutvikling i samsvar med målsetjingane.

Stigande temperatur, raskt minkande sjøis og meir nedbør fører med seg store endringar i økosystem og i livsvilkåra for arktiske arter. Dette gjeld særleg arter som har sjøisen som leveområde, slike som isbjørn og sel. På lengre sikt er det fare for at fleire arter vil forsvinne frå svalbardområdet. I tillegg kan nye hav- og kystområde bli isfrie, og betre tilgjenge kan føre til auka ferdsel og annan aktivitet og dermed ein ytterlegare påverknad på dyrelivet.

Samtidig er marin forsøpling og mikroplast i havet og på strendene rundt Svalbard identifisert som eit aukande problem. Søppelet finst i strandsona, på sjøbotnen og flytande i og under havoverflata – ofte som fragment og mikropartiklar. Det kan føre til alvorlege skadar på dyr.

På Svalbard, som i resten av landet, fører klimaendringane til auka risiko for skred og flaum, meir ekstremvêr og høgare stormflo på grunn av havnivåstiging. Kysterosjon vil kunne bli eit aukande problem, også for kulturminna. Det er difor viktig at areal- og samfunnsplanlegginga i planområda tek omsyn til klimaendringane.

Eit anna hovudmål er sikring av dei 100 viktigaste kulturminna som er lista opp i Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023. 50 av desse har særleg høg prioritet. Oppfølging og forvaltning av kulturminna kan vere tilsyn, sikring i arealplan, vedlikehald, forslag til fredning. For kulturminne med særleg høg kulturhistorisk og/eller opplevelsesmessig verdi vil det vere aktuelt å setje i gang førebyggjande tiltak for å motverke røteskadar eller erosjon. For enkelte særleg verdifulle kultur-

minne som står i fare for å gå tapt, bør det utførast dokumentasjon eller arkeologisk nødutgraving. Dei industrielle kulturminna, som er viktige symbolstrukturar, bør òg prioriterast når det gjeld strakstiltak og sikring.

Endringane i Arktis skaper utfordringar som òg må handterast gjennom internasjonalt samarbeid. Noreg skal medverke til ei heilskapleg tilnærming for å handtere desse utfordringane gjennom aktiv norsk deltaking i Arktisk råd og rådets arbeidsgrupper. Klimaendringar i Arktis, reduksjon av kortlevde klimadrivarar, bevaring av arktisk biodiversitet, heilskapleg havforvaltning og forureining er problemstillingar som står høgt på agendaen i Arktisk råd.

Antarktistraktaten og Miljøprotokollen peikar ut Antarktis til eit verneområde vigsla til fred og vitskap. Det siste tiåret er det gjennomført ei rekke miljøtiltak i tråd med miljøprotokollen, og Antarktis står i dag fram som eit av dei siste store urørte naturområda i verda. Flora, fauna, økosystem og kulturminne i Antarktis er likevel under stadig større press frå interne og eksterne påverknadsfaktorar som verkar saman i eit komplekst samspel. Det gjeld i første rekkje klimaendringar og ein stadig aukande menneskeleg aktivitet på kontinentet. I Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, er det slått fast at Noreg framleis vil vere ein pådrivar for å verne om miljøet i Antarktis og tryggje dette området som eit referanseområde for forskning i samanheng med den viktige stillinga som dette området har når det gjeld globale klima- og miljøendringar. Norsk forskings- og overvakingsaktivitet skal framleis vere heilt sentral i norsk nærvær og aktivitet i Antarktis og dei omkringliggjande havområda.

Norge og Russland har felles ansvar for forvaltning av miljø, arter og naturressursar i Barentshavet og grenseområda. Eit breitt og effektivt miljøvernsamarbeid med Russland, tufta på gjensidig interesse, står sentralt i regjeringas nordområdepolitikk. Innafor det bilaterale samarbeidet er det ei særleg prioritering av havmiljø, økosystembasert forvaltning og overvaking i Barentshavet. Dei høge utsleppa av svovel og metall

frå nikkilverka på Kola påverkar miljøet i grenseområdet og er framleis den største miljøutfordringa. Det ligg ei stor grad av norsk eigeninteresse i å få løyst desse miljøproblema, og Noreg vil halde fram med overvaking av miljøtilstanden i grenseområdet og påverknadsarbeid for å få redusert utsleppa.

Barentssamarbeidet er viktig for å styrkje grenseoverskridande kontakt og problemløysing og for å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen. Arbeidet vil vere konsentrert om forvaltning av naturmangfaldet og vassressursane i Barentsregionen, og reduksjon av forureining og klimautslepp.

2.7 Klima- og miljødepartementets budsjett fordelt på resultatområde

Løyvingsforslaget kan òg fordelast på dei 6 resultatområda som klima- og miljøpolitikken er delt inn i. Tabellen nedanfor viser korleis løyvingsforslaget fordeler seg på tvers av ulike programkategoriar og kapittel inn mot resultatområda. Dette inneber at vi kan sjå kor mykje av budsjettet i 2017 som er planlagt nytta til å støtte opp under måla på det enkelte resultatområde. Ein meir detaljert og omfattande omtale av satsingane i budsjettet er gitt i del II i kapittel 7 i omtale av kapittel og post.

Tabell 2.3 Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017 fordelt på resultatområde

	(i 1000 kr)
Resultatområde	Forslag 2017
Naturmangfald	2 426 977
Kulturminne og kulturmiljø	824 421
Friluftsliv	243 526
Forureining	1 254 818
Klima	4 488 277
Polarområda	384 234
Sum	9 622 252

3 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017

Forslaget til budsjett for Klima- og miljødepartementet har ei utgiftsramme på 9 622,3 mill. kroner i 2017 mot 8 928,8 mill. kroner i 2016. Dette er ein netto auke på 693,5 mill. kroner, eller 7,8 pst. frå saldert budsjett 2016.

Regjeringa følger opp gjeldande politikk med vesentleg auke til CO₂-kompensasjonsordninga, opprydding i Sandefjord og Puddefjorden i Bergen, slutføring av vern etter nasjonalparkplanen og kjøp av klimakvotar.

I budsjettet for 2017 foreslår regjeringa å løyve midlar til forskning for å nå mål om omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Tiltaket skal spesielt rettast inn mot transportsektoren og bidra til å nå 2030-måla. Regjeringa foreslår òg å løyve midlar til forskning som skal nyttast til kunnskapsoppbygging om marine økosystem og reint hav, under dette gjennomføring av pilotprosjekt for god miljøtilstand.

Arbeidet med internasjonale klimatiltak blir vidareført på om lag same nivå som i 2016. I tråd med regjeringas og Stortingets føringar for klima- og skogsatsinga er det inngått avtaler som heilt eller delvis omfattar betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar. I 2017 legg regjeringa opp til at Norge betaler for om lag 40 mill. tonn CO₂ i utsleppsreduksjonar i Brasil, Colombia og Guyana, potensielt òg i Indonesia og Peru.

Oppryddingsprosjekta i Sandefjord hamn og i Puddefjorden blir ført vidare, og regjeringa gjer framlegg om å auke budsjettet med 100 mill. kroner knytt til det pågåande arbeidet.

Regjeringa styrker Ny-Ålesund som forskingsstasjon og føreslår å løyve 20,5 mill. kroner til nytt bygg med felles forskingsinfrastruktur. Dette vil bidra til at ein kan nå målet om meir samarbeid og eit attraktivt sted for naturvitskapeleg arktisk forskning.

Tekniske endringar knytt til forenkla modell for premiebetaling til Statens Pensjonskasse (SPK) og omlegging av betaling av husleigekostnader, gir ein auke på 160,8 mill. kroner samanlikna med budsjettet for 2016.

Som ledd i arbeidet for å nå regjeringas mål om å effektivisere statleg forvaltning, blir det lagt

opp til å redusere bemanninga i Miljødirektoratet. Utgiftene til løn foreslås redusert med 30 mill. kroner. Dette vil føre til ein reduksjon i antall år-sverk. Nedbemanninga skal gjennomførast dels ved å effektivisere oppgavegjennomføringa, og dels ved å avvikle eller endre utføringa av enkelte oppgaver særleg innan naturforvaltning.

Utgiftene under Klima- og miljødepartementet åleine gir ikkje eit fullstendig uttrykk for regjeringas samla politiske prioriteringar av klima og miljø. Miljøpolitikken blir i stor grad ført ved hjelp av skattar, avgifter og regulering.

Klima

Regjeringa foreslår at det blir sett av 71,5 millionar kroner i 2017 til å styrkje forskingsinnsatsen på klima, som kan støtte oppunder arbeidet med å oppfylle norske klimamål fram mot 2030. Satsinga skal ha særleg fokus på ikkje kvotepliktige utsleppssektorar, der transport og jordbruk er dei største.

Vidare foreslår regjeringa å vidareføre løyvinga til pilotordninga for biogassanlegg på 20 mill. kroner for å følgje opp biogasstrategien. Satsinga på biogass vil kunne medverke til utsleppsreduksjonar i transportsektoren og til å redusere kostnadene ved produksjon av biogass.

Ei ny ordning med tilskot til kommunale klimatiltak, Klimasats, er innført frå 2016. Regjeringa foreslår å vidareføre løyvinga til ordninga på 102,5 mill. kroner også i 2017. Regjeringa foreslår også å vidareføre tilskotsordninga for klimatilpassing. Ordningane blir administrerte av Miljødirektoratet.

Regjeringa vil føre ein offensiv politikk for å medverke til ei grøn omstilling av norsk økonomi og arbeider med ein strategi for grøn konkurransekraft for å ruste Noreg og næringslivet for ei lågutsleppsframtid. Regjeringa oppnemnde i juni 2015 eit ekspertutval som skal føreslå ein overordna strategi for grøn konkurransekraft. Utvalets forslag vil bli lagt fram hausten 2016. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein strategi for grøn konkurransekraft i 2017.

Klima- og skogsatsinga blir ført vidare på eit nivå på om lag 2,8 mrd. kroner i 2017. I tillegg til ein tilsynsfullmakt på 2,3 mrd. kroner. Med den nye klimaavtala som vart vedteken i Paris i 2015 har reduserte utslepp frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland (REDD+) blitt ein del av det internasjonale klimaregimet. Dette inneber at bevaring, betre forvaltning og restaurering av skog i utviklingsland står sentralt i den internasjonale innsatsen for å sikre at den globale oppvarminga ikkje overstig 2, eller aller helst 1,5 grader. Regjeringa samarbeider med tropiske skogland, multinasjonale organisasjonar, sivilsamfunnet og privat sektor for ei utvikling i skoglanda som medverkar til minska avskoging. Som annonsert under klimatoppmøtet i Paris har regjeringa som intensjon å vidareføre klima- og skogsatsinga fram til 2030.

Det blir foreslått å løyve 260 mill. kroner til kjøp av klimakvotar i 2017. Stortinget har gitt Klima- og miljødepartementet fullmakt til å inngå avtaler om kvotekjøp som bind staten til utbetalingar i 2017 og seinare år, med sikte på levering av 60 mill. kvotar i perioden 2013–2020. Fullmakta for 2016 var på 2 mrd. kroner. For 2017 foreslår Klima- og miljødepartementet ei fullmakt på 2,1 mrd. kroner. Forslaget til løyving i 2017 skal dels gå til kontraktsfesta betalingar for avtaler som allereie er inngått eller blir inngått i 2016 under fullmakter Stortinget har gitt departementet. Det er òg innarbeidd eit overslag over utbetalingar under nye kontraktar som er planlagt inngått i 2017.

Føreslätte løyvingar til CO₂-kompensasjonsordninga i 2017 utgjer omlag 671 mill. kroner. Sjø nærare omtale av CO₂-kompensasjonsordninga under kap. 1420 post 74.

Forureining

Til opprydding i forureina grunn og sjøbotn som er forureina med miljøfarlege stoff foreslår Regjeringa å auke den samla løyvinga med ca 100 mill. kroner. Dette er i all hovudsak justeringar som følge av planlagt framdrift i prosjekt som er sette i gang. For eksempel midlar som skal nyttast for å slutføre opprydding som allereie er sett i gang i Sandefjord og i Puddefjorden i Bergen.

Kulturminne

Kunnskapsløftet er Riksantikvarens viktigaste satsing for å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltninga. Hovudsatsinga i 2017 er å halde fram arbeidet med å digitalisere og effektivisere arbeidsflyten i kulturminneforvaltninga.

Verdsarvsentra er viktige for å auke kunnskapen om verdsarven og å styrkje den lokale forankringa. Det er sett i gang ei fleirårig satsing med sikte på å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda, jf. Meld. St. 35 Framtid med fotfeste. Klima- og miljødepartementet ferdigstiller hausten 2016 ein plan for dette arbeidet. Utvikling av dei tre autoriserte verdsarvsentra i Alta, på Vega og i Geiranger vil bli prioritert i 2017. Internasjonalt er kapasitetsbygging under verdensarvkonvensjonen eit stort behov. Klima- og miljødepartementet har inngått en seksårig avtale (2016–2021) med IUCN og Iccrom med dette som mål.

Naturmangfald

Oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* vil bli prioritert i 2017. Ein føresetnad for å lukkast med det grøne skiftet er å ta vare på naturmangfaldet som grunnlag for å skape verdiar basert på velfungerande økosystem. Gjennom vern og berekraftig bruk av naturmangfaldet skal vi sikre godt fungerande økosystem også for framtidige generasjonar.

Regjeringa vil klargjere kva ein mener med «god økologisk tilstand», basert på vitskapelege og etterprøvbare kriterium. Regjeringa vil deretter fastsetje forvaltningsmål for norske økosystem. Ein tek sikte på at ei forvaltning basert på desse måla er på plass innan 2020.

Klima- og miljødepartementet vil i 2017 føre vidare arbeidet med det økologiske grunnkartet, og vil særleg prioritere å etablere eit overordna system for naturtypekartlegging etter Natur i Noreg (NiN) og metode og kriterium for verdsetjing av naturtypene.

Det frivillige pilotprosjektet for å prøve ut bruk av kommunedelplanar som verktøy for å ta vare på naturmangfald vil halde fram i 2017.

I samsvar med Stortingets innstilling til naturmangfaldmeldinga vil det i 2017 bli starta eit arbeid med ein tiltaksplan for kamp mot skadelege framande organismar. Arbeidet med å forenkla og effektivisere saksbehandlingsrutinane for genmodifiserte organismar vil halde fram.

Truga natur vil framleis bli prioritert i avgjersler etter sektorregelverk og ved arealplanlegging. I tråd med Stortingets innstilling til naturmangfaldmeldinga vil det i 2017 bli sett i gang arbeid med å vurdere om nye arter skal bli prioriterte og naturtypar utvalte etter naturmangfaldlova, og arbeidet med ein handlingsplan for å betre situasjonen til sjøfugl vil bli starta.

For å sikre endå betre representativitet i norske verneområde vil eit arbeid med å supplerande fylkesvise verneplanar starte. Arbeidet med skogvern vil halde fram, i tråd med Stortingets vedtak om vern av 10 pst. av norske skogareal, og det vil bli etablert nye marine verneområde.

Vassforvaltningsplanane for perioden 2016–2021 blei godkjente av Klima- og miljødepartementet i 2016. I 2017 skal miljømåla i planane følgjast opp med miljøforbetrande tiltak. Dette vil krevje innsats frå sektorane, fylkesmenn, vassregionstyresmakter og vassområda.

Forsking på marine økosystem og reint hav blir styrkt med 10 mill. kroner, under dette midlar til gjennomføring av pilotprosjekt for å betre miljøtilstanden.

Friluftsliv

Oppfølging av Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv vil bli prioritert i 2017. Meldinga vil bli behandla i Stortinget hausten 2016. Gjennom denne meldinga vil regjeringa medverke til at endå fleire får høve til å utøve friluftsliv jamleg, blant anna ved å prioritere friluftslivet i nærmiljøet. Regjeringa ønskjer i større grad å medverke til å ivareta og tilretteleggje grøntområde inne i byar og tettstader, og bevare markaområde og andre friluftsområde rundt byar og tettstader. I meldinga foreslår regjeringa også å gjere endringar i friluftsliva og i verneforskrifter for å forenkle utøving av friluftsliv og leggje til rette for nyare former for ferdsle i friluftslivet.

I 2017 vil arbeidet med formidling av resultata frå Miljødirektoratets nærmiljøsatsing og utvikling av nytt rettleiingsmateriell for planlegging og tilrettelegging av ferdselsårer bli sett i gang. Prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde vil halde fram med mål om ferdigstilling i 2018.

Arbeidet med å samordne innsats og verkemiddel frå ulike sektorar innanfor friluftsliv, og arbeidet med å inkludere personar med innvandrarbakgrunn vil halde fram.

Effektivisering m.m

Regjeringa vil byggje sin politikk på effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar. Som i næringslivet er det òg i offentlig forvaltning eit potensial for å bli meir effektiv. Regjeringa har derfor innført ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, og føreset at alle statlege verksemder gjennomfører tiltak for å bli meir effektive. Reforma vil gi insentiv til meir effektiv statleg drift og skapar handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet. Verksemdene har òg godt høve til å planleggje og gjennomføre tiltak for å effektivisere drifta når reforma er eit årleg krav. Delar av gevinsten frå mindre byråkrati og meir effektiv bruk av pengane blir overførde til fellesskapet i dei årlege budsjetta. Den årlege overføringa er sett til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For Klima- og miljødepartementet inneber dette reduksjonar på om lag 13,4 mill. kroner på driftspostane.

4 Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet

For å nå dei nasjonale klima- og miljømåla må alle sektorar i samfunnet medverke. Regjeringa fører ein brei klima- og miljøpolitikk som omfattar alle seks resultatområda omtalt i kapittel 2. Dei ulike sektordepartementa har ansvar for verkemidla innanfor sin sektor, men gjennom den sektorovergripande rolla er Klima- og miljødepartementet koordinator for klima- og miljøvennlige løysingar i alle departementa.

Dette kapittelet samanfattar heilskapen i regjeringas klima- og miljøinnsats, under dette klima- og miljørelevante satsingar i andre departement, og ei omtale av regjeringas prioriteringar innanfor klima.

Miljøpolitikk er ikkje først og fremst løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar i stor grad avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdiar for forureining. Samtidig er statsbudsjettet eit viktig og betydeleg verkemiddel for å nå miljømåla.

4.1 Klima- og miljørelevante prioriteringar i statsbudsjettet

Klima- og miljøprofilen omfattar innsats på heile miljøområdet, det vil seie innsats for å ta vare på naturmangfaldet og kulturminne- og kulturmiljø, medverke til auka friluftsliv, redusere forureining og dempe klimaendringar og negative effektar av klimaendringane.

Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet syner mellom anna at regjeringa satser breitt på forskning og innovasjon, samla sett blir området styrkt med 221,5 mill. kroner fordelt på fleire departement. Den vidare planlegginga av fullskala CO₂-handtering blir prioritert i 2017. Ei felles satsing på kamp mot lakselus blir gjort ved å styrkje havbrukstilsyn og Mattilsynet med til saman 25 mill. kroner. Regjeringa aukar støtta til flaum- og skredførebygging på Sør- og Vestlandet med 100 mill. kroner.

Regjeringa vil halde fram med å sikre langsiktige og klare rammevilkår for næringsliv, kommunar og enkeltmenneske som legg til rette for grønne vegval. For ei samla nærare omtale av dei ulike departementas klima- og miljøpolitikk, sjå kapittel 8 i inneverande proposisjon. Alle departementa har òg ei eiga klima- og miljøomtale i sine respektive proposisjonar.

Tabell 4.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2017 under Klima- og miljødepartementet (auke frå saldert budsjett 2016)

<i>Utgifter</i>	(i 1000 kroner)
Auke til CO ₂ -kompensasjonsordninga	147 600
Auke opprydding av forureining i hamnar	100 000
Forsking på lågutsleppssamfunnet	71 500
Auke til kjøp av klimakvotar	60 400
Oppfølging nasjonalparkar	26 000
Ny-Ålesund. Nytt bygg med felles forskingsinfrastruktur	20 500
Forsking/tiltak i samband med marine økosystem	10 000

Tabell 4.2 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2017 med tydeleg klima- og miljøgevinst på andre departement sine område (auke frå saldert budsjett 2016)

(i 1 000 kroner)		
<i>Utgifter</i>		
Styrkt havbrukstilsyn	NFD	12 500
Fiskehelse/lakselus	LMD	12 500
Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt (50/50-ordninga)	SD	129 800
Driftskreditt for infrastrukturforetak på jernbane	SD	150 000
Flaum- og skredførebygging på Sør- og Vestlandet, tiltakspakke	OED	55 000
Noregs forskingsråd/ENERGIX	OED	35 000
Fullskala CO ₂ -handtering/Vidare planlegging	OED	295 000
Enova/Energifondet	OED	90 000

4.2 Regjeringas prioriteringar innanfor klima

Klima er eit satsingsområde for regjeringa. Klima- og miljødepartementet har det overordna og sektorovergripande ansvaret for nasjonal og internasjonal klimapolitikk, medrekna klimaforhandlingane i FN. I tillegg til eigne verkemiddel, har departementet ei rolle som samordnar overfor sektordepartementa og andre aktørar.

Den globale klimaavtala som vart vedteken i Paris i desember 2015 vil leggje grunnlaget for framtidig norsk klimapolitikk. Regjeringa ratifiserte Parisavtala i juni 2016, i tråd med Stortingets samtykke (Prop. 115 S (2015–2016)). Regjeringa vil føre ein ambisiøs nasjonal klimapolitikk med ei langsiktig omstilling til eit samfunn med låge utslipp innan 2050. Regjeringa følgjer opp Klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til Meld. St. 21 (2011–2012)) og har forsterka forliket på fleire område. I februar 2015 la regjeringa fram stortingsmelding om ny utsleppsforplikting for 2030 (Meld. St. 13 (2014–2015)).

Regjeringa arbeider for tida med eit forslag om ei klimalov, jf. Stortinget si behandling av Innst. 212 S (2014–2015). I lova skal utsleppsmål for 2030 og 2050 fastsetjast, og lova skal regulere formålstenlege rapporterings- og styringsmekanismar mellom Storting og regjering. I same innstilling har Stortinget bedt om at det blir utarbeidd ei rapportering som viser korleis Regjeringa har tenkt å nå klimamåla for 2020, 2030 og 2050, og korleis budsjettet påverkar Noregs klimagassutslipp. Rapporterings- og styringsmekanismar

som blir utarbeidd må sjåast i samanheng med klimagassbudsjettet jf. omtale i avsnitt 8.2. Regjeringa vil i lovforslaget komme tilbake med ei vurdering av og forslag til føremålstenleg rapporterings- og styringssystem som følgjer opp Stortinget sitt vedtak og som kan liggje til grunn for klimarapporteringa i dei kommande åra. Lovforslaget skal leggjast fram for Stortinget slik at forslaget blir behandla i inneverande stortingsperiode.

I Meld. St. 13 (2014–2015) peikte regjeringa ut fem prioriterte innsatsområde i arbeidet med klimapolitikken framover. Desse er *reduerte utslipp i transportsektoren, utvikling av lågutsleppsteknologi i industrien og rein produksjonsteknologi, CO₂-handtering, styrkje Noregs rolle som leverandør av fornybar energi, og miljøvennleg skipsfart.*

Regjeringa vil føre ein offensiv politikk for å medverke til ei grøn omstilling av norsk økonomi og arbeider med ein strategi for grøn konkurransekraft for å ruste Noreg og næringslivet for ei lågutsleppsframtid. Regjeringa oppnemnde i juni 2015 eit ekspertutval som skal føreslå ein overordna strategi for grøn konkurransekraft. Utvalet skal identifisere dei viktigaste globale og regionale endringsprosessane som utgjer drivkrefter og hindringar for den grønne omstillinga fram mot lågutsleppssamfunnet, moglege konsekvensar for Noreg, og svare på spørsmål om kor Noreg har dei beste føresetnadene for å møte desse endringsprosessane. Vidare skal utvalet gi svar på kva som bør vere overordna prioriteringar og tiltak for å utvikle innovasjon og grøn konkurransekraft for Noreg. Utvalets forslag vil bli lagt fram

hausten 2016. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein strategi for grøn konkurransekraft i 2017.

Utsleppa frå norsk landbasert industri har gått ned. Utvikling av ny klimavennleg teknologi kan medverke til at desse utsleppa blir ytterlegare reduserte. Då er det avgjerande å utvikle reinare produksjonsteknologi og satse på teknologiutvikling for å redusere utslepp frå produksjon.

Regjeringa har dei siste åra auka løyvingane til verkemiddelapparatet for å fremje utvikling av ny teknologi. Enova er eit viktig verkemiddel i dette arbeidet. Enova skal, i samspel med verkemiddelapparatet elles, vere sentral i utviklinga av fremtidas energisystem og lågutsleppssamfunnet. Regjeringan vil hausten 2016 inngå ei ny styringsavtale med Enova for åra 2017 til 2020. Enovas overordna mål skal vere reduserte klimagassutslepp, styrkt forsyningstryggleik for energi og teknologiutvikling som på lengre sikt òg bidrar til reduserte klimagassutslepp. Enova vil i 2017 bli tilført over 2,2 mrd. kroner.

Regjeringa har auka rammene for Miljøteknologiordningen i Innovasjon Norge betydelig dei siste åra. Den foreslåtte bevilgningen til Miljøteknologiordningen er 434,5 mill. kroner for 2017. I saldert budsjett for 2016 fikk ordningen tilført 100 millioner kroner fra regjeringens ett-årige sysselsetningspakke. For 2017 er det forslått 30 mill. kroner fra den ett-årige sysselsetningspakken til miljøteknologiordningen. Innovasjon Norge tildelede i 2015 totalt 1 113 mill. kroner til miljøretta prosjekt, herunder klimarelevante prosjekter. I tillegg til dette kommer tilsagn om lån.

I samband med statsbudsjettet for 2016, jf. Innst. 2 S (2015–2016), vedtok Stortinget 3. desember 2015 oppmoding nr. 69 der Stortinget bad regjeringa førebu opprettinga av Fornyar AS («Greenfund»). Eit fond som saman med private skal kunne investere i selskap som utviklar og nyttar grøn teknologi. Arbeidet med å opprette eit slikt nytt investeringselskap vart gitt ein omtale i revidert nasjonalbudsjett for 2016, jf. Prop. 122 S (2015–2016). Formålet til investeringselskapet skal vere å bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar som direkte eller indirekte bidrar til reduserte klimagassutslepp. Innsatsen gjennom investeringselskapet skal vere eit bidrag til at vi når klimamåla. For nærare omtale av investeringsmandat og organisering av det nye investeringselskapet og budsjettmessige konsekvensar, sjå Olje- og energidepartementet sin budsjettproposisjon kap. 18.25.

Teknologisenteret for CO₂-fangst på Mongstad (TCM) står sentralt i regjeringas satsing på fangst- og lagring av CO₂. TCM vart offisielt opna

i mai 2012 og det har vorte gjennomført kontinuerlege testaktivitetar ved anlegget sidan. Avtalen mellom staten, Statoil, Shell og Sasol som regulerer eigarskap og drift av anlegget går ut i august 2017. Staten, Statoil og Shell har blitt samde om rammer for forhandlingar om vidareføring av anlegget, i første omgang i tre år til. Målet er å bli einige om ei avtale innan utgangen av 2016. Det vert arbeidd med å rekruttere fleire eigarar til selskapet.

I 2016 gjennomførte Olje- og energidepartementet i samarbeid med Gassnova og Gassco ei studie av moglegheitene for fullskala CO₂-handtering i Noreg. Tre industriaktørar har gjennomført studiar av CO₂-fangst; Norcem AS har vurdert moglegheitene for fangst av CO₂ frå røykgassen ved sin sementfabrikk i Brevik, Yara Norge AS har vurdert fangst frå tre ulike kjelder ved ammoniakfabrikken på Herøya i Porsgrunn og Energigjenvinningsetaten i Oslo kommune (EGE) har vurdert fangst frå energigjenvinningsanlegget på Klemetsrud (Klemetsrudanlegget AS). Gassco har studert ulike transportløyser mens Statoil har gjennomført moglegheitsstudier av CO₂-lagring på ulike lokasjonar på norsk kontinentalsokkel med tilhøyrande utbyggingsalternativ. Studiane syner at fleire alternativ for fangst, transport og lagring er moglege. Regjeringa vil setje i gang konseptstudiar av moglege fullskala demonstrasjonsanlegg for CO₂-handtering i Noreg. Konseptstudiane vil vare til hausten 2017. Arbeidet inneber å studere løysningar for fangst, transport og lagring av CO₂ med mål om at eit grunnlag for investeringsavgjerd kan vere utarbeidd hausten 2018.

Det er eit mål at den eksisterande forskingsinnsatsen på klimaområdet blir innretta slik at den gir auka kunnskap om korleis vekst i og rundt byane kan kombinerast med lågare utslepp av klimagassar, og at forskingsinnsatsen samtidig kan medverke positivt på viktige område som næringsliv, helse, energi, transport og miljø. Slik forskning bør vere tverrfagleg og fremje samarbeid på tvers av aktuelle fagmiljø. Noregs forskingsråd oppretta i 2016 åtte nye forskingssentra for miljøvenleg energi (FME) mellom anna innanfor fornybar energi, energieffektivisering og miljøvenleg transport. Ordninga har ei total årleg løyving på om lag 190 mill. kroner, hovudsakeleg over Olje- og energidepartementet sitt budsjett. I 2017 foreslår regjeringa å styrkje forskingsinnsatsen på klimaområdet med 71,5 mill. kroner til forskning på lågutsleppssamfunnet under Klima- og miljødepartementet. Satsinga skal ha særleg fokus på ikkje-kvotepliktige utsleppssektorar, der transport

og jordbruk er dei største. Regjeringa foreslår òg å styrke satsinga på forskning og utvikling på energiområdet med 35 mill. kroner over Olje- og energidepartementet sitt budsjett. Styrkinga skal gå til ENERGIX-programmet og medverke til at norsk næringsliv hevder seg i den internasjonale marknaden for miljøteknologi. ENERGIX er det viktigaste programmet i Noregs forskingsråd for forskning for reduserte utslepp. Dette gjeld òg for forskning for lågare utslepp i og for næringslivet. Satsinga er såleis sentral i regjeringa sitt arbeid med omstilling og grøn vekst.

Kommunane har viktige roller og verkemiddel i sektorar som er ansvarlege for store klimagassutslepp. Dei er mellom anna tenesteytarar, styresmakter, innkjøparar og eigarar. Ein føresetnad for eit samfunn med låge utslepp er at kommunane òg medverkar til å redusere utsleppa i den enkelte kommunen. I 2016 vart det løyvd 100 mill. kroner til ei ny tilskotsordning for klimatiltak i kommunane; Klimasats. Miljødirektoratet administrerer ordninga. Det har vore stor interesse for ordninga. Regjeringa foreslår at ordninga blir ført vidare på 102,5 mill. kroner i 2017 inkl. priskompensasjon.

I 2016 vart det løyvd 6,4 mill. kroner til utvikling av statistikk over klimagassutslepp på kommunenivå. Dei siste åra har det ikkje vore publisert slik statistikk. I 2016 publiserte likevel Statistisk sentralbyrå utsleppstal i ein analysepublikasjon. Dette talmaterialet er ikkje heildekkande, men viser dei viktigaste utsleppskjeldene i kommunane. Miljødirektoratet leier arbeidet med å utvikle statistikken og har skissert at arbeidet munnar ut i to ulike produkt: 1) Ei grov oversikt over utsleppa i kommunane som blir publisert i 2017 av Statistisk sentralbyrå og 2) Eit opplegg for talfesting av effektar av klimatiltak i kommunane som blir publisert i første versjon 2017/18. SSBs tidlegare utsleppsstatistikk for kommunane vart i si tid lagt ned på grunn av utfordringar med kvaliteten, og det vil også vere fagleg krevjande å utarbeide eit godt talgrunnlag denne gongen. Regjeringa foreslår at midlane blir ført vidare på same nivå i 2017.

Petroleumsverksemda er underlagt sterke økonomiske verkemiddel gjennom både høg CO₂-avgift og kvoteplikt. Dette har medverka til at norsk olje og gass blir utvunnen energieffektivt og med relativt sett låge klimagassutslepp. Store utslepp, anslått til 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg, er unngått frå norsk sokkel som følgje av ulike tiltak. Brenning av overskots-gass har aldri vore tillatt på norsk sokkel, og fakling – som er ei stor kjelde til utslepp mange stader i verda, er kun

tillatt av tryggleikssmessige grunnar. Utbyggjarane på sokkelen må òg vurdere kraft frå land som energiløysing for nye felt og ved større ombyggingar av eksisterande felt. Det er for fleire felt vedteke å dekkje energibehovet med kraft frå land. Felta Ormen Lange, Snøhvit, Troll, Gjøa, Valhall og Goliat får alle kraft frå land i dag. I tillegg vil Martin Linge få kraft frå land når dette feltet kjem i produksjon. Johan Sverdrup-feltet vil bli forsynt med kraft frå land frå produksjonsstart. Ei områdeløysing for kraft frå land til felta Johan Sverdrup, Edvard Grieg, Ivar Aasen og Gina Krog på Utsirahøgda vil bli etablert innan 2022.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om energipolitikken, Meld. St. 25 (2015–2016) *Kraft til endring – energipolitikken mot 2030*. Hovudbodskapen i meldinga er at forsyningstryggleik, klima og næringsutvikling må sjåast i samanheng for å sikre ei effektiv og klimavenleg energiforsyning. Regjeringa ønskjer mellom anna å dreie merksemda frå støtte til kjende produksjonsteknologiar, over mot innovasjon og utvikling av nye energi- og klimaløysingar. Enova er eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet.

Nye utanlandssamband for elektrisitet skal etablerast i den grad dei er samfunnsøkonomisk lønnsame. Tilknytning til dei europeiske energimarknadene er viktig for regjeringas satsing på fornybar energi. Utenlandssamband kan òg medverke til at eksisterande og framtidig kraftproduksjon i Europa kan nyttast meir effektivt, og til omlegginga til ei klimavenleg energiforsyning i Europa. Samtidig krev utanlandssamband viktige avvegingar med omsyn til miljøet på lik linje med andre kraftoverføringsanlegg. Regjeringa har lagt fram eit forslag om å endre energilova slik at andre aktørar enn Statnett kan eige og drive utanlandssamband for elektrisitet frå Noreg. I klimaforliket bad Stortinget regjeringa om å innføre eit forbod mot fyring med fossil olje i hushalda og som grunnlast i andre bygg i 2020. I tillegg har Stortinget bede regjeringa vurdere å utvide forbodet slik at det òg omfattar topplast. Regjeringa arbeider med utforming av forbodet. Statlege byggeigarar har utarbeidd planar for utfasing av oljefyring i statlege bygningar, sjå kapittel 9.

Reduserte utslepp i transportsektoren er eit prioritert innsatsområde for regjeringa. Regjeringa har ei høg oppfølging av jernbaneinfrastruktur i Nasjonal transportplan for perioden 2014–2017. Medrekna forslaget til budsjett for 2017 blir omlag 107 pst. av NTP-ramma for jernbaneformål/-infrastruktur for perioden 2014–2017 oppfylt. Til saman over perioden 2014–2017 blir det løyvd om lag 4,6 mrd. 2017-kroner meir til jern-

baneinfrastruktur enn planramma for perioden. I Prop. 1 S (2016–2017) frå Samferdselsdepartementet blir det foreslått ei løyving på 477 mill. kroner på programområde Tiltak for gåande og syklende. I tillegg er det i stortingsperioden innført ei tilskotsordning for gang- og sykkelveggar ved fylkeskommunale og kommunale veggar. For 2018 blir det foreslått ei løyving på 100 mill. kroner til ordninga.

Av klimaforliket går det fram at avgiftsfordelane for nullutslepps-bilar skal først vidare ut 2017, så fram talet på reine nullutslepps-bilar ikkje overstig 50 000. Talet på elbilar passerte 50 000 i april 2015. Regjeringa varsla i revidert nasjonalbudsjett for 2015 at avgiftsfordelane likevel blir førte vidare ut 2017, og deretter fasa ut gradvis. I nasjonalbudsjettet for 2017 varslar regjeringa enkelte endringar i fordelane for nullutslippsbilar og tidsplanen for utfasing av fordelane, blant anna forlenging av nullsats for merverdiavgift fram til 2020, sjå nærare omtale i Meld. St. 1 (2016–2017), kapittel 3. I tillegg er det frå 1. juli 2015 innført fritak for meirverdiavgift for leige av elbilar og omsetjing av batteri til elbilar.

I revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart det òg slått fast enkelte prinsipp for køyretøyavgiftene basert på ein heilskapleg gjennomgang. CO₂-komponenten i eingongsavgifta skal aukast og vere progressiv, og NO_x-komponenten skal òg aukast. For 2017 foreslår regjeringa å auke CO₂-komponenten og NO_x-komponenten. Sjå nærare detaljar i Prop. 1 LS (2016–2017) *Skatter, avgifter og toll 2017* frå Finansdepartementet. Regjeringa foreslår òg å auke CO₂-avgifta på mineralolje som ikkje er ilagt vegbruksavgift. Frå 1. juni 2016 er det innført ei flypassasjeravgift. Flypassasjeravgifta er fiskalt grunnsett, men kan i tillegg gi positive klima- og miljøeffektar.

Omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtransport vart sist auka til 5,5 pst. frå oktober 2015. Kravet blir auka på nytt til 7,0 pst. frå 2017 ved forskrift fastsett i september 2016. For første gong blir det sett eit delkrav om avansert biodrivstoff, på 1,5 pst. Dette styrker klimaeffekten av kravet og byggjer opp under punktet «*Bidra til utvikling av verdikjeden for andregenerasjons biodrivstoff*» i klimaforliket. Det blir òg innført eit delkrav om bioetanol. Regjeringa legg fram ein vidare plan for omsetjingskravet fram mot 2020, sjå del III kap 9.6. I november 2015 fastsette Klima- og miljødepartementet òg eit krav i produktforskrifta om at utsleppa pr. energieining drivstoff skal vera 6 pst. lågare i 2020 enn EU-gjennomsnittet i 2010. Dette gjennomfører endringar i drivstoffkvalitetsdirektivet i norsk rett og kan mellom anna oppfyllast ved

bruk av biodrivstoff. Frå januar 2016 blir det tilbode biodrivstoff til luftfart gjennom det sentrale tankanlegget på Oslo lufthamn Gardermoen. Norwegian Centre for Sustainable Bio-based Fuels and Energy Ås (Nor SusBio) er eitt av dei nye forskingssentra for miljøvenleg energi. Senteret skal utvikle ny teknologi for miljøvenleg biodrivstoff. Avgiftsunntaka for alternative drivstoff skal evaluera i 2020.

Transportetatane og Avinor leverte i februar 2016 plangrunnlag for ny Nasjonal transportplan 2018–2029. På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har etatane og Avinor for første gong utarbeidd ein klimastrategi som del av plangrunnlaget. Regjeringa vil følgje opp klimastrategien på eigna måte i stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan våren 2017. I klimaforliket er det sett mål om nullvekst for personbiltransport i storbyområda. I retningslinjene for plangrunnlaget er dette målet utvida til byområda.

Regjeringa vil stimulere til grøn vekst for maritim næring, auka bruk av miljøteknologiske løysingar og meir miljøvenleg drivstoff for skip. Ei rekkje tiltak vart lagde fram i Maritim strategi i mai 2015. Regjeringa er i gang med å setje krav til lågutslepps- og nullutsleppsteknologi i ferjeandbod når dette er mogleg. I 2015 lyste myndigheitene ut eit andbod med krav om låg- og nullutsleppsteknologi for riksvegferjesambandet Anda–Lote på E39. Vinnaren av andbodet skal byggje to elektriske ferjer som skal i drift frå starten av 2018. Enova har blant anna gitt 274,5 millionar i støtte til ladeinfrastruktur for ferjer i Hordaland, slik at det har blitt mindre dyrt for fylkeskommunen å stille strenge miljøkrav i fylkeskommunens ferjeandbod. Frå 2016 vart avgifta for elektrisk kraft som blir levert frå land til skip i næringsverksemd redusert til 0,48 øre per kWh, jf. Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter og avgifter 2016*. I tillegg rettar Innovasjon Norge og Enova seg mot maritim sektor for å støtte investeringar i klimatiltak. I september 2016 lanserte regjeringa ei ny støtteordning på 65 mill. kroner til bygging av fleire klima- og miljøvenlege skip og ferjer.

Regjeringa la hausten 2014 fram ein nasjonal, tverrsektoriell biogasstrategi. I oppfølginga av strategien vart det i 2015 sett av 10 mill. kroner til pilotanlegg og forskning på biogass gjennom Innovasjon Norge. Ordninga ble styrkt til 20 mill. kroner i 2016, og våren 2016 vart det lyst ut 18 mill. kroner til nye pilotanlegg. Ordninga blir foreslått ført vidare med ein ramme på 20 mill. kroner i 2017. Gjennom jordbruksoppgeret i 2015 vart leveringsstøtta for husdyrgjødsel til biogassanlegg dobla til 60 kroner pr. tonn. Frå 1. januar 2016 er

det innført vegbruksavgift på naturgass og LPG, samtidig som biogass framleis ikkje er omfatta av vegbruksavgift. Sjø Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter og avgifter 2016*.

I 2015 starta regjeringa ei treårig pilotordning for skogplanting på nye areal som klimatiltak. Ordninga blir ført vidare på same nivå i 2017. I 2016 starta regjeringa òg ei ordning med gjødsling av skog som klimatiltak, og ei ordning for å auke plantetettleiken på eksisterande skogareal. Skogplanteforedlinga var òg styrkt. Dette er ei direkte oppfølging av punkt i klimaforliket, og regjeringa foreslår ei uendra løyving for 2017 i høve til 2016. Når det gjeld punktet i klimaforliket om forbod mot hogst av ungskog, har regjeringa dette punktet til vurdering etter at Norsk PEFC skogstandard nyleg er blitt revidert. Som ei oppfølging av klimaforliket har Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) levert ein rapport som vurderer vern eller bruk av skog som klimatiltak i Noreg. Etatane vurderer at det er vanskeleg å finne grunnlag for å seie at vern av skog er betre enn berekraftig skogbruk som eit tiltak for å motverke klimaendringane, dersom biomassen frå skogen blir nytta i staden for fossile produkt. Regjeringa fører òg vidare arbeidet med restaurering av myr og anna våtmark med ei uendra løyving, og har i 2016 fått utarbeidd ein plan for dette arbeidet fram mot 2020. Tiltaket er ei forsterking av klimaforliket.

Ei nærare skildring av verkemiddel og satsingar på andre departement sine område, og klimagassbudsjett, finst i del III i kapittel 8.

Regjeringa sin politikk nasjonalt må sjåast i samheng med Noregs internasjonale forplikningar og satsingar. Dette er omtalt i del II, under programkategori 12.20 og 12.70. Klima- og skogsatsinga er Noregs største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimakvotar regjeringa sitt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland. Reduserte utslepp frå tropisk skog er ein del av den nye klimaavtala som vart vedteken i Paris i 2015. Avtala vektlegg òg betaling for resultat som skoglanda oppnår. Dette styrkjer klima- og skogsatsinga sin strategi om langsiktig og føreseieleg finansering av skoglanda sine investeringar for å ta vare på regnskogen. Som annonsert under klimatoppmøtet i Paris, har regjeringa som intensjon å føre vidare klima- og skogsatsinga fram til 2030.

Det blir foreslått å løyve 259,9 mill. kroner til kjøp av FN-godkjende klimakvotar i 2017. Stortinget har gitt Klima- og miljødepartementet fullmakt til å inngå avtaler om kvotekjøp som bind staten til

utbetalingar i 2017 og seinare år, med sikte på levering av 60 mill. kvotar i perioden 2013–2020. Fullmakta for 2016 er på 2 mrd. kroner. Forslaget til løyving i 2016 skal dels gå til kontraktsfesta betalingar for avtaler som allereie er inngåtte eller blir inngåtte i 2016 under fullmakter Stortinget har gitt departementet. Det er òg innarbeidd eit overslag over utbetalingar under nye kontraktar som er planlagt inngått i 2017, og som er nødvendig for å sikre at Noreg oppfyller sine skyldnader under Kyotoavtalen. Det er òg innarbeidd kostnader og behov for fullmakter knytte til deltaking i eit fond for kjøp av kvotar for perioden etter 2020 (Transformative Carbon Asset Facility), jf. omtale i Revidert nasjonalbudsjett 2016. For nærare omtale sjå kapittel 7, under programkategori 12.70.

Samtidig med at regjeringa arbeider med å redusere klimagassutsleppa, må samfunnet førebust på og tilpassast til dei klimaendringane som uansett kjem. Klimatilpassing og forskning er nærare omtalt under programkategori 12.20.

4.3 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Noregs statsminister underteikna Agenda 2030 med universelle berekraftsmål i september 2015. Måla vil derfor rettleie også Noregs nasjonale og internasjonale politikk for berekraftig utvikling i 14 år framover. Noreg rapporterte til FN om framdrifta allereie i juli 2016. Rapporten synte at politikk og regelverk i Norge i stort er i samsvar med måla, men at det òg er mål som utfordrar oss til å gjere meir. Noregs modell for oppfølging av berekraftsmåla nyttar det årlege arbeidet med statsbudsjettet som ein godt utvikla og innarbeidd arena for å avklare politikk.

Behovet for ei meir integrert og inkluderande tilnærming til økonomisk politikk og miljø og klima går klårt fram av Agenda 2030, og er understøtta av utviklinga i dei store miljøkonvensjonane, til dømes Konvensjonen om bevaring av biomangfald. Regjeringa ser at berekraftsmåla kan fremje eit breiare samfunnsansvar hjå alle aktørar, engasjere fagmiljø på nye vis og betre samarbeidet mellom dei.

Miljø og klima er tverrgående omsyn i berekraftsmåla, og derfor ein dimensjon ved talrike mål og delmål. Både dei mest sentrale miljømåla og eit utval mål og delmål som er sentrale for miljøtilstanden er omtala her. Det er samheng mellom måla, og med eit fokus på enkeltmål kan ein oversjå at det er relevante dimensjonar for temaet i andre mål. Styrka koherens i oppfølginga av måla er eit hovudpoeng.

Mål 16 om betre styresett og mål 17 om finansiering og gjennomføringsmidlar er og svært relevante for klima- og miljøpolitikken, men blir ikkje omtalt av KLD.

Mål 2 Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk

Nært knytta til det overordna målet i Agenda 2030 om å utrydde ekstrem fattigdom, er målet om å utrydde svolt, nærare omtala i LMDs proposisjon. Matproduksjon er på alle vis nært knytta til tilstanden i naturen, og difor krev oppfyljing av målet om å utrydde svolt ein aktiv og vellukka innsats for å oppnå berekraftsmåla om miljø og klima. Det har i sin tur samanheng med sektorane si evne til å innarbeide omsyn til miljø og klima i sin politikk. Eksempel på den tette samanhengen mellom landbruk, miljø og sektorpolitikken er vilkåra for pollinering i landbruket, forvaltninga av skog og arbeidet mot forureining av jord og luft.

Noreg vil føre vidare ein aktiv politikk for bevaring og berekraftig bruk av genressursar, og vil samordne dette med arbeidet for å ta vare på ville kulturplanter. Å halde mattryggleiken ved lag i ei tid med klimaendringar vil krevje målretta tiltak for å sikre dei ressursane matproduksjonen bygger på.

Mål 6 Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle:

Regjeringa ser delmålet om sanitær- og avløpsforhold som oppnådd i Noreg, og vi har i all hovudsak allmenn og likeverdig tilgang til trygt drikkevatt. Det er likevel forbetningspotensial i forvaltning og forsyninga. Betydelege lekkasjar i vassleidningsnett gir unødvendig energibruk, reinsing osv. av vassmengder som berre går til spille. Det er venta at bygging og drift av vassforsyningsystema vil bli meir krevjande framover, bl.a. på grunn av klimaendringar med større nedbørmengder og temperaturendringar (sjå også HODs proposisjon).

Oppfølging av EUs vassdirektiv gjennom vassforskrifta står sentralt i den integrerte forvaltninga av vassførekomstane i Noreg. Det er utarbeidd regionale vassforvaltningsplanar for perioden 2016–2021, som nyleg er godkjent. Gjennomføring av desse planane skal sikre god økologisk tilstand i dei fleste vassførekomstane innan 2033. Det er venta at delmålet om vern av vassrelaterte økosystem vil bli nådd i Noreg.

Delmålet om vasskvalitet, spillvatn og gjenvinning er venta nådd i Noreg innan 2030. Noreg ar-

beider aktivt med i størst mogleg grad å avgrense helse- og miljøskadelege utslipp av kjemikalier eller anna forureining. Det er sett strenge utslippsskrav for industrien. Det er framleis utfordringar med utslipp frå landbruk til vassførekomstar. Forsøpling og forureining frå ulovlege avfallsfyllingar er ikkje lenger eit problem i Noreg, og den lovlege avfallshandteringa beskyttar vatn mot forureining. Miljømyndighetene og kommunane arbeider systematisk for å redusere mengden miljøgifter som blir sleppte inn på det kommunale avløpsnett. Delen ubehandla spillvatn er redusert med vel 20 pst. sidan 2008 og målet om halvering vil truleg bli nådd innan 2030. Det står likevel att utfordringar for sanering av ureina utslipp i spreidd busetnad der kommunane er forureiningsmyndigheit.

Mål 12 Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

Mål 12 om berekraftige forbruk og produksjonsmønster omfattar ei rekkje utfordringar som står sentralt i Noregs miljø og berekraftsinnsats. Enkelttema i målet er nært knytte til omstillinga av Noreg til lågutsleppssamfunn, og til målet om å forvalte ressursane vi rår over effektivt og til varig gagn.

Noreg har omfattande lovverk og verkemiddel for å sikre god forvaltning av fornybare og ikkje fornybare naturressursar på land og til havs og fremje ein meir effektiv ressursbruk, i tråd med mål 12. Mange verkemiddel har sitt opphav i miljøkonvensjonar og internasjonale avtaleverk, der Noreg framleis deltek aktivt i løpande utviklingsarbeid.

Noreg gjer òg ein omfattande innsats for berekraftig forvaltning av naturressursar i utviklings- og mellominntektsland. Eksempel er Noregs internasjonale klima og skoginitiativ, fleire partnerskap i og utanfor FN for å fremje omlegging til grøn vekst, og ulike utviklingspolitiske program, mellom anna knytte til forvaltning av petroleums- og fiskeriressursar. Under miljøkonvensjonane støttar Noreg bygging av vitskapeleg og teknisk kapasitet i utviklingsland.

Norske miljømyndigheter har medverka fagleg og økonomisk til etableringa av FN's tiårige handlingsprogram for berekraftig forbruk og produksjon, som omfattar program om mellom anna berekraftig turisme, berekraftig bygg, offentlege anbod.

Fleire initiativ internasjonalt og i Noreg har som mål å redusere matsvinn og matavfall. I Noreg inngjekk aktuelle departement og matvarebransjen i 2015 ei intensjonsavtale om å redusere

matsvinn. Denne avtala vil bli avløyst av ei meir konkret avtale med reduksjonsmål, tiltak og indikatorar for å måle matsvinnet. Delmålet gjeld på verdsbasis og vil vere utfordrande å nå. Ei frivillig avtale med bransjen er den mest føremålstenlege måten å redusere matsvinnet på i Noreg.

Arbeidet med å avgrense mest mogleg skadeverknadene for helse og miljø frå kjemikalier og avfall innan 2020 skjer dels med vedvarande streng regulering etter forureiningslova og produktkontrolllova, og er dels avhengig av krevjande prosessar (EØS og globalt) der Noreg gjennom vedvarande betydeleg ressursbruk arbeider for betre handtering, og utsleppsreduksjoner, av kjemikalier og avfall. Framhalden innsats på same nivå vil gi måloppnåing.

Frå 1995 har avfallsmengda i Noreg auka med over 50 pst. Regjeringa har i dag få verkemiddel som hindrar at avfall oppstår, men fleire verkemiddel i miljøpolitikken kan gi insentiv til førebygging av avfall og auka utnytting av ressursar i avfallet. Dette omfattar f. eks. produsentansvarsordningar, tilverking av nye produkt basert på gjenvunne material, miljøkrav ved offentlege anskaffingar, auka kostnader ved handtering av avfall, og nye forretningsmodellar baserte på deling og omsetning av brukte produkt. EU arbeider med insentiv for å få produsentar til å forlengje produkta si levetid.

I den nye lova for offentlege anskaffingar er det ei ny lovføresegn om miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn som forpliktar offentleg sektor til å innrette anskaffingspraksisen sin slik at den medverkar til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremjar klimavennlege løysingar. Regjeringas innovasjonspolitikkk omfattar òg å fremje innovasjon gjennom anskaffingar.

Utdanning for berekraftig utvikling blir ført vidare gjennom Meld. St. 28 (2015–2016).

Mål 13 Handle straks for å stoppe klimaendringane og motarbeide konsekvensane.

Noregs viktigaste innsats for å oppfylle berekraftsmål 13 om å motverke klimaendringar og fremje tilpassing til dei endringane som skjer, er uttrykt i oppfølginga av Parisavtala. Noreg har teke på seg ei betinga forplikting om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 40 pst. innan 2030, samanlikna med 1990. Noreg tek sikte på å gjennomføre forpliktinga i fellesskap med EU og er i dialog med EU om dette.

Parisavtala er sentral for den internasjonale oppfølginga av berekraftsmålet om klima, men òg for å sikre at klima er ivareteke i politikken for å følgje opp berekraftsmål mellom anna om byar,

mat, vatn, energi, industri, økonomisk vekst. Klimamaomsyn er godt integrerte i måla. Parisavtala forpliktar landa til å heve ambisjonane når dei kvart femte år rapporterer om framdrifta i arbeidet med å redusere klimagassutsleppa. Alle land skal ha nasjonale planleggingsprosessar for å tilpasse seg klimaendringane og gjennomføre tiltak i dei ulike sektorane.

Parisavtala er eit rammeverk for å halde auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2°C samanlikna med førindustrielt nivå, og søkje å avgrense temperaturauken til 1,5 °C. Dette inneber ei omstilling globalt som vil vere krevjande òg for det norske samfunnet og næringslivet. Samtidig skaper dette nye moglegheiter, teknologiar og løysingar som medverkar til lågutsleppssamfunnet.

Noregs internasjonale klima- og skogsatsing er sentral i arbeidet med å redusere utslepp frå tropisk skog. Langsiktig og effektiv skogbevaring er berre mogleg dersom den òg medverkar til utvikling for menneska som lever i og av skogen. Klima og utvikling er derfor tett knytte saman i den globale innsatsen for å redusere utslepp frå tropisk skog (REDD+).

Samarbeid over landegrensene om tiltak for å redusere utslepp av klimagassar står sentralt i den norske klimainnsatsen. Prosjekt under Den grøne utviklingsmekanismen (CDM) medverkar ikkje berre til reduserte utslepp av globale klimagassar, men kan òg medverke til berekraftig utvikling generelt. Regjeringa legg vekt på å sikre den miljø- og utviklingsmessige integriteten ved dei tiltaka Noreg står for. KLD deltek i eit samarbeid for å utvikle pilotar for å vidareføre slikt samarbeid etter 2020. Noreg deltek i ei rekkje samarbeidsorgan som har som mål å få gjennomført tiltak som fører til grøn omstilling og reduserte utslepp av klimagassar.

På nasjonalt nivå har regjeringa identifisert Delmål 13.2 Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå, som ein av dei særskilde utfordringane Noreg står overfor. Forsterkinga av klimaforliket er eit viktig grep for å oppnå større utsleppsreduksjonar og betre tilpassing i sektorane. Regjeringa styrkjer målretta verkemiddel og støtteordningar for teknologiutvikling og innovasjon, under dette klimafondet og miljøteknologiordningen under Innovasjon Noreg. Dette medverkar òg til oppnåing av delmål 9.4 (NFD): Innan 2030 oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med ein meir effektiv bruk av ressursar og større bruk av reine og miljøvennlege teknologiformer og in-

dustriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eigen evne og kapasitet.

Deltaking i EU sitt kvotesystem (EU-ETS), CO₂-avgift og andre klimagrunngitte skattar og avgifter er hovudverkemidla i arbeidet med å redusere nasjonale klimagassutslepp. Ifølgje Noregs nyaste rapport til Klimakonvensjonen er det venta at eksisterande verkemiddel vil gi 13–15 mill. tonn lågare utslepp enn vi elles ville hatt, og 17–20 mill. tonn innan 2020. Det er behov for å forsterke verkemiddelbruken i klimapolitikken for å sikre den omstillinga som vil vere nødvendig. Etter at innsatsfordelinga i EU er klar, vil regjeringa leggje fram ei sak for Stortinget, om korleis ein vil arbeide for å nå klimamåla. Noreg har i fleire år vore deltakar i EUs kvotesystem, der utsleppa skal redusert med 43 pst. innan 2030. Noreg vil no òg samarbeide med EU om ikkje kvotepiktig sektor, som i hovudsak omfattar transport og landbruk.

All areal og samfunnsplanlegging, ikkje minst infrastruktur, må ta høgde for at klimaet i framtida vil endre seg. Kunnskap om endringane som kjem må byggjast i lokalmiljøa og i dei einskilde verksemdene. Nye transportsatsingar må både bidra til å betre mobiliteten, reduserte klimagassutslepp og auka evne til å tåle nedbør og rasfare. God arealplanlegging, der bustad-, areal- og transportløyningar blir sett i samanheng, er særleg viktig for å utvikle meir berekraftige byar og tettstader.

Mål 14 Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

Noreg har nasjonalt etablert modellar for økosystembasert forvaltning av havområda våre først og fremst gjennom dei heilskaplege forvaltningsplanane for havområda og i fiskeriforvaltninga. Den overordna nasjonale gjennomføringa av SDG 14 vil bli basert på dette.

Forvaltningsplanane for havområda er verktøy for ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning som fremjar både berekraftig bruk og bevaring av økosystema, og har eit heilskapleg perspektiv på miljøtilstand, påverknader og samla belastning på havområda. Det blir arbeidd vidare med oppfølging av tiltak for berekraftig bruk og vern av økosystema.

Framtidig verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i havet, og å halde ved lag naturmangfald og produktivitet i økosystema er sentralt for at dei marine naturverdiane skal forbli fornybare. Forvaltningsplanane er derfor eit viktig verktøy for ein blå vekst basert på verdiar frå havet.

Kystområda er mest intensivt utnytta av dei marine områda. Miljøtilstanden i kystområda blir følgt opp gjennom systemet i vassforskrifta.

Det er etablert marine beskytta område og marine verneområde i norske farvatn. Arbeidet med marint vern blir ført vidare.

Klimaendringar og havforsuring er vesentlege påverknadsfaktorar som aukar den samla belastninga på arter og økosystem, og kan føre til betydelige endringar i grunnlaget for berekraftig bruk av havet og dei marine ressursane. Dette er ei utfordring for forvaltninga av aktivitet som kan påverke miljøverdiane. Noreg vil styrkje kunnskapen om korleis forvaltninga av havområda best kan ta vare på omsynet til å gjere marint naturmangfald og økosystem motstandsdyktige mot negative verknader av klimaendringar og havforsuring.

Forvaltninga får viktig kunnskap gjennom miljøovervaking, forskning og kartleggingsprogram for bl.a. havbunn (MAREANO-programmet) og sjøfugl (SEAPOPOP/SEATRACK). Regjeringa har i sin langtidsplan for forskning varsla at den vil trappe opp innsatsen til forskning og høgare utdanning om havet.

Noreg har eit strengt regelverk for regulering av forureining gjennom forureiningslova. Utslepp av miljøgifter frå punktkjelder på land er redusert, men det er framleis tilførsler av miljøfarlege stoff til havområda. Kunnskapen om samla effekt av dei ulike miljøgiftene er mangelfull. Nasjonalt blir det arbeidd med å redusere utslepp frå hav- og landbaserte næringar, og å redusere marin forsøpling og sikre opprydding/gjenvinning.

Marint søppel og mikroplast er eit miljøproblem over heile verda. Nivået av marint søppel i Nordaust-Atlanteren, inkludert langs norskekysten og på Svalbard, er høgt. Noreg fremja saman med Indonesia forslag til resolusjon om plastavfall og mikroplast i havet, som vart vedteken av FN's andre miljøforsamling (UNEA-2) i Nairobi i mai 2016. Noreg skal framleis vere ein pådrivar i det internasjonale arbeidet for å redusere plastavfall og mikroplast i havmiljøet.

Internasjonalt pågår viktige prosessar som vil vere avgjerande for dei havrettslege og institusjonelle rammene for implementeringa av SDG 14. Dette knyter seg til regelverk for å beskytte biodiversitet og fordeling av genressursar på ope hav, samspelet mellom globale og regionale implementeringsmekanismar, globale mekanismar for tema som f.eks. marin forsøpling og mikroplast. Med ei tradisjonelt leiande rolle i det internasjonale arbeidet innan havrett, miljø- og fiskeriforvaltning er det viktig at Noreg aktivt søker å påverke dei på-

gåande prosessane på ein mest mogleg einsarta og løysingsorientert måte. FNs internasjonale sjøfartsorganisasjon (IMO) utviklar internasjonale standardar for tryggleik og miljø i den globale skipsfarten, og Noreg er ein aktiv pådrivar også i dette arbeidet. Norge legg vidare vekt på miljø-samarbeidet med andre land bl.a. gjennom arbeidet i OSPAR (Konvensjonen for vern av det marine miljø i nordøst-Atlanteren).

Mål 15 Beskytte, atterreise og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motarbeide ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald:

Berekraftsmål 15 har talrike delmål og mange av dei samsvarer med dei såkalla Aichi-måla under FNs konvensjon om biologisk mangfald. Aichi-måla er internasjonale mål fram mot 2020 for å stoppe tapet av biologisk mangfald.

Gjennomføringa av berekraftsmål som omfattar naturmangfald føreset internasjonalt samarbeid som gir eit nødvendig felles rammeverk for gjennomføring og rapportering. Vidareutvikling av det autoritative kunnskapsgrunnlaget er eit sentralt element her. I tillegg gir ein rekke internasjonale prosjekt og initiativ betre metodar og felles premisser for målretta gjennomføring av måla som alle land, under dette Noreg, har nytte av. Naturmangfaldet er grunnlag for menneskeleg eksistens, verdiskapning og trivsel, og internasjonalt samarbeid om rammevilkår som fremjer ei omstilling til eit grønar samfunn må stimulerast.

Global Biodiversity Outlook (2014) påpeiker at gjennomføring av Aichi-måla vil medverke til den breie agendaen som er gitt i berekraftmåla, inkludert reduksjon av svolt og fattigdom. Effektiv og kunnskapsbasert utnytting av naturbasert klimatilpassing er for eksempel ei oppgåve som bind mål 13 og 15 godt saman. Rapporten viser at det trengst intensivert innsats for å nå Aichi-måla.

Regjeringas politikk for å følgje opp Aichi-måla er gjort greie for i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold* som vart behandla i Stortinget i mai 2016. Oppfølginga av stortingsmeldinga er allereie i gang, og vil halde fram i 2017. Meldinga som regjeringa la frem, og som vart styrkt gjennom Stortingets behandling, legg ei brei og langsiktig plattform for naturforvaltningspolitikken. Den dekkjer alt frå prinsipp for berekraftig bruk, til å ta vare på truga arter og naturtypar og vern av eit representativt utval av norsk natur. Fleirtalet på Stortinget, inkludert regjeringsspartia, har blant anna blitt samde

om eit langsiktig mål for skogvern på 10 pst. av skogarealet.

Særskilt om delmål om berekraftig skogforvaltning og ressursar til skogforvaltning

I Meld. St. 14 (2015–2016) la regjeringa opp til at eventuelt intensivert skogbruk med blant anna auka hogst skal kombinerast med sterkare vekt på miljøomsyn i skogbruket. Regjeringa vil komme tilbake til dette og andre tiltak i ny melding til Stortinget om skog- og trenæringa. Om lag halvparten av tilveksten vart avverka i 2015. Overordna sett har vi ikkje avskoging i Noreg.

Vern av eit representativt utval av norsk skog og viktige område for naturmangfald er ein føresetnad for berekraftig skogforvaltning. Regjeringa har gjennom semje om naturmangfaldmeldinga og budsjettavtala med samarbeidspartia på Stortinget styrkt satsinga på skogvern.

Klima- og skoginitiativet er det viktigaste norske bidraget til reduserte klimagassutslepp globalt. Initiativet medverkar òg til å bevare naturmangfald gjennom tiltak for redusert avskoging og skogforringing i utviklingsland, og restaurering av skog i desse landa. Initiativet jobbar for å endre insentivstruktur slik at det blir meir attraktivt for skoglanda å ta vare på skogen. Styrkt skogforvaltning er eit viktig verkemiddel for å redusere klimagassutslipp fra avskoging og skogforringelse. Initiativet har gjort Noreg til ein verdsleiarande aktør på finansiering av tiltak for å oppnå reduserte utslepp frå skog i utviklingsland.

Særskilt om delmål om framande organismar

Framande organismar er både globalt og nasjonalt ein av dei største truslane mot naturmangfaldet. Delmålet om framande organismar er krevjande å nå, også med tanke på at klimaendringar kan medføre introduksjon av nye framande organismar. Regjeringa meiner derfor det er viktig å hindre innførsel og utsetjing av framande skadelege organismar, i tråd med den nye forskrifta om framande arter, og å nedkjempe framande skadelege organismar som allereie er etablerte i norsk natur. Klima- og miljødepartementet vil i samråd med aktuelle departement blant anna utarbeide ein samla, prioritert tiltaksplan for nedkjemping av skadelege framande organismar, som skal byggje på blant anna allereie eksisterande handlingsplanar mot framande skadelege arter og den tverrsektorielle nasjonale strategien og tiltak mot framande skadelege arter.

Ein viser til «Politikk for å nå de nasjonale målene» for meir informasjon om oppfølginga av stortingsmeldinga og til Noregs rapport til FN om oppfølging av berekraftmåla.

Nærmare omtale av enkelte andre delmål med betydning for klima og miljø

Særskilt om delmål om kjemikaliekontroll i mål 3 om helse

Bruk og utslepp av helsefarlege kjemikalier og anna forureining gir risiko for eksponering for befolkninga i Noreg. Hovudverkemidlet for å avgrense bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier er internasjonal regulering, og særleg viktig er EU/EØS-regelverket. Globale avtaler gir reduserte langtransporterte utslepp til Noreg og Arktis. Å avgrense bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier i Noreg er i hovudsak avhengig av krevjande internasjonale prosessar, der Noreg gjennom betydeleg ressursbruk og aktivt påtrykk har vore viktig for betre kunnskap og regulering. Dette har gitt betydelege reduksjonar i utslepp dei siste tiåra, og det er grunn til å vente vidare betydelege forbetringar frem mot 2030, innanfor gjeldande regelverk og ressursbruk, særleg gjennom forhandlingar og innan forskning. Framhalde godt tilsyn, og oppfølging av område med gamle forureiningar, og relevant kompetanse i kommunane er òg nødvendig.

Særskilt om delmål om luftforureining i mål 3 om helse og mål 11 om bærekraftige byar

Noreg er utfordra av fleire berekraftsmål når det gjeld luftkvalitet, mål knytte til byutvikling og til helse (delmål 11.6: Innan 2030 redusere negative konsekvensar for miljøet i storbyane målt per innbyggjar, blant anna ved å leggje særleg vekt på luftkvalitet og offentleg og anna form for avfallshandtering, og Delmål 3.9: Reduksjon av død og sjukdom som følgje av farlege kjemikalier og luftforureining). Dei siste åra har nivået av svevestøv vist ein nedgåande trend, mens nivået på nitrogendioksid har vore om lag stabilt. I fleire norske byar er dårleg luftkvalitet framleis kjelde til alvorlege helseplager. Kommunane er forureiningsstyresmakt for lokal luftkvalitet, med hovudansvar for å setje i verk tiltak for å betre luftkvaliteten og utarbeide tiltaksutgreiingar. I forureiningsforskrifta er det fastsett grenseverdier for lokal luftforureining. Grenseverdien for svevestøv vart stramma inn frå 2016. Det er bl.a. òg fastsett retningslinjer for behandling av lokal luftforureining i arealplanlegging. Luftforureining motiverer

mange land og byar til innsats som og kan komme klima til gode. Kostnadsbilete endrar seg når ein tek alle relevante effektar i betraktning, som helse. Samanhengen er sentral i vidareutviklinga av klima og miljøpolitikken.

Særskilt om delmål under mål 7 om å sikre tilgang til berekraftig, påliteleg og moderne energi til ein overkommeleg pris for alle

Berekraftsmål 7 er sentralt for miljø og klima ved at målet skal medverke til at alle har tilgang til berekraftig og moderne energi. Delmåla fremjer tilgang til energi, at meir fornybar energi blir bygd ut og at energien blir brukt meir effektivt. Energitilgang er ein føresetnad for, og gjer mogeleg økonomisk vekst, og er derfor heilt sentralt i arbeidet med å avskaffe fattigdom og fremje omstilling til lågkarbon utvikling. Samtidig må ny energi byggjast ut på ein berekraftig måte og energien må brukast meir effektivt, noko som medverkar til å redusere utslepp av klimagassar og som minimerer andre miljø- og helsekostnader.

Nasjonalt er energimålet og dei ulike delmåla vurderte til anten å vere oppnådd eller i tråd med norsk politikk og nasjonale mål. Det er så langt føremålstenleg sikra energitilgang til alle. Noreg har allereie ein høg del fornybar energi samanlikna med andre land, og verkemiddel både på tilbods- og forbrukssida skal sikre framhald i overgangen frå fossil til fornybar energi. Vi har òg verkemiddel som medverkar til energieffektivisering. Regjeringa la våren 2016 fram Meld. St. 25 (2015–2016) *Kraft til endring – energipolitikken mot 2030*. Hovudbodskaper i meldinga er at forsyningstryggleik, klima og næringsutvikling må sjåast i samanheng for å sikre ei effektiv og klimavennleg energiforsyning.

Særskilt om delmål om meir effektiv ressursbruk i mål 8 om bærekraftig økonomisk vekst

I samband med berekraftsmålet som fremjer berekraftig økonomisk vekst (mål 8), omtala nærare av Finansdepartementet, skal vi bruke ressursane meir effektivt, slik at uttaket av naturressursar blir minimalisert. Målet fremjer ein fråkopling av økonomisk vekst frå ressursuttak og miljøbelastning. Det blir lagt til rette for å utnytte ressursar i avfall som sekundære råvarer ved å definere krav eller standardar. Materialgjenvinninga av avfall har auka drastisk dei seinaste tiåra og redusert miljøpåverknaden frå avfall. I tillegg kan digitalisering og nye forretningsmodellar føre til mindre av-

fall til gjenvinning eller sluttbehandling, ved at avfall ikkje oppstår eller ved at produkt blir brukte om igjen.

Særskilt om delmål om omstillinga til reinare industri og berekraftig infrastruktur i mål 9 om industri, innovasjon og infrastruktur

Miljøskadelege utslepp frå næringslivet er, i tråd med nasjonale mål, vesentlig reduserte dei siste ti-

åra. Reinare og meir miljøvennlege teknologiformer og industriprosessar er introduserte som følge av stadig strengare regelverk og i medhald av forureiningslova og produktkontrollova. Ressurseeffektiviteten er betra, bl.a. gjennom ein markant auke i materialgjenvinning av avfall i tråd med det nasjonale målet. Ytterlegare tiltak for ein sirkulær økonomi og ei framhalden innstramning i regelverk og utsleppsløyve i tråd med utviklinga til nå vil medverke til å nå målsetjinga.

5 Oversiktstabellar

5.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Klima- og miljødepartementet på 9 622,252 mill. kroner på utgiftssida og 354,989 mill. kroner på inntektssida.

5.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1400	Klima- og miljødepartementet	442 030	458 407	491 789	7,3
1406	Miljøvennleg skipsfart	5 064			
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	14 453			
1409	MAREANO	28 825			
1410	Miljøforskning og miljøovervaking	669 521	708 709	786 957	11,0
	Sum kategori 12.10	1 159 893	1 167 116	1 278 746	9,6

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1420	Miljødirektoratet	3 048 852	3 613 597	4 033 813	11,6
1422	Miljøvennleg skipsfart		5 219	5 338	2,3
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø		14 278	15 629	9,5
1424	MAREANO		32 932	33 684	2,3
1425	Vilt- og fisketiltak	83 018	80 498	87 909	9,2
	Sum kategori 12.20	3 131 870	3 746 524	4 176 373	11,5

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1429	Riksantikvaren	575 201	621 288	605 612	-2,5
1432	Norsk kulturminnefond	75 444	87 094	86 659	-0,5
	Sum kategori 12.30	650 645	708 382	692 271	-2,3

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1471	Norsk Polarinstitut	278 510	268 547	295 084	9,9
1472	Svalbard miljøvernfond	15 230	14 638	14 638	0,0
1473	Kings Bay AS			41 635	
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	52 287	52 105	51 985	-0,2
	Sum kategori 12.60	346 027	335 290	403 342	20,3

Utgifter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1481	Klimakvotar	127 817	204 200	264 597	29,6
1482	Internasjonale klima- og utviklings-tiltak	2 906 934	2 767 287	2 806 923	1,4
	Sum kategori 12.70	3 034 751	2 971 487	3 071 520	3,4

5.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
4400	Klima- og miljødepartementet	2 082	2 080	2 138	2,8
	Sum kategori 12.10	2 082	2 080	2 138	2,8

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
4420	Miljødirektoratet	143 920	144 816	147 646	2,0
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	88 982	93 560	101 100	8,1
	Sum kategori 12.20	232 902	238 376	248 746	4,4

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
4429	Riksantikvaren	7 949	5 477	5 631	2,8
	Sum kategori 12.30	7 949	5 477	5 631	2,8

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
4471	Norsk Polarinstitut	86 401	81 951	83 824	2,3
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	15 230	14 650	14 650	0,0
	Sum kategori 12.60	101 631	96 601	98 474	1,9

Inntekter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
4481	Sal av klimakvotar		1 854 050		-100,0
	Sum kategori 12.70		1 854 050		-100,0

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–01	Driftsutgifter	1 289 236	1 267 490	1 420 906	12,1
11–25	Varer og tenester	1 039 354	1 251 169	1 352 544	8,1
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	494 452	566 576	596 108	5,2
50–59	Overføringer til andre statsrekneskaper	525 755	548 307	617 886	12,7
60–69	Overføringer til kommunar	97 999	290 355	384 007	32,3
70–89	Overføringer til private	4 876 390	5 004 902	5 250 801	4,9
Sum under departementet		8 323 186	8 928 799	9 622 252	7,8

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–29	Sal av varer og tenester m.v.	240 352	2 088 374	239 239	-88,5
50–91	Skattar, avgifter og andre overføringer	104 212	108 210	115 750	7,0
Sum under departementet		344 564	2 196 584	354 989	-83,8

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overførast»

***Under Klima- og miljødepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49*

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2016	Forslag 2017
1400	74	Tilskot til AMAP		4 231
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak		59 098
1420	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd		149 369
1420	69	Oppryddingstiltak		271 562
1420	70	Tilskott til vassmiljøtiltak		24 755
1420	71	Marin forsøpling		15 290
1420	73	Tilskot til rovvilttiltak		70 051
1420	78	Friluftformål		159 821
1420	79	Oppryddingstiltak		450

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2016	Forslag 2017
1420	81	Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv		26 261
1420	82	Tilskot til truga arter og naturtypar		64 989
1420	85	Naturinformasjonssenter		52 714
1424	21	Spesielle driftsutgifter		33 684
1425	70	Tilskot til fiskeformål		12 894
1425	71	Tilskot til viltformål		34 600
1429	22	Bevaringsoppgåver		24 378
1429	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne		28 164
1429	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap		122 015
1429	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne		51 545
1429	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring		45 952
1429	74	Tilskot til fartøyvern		61 883
1429	75	Tilskot til fartøyvernssenter		10 757
1429	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde		5 000
1429	79	Tilskot til verdsarven		52 036
1471	21	Spesielle driftsutgifter		70 910
1474	50	Tilskot til statlege mottakarar		23 985
1474	70	Tilskot til private mottakarar		28 000
1481	01	Driftsutgifter		4 387
1481	22	Kvotekjøp, generell ordning		259 900
1481	23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser		310
1482	73	Klima- og skogsatsinga		2 709 213

6 Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt del/kap.
2015–2016	57	Tiltak for auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi i nærskipfarten	I/6
2015–2016	74	Auke omsetjingskravet for biodrivstoff frå 5,5 pst. til 7,0 pst. frå 1. januar 2017	I/6
2015–2016	75	Plan for omsetjingskravet for biodrivstoff fram mot 2020	III/9.6
2015–2016	76	Biodrivstoff som blir omsett i Noreg skal tilfredsstille EUs berekraftskriterium	I/6
2015–2016	84	Premieringsordning for klimatiltak i kommunane	II/1420.61
2015–2016	100	Verneverdig skog i Statskogs eige	I/6
2015–2016	101	Lokal luftforureining som følgje av biltrafikk	III/9.6
2015–2016	103	Våtmarksskogar, torvmyrskogar og mangroveskogar	I/6
2015–2016	405	Sikre berekraftig bestand av anadrome laksefiskar	I/6
2015–2016	406	Stortingsmelding om avfallspolitikk	I/6
2015–2016	537	Mål for reduksjon av matavfall og matsvinn	I/6
2015–2016	667	Mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog	I/6
2015–2016	668	Plan for marine verneområde	I/6
2015–2016	669	Trappe opp arbeidet med å betre tilstanden i økosystema	I/6
2015–2016	670	Kvalitetsnormer for økosystem	I/6
2015–2016	671	Nasjonalparkane Jomfruland, Raet, vurdere vernevedtaket knytte til Lofotodden	I/6
2015–2016	672	Revidere dei heilskaplege og økosystembaserte forvaltningsplanane for havområda	I/6
2015–2016	673	Oppdatert forvaltningsplan for Norskehavet	I/6
2015–2016	674	Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar	I/6
2015–2016	675	Kvalitetsnorm for myr	I/6
2015–2016	676	Utvikle vidare dagens ordning med utvalte kulturlandskap	I/6
2015–2016	677	Kvalitetsnorm for villrein, og vurdere kvalitetsnorm for fleire utvalte arter.	I/6

Sesjon	Vedtaks nr.	Stikkord	Omtalt del/kap.
2015–2016	678	Økologisk grunnkart for Noreg	I/6
2015–2016	679	Fortløpande oppdatering av raudlister og svartelister	I/6
2015–2016	681	Forbod mot mikroplast i kroppspleieprodukt	I/6
2015–2016	682	Handlingsplan mot mikroplast	I/6
2015–2016	770	Tap av eventuelle rettar eller belastningar innanfor ulvesona	I/6
2015–2016	771	Midlar til kommunar med ynglingar innanfor ulvesona	I/6
2015–2016	772	Lik jakttid i og utanfor ulvesona	I/6
2015–2016	773	Ny uavhengig utgreiing av det genetiske opphavet til ulvestamma i Noreg	I/6
2015–2016	868	Gjere synleg utsleppsbanene innanfor ikkje kvotepliktig sektor	III/9.6
2015–2016	875	Forsyningssituasjonen for biodrivstoff mv.	III/9.6
2015–2016	876	Vurdere høva til å innføre E10 (etanøl 10 pst.) som ny bensinstandard.	III/9.6
2015–2016	878	Auka bruk av fornybart drivstoff (biodrivstoff) i transportsektoren	I/6
2015–2016	888	Årlege utsleppsbaner for ikkje kvotepliktig sektor i ny klimalov	I/6
2015–2016	894	Noregs forslag til forsterka klimamål	I/6
2015–2016	895	Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030	I/6
2015–2016	896	Oppfølging av oppmodingane i Paris-avtala og Paris-vedtaket	III/9.6
2015–2016	897	Klimanøytralitet i 2030	I/6
2014–2015	43	Utfasing av fossil grunnlast i statlege bygg	III/9.6
2014–2015	380	Bruk av blyhagl på jakt	III/9.6
2014–2015	382	Handlingsplan miljøgifter	I/6
2014–2015	383	Giftstoff og skadelege kjemikaliar	III/9.6
2014–2015	507	GMO	III/9.6
2014–2015	537	Motorøretøy på vinterføre for utmarksnæring	I/6
2014–2015	574	Nye grenseverdier for svevestøv	III/9.6
2014–2015	576	Konsekvensutgreiing av deponi	III/9.6
2014–2015	577	Utgreie reduksjon av deponeringsbehovet	III/9.6
2014–2015	579	Utsleppsløve ved utvinning av mineralressursar	III/9.6

Vedtak nr. 57, 1. desember 2015

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 78 S (2015–2016), jf. Dok. 8:126 S (2014–2015) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillinga si tilråding romartal VI:

«Stortinget ber regjeringa legge fram forslag til tiltak for økt bruk av lav- og nullutslippsteknologi i nærskipfarten, og komme tilbake til Stortinget med dette.»

Etter forslag frå regjeringa har Stortinget vedteke å løyve 40 mill. kroner i statsbudsjettet for 2016 til ordningar for grøn fornying av nærskipfartflåten. Midlane er fordelte på ei nyoppretta kondemneringsordning for utskifting av eldre skip og på ei låneordning for bygging av nye grønne skip. Det er foreslått å føre ordninga vidare i 2017.

Vidare har Stortinget, etter forslag frå regjeringa, vedteke å løyve 65 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2016 til utvikling og introduksjon av låg- og nullutslippsløysingar i innanriks skipsfart, under dette skip som går i nærskipfart til og frå norske hamner inkludert havbruks- og fiskeriflåta. Midlane er fordelte på ei tilskotsordning som delvis er retta mot private aktørar, slike som reiarlag, verft og utstyrsleverandørar, og delvis mot fylkeskommunar og kommunar. Ordninga skal medverke til at låg- og nullutslippsløysingar blir utvikla i maritim næring, og til å styrkje fylkeskommunane sin miljøkompetanse knytt til innkjøp av ferjetenester. Formålet er å medverke til reduserte klimagassutslipp, grøn teknologiutvikling og arbeidsplassar langs kysten. Resultata av ordninga vil bli evaluerte.

Begge satsingane inngår i regjeringas heilskaplege arbeid med grøn skipsfart. Dei følgjer opp klimameldinga, der miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i klimapolitikken.

Regjeringa vil arbeide vidare med oppfølging av oppmodingsvedtaket særskilt i samband med klimaforpliktelsene våre. Det vises i denne samanheng til tidligare varsla sak til Stortinget om oppfølging av klimamålet for 2030.

Vedtak nr. 74, 3. desember 2015

Då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016), vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal IX:

«Stortinget ber regjeringa øke omsetningskravet for biodrivstoff frå 5,5 pst. til 7,0 pst. fra 1. januar 2017.»

Regjeringa har følgd opp oppmodingsvedtaket ved å endre omsetjingskravet i produktforskrifta gjennom endringsforskrift fastsett i september 2016.

Vedtak nr. 75, 3. desember 2015

Då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016), vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal X:

«Stortinget ber regjeringa legge frem en plan for ytterligere opptrapping av omsetningskravet for biodrivstoff frem mot 2020. Planen skal legge opp til en overgang fra biodrivstoff basert på matvekster til mer avansert biodrivstoff med bedre bærekraft. Omsetningskravet for drivstoff til veitransport planlegges i denne forbindelse utvidet til å omfatte avgiftsfri diesel. Stortinget ber regjeringa komme tilbake med planen i forbindelse med statsbudsjettet for 2017.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodningsvedtak.

Vedtak nr. 76, 3. desember 2015

Då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016), vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal XI:

«Stortinget ber regjeringa stille krav om at alt biodrivstoff som omsettes i Norge skal tilfredsstillende EU's bærekraftskriterier.»

Eit generelt krav om at alt biodrivstoff som omsettes i Noreg skal oppfylle berekraftskriteria kan være i strid med totalharmoniseringsklausulen i drivstoffkvalitetsdirektivet (98/70/EF) artikkel 5, sidan drivstoffkvalitetsdirektivet ikkje stiller noko slikt krav. Regjeringa meiner at vedtaket er utkvitert.

Vedtak nr. 84, 3. desember 2015

Ved behandling av innstilling frå finanskomiteen Innst. 2 S (2015–2016), jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillinga si tilråding romartal XIX:

«Stortinget ber regjeringen sette av 100 mill. kroner til en belønningsordning til klimatiltak i kommunene som skal forvaltes av Miljødirektoratet. Ordningen kan innrettes slik at kommuner som fremmer gode klimatiltak får midler til gjennomføring etter gitte kriterier. Det legges opp til at ordningen skal ha en varighet på minst fem år og at midlene er overførbare.»

Vedtaket er følgt opp ved at støtteordninga Klimasats er oppretta under Miljødirektoratet. Sjå omtale av kap. 1420, post 61.

Vedtak nr. 100, 3. desember 2015

Landbruks- og matdepartementet viser i brev til at Stortinget, ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2016 og forslaget til statsbudsjett for 2016 gjorde vedtak i samsvar med vedlagte innstilling (Innst. 2 S (2015–2016) Innstillinga si tilråding romartal XXXV:

«Stortinget ber regjeringen sørge for en gjennomgang av Statskog SFs ordinære skogeiendommer for verneverdig skog, og legge til rette for at verneverdig skog i deres eie kan vernes etter naturmangfoldloven.»

Klima- og miljødepartementet har i brev av 9.5.2016 bedt Miljødirektoratet følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak, med utgangspunkt i det pågåande samarbeidet med Statskog SF om vern av skog på statsgrunn og med sikte på at Statskogs areal kan medverke på ein fagleg god måte også i det vidare skogvernarbeidet.

Ein gjennomgang av Statskogs ordinære skoggeiedommar som Stortinget no har bedt om, vil naturleg omfatte nye vurderingar av område som tidlegare er kartlagde og som kan vere aktuelle for vern, og nye kartleggingar for å identifisere aktuelle skogvernområde. Arbeidet vil følgjeleg vere langsiktig. Stortinget vil bli orientert om arbeidet på eigna måte.

Vedtak nr. 101, 3. desember 2015

Ved behandling av innstilling frå finanskomiteen Innst. 2 S (2015–2016), jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal XXXVI:A

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan kommunene kan få flere verktøy for å håndtere lokal luftforurensning som følge av biltrafikk m.m. i perioder der luftforurensningsverdiene overskrider eller står i fare for å overskride grenseverdiene angitt i forurensningsforskriftens kapittel 7 om lokal luftkvalitet.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 103, 3. desember 2015

Ved behandling av innstilling frå finanskomiteen Innst. 2 S (2015–2016), jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal XXXVIII:

«Stortinget ber regjeringen spesielt rette innsats mot karbonrike skogtyper, eksempelvis innenlands våtmarksskoger, torvmyrskoger og mangroveskoger innenfor en ramme på minst 30 mill. kroner.»

Vedtaket blir følgt opp ved at det er sett av ressurser til å støtte reformarbeidet for torvmyrbevaring gjennom det bilaterale skogsamarbeidet med Indonesia i 2016, samt ein breare strategisk innsats for styrka forvaltning av mangrove skogar.

Regjeringa vil rapportere på vedtaket i Prop. 1 S (2017–2018) frå Klima- og miljødepartementet, når det skal rapporterast på bruk av 2016-midlar.

Vedtak nr. 405, 18. desember 2015

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen om løyvingar på statsbudsjettet Prop. 1 S (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding C romartal II:

«Stortinget ber regjeringen legge fram en sak for Stortinget som belyser status for bestanden av anadrome laksefisker, og hvordan forvaltningen

og formidling av kunnskap kan styrkes for å sikre en bærekraftig utvikling.»

Oppmodningsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Resultatet vil bli presentert for Stortinget på eigna måte i 2017.

Vedtak nr. 406, 18. desember 2015

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen om løyvingar på statsbudsjettet Prop. 1 S (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding C romartal III:

«Stortinget ber regjeringen legge fram en stortingsmelding om avfallspolitikk og den sirkulære økonomien.»

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding for Stortinget om avfallspolitikk og den sirkulære økonomien før sommaren 2017.

Vedtak nr. 537, 17. mars 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 181 S (2015–2016), jf. Dok. 8:119 S (2014–2015) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal IV:

«Stortinget ber regjeringen drøfte et mål for reduksjon av matavfall og matsvinn i omsetnings- og forbrukerleddet, og legge dette frem i den bebudede meldingen om avfall og sirkulær økonomi. Målet må sees i forbindelse med arbeidet med bransjeavtalen med reduksjonsmål, regelverksutvikling i EU og helheten i norsk avfallspolitikk.»

Regjeringa inngjekk i 2015 ei intensjonsavtale med representantar for heile matbransjen om reduksjon i matsvinn. Intensjonsavtala blir avløyst av ei meir konkret avtale med reduksjonsmål og moglege tiltak. Bransjeavtala og fastsetjing av mål vil bli sett i samanheng med andre prosessar rundt matsvinn. Arbeid for å redusere matsvinn vil bli nærare omtalt i stortingsmelding om avfallspolitikken og sirkulær økonomi.

Vedtak nr. 667, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal I:

«Stortinget ber regjeringen sette et mål om vern av både offentlig eid skog og frivillig vern av privateid skog til 10 pst. av skogarealet.»

Klima- og miljødepartementet vil innrette det vidare skogvernarbeidet ut frå det nye målet om vern av 10 pst av skogarealet. Departementet har bedt Miljødirektoratet om at ein i evalueringa som skal gjennomførast av skogvernarbeidet, jf. Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet, legg til grunn målet om 10 pst skogvern. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte for å informere om status i høve til målet.

Vedtak nr. 668, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal II:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for marine verneområder og komme tilbake til Stortinget med en sak om dette.»

Klima- og miljødepartementet vil setje i gang arbeid med ein plan for marine verneområde, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 669, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal III:

«Stortinget ber regjeringen klargjøre hva som er god tilstand og hvilke arealer som er å regne som forringede økosystemer, og trappe opp arbeidet med å bedre tilstanden i økosystemene, med sikte på at 15 pst. av de forringede økosystemene skal være restaurert innen 2025.»

Klima- og miljødepartementet har oppretta eit Ekspertråd for økologisk tilstand som skal foreslå naturvitskapelege indikatorar og kriterium for økologisk tilstand i norske økosystem som minimum klargjer kva som er «god økologisk tilstand». Ekspertrådets tilrådingar vil etter planen liggje føre 1. juni 2017.

Per i dag finst det inga systematisk oversikt over forringa økosystem i Noreg, med unntak av vassførekomstar som ei oppfølging av forskrift om

rammer for vassforvaltninga. I tråd med Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald vil ei vurdering av om mål om restaurering er nådd, basere seg på ei avklaring av kva som er rekna som forringa økosystem, og kven som er eigna for eventuell restaurering. Spørsmålet om kva som er sett på som forringa økosystem, og omfanget av dette, vil bli sett i samanheng med arbeidet med å klargjere kva som er god tilstand i økosystema. Klima- og miljødepartementet vil på dette grunnlaget prioritere aktuelle restaureringstiltak med sikte at 15 pst av dei forringa økosystema er restaurerte innan 2025. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 670, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal IV:

«Stortinget ber regjeringen vurdere kvalitetsnormer for økosystemer som en del av utviklingen av nye forvaltningsmål.»

Med utgangspunkt i Ekspertrådet for økologisk tilstand sitt forslag til klargjering av kva som er «god økologisk tilstand», vil Klima- og miljødepartementet fastsetje forvaltningsmål for økosystema innan utgangen av 2017. Forvaltningsmåla vil vere baserte på det faglege ekspertgrunnlaget nemnt over, på forvaltningsmessige vurderingar og avvegingar og samfunnsøkonomiske vurderingar. Som del av dette arbeidet vil Klima- og miljødepartementet vurdere om og eventuelt på kva måte forvaltningsmåla bør fastsetjast som kvalitetsnormer etter naturmangfaldlova §13. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 671, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal V:

«Stortinget ber regjeringen så raskt som mulig fatte vedtak i sakene om nasjonalparkene Jomfruland, Raet, vurdere vernevedtaket knyttet til Lofotodden og varsle Stortinget om dette på egnet måte.»

Verneforslag for Jomfruland og Raet vil etter planen bli vedteken i løpet av hausten 2016. Verneforslag for Lofotodden vil etter planen bli sendt over til departementet frå Miljødirektoratet i 2017 med sikte på vedtak i løpet av 2017. Stortinget vil bli orientert om vedtaka på eigna måte.

Vedtak nr. 672, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal VII:

«Stortinget ber regjeringen revidere de helhetlige og økosystembaserte forvaltningsplanene for våre havområder minimum hvert tolvte år, og oppdatere dem hvert fjerde år.»

Regjeringa vil komme tilbake til konkretisering av systemet for revidering og oppdatering av forvaltningsplanane i samband med melding til Stortinget om oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet.

Vedtak nr. 673, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal VIII:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en oppdatert forvaltningsplan for Norskehavet, slik at den kan behandles i inneværende stortingsperiode.»

Regjeringa har sett i gang arbeid med melding til Stortinget om oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, med sikte på framlegging våren 2017.

Vedtak nr. 674, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal IX:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av

hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.»

Klima- og miljødepartementet vil gi Miljødirektoratet i oppdrag å utarbeide ein handlingsplan for sjøfugl, der ulike verkemiddel og tiltak skal vurderast, inkludert bruken av status som prioritert art. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 675, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal X:

«Stortinget ber regjeringen legge fram kvalitetsnorm for myr.»

Klima- og miljødepartementet vil sjå utarbeiding av ei kvalitetsnorm for myr i samanheng med oppfølging av vedtak 669 og 670 av 23. mai 2016, og ei pågåande utgreiing av økosystemtenester i våtmark. Arbeidet med økosystemutgreiinga skal etter planen slutførast i 2017. Departementet vil leggje dette og anna kunnskapsgrunnlag til grunn for eit forslag til kvalitetsnorm for myr og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 676, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillinga romartal XII:

«Stortinget ber regjeringen videreutvikle dagens ordning med utvalgte kulturlandskap med sikte på å øke antall områder frem mot 2020.»

Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet vil i 2017 gi Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Landbruksdirektoratet i oppdrag å vurdere korleis viktige utvalte kulturlandskap i jordbruket best kan takast vare på, under dette utviding av ordninga med nasjonalt utvalte kulturlandskap. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 677, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14

(2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal XIII.

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en kvalitetsnorm for villrein, og vurdere kvalitetsnorm for flere utvalgte arter.»

Klima- og miljødepartementet har i 2016 bedt Miljødirektoratet om å starte arbeidet med eit faggrunnlag for ei kvalitetsnorm for villrein. Vidare er direktoratet bedt om å vurdere om det er føremålstenleg med kvalitetsnormer for lirype, fjellrype, hare, bever og skogshøns. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 678, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal XIV:

«Stortinget ber regjeringen styrke arbeidet med et økologisk grunnkart for Norge med naturtyper, arter og landskapstyper.»

Klima- og miljødepartementet vil i 2017 føre vidare og styrkje arbeidet med det økologiske grunnkartet, og vil særleg prioritere å etablere eit overordna system for naturtypekartlegging etter inndelings- og beskrivingsystemet Natur i Noreg (NiN) og metode og kriterium for verdsetjing av naturtypene. Naturtypar som anten er truga, viktige for mange arter, eller er spesielt dårleg kartlagte vil bli prioriterte i kartlegginga. Vidare vil område der kartlegging gir stor samfunnsnytte, blant anna område med stor aktivitet og stort utbyggingspress, og område der ein reknar med at klimaendringane fører til raske endringar, bli prioriterte. Data for inndeling av heile landet i landskapstypar er under utarbeiding. Det vil òg bli bygt opp digital infrastruktur for innsamling og formidling av stadfesta økologisk relevant informasjon frå ulike sektorar. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 679, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) om Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, fatta Stortinget følgjande vedtak, jf. innstillingas romartal XVI.

«Stortinget ber regjeringen sørge for at svartelisten over fremmede skadelige organismer og rødlistene over truede arter og naturtyper oppdateres fortløpende slik at alle artsgrupper og naturtyper gjennomgås hvert femte år.»

Artsdatabanken har gjennom sitt mandat frå Kunnskapsdepartementet fått ansvar for å fastsetje raudlistestatus for norske arter og naturtypar, publisere Nasjonale raudlister for arter og naturtypar og oppdatere desse, og å vurdere økologisk risiko knytt til arter som ikkje høyrer naturleg heime i Noreg (framande arter) og å føre oversikt over slike arter som er påvist i Noreg. Regjeringa vil syte for at slik oppdatering skjer jamleg og slik at alle artsgrupper og naturtypar blir gjennomgått kvart femte år. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 681, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 282 S (2015–2016), jf. Dok. 8:44 S (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal I:

«Stortinget ber regjeringen om fremme forslag med sikte på å forby mikroplast i kroppspleieprodukter.»

Regjeringa vil gjere greie for oppfølginga av vedtaket i Prop. 1 S (2017–2018) frå Klima- og miljødepartementet.

Vedtak nr. 682, 23. mai 2016

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 282 S (2015–2016), jf. Dok. 8:44 S (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal II:

«Stortinget ber regjeringen fremme en handlingsplan mot mikroplast etter at tiltaksanalysen er gjennomført.»

Regjeringa vil gjere greie for oppfølginga av vedtaket i Prop. 1 S (2017–2018) frå Klima- og miljødepartementet.

Vedtak nr. 770, 6. juni 2016

Ved behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2016–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal III:

«Stortinget ber regjeringen utrede mulige økonomiske ordninger for tap av eventuelle rettigheter eller belastninger innenfor ulvesonen og viser til ulvesoneutvalgets forslag knyttet til dette spørsmålet.»

Klima- og miljødepartementet vil få utgreidd dei juridiske og økonomiske spørsmåla ved å etablere ei ordning for å kompensere for tap av rettar for grunneigarar/rettshavarar eller for eventuelle andre belastningar som måtte oppstå ved etablering av ulv. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 771, 6. juni 2016

Ved behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2016–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal IV:

«Stortinget ber regjeringen legge frem en sak hvor man vurderer mulige ordninger for midler til kommuner med ynglinger innenfor ulvesonen.»

Klima- og miljødepartementet vil få vurdert dei juridiske og økonomiske spørsmåla ved å etablere ei ordning for midlar til kommunar med ynglingar innanfor ulvesona. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget om dette på eigna måte.

Vedtak nr. 772, 6. juni 2016

Ved behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2016–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal V:

«Stortinget ber regjeringen vurdere å tillate lik jakttid i og utenfor ulvesonen.»

Klima- og miljødepartementet vil få vurdert om det skal vere ei felles jaktidsramme for lisensfelling av ulv innanfor og utanfor ulvesona. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 773, 6. juni 2016

Ved behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2016–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal VI:

«Stortinget ber regjeringen bestille en ny uavhengig utredning av den genetiske opprinnelsen til ulvestammen i Norge.»

Klima- og miljødepartementet vil vurdere korleis ei ny, uavhengig utgreiing av det genetiske grunnlaget til ulvestamma i Noreg kan gjennomførast. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 868, 13. juni 2016

Stortinget har ved behandling av Innst. 401 S (2015–2016), Meld. St. 25 (2015–2016) Energimeldingen, gjort følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2017 – etter at EU-kommisjonens forslag til innsatsfordeling for ikke-kvotepliktig sektor er lagt frem – synliggjøre utslippsbanene for de enkelte sektorer innenfor ikke-kvotepliktig sektor. Fremleggelsen må omtale målsettinger for hver enkelt sektor basert på en vurdering av hva dette forslaget vil innebære for Norge.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 875, 13. juni 2016

Då innstillinga Innst. 401 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Meld. St. 25 (2015–2016), vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal VIII:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2017 legge frem en gjennomgang av forsyningssituasjonen for biodrivstoff i dagens marked, herunder en faglig vurdering av bærekraften til ulike former for biodrivstoff som er på markedet i dag, samt en plan for en videre opptrapping av omsetningspåbudet for biodrivstoff til opp mot 11 pst. innen 2020.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 876, 13. juni 2016

Då innstillinga Innst. 401 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Meld. St. 25 (2015–2016), vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal IX:

«Stortinget ber regjeringen vurdere mulighetene for å innføre E10 (etanol 10 pst.) som ny bensinstandard. I denne forbindelse er det viktig at kravet om sikringskvalitet for bensin ivaretas.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 878, 13. juni 2016

Då innstillinga Innst. 401 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Meld. St. 25 (2015–2016), vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal XI:

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for økt bruk av fornybart drivstoff (biodrivstoff) med økt innblanding opp mot 40 pst. i transportsektoren. Dette må også vurderes for mobile kilder som traktorer og anleggsmaskiner innen 2030.»

Regjeringa vil komme tilbake til vedtaket i stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2018–2029 frå Samferdselsdepartementet våren 2017.

Vedtak 888, 13. juni 2016

Då innstillinga Inns. 397 S (2015–2016, jf. Dok. 3:51 S (2015–2016)) vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romertall I:

«Stortinget ber regjeringa i utarbeidinga av ny klimalov om årleg å synleg utsleppsbaner for dei ulike områda innanfor ikkje kvotepliktig sektor, og kva type tiltak som vil vere nødvendig for å nå desse måla.»

Vedtaket blir følgt opp i samband med klimalova. Det blir òg varsla at den årlege omtala av kor vi skal vere i 2030, og korleis vi skal komme oss dit, vil vere meir omfattande frå og med neste års budsjett. Stortinget vil bli orientert om dette i Prop. 1 S (2017–2018).

Vedtak nr. 894, 14. juni 2016

Ved behandlinga av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016)) fatta Stortinget vedtak innstillingas romartal I:

«Stortinget ber regjeringen, før dialogen om økte ambisjoner i 2018, komme til Stortinget med en sak om Norges forslag til forsterkede mål –som

utgangspunkt for prosessen for å oppnå Parisavtalen.»

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget om moglege forsterka mål før dialogen om partane sin kollektive innsats for å redusere utslepp under klimakonferansen i 2018.

Vedtak nr. 895, 14. juni 2016

Ved behandlinga av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016)) fatta Stortinget vedtak innstillingas romartal II:

«Stortinget ber regjeringen legge frem en sak til Stortinget om Norges endelige fastsatte bidrag for perioden 2021–2030, så raskt som mulig etter at forhandlingene med EU om felles oppfyllelse er avsluttet, og i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.»

Regjeringa vil vurdere Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030, og komme tilbake til Stortinget om dette så raskt som mogeleg og i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.

Vedtak nr. 896, 14. juni 2016

Ved behandlinga av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016)) fatta Stortinget vedtak innstillingas romartal III:

«Stortinget ber regjeringen – på egnet måte innen våren 2017 – lege fram for Stortinget en oppsummering av de oppfordringene Parisavtalen og Paris-beslutningen inneholder, og en oversikt over hvordan oppfordringene skal følges opp videre.»

Sjå nærare omtale i del III, kap 9.6.

Vedtak nr. 897, 14. juni 2016

Ved behandlinga av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016)) fatta Stortinget vedtak innstillingas romartal IV:

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at Norge skal sørge for klimareduksjoner tilsvarende norske utslipp fra og med 1. januar 2030,

og at klimanøytralitet kan oppnås gjennom EUs kvotemarked, internasjonalt samarbeid om utslippsreduksjoner, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid.»

På grunnlag av innstillinga til proposisjonen om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala, Innst. 407 S (2015–2016), har Stortinget vedteke at Regjeringa skal leggje til grunn at Noreg frå og med 2030 skal vere klimanøytralt. Frå 1. januar 2030 skal norske utslepp av klimagassar motsvarast av reduksjonar i andre land gjennom EUs kvotemarknad, internasjonalt samarbeid om utslippsreduksjonar, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid. Regjeringa følgjer opp dette vedtaket og vil komme tilbake til Stortinget på eit eigna tidspunkt med planane for gjennomføringa.

Oppmodingsvedtak frå stortings sesjonen 2014–2015

Vedtak nr. 43, 1. desember 2014

Ved behandling av tilleggsinnstilling frå finanskomiteen Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015), jf. Meld. St. 1 (2014–2015), Prop. 1 S (2014–2015) og Prop. 1 S Tillegg 1 – 3 (2014–2015) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillingas tilråding romartal VI:

«Stortinget ber regjeringa lage ein heilskapleg plan for utfasing av fossil grunnlast i alle statlege bygg.»

Sjå nærare omtale i del III, under kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 380, 3. februar 2015

Dok. 8:55 S (2014–2015) Innst. 145 S (2014–2015), innstillingas tilråding romartal II

«Stortinget ber regjeringa følgje utviklinga i bruk av blyhagl, og innhente meir kunnskap om dei helsemessige konsekvensane ved bruk av blyhagl på jakt.»

Sjå nærare omtale i del III, under kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 382, 3. februar 2015

Dok. 8:87 S (2013–2014) og Dok. 8:104 S (2013–2014), tilråding romartal I i Innst. 146 S (2014–2015) av 29.1.2015, og vedtak i Stortinget av 3.2.2015.

«Stortinget ber regjeringa utarbeide ein handlingsplan for ein giftfri kvardag. Handlingsplanen må inkludere tiltak mot miljøgifter både nasjonalt og internasjonalt, tiltak for auka tilsyn og kontroll, forbrukarinformasjon og bransjedialog.»

Regjeringa har gjort greie for oppfølginga av vedtaket i Revidert nasjonalbudsjett for 2016, sjå omtale side 100 i Prop. 122 S (2015–2016) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016, av 11. mai 2016, som vart behandla i Stortinget 17. juni 2016 jf. Innst. 400 S (2015–2016) av 10. juni 2016. Regjeringa meiner at vedtaket er utkvitert.

Vedtak nr. 383, 3. februar 2015

Dok. 8:104 S (2013–2014), tilråding romartal II i Innst. 146 S (2014–2015) av 29.1.2015, og vedtak i Stortinget av 3.2.2015.

«Stortinget ber regjeringa arbeide for snarast mogleg internasjonal regulering og forbod mot dei farlegaste ikkje-regulerte giftstoffa i produkt tilgjengelege i Noreg, basert på oppdaterte faglege anbefalingar frå Miljødirektoratet. I tillegg ber ein regjeringa om å arbeide internasjonalt for at alle produkt som inneheld skadelege kjemikalier, skal ha ein innhaldsdeklarasjon som viser kva slag stoff og mengda av desse som produkta inneheld.»

Regjeringa viser til foreløpig tilbakemelding i Revidert nasjonalbudsjett for 2016, sjå omtale side 100–101 i Prop. 122 S (2015–2016) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016 av 11. mai 2016, som vart behandla i Stortinget 17. juni 2016 jf. Innst. 400 S (2015–2016) av 10. juni 2016.

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 507, 28. april 2015

Dok. 8:30 S (2014–2015) Innst. 231 S (2014–2015), innstillingas tilråding romartal III

«Stortinget ber regjeringa sikre ein saksbehandling av GMO-saker som i praksis inneber at kvar GMO blir vurdert opp mot genteknologilova, og som avklarar om det skal leggjast ned forbod før GMO-en eventuelt blir lovleg å omsetje i Noreg.»

Sjå omtale i del III, kapittel 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 537 7. mai 2015

Prop. 35 L (2014–2015) Innst. 253 L (2014–2015), innstillingas tilråding romartal B II

«Stortinget ber regjeringa om å gjennom forskrift gi kommunane høve til å gi løyve til bruk av motororkøyretøy på vinterføre til transport av personar, materiell og utstyr i samband med utmarksnæring, etter søknad.»

Forslag om endringar i forskrift om bruk av motororkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5a om transport på vinterføre har vore på høyring. Klima- og miljødepartementet har motteke tilråding frå Miljødirektoratet, og vil vurdere saka i lys av høyringsuttalene og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 574, 2. juni 2015

Dok. 8: (2014–2015) Innst. 146 S (2014–2015) Innst. 301 S (2014–2015), innstillingas tilråding romartal III

«Stortinget ber regjeringa om å leggje fram ei sak for Stortinget med tiltak for å redusere svevestøv og anna luftforureining til nye grenseverdiar og vidare til eit trygt nivå – i tråd med Miljødirektoratets tilrådingar til nasjonale mål i brev av 28. februar 2014. Tiltaka må utarbeidast i tett samarbeid med aktuelle kommunar.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak. Departementet viser òg til del I, der det er fastsett nytt nasjonalt mål for lokal luftkvalitet frå 1. januar 2017 i tråd med den nemnde tilrådinga.

Vedtak nr. 576, 2. juni 2015

Dok. 8:80 S (2014–2015), Innst. 300 S (2014–2015), innstillingas tilråding romartal I

«Stortinget ber regjeringa om å stille krav om at dei ulike alternativa for deponiløysing blir konsekvensutgreidde, slik at alle relevante faglege vurderingar kjem fram før det blir fatta avgjerd ved nye søknader om løyve til mineralsk aktivitet.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 577, 2. juni 2015

Dok. 8:80 S (2014–2015), Innst. 300 S (2014–2015), innstillingas tilråding romartal II

«Stortinget ber regjeringa om å setje i gang eit arbeid for å utgreie høva til å redusere deponeringsbehovet ved framtidig utvinning av mineralressursar.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Vedtak nr. 579, 2. juni 2015

Dok. 8:80 S (2014–2015), Innst. 300. S (2014–2015). Stortinget vedtok dessutan følgjande oppmoding:

«Stortinget ber regjeringa sjå til at miljøfaglege råd er grunnlaget for ei heilskapleg avgjerd når endeleg utsleppsløyve blir gitt i samband med utvinning av mineralressursar, og at denne sikrar berekraftig utvikling og ikkje utarmar miljø og/eller ressursgrunnlaget over tid.»

Sjå nærare omtale i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Del II

Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017

7 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet og løyvingar til forskning og overvaking. Delar av løyvingane kan bli stilte til disposisjon for etatane som er underlagt departementet når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Internasjonalt arbeid

Omtale av Noregs internasjonale arbeid med klima og miljø finst òg under dei ulike resultatområda og dei andre programkategoriane. Denne beskrivinga gjeld berre internasjonalt arbeid som går på tvers av resultatområda.

Multilateralt klima- og miljør Samarbeid

Mange FN-organ er viktige aktørar i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. Noreg er ein viktig bidragsytar til organisasjonane og programma som har miljø som kjerneoppgåve. Noreg gir dessutan tilleggsmidlar for å styrkje arbeidet med miljø- og klimaspørsmål og har ein fortløpande dialog med institusjonane om integrering av miljøomsyn i verksemda deira. Noreg har følgd opp Rio+20-vedtaket om å styrkje FNs miljøprogram (UNEP). Noreg vil i 2017 leggje vekt på å styrkje UNEP, og vil delta aktivt på FNs tredje miljøforsamling (UNEA-3). Frå norsk side vil vi ha spesiell merksemd på områda havforsøpling og mikroplast og på det tredje møtet i FNs miljøforsamling vil behovet for nye verkemiddel bli diskutert. I tillegg vil Noreg ha merksemd på luftforureining, miljøkriminalitet, naturen sin rolle i klimatilpassing og konfliktforebygging og UNEPs rolle som kunnskapsleverandør. Noreg er òg ein sentral bidragsytar til FNs program for å redusere ut-

slepp gjennom avskoging og skogdegradering i utviklingsland (UN-REDD).

FNs universelle berekraftsmål vart vedtekne i september 2015. Noreg har oppnådd mykje, men er også utfordra av ein del av måla. Måla skapar forventningar om at både land og internasjonale organisasjonar skal betra integreringa av dei tre dimensjonane av berekraft – økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn – på dei fleste samfunnsområde. Måla kan såleis gi draghjelp til det globale grøne skiftet, og fremje heilskapleg tenking over silotilnærming. Oppgåva med årleg å følgje opp gjennomføringa av berekraftsmåla er lagt til FNs høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF), og kvart fjerde år skal verdas leiarar få ei særskilt oversikt over framdrifta og områda som krev større innsats. I 2017 vil mellom anna måla for helse, industrialisering og hav bli gjennomgått på høynivåforumet for bærekraftig utveking.

Den globale miljøfasiliteten (GEF) støttar tiltak som skal medverke til å betre det globale miljøet. GEF er ein finansieringsmekanisme for dei globale miljøkonvensjonane og har særskilt høve til å sjå ulike miljøproblem under eitt. Investeringsbehovet er framleis mange gonger større enn GEF-midlane, og det er derfor viktig å bruke desse midlane til å skape størst mogleg spreiringseffekt og inspirere andre aktørar, som til dømes Det grøne klimafondet. GEF legg vekt på innovative tilnærmingar til miljø på dei viktigaste sektorane, og ligg i front med utviklinga av tre breie, integrerte program som Noreg stør opp om; berekraftig byutvikling, avskogingsfrie råvarekjeder og økosystembasert program for mattryggleik sør for Sahara. Programma er òg klart relevante for gjennomføring av dei universelle berekraftsmåla. Påfyllingsforhandlingar i fondet startar opp våren 2017.

For omtale av Noregs hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet, sjå programkategori 12.20 og 12.70.

Medverknad i EU-samarbeidet og effektiv gjennomføring av EØS-rettsakter.

Klima- og miljødepartementet har som mål å medverke til ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk i EU. I EUs miljøstrategi, det såkalla 7. miljøhandlingsprogrammet med tittelen «Et godt liv i en ressursbegrenset verden», går det klart fram at Europas økonomiske og sosiale framgang er uløyselig knytt til miljøet. Miljøpolitikk skaper òg økonomiske moglegheiter og i EUs strategi for berekraftig vekst og auka sysselsetjing, Europa 2020-strategien, har miljø ein sentral plass. Horisontal samordning mellom ulike sektorar er vektlagt i organiseringa av Europakommisjonen og dette er spegla i forslag som Kommisjonen fremjar, mellom anna som ledd i arbeidet med sirkulær økonomi og i oppfølginga av klima- og energirammeverket mot 2030.

Klima- og miljødepartementet fører ein aktiv politikk for tidleg påverknad av prioriterte miljø saker. Dette påverknadsarbeidet skjer gjennom å delta i Kommisjonens ekspertgrupper og komitear, innspel til sentrale aktørar i EU og gjennom å delta i ambisiøse «vennegrupper» som REACH UP-gruppa på kjemikalieområdet og Green Growth Group (GGG) på klimaområdet og gjennom nordisk samarbeid.

Noreg er medlem i Det europeiske miljøbyrået (EEA) og i Det europeiske kjemikaliebyrået (ECHA). Miljøbyråa er ei viktig informasjonskjelde for alle som er med å utforme, vedta, setje i verk og evaluere miljøpolitikk. Gjennom EØS-avtala er Noreg òg medlem av EUs jordobservasjonsprogram Copernicus, som etablerer omfattande satellittovervaking av miljø globalt, regionalt og nasjonalt, ikkje minst i havområda og i Arktis. Gjennom forskings-samarbeidet i EØS-avtala, deltek Noreg òg i det globale samarbeidet om satellittar og jordobservasjon i Group on Earth Observations (GEO), mellom anna i ei høgnivågrupper i EU.

Enkelte sentrale miljøpolitiske område er ikkje omfatta av EØS-avtala. Det gjeld naturvern og forvaltning av naturressursar, og landbruk og fiskeri, men Noreg og EU er tett bundne saman gjennom EUs indre marknad. Nye forslag og omlegging i EUs politikk får stor verknad for norsk politikk. Noreg innlemmar kvart år ei rekkje EØS-rettsakter i norsk lov som regulerer miljø- og klimapolitikken.

Ved å delta gjennom heile prosessen sikrar departementet ein grundig gjennomgang og vurdering av forslag til nye EU-rettsakter og moglege konsekvensar av gjennomføring før regelverket eventuelt blir teke inn i EØS-avtala.

Nordisk samarbeid og EØS-midlane er òg ein del av miljøforvaltninga sitt EU/EØS-arbeid. Miljø- og kulturarvprogramma under EØS-midlane stimulerer til godt bilateralt fagleg samarbeid med mottakarlanda, og tilsvarande er arbeidsgrupper og oppfølging av dei nordiske miljøministermøta gode plattformer for EU/EØS-arbeidet. Klima, energi, miljø og lågutsleppsutvikling er eitt av tre prioriterte hovudområde i neste periode 2014–2021. Det vil gi nye og gode høve til å stimulere landa til tidleg oppfølging av EUs rettsakter på området.

Klima og miljø i handels- og investeringsvern avtaler

Også andre handels- og investeringsvern avtaler enn EØS-avtala påverkar kva som blir produsert og selt og korleis og dermed klima- og miljøverknadene av handel. Dei påverkar òg kva tiltak som kan setjast i verk av omsyn til klima og miljø. I motsetning til EØS-avtala inneheld dei ikkje felles klima- og miljøregelverk. Det er derfor naudsynt å syte for at dei vert utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøomsyn. Derfor arbeider Klima- og miljødepartementet for at slike avtaler får eigne kapittel om handel og berekraftig utvikling, senkar toll på klima- og miljøvenlege varer og gir rom for støtte, avgifter og reguleringar som gjer det enklare og billigare å produsere, forbruke og transportere med mindre ressursar og utslepp. Departementet følgjer derfor òg utviklinga i samarbeidet om handel og investeringar mellom EU og USA, som har komme lengst i dette arbeidet. Ei avtale om dette mellom dei vil ha stor innverknad også for Noreg og leggje sterke føringar på andre slike avtaler. Den vil kunne gi eit tettare samarbeid mellom EU og USA om utforming av nye reglar. USA og EU har ulike syn på føre var-prinsippet og regulerer mellom anna kjemikaliar ulikt. Ei avtale mellom dei kan derfor òg få stor verknad for EØS-avtalas reglar på klima- og miljøområdet og vårt høve til å påverke dei.

Klima- og miljør samarbeid med utviklingsland

Samarbeid med framveksande økonomiar og utviklingsland er òg ein viktig pilar i Noregs internasjonale klima- og miljørarbeid. Med bilaterale samarbeidsavtaler og støtte til internasjonale initiativ skal Noreg medverke til ei grøn utvikling gjennom oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar.

Klima- og miljødepartementet har særskilde avtaler om samarbeid med miljøstyresmaktene i

dei store utviklingslanda Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Desse landa har stor betydning for utvikling av den globale miljøtilstanden og er heilt sentrale i internasjonalt miljøsam arbeid og i utvikling av globale miljøavtaler. Det bilaterale samarbeidet skal byggje relevant fagleg samarbeid på styresmaktnivå og gi ei plattform for dialogen om internasjonale miljøutfordringar. I Kina, Sør-Afrika og India har Klima- og miljødepartementet medverka til ein portefølje av prosjekt som er retta inn mot enkelte land si evne til å gjennomføre internasjonale forpliktingar under miljøkonvensjonane.

Prosjekta er hovudsakleg forvaltningssamarbeid, der Miljødirektoratet er ein viktig partner på norsk side. Finansiering skjer i hovudsak over Utanriksdepartementets budsjett. I tillegg vert det nytta midlar over Klima- og miljødepartementets budsjett for å setje i gang nye prosjekt og utgreiingar. I Kina og Sør-Afrika medverkar Miljødirektoratet til utvikling av utsleppsrekneskap og kvotemarknad. I India er det samarbeid om eit senter for biodiversitet i Chennai, og alternativ til bruk av hydrofluorkarbon (HFK) som kuldemedium. Klima- og miljødepartementet har òg bilateralt miljøsam arbeid med Myanmar. Forvaltning av vass- og naturressursar og handtering av farleg avfall er dei sentrale samarbeidsområda.

Regjeringas største internasjonale initiativ innan klima- og miljø er klima- og skogsatsinga (sjå nærare omtale under programkategori 12.70). Departementet følgjer andre initiativ frå regjeringa, under dette programmet Rein Energi for utvikling og 1 Gigaton Coalition. 1 Gigaton Coalition vart på initiativ frå Noreg lansert under klimaforhandlingane i Lima i desember 2014. Initiativet har som formål å måle og rapportere reduksjonar i klimagassutslepp som følgje av prosjekt og program for fornybar energi og energieffektivisering i utviklingsland. Klima- og miljødepartementet med Miljødirektoratet deltek òg i Olje for Utvikling-programmet, mellom anna i Ghana, Uganda, Libanon og Tanzania. Formålet med programmet er å overføre norsk kompetanse slik at utviklingsland kan forvalte petroleumsressursane på ein måte som medverkar til varig reduksjon av fattigdom og sikrar at ein tek forsvarleg omsyn til miljøet.

Klima- og miljødepartementet stimulerer òg til det grøne skiftet i utviklingsland gjennom støtte til fleire andre internasjonale initiativ. Kunnskapsgrunnlaget, nødvendige institusjonar, lover, reguleringar og økonomiske verkemiddel må på plass for å kunne realisere ei grønar utvikling. I Det grøne partnerskapet PAGE samarbeider fem FN-organ om å tilby motiverte utviklingsland støtte til heile prosessen med grønt omleg-

ging. Ved å fokusere på dei økonomiske og finansielle rammevilkåra for jobbskaping og lønnsam ressurseffektivitet, og møte sektorane sitt behov for tilpassa støtte i omlegginga, byggjer PAGE evna til grøne vegval i økonomien. Eit anna godt etablert initiativ er samarbeidet mellom UNDP og UNEP i PEI (Poverty and Environment Initiative) som fleire av dei fattigaste landa tek del i for å forvalte naturressursane sine betre. Noreg støttar òg Global Green Growth Institute (GGGI), ein internasjonal organisasjon som fremjar sosialt inkluderande og berekraftig økonomisk vekst i utviklingsland og framveksande økonomiar. GGGI samarbeider med sine medlemsland i å utvikle strategiar og politiske verkemiddel for grønt vekst, omgjere disse til finansierbare prosjekter og tiltak og styrkje institusjonell kapasitet, læring og kunnskapsdeling.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2017 er på 1 278,7 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 111,6 mill. kroner, eller 9,6 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2016.

Forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse (SPK)

Frå 2017 innfører regjeringa ein forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse (SPK) for dei verksemdene som ikkje betaler premie i dag. Dette vil i større grad gjere verksemdene ansvarlege for pensjonskostnadene deira. Berre ei av tre statlege verksemdar betaler i dag pensjonspremie til SPK. Dette kan føre til at verksemdene tilset meir personale enn dei ville gjort med ei meir rett prising av innsatsfaktorane. Investeringar i digitale løysingar eller kjøp av tenester frå private vil bli meir aktuelt og rekningssvarende dersom staten møter ein meir rett pris på arbeidskraft.

Den delen av statens pensjonsutgifter som i dag ikkje blir finansierte av premieinntekter, er dekt sentralt av staten over kapittel 612 Tilskot til Statens pensjonskasse og kapittel 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda. Modellen som blir innført vil medføre auka premieinntekter til SPK og dermed reduserte tilskot til SPK. Verksemdene er gjennom budsjettforslaget kompenserte for venta auka utgifter. Modellen er samla sett provenynøytral på omleggingstidspunktet. Ein viser til Gul bok 2017 for nærare omtale. Fordelinga på den enkelte verksemda går fram under den aktuelle budsjettposten.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1400	Klima- og miljødepartementet	442 030	458 407	491 789	7,3
1406	Miljøvennleg skipsfart	5 064			
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	14 453			
1409	MAREANO	28 825			
1410	Miljøforskning og miljøovervaking	669 521	708 709	786 957	11,0
	Sum kategori 12.10	1 159 893	1 167 116	1 278 746	9,6

I 2016 gjekk kap. 1406, 1408 og 1409 ut og vart erstatta med respektive kap. 1422, 1423 og 1424 som

inngår i programkategori 12.20 – klima, naturmangfald og forureining.

Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	216 323	216 419	280 455
21	Spesielle driftsutgifter	51 785	45 732	49 383
62	Den naturlege skulesekken	2 500	3 323	3 409
65	Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	10 000	10 290	
70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftelsar	57 705	59 233	
71	Internasjonale organisasjonar	42 497	48 509	74 633
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 000	4 116	4 231
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	41 428	53 305	59 098
79	Tilskot til kulturminneforvaltning	15 792	17 480	20 580
	Sum kap. 1400	442 030	458 407	491 789

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Klima- og miljødepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materi-

ell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT-utgifter dei største.

Det skal etablerast nye leigeavtaler for departementslokala frå 1. januar 2017. Dei nye leiekontraktane skal svare til det faktiske arealet som det enkelte departement og Departementas serviceorganisasjon vil disponere i 2017. Konsekvensen

av ny leigeavtale for departement er ein auke i løyvinga på kap. 1400 post 01 med 39,0 mill. kroner. Ein viser til nærare omtale under Kommunal- og moderniseringsdepartementets kap. 2445 Statsbygg. Posten blir og auka med 25,5 mill. kroner knytt til ny forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse (SPK) og auka lønns- og trygdeoppgjær.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på posten er auka med 3,7 mill. kroner. Det er mellom anna lagt inn 2 mill. kroner til forskningsbasert kunnskapsoppbygging om marine økosystem og reint hav, under dette midlar til gjennomføring av pilotprosjekt for å betre miljøtilstanden.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Løn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg først over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøforvaltningas ansvarsområde.

Klima- og miljøpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Klima- og miljødepartementet har nok ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere klima- og miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

Post 62 Den naturlege skulesekken

Midlane under posten er knytte til alle resultatområde bortsett frå Polarområda. *Den naturlege skulesekken* er eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Tiltaket er leia av Miljødirektoratet og Utdanningsdirektoratet, mens gjennomføringa skjer gjennom Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret). Til *Den naturlege skulesekken* er det i tillegg til tilskotet på denne posten foreslått eit budsjett på 2,333 mill. kroner under kap. 1400 post 21 og 2,3 mill. kroner under kap. 1400 post 76 slik at samla prosjektmidlar frå Klima- og miljødepartementet er 8,042 mill. kroner i 2017.

Mål

Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og frivillige miljø- og friluftorganisasjonar med faglege ressursar skulen har nytte av. Det støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket. Eit berande pedagogisk prinsipp er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I *Den naturlege skulesekken* er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet sentralt. Skular skal i samarbeid med aktørar i nærmiljøet utvikle undervisnings- og arbeidsmetodar som inneber at elevar og lærarar oppsøker miljø utanfor klasserommet og brukar desse miljøa regelbunde som læringsarena. Opplevingar og erfaringar skal elevane ta med seg tilbake til skulen for å arbeide vidare med dei. Målet er å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Kriterium for måloppnåing

Den naturlege skulesekken skal koordinere læringsressursar innanfor dei aktuelle områda, og skape eit profesjonelt nettverk av foreiningar og organisasjonar som driv skuleretta verksemd. Den naturlege skulesekken skal medverke til å utnytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena og bruk av ulike regionale og nasjonale ressursar, i tillegg til å medverke til å styrkje samfunnsfaglege og naturfaglege metodar.

Tildelingskriterium

Den enkelte skulen kan søkje på årleg utlyste utviklingsmidlar. Kriterium for å få tildelt støtte er at dei planlagde undervisningsopplegga skal nytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena, ha høg fagleg kvalitet og femne om 2 eller fleire fag. Minst eitt av desse faga skal vere naturfag eller samfunnsfag og skulane blir bedne om å samarbeide med ein ekstern aktør. Undervisningsopplegga skal ha som mål å utvikle elevane og læra-

rane si nyfrikne, kunnskapen deira om natur og samfunn, og medvit om berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på grunnleggjande dugleikar i læringsprosessane, og utforskande arbeidsmåtar (Forskarspiren) skal vere ein viktig måte å arbeide på.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk av Naturfagsenteret. Undervisningsopplegga blir vurderte for publisering på nettstaden www.natursekken.no slik at dei kan delast med andre. Det blir utarbeidd årlege rapportar om heile prosjektet frå Naturfagsenteret, og *Den naturlege skulesekken* blei evaluert hausten 2014.

Rapport 2015

I 2015 fekk 129 skular midlar til utvikling av undervisningsopplegg. Totalt har 538 skular gjennomført skuleprosjekt i *Den naturlege skulesekken* i perioden 2009–2015/16. Skulane som deltek, får pedagogisk rettleiing gjennom regionale nettverk ved høgskular og Naturfagsenteret. Naturfagsenteret arrangerer årleg ein nasjonal konferanse for deltakarskulane på hausten. I 2015 deltok 358 lærarar, skuleleiarar og lærarutdannarar.

I tillegg er det totalt 7 regionkontaktar som arrangerer to nettverksmøte i sin region årleg, med til saman 15 regionale samlingar rundt om i landet. Det er òg oppretta 8 lærarnettverk i regionane.

Post 65 Områdesatsing i byar, kan overførast

Siste år med løyving på posten var 2016.

Posten har finansiert Klima- og miljødepartementet sitt bidrag i Groruddalsatsinga, som var ei tiårig satsing i perioden 2007-2016. I 2015 inngikk staten og Oslo kommune avtale om ei ny Groruddalsatsing for ein ny 10-års periode frå 2017. Midlar til denne satsinga er lagt på kap. 1420 post 78 Friluftslivsformål.

Rapport 2015

Det var i 2015 løyva 10 mill. kroner frå posten til programområde 2 i Groruddalsatsinga som omfatta Alnaelva, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Midlane ble i 2015 brukt til ulike tiltak innafor opparbeiding av friluftslivsområder, til grøntområde og turveier, og til istandsetting av kulturminne.

Post 70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftelsar

Frå tilskotsåret 2017 vil forvaltninga av tilskotsposten bli lagt til Miljødirektoratet med utlysing i direktoratets søknadssenter. Midlane tilhøyrande ordninga er flytta til kap. 1420, ny post 80.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Løyvinga er foreslått auka med ca. 25 mill. kroner. Aukinga omfatar prisjustering og bidrag til oppfølging av REACH-regelverket på kjemikaliar.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følge av at Noreg har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt bidrag til FNs miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat får bidrag:

- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- FNs miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Interimssekretariat for konvensjonen om vern av våtmarker (Ramsar-konvensjonen)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonn-konvensjonen)
- Vassfuglavgifta under Bonnkonvensjonen (AEWA)
- Albatrossavtala under Bonnkonvensjonen (ACAP)
- Flaggermusavtala under Bonnkonvensjonen (EUROBATS)
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)

- Protokoll om genmodifiserte organismar (Cartagena-protokollen)
- Nagoya-protokollen under konvensjon om biologiske mangfald om tilgang til genressursar og ein rettferdig og likeverdig fordeling av fordelar som følgjer av bruken av slike ressursar.
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og leveområda deira (Bernkonvensjonen)
- FNs naturpanel (IPBES)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- FNs klimapanel (IPCC)
- FNs rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Protokoll som skal redusere utslepp av skadelige klimagassar (Kyoto-protokollen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnnavtala (oljeforureining)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP)
- Det europeiske overvakingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Konvensjon om persistente organiske sambindingar (Stockholm-konvensjonen)
- Konvensjon om notifikasjon og førehandssamtak ved eksport av kjemikaliar (Rotterdamkonvensjonen)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Konvensjonen om kvikksølv (interimfasen) (Minamata-konvensjonen)
- Oppfølging av REACH-regelverket på kjemikaliar
- Konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, deltaking i avgjerdsprosessar og høve til klage- og domstolsprøving på miljøområdet (Århuskonvensjonen)
- Protokoll om forureina utslepp og utsleppsregister under Århus-konvensjonen (PRTR)

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane, avtaler, konvensjonar, og sekretariata skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i partsmøte, generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga medverkar til å oppnå nasjonalt mål *Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal reduserast* under resultatområde Polarområda.

Mål

Dette er ei internasjonal forplikting Noreg har påteke seg, og målet med løyvinga er å sikre vidareføring av programmet for arktisk miljøovervaking (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftelsen AMAP.

Stiftelsen AMAP vart oppretta av Klima- og miljødepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under AEPS er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk råd. Miljøovervakingsprogrammet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

Rapport 2015

Det har vore stor aktivitet i AMAP-sekretariatet i 2015, med fortløpande oppfølging av oppgåver sette i gang av Arktisk råd. Oppgåvene er knytte til overvaking, vurderingar og samanstilling av informasjon om miljøpåverknad og klimaendringar i Arktis.

I 2015 har AMAP-sekretariatet brukt mykje tid og ressursar på å ferdigstille tre større vurderingar som blei overlevert ministermøte i Arktisk råd: helsesituasjonen for befolkninga i nord, radioaktivitet i arktiske område og organiske miljøgifter i nordområda. AMAP-sekretariatet koordinerer òg ein større studie om endringar i Arktis. AMAPs arbeid er viktig for å dokumentere tilstanden for det arktiske miljøet, og som grunnlag for tilrådingar om tiltak og som innspel til Stockholmkonvensjonen, Minamatakonvensjonen og dei globale klimaforhandlingane.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overføres

Midlane under denne posten gjeld alle resultatområda.

Mål

Posten skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter innan naturmangfald, klima og forureiningar, og nasjonale mål innanfor alle resultatområda.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på kva resultat regjeringa ønskjer å oppnå i det nasjonale miljøarbeidet og dei pliktene Noreg har teke på seg i det internasjonale miljøsam arbeidet. Alle midlane på posten er øyremerkte.

På det nasjonale området blir det i 2017 føreslått å gi tilskot til:

- «Den naturlege skulesekken» (2,3 mill. kroner).
- Framande arter (2 mill. kroner)
- Medverke til oppfølging av avfallsstrategien: tilskot til Matvett AS for deira arbeid med reduksjon av matsvinn (0,8 mill. kroner)
- Klimasmarte offentlege anskaffingar for å fremje det grønne skiftet, tilskot til nasjonalt program for leverandørutvikling (0,25 mill. kroner).
- IPCC 6. hovudrapport (3 mill. kroner)
- Pilotanlegg for biogass (16 mill. kroner), og følgjeforskning (4 mill. kroner), totalt 20 mill. kroner.
- Etter- og vidareutdanning (EVU) (1,5 mill. kroner).
- Nasjonalt senter for bærekraftig omstilling (0,5 mill. kroner)
- Naturmangfald (4,5 mill. kroner)

På det internasjonale området blir det i 2017 gitt tilskot til:

- Noregs bidrag til reduserte utslepp av kortleva klimadrivarar gjennom eit styrkt internasjonalt engasjement, støtte til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC) sitt arbeid (6,0 mill. kroner).
- Kontingent til *Climate Technology Initiative* (CTI) (0,125 mill. kroner)
- FN-organet Grid Arendal (4,5 mill. kroner)

- Sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna* (CAFF) (0,2 mill. kroner)
- ForUM for Utvikling og Miljø (0,45 mill. kroner)
- EUs strålevernsforskning (1 mill. kroner)
- Norsk Institutt for Luftforskning (NILU) (1,421 mill. kroner)
- Norsk institutt for vassforskning (NIVA) (0,45 mill. kroner)
- Meteorologiske institutt (0,3 mill. kroner)
- Reisestøtte i samband med internasjonale klima- og miljømøte (0,35 mill. kroner)
- 3,0 mill. kroner i samband med internasjonalt klimaarbeid der KLD har ei sentral rolle. (Støtte til konferansar, møte, seminar osv., tilskot til internasjonale organisasjonar osv.)
- 3,5 mill. kroner til arbeidet med biocid og andre internasjonale tiltak for betre regulering av miljøgifter
- Kapasitetsbygging for deltaking og rapportering i Parisavtala (CBIT) (3 mill. kroner.)

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskap frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Rapport 2015

Nasjonalt

Følgjande tilskot vart gitt i 2015 etter søknadsrunde:

Det er gitt støtte til matvett med å kartlegge og redusere matsvinn.

Som ei oppfølging av biogasstrategien vart 10 mill. kroner frå denne posten utbetalt til Innovasjon Noreg i 2015. Midlane vart lyste ut til pilotanlegg og følgjeforskning i tilknytning til pilotsatsinga.

2,3 mill. kroner av denne posten vart fordelt gjennom *Den naturlege skulesekken* til 22 lokale og landsdekkjande ikkje-statlege lag, organisasjonar og privatpersonar som har søkt om tilskot til tiltak eller prosjekt som støttar opp under grunnskulane (1.-10. trinn og Vg1) si planlegging og gjennomføring av fleirfaglege undervisningsopplegg i deira nærmiljø.

Naturvernforbundet fekk 75 000 kroner i 2015 for å gjennomføre fleire tiltak over heile landet for å auke kunnskapen om klimaendringar og spreie informasjon om korleis vi kan omstille oss for å redusere klimagasutslepp både globalt og lokalt. Naturvernforbundet bistod og inspirerte lokallaga i deira arbeid med klima lokalt i det viktige klimaåret 2015.

Bellona fekk 0,4 mill. kroner i tilskot til prosjektet BEST+. Prosjektet medverkar gjennom kunnskapsutvikling og informasjonsarbeid til å setje CCS høgare på den politiske agendaen i Europa.

Internasjonalt

På det internasjonale området er det gitt driftsstøtte til GRID-Arendal, ForUM for miljø og utvikling. Støtta til GRID-Arendal er eit generelt basis-tilskot til drifta, og utgjer knapt 10 pst. av GRIDs samla inntekter. GRIDs hovudformål er å yte tenester som styrkjer FN's miljøprogram (UNEP), gjennom utvikling, innhenting og bruk av vitenskapleg basert miljøinformasjon.

Klima- og miljødepartementet gav i 2015 8 mill. kroner i støtte til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC) sitt arbeid med å redusere utslepp av kortlevde klimaforureningar innan sektorar som avfall, olje- og gass, tungtrafikk og landbruk.

ForUMs verksemd i 2015 er i tråd med deira handlingsplan og omfattar sentrale saksområde for Klima- og miljødepartementet, bl.a. deltaking og innspel i tilknytning til klimaforhandlingane og FN's universelle berekraftsmål. ForUMs aktivitet på områda medverkar til å setje fokus på saksfelt av sentral betydning for Klima- og miljødepartementet. I 2015 gav Klima- og miljødepartementet 0,45 mill. kroner i driftsstøtte til ForUM.

Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF) er Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk biodiversitet. Klima- og miljødepartementet har gitt støtte til drifta av det internasjonale CAFF-sekretariatet i Akureyri på Island.

Vidare er det gitt tilskot til institutt som arbeider internasjonalt innanfor departementets resultatområde. Institutta har viktige internasjonale oppgåver og representerer Noreg i ulike samanhengar. Meteorologisk institutt har rolla som internasjonalt meteorologisenter under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining og Det europeiske samarbeidsprogrammet for overvaking og måling av luftforureiningar (EMEP)*. Tilskotet for 2015 er nytta til å vidareutvikle EMEP-modellen som vert nytta til å analysere spreiding, konsentrasjonar og avsetjingar av luftforureiningar. Slike modellanalysar vert nytta som grunnlag for forhandlingar om internasjonale avtaler om reduksjon i utslepp av luftforureiningar, til dømes *Gøteborgprotokollen*. Norsk institutt for luftforskning (NILU) arbeider som European Topic Centre on Air Quality and Climate Change Mitigation under The European Environment

Agency (EEA). Norsk institutt for vassforskning (NIVA) har ei tilsvarende rolle under EEA som European Topic Center for Water. Begge desse institutta er valde ut til arbeidet for EEA i konkurranse med liknande institutt i andre europeiske land. EEA har som føresetnad at institutta kan finansiere delar av kostnadane som Topic Centre nasjonalt. Tilskota frå Klima- og miljødepartementet dekkjer delar av kostnadene ved institutta sitt arbeid for EEA.

Noregs forskingsråd har fått tilskot til samarbeid med EU om strålevernforskning. Bidraget til EUs strålevernprogram sikrar norske forskarar tilgang på midlar og eit felles europeisk forskingsmiljø med fokus på verknaden av radioaktiv forureining av miljøet og grunnlag for å etablere rammeverk for vern av miljøet. Programmet fører saman nøkkelaktørar innan radioøkologisk forskning i Europa og har stor meirverdi for norske aktørar og den kunnskapsbaserte statsforvaltninga.

Det er utbetalt kontingent til Climate Technology Initiativ, som mellom anna stimulerer til bruk av betre klimateknologiar i utviklingsland.

Midlane til internasjonale tiltak på miljøgifter og biocid vart i 2015 utbetalt til REACH-regelverket på kjemikalier.

Det vart gitt reisestønad til ulike organisasjonar for deltaking i møte mellom anna i dei internasjonale klimaforhandlingane, og støtte/tilskot til konferansar, møte, seminar, og internasjonale organisasjonar i samband med internasjonalt klimaarbeid der KLD har ei sentral rolle.

Post 79 Tilskot til kulturminneforvaltning, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på kulturminneområdet, jf. resultatområde 2 Kulturminne og kulturmiljø.

Posten omfattar fleire kulturminnetiltak, mellom anna:

- Norges internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen blir ført vidare frå hausten 2016, som ei 6-årig samarbeidsavtale mellom Klima- og miljødepartementet og Unescos rådgivande organ IUCN og Iccrom. Samarbeidet er organisert som eit programsamarbeid - «World Heritage Leadership – A new capacity building programme of Iccrom and IUCN»- og byggjer vidare på pilotsamarbeidet som vart gjennomført i 2015/2016.

Oppfølging av norske verdsarvsenter: som del av den langsiktige målsetjinga om å utvikle verdsarvsenter ved alle dei norske verdsar-

vområda, er det etablert autoriserte verdsarvsenter i Alta, på Vega og i Geiranger. Autorisasjonsordninga er bygd på same prinsipp som for naturinformasjonssentra. Klima- og miljødepartementet vil i løpet av hausten 2016 ferdigstille ein plan som skal leggje grunnlaget for den vidare prioriteringa i arbeidet med å etablere nye senter ved dei andre fem norske verdsarvområda. I 2017 blir det lagt til rette for autorisasjon av to nye senter. Oppfølging av ein prosess som er sett i gang for utvikling av ei felles basisutstilling ved verdsarvsentra inngår òg i formålet.

- Bygg og Bevar er eit samarbeid med Byggenæringas Landsforbund (BNL); ein nettbasert portal/møteplass mellom det offentlege, næringslivet og dei private eigarane. Dette er eit lågterskeltilbod for alle eigarar som treng informasjon om istandsetjing og vedlikehald av eldre bygningar. Prosjektet blir ført vidare i ein 5-årsperiode frå 1.1.2016.
- Den globale oppvarminga fører til at isen i høgfjellsområda gradvis smeltar. Frå 2011 har eit brearkeologisk sikringsprogram, under leiding av Kulturarveininga ved Oppland fylkeskommune, berga arkeologiske funn frå isen. Det brearkeologiske sikringsprogrammet i Oppland har sidan 2006 samla inn meir enn 2000 funn frå 50 funnstader, noe som utgjer meir enn halvparten av funna globalt, og meir enn 85 pst. nasjonalt. Dei arkeologiske funna frå isen gir eit sjeldan blikk inn i ei fortidsverd. Nasjonale og internasjonale klimaaktørar samarbeider rundt koplinga mellom funna og klima i fortid og notid.

Mål

Medverke til måloppnåing på kulturminneområdet.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om kulturminnetiltak som tek imot tilskot frå post 79.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet 2.

20,58 mill. kroner blir fordelte til følgjande tiltak:

- Verdsarv-Unesco (4,275 mill. kroner)
- Verdsarvsenter (12,225 mill. kroner)
- Foreininga Freda (0,214 mill. kroner)
- Bygg og Bevar (3 mill. kroner)
- Arbeid med brearkeologisk sikringsarbeid i Oppland (0,466 mill. kroner)
- Kulturminnedagen (0,4 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2015

- Følgjande tiltak fekk tilskot i 2015: Den internasjonale verdsarv, kapasitets- og kompetansebyggingsaktivitetar i regi av Unescos rådgivande organ IUCN og Iccrom som oppfølging av Noregs internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen, verdsarvsenter, (Vega, Vestnorsk fjordlandskap og Alta) og tilskot til Basisutstilling. I tillegg fekk følgjande tiltak tilskot i 2015: Foreininga Freda, Etter- og vidareutdanning (EVU), Bygg og Bevar, Klimapark 2469 og Kulturminnedagen.

Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
02	Ymse inntekter	56	407	418
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	2 020	1 673	1 720
	Sum kap. 4400	2 076	2 080	2 138

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter, blant anna avgift for parkering på området til Klima- og miljødepartementet. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Posten er auka i tråd med venta inntekter.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 1,720 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1406 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter	4 471		
	Sum kap. 1406	4 471		

Kap. 1406 er nedlagt frå 2016 og flytta til kap. 1422 under programkategori 12.20.

Kap. 1408 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	9 238		
	Sum kap. 1408	9 238		

Kap. 1408 er nedlagt frå 2016 og flytta til kap. 1423 under programkategori 12.20.

Kap. 1409 MAREANO

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	27 654		
	Sum kap. 1409	27 654		

Kap. 1409 er nedlagt frå 2016 og flytta til kap. 1424 under programkategori 12.20.

Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Miljøovervaking og miljødata	198 056	221 713	228 933
50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	167 484	184 844	178 734
51	Forskningsprogram m.m.	200 375	196 973	272 488
53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	6 753	6 705	6 672
54	Artsprosjektet m.m.	29 820	29 971	30 656
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	42 700	47 170	48 141
72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	11 900	11 900	11 900
73	Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta	12 433	9 433	9 433
	Sum kap. 1410	669 521	708 709	786 957

Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking gjeld forskningsprogram, basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda. Kap. 1410 syner ein auke på 78,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2016.

Klima- og miljøpolitikken skal vere kunnskapsbasert. Kunnskapen blir bygd opp gjennom forskning, kartlegging, overvaking, miljøstatistikk og ulike former for rapportering. Grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata er òg ein føresetnad for god miljøpolitikk.

Kunnskap om klima og miljø er i aukande grad ein viktig føresetnad for avgjerder som blir fatta på mange samfunnsområde. For å kunne ta omsyn til viktige miljøverdiane er det naudsynt å ha stadfesta informasjon om arter, naturtypar, kulturminne og landskap, og andre forhold som kan ha innverknad på miljøverdiane.

Vidare treng vi kunnskap om korleis miljøtilstanden utviklar seg. For å kunne seie noko om dette, treng vi overvakingsdata over lang tid, slik at vi får lange tidsseriar. Miljøovervakinga må derfor vere langsiktig, stabil og føreseieleg. Vi treng òg overvaking av viktige påverknadsfaktorar som har påverknad på miljøet.

Miljøforskninga medverkar til å avdekkje og avklare nye problemstillingar, men er samstundes eit viktig supplement og korrektiv til miljøovervakinga. Forsking er nødvendig for å sikre best moglege metodar for innsamling av overvakingsdata, og overvakingsdata (inkl. lange tidsseriar) er eit viktig grunnlag for mykje av forsking. Kompetansen i forskingsmiljøa er sentral når overvakingsresultat skal tolkast.

Miljøforskninga har stor nytte av det kunnskapstilfanget som kjem fram gjennom overvaking. Overvakingsdata gir forskarar høve til å analysere utviklingstrendar i miljøet, då dei same me-

todane er nytta over lange tidsperiodar. Forsking med utgangspunkt i slike data har derfor stor verdi for miljøforvaltninga.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøpolitiske resultatområda, under dette utgifter til å dokumentere resultat og til behandling og forvaltning av data. Posten dekkjer òg formidling av informasjon om miljøtilstanden, blant anna utvikling og drift av Miljøstatus.no.

Posten dekkjer overvaking av forureiningar og farlege kjemikaliar, det tverrsektorielle nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, kvalitetssikring av data frå det kommunale kartleggingsprogrammet, bestandsovervaking av rovvilt, sjøfuglprogrammet SEAPOP (inkludert SEATRACK), overvaking av arter, og overvaking av naturtypar, mellom anna taeskog. Vidare dekkjer posten arbeid med etablering av det økologiske grunnkartet. Dette arbeidet er omtalt under Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald under programkategori 12.20.

Midlane blir nytta til å få fram kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit viktig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøpolitikk. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingssystem. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjonen må overvakingssystema derfor gå over fleire år. Dette gjeld først og fremst område der det er naudsynt med god kunnskap som grunnlag for tiltak og politikktvikling for å nå nasjonale mål

Finansiering av nokre av dei lange tidsseriene er lagt på kap. 1410 post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta fordi det er ei sentral nasjonal oppgåve å sikre viktige overvakingssystem for forskning.

Posten er auka med 7,2 mill. kroner. Det er lagt inn 3 mill. kroner i bidrag til ein nasjonal digital høgdemodell i eit samarbeid med andre departement og leia av Kommunal og moderniseringsdepartementet. Det er òg lagt inn 3 mill. kroner til forskningsbasert kunnskapsoppbygging om marine økosystem og reint hav. Vidare er posten auka med 2 mill. kroner til overvaking i Tanavassdraget, 0,7 mill. kroner til Statens Strålevern i korleksjon av tidlegare uttrekk i samband med meirverdiavgiftsreforma og 0,4 mill. kroner til styrka SEATRACK-arbeid. I tillegg er det lagt inn 0,8 mill. kroner i samband med endra budsjettering av premiebetaling til Statens pensjonskasse. Frå posten er det flytta 1,6 mill. kroner til kap. 1420 post 77 til driftstilskot for Standard Noreg. Samstundes er posten redusert med 1,1 mill. kroner knytt til avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Rapport 2015

Pengane på posten gjekk i 2015 til ei rekkje ulike overvakingssystem, som er langsiktige og som dekkjer ulike miljøtema som naturmangfald, klima, forureining og miljøgifter, samt kulturminner. Overvakinga vert koordinert av direktorata, og resultatata vert rapportert til departementet. Lange tidsseriar og data frå miljøovervakinga inngår i nasjonale miljøindikatorar og vert formidla på Miljøstatus og direktorata sine nettsider. Resultata frå overvakinga vert og publisert gjennom fagrapportar som vert gitt ut av de institutta og forskningsmiljøa som gjennomfører overvakinga. Miljødirektoratet koordinerer overvaking som gjeld overvaking av natur, klima og forureining. Dette omfattar overvaking av ferskvatn og kystvatn. Polarinstituttet koordinerer polarforskning, og Statens Strålevern koordinerer overvaking knytt til radioaktivitet. Riksantikvaren koordinerer overvaking av kulturminner og kulturmiljø. Kvar av etatane rapporterer også til departementet på dei miljødata dei har ansvar for. Både rapportering på overvaking og miljødata blir rapportert årleg til departementet, og elles presentert på Miljøstatus.no.

Relevante overvakingssystemdata frå naturovervaking inngår i produksjonen av Naturindeks for Noreg, som er ein hovudindikator for det nasjonale målet om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenner. Overvakingssystemdata vert oppdatert kvart år, medan ein samla oppdatering av heile naturindeksen skjer kvart femte år. Oppdaterte data inngår i naturindeks for Noreg 2015, som vart lansert hausten 2015.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Løyvinga er redusert med 6,11 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2016. Det er lagt inn ei prisjustering på 5,15 mill. kroner, og teke ut 0,9 mill. kroner som del av ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. 1. januar 2016 vart Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) slått saman med Høgskulen i Oslo og Akershus (HiOA). Grunnløyvinga til NIBR var i 2016 10,34 mill. kroner, og desse midlane er rammeoverført til Kunnskapsdepartementet som har ansvar for HiOAs rammeløyving over kap. 260 post 50.

Posten dekkjer grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

I 2017 vil 10 pst. av grunnløyvinga bli omfordelt etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular (avlagte doktorgrader og bistillingar), internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center), Transportøkonomisk institutt (TØI) og Uni Research, som alle er sentrale institutt innanfor sine område av miljøforskninga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøforvaltninga, og skal innanfor sine område tilfredsstille samfunnet sitt behov for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Norsk forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskningsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av miljøforvaltnings kunnskapsbehov.

Rapport 2015

Midlane på posten vart nytta til å dekkje grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

Post 51 Forskningsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innanfor alle resultatområde. Midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd.

Mål for miljøforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøarbeid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøforskninga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjerder i politikktutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøsamarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning om klimaendringar og klimaomstilling, under dette forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Marin forskning og forskning om biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioritert. Klima- og miljødepartementet ønskjer å sikre at også dei mindre fagområda får naudsynt prioritet i både det nasjonale og det internasjonale arbeidet. Det blir framleis arbeid for å betre integreringa av miljøforskning i alle relevante delar av verksemda til Noregs forskingsråd.

Løyvinga er auka med 75,5 mill. kroner, ved ein auke på 71,5 mill. kroner til forskning på lågut-sleppssamfunnet, og ein auke på 5 mill. kroner til forskning på marine økosystem og reint hav. Posten er redusert med 1 mill. kroner som del av ei avbyråkratisering- og effektiviseringsreform.

Auken på 71,5 mill. kroner går til å styrkje forskingsinnsatsen som kan støtte oppunder arbeidet med å oppfylle norske klimamål fram mot 2030. Satsinga skal fremje kunnskap om korleis vi kan få til lågut-sleppsutvikling i Noreg, med særleg fokus på ikkje kvotepliktige utsleppssektorar, der transport og landbruk er dei største. Satsinga vil bli innretta med sikte på å mobilisere deltaking frå næringslivet. Satsinga skal støtte oppunder det langsiktige arbeidet for utsleppskutt og Noregs klimamål, men vil òg fremje omstilling i norsk økonomi og grøn konkurransekraft.

Løyvinga blir òg brukt til å finansiere delar av administrasjonsutgiftene i Forskningsrådet knytte

til ordninga. For nærare omtale av finansieringa av administrasjonsutgiftene i Noregs forskingsråd viser ein til Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon, kap. 285 post 55.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøforvaltninga valde inn i programstyra.

Mål for Noregs forskingsråd

Regjeringa har fastsett nye mål for Forskringsrådet som gjeld frå 2015. Måla er:

- auka vitskapeleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit vel fungerande forskingssystem
- god rådgiving

Kunnskapsdepartementet held fram arbeidet med å utvikle styringssystemet for Forskringsrådet i samarbeid med dei andre departementa og Forskringsrådet. Styringssystemet er nærare omtalt i Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon for 2017.

Rapport 2015

I 2015 vart løyvinga nytta til finansiering av forskingsprogramma Miljø2015, Havet og kysten, Klimaforsk, Energix, Miljøpåverknader og helse, Polarforskningsprogrammet og Program for romforskning.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Posten er på omlag same nivå som saldert budsjett 2016.

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd, som tek hand om den norske medlemskapen.

Post 54 Artsprosjektet m.v.

Posten er på omlag same nivå som saldert budsjett 2016.

Mål

Det norske Artsprosjektet vart etablert i 2009. Det finst truleg rundt 55 000 arter i Noreg. Så langt er nærare 44 000 av desse beskrivne. For svært mange av desse artene har vi likevel mangelfull grunnleggjande kunnskap. Samtidig er det eit sterkt behov for å styrkje den generelle kunnskapen om arter (biosystematikk). Artsprosjektet vart oppretta for å fylle desse kunnskapshola og å byggje opp vitskapeleg kompetanse slik at vi i framtida er betre rusta til å kartleggje artsmangfaldet vårt. Artsdatabanken er ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet og samarbeider nært med det svenske Artprosjektet ved ei bilateral samarbeidsavtale underteikna hausten 2009.

Oppfølging og kontroll

Mandatet for Artsprosjektet er vedteke av Klima- og miljødepartementet. Artsdatabanken har ansvaret for gjennomføringa av Artsprosjektet, og Artsprosjektet får årleg budsjett- og styringssignal av departementet via Miljødirektoratet. Artsdatabanken er ansvarleg for å rapportere planar, budsjettforslag og årsrapportar til Klima- og miljødepartementet, og for å halde departementet fortløpande orientert om arbeidet.

Rapport 2015

Artsprosjektet har i 2015 medverka til å byggje opp kompetanse og etablere ein nasjonal infrastruktur for DNA-strekkoding i Noreg, gjennom støtte til forskarskulen i biosystematikk og nettverket Norwegian Barcode for Life.

Hovudfokuset i Artsprosjektet er kartlegging av arter, og prosjektet lyste også i 2015 ut tilskotmidlar til dette, i tillegg til at det støtta 32 pågåande kartleggingsprosjekt som fekk tilskot i utlysingar i tidlegare år (2011–2014). Totalt blei det fordelt 16802 mill. kroner i støtte til ni nye prosjekt for perioden 2016–2019.

I 2015 vart det lyst ut tilskot til nettverkstiltak som workshops, seminar og konferansar. Totalt vart det fordelt 300 000 kroner i stønad til tre nettverkstiltak for perioden 2015–2016.

Forskarskulen i biosystematikk (ForBio) er eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom dei fire naturhistoriske universitetsmusea i Noreg, og er fi-

nansierte gjennom støtte frå Klima- og miljødepartementet (Artsprosjektet) og Kunnskapsdepartementet (NFR/UNI-MUSEER). I 2015 vart det halde 6 kurs med internasjonale forskarar.

Artsprosjektet medverkar til oppbygginga av eit globalt referansebibliotek, med DNA-strekko- dar for artar frå Noreg. Rundt 50 prosent av alt materiale som er sendt inn til DNA-strekkoding frå Noreg i 2015, og totalt nærare 6000 artar i referansebiblioteket, har opphav frå kartlegginga i Artsprosjektet. I 2015 har det vore arrangert eit symposium med tema Biodiversitet og DNA-strekkoding i samarbeid med Norwegian Barcode of Life. Symposiet samla nærmare 100 deltakarar frå Noreg, Sverige, Canada, Finland, Tsjekkia og Storbritannia.

Artsprosjektet har i 2015 medverka til å halde Artsnamnebasen oppdatert på taksonomi og namn på nye artar som er funne i Noreg. Artsnamnebasen er eit online namneregister og primærkjelda for norske arters taksonomi og nomenklatur. Fire prosjekt fekk i 2015 tilskot til arbeid knytt til vitskapelege og/eller norske namn i namneregisteret.

Artsprosjektet har i 2015 lyst ut tilskotsmidlar til å gjere kvalitetssikra artsinformasjon i form av tekst, bestemmingsnøklar, bilete og film tilgjengelege i Arter på nett. Totalt vart det fordelt 1 894 000 kroner i støtte til seks prosjekt for perioden 2015–2016. Ved utgangen av 2015 inneheldt Arter på nett informasjon om ca. 1 850 artar.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Posten er auka med 1 mill. kroner. Av dette skal 0,6 mill. kroner gå til Miljøprøvebanken ved CIENS og 0,4 mill. kroner til dei lange overvakingstidsseriane ved NILU, NINA og NIVA.

Mål

Målet er å syte for at Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for Vassforskning (NIVA) og Bioforsk har ressursar til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, kvalitetssikring av data, vidareføring av viktige lange overvakingstidsseriar, og etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar m.m.

Løyvinga inkluderer 5,2 mill. kroner til driftsstøtte for luftmålestasjon til NILU på Zeppelinfjellet ved Ny-Ålesund.

Det ligg òg inne 4,6 mill. kroner i driftsstøtte til Forskingssenter for miljø og samfunn (CIENS) som har ansvar for å drifte Miljøprøvebanken. Vidare ligg det 1,1 mill. kroner til Senter for klimaforskning (Cicero), og midlar til nasjonale lakseoppgåver ved NINA.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at institutta drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med relevante etatar og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåvene.

Rapport 2015

I 2015 vart løyvinga mellom anna nytta til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ, databasetenester, oppretthalde algesamling som nasjonal referansesamling, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av ville laksebestandar, nasjonal beredskap for konservering av kulturhistorisk viktige gjenstandar, driftsstøtte for målestasjonen på Zeppelinfjellet, Ny-Ålesund, referanselaboratorium for målingar av luftforureining og atmosfærisk korrosjon, og til vidareføring av viktige lange overvakingstidsseriar.

Post 72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik

Løyvinga på posten er uendra i høve til 2016.

Mål

Løyvinga skal sikre utviklinga av GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at instituttet drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet. Det

blir motteke rapport og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med instituttet for å drøfte prioriteringar.

Rapport 2015

I 2015 var løyvinga nytta til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, mellom anna i form av rapportar til Miljødirektoratet i samband med GMO-høyringar, rådgiving om genmodifiserte vaksinar, og til forskingsprosjekt for å utvikle vidare kunnskapsgrunnlaget for vurdering av helse- og miljøkonsekvensar av genmodifiserte organismar. Dette er prosjekt innan mikro- og molekylærbiologi, immunepidemiologi og økologi, virologi, økotoksikologi og økosystem, og samfunnsvitskapelege aspekt ved moderne bio- og nanoteknologi.

Post 73 Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta

Mål

Løyvinga skal støtte naudsynte infrastrukturtiltak ved miljøinstitutta Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for Vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret

(NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center), Uni Research klima og miljø og Transportøkonomisk institutt (TØI).

Av løyvinga skal 3 mill. kroner gå til å støtte drift av Norsk institutt for naturforskings forskingsstasjon på Ims som blir nytta til overvaking av villaks.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for bruken av infrastrukturtiltaka i samband med drøftingane av dei nasjonale oppgåvene.

Rapport 2015

I 2015 vart løyvinga mellom anna nytta til maskinvare for utrekning av klimaprosessar og lagring av vitskapelege data, geofysiske undersøkingsmetodar i arkeologisk forskning, kopling av klimadata til den nasjonale reisevaneundersøkinga, storskala infrastruktur for forskning på interaksjonar land-sjø, vitskapelege databasar og datainfrastruktur, og delfinansiering av basisdrift ved Birkenesobservatoriet.

Programkategori 12.20 Klima, naturmangfold og forureining

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld resultatområde Naturmangfold, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Programkategorien omfattar verksemda til Miljødirektoratet, og noko av verksemda til Sjøfartsdirektoratet, Strålevernet og Kartverket (Mareano).

Løyvinga går til arbeidet med klima, til å ta vare på naturmangfoldet, bekjempe forureining og leggje til rette for friluftsliv.

Miljødirektoratet er det sentrale rådgivande og utøvande fagorganet innan klima. Dette gjeld mellom anna arbeidet med klimatilpassing, klimarekneskapan, overvaking av klimaendringane og koordinering av alle prosessar knytte til arbeidet i FN's klimapanel.

Innanfor naturmangfold er arbeidet med å sikre god tilstand i økosystema, sikring av truga natur og å sikre eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar prioritert.

Forureiningspolitikken skal verne det ytre miljøet slik at forureining ikkje skader naturen si evne til produksjon og sjølfornyng. Den skal sikre at forureining ikkje fører til helseskade på menneske eller dårleg trivsel.

Som ledd i arbeidet for å nå målet om effektivisering i statleg forvaltning foreslår regjeringa å redusere kap.1420, post 01 med 30 mill. kroner. Som

følgje av dette vil bemanninga i Miljødirektoratet bli redusert.

Nedbemanninga vil skje ved ytterlegare effektivisering av drift, redusert arbeid med formidling av miljøinformasjon og forenkling av arbeidet med heilskapeleg vassforvaltning når første planperiode no er gjennomført. Regjeringa legg stor vekt på å gjennomføre politikken på naturmangfold slik den er presentert i Meld. St. 14 (2015–2016), men det blir lagt opp til effektivisering og redusert aktivitet på enkeltområde innan naturforvaltning. Dette gjelder arbeid med verneområde, vilt (unnateke rovilt), villaks og allereie vedtatte prioriterte artar og utvalte naturtypar. Miljødirektoratets organisatoriske grep for å styrke arbeidet med havforvaltning knytt til samanslåinga gir grunnlag for ein viss ressurseffektivisering på dette området. Med gjennomføringa av EU sitt kjemikalierregelverk er betydninga av det norske Produktregisteret redusert. Regjeringa vil difor vurdere å forenkle kjemikalieforvaltninga gjennom avvikling av Produktregisteret.

Regjeringa mener at naturrettleiing er ei oppgåve som private aktørar i stor grad kan gjennomføre, og vil difor redusere naturrettleiing i regi av Statens naturoppsyn. Gjennom innretninga på midlane til besøkssentre under kap. 1420, post 85 vil regjeringa leggje til rette for at sentra i større grad får mulighet til å tilby naturrettleiing som del av sine tenester.

Resultatområde

Tabell 7.1 Resultatområde under programkategori 12.20

Resultatområdet	Nasjonale mål
Naturmangfold	<ul style="list-style-type: none"> – Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. – Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtypar skal betrast. – Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> – Friluftslivets posisjon skal sikrast og viderutviklast gjennom ivararetaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle. – Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Tabell 7.1 Resultatområde under programkategori 12.20

Resultatområdet	Nasjonale mål
Forureining	<ul style="list-style-type: none"> – Forureining skal ikkje skade helse og miljø. – Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast. – Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting. – Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft: <ul style="list-style-type: none"> – Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³ – Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³ – Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³ – Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.
Klima	<ul style="list-style-type: none"> – Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. – Noreg skal vere karbonnøytralt i 2030. – Noreg har på vilkår tatt på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990. – Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarende 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. – Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling. – Samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald* inneheld regjeringas politikk for korleis vi skal nå dei nasjonale måla for naturmangfald. Meldinga blir innleia med eit kapittel om globale drivkrefter og rammevilkår for naturmangfald i Noreg og internasjonalt. Så følgjer den nasjonale politikken for å ta vare på naturmangfald, jf. dei nasjonale måla. Meldinga omtaler òg særskilt politikk for å sikre ein kunnskapsbasert forvaltning, og kommunanes rolle for å sikre naturverdiar.

Stortinget behandla meldinga i mai 2016, og ga sin tilslutning til hovudgrepa for å ivareta naturmangfald. I tillegg gjorde Stortinget 14 vedtak som styrkjer regjeringas politikk. Mellom anna blei fleirtalet på Stortinget, inkludert regjeringspartia, einige om eit langsiktig mål for skogvern på 10 pst.

Dei viktigaste tiltaka i 2017 for å følgje opp meldinga og Stortinget sine vedtak er omtalte under.

Internasjonalt samarbeid for å ta vare på naturmangfaldet

Tap av naturmangfald må sjåast i eit globalt og nasjonalt perspektiv. Noreg samarbeider med andre land, direkte og med ulike konvensjonar, for å stoppe tapet av naturmangfald.

Internasjonalt arbeid for å styrkje gjennomføringa av FNs berekraftsmål er ei prioritert oppgåve. I 2017 vil Klima- og miljødepartementet følgje opp vedtaka frå fleire ministermøte i 2016, blant anna FNs miljøforsamling (UNEA-2), IUCN-kongressen og partsmøte i CBD og CITES.

Ein vil frå norsk side prioritere å følgje opp vedtak knytt til arbeidet med tiltak mot marin forøpling, miljøkriminalitet og økosystembasert forbygging- og miljøtilpassing. Styrking av det faglege kunnskapsgrunnlaget for politikikutvikling på miljøområdet vil framleis vere høgt prioritert. Noreg vil medverke aktivt til det tredje møtet i FNs miljøforsamling (UNEA-3) hausten 2017.

Gjennomføringa av Aichi-måla under Konvensjonen om biologisk mangfald har ei klar kopling til gjennomføringa av berekraftsmåla til FN. Rapportering frå fagleg arbeid syner at arbeidet må intensiverast for å nå måla. Delmål 15.8 om å førebygge og avgrense framande artar er rekna som

spesielt utfordrande for Noreg, og vil vere eit prioritert område.

CBD arbeider med å utvikle ein mekanisme for landgjennomgang for gjennomføring av den strategiske planen under konvensjonen om biologisk mangfald. I 2016 vart det utvikla ein metodikk, og Noreg vil medverke i ein testfase i 2017.

Noreg vil medverke til det internasjonale arbeidet med å utvikle og teste miljøøkonomiske standardar og metodar for å beskrive og verdsetje naturkapitalen. Dette arbeidet vil leggje grunnlaget for at styresmakter og privat sektor ikkje lengre kan oversjå verdiane som naturmangfald og økosystemtenester gir. Det vil òg bli lagt til rette slik at norsk næringsliv blir stimulert til å delta i europeisk og internasjonalt samarbeid for å ivareta naturmangfald.

Generalforsamlinga til FN har vedteke å setje i gang forhandlingar om ei ny folkerettsleg avtale om vern og berekraftig bruk av marint naturmangfald utanfor nasjonal jurisdiksjon. Den nye avtala skal utfylle havrettskonvensjonen for tilgang til og fordelinga av fordelane frå marine genetiske ressursar, bruk av marine verneområde og konsekvensutgreingar. Ein førebuande prosess er sett i gang, og ein førebuande komité skal komme med ei tilråding om element til ei ny avtale til Generalforsamlinga innan utgangen av 2017.

Bernkonvensjonen har vedteke å etablere eit nettverk av område der arter og naturtypar skal vernast mot skadelege tiltak, og der nødvendig skjøtsel skal utførast, såkalla Emerald Network-område. Ein tek sikte på innmelding av område i november 2016, i samband med partsmøtet i Bernkonvensjonen. Dei områda som blir innmelde er allereie etablerte som verneområde etter naturmangfaldlova kap. V, og dei gjeldande verneforskriftene vil normalt vere tilstrekkelege for å regulere aktivitet.

Miljødirektoratet har sendt på høyring utkast til ny forskrift om gjennomføring av CITES-konvensjonen. Ny forskrift vil mellom anna gi fleire moglegheiter for sanksjonar og høgare strafferamme (tidlegare inntil 6 månader, nå inntil 3 år). Forslag om at reglane skal gjelde også innanlands, gjer regelverket meir effektivt i høve til eksemplar som er førte over grensa utan å bli stoppa. Vidare kan norske styresmakter nekte innførsel når det er tvil om eit eksemplar er lovleg erverva eller om handel med arten er berekraftig. Høyringsfristen er 1. juli 2016, og regjeringa tek sikte på at ny forskrift trer i kraft frå 1. januar 2017.

Under Bonnkonvensjonen om trekkande arter har Noregs initiativ og arbeid med vern av dverg-gås hatt stor betydning internasjonalt. Om lag 20

land er no involverte i dette arbeidet. Noreg vil delta på Bonnkonvensjonens neste partsmøte i oktober 2017.

Regjeringa vil arbeide for minimering av miljøkriminalitet og for eit breiare fokus internasjonalt på miljøkriminalitet, slik at også handel med kjemikalier og avfall og fiskerikriminalitet blir rekna med. Samarbeidet med INTERPOL og andre aktuelle aktørar vil bli styrkt, og det vil bli arbeidd for ei heilskapeleg tilnærming ved straffefølgjing og oppfordra til samarbeid med tollvesenet, arbeidstilsynet o.l.

Naturpanelet (IPBES, International Panel on Biodiversity and Ecosystem Services) la fram sine første kunnskapsrapportar om høvesvis «Pollinering og matproduksjon» og «Bruk av scenario modellering i politikktutviklingen på naturmangfoldområdet» i 2016. Basert på kunnskap frå desse rapportane vil regjeringa lage ein nasjonal strategi for villbier og andre pollinatorar. Strategien vil bli utarbeidd av Landbruks- og matdepartementet i samarbeid med blant anna Klima og miljødepartementet. I 2017 vil ein arbeide med regionale utgreingar, og utarbeide ein spesialrapport om restaurering som er venta å bli ferdig i 2018. Gjennom støtteordninga for kapasitetsbygging lokalisert i Miljødirektoratet i Trondheim har Noreg blitt part i eit viktig verdsomspennande nettverk av kunnskapsinstitusjonar og ekspertar innan naturmangfald og økosystemtenester.

Konvensjonen om bevaring av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren (OSPAR) har som strategisk mål å innan 2020 stanse og forhindre vidare tap av naturmangfald og å beskytte og ta vare på økosystem. I 2017 vil OSPAR publisere ei midtvegsvurdering av miljøstatus og påverknader som er basert på eit sett med felles indikatorar. Noreg medverker med tilgjengelege data og informasjon, blant anna basert på våre forvaltningsplanar for havområda. I 2017 vil ein følgje opp OSPARs arbeid med å beskytte truga og sårbare arter.

Berekraftig bruk og god tilstand i økosystema

God tilstand i naturen er avgjerande for naturen sin kapasitet til å levere økosystemtenester av grunnleggjande betydning for samfunnet. Ein berekraftig naturforvaltning sikrar at summen av all aktivitet eller bruk skjer på ein måte som fører til at norske økosystem i størst mogleg grad held god tilstand over tid. Internasjonalt ser ein at forringa miljøtilstand fører til konflikhtar og migrasjon. Regjeringa vil i 2017 setje i verk fleire tiltak for å nå eller oppretthalde god økologisk tilstand i økosystema.

Det er eit nasjonalt mål at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Det er ei utfordring å følgje opp dette målet så lenge det – med unntak for økosystema i kyst og ferskvatn og delvis havområda – ikkje er etablert konkrete kriterium for økologisk tilstand eller mål for tilstand i dei ulike økosystema. Regjeringa har derfor i tråd med Stortingets vedtak nr. 669 av 23. mai 2016 sett i gang eit arbeid for å definere «god økologisk tilstand», basert på kriterium som er vitenskaplege og som kan etterprøvast. Hausten 2016 vart det oppretta eit ekspertråd for økologisk tilstand som skal foreslå naturvitenskaplege indikatorar og kriterium for økologisk tilstand i dei norske økosystema (med unntak for dei som fell under oppfølging av vassforskrifta). Ekspertrådet skal etter planen vere ferdig med sitt arbeid innan sommaren 2017. Regjeringa vil innan utgangen av 2017 fastsetje mål for tilstand som ein skal oppretthalde eller nå i norske økosystem. I arbeidet med mål for tilstand blir omsynet til naturverdiar på vanleg måte vurdert opp mot andre viktige samfunnsinteresser slik at det kan fastsetjast mål som samla sett er det beste for samfunnet. Ein tek sikte på at ei forvaltning basert på definerte mål for økologisk tilstand i dei ulike økosystema er etablerte innan 2020. Som del av dette arbeidet vil Regjeringa vurdere om, og eventuelt korleis, forvaltningsmåla bør fastsetjast som kvalitetsnormar etter naturmangfaldlova §13 i tråd med Stortingets vedtak nr. 670 av 23. mai 2016.

Det finst ikkje noko systematisk oversikt over forringa økosystem i Noreg i dag, med unntak for vassførekomstar. Spørsmålet om kva som blir vurdert som forringa økosystem, og omfanget av dette, må sjåast i samanheng med at Regjeringa vil klargjere kva som er god tilstand i økosystema. Regjeringa vil bruke dette som grunnlag for å prioritere aktuelle restaureringstiltak med sikte på at 15 pst. av dei forringa økosystema er restaurerte innan 2025, i tråd med Stortingets vedtak nr. 669 av 23. mai 2016.

Regjeringa vil i tråd med Stortingets vedtak nr. 675 av 23. mai 2016 utarbeide ei eiga kvalitetsnorm for myr. Arbeidet må sjåast i samaheng med arbeidet for å klargjere kva som er god tilstand i økosystema og fastsetjing av forvaltningsmål. Arbeidet med utgreiinga om økosystemtenester i våtmark skal etter planen slutførast i 2017. Regjeringa vil leggje dette og anna kunnskapsgrunnlag til grunn for eit forslag til kvalitetsnorm for myr.

Økologiske samanhengar og korridorar i naturen er avgjerande for å oppretthalde naturmangfaldet. Arter er avhengige av samanhengande el-

ler nærliggande leveområde for å kunne flytte seg, utveksle genar og overleve i eit langsiktig perspektiv. Døme på viktige økologiske korridorar er grøne område i byar og tettstader, vatn, vassdrag og elvemunningar, trekkvegar for vilt og migrasjons- eller passasjeruter for marine arter. Med klimaendringane vil slike økologiske korridorar spele ei endå viktigare rolle. Regjeringa set hausten 2016 i gang eit forprosjekt for å greie ut behovet for å ta betre vare på økologiske samanhengar, og korleis dette kan gjerast. I verneområde hender det at tiltak av vesentleg samfunnsinteresse blir vurderte som viktigare enn omsynet til verneverdiane i området. Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) opnar for at ein då kan krevje at «tiltakshavar må bære rimelige kostnader ved å ta omsyn til, opprette eller utvikle eit tilsvarande naturområde». Dette blir kalla økologisk kompensasjon, og ein skal berre nytte det dersom det ikkje er mogleg å unngå inngrepet og at avbøtande tiltak og restaurering ikkje er vurdert som tilstrekkelege for å hindre tap av viktig naturmangfald. Økologisk kompensasjon kan også nyttast for utvalte naturtypar. Regjeringa vil i 2017 utarbeide kriterium for økologisk kompensasjon.

Rovviltforvaltning

Rovviltforvaltninga skal nå bestandsmåla for rovvilt, ha låge tap av beitedyr tekne av rovvilt og lågast mogleg konfliktnivå. Det skal gis realistiske lisensfellingkvotar, som skal setjast i verk så langt råd er. Alle forvaltningstyresmakter i rovviltforvaltninga skal ha høg beredskap og tett oppfølging med beitenæringa slik at vi så langt det er mogleg sikrar at uttak av rovvilt som gjer skade blir gjennomført i prioriterte beiteområde.

Regjeringa vil halde fram med aktiv dialog med rovviltnemndene. Nemndene skal arbeide for ei meir tydeleg soneinndeling mellom prioriterte beiteområde og prioriterte rovviltområde, jf. den todelte målsetjinga. Det følgjer av Stortingets samrøystes rovviltforlik i 2011 at ein i prioriterte rovviltområde må gjere nødvendige tilpassingar i landbruksnæringa til rovviltførekomsten. Regjeringa meiner skiljet mellom område prioriterte til beite og område prioriterte til rovvilt må praktiserast på ein meir tydeleg måte. Auka beitebruk med sau i rovviltprioriterte område skal ikkje stimulerast. For å medverke til ei tydelegare soneforvaltning skal midlar til førebyggjande og konfliktdepande tiltak under kap. 1420 post 73 normalt prioriterast slik at det blir fokusert på besetningar som ikkje medverker til auka tal på beitedyr i rovviltprioriterte om-

råde. På same måte skal nyetablert beitebruk med sau i rovviltprioriterte område prioriterast lågt.

I tråd med rovdyrforliket frå 2011 er det gjennomført ei evaluering av den regionale rovviltforvaltninga og dei regionale bestandsmåla. I tillegg er det gjennomført ein gjennomgang av konsekvensane rovviltbestandane har for norsk landbruk. Regjeringa vil på bakgrunn av desse to evalueringane vurdere om det er behov for endringar i den regionale forvaltningsmodellen.

Eit nytt forslag til risikobasert erstatningsordning for tamrein teken av rovvilt er på alminneleg høyring. Regjeringa tek sikte på å innføre ny erstatningsordning frå reindriftsåret 2017/2018.

Regjeringa vil i tråd med Stortingets behandling av stortingsmeldinga om ulv i norsk natur greie ut moglege økonomiske ordningar for tap av eventuelle rettar eller belastningar innanfor ulvesona. Regjeringa skal òg greie ut og leggje fram ei sak som vurderer moglege ordningar for midlar til kommunar med ynglingar innanfor ulvesona. Vidare vil regjeringa vurdere å tillate lik jakttid i og utanfor ulvesona. Regjeringa vil òg vurdere korleis ei uavhengig utgreiing av det genetiske opphavet til ulvestamma i Noreg kan gjennomførast.

Både Statens naturoppsyn og fleire fylkesmenn trenar opp ekvipasjar til sporing av bjørn, og nokre av desse har òg vist gode resultat med sporing av ulv. Regjeringa vil vurdere om det er behov for ytterligare tiltak for å lære opp eit mindre tal hundar som sporar ulv, slik at dei kan vere tilgjengelege for fellingsoppdrag over eit større område.

I dag er det forbod mot å nytte laus på drevet halsande hund i samband med felling av ulv. Regjeringa vil sjå på erfaringar frå Sverige med slike hundar ved felling av ulv. Dette som eit første steg i ei vurdering av om bruk av slike hundar kan bli eit aktuelt verkemiddel i samband med lisensfelling og skadefelling av ulv i Noreg.

Fylkesmannen har tidlegare rettleia kommunane i korleis ein kan drive god elgforvaltning med ulv i terrenget. I dag er dette underlagt fylkeskommunens ansvarsområde. Regjeringa vil vurdere å styrkje samarbeidet med jegerinteresser om informasjon og rettleiing om forvaltning av elgbestandar for rettshavarar og jegerar i yngleområde for ulv.

Tal viser at nesten halvparten av alle jerveskadane skjer etter 1. september, meir enn 80 pst. av skadane blir påviste etter 1. august. Å sanke sau tidlegare frå utmarksbeite i område der jerven har prioritet kan medverke til å redusere tapa betydeleg. Rovviltnemndene er bedne om å arbeide vidare med førebyggjande tiltak, og saman med bei-

tenæringa søke å finne gode løysingar. Regjeringa vil fortløpande følgje opp dette arbeidet.

Heilskapleg vassforvaltning

Vassforvaltningsplanane for perioden 2016–2021 blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i 2016, og tiltak i tråd med planane skal setjast i verk innan utgangen av 2018 for å nå måla på vassforvaltningsområdet i løpet av 2021. Planane skal leggjast til grunn for sektorane si gjennomføring av tiltak innafor eige ansvarsområde. Tiltaka i planane krev at sektorane, fylkesmenn, vassregi-onmynde og vassområda medverkar i arbeidet.

Samstundes med start i gjennomføring av tiltaka i vassforvaltningsplanane for perioden 2016–2021, startar arbeidet med å utvikle planar for planperioden 2022–2027. Dette arbeidet vil vere nært knytt til gjennomføringa av planane for perioden 2016–2021, og dei allereie godkjende miljømåla og tiltaka i desse planane.

Ein føresetnad for gode resultat både i oppfølging av vassforvaltningsplanane for perioden 2016–2021 og utarbeiding av nye planar for perioden 2022–2027, er betring av kunnskapen om tilstanden i vassførekomstane. Regjeringa vil halde fram med å utvide overvåkingsnettet for elvar, innsjøar og grunnvatn. Overvakinga av kystvatn vil òg bli utvida.

Det er sett i gang ein prosess med å evaluere vassforvaltningsarbeidet. På grunnlag av denne evalueringa vil ein vurdere om det er nødvendig å gjere endringar i vassforskrifta og organiseringa av arbeidet med å følgje opp vassdirektivet.

Heilskapleg forvaltning av havområda

Verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i havet. Dei heilskaplege forvaltningsplanane er regjeringas verktøy for å samordne berekraftig bruk og skjerming av dei marine økosystema i dei norske havområda. Formålet med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystem i havområda, og samtidig halde ved lag struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald i økosystema.

Regjeringa har sett igang arbeidet med melding til Stortinget om oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, med sikte på framlegging våren 2017. Meldinga vil byggje på fagleg grunnlag frå Fagleg forum og Overvåkingsgruppa om miljøtilstand, næringsaktivitetar og verdiskaping i Norskehavet. Eit tema i meldinga vil vere å etable-

rere eit meir føreseieleg system for revidering og oppdatering av forvaltningsplanane, jf. Stortingets oppmodingsvedtak nr. 672 av 23. mai 2016 om å revidere dei heilskaplege og økosystembaserte forvaltningsplanane for havområda våre kvart tolvte år, og oppdatere dei kvart fjerde år. Regjeringa vil i 2020 leggje fram ei melding til Stortinget om revidering av forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten. Arbeidet med det faglege grunnlaget for revideringa er starta opp.

Kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO, og overvåkingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP, har gitt betydeleg ny kunnskap om marin natur, og begge programma vil bli førte vidare i 2017. SEATRACK er ein modul i SEAPOP som på kort tid gir svært mykje ny kunnskap med stor betydning for forvaltninga av sjøfugl. SEATRACK blir ført vidare i 2017. Mange sjøfuglbestandar har vist ein dramatisk nedgang. Regjeringa tek sikte på å utarbeide ein handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar.

Klimaendringar og havforsuring er av dei største utfordringane vi står overfor i forvaltninga av havmiljøet i tida framover. For å skaffe nødvendig kunnskap om effektane av forsuring på enkeltarter, i næringskjeda og på økosystema vil den langsiktige overvakinga bli halden ved lag.

Regjeringa vil halde fram med oppbygging av kunnskap om havet sine økosystem gjennom styrkt forskingsinnsats. Det er kunnskapsbehov mellom anna knytt til endringar slik som nedgang i sjøfuglbestandar og sukkertareskog. Det er òg behov for forskning knytt til forvaltningstiltak for å styrkje naturlege bestandar og auke potensialet for hausting, slik som marine verneområde og bevaringsområde for hummar og kysttorsk.

Tiltak mot framande organismar

Som oppfølging av naturmangfaldmeldinga vil det bli utarbeidd ein samla tiltaksplan for kampen mot skadelege framande organismar. Den tverrsektorielle nasjonale strategien skal vidareførast. Det vil bli utarbeidd handlingsplanar mot enkeltarter, i tillegg til at eksisterande handlingsplanar blir vidareførte.

Regjeringa vil vurdere forenkling i saksbehandlinga for bruk av utanlandske treslag til produksjon av juletre. Dette blir i dag regulert av forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål. Ein skal også vurdere om denne forskrifta har fungert i tråd med føremålet til forskrifta, og om det er behov for endringar i forskrift og praktisering. Regjeringa vil revidere ballastvannforskriften i tilknytning til ikrafttreddelsen av

den internasjonale ballastvann-konvensjonen i 2017.

Forvaltning av vill laksefisk

Tiltaka mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vil bli ført vidare i tråd med faglege tilrådingar. Fiskeperrera i Driva skal etter planen vere bygd ferdig før fiskesesongen 2017. Avhengig av resultatet av behandlinga i 2016, kan det vere aktuelt med ei tredje behandling i Skibotnvassdraget i 2017. Reetablering av fiskestammene i regionane Rauma, Lærdal, Vefsn og Rana vil halde fram. Det vil bli arbeidd vidare med metodar for om mogleg å utrydde parasitten i Drammensvassdraget.

Det er enno ikkje klart om ei ny avtale med Finland om fisket i Tanavassdraget vil vere på plass frå 2017. Vassdraget vil likevel bli via brei merksemd, mellom anna gjennom styrkt overvaking av laksebestandane. Statens naturoppsyn har sett i gang auka oppsyn på riksgrensestrekninga i Tanavassdraget, og dette oppsynet vil bli ført vidare i 2017.

Samarbeidet med Russland om forvaltning av laksestammene i Finnmark og i Murmanskregionen vil halde fram i tråd med ei eiga samarbeidsavtale.

Kalking av vassdrag som er ramma av forsuring vil halde fram i tråd med handlingsplan. Kunnskapen om bestandane av storaure vil bli oppdatert. Ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vil bli evaluert i løpet av 2017.

Arbeidet med klassifisering av laksestammar etter kvalitetsnorma for villaks vil bli ført vidare. Resultatet av klassifiseringa, og anna oppdatert kunnskap, vil bli lagt til grunn for utarbeiding av ein tiltaksplan for vill laksefisk i 2017.

Naturinformasjonssentra og verdiskaping

Regjeringa vil halde fram med arbeidet skissert i handlingsplan for naturinformasjonssentra (2016–2020). Handlingsplanen legg mellom anna vekt på at sentra skal utvikle seg til å bli endå betre på å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar, medverke i lokalsamfunna, vidareutvikle ein tydeleg profil og informasjon i tråd med ny merkevarestrategi og besøksforvaltning og utvikle sterke fagmiljø saman med andre, til dømes forskarar, forvaltarar og bedrifter som driv med naturbasert reiseliv.

Arbeidet med å implementere den nye merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparkane og dei andre verneområda vil halde fram i 2017. Ved å gi nasjonalparkane ein meir tydeleg

identitet og sikre heilskapleg informasjon om nasjonalparkane sine verdiar og attraksjonar legg ein grunnlaget for at fleire vil bruke nasjonalparkane, og at den lokale verdiskapinga kan auke samtidig som naturverdiane i parkane blir sikra. Naturinformasjonssenter som har ein publikumsretta del, blir ved innføring av merkevestrategien profilert som besøkssenter.

Bevaring av naturmangfald som klimatililtak

Regjeringa vil gjennom rettleiing til kommunar og fylkeskommunar, bl.a. på Miljøkommune.no, stimulere til å integrere naturleg flaumdemping ved å ta vare på og restaurere elvebreidder, våtmarker og kantsoner i arealplanlegginga.

Norske myrer lagrar minst 950 millionar tonn karbon. Regjeringa vil i 2017 halde fram med restaurering av myr og anna våtmark som klima- og naturmangfaldtiltak i tråd med planen for perioden 2016–2020, utarbeidd av Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet.

For å lykkast i arbeidet mot klimaendringar er det i aukande grad nødvendig å satse på økosystembaserte løysingar på alle nivå. Robuste og tilpascningsdyktige økosystem er samfunnet si forsikring mot klimaendringar og naturkatastrofar. I tillegg til å styrkje forvaltning av økosystem er òg arbeid med restaurering av forringa system sentralt. Kunnskap om dei lokale økosystema og deira betydning for urfolk og lokalsamfunn vil vere ein grunnleggjande premiss for å lykkast i slikt arbeid.

Regjeringa har sett i gang ei vurdering av konsekvensane av utfasing av bruken av torv, og vil leggje denne vurderinga til grunn for sitt vidare arbeid med torv og utvikling av meir klima- og miljøvennlege alternativ til torv som strukturmiddel i hagejord og veksthus.

Genmodifiserte organismar (GMO) nasjonalt og internasjonalt

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å forenkle og effektivisere behandlingsrutinane for GMO. Dette er naudsynt i samanheng med den planlagde innlemminga av EU-forordning 1829/2003 om genmodifisert mat og fôr. Når forordninga er teken inn i norsk rett, må styresmaktene behandle langt fleire saker enn i dag. Regjeringas arbeid med nye rutinar for behandling er òg eit ledd i å følgje opp Stortinget sitt oppmodingsvedtak nr. 507 (2014–2015), der Stortinget ber regjeringa om å sikre ei saksbehandling som inneber at Noreg

avklarar om det skal leggjast ned forbod *før* ein GMO eventuelt blir lovleg å omsetje i Noreg.

Under Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er Noreg aktivt med for å utvikle Cartagena-protokollen om GMO. Dette gjeld både rettleiing for sosioøkonomiske vurderingar og miljørisikovurderingar.

Genressursar

Regjeringa vil halde fram med arbeidet med å gjennomføre Nagoya-protokollen i norsk rett ved å peike ut sjekkpunkt for bruk av utanlandsk genetisk materiale i Noreg. Regjeringa vil òg slutføre forskrift om tradisjonell kunnskap knytt til genetisk materiale, og vurdere ei forskrift om tilgang til genetisk materiale i Noreg.

Prioriterte arter

Å gi arter status som prioriterte arter etter naturmangfaldlova er eit viktig verkemiddel for å ta vare på truga arter. Staten har eigne ordningar for tilskot til skjøtsel og andre tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene. I tråd med Stortingets innstilling til naturmangfaldmeldinga vil regjeringa i 2017 starte arbeidet med å gjennomføre ei vurdering av om nye arter skal bli prioriterte etter naturmangfaldlova.

I tråd med Stortingets vedtak til naturmangfaldmeldinga vil det i 2017 bli sett i gang arbeid med ein handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar. I handlingsplanen vil det bli vurdert om nokre av sjøfuglartene kan vere aktuelle for status som prioritert art.

Miljøkvalitetsnorm

I tråd med Stortingets vedtak til naturmangfaldmeldinga vil det i 2017 bli utarbeidd ein miljøkvalitetsnorm for villrein. Ein tilsvarande kvalitetsnorm vil bli vurdert for fleire arter. Ein kvalitetsnorm skal konkretisere og operasjonalisere forvaltningsmålet, vise kva for tiltak som påverkar arten positivt og negativt, kva for kunnskap vi har og kva for kunnskap vi manglar.

Utvalde naturtypar

Naturmangfaldmeldinga inneheld ein strategi for kva slag naturtypar som bør få status som utvald naturtype. Miljødirektoratet vil få i oppdrag å lage faggrunnlag for utvalde naturtypar i tråd med denne strategien.

For å følgje opp Stortingets vedtak til naturmangfaldmeldinga om å vidareutvikle ordninga med utvalde kulturlandskap med sikte på å auke talet på område fram mot 2020 blir det viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for nye utvalde kulturlandskap.

Representativ bevaring av norsk natur

Det er eit nasjonalt mål at eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar. Dette inneber både sektorvirkemiddel som sikar langsiktig bevaring av naturverdiane og tradisjonelt vern av norsk natur mellom anna gjennom skogvern, marint vern og supplerende verneplanar der det er naudsynt for å dekke manglar i eksisterande vern.

Sikring av verdiane i verneområda

God forvaltning av dei verna områda er ein føresetnad for å sikre naturverdiane og områda sin funksjon som leveområde for planter og dyr, og områda sin betyding for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane no og i framtida. Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert, og ha god lokal forankring. Gjennom si deltaking i nasjonalpark- og verneområdestyra forvaltar kommunane om lag 80 pst. av det verna arealet i Noreg. Dei kommunane som ønskjer det, har òg fått delegert mynde til å forvalte dei små verneområda. Mesteparten av det verna arealet i landet har derfor ei lokal forankring. Der det er naudsynt skal verneområde ha skjøtsels- og forvaltningsplanar som gir konkrete forvaltnings- eller bevaringsmål for området og retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. I dei store verneområda, spesielt i nasjonalparkane, skal forvaltningsplanane òg integrere mogleheita for naturbasert verdiskaping i form av reiseliv og turisme. Den nye besøks- og merkvarerestrategien for nasjonalparkane skal integrerast i dei forvaltningsplanane der det er aktuelt.

Dei fleste eldre Ramsarområda har no ein ferdig forvaltningsplan, eller ein slik plan er under arbeid. Arbeidet med å utarbeide forvaltningsplanar for Ramsarområda som vart melde inn til Ramsarkonvensjonen i perioden 2011–2013, vil halde fram i 2017.

Skogvern

Regjeringa legg til grunn eit mål om vern av 10 pst. av skogarealet ved vern av offentleg eigd

skog og frivillig vern av privateid skog, jf. Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) «Natur for livet» (Innst. 294 S (2015–2016)). Dette målet vil vere langsiktig.

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med skogvern, hovudsakeleg gjennom vern av offentlig eigde skogområde og frivillig vern av eit stort tal privateigde skogområde. Det vil i 2017 bli slutført ei evaluering av skogvernet. Evalueringa vil gi grunnlag for å planleggje framtidens skogvern slik at det kan medverke effektivt til det nasjonale målet om å bevare eit representativt utval av norsk natur og til det nasjonale målet om å bevare arter og naturtypar.

Miljødirektoratet har fått i oppdrag å følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak om at det blir gjort ein gjennomgang av Statskog SFs ordinære skogeigedommar med sikte på vern av aktuelle skogeigedommar. Dette arbeidet må sjåast i lys av det nye målet om vern av 10 prosent av skogarealet.

Miljødirektoratet vil i 2017 følgje opp Statskog sitt sal av eigedommar ved å bruke forkjøpsretten på areal som er viktige for vern eller make-skifte. Framdrifta i arbeidet med skogvern på statsgrunn som involverer allmenningsstyre og fjellstyre har ikkje vore slik ein la til grunn i fleire proposisjonar til Stortinget. Miljødirektoratet har vurdert korleis framdrifta i dette arbeidet kan betrast. Erfaringane frå perioden 2008–2014 viser at frivillig vern på statsallmenning i liten grad har ført fram, og direktoratet viser til at det ikkje er motteke tilbod frå fjellstyre eller frå allmenningar som er oppretta etter lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane. Dette vil bli følgt opp i 2017.

I samarbeid med skogeigarorganisasjonane vil det bli etablert betre prosedyrar slik at viktige, verneverdige skogområde raskt kan bli vurderte for frivillig vern når naturverdiane er truga av skogbrukstiltak. Dette kan til dømes gjelde skog med stor del nøkkelbiotopar og større samanhengande skogareal med naturmangfald som er knytt til område med få tekniske inngrep.

I dei store lågtliggjande skogsområda på Austlandet er det få skogsområde som er verna. Her vil ein etablere nye naturreservat, også større område.

For å ytterlegare medverke til eit kostnadseffektivt skogvern med høg fagleg kvalitet vil det bli sett i gang ei kartlegging for å skaffe oversikt over kor dei viktigaste skogareala er, under dette også kartlegging av eldre skog som potensielt kan vere aktuell for vern. Regionar og skogstypar som manglar i skogvernet vil bli prioriterte i kartleggingsarbeidet.

Marint vern

Marint vern skal medverke til at eit utval av representative, særleine, sårbare eller truga marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar blir tekne vare på for framtida. I arbeidet med marine verneområde går det føre seg verneprosessar i ulike stadium for 15 av dei attverande 33 områda som er foreslått som marine verneområde. I 2017 vil det bli arbeidd vidare med etablering av nye marine verneområde. Det er lagt vekt på gode verneprosessar lokalt, blant anna med utarbeiding av forvaltningsplan for nokre av verneområda parallelt med sjølv verneprosessen. Regjeringa vil følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 668 av 23. mai 2016 om å utarbeide ein plan for marine verneområde, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Arbeid med supplerande verneplanar og andre verneplanprosessar som er i gang

Som ei oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* vil arbeidet med supplerande vern starte. Det er aktuelt med supplerande vern av naturtypar, særleg i lågareliggjande område, som er mindre godt representerte i dei eksisterande verneområda. Arbeidet med supplerande vern vil skje gjennom fylkesvise supplerande verneplanar. Desse verneplanane vil kunne innehalde framlegg om nytt vern innafor alle vernekategoriar; både naturreservat, biotopvern, landskapsvernområde og nasjonalparker. For å sikre ei god og berekraftig forvaltning av nasjonalparkane i eit langsiktig perspektiv, er det naudsynt med lokalpolitisk semje i dei kommunane det gjeld, før ein startar dei omfattande prosessane som er naudsynte for å etablere nye nasjonalparker. Eksisterande Færder nasjonalpark, og nasjonalparker på Lofotodden, Raet og Jomfruland som no er under etablering, er gode døme på etablering av nasjonalparker som byggjer på lokalpolitisk semje.

Som ei oppfølging av Stortingets vedtak i 1999 om å opprette Regionfelt Austlandet og kompensere dette med restaurering og vern av naturverdiane på Dovrefjell, er det starta verneplanprosess for å utvide Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark som eit ledd i tilbakeføring av Hjerkinns skytefelt til naturleg tilstand.

Som ei oppfølging av St. meld. nr. 37 (2000–2001) Om Vasskrafta og kraftbalansen skulle ein vurdere naturområda i Saltfjellet-Svartisenområdet på nytt med tanke på å sikre naturverdiane gjennom vern etter naturmangfaldlova. Verne-

planprosessen starta i 2008, og ein tek sikte på å utvide Saltfjellet Svartisen nasjonalpark i 2017.

Ein kunnskapsbasert forvaltning

Det er regjeringas politikk at forvaltninga av natur skal vere kunnskapsbasert. Gode avgjerder som tek vare på natur, føreset at god, tilstrekkeleg og tverrfagleg kunnskap er tilgjengeleg for avgjerdestakar og allmenta, og at kunnskapen blir brukt. Dette vil regjeringa i 2017 særleg sikre gjennom arbeid med auka naturkartlegging og etablering av det økologiske grunnkartet. Deltaking i internasjonale kunnskapsprosessar på miljøområdet som Klimapanelet (IPPC), Naturpanelet (IPBES) og den 6. globale miljøevalueringa (GEO 6) medverkar med viktig kunnskap til utvikling av norsk miljøforvaltning.

Betre kunnskap om naturmangfald – det økologiske grunnkartet

God og oppdatert kunnskap om natur er avgjerande for å sikre god planlegging og gode og heilskapelege løysingar. Om slik kunnskap er tilgjengeleg tidleg i prosessen, vil det bli langt enklare å ta omsyn til viktige naturverdiar. Eit godt kunnskapsgrunnlag kan derfor virke konfliktdepande. God kunnskap gir også meir føreseielege og effektive prosessar når viktige avgjerder skal takast, ved at det blir mindre behov for tidkrevjande og supplerande innsamling av kunnskap. Til dømes gjeld dette for planprosessar, samferdselsprosjekt og energiprojekt.

Det økologiske grunnkartet omfattar kartfesta økologisk miljøinformasjon. Eit økologisk grunnkart er ikkje eit spesifikt kart, men ei samling kartlag som gir kunnskap om kor naturtypar og arter finst i landet, og kartlag over miljøvariablar som seier noko om føresetnaden for at naturtypar og arter finst på gitte stader. Hovudelementa i eit økologisk grunnkart for Noreg er kartfesting av forvaltningsprioriterte naturtypar og arter med særleg vekt på arter av nasjonal forvaltningsinteresse, og landskapstypar.

Arbeidet med det økologiske grunnkartet vil i tråd med Stortingets vedtak nr. 678 av 23. mai 2016 bli styrkt i 2017, og ein vil særleg prioritere å etablere eit overordna system for naturtypekartlegging etter Natur i Noreg (NiN) og verdsetjing av naturtypane. Naturtypar som er truga, viktige for mange arter eller er dårleg kartlagt vil bli prioriterte. Vidare vil område der kartlegging gir stor samfunnsnytte, mellom anna område med stor aktivitet og stort utbyggingspress, og område der

ein reknar med at klimaendringane fører til raske endringar, bli prioriterte.

Regjeringa vil i tråd med Stortingets vedtak nr. 679 av 23. mai 2016 syte for at svartelista over framande skadelege organismar og raudlistene over truga arter og naturtypar blir oppdatert fortløpande slik at alle artsgrupper og naturtypar blir gjennomgått kvart femte år. Det er Artsdatabanken som gjennom sitt mandat har i ansvar for å fastsetje raudlistestatus for norske arter og naturtypar, publisere Nasjonale raudlister for arter og naturtypar og oppdatere desse, og å vurdere økologisk risiko knytt til arter som ikkje høyrer naturleg heime i Noreg (framande arter) og å føre oversikt over slike arter som er påviste i Noreg. Artsdatabanken ligg under Kunnskapsdepartementet.

Miljødirektoratet har i 2016 nedsett eit breitt samansett ekspertpanel som skal lage ei utgreiing om naturgode(økosystemtenester) frå våtmarker. Utgreiinga skal baserast på eksisterande kunnskap, og vil bruke den same metoden som vert brukt i det internasjonale Naturpanelet (IPBES). Ekspertpanelet vil i 2017 leggje fram ei nasjonal økosystemutgreiing.

Lokale og regionale styresmakter sitt ansvar

Gjennom plan- og bygningslova har kommunane eit svært viktig verktøy for å ta vare på natur. Likevel er det betydeleg variasjon i kor godt naturgrunnlaget er innarbeidd kommunale planar.

God miljøkompetanse og tilstrekkeleg kapasitet i kommunane er ein viktig føresetnad for ei utvikling som er berekraftig for miljøet. Miljødirektoratet, Riksantikvaren, fylkesmennene og fylkeskommunane har viktige formidlingsoppgåver knytte til kommunal og regional planlegging innanfor miljøfeltet og skal gjere kommunane kjende med viktige nasjonale og regionale miljøinteresser.

Ved å vere tydeleg, skal moglege konflikthar identifiserast og løysast tidlegare, slik at ein i størst mogeleg grad kan unngå motsegn. Dette gir òg grunnlag for at lokaldemokratiet kan utøvast på ein måte som er berekraftig innanfor ramma av den nasjonale miljøpolitikken.

Pilotprosjekt med kommunedelplanar for naturmangfald

Arealendringar er den viktigaste påverknaden for naturmangfald i Noreg i dag. Det er derfor ei særskilt utfordring å sikre ei arealplanlegging der påverknad på naturmangfaldet blir sett i samanheng for større område og fleire tiltak. Kommuneplanens arealdel er ein sentral del av kommunens

langsiktige plangrunnlag, og skal vise samanhengen mellom samfunnsutvikling og framtidig arealbruk, mellom anna korleis viktige naturområde blir tekne omsyn til. Identifisering av viktige naturverdiar og samanhengen mellom dei ulike areala er ei kompleks oppgåve som krev ein heilskapleg analyse. Slike analysar er krevjande å gjennomføre som ein integrert del av arbeidet med kommuneplanen, noko som fører til at naturmangfald blir teke vare på i varierende grad i arbeidet med kommuneplanar. Det skal derfor leggast betre til rette for at kommunane på eit tidleg stadium i førebuingane til kommuneplanarbeidet, tileignar seg oversikt over naturmangfald i kommunen og identifiserer naturverdiar som kommunen spesielt vil ta vare på. Regjeringa har i 2016 sett i gang eit frivillig pilotprosjekt for å prøve ut bruk av kommunedelplanar som verktøy for å ta vare på naturmangfald. Pilotprosjektet skal først vidare i 2017. I etterkant skal prosjektet evaluerast.

Pilotprosjektet skal òg medverke til ei meir effektiv arealplanlegging der konflikthar blir løyste så tidleg som mogeleg i prosessen. Vidare vil krava til planprosess som følgje av plan- og bygningslova medverke til å styrkje lokaldemokratiet gjennom medverknad frå kommunen sine innbyggjarar, interesseorganisasjonar, næringsliv og andre. Kommunane vil gjennom arbeid med kommunedelplan for naturmangfald supplere statens arbeid med å verdsetje og ta vare på natur og medverke til eit kompetanseløft på naturmangfald i kommunane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for friluftsliv

Stortingsmelding om friluftsliv

Regjeringa la i mars 2016 fram ei ny stortingsmelding om friluftsliv. Meldinga omfattar ei rekkje tiltak og føringar innanfor stimulering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av område for friluftsliv. Gjennom meldinga vil regjeringa medverke til at endå fleire utøver friluftsliv jamleg, og får oppleve friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet.

Regjeringa vil prioritere friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle kan delta. Meldinga understrekar at det er viktig å ta vare på og leggje til rette grøntområde inne i byar og tettstader, og å ivareta markaområde og andre friluftsområde rundt byane og tettstadene.

Regjeringa foreslår i meldinga å gjere endringar i friluftslova og i verneforskrifter, for å leggje til rette for nyare ferdselsformer innanfor friluftsliv.

Meldinga inneheld òg blant anna tiltak og føringar for å ta vare på større samanhengande areal for friluftsliv i fjellområde med stort utbyg-

gingspress, og føringar og tiltak for å ivareta og betre høvet til friluftsliv ved kysten.

Det er foreslått at barn og unge framleis skal vere prioriterte målgrupper i friluftslivspolitikken, i tillegg til personar som er lite fysisk aktive og personar med innvandrarakgrunn.

Sikring, ivaretaking og tilrettelegging av friluftslivsområde

Arbeidet med å sikre nye område for friluftsliv, anten ved kjøp eller gjennom avtaler om varig bruksrett, vil bli ført vidare. I dette ligg òg å føre vidare arbeidet med å omdisponere ulike typar statseigedom til friluftslivsformål. Område som kan nyttast av mange, blant anna strandsonerområde, område ved innlandsvassdrag og område for fritidsfiske, er prioriterte i sikringsarbeidet. Regjeringa vil setje i gang arbeid med å gå gjennom teltingsforbod på dei statleg sikra friluftslivsområda, med sikte på å fjerne forbod som det ikkje lenger er behov for.

I 2017 vil arbeidet med formidling av resultatane frå Miljødirektoratets nærmiljø-satsing bli prioritert. Blant annet vil Miljødirektoratet arrangere fylkessamlingar for kommunar og friluftsråd for å formidle resultatane frå satsinga.

Regjeringa vil vurdere om Skjergardstenestas oppgåver kan utvidast innanfor gjeldande driftsområde og driftsrammer. Regjeringa vil òg setje i gang arbeid med å utvikle nytt rettleiingsmaterieil for heilskapleg planlegging og tilrettelegging av ferdselsårer.

Prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde vil halde fram. Målet er at alle kommunar i landet har kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde i løpet av 2018. Hovudmålet med prosjektet er å unngå at viktige friluftslivsområde blir bygde ned eller forringa på annan måte på grunn av mangel på kunnskap om områda sin verdi for friluftsliv.

Stimulering til friluftsliv

Friluftsliv er eit viktig verkemiddel i folkehelsearbeidet, og ein viktig del av norsk kulturarv og nasjonale identitet. Koplinga mellom fysisk aktivitet og naturoppleving er ei viktig kjelde til livskvalitet og helse for svært mange menneske.

Arbeidet med å samordne innsats og verkemiddel frå ulike sektorar innanfor friluftsliv, vil bli vidareført. Ei slik samordning gir større effekt av dei enkelte verkemidla og av dei enkelte sektorane sin innsats innanfor feltet.

Stortingsmeldinga om friluftsliv legg vekt på verdien av hausting i friluftslivet. I samarbeid med

organisasjonane vil det bli samordna eit læringsopplegg om haustingstradisjonar for bruk i skulen.

Regjeringa inngjekk i 2015 eit samarbeid med Oslo kommune om ei vidareføring av Groruddals-satsinga for 10 nye år fra 2017. Nærmiljø er eitt av tre prioriterte innsatsområde i satsinga, der friluftsliv og grøntområde vil vere eit sentralt element. Den vidareførte Groruddalssatsinga vil gi kunnskap om metodar og verkemiddel for å auke delta-king i friluftsliv i nærmiljøet. Dette vil både gi positive verknader i Groruddalen og gi kunnskap som kan brukast andre stader i landet for å auke den fysiske aktiviteten i nærmiljøet gjennom friluftsliv.

Regjeringa vil styrkje arbeidet med å inkludere personar med innvandrarakgrunn i friluftsliv, og vil i 2017 blant anna øymerke midlar til drift av prosjektet «Integrering gjennom friluftsliv» i regi av Norsk Friluftsliv.

Regjeringa vil frå 2017 øymerke midlar til eit nystarta prosjekt i regi av Den Norske Turistforeining om friluftsliv for personar med funksjonsnedsetjingar. Det er viktig for regjeringa at alle får høve til å oppleve friluftsliv.

Allemannsretten

Regjeringa vil verne om allemannsretten. Ein del av dette arbeidet inneber å leggje til rette for nye friluftslivsaktivitetar.

Terrensykling er den nye friluftslivsforma som har størst oppslutning. I mange nasjonalpark- og landskapsvernforskrifter er sykling avgrensa til nokre få konkrete trasear som er utpeikte i forvaltningsplanen. Regjeringa foreslår derfor i friluftslivsmeldinga at det i utgangspunktet skal bli tillate å sykle på eksisterande vegar, stigar og køyrespor i nasjonalparkane og i landskapsvernområda, og at verneforskriftene blir endra i tråd med dette.

Friluftsløva legg rammer for kor og korleis det kan drivast med friluftsliv. I medhald av friluftsløva er det for eksempel ikke tillate å sykle utanfor veg og sti i utmark, bortsett frå på fjellet, der dette er tillate. Regjeringa foreslår i friluftslivsmeldinga å gjere endringar i friluftsløva, slik at det blir eit generelt høve til ikkje-motorisert ferdsel i utmark. Endringa inneber blant anna at dagens skilje mellom ferdsel til fots og ferdsel med sykkel i utmark blir oppheva. Dette vil innebere at det blir tillate å sykle overalt i utmark, også utanfor veg og sti.

Det kan i visse tilfelle oppstå konflikhtar mellom dei som ferdist i naturen til fots og dei som ferdist på sykkel. Regjeringa meiner dette langt på

veg kan løysast gjennom informasjon, og vil prioritere informasjon og opplæring i naturvennleg ferdsel i samsvar med allemannsretten for å unngå konflikhtar.

Motorferdsle i utmark

Våren 2015 vart motorferdslelova endra slik at det vart opna for at kommunane kan fastsetje snøskuterløyper for fornøyleskøyering. Lova og tilhøyrande forskrifter set klare rammer for kor løypene kan leggjast, og stiller strenge utgreiings- og omsynskrav til kommunen.

Departementet vil gjennom løpande evaluering følgje med på effekten av lovendinga for å innhente kunnskap som kan nyttast i den vidare utviklinga av regelverket om motorferdsle. Slik kunnskap vil òg gi innsikt som kommunane kan nytte når dei skal planleggje for nye løyper.

Fleire forslag om endringar i motorferdslerregelverket har vore på høyring: forslag om å opne for catskiing (transport med trakkemaskin til utgangspunkt for alpin skikøyering), forslag om å opne for bruk av el-syklar i utmark og forslag om å tillate persontransport i utmarksnæring på vinterføre. Regjeringa vil på bakgrunn av høyringane vurdere kva slag endringar som skal gjerast.

Nye reglar for bruk av vasskuter kom 1. juli 2013. Etter dei nye reglane kunne vasskuterar køyre fritt utanfor definerte forbodsområde. Regjeringa vil sende på høyring eit forslag om å oppheve dei sentralt fastsette vasskuterreglane. Vasskuterar blir då regulerte likeins med andre fritidsfartøy. Kommunane vil kunne regulere fart og bruk av vasskuterar, blant anna gjennom hamne- og farvatnlova.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for forureining

Forureiningslova skal medverke til å verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining. Lova skal òg medverke til å redusere mengda avfall og fremje betre avfallshandtering. Formålet er å sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng. Lova byggjer bl.a. på prinsippet om at forureinar betalar og prinsippet om føre var. Det skal takast utgangspunkt i den teknologien som, ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir dei beste resultatane. Forureiningslova set eit generelt forbod mot forureinande utslepp, men opnar for at verksemder kan søkje miljøstyresmaktene om utsleppsløye. Produktkontrolllova har som føremål å føre-

byggje at produkt og forbrukartenester medfører helseskade eller miljøforstyrning, under dette gjennom å fremje effektiv bruk av energi i produkt. Lova inneheld blant anna ei plikt om aktsemd for alle som har å gjere med produkt som kan medføre helseskade eller miljøforstyrning, og ei substitusjonsplikt som inneber at ei verksemd må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Til både forureiningslova og produktkontrolllova er det fastsett ei rekkje krav i forskrifter. Tilsyn blir nytta for å avdekkje eventuelle brot på regelverket.

Andre viktige verkemiddel i forureiningspolitikken er internasjonale miljøavtaler, lover og forskrifter som er forvalta av andre styresmakter, avgifter som stimulerer til reduserte forureiningar, tilskot over statsbudsjettet og kunnskap om utslepp, spreining og effektar av forureiningar.

Kjemikalier

Kjemikaliepolitikken har som formål å redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikalier generelt. Føre var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker. For dei særleg prioriterte miljøgiftene på prioritetslista¹ – for tida vel 35 stoff og stoffgrupper – er det lagt til grunn at bruk og utslepp skal stansast innan 2020. Ein viktig del av arbeidet vidare er å følgje opp desse både på nasjonalt og internasjonalt plan og å identifisere fleire miljøgifter som skal vere omfatta av 2020-målet.

Dei tre stoffgruppene benzotriazolane (UV-320, UV-327, UV-328 og UV-350), disubstituerte organiske tinnsambindingar og perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og perfluorheksansulfonsyrerelaterte stoff er vurderte å oppfylle kriteriana for prioritetslista og desse stoffa blir no inkluderte i lista.

Benzotriazolane UV-320, UV-327, UV-328 og UV-350 blir brukte til å beskytte materialar mot UV-stråling. Dei inngår særleg i gjennomslittige plastmaterialar av ulike typar. Stoffa har nyleg blitt førte opp på EUs kandidatliste, fordi dei oppfyller krava til persistens, bioakkumulering og toksisitet. Stoffa er blitt gjenfunne blant anna i vassmiljø og sediment, i kloakkreinseanlegg og i morsmjølk.

¹ For oversikt over stoffa og stoffgruppene på prioritetslista og status for utslepp og utsleppsreduksjonar, sjå <http://www.miljostatus.no/prioritetslisten> og vidare lenker derifrå.

Disubstituerte organiske tinnsambindingar blir brukte i lim, tettemiddel, overflatebehandling og maling, i PVC-plast, i produksjon av polyuretan og i silikon (tettemiddel). Stoffgruppa er i bruk i Noreg i relativt store mengder og kan òg finnast i importerte ferdige produkt. Desse tinnsambindingane har liknande helse- og miljøskadelege effektar som dei trisubstituerte organiske tinnsambindingane som allereie er oppførte på prioritetslista.

Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og perfluorheksansulfonsyrelaterte stoff er brukte i brannskum, maling, tepper, tekstilar, impregneringsmiddel, elektronikk og sleppbelegg på kokekar. Stoffa kan framleis finnast på den norske marknaden i importerte ferdige produkt. PFHxS er mistenkte for å vere hormonforstyrrende og er sett på som lite nedbrytbare. PFHxS er vist å kunne oppkonsentrast mellom arter i næringskjedene. PFHxS er funne i miljøet i ei lang rekkje arter, blant anna i polartorsk, polarmåke, ringsel og isbjørn.

Miljøskadelege kjemikalier blir transporterte over lange strekningar med luft- og havstraumar, gjennom handel med produkt og gjennom avfallsstraumar. Derfor er både nasjonalt og internasjonalt arbeid svært viktig og ein føresetnad for å handtere utfordringane vi står overfor. Nasjonalt er forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter sentrale verkemiddel. Etter produktkontrolllova er det blant anna fastsett eit omfattande forskriftsverk om helse- og miljøskadelege kjemikalier som er i stadig endring og utvikling. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikaliereregulverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtala. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og EU.

EU har eit omfattande regelverk for registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier (REACH-regulverket). Vidare utvikling av dette regelverket er svært viktig i kjemikaliepolitikken. Noreg medverkar aktivt i arbeidet for å styrkje regelverket både med å foreslå regulering av stoff og ved gjennomgangen av regelverket som no går føre seg. Dette inkluderer endringar for å betre handteringa av nanomaterialar. Noreg vil leggje vekt på hormonforstyrrende eigenskapar i endå større grad når vi prioriterer kva stoff vi skal jobbe aktivt med for å få regulert i EU. EU-kommisjonen har i samband med regelverket for plantevernmiddel og biocid i EØS-området foreslått kriterium for kva som er å sjå på som hormonforstyrrende stoff. Noreg har i likskap

med andre land meldt frå til EU-kommisjonen at forslaget ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar helse- og miljøomsyn, mellom anna av di det ikkje følgjer Verdas Helseorganisasjon sine definisjonar.

I tillegg må kvaliteten på den informasjonen som industrien leverer under REACH-regulverket i dag betrast. Vidare er informasjon eit viktig verkemiddel for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald i produkt. Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemicals Agency), som har sete i Helsinki, er viktig i EUs kjemikaliearbeid. ECHA er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og er sentralt i arbeidet med nye reguleringar for å beskytte helse og miljø. Noreg er representert i alle komitear og i styret i ECHA. Vi har òg felles reglar med EU om produkt med *biocid* som blir nytta til å øydeleggje uønskte organismar.

Globalt er Noreg aktivt med i arbeidet under Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Baselkonvensjonen om grensekryssande transport av farleg avfall, Rotterdammkonvensjonen om handel med farlege kjemikalier, Minamatakonvensjonen om kvikksølv og miljøgiftsprotokollane under FN's økonomiske kommisjon for Europa. Det skal i 2017 haldast samtidige partsmøte under Stockholm-, Basel og Rotterdammkonvensjonane der det skal forhandlast om nye internasjonale forpliktingar om reduksjon i miljøbelastninga på kjemikalie- og avfallsområdet. Noreg støttar òg den globale kjemikaliestrategien SAICM. Vidare tek Noreg aktivt del i arbeidet med kjemikaliespørsmål innan FN's Sjøfartsorganisasjon og FN's miljøprogram.

Kunnskapsheving gjennom forskning, kartlegging av potensielt skadelege stoff i produkt, avfall og utslepp, og miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Auka kunnskap om helse- og miljøskadelege kjemikalier er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø, og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak på eit tidleg tidspunkt. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt for å få på plass regionale eller globale avtaler, fordi det er utbreidd internasjonal semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjør alvorlege problem.

Opprydding i forureina grunn og sjøbotn er kostbart og tidkrevjande. Tiltak for å rydde opp i sjøbotn er fremja gjennom fylkesvise tiltaksplanar og prioritering av område som skal ryddast opp, jf. handlingsplanen for opprydding i forureina sjøbotn som vart lagt fram i St.meld. nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø*. Av dei 17 prioriterte områda med forureina sjøbotn i handlings-

planen er no fire område rekna som ferdig rydda – Harstad, Oslo, Tromsø og Trondheim. Også i Kristiansand er det nær ferdig rydda, med berre mindre område som står att. Det vart i revidert budsjett for 2016 løyvd ekstra midlar til opprydding av eit delområde i Stavanger indre hamneområde. I budsjettet for 2017 er det gitt midlar til nødvendig videreføring av pågåande opprydding, som i Sandefjord og Puddefjorden i Bergen. I dei andre av dei 17 prioriterte kyst- og fjordområda er det òg blitt arbeidd aktivt, både med kartlegging av forureining, planlegging, overvaking og gjennomføring av tiltak i delområde. I fleire år har hovudvekta av arbeidet på dei prioriterte områda vore tiltak i innleiande fasar med undersøkingar, pilotprosjekt og liknande. Arbeidet er no komme over i ein fase der fleire område i åra framover vert klare for tildekking og mudring og deponering av forurensa sjøbotn. Desse tiltaka er dei mest kostnads-krevjande i arbeidet. Det må prioriterast mellom dei ulike områda i den vidare gjennomføringa av opprydding. Arbeidet med forureina grunn blir òg følgt opp fortløpande, blant anna med tilskot over oppryddingspostane etter behov. I hovudsak er det prinsippet om at forureinar betaler som skal leggjast til grunn, og bruk av pålegg etter forurei-

ningslova er eit viktig verkemiddel for å sikre nødvendig opprydding av forureina grunn og sjøbotn. Statlege styresmakter medverkar med finansiering der dette er aktuelt, jf. omtale av tildelingskriterium for oppryddingspostane kap 1420, post 39, 69 og 79.

Det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at nullutsleppsmålet for petroleumsverksemda blir nådd, særleg for olje og naturlege førekommande stoff i produsert vatn. Alle operatørane har fått krav om å gjere nye risikovurderingar og gjennomføre vurderingar av beste tilgjengelege teknologi for behandling av produsert vatn i 2016.

Avfall

Det overordna målet med avfallspolitikken er å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Det er viktig å minimere utslepp av lokal forureining, klimagassar og miljøgifter frå avfall. Samtidig ønskjer ein å auke utnyttinga av ressursane i avfallet. Politikken på avfallsfeltet skal medverke til at ressursane i avfallet blir haldne i krinsløp lengst mogleg, og kjem til nytte som råvarer.

Tabell 7.2 Avfallsdefinisjonar

Viktige omgrep	Definisjonar
Farleg avfall	Avfall som ikkje kan behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr.
Gjenvinning	Fellesnemning for eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte materialar som elles ville vorte brukte eller at avfall er vorte førebudd til dette, under dette førebuing til ombruk, materialgjenvinning og energiutnytting.
Materialgjenvinning	Utnytting av avfall slik at materialet blir teke vare på heilt eller delvis, f.eks. produksjon av skrivepapir frå returpapir.

Ved å stimulere til meir gjenbruk og gjenvinning, reduserer vi mengda avfall som går til sluttbehandling samtidig som vi utnyttar ressursane i avfallet betre. Dette medverkar òg til ein sirkulær økonomi. I tillegg inneheld mange typar avfall material som det kan vere miljømessig gunstig å nytte om igjen. Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke om ein ikkje lukkast med å førebyggje avfall. Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvenleg teknologi medverke til betydelege reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall. Sluttbehandling av avfall

vil òg kunne føre til fare for utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn. Avfallsdeponi er strengt regulerte og deponia må samle opp sigevatnet og greie ut reinsebehovet.

Det blir produsert og omsett stadig fleire produkt, og mange av desse inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Auka kunnskap og større medvit om miljøgifter gjer òg at nye stoff og produkt blir klassifiserte som farleg avfall. Dette medverkar til at mengdene farleg avfall som oppstår aukar. For å medverke til å førebyggje farleg avfall er det viktig å arbeide for at det blir utvikla meir miljøvennlege produkt.

Farleg avfall kan ikkje behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr. Det er òg strenge reglar som skal hindre at slikt avfall blir eksportert til land utan kapasitet til å behandle det forsvarleg. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet.

NOAH Langøya vil etter planen ikkje kunne ta imot farleg avfall etter 2022 og det er behov for å få ny behandlingsskapasitet på plass i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktingar. Miljødirektoratet har utgreidd moglege lokalitetar for eit nytt anlegg for mottak, behandling og deponering av uorganisk farleg avfall som viser at fire lokalitetar kan vere eigna. Uavhengig av kor eit deponi blir etablert vil det måtte gjerast grundige konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova for å vere sikker på at ein lokalitet er eigna. Eit framtidig deponi skal òg ha løyve etter forureiningslova.

Sjølv om stadig meir farleg avfall blir forsvarleg teke hand om, er det likevel farleg avfall som går til ukjent behandling. Det blir gjort ein særleg innsats for å auke innsamlinga av prioritert farleg avfall og å sikre forsvarleg handtering. Ei forskrift som skal sikre ei miljømessig betre og også meir effektiv regulering av farleg avfall trådte i kraft 1. januar 2016. Auka innsamling av avfall som inneheld olje er prioritert, og informasjon til bransjen og tilsyn er styrkt. Informasjon til befolkninga, bedrifter og kommunar er òg ein viktig del av styresmaktene sitt arbeid for å auke innsamlinga av farleg avfall. Tilsyn med farleg avfall og samarbeid mellom involverte etatar er vesentleg styrkt dei siste åra, og dette arbeidet skal halde fram. Tilsyn har fått auka merksemd for å redusere illegal import og eksport, særleg eksport til fattige land. Reaksjonane mot ulovleg eksport og import av farleg avfall er òg skjerpja. Klima- og miljødepartementet vurderer fortløpande utviklinga på området, om verkemidla fungerer etter intensjonen og behovet for nye verkemiddel. For eksempel er det behov for å vurdere om det er mogleg å utnytte ressursane i det farlege avfallet utan at dette fører til auka risiko for helse og miljø.

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Verkemidla skal sikre ein samfunnsøkonomisk og miljømessig god balanse mellom det som blir gjenvunne som material og det som blir brent eller deponert. Fleire verkemiddel skal stimulere

til materialgjenvinning eller energiutnytting, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for fleire typar avfall. Det er òg etablert eigne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar, mellom anna for elektrisk og elektronisk avfall, batteri, bilvrak, PCB-haldige isolerglasruter og fleire typar emballasjeavfall. Gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad samtidig som miljøgifter i avfallet blir sikra ei forsvarleg behandling. Departementet vurderer verkemidla fortløpande.

Klima- og miljødepartementet sin avfallsstrategi inneheld både ein avfallsplan og eit program for avfallsførebygging. Prioriterte område miljøstyresmaktene arbeider med er blant anna avfallsførebygging og betre utnytting av ressursane i avfallet gjennom meir materialgjenvinning av blant anna plast og tekstil. Som grunnlag for å vurdere tiltak for auka materialgjenvinning vurderer no Miljødirektoratet krav om utsortering av våtorganisk avfall og plast. Klima- og miljødepartementet gjer òg ein særleg innsats for å førebyggje matsvinn, og leier eit arbeid der fleire departement arbeider saman med matbransjen. Eit mål på området vil bli vurdert i samband med ei stortingsmelding om avfall og sirkulær økonomi som er planlagt lagt fram for Stortinget før sommaren 2017. Meldinga vil òg ta for seg planlagte endringar i EU sitt avfallsregelverk.

Marin forsøpling og tilførsel av mikroplast til havet er bekymringsfullt. Dette er ein omfattande og kompleks problemstilling som vil krevje tiltak på mange område, både nasjonalt og internasjonalt. Innsatsen mot marin forsøpling er trappa opp og det blir arbeidd aktivt med å følgje opp problemstillingar på begge områda. Frivillige organisasjonar, velforeiningar, skuleklassar og enkeltpersonar gjer ein stor innsats med å rydde søppel frå strender og i skjergarden. Det blir gitt tilskot for å støtte opp om frivillige oppryddingstiltak, haldningsskapande arbeid og lokalt engasjement i arbeidet mot marint søppel. Tiltak for å redusere tilførsel av plastavfall og anna søppel er ein del av avfallspolitikken. Miljødirektoratet har utarbeidd tiltaksanalyse for marin forsøpling. Miljødirektoratet vil òg utarbeide ein tilaksanalyse for mikroplast. Analysane vil gi grunnlag for å prioritere Klima- og miljødepartementets arbeid på dette viktige området, blant anna om det bør lagast ein eigen handlingsplan mot mikroplast, og om det er føremålstenleg med eit eige norsk forbod mot mikroplast i kosmetiske produkt.

Ein rapport om kjelder, konsekvensar og moglege tiltak for å redusere mikroplast i havet, som blei laga i tråd med det norske forslaget om

mikroplast som blei vedteke av FNs miljøforsamling (UNEA) i 2014, er no lagd fram, og ein tiltaksretta resolusjon er vedteken. Ei vurdering av om dei regionale og globale regelverka og strategiane mot marin plastforsøpling og mikroplast er effektive, skal leggjast fram på neste møte i miljøforsamlinga hausten 2017

Regjeringa vil òg prioritere gjennomføring av tiltak under handlingsplanen mot marin forsøpling under OSPAR-konvensjonen. Innanfor OSPAR har Noreg teke leiaransvar på utvikling av tiltak for reduksjon av plastavfall frå fiskerinæringa og utgreiing av best tilgjengelege teknikkar for reinsing av mikroplast i kloakkreinseanlegg. Det er òg starta eit prosjekt der fiskarar på frivillig basis leverer inn søppel dei har fått opp frå havet til utvalde hamner for registrering og vidare avfallsbehandling.

Radioaktive stoff

Nivået på radioaktiv forureining generelt er lågt. Utslepp og avfall er nært knytt til aktiviteten i ulike sektorar. Radioaktive stoff er nytta til mellom anna behandling av pasientar på sjukehus og i forskning og utdanning. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt som for eksempel røykvarslarar. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan òg oppstå som eit biprodukt i ulike typar prosessindustri, og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall følgjer av oppkonsentrering av naturleg førekommande radionuklidar som finst i berggrunnen, slik som ved utvinning av olje og gass, og ved framstilling av radioaktive stoff og drift av forsøksreaktorane til *Institutt for energiteknikk (IFE)*. Noreg har vesentleg høgare utslepp av produsert vatn frå petroleumsverksemda enn dei andre nordsjølanda.

Radioaktiv forureining av norske land- og havområde skjer vidare frå internasjonale kjelder, slike som historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Framtidige ulykker knytte til anlegg i nærområda våre, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland, vil kunne ha store konsekvensar for Noreg. I 2017 vil det bli arbeidd vidare med å vurdere og leggje til rette for lagrings- og deponikapasitet for radioaktivt avfall, med spesiell fokus på deponiløysingar i på lang sikt og løysingar for det brukte atombrenselet og anna avfall frå forskingsreaktorane i Halden og på Kjeller. Fram mot 2020 skal det faglege grunnlaget for forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten utviklast, og risiko for og overvaking av radioaktiv forureining i nord er ein viktig del av det arbeidet.

Langtransportert luftforureining

Det nasjonale og internasjonale arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er basert på omfattande kunnskap gjennom overvaking, forskning og analysar av utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar, og strategiar for å redusere utslepp i tråd med felles miljømål på tvers av landa i Europa. Noreg deltek aktivt i arbeidet med å evaluere effektane av internasjonale avtaler og å utvikle fagleg grunnlag for utvikling av nye avtaler på området. Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk institutt for luftforskning* og *Norsk institutt for vassforskning* medverkar i vesentleg grad til kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Både Miljødirektoratet og andre norske fagmiljø deltek i arbeidet i ekspertgrupper under konvensjonen. Det er under konvensjonen nyleg utarbeidd ein fagleg rapport «Towards Cleaner Air – Scientific Assessment Report 2016» som syner resultatane som er oppnådd i arbeidet til no og hva som er framtidige utfordringar i arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining som skader menneska si helse og økosystem. Funna i rapporten vil leggje grunnlaget for framtidig utvikling av Gøteborgprotokollen.

Landa som deltek i samarbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* har i Gøteborgprotokollen teke på seg talfesta forpliktingar om å redusere sine utslepp av forureiningar til luft. Regjeringa ser det som svært viktig å overhalde Noreg sine internasjonale forpliktingar på dette området. Av utsleppa som er omfatta av protokollen, blir utslepp av svovel (SO_2), nitrogenoksid (NO_x) flyktige organiske sambindingar (NMVOC) og partiklar regulerte i utsleppsløyve etter forureiningslova og i tråd med føresegnene i relevante EU-direktiv som er innlemma i EØS-avtala. Utslepp av SO_2 , NO_x , NMVOC og partiklar er òg regulerte i forskrifter etter forureiningslova, produktkontrolllova og relevant sektorlovgiving. Noreg vil i arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining òg leggje vekt på at landa skal redusere forureinande utslepp som medverkar til klimaendringar, mellom anna svart karbon (sot).

Hovudinnsatsen innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining er no å redusere utsleppa av ammoniakk (NH_3) i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokollen. I 2015 var ammoniakkutsleppa 13 pst. over nivået på 23 000 tonn som Noreg har forplikta seg til å ikkje overskride. Om lag 90 pst. av ammoniakkutsleppa

i Noreg skjer i landbruket. Regionale miljøprogram i jordbruket stimulerer til reduserte utslepp av ammoniakk frå handtering av husdyrgjødsel gjennom tilskot til miljøvenleg spreining av gjødsla.

NO_x-avgifta og Miljøavtala mellom Klima- og miljødepartementet og næringsorganisasjonane om reduksjon av NO_x-utsleppa er særleg viktige verkemiddel for å redusere desse utsleppa. Miljødirektoratet har stadfesta at næringslivsorganisasjonane har oppfylt sine reduksjonsforpliktingar for åra 2008–2014, og at vilkåret for avgiftsfritak desse åra dermed er oppfylt. Inneverande avrekningsperiode omfatter åra 2015–2016. Den noverande miljøavtala om reduksjon av NO_x-utsleppa gjeld ut 2017. Regjeringa vil forhandle med organisasjonane om ei ny avtale som grunnlag for vidare fritak for NO_x-avgift etter 2017. Forhandlingar kan starte så snart nivået på Noregs internasjonale utsleppsforpliktingar fra 2030, under dette eventuelle nye forpliktingar er nærare avklart.

EU har innlemma forpliktingane i Gøteborgprotokollen av 1999 i sitt direktiv om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft, «takdirektivet». Direktivet er innlemma i EØS-avtala. Noreg har her dei same utsleppsforpliktingane som i Gøteborgprotokollen av 1999. Forslag til eit nytt direktiv om reduksjon i forureinande utslepp til luft er til behandling i EU og er venta å bli vedteke hausten 2016. Forslaget inneber gjennomføring i EU av dei nye utsleppsforpliktingane i den reviderte Gøteborgprotokollen av 2012. Kommisjonen foreslår i tillegg nye utsleppsforpliktingar som skal gjelde frå 2030.

Det er viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til Gøteborgprotokollen. Noreg medverkar til tiltak for å implementere protokollen i fleire av desse landa gjennom støtte til kapasitetsbygging i regi av FNs Økonomiske kommisjon for Europa.

Globalt er luftforureining sett på som ein av dei største miljørelaterte truslane mot folks helse. FNs miljøprogram (UNEP) samarbeider med Verdas helseorganisasjon om å utvikle tiltak for å redusere desse forureiningane. Under FNs miljøforsamling (UNEA-2) i 2016 la dei to organisasjonane fram ein rapport som belyser dei store samfunnsmessige kostnadene ved ikkje å gjere noko for å redusere dei helseskadelege luftforureiningane. Rapporten peiker òg på fleire utsleppsreduserande tiltak som kan redusere helseskadane, og den gir råd til landa om korleis dei kan gå fram for å gjennomføre og evaluere tiltaka.

Regjeringa arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) for å utvikle eit meir effektivt re-

gelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. Nordsjø- og østersjølanda sende hausten 2016 inn ein felles søknad til IMO om etablering av eit lågutsleppsområde for NO_x (NECA) i Nordsjøen og Østersjøen. Det er venta at IMO fattar endeleg vedtak i saka i 2017.

Lokal luftforureining

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for å nå måla om luftkvalitet, og ei pådrivarrolle mot andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere luftforureining. Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere luftforureiningar ligg utanfor Klima- og miljødepartementets myndeområde.

Noreg er blant dei landa i Europa som har lågast risiko for tidleg død som følge av lokal luftforureining. Dårleg luftkvalitet fører likevel til alvorlege helseplagar for befolkninga. Nivåa av svevestøv viser ein nedgåande trend sidan 2004. Sidan 2008 har berre nokre få byar brote grenseverdien i forureiningsforskrifta, med unntak for 2013 då fire byar var over den lovlege grensa. Det er likevel eit stykke igjen til det nasjonale målet for svevestøv, og det nasjonale målet for svevestøv vart i 2015 overskride i fem byområde (Drammen, Grenland, Mo i Rana, Oslo og Stavanger). Dei fleste stadene har NO₂-konsentrasjonane vore stabile gjennom det siste tiåret. Det nasjonale målet for NO₂ vart i 2015 berre overskride i Bergen, Bærum og Oslo, men der trengst det fleire tiltak for å redusere NO₂-utsleppa.

Det nasjonale målet for lokal luftkvalitet er endra frå 1. januar 2017 i tråd med tilrådinga frå Miljødirektoratet, Vegdirektoratet, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet i rapport M-129 «Grenseverdier og nasjonale mål – Forslag til langsiktige helsebaserte nasjonale mål og reviderte grenseverdier for lokal luftkvalitet.» Sjå òg omtale i del I.

Forureiningsforskrifta kapittel 7 er det sentrale verkemiddelet for lokal luftkvalitet. I forskrifta er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta gir grenseverdier for konsentrasjonar av ei rekkje stoff i luft. Grenseverdiane for partiklar (svevestøv) vart skjerpa frå 1. januar 2016, i tråd med tilråding frå Miljødirektoratet med fleire frå 2014. Ytterlegare skjerping skal vurderast frå 2020, basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som skal utarbeidast i 2018. Forureiningsforskrifta stiller òg krav til målingar, utrekningar, utgreiningar av tiltak og rapportering. Forskriftskrava har utspring i EUs rammedirektiv for luftkvalitet, som er teke inn i EØS-avtala.

Noreg vart dømt i EFTA-domstolen hausten 2015 for brot på luftkvalitetsdirektivet, ved (i) overskridingar av grenseverdiane for NO₂ og PM₁₀, og (ii) ved at det ikkje var utarbeidd tilstrekkelege tiltaksutgreiingar i aktuelle kommunar/soner.

Dei siste åra har det vore viktig å utvide verk-tøykassa til kommunar og anleggseigarar, slik at det kan setjast i verk tiltak i periodar med over-skridningar av grenseverdiane i forureiningsfor-skrifta. Rettleiar TA-2842 frå 2011 klargjer an-svarsforhold ved innføring av tiltak, og når desse skal innførast.

For å leggje til rette for ytterlegare tiltak som betrar luftkvaliteten, har regjeringa sett i gang ei rekkje arbeid. Mellom anna skal det leggjast til rette for at kommunar som ønskjer det kan opp-rette lågutsleppsoner. Det er lagt fram ein lovpro-posisjon for Stortinget (Prop. 140 L (2015–2016)), med forslag til endringar i yrkestransportlova med sikte på å åpne for miljøkrav for drosjer. Eit forslag om sentral forskrift for lågutsleppssoner for bilar har vore på høyring og er no under vurdering i Samferdselsdepartementet. Det blir arbeid med å leggje til rette for å differensiere bompeng-gesatsane på bakgrunn av miljøeigenskapar. Vi-dare er høvet til å avvise skip frå hamn på dagar med høg luftforureining, blitt vurdert. I tillegg er eit nasjonalt berekningsverktøy for lokal luftkvali-tet under etablering.

Sjå òg omtale i del III om vurdering av tiltak for å redusere svevestøv og anna luftforureining.

Støy

Regjeringa vil arbeide for å redusere støyplager gjennom og følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktingar. Miljøstyresmaktene følgjer opp sta-tus og utvikling i støyutsleppa og støyplaga gene-relt. Klima- og miljødepartementet har det over-ordna ansvaret for støy og ei koordinerande rolle overfor andre departement og etatar for å få gjen-nomført tiltak som kan redusere støyplager. Dei ulike sektordepartementa har hovudansvaret for å sikre at støyplaga blir redusert innanfor sin sam-funnssektor, og å medverke til at det nasjonale målet for støy kan bli nådd.

Talet på støyplaga personar blant dei som var utsette for høg støy ved bustaden i 1999 er redu-sert, men ikkje raskt nok sett opp mot målet for 2020. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar. For å nå det nasjonale målet trengst fleire tiltak.

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav om at anleggseigarar gjennomfører støyreduse-

rande tiltak ved/på bustader der innandørs støy overstig 42 dB. EUs rammedirektiv for støy er òg teke inn i forureiningsforskrifta, og i tråd med dette skal anleggseigarar og dei største bykom-munane kartleggje støy og utarbeide handlings-planar for å redusere støy.

Ei rekkje tiltak er fastsette i ein nasjonal hand-lingsplan mot støy. Miljødirektoratet arbeider, sa-man med dei aktuelle etatane, med å utarbeide grunnlag for ein oppdatert handlingsplan for peri-oden fram til 2020.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og byg-ningslova er kanskje det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje støyproblem. Det er gitt ei felles retningslinje (T-1442/2012) for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene. Miljødirektoratet har i 2015/2016 evaluert ret-ningslinja.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for klima

Dei nasjonale måla på klimaområdet omfattar mål for 2020, 2030 og 2050. For å redusere utsleppa og omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn forster-ka regjeringa stadig verkemiddelbruken. Regje-ninga sin politikk nasjonalt må sjåast i samanheng med Noregs internasjonale forpliktingar og satsin-gar.

Dei viktigaste verkemidla i norsk klimapolitikk er CO₂-avgifta og EUs kvotesystem, som set ein pris på utslepp av klimagassar. Om lag 80 pst. av dei samla norske utsleppa er omfatta av desse ver-kemidla. Miljødirektoratet har ansvaret for kvote-systemet og den norske kvoterekneskapen under Kyoto-protokollen. Nærare detaljar om CO₂-av-gifta står i Prop. 1 LS (2016–2017) Skatter og avgif-ter 2017 frå Finansdepartementet.

Verkemiddel som medverkar til innovasjon og teknologiutvikling innan klima- og lågutslepps-løysingar er sentralt. Dette gjeld både generelle ord-ningar under Noregs Forskingsråd, Innovasjon Noreg og andre aktørar i FoU-systemet, og tema-tiske eller øyremerkte midlar som bl.a. miljøtek-nologiordninga under Innovasjon Noreg og sat-singa på ny energi- og klimateknologi under Enova. Forskingsrådet har samla sett ei rekkje verkemiddel som medverkar til å støtte målet om at Noreg fram mot 2050 skal bli eit lågutslepps-samfunn. Ein stor del av innsatsen er innretta for å utvikle ny lågutsleppsteknologi. Men for å reali-sere utsleppsreduksjonane som teknologien gjer mogleg, er det avgjerande å handtere ikkje-tekno-logiske utfordringar. Denne forskinga ser blant anna på verkemiddelstruktur, kommunikasjon og kompetanse i næringslivet og hos forbrukarar.

Ein stadig større del av befolkninga bur i byar, bynære område og tettstader. Den offentleg finansierte forskingsinnsatsen må medverke til nye løysingar for næringstransport i by, reduksjon av privat biltransport, kunnskap om effektar av tiltak og verkemiddel. Den samla innsats i regi av Noregs forskingsråd med betydning for lågutsleppsutvikling er utrekna til om lag 1,2 mrd. kroner 2015.

I tillegg blir det nytta andre verkemiddel, mellom anna direkte regulering, standardar, avtaler og tilskot til utsleppsreducerande tiltak. Sentralt lovverk i klimapolitikken er klimakvotelova, forureiningslova, plan- og bygningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har blant anna som mål at utbyggingsmønster og transportsystem skal fremje kompakte byar og tettstader og leggje til rette for klima- og miljøvenleg transport.

Sjå nærare omtale i Del II kap. 4.2 Regjeringas prioriteringar innanfor klima.

Klimatilpassing

Klima- og miljødepartementet har ansvar for å leggje til rette for regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing. Frå 1. januar 2014 har Miljødirektoratet vore den fagetaten som støttar Klima- og miljødepartementet i dette arbeidet. Det inneber å koordinere det heilskaplege klimatilpassingsarbeidet, men grip ikkje inn i dei ansvarsområda som ligg under andre styresmakter. Midlane til klimatilpassing på Klima- og miljødepartementets budsjett blir føreslått førte vidare frå 2016 til 2017 under Miljødirektoratet. Det er sett av 6,5 mill. kroner til ei tilskotsordning for kommunar.

Andre statlege etatar har òg ansvar som er knytt opp mot klimatilpassingsarbeidet. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap følgjer mellom anna opp kommunar og fylkeskommunar i deira risiko- og sårbarheitsanalysar. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ansvar for flaum og skred. Forebygging av flaum og skred er eit viktig klimatilpassingstiltak. Sjå nærare omtale av arbeidet med klimatilpassing under pkt. 8.1

Internasjonalt klimaarbeid

Den nye globale Parisavtala blir eit avgjerande fundament for større innsats for å redusere klimagassutsleppa og å tilpasse seg klimaendringar. Arbeidet må følgjast opp dei neste åra, og Noreg skal vere med å utvikle regelverk som kan støtte under Parisavtala. Klima- og skogsatsinga er Noreg si største internasjonale klimasatsing, og er saman

med kjøp av klimakvotar vårt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland (sjå omtale under programkategori 12.70). Andre hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet er innrettinga av klimafinansiering i den nye klimaavtala, utviklinga av internasjonale karbonmarknader og utfasing av subsidiar til fossile brenslé, og reduksjon av utslepp av kortlevde klimaforureiningar. Regjeringa arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) for å utvikle regelverk for å redusere klimagassutsleppa frå skipsfarten.

Ei ny internasjonal klimaavtale

I desember 2015 vart Parisavtala under FNs klimakonvensjon vedteken. Den var eit vendepunkt for internasjonalt samarbeid på klimaområdet, og representerer, saman med klimakonvensjonen, eit solid rammeverk for fremtidig global klimainnsats. Parisavtala vart opna for underteikning i New York den 22. april 2016 og underteikna av Noreg same dagen. Totalt 175 land underteikna avtala, eit historisk høgt tal for ei slik underteikning. Noreg ratifiserte avtala 20. juni 2016. Avtala vil tre i kraft når minst 55 land, som til saman står for minst 55 pst. av dei totale globale klimagassutsleppa har ratifisert eller på annan måte tiltrådd avtala. Det er grunn til å tru at dette kan skje relativt raskt, og i god tid før 2020.

Det overordna formålet med Parisavtala er å styrkje den globale responsen på klimautfordringane. Dette skal blant annet gjerast ved å halde den globale temperaturauken godt under 2 grader Celsius samanlikna med førindustrielt nivå, og prøve å avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Landa si evne til å handtere skadeverknadene av klimaendringane skal styrkjast, og finansstraumane gjerast foreinlege med ei bane mot lågutsleppsutvikling.

Partane siktar mot at dei globale klimagassutsleppa skal nå toppunktet så snart som mogleg og at utsleppa deretter blir reduserte raskt, slik at det blir oppnådd klimanøytralitet i andre halvdel av hundreåret, dvs. ein balanse mellom menneskeskapte klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Noreg var her ein pådrivar gjennom at vi tidleg fremja forslag om klimanøytralitet i 2050.

Med Parisavtala påtar alle statar seg å utarbeide, melde inn, oppretthalde og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag, og å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå sine nasjonalt fastsette bidrag. Av 196 partar til klimakonvensjonen har hittil 190 partar levert indikative nasjonalt fastsette bidrag under Parisavtala. Dette gjer at avtala teiknar til å få nær universell delta-

king dersom alle desse landa ratifiserer eller sluttar seg til avtala. Samla står desse landa for om lag 99 pst. av verdas utslepp, men bidraja frå ein del av landa omfattar ikkje alle sektorar. Det er stor forskjell i korleis landa har utforma sine innspel. FNs klimasekretariatet sine utrekningar viser likevel at dei globale utsleppa vil halde fram med å vekse til 2025 og 2030 og at innspela samla ligg eit stykke unna det som vil bli kravd for å nå togradersmålet på ein effektiv måte.

Eitt av dei mest grunnleggjande element i Parisavtala er at den gir kvar part ansvaret for å fastsetje sine nasjonale bidrag. Den legg òg opp til eit system der partane må vurdere sine nasjonale bidrag og oppdatere eller fornye desse regelbunde i tråd med avtala sine krav og prinsippa om at nye bidrag vil utgjere progresjon og høgst moglege ambisjon. Nasjonale bidrag kan gjennomførast både med innanlandske tiltak og ved frivillig samarbeid mellom partar.

Med desse føresegnene er den rigide todelinga som har prega klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen broten, der berre industriland har hatt kvantitative forpliktingar om utsleppsreduksjonar. Der er likevel ei viss differensiering. Det er venta at industriland, som Noreg, skal setje absolutte utsleppsmål for heile økonomien, mens andre land for eksempel kan formulere mål for enkelte sektorar eller for utsleppsintensitet. Alle land har likevel ei oppfordring til å gå i retning av absolutte utsleppsmål.

Parisavtala fastset eit globalt mål om å styrkje tilpassingskapasitet og klimarobustheit og å redusere sårbarheit overfor klimaendringar. Styrkt tilpassing skal medverke til berekraftig utvikling. Målet gjeld både nasjonalt tilpassingsarbeid og globalt samarbeid om tilpassing til klimaendringane. Det vil vere nødvendig med støtte og samarbeid om tilpassingsarbeidet, særleg i dei landa som er mest sårbare for klimaendringar. Avtala pålegg partane ei individuell forplikting til å ha planleggingsprosessar for å tilpasse seg klimaendringane og gjennomføre tilpassingstiltak der det er føremålstenleg. Avtala legg vekt at kvar enkelt part sitt tilpassingsarbeid bør vere styrt nasjonalt, ha ei tilnærming som tek omsyn til begge kjønn, syte for medverknad og openheit og ta særleg omsyn til sårbare og utsette grupper, lokalsamfunn og økosystem.

Avtala etablerer eit måle- og rapporteringssystem for både tiltak og støtte under avtala. Systemet omfattar alle partar, men skal ha innbygd fleksibilitet som tek omsyn til skilnader i utviklingslanda sin kapasitet. Det nye systemet skal byggje på og styrkje det noverande rapporte-

ringssystemet. Nærare reglar og rettleiing for måle- og rapporteringssystemet skal utviklast og vere ferdige i 2018, og dette vil vere viktig for å gjere systemet operasjonelt.

Det skal kvart femte år haldast globale gjennomgangar av korleis verda ligg an i forhold til dei langsiktige måla i avtala. Den første vil finne stad i 2023. Når landa utformar dei nasjonalt fastsette bidraga og tiltak under avtala, skal dei sjå til denne rapporten.

I tillegg er det planlagt ein ekstra gjennomgang i 2018 for utsleppsreduksjonar. Før denne gjennomgangen skal FNs klimapanel leggje fram ein spesialrapport om 1,5-gradersmålet. Rapporten skal gi informasjon om klimaendringane ved 1,5°C oppvarming og modellberekningar for utsleppsbaner i tråd med dette.

Parisavtala oppmodar alle partar til å formulere og melde inn langsiktige lågutsleppsstrategiar.

Noreg ratifiserte Parisavtala 20. juni i år, i tråd med Stortingets samtykke. I Prop. 115 S (2015–2016) om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala blei hovudtrekka i avtala presenterte. I tillegg til sjølve Parisavtala fatta klimakonferansen òg andre avgjerder. Parisvedtaket inneheld avgjerder om kva som skal skje før Parisavtala trer i kraft, omtaler element som ikkje er ein del av sjølve avtala og gir fleire detaljar til nokre av avgjerdene i Parisavtala. Noreg har alt følgd opp fleire av oppmodingane som i-landspart i FNs klimakonvensjon og Kyotoprotokollen.

I Innst. 407 S (2015–2016) ber Stortinget regjeringa om ei oppsummering av oppmodingane som Parisavtala og Parisavgjerda inneheld og ei oversikt over korleis oppmodingane skal følgjast opp vidare.

Ei nærare oversikt over oppmodingane følgjer i tabellane 9.4 og 9.5. i del III, under kap. 9.6 Oppfølging av oppmodningsvedtak.

Regjeringa vil føre vidare innsatsen for eit sterkt internasjonalt klimaregime i 2017. Å utvikle eit godt regelverk under Parisavtala vil vere ei prioritert oppgåve frå norsk side neste år. Regjeringa arbeider også aktivt for at andre land ratifiserer avtala så raskt som mogeleg.

Felles oppfyllelse av klimamål for 2030

Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn betinga forpliktingar på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 1990. Noreg og EU arbeider no for at dette skal skje gjennom ei felles oppfyllelse av klimamåla. Ei slik avtale mellom Noreg og EU vil

innebere at Noreg vil medverke til gjennomføring av utsleppsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EU sitt kvotesystem (kvotepliktig sektor). Norge vil òg medverke til utsleppsreduksjonar i ikkje-kvotepiktig sektor, der dei samla utsleppa i EU skal kuttast med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er naudsynt for å få til dette skal fordelast mellom landa gjennom bindande utsleppsmål. Ei avtale med EU vil innebere at Noreg vil få eit nasjonalt utsleppsmål for ikkje-kvotepiktig sektor på linje med samanliknbare EU-land.

EU-kommisjonen la 20. juli 2016 frem sitt forslag til bindande utsleppsmål i ikkje-kvotepiktig sektor for EU-landa. Måla til kvart land er i spennet 0 til 40 pst. Fordelinga vert gjort ut frå BNP per innbyggjar, der dei rikaste landa må kutte mest. Dessutan skal måla til dei rikaste landa justerast ut frå omsynet til kostnadseffektivitet, slik at måla til dei landa med høgast kostnader vert lågare. Denne omfordelinga mellom dei rikaste vil mellom anna bli gjort på bakgrunn av modellkøyningar der Kommisjonen har analysert kostnader for dei enkelte landa.

Noreg er omtalt i den forklarande innleinga til forslaget, der EU-kommisjonen foreslår eit førebels mål for Noreg på 40 pst. Kommisjonen sitt forslag til mål for Noreg er ikkje basert på modellkøyningar, slik tilfellet er for EU-landa. Vårt førebelse mål er i staden rekna ut frå Noregs BNP. Det skal òg gjerast modellkøyningar for Noreg. Etter at desse er ferdige, vil Kommisjonen komme med eit endeleg forslag til norsk mål ut frå same grunnlag som medlemslanda. EU-kommisjonen sitt forslag opnar for at landa kan nytte såkalla fleksibilitetsmekanismar til å oppfylle måla i ikkje-kvotepiktig sektor. Noreg vil nytte denne fleksibiliteten på lik linje med EU-landa. Land som kuttar utsleppa meir enn dei er forplikta til, kan selje utsleppskutta (såkalla AEA-einingar) til andre land. EU-kommisjonen foreslår òg ein avgrensa tilgang til å bruke utsleppsrettar frå EU sitt kvotesystem til å oppfylle landa sine mål for ikkje-kvotepiktige sektorar. Dei landa der utsleppsreducerande tiltak kostar mest vil få størst tilgang til å bruke slike utsleppsrettar. EU-kommisjonen sitt forslag inneber òg ein avgrensa tilgang til å bruke visse kredittar frå skog- og arealbrukssektoren. Denne tilgangen er koplta til landa sine utslepp frå jordbruket. Landa med størst utslepp frå jordbruket får størst tilgang til å bruke slike kredittar. Det er berre visse typar kredittar som kan brukast, i hovudsak knytte til nyplanta skog.

EU-kommisjonen sitt forslag skal behandlast vidare i Rådet og i Europaparlamentet. Det kan di-

for verte endringar før det endelege regelverket vert fastsett, mellom anna i reglane for fastsetjing av mål for landa. Det kan dermed ikkje utelukkast at det norske målet vert endra i den vidare prosessen. Det er òg mogeleg at Rådet og Europaparlamentet vil ønskje å gjere endringar i andre delar av Kommisjonens forslag, til dømes reglane om i kva grad dei ulike landa kan samarbeide om utsleppskutt. Ei avtale mellom Noreg og EU kan ikkje ventast før i 2017/2018, etter at EU har vedteke sitt regelverk.

I samband med EUs forslag til norske bidrag til utsleppsreduksjonar i sektorar som ikkje er med i EUs system for kvotehandel, ber Stortinget regjeringa i vedtak 868 i Innst. 401 S (2015–2016) om å gjere synleg utsleppsbanene for enkeltsektorane i ikkje-kvotepiktig sektor i statsbudsjettet for 2017. I vedtak nr. 888 i Innst. 397 S (2015–2016) ber Stortinget regjeringa når ho lagar ny klimalov om kvart år å syne fram utsleppsbaner for dei ulike områda innafor ikkje-kvotepiktig sektor, og kva typar tiltak som blir naudsynte for å nå desse måla. Dette blir følgt opp i del III, kap. 9.6 Oppfølging av oppmodningsvedtak samband med framlegginga av statsbudsjettet for 2017 og vil bli følgt opp i budsjetta for åra etter.

Klimafinansiering

Noreg har vore eit føregangsland i å innrette vår klimafinansiering på ein langsiktig og føreseieleg måte. Særleg gjeld dette klima- og skogsatsinga. Under toppmøtet på klimakonferansen i Paris desember 2015 kunngjorde Noreg vidareføringa av klima- og skogsatsinga fram til 2030. Noreg har tidlegare forplikta seg til å overføre 1,6 mrd. kroner til Det grønne klimafondet i perioden 2015–2018. Dette er eit av dei høgaste bidraga målt pr. innbyggjar. I Paris annonserte statsministeren òg at vi vil auke vårt bidrag til Det grønne klimafondet betydeleg. Dersom fondet sikrar verifiserte utsleppsreduksjonar frå avskoging og skogforringing i utviklingsland vil auken til saman tilsvare ei dobling av vårt bidrag innan 2020.

Framhalden norsk støtte til klimatiltak i utviklingsland er svært viktig for å syte for effektiv gjennomføring av Parisavtala. Norsk klimafinansiering skal framover innrettast slik at den medverkar til transformative tiltak med verifiserbar klimaeffekt. Vårt sterke engasjement for resultatbasert finansiering blir særleg følgt opp gjennom klima- og skogsatsing, arbeidet i Det grønne klimafondet og statens kvotekjøpsprogram. Gjennomføring av Parisavtala og støtte til utviklingsland sitt arbeid med landa sine innmelde klimaplanar

(INDC) vil vere ei viktig føring for innretninga av klimafinansieringa framover. Parisavtalas art 2.1 slår fast at finansieringsstraumar må gjerast konsistente med ei utvikling med låge utslepp av klimagassar og klimarobustheit. Dette understrekar betydninga av å bruke offentlege midlar og verk-tøy smart slik at private investeringar dreier seg i retning av lågutsleppsløysingar og -teknologi. Det grøne klimafondet har ein eigen fasilitet som skal utløyse privat klimafinansiering til utviklingsland.

Parisavtala har gitt mandat til partane under avtala om å utvikle eit felles system for måling og rapportering knytt til tiltak og støtte. Systemet inneber at vi venteleg vil kunne rekneskapsføre både tradisjonell bistand, andre offisielle straumar og private midlar som er mobiliserte gjennom offentlege verkemiddel.

Nordisk miljøfinansieringsselskap, NEFCO, vart i si tid oppretta som ein reiskap for å løyse miljøproblem i Nordens nærrområde og å fremje bruken av nordisk miljøteknologi gjennom investeringar i eigenkapital og lån. Over tid har finansiering av klimarelaterte prosjekt fått ein aukande plass i NEFCO si verksemd. I NEFCO sin nye strategi blir innsatsen innan grøn vekst og klimafinansiering aksentuert, og det er vedtatt ei endring i avtala mellom dei nordiske landa som opnar for auka geografisk fleksibilitet. NEFCO vil derfor over tid kunne bli ein gradvis viktigare reiskap for norsk og nordisk klimainnsats.

Internasjonale karbonmarknader, prising av utslepp og utfasing av subsidiar til fossile brensl

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet for å setje ein pris på CO₂, og for utvikling av effektive, fungerande internasjonale karbonmarknader.

Dagens prisar på utslepp er for låge til å sikre nødvendig teknologisk utvikling og omstilling. Ein ny og meir ambisjøs klimapolitikk globalt vil medverke til høgare prisar. Parisavtala har etablert ei ramme for marknadsbasert samarbeid mellom land etter 2020. Noreg arbeider aktivt gjennom klimaforhandlingane for å sikre ei god innretning av marknadsbasert samarbeid under Parisavtala, samtidig som ein gjennom deltaking i Transformative Carbon Asset Facility tek del i arbeidet med å utvikle pilotar for å teste ut nye former for samarbeid innanfor ramma av Parisavtala.

Regjeringa arbeider òg innanfor FN's organisasjon for sivil luftfart (ICAO) med å få sett i verk ein global marknadsmekanisme for klimagassutslepp frå internasjonal luftfart. ICAOs mål er at marknadsmekanismen saman med andre miljøtiltak skal føre til karbonnøytral vekst etter 2020.

Bruk av ulike former for marknadsmekanis-mar har både ført til store utsleppsreduksjonar og investeringar i mange utviklingsland. Den grøne utviklingsmekanismen, som ligg til grunn for statens kvotekjøpsprogram, har ifølgje berekningar gjort av UNFCCC så langt ført til meir enn 1,7 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i reduserte utslepp. I tillegg har utviklingsland sin bruk av fleksible mekanismar ført til store investeringar i desse landa, og vist korleis ein kan gjennomføre tiltak som ikkje berre reduserer utslepp av drivhusgassar, men også har stor utviklingseffekt, til dømes gjennom redusert lokal forureining, og tilgang på fornybar energi.

Regjeringa arbeider òg for utfasing av subsidiar på fossilt brensel. Globalt blir det brukt ca. 500 mrd. US dollar på subsidiar for lågare bren-selsprisar til forbrukar, eit beløp som tilsvarer det firedobbelte av kva som blir brukt på utviklingsbi-stand frå OECD-landa samla. Utfasing av slike subsidiar kan føre til ein reduksjon av globale klimagassutslepp på meir enn 10 prosent av det som er naudsynt for å vere på veg mot togradersmålet i 2020. Klimagevinsten aukar endå meir dersom nokre av dei innsparte midlane blir reinvesterte i energieffektivisering eller fornybar energi.

Den norske innsatsen skjer blant anna gjennom Vennegruppa for reform av fossile subsidiar saman med dei andre nordiske landa og Costa Rica, Etiopia, New Zealand og Sveits. Eit aukande tal land har støtta Vennegruppas initiativ for subsidiereform. Det er òg ein klart aukande tendens til at land i ulike verdsdelar set i gang slikt reformarbeid i praksis.

Noreg arbeider òg for utfasing av fossile subsidiar gjennom andre kanalar og vedtok i 2015 å bruke 100 mill. kroner på dette arbeidet over ein treårsperiode.

Kortlevde klimaforureiningar

Parisavtala legg òg vekt på behovet for raske ut-sleppskutt og høge ambisjonar for utsleppskutt også før 2020. Klima- og skogsatsinga er sentralt i denne samanhengen. Ein annan viktig del av regjeringa sitt arbeid med snarlege utsleppsreduksjonar er innafor kortlevde klimaforureiningar. Noreg arbeider internasjonalt for å redusere ut-sleppa av kortlevde klimaforureiningar, som er oppvarmande gassar og partiklar med relativt kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂. (Metan, svart karbon og hydrofluorkarboner). Mange av tiltaka for å redusere desse utsleppa har òg ei rekkje andre fordelar som betre luftkvalitet, helse og jordbruksproduktivitet. Ved å redusere

kortliva klimaforureining vil ein kunne redusere oppvarmingshastigheita ein god del og det er derfor eit viktig bidrag for å halde den globale oppvarminga godt under 2 grader og prøve å avgrense temperaturauken til 1,5 grader.

Noreg har sidan hausten 2014 sete i styringskomiteen til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC). Koalisjonen vart skapt i 2012 og har no over 100 land og organisasjonar som medlemmar. I koalisjonen har Regjeringa vore særleg engasjert i å redusere utslepp av metan og sot frå olje og gassektoren, og i å framheve helsegevinstane av utsleppsreduksjonar.

Noreg har arbeidd aktivt dei siste åra for eit vedtak om rask og effektiv nedfasing av produksjon og forbruk av hydrofluorkarboner (HFK) gjennom Montrealprotokollen. HFK-gassar blir nytta som erstatning for fleire av dei ozonreduserande gassane, og er sterke klimagassar. På partsmøtet under Montrealprotokollen i november 2015 vart det bestemt at protokollen skal regulere HFK og at detaljane for korleis dette skal gjerast skal forhandlast ferdig i løpet av 2016.

Utanriksministermøtet under Arktisk Råd vedtok i 2015 at dei arktiske landa skal redusere utsleppa sine av svart karbon og metan. I tillegg skal dei utvikle eit felles, kvantitativt mål for reduksjon av svart karbon, med sikte på vedtak i 2017. Svart karbon har ein særskilt oppvarmande effekt når det blir sleppt ut i nærleiken til dei arktiske områda, då partiklane kan leggje seg på overflata og auke smeltinga av isen. Noreg har hatt ei pådrivarrolle for å få landa med størst utslepp med på eit kollektivt mål for reduksjon av svart karbon.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på 4,2 mrd. kroner i 2017. Tabellen under syner at dette er ein auke på 11,5 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2016.

Budsjettmidlar til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging, artsprosjektet og liknande) er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Boks 7.1 Marknadsmekanisar og karbonprising

Med bakgrunn i Noregs lange erfaring med karbonprising, medverkar Noreg til utvikling av marknadsmekanisar og karbonprising gjennom fleire internasjonale prosjekt og fora.

Noreg har dei siste åra hatt fleire bilaterale prosjekt for oppbygging av kvotesystem i *Kina*, *Makedonia* og *Kazakhstan*. I desse prosjekta har Noreg medverka ved at norske ekspertar har overført erfaringar og kunnskap, og ved at det har blitt gitt finansiell støtte til vertslandets institusjonar.

Gjennom Verdsbankens *Partnership for Market Readiness (PMR)* og *International Carbon Action Partnership (ICAP)* medverkar Noreg til utvikling av marknadsmekanisar og karbonprising. PMR gir finansiell og teknisk støtte til land som ønskjer å ta i bruk marknadsbaserte verkemiddel for utsleppsreduksjonar, og består av 12 donor- og 18 mottakarland, blant andre Kina, Brasil, og India. ICAP har som mål å dele erfaringar mellom land, og arbeider for å lette samankoplinga av kvotesystem, og med å fremje kvotesystem som eit viktig verkemiddel for klimagassreduksjonar.

Gjennom *Statens kvotekjøp* medverkar Noreg til utviklinga av, og legitimiteten til, internasjonale klimakvotemarknader, ved å kjøpe kvotar frå sårbare prosjekt og nyutvikla CDM-prosjekt. Gjennom kjøpsprogrammet er Noreg med å oppretthalde strukturar som ein kan byggje vidare på når det igjen blir behov for tettare samarbeid mellom industri- og utviklingsland om tiltak for reduksjon av klimagassutslepp.

Gjennom Transformative Carbon Asset Facility testar ein mellom anna ut nye marknadsmekanisar som skal vere tilpassa ei ny, global klimaavtale.

Noreg støttar òg opp om karbonprising ved å fremje karbonprising gjennom internasjonale forum som *Carbon Pricing Leadership Coalition* og i *klimaforhandlingane*.

Gjennom det nordiske sektorinitiativet, *Nordic Partnership Initiative (NPI)*, har Noreg støtta pilotprosjekt i avfallsektoren i Peru og sementsektoren i Vietnam. Pilotprosjekta skal utarbeide system som klargjer sektorene for tiltak for faktiske utsleppsreduksjonar, med fokus på marknadsbaserte finansieringsløyningar.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1420	Miljødirektoratet	3 048 852	3 613 597	4 033 813	11,6
1422	Miljøvennleg skipsfart		5 219	5 338	2,3
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø		14 278	15 629	9,5
1424	MAREANO		32 932	33 684	2,3
1425	Vilt- og fisketiltak	83 018	80 498	87 909	9,2
	Sum kategori 12.20	3 131 870	3 746 524	4 176 373	11,5

Kap. 1420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	596 590	596 440	639 555
21	Spesielle driftsutgifter	137 490	166 580	182 822
22	Statlege vassmiljøtiltak	211 420	277 943	268 386
23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	138 350	142 726	149 369
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	38 215	34 460	32 460
31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	42 205	62 848	64 419
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	6 713	2 392	5 222
33	Statlege tileigningar, nytt vern, <i>kan overførast</i>		1 562	9 062
34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	37 258	32 580	52 650
35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	355 812	392 112	392 112
37	Skogplanting, <i>kan overførast</i>		15 000	14 375
38	Restaurering av myr, <i>kan overførast</i>		13 000	13 325
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	14 249	12 622	12 483
61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overførast</i>	1 920	104 058	106 920
69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	79 579	170 568	271 562
70	Tilskott til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	25 861	33 255	24 755
71	Marin forsøpling, <i>kan overførast</i>		7 500	15 290

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	113 737	144 837	148 892
73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	66 488	70 051	70 051
74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	402 494	523 728	671 284
75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	418 227	420 000	431 760
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	76 451	64 827	76 042
77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	8 475	10 885	14 416
78	Friluftsførmål, <i>kan overførast</i>	151 123	157 821	159 821
79	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	540	650	450
80	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar			57 402
81	Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	25 874	26 261	26 261
82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	38 975	64 989	64 989
84	Internasjonalt samarbeid	1 726	4 834	4 964
85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overførast</i>	51 580	51 278	52 714
Sum kap. 1420		3 048 852	3 613 597	4 033 813

Midlane under budsjettkapitlet er retta mot alle resultatområde med unntak for resultatområde Kulturminne og kulturmiljø og resultatområde Polarområda.

Miljødirektoratets rolle og oppgåver

Miljødirektoratet er Klima- og miljødepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan klima, naturforvaltning og forureining. Hovudoppgåvene er å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfaldet og sikre den naturlege produksjonsevna, hindre forureining og leggje til rette for friluftsliv. Dette betyr mellom anna å leggje til rette for å ta vare på naturen, berekraftig bruk og verdiskaping.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling og dei nasjonale miljømåla gir hovudramma for arbeidet i Miljødirektoratet. Etaten sine funksjonar er å skaffe og formidle miljøinformasjon, utøve forvaltningsmynde, styre og rettleie regionalt og kommunalt nivå, gi faglege råd og delta i internasjonalt miljøarbeid.

Arbeidet som Miljødirektoratet utfører er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal klima- og miljøpolitikk, og å få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

På klimaområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med tiltaksanalysar for reduksjon i klimagassutslepp, utvikling og drift av klimagassrekneskapen, overvaking av klimaendringar og virkningar av klimaendringar på naturmangfald. Direktoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under Klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er direktoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FNs klimapanel og koordinerer alle prosessar knytte til klimapanelets arbeid.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å leggje til rette for regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing, og Miljødirektoratet er departementets fagetat på dette området.

På naturforvaltningsområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning der økosystema har god til-

stand og leverer økosystemtenester, etablering og forvaltning av verneområde og forvaltning av truga arter og naturtypar, under dette etablering og forvaltning av prioriterte arter og utvalte naturtypar. Andre viktige oppgåver er forvaltning av rovvilt, vassforvaltning, heilskapleg havforvaltning, marin naturforvaltning og forvaltning av villaks, innlandsfisk, villrein og anna haustbart vilt. På same måte som på klimaområdet deltek etaten i dei internasjonale forhandlingane under Konvensjonen om biologisk mangfald. Direktoratet er Noregs nasjonale kontaktpunkt for det internasjonale naturpanelet (IPBES), og koordinerer aller prosessar knytt til naturpanelet sitt arbeid. Ein teknisk støtteining for kapasitetsbygging er etablert i Miljødirektoratet.

Etaten medverkar vidare til at omsynet til langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Statens naturoppsyn er ein del av Miljødirektoratet, og har med heimel i lov om statlig naturoppsyn ansvar for å føre tilsyn med naturtilstanden og oppsyn med at reglane i miljølovgivinga blir følgde. Statens naturoppsyn er òg kompetansmiljø for gjennomføring av skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområda.

Tilrettelegging for friluftsliv, motivering av befolkninga til å utøve friluftsliv og sikring og forvaltning av friluftslivsområde er òg viktige oppgåver for Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet samordnar det sektorovergripande arbeidet på forureiningsområdet, og samarbeider med sektorane om faktagrunnlag, analysar og videreutvikling av tiltak og verkemiddel. Viktige oppgåver på forureiningsområdet er arbeidet med å redusere og førebyggje bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, arbeidet for å reinske opp i forureina sjøbotn og forureina grunn, hindre forureining i vassdrag og langs kysten, å førebyggje og hindre oljeforureining, å redusere luftforureiningar og å auke ressursutnyttinga og redusere miljøproblem knytte til avfall. Direktoratet er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid på desse områda. Etaten har vidare ansvar for å gjennomføre risikobasert tilsyn.

Miljødirektoratet har brei oversikt over naturtilstand og forureining i Noreg, og rapporterer dette fortløpande til resten av miljøforvaltninga, andre sektorar og allmenta mellom anna gjennom Miljøstatus.no. Etaten har òg fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavingane hos fylkesmannen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til verksemda ved Miljødirektoratets to hovudkontor i Trondheim og Oslo, og dei lokale kontora til Statens naturoppsyn rundt omkring i landet. Meir spesifikt dekkjer posten lønn til faste og mellomtids tilsette, husleige, reiser, IKT-utgifter, informasjon, formidling og drift av miljøinformasjonssystem og ulike nettstader. Posten dekkjer òg drift av CO₂-kompensasjonsordninga, jf. omtale under post 74. For ei vidare utgreiing om kva slags føremål løyvinga går til, viser vi til omtala under «Miljødirektoratets rolle og oppgåver» over.

Utgifter knytte til oppdrag som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog, er dekte av posten. Inntektene for desse er førte under kap. 4420 post 01.

Samla sett er posten auka med 43 mill. kroner. Det er lagt inn 58 mill. kroner i samband med omlegging av budsjettering av pensjonsutgiftene i staten. Posten er redusert med 30 mill. kroner som eit ekstraordinært innsparingskutt. I tillegg er det teke ut 3 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Som prisjustering har posten fått 2,3 mill. kroner og til å dekkje konsekvensane av lønnsoppgjering i staten i 2016 er det lagt inn 13,7 mill. kroner. 2 mill. kroner til berekningsverktøy for lokal luftkvalitet er flytta til post 21. Det er flytta 1 mill. kroner til posten frå post 37 for å dekkje administrative kostnader knytte til skogplanting. I samband med framleigeinntekter over kap. 4420 post er løyvinga auka med 3 mill. kroner. Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 4420 post 01.

Rapport 2015

Av rekneskapsførte utgifter i 2015 vart 72 pst. nytta til lønn. Resten vart nytta til husleige, energi, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kompetanse- og organisasjonsutvikling. Posten vart i 2015 òg nytta til kontorinvesteringar i samband med at Oslodelen av direktoratet i desember 2014 flytta til nye lokale på Helsfyr.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten finansierer tiltaksretta forvaltningsoppgåver innan resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten finansierer fleire av direktoratet sine oppgåver innan klima. Dette gjeld for eksempel arbeid knytt til FN's klimapanel, utvikling og drift av klimarekneskapan, utgreiing for å støtte etatens arbeid med tiltak mot klimagassutslepp og kortlevde klimadrivarar, utvikling av verktøy for lokal klima- og energiplanlegging og utvikling av verktøy for å rekne ut lokal luftkvalitet. Posten dekkjer òg finansiering av ulike oppgåver innan klimatilpassing, støtte til Klimaservicesenteret, pilotprosjekt og andre tiltak for auka kunnskap og kompetanse.

Posten dekkjer kostnadene med prosess før gjennomføring av verneplanar som er vedtekne av Stortinget. Dette gjeld skogvern der direktoratet finansierer fylkesmannens arbeid, og marint vern der etaten finansierer utgreiing av kunnskapsgrunnlaget og fylkesmannens arbeid. Utgifter til innhenting av kunnskap og arbeidet til lokale partar knytt til lokalt initierte nasjonalparkforslag blir òg finansierte frå denne posten. I tillegg dekkjer posten fylkesmennenes og nasjonalparkstyra sitt arbeid med utarbeiding av forvaltningsplanar, kostnader til nasjonalparkstyre og tilsynsutval, og innføringa av merkevare- og besøksstrategi for nasjonalparkane og andre verneområde.

Tenestekjøp av oppsynsoppgåver som Statens naturoppsyn gjer hos Fjellstyra blir dekte over posten. Det samla tenestekjøpet frå Statens naturoppsyn til Fjellstyra blir dekt frå fleire postar under Klima- og miljødepartementets budsjett og omfattar òg andre operative feltoppgåver som tiltak i verneområde og skadedokumentasjon i samband med rovdyrtap og naturovervaking. Dette er oppgåver som dels er styrt av hendingar og dels av konkrete bestillingar frå forvaltninga og nasjonalparkstyra, og er varierende med omsyn på årleg omfang og geografisk område. Miljødirektoratet vil som i tidlegare år kjøpe slike tenester etter behov og tilgjengeleg budsjetttramme.

I samband med forvaltning av rovvilt dekkjer posten drift av nasjonalt fagråd for overvaking av rovvilt og møtegodtgjersle for dei regionale rovvilt-nemndene. Posten dekkjer òg ordningar for vaktberedskap hos fylkesmennene og utviklings-tiltak som er prioriterte av dei regionale rovvilt-nemndene.

Posten dekkjer utarbeiding og oppfølging av handlingsplanar og faggrunnlag for truga arter og naturtypar, under dette innhenting av nødvendig kunnskap og utreiingar. Midlane vert òg nytta til tenestekjøp knytt til rådgiving om skjøtsel og forvaltning av truga artar og naturtypar. Tiltaka vert finansierte over post 82 Tilskot til truga arter og

naturtypar. Posten dekkjer vidare tenestekjøp knytt til Naturindeks for Noreg.

Fagsystem for nasjonal styring og rapportering, og oppfølging av forpliktingar i internasjonale konvensjonar, som Bernkonvensjonen og Ramsarkonvensjonen, blir òg dekte av posten.

Posten finansierer utvikling og drift av handlingsplanar mot framande arter. Avtala med Vitenskapskomiteen for mattryggleik om risikovurderingar knytte til innførsel av framande organismar, genmodifiserte organismar og mikroorganismar vert òg dekt over posten.

Posten blir brukt til kjøp av spisskompetanse for å vurdere helse- og miljøfare ved stoff som Noreg foreslår for reguleringar i EU og globalt. Den blir òg brukt til å få fram betre kunnskap om ulike kjelder til spreiding av miljøgifter, som eit ledd i å nå dei nasjonale måla på miljøgiftområdet, og til å sikre eit brukarvenleg elektronisk system for deklarerer av kjemikaliar til Produktregisteret.

På avfallsområdet dekkjer posten utgifter til utgreiingar, og til å utvikle og sikre brukarvenlege rapporteringssystem. Vidare dekkjer posten utgifter direktoratet eventuelt får ved å måtte fjerne eigarlaust farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Samla sett er posten auka med 16 mill. kroner.

Det er lagt inn auka midlar til forvaltning av nasjonalparkar, til oppfølging av naturmangfaldmeldinga (Meld. St. 14 (2015–2016) og ulvemeldinga Meld. St. 21 (2015–2016)), samt oppfølging av Stortingts vedtak om kongeørn.

Frå post 76 er det flytta 1,2 mill. kroner. Midlane er knytte til administrasjon av ordninga for spillolje og post 21 er meir riktig plassering for slike utgifter. Frå post 01 er det flytta 2 mill. kroner til berekningsverktøy for lokal luftkvalitet. Som delvis prisjustering har posten fått 2,9 mill. kroner.

Ut av posten er det teke 8,5 mill. kroner, av dette 0,8 mill. kroner som følgje av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Vidare er det teke ut midlar til prosjektet Menneske og naturarven, oppsyn med vasskuter langs kysten, evaluering av den regionale rovviltforvaltninga og dei regionale bestandsmåla for rovvilt, gjennomføring av Trondheimskonferansen 2016 om biologisk mangfald, utarbeiding av forvaltningsplanar for freda bygningar på statleg sikra friluftslivsområde, formidling av klimakunnskap og andre prioriterte kommunikasjonstiltak, utreiinga «Skadedata» om innsamling av kunnskap frå forsikringsbransjen til bruk i den kommunale planlegginga

til førebygging av naturskadar, utgreiing av nytt deponi for farleg avfall, og forpliktingar i Noreg i nytt NEC-direktiv.

Rapport 2015

Ein vesentleg del av midlane på posten i 2015 vart nytta til tiltak knytte til forvaltning av nasjonalpar-

kar, verneområde, framande og truga artar og rovvilt. Om lag halvparten av løyvinga vart tildelt vidare til fylkesmannen til bruk i dei einskilde fylka på dei same satsingsområda. Delen av midlar nytta til oppgåver innanfor klimaarbeidet auka i 2015.

Ein del av midlane er òg nytta til kjøp av naturoppsynstenester.

Post 22 Statlege vassmiljøtiltak

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
22.1	Kalking	73 122	70 293	85 000
22.2	Anadrome laksefisk	91 624	122 970	98 772
22.3	Generell vassforvaltning	46 674	84 680	84 618
	Sum post 22	211 420	277 943	268 386

Midlane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten dekkjer ulike vassmiljøtiltak som ikkje er tilskot, under dette midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) og heilskapleg vassforvaltning. Tilskot til same føremål blir dekte over post 70.

Samla sett er posten redusert med nær 10 mill. kroner. Netto endring som følgje av avbyråkratiserings-/effektiviseringskutt og endra pensjonsbudsjettering utgjer ein reduksjon på 0,3 mill. kroner. Øvrige endringar blir forklarte under den einskilde underposten.

Underpost 1 dekkjer kjøp av kalkingstenester. Den del av kalkingsmidla som ligg på 22- posten er auka med knappe 15 mill. kroner. Det er lagt inn 6,2 mill. kroner i korrigering av for stort uttrekk av meirverdiavgift i samband med innføring av nettoordninga for meirverdiavgift i staten. Frå post 70 underpost 1 Tilskot til kalking er det flytta 8,5 mill. kroner som betre kan nyttast under 22- posten.

Underpost 2 dekkjer tiltak, og forskning og utvikling knytt til forvaltning av anadrome laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, bevaring i genbank og styrking av kunnskapsgrunnlaget.

Midlane på underposten er samla sett reduserte med 24 mill. kroner.

Nye anslag for den planlagde genbanken på Ims for truga og sårbare lakse- og sjøaurebestan-

dar frå Hardangerfjorden visar ein kostnadsauke på over 50 pst. Regjeringa har på denne bakgrunnen bestemt å ikkje byggje genbanken.

I 2016-budsjettet ligg det inne 15 mill. kroner til å starte bygginga. Desse vil bli omdisponerte, og same beløp er teke ut av løyvinga for 2017. Utover midlar til etablering av genbanken er det i 2017-budsjettet lagt inn midlar til innsamling av laksebestandane og driftsoppstart av genbanken. Desse aktivitetane vil bli trappa ned, og midlane vil bli omdisponerte.

Utover dette er det lagt inn 2 mill. kroner til evaluering av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjorlar.

Det er òg lagt inn 2 mill. kroner til reparasjon og oppgradering av genbankane på Haukvik og Herje.

Det er teke 5 mill. kroner ut av underposten fordi gyrobehandling i Ranaregionen er avslutta.

Bygging av fiskesperra i Driva er venta ferdig i 2017. Til drift av sperra er det lagt inn 1 mill. kr. Løyvinga til å byggje sperra er 19 mill. kroner i 2017, ein reduksjon på 12 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2016.

Underpost 3 omfattar midlar til heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta og anna generell vassforvaltning. Frå denne posten blir det òg fordelt midlar til vassregionstyresmaktene og arbeidet i vassområda. Løyvinga skal òg dekkje ei kunnskapsoppdatering knytt til storauretiltak, og tiltak mot krypsiv blir ført vidare med 3,5 mill. kroner.

Rapport 2015

Miljødirektoratet og fylkesmannen brukte 211 mill. kroner til ulike statlege vassmiljøtiltak i 2015. Om lag 35 pst. av midlane har vore nytta til kalking av vassdrag. Om lag 45 pst. har vore nytta til forvaltning av og tiltak for å ta vare på anadrom laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Om lag 20 pst. av midlane er nytta til generell vassforvaltning.

Kalking

Tilførsla av sur nedbør er sterkt redusert sidan toppnivåa på 1980-talet, men den positive utviklinga flata ut etter tusenårsskiftet. Enno er om lag 8 pst. av arealet i Noreg skadd av forsuring, og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare be-tring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen.

Totalt blir 22 lakseførande elvar i Noreg kalka. I dei elvane der laksen har gått tapt grunna sur nedbør er det etablert nye laksestammer. Det har vore godt laksefiske i mange av dei kalka elvane, med ein årleg totalfangst på 40–60 tonn (12–15 pst. av all laks fanga i norske elvar). Rapportar om kalkavslutning i lokale prosjekt blir følgde opp.

Anadrom laksefisk

Tiltak mot *Gyrodactylus salaris* og bevaring av stammer i genbank er gjennomført som planlagt i Skibotn- og Ranaregionen. Behandlingane av Rauma, Lærdals- og Vefsnregionane blei følgd opp med blant anna overvaking og oppbygging av dei opphavlege fiskestammene frå genbank. Planleggingsarbeidet i Drammensregionen blei starta i 2015. Arbeidet med å byggje fiskesperre i Driva gjekk fram i tråd med revidert framdriftsplan. Behandlingane som er gjennomførte i fleire regionar dei siste åra har ført til auka kostnader til bevaring og reetablering av fiskebestandane i genbank. Etablering av ny genbank på Ims blei forseinka, mellom anna som følgje av krav om undersøking av moglege fortidsminne i anleggsområdet. Løyvinga er òg brukt til arbeidet med Tana og til forhandlingar med Finland. Innsatsen på bestandsovervaking av villaks er auka og eit opplegg for særskilt overvaking på sjøaure er starta opp. Kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av laks er styrkt, mellom anna gjennom klassifisering av laksebestandar etter kvalitetsnorma i regi av Vitska-peleg råd for lakseforvaltning.

Generell vassforvaltning

Midlar til arbeidet med generell vassforvaltning i 2015 har vore prioritert til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking og utvikling av klas-sifikasjonssystemet), og til ferdigstilling av regio-nale vassforvaltningsplanar og tilhøyrande tiltaks-program. Ny overvaking som er sett i gang er mel-lom anna knytt til store innsjøar, miljøgifter og grunnvatn. I 2015 vart det særleg prioritert å gi midlar til vassområda og arbeidet med regionale overvakingssystem.

Post 23 Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, kan overførast

Løyvinga er knytt til utgifter som direktoratet har ved gebyrfinansiert verksemd og til utgifter ved oppdrag finansierte frå andre instansar. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Foru-reining og Klima.

Posten er samla sett auka med 6,6 mill. kroner. I samband med endra budsjettering av premie-betaling til Statens pensjonskasse er det lagt inn 6,9 mill. kroner. Grunna reduserte utgifter til sertifise-ringsordning for fluorerte klimagassar er løyvinga redusert med 3,8 mill. kroner, jf likeins reduksjon på inntektssida under kap. 4420 post 04. Posten er også redusert med 0,4 mill. kroner i avbyråkratiserings- og effektiviseringskutt. På motsett side er den auka med nær 4 mill. kroner i prisjustering.

Direktoratet utfører med heimel i fleire for-skrifter oppgåver som er gebyrfinansierte i sam-svar med prinsippet om at forureinar betaler. Ut-giftene til desse oppgåvene er budsjetterte til om lag 32 mill. kroner, mens inntektene er om lag 34 mill. kroner. Sjå nærare forklaring under kap. 4420 post 04 der inntektene blir førte.

På same vis utfører fylkesmennene oppgåver i samband med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. gebyrinntekter under kap. 4420 post 06 anslått til 29 mill. kroner. Inntek-tene blir tilbakeførte til fylkesmennene.

Til utgiftene ved kontroll og verifisering av kvotepliktige verksemd er det i samsvar med EUs reglar knytt gebyr som er førte under kap. 4420 post 07, anslått til 11 mill. kroner.

Omfanget av arbeid knytt til gebyrrelatert verksemd på naturforvaltningsområdet er for-venta til om lag 5 mill. kroner, jf. inntekter under kap. 4420 post 08.

Posten dekkjer òg utgifter anslått til 64 mill. kroner ved internasjonale oppdrag som direktora-tet får refunderte over kap. 4420 post 09, hovudsakleg frå andre statsinstansar.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4420 postane 04, 06, 08 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapport 2015

Om lag 25 mill. kroner av midlane vart i 2015 nytta av fylkesmennene, i hovudsak knytt til gebyrfinansierte tiltak på forureiningsområdet. Utgifter til internasjonal verksemd var om lag 53 mill. kroner. Ein vesentleg del av desse vart nytta til løn og direkte kostnader.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde, kan overførast

Midlane på posten er retta mot resultatområde Friluftsliv. Midlane blir nytta til statleg sikring av nye friluftslivsområde, anten ved offentleg erverv eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale med grunneigar). Det er flytta 2 mill. kroner frå posten til post 78 Friluftslivsformål. Midla skal nyttast til friluftslivstiltak i samband med den nye Groruddalsatsinga.

Kommunane og dei interkommunale friluftsråda kan søkje Miljødirektoratet om økonomisk medverknad til sikring av viktige friluftslivsområde. Miljødirektoratet kan òg i samarbeid med kommunane overta friluftslivsareal frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i si verksemd. I tillegg kan kommunale friluftsområde vederlagsfritt bli omgjort til statleg sikra friluftslivsområde, dersom områda tilfredsstillir kriteria for statleg sikring. Slike område blir tinglyste som statleg sikra friluftslivsområde.

Midlane på posten kan òg nyttast til grunnleggjande istandsetjingstiltak i samband med at nye område blir sikra, til dømes oppføring av toalettbygningar eller opparbeiding av tilkomst. Midlane på posten kan òg nyttast til istandsetting av statleg eigde bygningar på dei sikra områda.

For friluftsområde med nasjonal og regional bruk kan staten medverke med inntil 100 pst. av kostnadane, for område med i hovudsak lokal bruk med inntil 50 pst. av kostnadane. Friluftsområde i og ved store befolkningskonsentrasjonar, under dette område i nærmiljøet, landfaste område i kystsona med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala og sentrale område ved innlandsvassdrag er prioriterte i sikringsarbeidet.

Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak frå dette er bygningar som anten skal rivast eller som kan nyttast i friluftslivsamheng i området.

Midlane på posten kan òg dekkje utgifter knytte til dei sikra områda, som for eksempel grenseoppgangar, frådelingar og tinglysingar. Investeringsmidlane blir utbetalte når Miljødirektoratet har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført, og at statens vilkår er oppfylte.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2015

Det vart sikra 30 nye friluftslivsområde gjennom statleg medverknad med midlar frå post 30 i 2015. Om lag 80 pst. av områda kan definerast som nær-område til der folk bur. Områda som vart sikra i 2015 ligg i 10 ulike fylke. Dei siste åra er det i langt større grad enn tidlegare blitt sikra friluftslivsområde i nærleiken av bustadområde. Desse områda har høgare sikringskostnader enn område utanfor bustadområda. Det er både kommunar og interkommunale friluftsråd som har initiert desse sikringsprosessane, og som vil stå for vidare drift og tilsyn i områda framover.

I tillegg til gjennomført sikring, søkte kommunar og friluftsråd om statleg medverknad til å sikre nye område. Det blei gitt tilsegn om statleg medverknad til sikring av 21 nye område i 2015. Kommunane og friluftsråda arbeider no med å få gjennomført sikringa av desse, og med tilrettelegging av areala.

Miljødirektoratet har gjennomført ulike tiltak for å gjere ordninga betre kjent for kommunar og interkommunale friluftsråd, og det er venta at tiltaka vil resultere i fleire søknader om statlege midlar til sikring av friluftsområde.

Post 31 Tiltak i verneområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Klima. Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og andre typar tiltak i verneområde. Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgifter til informasjon, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Posten blir òg nytta til å båtinvesteringar for Statens naturoppsyn. Midlane kan i tillegg omfatte tiltak i samband med merkevare- og besøksstrategi for nasjonalparkane. Nasjonalpark-/verneområdestyra prioriterer bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtsels-

plan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Til posten er det lagt inn ei prisjustering på 1,6 mill. kroner.

På grunn av alder og slitasje har Statens naturoppsyn behov for utskifting og fornying av båtar for å tilfredsstille krav til eigen sikkerhet og stabil drift. Regjeringa foreslår til materiellbestillingar (hovudsakleg båtkjøp) ei bestillingsfullmakt under posten på 3 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Om fordeling av midlar og oppsyn til det einskilde verneområde

Forvaltningsstyresmakta skal melde inn sine behov for midlar til forvaltnings- og skjøtselstiltak i verneområda direkte til Miljødirektoratet, som tildele midlane ut i frå ei nasjonal prioritering. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponere og prioritere bruken av dei tildelte midlane, og bestemmer kven som skal gjennomføre tiltaka. Midlane skal nyttast i samsvar med nasjonale føringer.

Behovet for og prioritering av oppsyn i verneområda blir drøfta mellom forvaltningsstyresmakta i det enkelte verneområde og Statens naturoppsyn. Dei skal òg drøfte kva for tiltak i vedtekne forvaltnings- og skjøtelsesplaner forvaltningsstyresmakta ønskjer at Statens naturoppsyn skal gjennomføre på deira vegne. Det er ein føresetnad at Statens naturoppsyn sine oppgåver og aktivitetar i verneområda vert samordna med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda slik at det blir ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

Rapport 2015

Midlane er brukt til tiltak og investeringar for å ta vare på og halde ved lag verneverdiane i verneområde over heile landet. Tiltaka er prioriterte først og fremst i verneområde der verneverdiane er truga. Rydding og slått i areal som er i ferd med å gro igjen grunna endra arealbruk og uttak av framande arter som sitkagran og mink er eksempel på tiltak som er gjennomførte. Restaurering av myr som klimatilskott var ei ny satsing i 2015. Mellom anna er det gjennomført omfattande restaurering i Sakkuhsmåsan naturreservat i Akershus, Stormyra og Flåmyra naturreservat i Oppland, Hammarmyra i Sør-Trøndelag og Kvitmyr og Okstadmyra naturreservat i Nord-Trøndelag.

Tilretteleggings- og informasjonstiltak er òg prioriterte, og har omfatta opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengelet i verne-

områda og samstundes styre ferdsle i og rundt sårbar natur i verneområda.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av planen for vern av fylkesvise, tematiske verneplanar slik det er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur*. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelige avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av område som er verna eller føreset verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane. Løyvinga er auka med 2,8 mill. kroner ut frå venta utbetalingar på vern vedteke i tidlegare år. Det blir fremja forslag om ei tilsagnsfullmakt under posten på 6,2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2015

I 2015 var hovudtyngda av utbetalingar over posten knytt til erstatningar og omkostningar for Jærstrendene landskapsvernområde, område i Oslofjordverneplanen (delplanar for Vestfold og Telemark), verneplan edellauvskog Sogn og Fjordane og grensemerking for verneområde i Finnmark.

Post 33 Statlege tileigningar, nytt vern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og omfatta alt nytt vern som ikkje er skogvern.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nytt vern utover det som er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur* og St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Posten skal òg dekkje utgifter til gjennomføringa av marint vern, jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*.

På posten blir det ført utgifter i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf.

erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp av område skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av vernevedtaka.

Det pågår prosessar med verneforslag for 15 nye marine område. Utgiftene i samband med dette er anslått til 12,4 mill. kroner og ventast for fem av områda å komme i 2016 og 2017. Dette utgjør 3,6 mill. kroner. Utgiftene i samband med dei 10 andre områda, svarande til 8,8 mill. kroner, vil komme seinare. I tillegg til dei 15 områda skjer det konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova med tanke på vern av større marine område. Til dette føremålet er det satt av 3,1 mill. kroner av løyvinga.

Etter lokale initiativ er det gjennomført prosessar med sikte på vern av nye nasjonalparker ved Jomfruland i Telemark, Raet i Aust-Agder og på Lofotodden i Nordland. Utgiftene til Jomfruland og Raet er anslått til 4 mill. kroner og vil komme i 2017. Utgiftene til Lofotodden er anslått til 2 mill. kroner og vil komme i 2018.

Ut frå kostnadsoverslaga er det behov for ei tilsegnsmakt på 10,9 mill. kroner til dekning for framtidige utgifter, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2015

Når det gjeld marint vern, vart det gjennomført høyring for fem område og utarbeidd høyringsutkast for 11 område. I tillegg vart det gjennomført høyring av nasjonalparkforslaga for Jomfruland og Raet.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparker, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge* i form av erstatning av dei økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Posten dekkjer òg tilsvarende utgifter for Fulufjellet og Færder nasjonalparker som er resultat av regionale/lokale verneinitiativ. Erstatningar blir i hovudsak fastsette ved minnelege avtaler. Nokre få saker

går til rettsleg skjønn. Løyvinga er auka med 20 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2016 ut frå venta utbetalingar på vern vedteke i tidlegare år.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen. Det er ikkje planlagt vern av nye nasjonalparker under denne posten i 2017, men utvidinga av Saltfjellet/Svartisen som var planlagt til 2016 er utsett til 2017. Det blir elles vist til post 33 som omtalar vern av nye nasjonalparker i 2017.

Rapport 2015

Oppgjer har vore utbetalt fortløpande ettersom tilboda vert aksepterte av grunneigarar og rettshavarar gjennom minnelege avtaler, eventuelt etter nye forhandlingar. Rettsleg skjønn har vore naudsynt i svært få saker.

Post 35 Statlege tileigningar, skogvern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova og markalova, jf. erstatningsreglane i lovene. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova og markalova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedommar, erstatningsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnsmakt under posten på 116,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2015

Overførte midlar frå 2014 og løyving for 2015 er brukt i arbeidet for å nå dei nasjonale målet om at eit representativt utval av naturtypar i skog skal vernast for kommande generasjonar. Hovudtyngda av utbetalingane er knytt til erstatningar i

samband med frivillig vern av skog, der omlag 330 mill. kroner er utbetalt i erstatningar og vederlag. Det er utbetalt omlag 14 mill. kroner i erstatningar og omkostningar i samband med tradisjonelle verneprosessar, mellom anna knytt til erstatningsoppjøret for Trillemarka-Rollagsfjell naturreservat.

Post 37 Skogplanting, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Klima.

Planting av skog på nye areal som klimatiltak, og utvikling av miljøkriterium for dette, er eitt av oppfølgingspunkta frå klimaforliket som vart vedteke av Stortinget i 2012. I 2013 konkluderte Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet (dåverande Statens Landbruksforvaltning) og Norsk institutt for bioøkonomi (dåverande Skog og landskap) i ein etatsrapport med at minst 50 000 dekar kan plantast pr. år over ein 20-årsperiode, med akseptable effektar for naturmangfald og andre miljøverdiar.

Arbeidet må vere tufta på grundige faglege avvegingar mellom klima-, miljø- og næringsomsyn. Regjeringa starta derfor i 2015 ein treårig pilotfase, med mål om å hauste erfaringar med mellom anna klimaeffekt, miljøkriterium og gjennomføring før oppskalering og utvida implementering av tiltaket. Pilotfasen er leia av Miljødirektoratet, i tett samråd med Landbruksdirektoratet.

For å sikre god klimaeffekt, naturomsyn og lågt konfliktnivå omfattar pilotfasen berre (i) planting av norske treslag, (ii) planting på opne areal og areal i tidleg gjengroingsfase, (iii) planting på areal med høg produksjonsevne og der det er venta låg negativ endring i albedoeffekten og (iv) planting på areal som ikkje er viktige for naturmangfaldet (dvs. ikkje planting mellom anna i truga naturtypar, viktige kartlagde naturtypar og leveområde for raudlista arter), friluftslivsinteresser, viktige kulturhistoriske verdiar eller verdifulle kulturlandskap.

Etter at pilotfasen er gjennomført, skal det vere ein grundig evalueringsspross der ein ser på om målsetjingane er oppnådde. Evalueringa skal blant anna vise om miljøkriteria som er nytta i pilotfasen er tilstrekkelege, og på riktig nivå, for å sikre akseptable effektar på naturmangfald og andre miljøverdiar, inkludert ved bruk av norsk gran på Vestlandet og nord for Saltfjellet. Som ledd i evalueringa skal det innhentast ei ekstern vurdering av effektar på biologisk mangfald, klima og næring. Etter pilotfasen skal det òg utarbeidast ein rapport frå arbeidet som inkluderer rettleiingsmateriale for fullskala planting. Dersom evalueringa av pilotfasen viser at planting av skog som

klimatiltak er føremålstenleg, vil ein i neste fase vurdere korleis ein best kan fremje auka skogplanting.

Frå posten er det flytta 1 mill. kroner til post 01 for prosjektleiing og administrasjon av prosjektet. Posten har fått 0,4 mill. kroner i prisjustering. Tek ein med midlane over 01-posten, er samla ressursbruk til pilotfasen 15,4 mill. kroner i 2017.

Rapport 2015

Det vart i 2015 gjort eit omfattande arbeid med å utarbeide ein rettleiar for planting i pilotfasen (Miljødirektoratets rapport M-407) til bruk for deltakarfylka. Miljø- og næringsorganisasjonar, og andre interessegrupper, vart inviterte til å gi innspel på rettleiaren og utforminga av pilotfasen, og det vart arrangert eit dialogmøte hausten 2015. Pilotfylka Rogaland, Nord-Trøndelag og Nordland tilsette prosjektleiarar for den treårige pilotfasen, og det vart utarbeidd prosjektplanar og ei oversiktskartlegging for prioritering av kommunar for deltaking i pilotfasen. Det vart sett planter i produksjon, både eitt- og toårige. For å sikre god kommunikasjon med potensielle grunneigarar vart det laga ein informasjonsfoldar om pilotfasen (Miljødirektoratets rapport M-434), med fokus på klima, miljøkriterium og næring, og plantemetodikk for å sikre eit godt resultat. Det vart halde ei markering av oppstart av pilotfasen i Steinkjer i Nord-Trøndelag, der eit felt på 4,5 dekar vart planta med norsk gran.

Post 38 Restaurering av myr, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda Klima og Naturmangfald. Posten skal dekkje utgifter til tiltak for å restaurere myr og anna våtmark, planlegging og oppfølging av desse tiltaka. Posten kan nyttast til restaurering både inne i og utanom verneområde.

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet har i 2016 utarbeidd eit forslag til plan for auka restaurering av myr og anna våtmark i perioden 2016–2020. Arbeidet skal rettast inn slik at det medverkar til å oppfylle regjeringas målsetjing om reduserte klimagassutslepp, tilpassing til klimaendringane og betring i økologisk tilstand. Eksempel på tiltak kan vere tetting av grøfter i myr og større restaureringstiltak som remeandering av elveløp. Kostnadseffektive tiltak skal prioriterast, og restaurering skal skje etter avtale med grunneigarar og rettshavarar.

Restaurering av myr har mellom anna til hensikt å redusere klimagassutslepp frå drenerte myrar. Tetting av grøfter fører grunnvatnet tilbake til

sitt naturlege nivå og hindrar at myra sitt torvlag med høgt innhald av karbon blir ytterlegare nedbrote. Slik restaurering er ifølgje FNs klimapanel eit kostnadseffektivt tiltak for å redusere klimagassutsleppa i jordbrukssektoren på global skala. Tiltaket vart òg berekna i Klimakur 2020 som eit kostnadseffektivt tiltak i Noreg. Restaurering av myr og anna våtmark kan vere eit tiltak for klimatilpassing då intakte våtmarker mellom anna kan dempe flaumtoppar. Restaurering vil òg betre den økologiske tilstanden i myr og anna våtmark, og betre og auke tilgangen på leveområde for ei rekke truga arter.

Det er lagt inn ei prisjustering på 0,3 mill. kroner.

Rapport 2015

Posten var ny i 2016, og det er derfor ikkje rapportering for 2015.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79

Posten er knytt til resultatområde Forureining. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 69 og 79.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og til arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Vidare dekkjer posten utgifter til opprydding frå enkelte forureina lokalitetar der staten ved miljøforvaltninga er eigar. Opprydding i forureina sjøbotn gjeld i hovudsak oppfølging av 17 prioriterte område.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningssituasjonen (tilstandsdata), til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeid og til anna kunnskapsoppbygging.

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og til målet «Utslipp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansas.»

Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn for arbeidet med oppryddinga og ligg til grunn for alle tre postane. Så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding. Det vil likevel

vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak, som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga
- Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding
- Der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten kan forskottere oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant
- Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling
- Der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene

Mange av dei store oppryddingsprosjekta i forureina sjøbotn er delfinansierte av kommunar og andre aktørar. Ettersom prosjekta strekkjer seg over fleire år, er det nødvendig å kunne inngå forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak. Ut frå behovet blir det fremja forslag om ei slik fullmakt på 2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Rapport 2015

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2015 er samla under post 79.

Post 61 Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, kan overførast

Posten er knytt til resultatområde Klima.

Posten omfattar to tilskotsordningar: Den eine er ordninga for tilskot til kommunale klimatiltak for å kutte utslepp av klimagassar (Klimasats), som det er sett av 102,5 mill. kroner (inkl. 2 mill. kroner til forvaltning av ordninga, post 01 jf. oppmodningsvedtak nr. 84, 3. desember 2015). Den andre er ordninga for tilskot til klimatilpassingstiltak i kommunane, som det er sett av 6,4 mill. kroner til i 2017. I tala inngår ei prisjustering på 2,9 mill. kroner.

Klimatiltak (Klimasats)

Mål

Formålet er å fremje klimatiltak i kommunar og fylkeskommunar ved å støtte prosjekt som bidreg til reduserte utslepp av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Kriterium for måloppnåing

Midlane skal gå til dei beste prosjekta for klimagassreduksjon og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Midlane skal fortrinnsvis utløyse tiltak, men delar av midlane kan gå til planlegging og utgreiing av tiltak. Dei kan òg gå til nettverksbygging og erfaringsdeling.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til 5 ulike formål: Klimavennleg areal- og transportplanlegging, klimavennleg transportgjennomføring av tiltak, klimagassreducerande tiltak i andre sektorar, forprosjekt for klimagassreducerande tiltak og interkommunale nettverk for kompetanseheving og deling av erfaring. Detaljerte kriterium finst på www.miljokommune.no.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at det blir følgt opp at tilskotsmottakarane nyttar midlane som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsend av tilskotsmottakar. Ordninga er av mellombels karakter.

Tilskotsbeløpet blir utbetalt etter kvart som kommunen har behov for å dekkje dei aktuelle utgiftene, eller i etterkant av utgifter som har komme til.

Rapport 2015

Ordninga var ny i 2016 og det er derfor ikkje rapportering på denne.

Klimatilpassing

Mål

Formålet med tilskotsordninga er å styrkje kommunane sitt arbeid på dette området. Midlane skal nyttast til tiltak som gjer kommunane betre rusta til å møte klimaendringane. Dette omfattar kunnskap om korleis klimaendringane kan verke inn på kommunane/fylkeskommunane sine ansvars-

område, og/eller utgreiingar om kva slag tiltak kommunane må setje i verk for å møte klimaendringane.

Kriterium for måloppnåing

Midlane må brukast på tiltak som gjer samfunnet betre rusta mot klimaendringane.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kunnskapsoppbygging og til utgreiing av konkrete tilpassingstiltak. Midlane kan ikkje brukast til gjennomføring av fysiske klimatilpassingstiltak.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging av tilskot til klimatilpassing skjer ved at det blir følgt opp at tilskotsmottakarane nyttar midlane som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsend av tilskotsmottakar.

Rapport 2015

Der var løyvd 2 mill. kroner til tilskotsordninga for klimatilpassingstiltak i 2015. 10 kommunar tok imot tilskot.

Post 69 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 79. Midlane er retta mot resultatområde Forureining. I dei fleste område som får støtte stammar forureininga frå langt tilbake i tid og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor nødvendige for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Posten er auka med ca. 100 mill. kroner i høve til 2016. Auken skuldast pågåande arbeid i Puddefjorden i Bergen og i Sandefjord.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunane har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og til målet «Utslipp av helse- og miljøskadelege stoff skal stansas.»

Tildelingskriterium

I dei prioriterte tiltaksplanområda for forureina sjøbotn vil kommunen ofte stå for førebuing og gjennomføring av oppryddingstiltak. Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt i kommunal regi, og der fleire aktørar er med på å

finansiere tiltaket. Kommunen må normalt òg sjølv medverke med midlar. Sjå òg omtale under kap. 1420 post 39 og 79.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og slutt-rapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2015

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2015 er samla under post 79.

Post 70 Tilskott til vassmiljøtiltak, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70.1	Kalking	6 654	12 130	3 630
70.2	Anadrom laksefisk	10 291	13 099	13 099
70.3	Generell vassforvaltning	8 916	8 026	8 026
	Sum post 70	25 861	33 255	24 755

Tilskotsordningane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten samlar alle tilskotsmidlane til ulike vassmiljøtiltak. På same vis som post 22 er delt inn i midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk og heilskapleg vassforvaltning, er post 70 delt inn etter tilskotsmidlar for desse føremåla.

Posten er redusert med 8,5 mill. kroner. Desse er teke frå underpost 1 og flytta til post 22 underpost 1 Kalking. Flyttinga er gjort for å få ei mest mogleg optimal utnytting av ressursane til kalking.

Kalking**Mål**

Målsetjinga med tilskotsordninga er å medverke til å redusere dei negative effektane av sur nedbør på naturmangfaldet i vassdrag.

Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering eller ar-

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av handlingsplanen for kalkingsverksemda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gitt til kjøp, transport og spreieing av kalk, til informasjon om effektar av tiltak som er gjennomført og rettleieing om kalking i vassdrag. Det kan ytast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsuring er overskriden, og der det kan påvisast eller er sannsynleg at skadar på naturmangfaldet skuldast forsuring. I område der tolegrensa ikkje lenger er overskriden, men der tidlegare forsuring har ført til at det opphavlege mangfaldet er borte, kan det bli gitt tilskot til å sette i stand opphavleg naturmangfald. Det blir ikkje gitt tilskot til naturleg sure lokalitetar. Ved tildeling av midlar kan det stillast vilkår om at fisket i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. beidsinnsats.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2015

Det meste av midlane under ordninga vart i 2015 brukt til kalking av innsjøar og bekkar, hovudsakleg i Agder og Rogaland. Det vart òg gitt tilskot til bladet pH-status og til Voss klekkeri.

Anadrom laksefisk

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for bevaring og forvaltning av vill anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er å medverke til å nå måla for villlevande anadrom laksefisk.

Tildelingskriterium

Det kan gis tilskot til tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye, under dette bevarings- og kultiveringstiltak og til anvend FoU-verksemd og overvaking som grunnlag for mellom anna lokal forvaltning av lakse- og sjøaurebestandar. Det kan òg gis tilskot til tiltak for å betre tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgd opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2015

Midlane vart i 2015 brukte til overvåkingsprogrammet for nasjonale laksevassdrag og -fjorlar,

forsking og utvikling innan arbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*, bevaring av fiskestammer i genbank og tiltak mot negative påverknader frå menneske. I tillegg er det gitt tilskot til tiltak i regi av organisasjonar. Samla har dette medverka til betre forvaltning og styrkt kunnskapsgrunnlag knytt til anadrom laksefisk.

Generell vassforvaltning

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å medverke til god økologisk og kjemisk tilstand i vatn, jf. vassforskrifta.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Lokal involvering vil òg vere eit viktig kriterium. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av vassforskrifta og dei regionale vassforvaltningsplanane og tiltaksprogramma.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gis til vassområde med særskilte utfordringar til tiltak der målet er god økologisk og/eller kjemisk tilstand i vatn, til tilrettelegging, organisering og informasjon knytt til arbeidet i vassområde og vassregionar og til utgreiingar og andre tenestekjøp knytte til særskilte utfordringar i vassområda.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

Midlane under ordninga blei nytta til ulike tiltak for forbetring av vassmiljøet lokalt, både konkrete tiltak og kartlegging av utfordringar. Det vart gitt tilskot til tiltak over heile landet.

Det vart òg gitt tilskot til landsdekkjande organisasjonar som har ei viktig rolle i medverknadsarbeidet. Samla har dette medverka til betre vassforvaltning, styrkt kunnskapsgrunnlag og betre vassmiljø lokalt.

Post 71 Marin forsøpling, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Forureining.

Mål

Ordninga skal gå til tiltak for å redusere marin forsøpling gjennom å dekkje utgifter knytte til opprydding av marint søppel og til førebyggjande arbeid. Hovudfokus skal vere på strandsona, inkludert opprydding av herrelause, kasserte fritidsbåtar. Prinsippet om at forureinar betaler skal liggje til grunn for arbeidet. Opprydding der det finst ein ansvarleg for avfallet er ikkje omfatta av ordninga. I slike tilfelle kan styresmaktene gi pålegg om opprydding, og utgiftene skal dekkjast av ansvarleg forureinar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at midlane er knytte opp mot det nasjonale målet om «Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttas best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting».

Tildelingskriterium

Det blir arbeidd med å fremje ei forskrift med kriterium for bruken av ordninga. Tilskotsordninga prioriterer tiltak som oppfyller fleire av følgjande kriterium:

- Prosjekt som samlar aktørar, mange deltakarar og dekkjer større geografiske område

- Oppryddingstiltak som er retta mot lite tilgjengelege område som truleg ikkje vil bli rydda av andre, eller stader der forsøplinga medfører svært stor skade for natur og miljø
- Førebyggjande tiltak med ein målretta plan for å engasjere og involvere spesifikke sektorar eller næringar, for eksempel gjennom distribusjon av informasjons- og undervisningsmateriell
- Metodeutvikling som medverkar til meir effektiv opprydding over heile landet
- Søkjarar med spesiell kompetanse innanfor det omsøkte tiltaket
- Tiltak som sikrar ein effektiv bruk av midlane med godt dokumenterte utgiftspostar
- Tiltak som medverkar med eigenfinansiering eller tilskot frå andre kjelder
- Tiltak som inneheld konkrete planar for gjennomføring av prosjektet

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlane skjer mellom anna gjennom sluttrapport innsend av tilskotsmottakar.

Rapport 2015

Det vart i 2015 utbetalt 7,5 mill. kroner til 21 ulike søknader. Om lag 4 mill. kroner gjekk til 14 ulike prosjekt til rydding av strender og havbotn, 1,2 mill. kroner til fem informasjonstiltak, 1,25 mill. kroner til fire prosjekt til undervisningsopplegg og om lag 1 mill. kroner til tre prosjekt om metodeutvikling og innovasjon.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
72.1	Erstatning for husdyr	54 378	77 564	79 736
72.2	Erstatning for tamrein	59 359	67 273	69 156
	Sum post 72	113 737	144 837	148 892

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten omfattar erstatningar for husdyr og tamrein som er drepne eller skada av rovvilt. Erstatningane kan variere frå år til år, bl.a. på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjet-

tert som overslagsløyving. Løyvinga er prisjustert med 4,1 mill. kroner.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltskadar på husdyr

og tamrein slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med «Forskrift om erstatning når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 30. mai 2014 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjonen av skadane er betra mykje dei tre siste åra som følgje av at innsatsen med bestandsregistrering og skadedokumentasjon er trappa opp. Det er Statens naturoppsyn som gjennomfører skadedokumentasjonen.

Rapport 2015

Erstatningsoppgjeret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldane reglar. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå let det til å vere ein god samanheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak, og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje ein tilsvarande samanheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgitte forhold knytte til klima, beitegrunnlaget o.a. Dei nye tiltaka som vart innførte i 2014 for å sikre ei betre samordning av erstatning for tap av rein der reineigaren har høgre reintal enn det som er fastsett av reindriftsforvaltninga, vart førte vidare i 2015.

Post 73 Tilskot til rovvilttiltak, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, under dette godtgjering til lokale fellingslag og tilskot til Rovviltkurscenteret i regi av Noregs Jeger-

og Fiskarforbund. Innafor posten er det sett av 10 mill. kroner til omstillingstiltak.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltsskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald, som over eit lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltsskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd med tilknytning til landbrukseigedommen. Ei ny føresegn for slike tiltak vart sett i verk i 2015. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konfliktrar og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003–2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010–2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konfliktrar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at tilskotsordninga fører til omstillingar der dette fører til reduserte tap og konfliktrar.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013, mens føresegna som omhandlar omstillingstiltak vart fastsett i 2015. Det er utarbeidd ei eiga nettside for bl.a. å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdempande tiltaka meir tilgjengeleg for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltningsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av

rovvilt. Dette inneber bl.a. at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltningsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet, etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidde.

Rapport 2015

I 2015 vart det behandla i alt 500 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 239 søknader om tiltak for å dempe konflikter kring rovvilt. Det kom inn 48 søknader om akutte tiltak, og det vart gjennomført omstillings-tiltak for fire bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltsskade i besetningane over fleire år. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade/tap av sau, sjå ut til at tapa går ned med ein auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjon i tapsomfanget kan òg henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekost og prioritering av tiltak. Det er ikkje gjennomført evaluering av ordninga basert på enkelttiltak.

Ettersom det har vore sær gode erfaringar med eit system der brukarar sender søknad elektronisk, er det no òg lagt til rette for at alle rapportar kan sendast inn på same vis. Dette vil føre til ei betre oversikt over oppnådde resultatet og brukarane si vurdering av måloppnåinga ved dei einiskilde tiltaka. Resultata vert publiserte på ei nettside slik at alle kan ta del i vurderingane.

Post 74 CO₂-kompensasjonsordning for industrien

Posten er knytt til resultatområde Klima.

Målet med ordninga er å kompensere norsk industri for auka kraftprisar som følgje av EUs kvotesystem for CO₂-utslepp. Kompensasjonen skal redusere faren for karbonlekkasje og slik hindre auke i globale utslepp som følgje av utflytting av industri til land med mindre stram klimapolitikk. Ordninga er basert på EU-kommisjonen sine retningslinjer som opnar for statsstøtte til utvalte industrisektorar som er vurderte til å vere særleg utsette for karbonlekkasje. Den norske ordninga vart godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan ESA i september 2013.

Det årlege støttebeløpet avheng blant anna av utviklinga i kvoteprisen og blir utbetalt etterskotsvis året etter støtteåret. Dette inneber at det for støtteåret 2016 må løyvast pengar for utbetalingar i samband med statsbudsjettet for 2017. Basert på gjeldande overslag er posten auka med 147,6 mill. kroner for å kunne utbetale kompensasjon i tråd med reglane for ordninga.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga reduserer faren for karbonlekkasje.

Tildelingskriterium

Ordninga omfattar industriverksemder i alle 15 sektorar som i høve til EUs retningslinjer har moglegheit for støtte. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling.

Ordninga gjeld ikkje for langsiktige kraftavtaler inngått før 2005. Vidare skal industrien sin eigen kraftproduksjon komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga gjeld for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir administrert av Miljødirektoratet, som i behandling av søknadane kontrollerer om dei enkelte verksemdene fyller vilkåra for utbetaling av kompensasjon. Det blir årleg rapportert om bruken av midlar til EFTA sitt overvakingsorgan ESA og til Stortinget i samband med budsjettet.

Rapport for støtteåret 2015

Fristen for å rapportere blant anna produksjonstal og elektrisitetsforbruk for 2015 var 1. mars 2016. Basert på innrapporterte tal for 2015 har Miljødirektoratet til no i 2016 utbetalt 497,9 mill. kroner for støtteåret 2015.

Post 75 Utbetaling for pant av bilvrak, overslagsløyving

Ordninga rettar seg mot resultatområde Forureining. Posten er auka med 11,8 mill. kroner i pris-kompensasjon.

Mål

Målet med vrakpantordninga er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy gir produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er ein del av kapittel 4 i avfallsforskrifta om kasserte køyretøy. Sjølv om ansvaret er lagt på produsentar og importørar, vil regjeringa inntil anna er avgjort føre vidare dagens statlege avgifts- og panteordning.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til å auke innlevering av bilvrak slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte.

Tildelingskriterium

Vrakpanten blir utbetalt av tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling. Ordinær vrakpant for 2017 er 3 000 kroner.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant blir vrakmeldinga kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Rapport 2015

I 2015 vart det samla inn om lag 150 000 bilvrak, som er om lag det same som i 2014.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområda Forureining og Klima. Det er lagt inn 1,8 mill. kroner i prisjustering på posten. Det er i tillegg lagt inn 10,6 mill. kroner ut frå venta utbetalningar av refusjonen av avgifta på hyderofluor-karbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK). Frå posten er det overført 1,2 mill. kroner til post 21 som skal dekkje utgifter til administrasjon av ordninga med refusjon av smørjeoljeavgifta.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje og transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er totalt innsamla kvantum av spillolje.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer med meir) med tilsvarande eigenskapar, med unntak av blant anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Miljødirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte opp mot førehandstilsegna.

Refusjonssetsaen vert fastsett årleg av Miljødirektoratet med utgangspunkt i nivået på smørjeoljeavgifta

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir teken vare på gjennom statistikk over årleg kvantum innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra er det konstaterert mange brot på ordninga for refusjonar. Miljødirektoratet følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbakeføring av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Rapport 2015

Innsamlingsgrad for spillolje (med og utan rett til refusjon) var i 2015 i underkant av 90 pst. og har vore stabil dei siste åra. I 2015 vart det totalt samla inn om lag 25 000 m³ olje som har krav på refusjon, om lag det same som året før. Det vart i 2015 utbetalt om lag 53,5 mill. kroner i refusjon. Refusjonssatsen var på 2,24 kroner pr. liter.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2015 retta mot det nasjonale målet «Veksten i mengden avfall skal være vesentlig lavere enn den økonomiske veksten, og ressursene i avfallet skal utnyttes best mulig gjennom materialgjenvinning og energiutnyttelse» under resultatområde Forureining.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. Hydrofluorkarboner (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fryseanlegg, varmepumper og mobil luftkondisjonering.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til luft av HFKar og PFKar. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljøvennlige kuldemedium og mindre bruk av dei HFK/PFK-gassane som har høgast klimaverknad (globalt oppvarmingspotensiale), stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for refusjonsordninga er aktørar som har avfallsgass eller kassert utstyr som inneheld HFK- eller PFK-gass.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er levert og forsvarleg destruert.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3. Mengd HFK/PFK som blir samla inn og sendt til destruksjon varierer mykje frå år til år. Grunnen er at hos den einaste aktøren som nyttar ordninga blir gassen innsamla på store tankar. Når ein tank er full, blir den sendt til forsvarleg destruksjon. Kvar tank som blir sendt til destruksjon utløyser om lag 3–6 mill. kroner til utbetaling i refusjon, avhengig av samansetjinga av gassane i tanken.

Rapport 2015

I 2015 vart fire tankar med gass leverte til destruksjon med eit samla refusjonsbeløp på om lag 20,4 mill. kroner. Det vart samla inn tre tankar i 2014, to tankar i 2013 og fire tankar i 2012.

Innhaldet i tankane er i all hovudsak ulike blandingar av HFK-gassar, då PFK-gassar er svært lite brukte i Noreg. Ressursbruken under ordninga var i 2015 retta mot dei nasjonale måla under resultatområde Klima.

Post 77 Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.

Posten er tredelt, jf. omtale under. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Foreining, Klima og Polarområda. Posten er auka med 3,5 mill. kroner. Frå kap. 1400 post 70 er det flytta 1,8 mill. kroner i støtte til «Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja». Det er lagt inn ei prisjustering på 0,1 mill. kroner og til posten er det frå kap. 1410 post 21 flytta 1,6 mill. kroner for utbetaling av driftstilskot til Standard Noreg. Tilskotsordninga til «Miljø nær folk» er lagt ned.

Frivillige miljøorganisasjonar og allmenn- yttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstallet i organisasjonane.

Ordninga omfattar tilskot til:

- Norsk vassforeining
- Norsk foreining mot støy
- Tilskot til LOOP
- Foreininga Hald Noreg Reint
- Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja

For 2017 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som i 2016. Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot. Det blir fortløpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillar kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Rapport 2015

Midlane er brukte til grunnstøtte til drift, opplæringstiltak og informasjonstiltak og førebyggjande arbeid generelt i dei ulike organisasjonane.

Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Mål

Ein sirkulær økonomi skal fremje effektiv ressursbruk, medverke til å redusere klimagassutslipp, sikre robuste økosystem og redusere bruken av miljøgifter. Ein sirkulær økonomi har som mål å ta vare på verdien av materialar og energi i produkt i heile verdikjeda så langt råd er, og slik minimere avfall og ressursbruk. Standardar for miljøleing, produkt og tenester og miljømerking er viktige verktøy i ein førebyggjande miljøpolitikk. Standardisering inneber utarbeiding av krav og spesifikasjonar for varer, tenester, prosessar og verksemder. Miljømerking skal gi informasjon til og bevisstgjering av forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemder om miljøvennlege val. Dei offisielle miljømerkeordningane som Svana og Blomen er eit viktig supplement til lovpålagte krav. Merkeordningane er nærare omtalte i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon.

Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking og Standard Noreg.

Kriterium for måloppnåing

Klima- og miljødepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med verkemiddel som fremjar ein sirkulær økonomi. Innan standardiseringsarbeidet er det viktig med arbeid knytt til europeiske og internasjonale standardar som er særleg relevante for miljøleing og klima- og miljøomsyn i produkt og tenester. For miljømerking er det sentralt med utvikling av miljøkriterium slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggjast vekt på å utvikle og vidareutvikle kriteriesett for produktgrupper som medfører stor miljøbelastning. Det skal òg fokuserast på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor dei områda der det er utvikla kriterium og til å gi forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på organisasjonane sine resultat frå føregåande år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsoversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2015

Midlane til Stiftelsen Miljømerking er brukte til å auke kunnskapen om, kjennskapen til og aksepten av miljømerkinga si betydning.

Naturfaglege organisasjonar

Mål

Ordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar innanfor naturområdet for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett mellom anna ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til:

- Foreininga Våre Rovdyr
- Norsk Biologforeining
- Norsk Botanisk Foreining
- Norsk Entomologisk Foreining
- Norsk Ornitologisk Foreining
- Noregs Sopp- og nyttevekstforeining
- Norsk Zoologisk Foreining

For 2017 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2016 med tillegg av at 0,1 mill. kroner i prisjustering skal fordelast på mottakarane. Tilskot til den einskilde organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett, og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar. I tillegg kjem fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2015

Midlane vart nytta til grunnstøtte til drift, informasjonsverksemd og prosjekt i dei ulike organisasjonane.

Post 78 Friluftslivsformål, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Friluftsliv.

Til posten er det flytta 2 mill. kroner frå post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde. Midla er øyremerkte friluftslivstiltak i samband med den nye Groruddalssatsinga. Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 3 mill. kroner til anskaffingar i samband med kjøp og reparasjonar av båtar i Skjergardstenesta, jf. forslag til vedtak VI.

Til posten ligg fleire tilskotsordningar som er omtala under.

Friluftslivsaktivitet

Tilskot til friluftslivsaktivitet har ei ramme på 52,5 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftslvsorganisasjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til materiell og utstyr når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til. Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderar ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuelle målgrupper.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid

Personar som er lite fysisk aktive, barn, unge og barnefamiliar og personar med nedsett funksjonsevne er prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

Totalt vart det i 2015 gitt 37 mill. kroner i tilskot til lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Av dette fekk landsomfattande friluftslivsorganisasjonar 14 mill. kroner direkte frå Miljødirektoratet, mens lokale og regionale lag og organisasjonar fekk 23 mill. kroner frå fylkeskommunane. Totalt ca 1049 søkjarar om statleg støtte frå posten, og det totale søknadsbeløpet var på 114 mill. kroner.

Midlane er i all hovudsak brukte til å støtte tiltak for barn, unge og barnefamiliar, tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjonsevne og etniske minoritetar i Noreg, og tiltak som medverkar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminne. Eksempel på tiltak som fekk tilskot frå Miljødirektoratet er Friluftsrådas Landsforbund sine prosjekt «Læring i friluft» og «Friluftsliv og folkehelse – kommunesamarbeid», og Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Friluftslivets veke». Det er òg gitt tilskot til Noregs sopp- og nyttevekstforbund til «Soppens dag», til Norsk Botanisk foreining sitt arrangement «Villblomstens dag» og til Raudekrossen sitt aktivitetstilbod «Aktiviteter i friluft for inaktive grupper».

Friluftslivsaktivitet for personar med innvandrarbakgrunn

Ordninga har ei ramme på 10 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn, og gjennom dette medverke til å auke integreringa av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftslivsorganisasjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til utstyr og materiell når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til.

Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Tiltak som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege.
- Tiltak som fører til auka integrering av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuell målgruppe.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.

Barn, unge og barnefamiliar er prioriterte i ordninga.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

Ordninga hadde ei ramme på 5 mill. kroner i 2015. Totalt var det 22 søkjarar som til saman søkte om 11,8 mill. kroner. 11 lag og organisasjonar vart til saman tildelte tilskot.

Tiltaka omfatta tilbod om turar og aktivitetar, men òg inkluderingstiltak og opplæring av personar med innvandrarbakgrunn til å bli leiarar i lag og organisasjonar. Tanken er at leiarar med innvandrarbakgrunn er viktige for vidare rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn.

Eksempel på tiltak er Wild X sitt ungdomsprosjekt «Wild X» med opplæring og tilbod om turar knytte til jakt, fiske og anna friluftsliv, Friluftsliv

rådas Landsforbund sitt prosjekt «Friluftsrådernes friluftstiltak for minoriteter», Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Flere innvandrere ut i naturen», Den norske Turistforening sitt prosjekt «Inkludering i DNT», Raudekrossen sitt prosjekt «Friluftsaaktiviteter for personer med innvandrerbakgrunn» og Skiforeninga sitt tiltak «Friluftsglede for alle». I tillegg fekk Oslofjorden Friluftsråd støtte til prosjektet «Fritidsfiske og høsting».

Driftsstøtte til friluftslivsorganisasjonar

Ordninga har ei ramme på 32,02 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmenta sine interesser for deltaking i friluftsliv gjennom det arbeidet som skjer gjennom dei store friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og foreiningar.

Friluftsrådas Landsforbund (FL) er paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. (Det er 27 interkommunale friluftsråd, der 26 er tilslutta FL). Det er sett av 13,75 mill. kroner i administrasjonsstøtte til FL og dei interkommunale friluftsråda. Det er eit mål at flest mogleg kommunar er med i eit interkommunalt friluftsråd.

Norsk Friluftsliv er paraplyorganisasjon for 16 friluftslivsorganisasjonar med til saman 940 000 medlemmar. Det er sett av 4,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Norsk Friluftsliv.

FL, Norsk Friluftsliv og Samarbeidsrådet for naturvern (SRN) har etablert fylkesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv). FNF vart i 2015 etablert som eigen organisasjon, og har frå 2016 eige sekretariat. Til FNF er det sett av 11 mill. kroner i administrasjonsstøtte.

Organisasjonen Wild X tilbyr friluftslivsaktivitetar med personar med innvandrarbakgrunn i alderen 12–25 som hovudmålgruppe. Det er sett av 1,2 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Wild X.

Tjukkasgjengen driv med lavterskeltilbod innfor friluftsliv og fysisk aktivitet, der personar som er lite fysisk aktive er hovudmålgruppa. Denne gruppa er prioritert i den nye stortingsmeldinga om friluftsliv. Tjukkasgjengen har eit konsept som gjer at denne gruppa nås. Det er sett av 1,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Tjukkasgjengen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane og friluftsråda sitt arbeid med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftsområde.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege møte med FL, friluftsråd som ikkje er knytt til FL, Norsk Friluftsliv, FNF og Wild X.

Rapport 2015

Totalt vart det i 2015 tildelt 12,25 mill. kroner til FL og interkommunale friluftsråd. Midlane er nytta til drift, til å styrkje arbeidet i FL og til å utvide FLs engasjement geografisk. Det er stor interesse for interkommunalt samarbeid om friluftsråd, og i 2015 var det 25 interkommunale friluftsråd med 229 medlemskommunar. Friluftsråda femner slik vel 75 pst. av befolkninga i kommunane.

Det er i 2015 inngått avtale med grunneigarar om 183 km med nye turstiggar, skiløyper og turvegar, og friluftsråda har saman med medlemskommunane arbeidd med sikring av 14 nye friluftsområde. Det er tilrettelagt 75 km med nye turstiggar og friluftsråda har vore pådrivarar og koordinatarar i arbeid med ytterlegare 102 km.

Friluftsråda har hatt opne turar med 17 500 deltakarar, tiltak for barn og ungdom med 14 900 deltakarar og tiltak for personar med minoritetsbakgrunn med 7 400 deltakarar. I tillegg har 76 000 vore med på turar der friluftsråda har vore medarrangørar. Friluftsråda har framleis stor innsats retta mot friluftsliv og bruk av naturen i læringsarbeidet i barnehage og skule, og engasjerer seg i arbeidet med å ta vare på arealgrunnlaget for friluftsliv gjennom verdikartlegging av friluftsområde, deltaking i dei fylkesvise Forum for natur og friluftsliv og gjennom uttale i ulike arealsaker.

Friluftsråda forvaltar 547 offentleg eigde friluftsområde med omfattande oppgåver knytte til m.a. skjøtsel, vask av toalett og bosshandtering.

Norsk Friluftsliv vart i 2015 tildelt 4,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte. Norsk Friluftsliv får dessutan aktivitets- og prosjektmidlar frå Miljødirektoratet for vidare tildeling til sentralledda i Norsk Friluftsliv sine medlemsorganisasjonar. Ar-

beidet omfattar i stor grad påverknads- og informasjonsarbeid overfor offentlege styresmakter og andre organisasjonar, med sikte på å skape best mogleg vilkår for friluftslivet. I 2015 hadde Norsk Friluftsliv ansvaret for planlegging, gjennomføring og dagleg leiing av Friluftslivets år.

Forum for Natur og friluftsliv (FNF) vart i 2015 tildelt 9,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte. I 2015 er organiseringa av FNF vurdert, og det er etablert ein ny sentral organisasjon som fører til at arbeidsgivaransvaret er plassert sentralt for alle tilsette. Alle fylke har ein eigen FNF-koordinator, og litt over halvparten av fylka har koordinatorar i 80–100 pst. stilling. FNF-koordinatorane gjer eit betydeleg og viktig arbeid for natur- og friluftinteressene i dei enkelte fylka.

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde

Ordninga har ei ramme på 30 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg fysisk tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftslivsområde og i område verna som friluftslivsområde etter markalova, slik at områda blir tilgjengelege og attraktive.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftslivsområde.

Tildelingskriterium

Det blir tildelt tilskot til tilrettelegging som har eitt eller fleire av følgjande mål:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Ta vare på kvalitetane for oppleving i området og leggje til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning av plante- og dyrelivet, kulturminne og kulturmiljø.

Tilskot kan berre bli gitt der tiltaket inngår i ein gjeldande og godkjent forvaltningsplan knytt til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde. For område verna som friluftslivsområde etter markalova er det eit vilkår at tiltaka er i tråd med

verneforskrift og eventuell forvaltningsplan for området.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

Budsjett for 2015 var 25,3 mill. kroner, som vart tildelt fylkeskommunane for vidare tildeling til kommunar og interkommunale friluftsråd. Fordelinga vart utført på grunnlag av omfanget av statleg sikra friluftslivsområde, og om det låg føre forvaltningsplanar for friluftslivsområda som dokumenterer behov for tiltaksmidlar. I to fylke var det ingen søknader om tilskot til tiltak i 2015. I gjennomsnitt vart dei andre fylka i 2015 tildelte 1,47 mill. kroner. Eit fylke blei tildelt 3 mill. kroner, mens det fylket som fekk minst blei tildelt 200 000 kroner. I alt fekk 7 fylke tildelt meir enn 1,8 mill. kroner.

Totalt mottok fylkeskommunane 256 søknader frå kommunar og interkommunale friluftsråd, og totalt søknadsbeløp var 68 mill. kroner. Tiltaka var totalt kostnadsberekna til 128 mill. kroner, noko som viser at mange søkjarar medverkar sjølve med eigne midlar og dugnadsinnsats. Det vart i 2015 gitt statleg støtte til omkring 180 tiltak. Ein stor del av tiltaka omfatta universell tilrettelegging slik at fleire grupper av befolkninga får høve til å nytte områda. Dei fleste tilretteleggingstiltaka stimulerer til aktivitet, som til dømes etablering og merking av turveg og stigar.

Eksempel på tiltak som fekk statleg støtte i Vest-Agder fylke i 2015 er ny turveg Groviga-Hamresanden i Kristiansand kommune, ymse friluftstiltak og tilrettelegging på Østre Kuholmen i Søgne kommune og midlar til utviding av tursti på Prestneset i Sogndalen kommune. I Buskerud fylke har Krødsherad kommune fått støtte til ymse tilrettelegging i Norefjell friluftsmark og Øvre Eiker kommune har fått støtte til universell utforming og tilrettelegging i Sundhagen friluftslivsområde. I Vestfold fylke har Tønsberg kommune fått støtte til ein ny turstig i Presterudkilen og Larvik kommune har fått midlar til å renovere ei brygge på eit av friluftslivsområda, og Oslofjorden friluftsråd har fått støtte til etablering av snorkellei på Verdas Ende på Tjøme. I Telemark fylke har Porsgrunn kommune fått støtte til tiltak i Silde-

vika friluftsområde og Fyresdal kommune til tiltak i Klokkehamaren friluftsområde. I Hordaland fylke fekk Bergen og Omland Friluftsråd tilskot på til saman over 2 mill. kroner til tiltak på ei rekkje av dei mange friluftsområda dei forvaltar. I Nord-Trøndelag fylke fekk mellom anna Leka kommune støtte til tiltak på Skeinesset, og i Nordland fylke fekk Bodø kommune støtte til tiltak på Bjarnøy fyrstasjon. I Troms fylke fekk Midt-Troms friluftsråd støtte til ulike tiltak for tilrettelegging på Ersfjordstranda i Berg kommune.

Skjergardstenesta

Ordninga har ei ramme på 24,3 mill. kroner.

Mål

Ordninga gir statlege budsjettmidlar til drift av skjergardstenesta, inkludert kjøp og større reparasjonar av båtar knytte til tenesta.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå aktiviteten til skjergardstenesta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i møte mellom Miljødirektoratet/fylkesmannen og skjergardstenesta i dei tre regionområda, og skal rapporterast i samband med søknader om tilskot kommande år.

Rapport 2015

Skjergardstenesta oppnådde i 2015 gode resultat i alle driftseiningar. Det vart teke i bruk to nye arbeidsbåtar; til Bergen og Omland Friluftsråd og til Kristiansand kommune. Det vart gjennomført anbudskonkurranse for bygging av ny båt til eit område i Holmestrand kommune som blir klar i 2016. Som ei oppfølging av evalueringa vart det i 2015 gjennomført ytterlegare tiltak for å utvikle skjergardstenesta vidare. Mellom anna er det gjennomført fleire tiltak på kompetansesida, tiltak for oppfølging av nye forskrifter for bygging av mindre

lasteskip og tiltak for å styrkje styrings- og rapporteringsrutinane.

Andre friluftslivstilskot

Det er sett av 7 mill. kroner i tilskotsmidlar til prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde. Til leing av prosjektet er det sett av midlar under kap. 1420 post 01.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Integrering gjennom friluftsliv». Midlane skal gå til lønn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til prosjektet «Friluftsliv for personar med funksjonsnedsettelse» i regi av Den Norske Turistforeining. Midlane skal gå til lønn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 2,0 mill. kroner til friluftslivstiltak i den nye Groruddalsatsinga, som er eit samarbeid mellom Oslo kommune og staten, og som startar opp i 2017. Heile satsinga er presentert i Prop. 1 S (2016–2017) Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kap. 590 post 65.

Rapport 2015

Norsk Friluftsliv blei tildelt 10,5 mill. kroner i 2015 til arbeidet med dagleg leing og planlegging av Friluftslivets år 2015. Midlane har gått til informasjons- og nettverksarbeid, gjennomføring av sentralstyrte aktivitetar og kampanjar for å fremje friluftslivsaktivitet og allemannretten, løn og administrative utgifter. Gjennom eit breitt samarbeid har både offentlege, private og frivillige aktørar vore involverte.

Det blei sett av 15 mill. kroner til aktivitet og tiltak i samband med Friluftslivets år. Midlane blei fordelt i 2014 med tilsegn om tilskot til i alt 31 prosjekt i regi av 22 ulike landsdekkjande organisasjonar. Midlane blei utbetalt i 2015. Midlane har mellom anna gått til gjennomføring av meir enn 400 aktivitetsdagar, 6200 turar, 28 kurs, ein konferanse og 95 friluftsskular. Mange organisasjonar har hatt ein betydeleg auke i deltaking på eksisterande turkonsept og aktivitetsdagar, og det er gjennomført mange nye tiltak. Private barnehagens landsforbund har arrangert kurs og inspirert tilsette i barnhagar til å bli naturpilotar, DNT og friluftsråda med fleire har samarbeid om friluftsskular, Padleforbundet arrangerte padlingens dag og Norsk Speidarforbund har inspirert barn og vaksne til å klatre i tre.

Godt tilgjenge til attraktive friluftslivsområde føreset at kommunane har kjennskap til kvar dei viktigaste friluftslivsområda er. Prosjektet kartleg-

ging og verdsetjing av friluftslivsområde vart sett i gang i 2014, og skal medverke til slik kjennskap. Fylkeskommunane har ei sentral rolle i prosjektet, og skal mellom anna setje i gang og gjennomføre regionale prosjekt for å stimulere kommunane til kartlegging og verdsetjing av friluftslivs-område etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-98 2013: «Kartlegging og verdsetting av friluftslivs-områder». Prosjektet er i rute, og i 2015 blei det fordelt i underkant av 5 mill. kroner i tilskot til fylkeskommunane. Ved utgangen av 2015 var 14 fylke involverte i arbeidet. 60 kommunar hadde ferdigstilt sitt arbeid, og 104 kommunar var i gang med arbeidet.

Post 79 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 69. Midlane er retta mot resultatområde Forureining. I dei fleste områda som får støtte stammar forureininga frå langt tilbake i tid, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor nødvendige for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunale og interkommunale selskap/verksemder, private verksemder og privatpersonar har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og til målet «Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansas».

Tildelingskriterium

Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt. Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn ved vurdering av om det skal givast tilskot. Sjå òg omtale under kap. 1420 postane 39 og 69.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2015

Det blir her rapportert samla for oppryddingsarbeidet finansiert frå postane 39, 69 og 79.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn går framover. Fram til no er undersøkingar gjennomførte i dei fleste av dei prioriterte områda, og i fleire av områda har dei viktigaste oppryddingstiltaka starta eller blitt gjennomførte. Av dei viktigaste gjennomførte tiltaka i 2015 var oppstart av arbeidet med å rydde opp sjøbotnen i Trondheim havneområde. Denne oppryddinga vart ført vidare og avslutta i 2016. Opprydding i Flekkefjord var òg starta opp i 2015 og ført vidare i 2016. Det vart gjennomført oppryddingstiltak i Arendal, og sett i gang førebuing til oppstart av sjølv oppryddinga i Puddefjorden i 2016–17. Arbeidet held òg fram med opprydding i forureina grunn der det er behov.

Post 80 Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar

Mildane på posten lå tidligere under kap. 1400, post 70, men er flyttet til kap. 1420 da forvaltninga av tilskotsordninga blir lagt til Miljødirektoratet frå 2017.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljø-saker. Tilskotsordninga skal stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for landsdekkjande frivillige organisasjonar og allmennyttige stiftelsar av nasjonal tyding, med hovudformål for verksemda innanfor miljøforvaltninga sitt ansvarsområde.

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga er justert i 2016. Departementet har evaluert tilskotsordninga og hatt endringar av definisjonar og kriterium i forskrifta på alminnelig høyring.

Midlane skal no fordelast berre etter objektive kriterium:

- Kriteriet «samfunnsmessig tyding» er teke ut.
- Givarar og givarinntekter etter skattereglar for frådrag er òg tekne ut av forskrifta.
- Definisjon av medlemmer og lokallag er samordna med Kulturdepartementets definisjonar.
- Terskel for medlemstal er heva til 5 000 (3 000 for barne- og ungdomsorganisasjonar),

Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja fyller førebels ikkje dei nye krava, og løy-

vinga på 1 831 000 kroner blir flytt til kap. 1420 post 77.

Frå tilskotsåret 2017 vil forvaltninga av tilskotsposten bli lagt til Miljødirektoratet med utlysing i direktoratets søknadssenter. Første utbetaling blir primo februar 2017.

I 2017 vil nivået på tilskota til dei enkelte bli om lag på same nivå som i 2016. Foreløpig løyvinga for 2017 er vist i tabellen nedanfor. Fordelinga er gjort etter den nye forskrifta, men med tall som gjeld for tilskotsåret 2016.

Tabell 7.3 Fordeling av tilskot

Organisasjon/stiftelse	Rekneskap 2015	Løyving 2016	Forslag 2017
<i>Miljøorganisasjonar</i>			
Den Norske Turistforening	6 304 680	6 117 000	6 239 000
Forbundet Kysten	5 091 480	4 848 000	4 564 000
Fortidsminneforeninga ¹	4 614 960	6 462 000	4 156 000
Framtida i våre hender	4 290 360	4 255 000	3 450 000
Noregs Jeger- og Fiskarforbund	9 309 960	9 022 000	10 064 000
Noregs naturvernforbund	7 659 360	7 430 000	7 597 000
Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja ²	1 889 600	1 831 000	1 831 000
<i>Paraplyorganisasjonar</i>			
Sabima	1 780 100	1 736 000	1 655 000
Kulturvernforbundet	1 780 100	1 736 000	1 655 000
Regnskogfondet	1 285 500	1 700 000	1 655 000
<i>Barn- og ungdomsorganisasjonar</i>			
Natur og Ungdom	3 877 800	3 782 000	5 270 000
Miljøagentane	1 335 500	1 292 000	2 436 000
<i>Miljøstiftelsar</i>			
Idébanken	646 100	630 000	642 000
Miljøstiftelsen Bellona	2 140 800	2 098 000	2 060 000
Norsk kulturarv	1 140 700	1 116 000	1 131 000
WWF Noreg	3 170 100	3 351 000	3 033 000
Zero	1 388 000	1 359 000	1 346 000
Norsk klimastiftelse		468 000	449 000
Sum	57 705 100	59 233 000	59 233 000

¹ I 2016 blei Fortidsminneforeninga òg tildelt 2 mill. kroner til museumsdrift jf. Innst. S 9 (2015-16).

² Organisasjona blir flytt til kap. 1420 post 77 frå 2017.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsend av tilskotsmottakar. Ordninga er av mellombels karakter.

Post 81 Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten gir tilskot til tre føremål: Forvaltningstiltak i verdsarvområde (10,5 mill. kroner), tiltak i utvalde kulturlandskap og område prioriterte i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (7,6 mill. kroner) og verdiskaping basert på naturarven (8,2 mill. kroner). Midlane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald, og nasjonalt mål Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

Forvaltningstiltak i verdsarvområde

Mål

Målet med tilskot til forvaltningstiltak i norske verdsarvområde med viktige naturverdiar er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus og områda sine forvaltningsplanar.

Tildelingskriterium

Dei aktuelle verdsarvområda er Vegaøyan som vart innskriver på UNESCO si verdsarvliste i 2004, og Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden som vart ført på lista i 2005. Mottakarar er stiftelsane Vegaøyan Verdsarv, Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Posten dekkjer òg tilskot til Foreininga Noregs verdsarv til gjennomføring av arrangementet Verdsarvforum.

Midlane må sjåast i samanheng med midlar til verdsarvområda i Noreg under kap. 1429 post 79 Tilskot til Verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet i forhold til at midlane blir nytta som føreset

og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

Oppfølging av norske verdsarvområde med naturverdiar er organisert gjennom ideelle stiftingar på staden som mottok tilskot til drift og gjennomføring av forvaltningstiltak innanfor rammer sett i forvaltningsplanar og retningslinjer for oppfølging av verdsarvkonvensjonen. Midlane har i 2015 medverka til gjennomføring av tiltak og satsingar på ulike tema for verdsarvforvaltning i verdsarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap. Desse omfattar blant anna forvaltningsplanlegging, strategiarbeid, nettverksbygging, lokal involvering og organisering av samarbeid. Det er merksemd på samarbeid og medfinansiering med andre aktørar i gjennomføring av tiltak. Forpliktingane knytte til formidling og informasjon om kultur- og naturverdiar er tekne hand om og utvikla vidare gjennom tiltak retta mot barn og unge og besøkande. Initiativ med målsetjing å utvikle betre besøkshandtering, redusert forureining og miljøsertifisering er sette i gang eller førte vidare.

Utvalde kulturlandskap

Mål

Målet med tilskotet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap med særskilt høge verdiar knytte til naturmangfald og kulturminneverdiar. Dette gjeld Utvalde kulturlandskap i jordbruket og prioriterte område i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap i jordbruket og prioritering av nasjonalt verdifulle kulturlandskap.

Tildelingskriterium

6 mill. kroner av kulturlandskapsmidlane skal nyttast i utvalde kulturlandskap i jordbruket. Eit nasjonalt sekretariat leia av Landbruksdirektoratet, saman med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, følgjer forvaltninga av områda i samarbeid med fylka. Fylka har ansvaret for administrasjon, tilskotsforvaltning og prioritering av tiltak i samråd med områdeutval i dei enkelte områda. Midlane

blir tildelte med grunnlag i godkjende forvaltningsplanar. Om lag 1 mill. kroner frå posten blir nytta til tiltak i område prioriterte i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av fylkesmannen og Miljødirektoratet for å sjå til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

Midlane til utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei spleiseordning med landbruket, der årlege løyvingar dei siste åra har vore til saman 14 mill. kroner, 6 mill. kroner over denne posten og 8 mill. kroner over jordbruksavtala.

Midlane til utvalde kulturlandskap blir fordelte på tiltak innafor planlegging/prosess, kulturminne, naturmangfald og landskapsskjøtsel, overvaking/dokumentasjon, formidling og andre tiltak (næringsutvikling, seterdrift, turstiar m.m.). Om lag 5,4 mill. kroner vart nytta til tiltak for å ta vare på miljøverdiar knytte til naturmangfald og landskap i områda i 2015.

Om lag 1,3 mill. kroner vart nytta til støtte til tiltak i 20 område prioriterte i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Midlane under ordninga medverkar til å hindre attgroing, gjennomføre skjøtsel av biologisk viktige areal og gjennomføre naudsynte tiltak for å ta vare på verdiar knytte til prioriterte verdifulle kulturlandskap.

Verdiskaping naturarv

Mål

Målet med ordninga er å medverke til at verneverdiane i verneområda blir haldne opp eller aukar slik at verneområde og andre verdifulle naturområde framleis kan vere ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping der natur, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til tilrettelegging for ferdsel, ulike typar informasjon, naturfagleg kompetanseheving i reiselivsverksemdar og til tiltak for å betre samarbeid og kunnskap om verneområde i koplinga mellom naturforvaltning, næring og lokalsamfunn. Tilskotet skal mellom anna gå til implementering av merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparker, dvs. blant anna til nasjonalparksenter, nasjonalparklandsbyar og nasjonalparkkommunar. Tilskot blir tildelt konkrete tiltak knytte til verdiskaping som har naturarven som utgangspunkt, og det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fortløpande kontakt mellom Miljødirektoratet og prosjekta som får tilskot og gjennom at Fylkesmannen deltek i dei styrande organa for prosjekta, der det vert fatta avgjerder bl.a. om budsjett, framdrift og økonomisk styring. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Rapport 2015

Posten finansierte til og med 2013 verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskapar*. Bruken av løyvinga for 2014 og 2015 er basert på dei erfaringane dette programmet gav. Telemarksforskings evaluering av programmet frå 2014 viser at ein i hovudsak nådde målet om brei verdiskaping, auka forståing for vern og for at utvikling av lokalsamfunn er mogleg samtidig med vern. Mellom anna er det etablert 29 nye verksemdar, 138 eksisterande verksemdar har utvida drifta si og 100 verksemdar har fått auka omsetning. I 2015 mottok desse prosjekta støtte til verdiskaping: Rauma – Romsdalseggen, Fugleturisme i Troms, Odda kommune – Trolltunga, Okstindan – besøkstrategi, Polarsirkelen, Måselvfossen, Buførvegen-Folgefonna, Røros, Flåm – tursti, Lysefjorden – avlaste Preikestolen, Engerdal – utvikling Gutulia, Varanger – eksotiske artar, Bardu – barnas naturpark, Tydal Naturpark, Røyrvik og Lierne – produktutvikling, Nærøyfjorden – vandring og verdiskaping, Saltdal – sykkelsti, Lista – fuglekikking, og nasjonalparkkommunene og -landsbyane.

Post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
82.1	Tilskotordning – truga arter	15 939	34 211	34 211
82.2	Tilskotordning – truga naturtypar	23 036	30 778	30 778
	Sum post 82	38 975	64 989	64 989

Posten er oppretta som følgje av naturmangfaldlova og er retta mot resultatområde Naturmangfald. Midlane under posten skal medverke til å nå det nasjonale målet Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast. Posten er delt i to underpostar, ein for truga arter og ein for truga naturtypar. Underposten for truga arter omfattar mellom anna tilskot til prioriterte arter og deira økologiske funksjonsområde og arter som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for arter 2015. Tiltak for bevaring av hubro er òg inkludert i posten med fokus på tiltak mot elektrokusjon. Underposten for truga naturtypar omfattar tilskot til utvalde naturtypar og naturtypar som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Truga arter, inkludert hubro**Mål**

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak for å ta vare på truga plante- og dyrearter, under dette arter som er valt ut som prioriterte arter. Ordninga inkluderer òg økologiske funksjonsområde for prioriterte arter.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til truga arter. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet stolpar/konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobestanden i desse områda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehald, biotopforbeholdende tiltak, restaurering, aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som er nødvendige for å ta vare på eller rette opp

økologiske funksjonsområde for prioriterte arter, gjerding, nødvendig utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og tiltak for hindre at hubro dør som følgje av at dei brukar straumstolpar som sitjeplass.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

I 2015 kom det inn 187 søknadar til tilskotsordninga for truga og prioriterte arter, (frå og med 2015 er ordninga utvida slik at det kan søkast om tilskot også til andre truga arter, og ikkje berre dei prioriterte artene). Det vart utbetalt midlar til 153 av dei omsøkte tiltaka, i alt omlag 19,3 mill. kroner. Av dette er om lag 8,3 mill. kroner knytt til 21 tiltak for hubro for å unngå at arten dør som følgje av elektrokusjon. Dei ulike nettselskapa nyttar i tillegg eigne midlar på dei same strekningane.

Midlane er gitt til konkrete tiltak, som f. eks. skjøtsel av lokalitetar med svartkurle, raud skogfrue og strandtorn. Vidare er det gitt tilskot til biotopforbeholdende tiltak som f. eks. salamanderdammar, og styrking av bestandar av elvemusling og edelkreps, gjerding og informasjon. 7,5 mill. kroner av midlane gjekk til tiltak retta mot artene elvemusling, edelkreps og storsalamander for å styrkje desse artene sine høve til å overleve i lokalitetane. Nær 600 000 kroner er tildelt søknader om støtteføring av fjellrev.

Truga naturtypar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å ta vare på naturtypar gjennom tiltak og aktiv skjøtsel av truga og utvalte naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå målsetjingane som er oppgitt for å ta vare på naturtypar i dei enkelte handlingsplanane, under dette tal på lokalitetar som blir tekne vare på og talet på tiltak knytt til førekomstar av truga og utvalde naturtypar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehald, restaurering, gjerding, nødvendig utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og utvikling av skjøtels-/tiltaksplan for tiltaket.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltaka blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2015

I 2015 kom det inn 729 søknadar, mot 627 i 2014. Det auka talet på søknadar skuldast at ordninga frå og med 2015 blei utvida til å dekkje truga naturtypar generelt, ikkje berre dei utvalde naturtypane. Det kom inn søknader for tiltak i 16 ulike naturtypar i 2015. Det kom inn 523 søknader til slåttemark, 97 søknader til kystlynghei og 39 søknader til holer eiker. I tillegg kom det inn 17 søknader til naturbeitemark, 16 til haustingsskog og 13 til slåttemyr.

Miljødirektoratet tildelte totalt 22,4 mill. kroner til fylkesmannen til tiltak i truga og utvalde naturtypar. Det meste av midlane, ca. 18,5 mill. kroner, vart tildelt til skjøtsel i kulturmarkstypar, til dømes slått av slåttemark og slåttemyr, beiting og sviing i kystlynghei eller styving av tre i haustingsskog. Blant kulturmarkstypene vart slåttemark tildelt mest midlar, ca. 12,5 mill. kroner, etterfølgt av kystlynghei med i overkant av 4 mill. kroner. Om lag 4 mill. kroner blei tildelt tiltak i andre naturty-

par (ikkje kulturmarkstypar), av desse ca. 1,3 mill. kroner til å fristille og skjøtte holer eiker. Ein del tilskotsmidlar har òg gått til gjerding, fjerning av framande arter og annan uønska vegetasjon i fleire naturtypar, til informasjonstiltak og til innkjøp av nødvendig utstyr for skjøtsel. Det vart tildelt mest til Oslo og Akershus med 3,4 mill. kroner, etterfølgt av Møre og Romsdal og Vest-Agder med høvesvis 2 mill. kroner og 1,9 mill. kroner.

Talet på skjøtelsplanar som er utarbeidde stige jamt. Det gjer òg talet på langsiktige avtalar med grunneigarar om skjøtsel, noko som er eit viktig verkemiddel for å motivere grunneigarar til å søkje tilskot og drive skjøtsel. Det er flest skjøtelsplanar og avtalar for slåttemark og kystlynghei. Det vart òg søkt om midlar til å utarbeide skjøtelsplanar for lokalitetar med naturbeitemark, haustingsskog, holer eiker, rikmyr, slåttemyr og krok-sjøar. Alle fylke i landet er no inkludert i arbeidet med handlingsplan for slåttemark. Det er godt dokumentert at skjøtsel for å tilbakeføre slåtteeenger som er i ferd med å gro igjen, og framhalden hevd på lokalitetar som er i god hevd frå før gir gode resultat med omsyn til å bevare ein god tilstand i naturtypen. Det vart i 2015 sett i gang arbeid med ein fagrapport for slåttemyr, med tanke på å utarbeide ein eigen handlingsplan for slåttemyr (slåttemyr har tidlegare vore inkludert i handlingsplan for slåttemark). Dette for å auke innsatsen for slåttemyr dei komande åra.

Post 84 Internasjonale avtaler og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda Naturmangfald og Forureining, men òg til Friluftsliv, Klima og Polarområda. Posten har fått ei prisjustering på 0,1 mill. kroner.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar, klima, og å setje Miljødirektoratet og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimeleg grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Miljødirektoratet og

anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den norske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)
- Working Group on Harmonization of regulatory oversight in Biotechnology (WGHROB) under Biosafety-programmet til OECD
- Konvensjon om langtransportert luftforureining (CLRTAP), kjerneoppgåver som ikkje blir omfatta av bidraget til EMEP-protokollen
- Common Forum on Contaminated Land
- The European Union Network for the Implementation and International Transaction Log (IIL)
- Enforcement of Environmental Law (IMPEL)
- Organization of Economic co-operation and Development(OECD)
- Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity an Ecosystem Services (IPBES)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske organisasjonen for laksevern, North Atlantic Salmon Conservation Organization (NASCO) og naturpanelet (IPBES). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler og kva nytte Miljødirektoratet har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom

deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Miljødirektoratet på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Rapport 2015

Midlane dekte i 2015 medlemskontingenten i NKV, EUROPARC, IUCN, WI og ProGEO. I tillegg vart det gitt bidrag til aktivitetar i arbeidsprogrammet til Bernkonvensjonen, regionalt initiativ under Ramsarkonvensjonen, Common Forum on Contaminated Land, OECD, Noregs bidrag til arbeidet med anadrom fisk i ICES og arbeidet med innlandsfisk innanfor EIFAAC, Noregs bidrag til effektarbeid under CLTRTAP-konvensjonen og støtte til ProGEO News.

Post 85 Naturinformasjonssenter, kan overførast

Tilskotsordninga på posten er i hovudsak retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Besøksenter for natur skal vere spydspissar i kvalitetsformidling av kunnskap om nasjonalparkar, villrein, våtmark, rovvilt, fugl og villaks til lokalbefolkninga og tilreisande, spesielt barn og unge. Posten har fått ei prisjustering på 1,4 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til drift, utvikling og etablering av naturinformasjonssenter/besøksenter natur.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar der sentra viser at dei fyller autorisasjonskrava.

Tildelingskriterium

Autoriserte besøksenter natur kan søkje om eit årleg grunntilskot til aktivitet knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak, naturrettleiing m.m. Grunntilskotet

blir for 2017 auka til 1 mill. kroner pr. senter som følge av prisjustering og intern omfordeling av midler på posten. Aukinga vil gi sentra moglegheit til å i større grad tilby naturveiledning som del av sine tenester. Autoriserte senter kan i tillegg søkje kompetansetilskot til oppgåver som nøytrale kunnskapsformidlarar/kompetansesenter. Både autoriserte senter, andre som arbeider med naturinformasjon (for eksempel museum og stiftelsar) og senter som ikkje er autoriserte, kan søkje om tilskot til utstillingar og informasjonstiltak. Senter og tiltak som får midlar direkte frå posten; Klimapark 2469, laksesenter og Runde Miljøsen-ter må rapportere bruken av midlane på same måte som dei autoriserte sentra.

Tabell 7.4 Type senter

Tema for senter	(i 1000 kr)
Besøkssenter natur og forvalt- ningsknutepunkt	27 578
Besøkssenter villrein	6 982
Besøkssenter våtmark	6 611
Besøkssenter rovdyr	7 087
Klimapark 2469	1 163
Laksesenter	1 177
Runde Miljøsen-ter	2 116
Sum	52 714

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskot-smottakarane leverer årsmelding, revidert rekneskap, budsjettforslag, plan for verksemda og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Sentra rapporterer tal på besøkande, aktivitetar og naturrettleggning, sal av logoprodukt, resultat frå brukar-

undersøkingar og eventuelle evalueringar av innhald og aktivitet ved senteret, og på andre forhold som var sentrale for å få tildelt tilskotet. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Rapport 2015

Det vart i 2015 gitt grunntilskot til 15 autoriserte besøkssenter nasjonalpark. Det vart etter søknad gitt tilskot til fornying av utstillingar og informasjonstiltak, og til opparbeiding og tilrettelegging av forvaltningsknutepunkt. Tre besøkssenter rovdyr og seks besøkssenter våtmark fekk òg tilskot. Det er vidare gitt tilskot til senter for laks, Norsk villreinsenter og til informasjonstiltak gjennom Klimapark 2469 til informasjon om klimaendringar, naturfaglege aspekt og verneverdiar i Jotunheimen nasjonalpark.

Følgjande senter fekk tilskot i 2015: Besøkssenter villrein: Norsk Villreinsenter, Kunnskaps-senter for laks og vassmiljø, besøkssenter rovdyr; Bardu, Flå og Namsskogan, besøkssenter nasjonalpark; Øvre-Pasvik, Stabbursdalen, Reisa, Lierne, Femundsmarka, Folgefonna, Ytre-Hvaler, Hardangervidda – Skinnarbu og Hardangervidda – Eidfjord, Jostedalsbreen – Oppstryn, Jostedalsbreen – Fjærland og Jostedalsbreen – Jostedal, Jotunheimen, og besøkssenter nasjonalparkene i Nordland, i Nasjonalparkar, Balsfjorden våtmarks-senter – Midt-Troms museum, Dokkadelta våtmarkssenter, Runde miljøsen-ter, Ilene besøkssenter våtmark, Jæren besøkssenter våtmark, Nordre Øyeren besøkssenter våtmark, Oslo besøkssenter våtmark, Lista fuglestasjon, Lister friluftsråd, Trondheimsfjorden våtmarkssenter, Ørland besøkssenter våtmark, Kvikne nasjonalparksenter, Færder nasjonalparksenter og Bunova i Vingelen.

Kap. 4420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Oppdrag og andre ymse inntekter	4 415	1 166	4 192
04	Gebyr, forureiningsområdet	41 318	37 311	34 365
06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavdelingar	20 820	28 330	28 977
07	Gebyr, kvotesystemet	9 725	11 122	11 377
08	Gebyr, naturforvaltningsområde	4 717	4 714	4 821
09	Internasjonale oppdrag	62 925	62 173	63 914
Sum kap. 4420		143 920	144 816	147 646

Post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter

På posten er det budsjettert med enkelte ulike oppdragsinntekter og leigeinntekter som direktoratet har i samband med utleige av nokre kontorlokale og sitt konferansesenter i Oslo. Oppdragsinntektene er hovudsakeleg knytte til tenester som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog. På posten blir òg ført ymse inntekter, frå sal av rapportar utarbeidde av Miljødirektoratet og enkelte andre produkt. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte under kap. 1420 post 01 Driftsutgifter.

Posten er auka med 3 mill. kroner som følge av auka husleigeinntekter i Trondheim.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 04 Gebyr, forureiningsområdet

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet.

Posten omfattar Miljødirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå dei som får utferda eit sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som handterer fluoreerte klimagassar (produktforskrifta, Kapittel 6a). Ordninga er ein del av EØS-avtala som regulerer dei fluoreerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til blant anna dokumenterte kvalifikasjonar for teknisk personell og bedrifter som utfører arbeid på utstyr med nokre av desse gassane. Den praktiske gjennomføringa av sertifiseringsordninga blir i dag utført av Isovator AS (HFK i kuldeanlegg mv.) og Incert AB (SF₆ i høgspenbrytarar). EU vedtok 16. april 2014 ei revidert forordning som utvidar sertifiseringsordninga til òg å gjelde personell som handterer kjølebilar/-tilhengarar og GIS-anlegg. Den reviderte forordninga er foreløpig ikkje implementert i Noreg.

- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta).
- gebyr for tilsyn og kontroll med importører og produsentar av kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av deklareringsforskrifta.
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemder som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema med opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Miljødirektoratets kjøp av tenester ved drift og utvikling av systemet.
- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), i medhald av avfallsforskrifta. Alle som importerer og produserer elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar å vere medlem av eit godkjent returselskap. Returselskapa finansierer drifta av EE-registeret gjennom eit gebyr som avheng av deira marknadsdel.
- gebyr for eksport og import av avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemder som importerer eller eksporterer meldepliktig avfall må ha løyve til dette. Gebyret er basert på Miljødirektoratet sin timebruk og timekostnad til behand-

ling av søknadar om eksport og import av avfall.

- I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidprodukt.

Posten er redusert med 3,8 mill. kroner grunna reduserte utgifter til sertifiseringsordning for fluorerte klimagassar. Samtidig er posten prisjustert med om lag 0,8 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 06 Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavdelingar

Posten omfattar inntekter til Fylkesmannen frå gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll. På posten er det lagt inn ei prisjustering på 0,6 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 07 Gebyr, kvotesystemet

Miljødirektoratet forvaltar kvoteforskrifta. Verksemdar som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve frå Miljødirektoratet til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av Miljødirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 39 i forureiningsforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved utarbeiding av løyve til kvotepliktige utslepp finansierast av gebyr.

I tråd med føresegnene i kap. 9 i kvoteforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved godkjenning av utsleppsrapportar finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Miljødirektoratet har òg ansvaret for å drifte det elektroniske kvoteregisteret.

Det er lagt inn ei prisjustering på 0,2 mill. kroner.

Post 08 Gebyr, naturforvaltningsområde

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, til utgifter i samband med merkjepliktig vilt, og til utgifter ved kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr på 300 kroner. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1420 post 23 til å drive eksamensordninga.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om handtering av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret blir ført vidare på same nivå som i 2016, det vil seie 450 kroner. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1420 post 23.

Miljødirektoratet tok i 2012 i bruk sin heimel til å krevje refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar. Gebyret er heimla i vassdragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova § 57-58 og den enkelte konsesjon.

Det er lagt inn ei prisjustering på 0,2 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten kjem frå andre statsinstansar og frå internasjonale organisasjonar, og skal finansiere Miljødirektoratets utgifter under kap. 1420 post 23 til internasjonalt miljøsam arbeid og bistandsarbeid, for eksempel institusjonsbygging i samarbeidsland.

Posten er prisjustert med 1,7 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter		5 219	5 338
	Sum kap. 1422		5 219	5 338

Miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i klimapolitikken og i regjeringas maritime strategi. Bruk av meir miljøvennleg drivstoff og energieffektive skip er nøkkelfaktorar i å redusere utsleppa frå skipsfarten. Noreg er i dag leiande i utvikling og bruk av blant anna gassdrivne skip og batteridrivne ferjer – eit fortrinn som kan utnyttast og utviklast vidare.

Regjeringa har i den maritime strategien identifisert fleire grep for å medverke til å redusere utsleppa frå skipsfarten. For å utløyse potensialet for utsleppsreduksjonar frå skipsfarten må både styresmakter og næringa investere, og regjeringa vil derfor òg leggje opp til ei styrking av Sjøfartsdirektoratets kompetanse på nye klima- og miljøvennlege løysingar for skipsfarten, med mål om ein effektiv prosess for myndighetsbehandling av skip som blir bygd med ny klima- og miljøvennleg teknologi.

Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Klima- og miljødepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar bl.a. utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgåver på miljøområdet retta mot FNs sjøfartsorganisasjon (IMO), EU, Nordsjøsamrådet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei miljøvennleg transportform. Dette inneber at direktoratet skal medverke til at norsk maritim verksemd er minst like miljøeffektiv som alternative transportformer, og har gode tekniske og operasjonelle forhold som førebyggjer miljøskadar. Direktoratet skal òg medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten medverkar til å dekkje lønn til fast og mellomtids tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreining av framande arter i ballastvatn. Posten dekkjer òg midlar knytte til utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål.

Rapport 2015

Midlane til Sjøfartsdirektoratet har bl.a. gått til nasjonalt og internasjonalt arbeid med å redusere klimagassutslepp frå skipsfarten, redusere eller hindre forureining til luft og sjø, førebyggje spreining av framande organismar, opphogging av skip, forvaltningsplanar for havområda og deltaking i Nordsjønettverket.

Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter		14 278	15 629
	Sum kap. 1423		14 278	15 629

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultat-området Forureining. Statens strålevern si fremste oppgåve er å styrkje forvaltning og rådgivingsverksemd. Dette omfattar forvaltning og kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstraumar med heimel i forureiningslova. Statens strålevern er Klima- og miljødepartementets direktorat på området radioaktiv forureining i det ytre miljø og er forureiningsmyndigheit etter forureiningslova.

Verksemder som er omfatta av Strålevernets forvaltningsmyndigheit er blant anna petroleumsverksemd, sjukehus og forskning, avfallsdeponi, forskingsreaktorane og noko prosess- og mineralindustri. Strålevernet har ansvar for å støtte og gi råd i oppfølging av departementets beredskapsansvar. Strålevernet har òg ansvar for fagleg utgreiingsverksemd og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet, i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø. Strålevernet deltek òg i arbeidet med forvaltningsplanane. Strålevernet leier arbeidet i radioaktivitetskomiteen til Oslo- og Paris-kommisjonen (OSPAR), i tillegg til å leie ekspertgruppa for radioaktiv forureining under Den blanda norsk-russiske miljøvernkommisjonen. Trusselvurderingar og scenario for akutt forureining i samband med hendingar ved sjøtransport av radioaktivt avfall, brukt brensel, og atomdrivne fartøy har vore eit viktig satsingsområde i 2015 som vil bli følgd opp vidare.

Overvaking av radioaktiv forureining skal gi oppdatert informasjon om miljøtilstanden, og medverke til å oppdage eventuelle nye utslepp. Vidare skal overvakinga medverke til kunnskap om tilførsler og langtidsutvikling av forureininga. Det nasjonale overvakingssystemet for marint miljø er sentralt i vurderingane av måloppnåing i OSPAR. Overvakinga av tilstanden og potensielle utslepp frå den sokne ubåten Komsomolets skal styrkjast.

Arbeidet med å medverke til at utslepp av radioaktive stoff blir unngått eller minimert frå dei ulike kjeldene er sentralt, i tillegg til arbeid med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfylling av OSPARs mål, formidling og beredskap. I 2017 vil Strålevernet òg prioritere tilsyn med verksemder som har løyve etter avfallsforskrifta (kap. 16). Vidare skal Strålevernet

undersøke om også andre verksemder treng tilsvarende løyve.

Posten dekkjer utgifter som Statens strålevern har til lønn og godtgjersler for fast og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til etaten si samla utgreiings- og rådgivingsverksemd på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet.

Rapport 2015

I 2015 blei det gitt 16 løyve til utslepp av radioaktive stoff og behandling av radioaktivt avfall etter forureiningslova. Strålevernet gjennomførte 6 tilsyn med verksemder innan petroleumsindustri, 2 tilsyn med sjukehus og 17 tilsyn ved Institutt for energiteknikk (IFE) sine anlegg. I tillegg er det gjort 53 dokumenttilsyn. Strålevernet har følgd opp problema med det historiske brukte brenselet/avfallet ved IFE og har pålagt IFE å granske tilstanden og lagringsforholda for dette brenselet. Resultata frå granskinga er venta å vere ferdig i slutten av 2016. Det er sett i verk eit arbeid for å identifisere ytterlegare industriar og avfallsstraumar som skal regulerast etter forureiningslova. Det er starta eit samarbeid med Miljødirektoratet for å greie ut status og eventuelle behov for tiltak for å styrkje 0-utsleppsarbeidet offshore.

Strålevernet har arrangert ein fagdag og starta eit fagleg samarbeid med Norsk Polarinstitut om atomberedskap og overvaking i nord. Det er laga eit utkast til eit beredskapsplanverk for miljøsektoren for behandling av utslepp og avfall etter ei beredskapshending. Der er òg gjort ei øving med Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet, Kystverket og Norsk Polarinstitut for å føre arbeidet med planverket vidare.

Strålevernet har god kontakt med Miljødirektoratet og harmoniserer og koordinerer myndighetene si utøving av forvaltninga av forureiningslova, Strålevernet tek del i arbeidet med forvaltningsplanane for alle norske havområde, havforvaltningsplanane, og er representert i Fagleg forum i overvakingssystemet og i arbeidsgruppa for risiko for akutt forureining. Strålevernet har saman med Miljødirektoratet vore med i utviklinga av eit elektronisk deklarasjonssystem for radioaktivt avfall og farleg avfall som blei teke i bruk i mai. Statens strålevern leiar OSPAR sin radioaktivitetskomité (RSC).

Kap. 1424 MAREANO

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>		32 932	33 684
	Sum kap. 1424		32 932	33 684

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Midlane frå Klima- og miljødepartementet til gjennomføringa av kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO.

Rapport 2015

MAREANO-programmet prioriterte i 2015 innsamling av djupdata i Barentshavet og midtnorsk

sokkel i Norskehavet, og innsamling av geologi-, biologi- og kjemidata frå Norskehavet og i sentrale og austlige delar av norsk del av Barentshavet. Rapportering av resultat skjer gjennom www.mareano.no og Noreg digitalt (www.geonorge.no). Det vart samla inn djupdata frå i alt 12.988 km², av dette 2.239 km² i Norskehavet og 10.749 km² i Barentshavet. Biologisk og kjemisk datainnsamling vart gjort frå eit areal på 17.130 km².

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	12 870	12 798	12 647
21	Spesielle driftsutgifter	24 442	26 100	27 768
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	11 629	11 000	12 894
71	Tilskot til viltformål, <i>kan overføres</i>	34 077	30 600	34 600
	Sum kap. 1425	83 018	80 498	87 909

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområde Naturmangfald, men involverer òg resultatområde Friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt og fiske.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske, som saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01 og kap. 1410 post 50 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet, post 71 Jeger- og fellingsavgifter og post 72 Fiskaravgifter.

Samla sett er løyvingane under kap. 1425 auka med 7,4 mill. kroner i høve til 2016. Auken skuldast at det blir teke ut opparbeidd kapital frå Viltfondet ut over dei forventede innbetalte avgiftene, i

t tillegg til at inntektene knytte til jeger- og fiskaravgiftene er venta å auke på grunn av prisjustering av satsane i 2017.

For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1410, 1425, 1420, 5578 og inntektene til dei to fonda, viser vi til omtale under kap. 5578.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Fylkesmannsembeta.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samheng med at arbeidet er basert på driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå den same målsetjinga.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til lønn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga slik som det nasjonale jegerregisteret i Brønnøysund, utarbeiding av jaktstatistikk, og utgifter til utvikling og drift av betalingstenesta for jeger- og fiskaravgiftene, under dette trykking, porto og informasjonstiltak.

Som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform er posten redusert med 64 000 kroner. I tillegg er posten redusert med 87 000 kroner knytte til administrasjon av fiskaravgiftene.

Rapport 2015

Løyvinga er brukt til drift av betalingstenesta for fiskaravgift. Løyvingane innanfor viltforvaltninga er nytta til å oppretthalde verksemda i dei statlege villreinnemndene, slik at desse kan behandle den løpande bestandsforvaltninga og vere ein aktør i høve til andre sektorar som nyttar areal i villreinområda. Utover dette er aktivitet knytt til jegerregisteret på om lag same nivå som i 2014. Statistisk Sentralbyrå produserer statistikken over jegerar og jaktutbytte, og medverkar på den måten til overvaking av bestandar av vilt og deira utvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av direktoratet eller fylkesmenn. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene posterast på post 21. Dette gjeld mellom anna nasjonale overvakingssystem, forskning og utgreiing.

Som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform er posten redusert med 130 000 kroner. Grunna oppspart kapital i Viltfondet og prisjusterte jegeravgifter har posten likevel ein auke på 1,7 mill. kroner.

Rapport 2015

Løyvinga er nytta til forskning og utgreiing som gir eit betre kunnskapsunderlag for forvaltning av både haustbare viltarter, anadrom laksefisk og arter med meir usikre bestandstilhøve.

Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak. Posten er auka med 1,9 mill. kroner grunna venta auke i inntektene frå fiskaravgifta.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å sikre og utvikle bestandar av vill anadrom laksefisk og leggje til rette for og motivere til fiske.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga bidreg til å nå målsetjingane for anadrom laksefisk. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Tiltak som kan få tilskot er tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og røye, under dette kultiveringstiltak, driftsplanlegging, praktisk nytta forskning og overvaking. Det kan vidare bli gitt tilskot til tiltak som betrar tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta og tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Rapport 2015

I 2015 har det vore eit sentralt mål å gi tilskot til tiltak i regi av landsdekkjande organisasjonar knytte opp mot informasjon og forvaltning av anadrom laksefisk. Det er òg ytt tilskot til tiltak retta mot rekruttering og stimulering til fiske. Det er vidare gitt tilskot til anvend forskning og overvaking.

Ein stor del av tilskotsposten er disponert av fylkesmennene for å støtte tiltak som informasjon, anvend forskning og overvaking, tilrettelegging og arrangement, kultiveringstiltak og driftsplanleg-

ging. Samla har dette medverka til betre forvaltning av laks, sjøaure og sjørøye, og ei meir berekraftig hausting av desse fiskeressursane. Tilskota har òg medverka til å styrkje kunnskaps-

grunnlaget, til informasjon og formidling av tilstand og utfordringar knytte til anadrom laksefisk, og dei har medverka til å auke interessa for friluftsliv og fiske, særleg blant barn og unge.

Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
71.1	Hjortevilttiltak	34 077	3 250	3 250
71.2	Villreintiltak		2 850	2 850
71.3	Lokale vilttiltak m.v.		20 000	24 000
71.4	Viltovervaking		4 500	4 500
	Sum post 71	34 077	30 600	34 600

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Midlane er eit bidrag til å nå dei nasjonale måla økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles og område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.

Løyvingane til vilttiltak er auka med 4 mill. kroner ved at der vert nytta opparbeidd kapital frå Viltfondet og grunna prisjustering av avgiftene. Auken er lagt på underpost 3 Lokale vilttiltak m.v.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfald blir teke vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir teke vare på. Tiltaka som blir sette i verk skal medverke til å gi eit betre kunnskapsunderlag om arter og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Det blir gitt tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter, kartlegging av viltressursane/viltets leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar, innarbeiding av viltets leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, iverksetjing av tiltak der målet er betre bestandsoversikt, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarar sitt driftsplanarbeid, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskot til tiltak som inngår som ein del av eit planmessig arbeid blir prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak m.v.

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane fått forvaltningsansvaret frå fylkesmannen for enkelte arter. Den einskilde fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artene. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning. Løyvinga på underposten er auka med 4 mill. kroner. Auken vil føre til at fylkesmenn og fylkeskommunar kan løyve meir midlar til lokale prosjekt.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta som tilskot til overvakingsoppgåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Overvakingssjokta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk

både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov.

Rapport 2015

Løyvingane er i 2015 nytta omtrent som tidlegare år. I 2015 vart det levert 800 søknadar om vilttiltak i søknadssenteret. Av desse behandla Miljødirektoratet 154 søknadar, fylkesmennene 377 søknadar og fylkeskommunane 269 søknadar.

Det har vore ytt tilskot til dei fleste aktørar og grupper som arbeider med viltforvaltning. Ordninga har gitt støtte til tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag, og medverkar i relevante større prosjekt der andre har hovudfinansieringa. Ordninga er òg nytta til å støtte studentprosjekt, der dette inneber at det blir gjennomført fagleg relevante undersøkingar.

Ordninga medverker til å auke tiltaksvolumet, stimulere ungdom og andre til friluftsliv og uteaktivitet, og gir eit utvida kunnskapsgrunnlag både for økosystem og arter.

Det er eit mål at resultatane frå bruken av tilskotsmidlane skal verte tilgjengelege for alle interesserte, og slik auke kunnskapen om og spreinga av vellykka former for tiltak. Frå 2013 blir dei fleste rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat lagt inn i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter. Ettersom det er fleire ulike styresmakter og mange tiltakshavarar vil det vere ei stor breidd i type tiltak, og i kva ein kan oppnå på eit enkelt år. Det er for ein stor del dei same som betaler avgift som nyttar høvet til å søke tilskot, eller nyttar resultatane. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Det er vidare slik at ressurstilgangen samla sett er vurdert å vere god nok i forhold til dei prioriterte tiltaka. Dei som nyttar tilskotsordningane eller resultatane har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne oppretthalde haustinga, og ha eit tilstrekkeleg godt kunnskapsunderlag for forvaltninga.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2017
		2015	Saldert budsjett 2016	
71	Jeger- og fellingsavgifter	74 982	79 018	85 000
72	Fiskaravgifter	14 000	14 542	16 100
	Sum kap. 5578	88 982	93 560	101 100

I tillegg til å finansiere utgifter under kap. 1425, dekkjer kap. 5578 postane 71 og 72 òg noko av utgiftene til vilt- og fiskeforsking under kap. 1410 post 50 og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01.

Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til fonda i 2016 og 2017, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

Post 71 Jeger- og fellingsavgifter

Jeger- og fellingsavgiftene som blir innbetalte til Viltfondet er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten. Posten er avkorta med 220 000 kroner som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform.

Totalt er løyvinga likevel auka med 5,8 mill. kroner i høve til 2016. Auken vert finansiert ved å nytte opparbeidd kapital i Viltfondet og prisjusterte avgifter. Det er venta same tal innbetalningar i 2017 som i 2016.

Nærare om Viltfondet

Mål

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforsking, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.

I den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, er det føreset at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt.

Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein er det etablert ei tilsvarande ordning, der midlar frå innbetalte avgifter føregåande år blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene vart sist endra i 2015, og ein gjer framlegg om å justere avgiftene i 2017 i tråd med prisstiginga. Satsane for dei ulike avgiftene går fram av tabell 7.5.

For oversikta sin del er inntektene for kommunane i 2017 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 7.5 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2017

(tal i heile kroner)				
Type avgift:	Storleiken på avgifta i 2017	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt:	333	195 000	64 935 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt:	89	92 000	8 188 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk: ¹	205	20 000	4 100 000	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort:	67	2 000	134 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein:	294	5 100	1 499 400	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv:	172	2 000	344 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter:			79 200 400	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg:	537	23 700	12 726 900	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv:	316	11 200	3 539 200	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort:	411	27 100	11 138 100	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv:	249	9 000	2 241 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter:			29 645 200	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskotsvis i 2017 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2015/2016. Talet er vurdert til om lag 20 000.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 7.6

Tabell 7.6 Berekning av kapital i Viltfondet i 2017

(i 1000 kr)	
Saldo pr. 31.12.15:	13 701
Budsjettert innbetalt i 2016 ¹ :	75 525
Budsjettert refusjon i 2016 (utbetalingar frå fondet):	-79 168
Budsjettert saldo pr. 31.12.16:	10 058
Budsjettert innbetalt i 2017 ² :	79 600
Budsjettert refusjon i 2017 (utbetalingar frå fondet):	-85 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.17:	4 658

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitalise-

rast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5578 post 71 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1425 postane 01, 21 og 71, kap. 1420 post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410 post 50. I budsjettet for 2017 gjer

ein framlegg om at 5,52 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysundregistra for drifta av Jeger-

registeret. Planlagt bruk av inntektene går fram av tabell 7.7.

Tabell 7.7 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2017

Formål	(i 1000 kr)
Drift av villreinnemndene, drift av jegerregisteret, offentlig jaktstatistikk og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap.1425.01):	12 547
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	1 591
Prosjekt, FoU, overvåkingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.v. (kap. 1425.21):	27 131
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	2 852
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	3 250
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	2 850
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	24 000
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	4 500
Sum under kap. 1425:	78 721
Viltforskning, NINA (kap.1410.50):	2 998
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap 1420 post 01):	3 281
Totalsum:	85 000

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Sjølv om kommunane har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel nasjonale oppgåver innan desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar til finansieringa av nødvendige nasjonale oppgåver.

Når det gjeld fallvilt, er det behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må gjennomførast av Miljødirektoratet. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er derfor budsjetterte under kap. 1425 post 21 Spesielle driftsutgifter. For dei artene der fallviltet har ein salsverdi etter at naudsynte analysar av dyra er gjennomførte, omset Miljødirektoratet skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskefond er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten er auka med 1,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2015. Dette skuldast forventning om eit lite oppsving i talet på innbetalingar og ein auke i inntektene som følgje av prisjusterte fiskaravgifter.

Nærare om Statens fiskefond

Fiskaravgift til staten skal betalast for fiske i vassdrag med anadrome laksefisk. Det skal òg betalast avgift for fiske med faststående reiskap i sjøen. Det er innført visse unntak, bl.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål.

Bruken av midlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrome laksefisk. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleg-

gingstiltak, og delar av fiskeforvaltninga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Årsavgiftene for fiske etter anadrome laksefisk gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember, og vart sist justerte i 2015. For 2017 gjer regjeringa framlegg om å auke avgiftene som følgje av prisstigninga. Årsavgifta for fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i 2017 blir 260 kroner for enkeltpersonar, mens familieavgifta blir 415 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 18 og 20 år.

Personavgifta for fiske med faststående reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli blir på 649 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli blir 394 kroner. Ein vil komme tilbake til saka om ei mogleg reiskapsavgift for fiske etter anadrome laksefisk i sjøen, jf. Prop. 122 (2015–2016) og Innst. 400 S (2015–2016).

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettert med ein kapitalstrøm i Statens fiskefond som vist i tabell 7.8

Tabell 7.8 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2017

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.15:	2 328
Budsjettert innbetalt i 2016 ¹ :	14 500
Budsjettert refusjon i 2016 (utbetalingar frå fondet):	-14 573
Budsjettert saldo pr. 31.12.16:	2 309
Budsjettert innbetalt i 2017 ¹ :	16 222
Budsjettert refusjon i 2017 (utbetalingar frå fondet):	-16 100
Budsjettert saldo pr. 31.12.17	2 431

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (post 01, 21 og 70) og kap. 1420 (post 01), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 post 50.

Planlagt bruk av inntektene frå fiskaravgiftene går fram av tabell 7.9

Tabell 7.9 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2017

	(i 1000 kr)
Formål	
Administrasjon m.v. (kap. 1425.01):	100
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	71
Prosjekt, utgreingar (kap. 1425.21)	637
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	219
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	12 894
Sum under kap. 1425:	13 921
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420.01)	1 196
Fiskeforskning, NINA (kap. 1410.50):	983
Totalsum	16 100

Spesielt om lokale tiltak

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt nødvendige driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gi effekt for eit avgrensa område,

eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Hovudinnhald og prioriteringar

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde *Kulturminne og kulturmiljø*, og omfattar verksemda til Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond.

Løyvingane på kulturminneområdet går til å følgje opp intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* og Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*. I sistnemnde melding, som vart behandla av Stortinget i 2013, er både ambisjonsnivået og måla som Stortinget vedtok i 2005 haldne ved lag og førte vidare. Målsetjinga er å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det

er også eit mål at eit utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde skal ha varig vern ved freding innan 2020. Løyvinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø og midlar til å føre vidare arbeidet med verdiskaping knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Dei ti bevaringsprogramma er dei viktigaste verkemidla for å nå 2020-måla. Likevel er fleire av bevaringsprogramma prega av eit stort og aukande etterslep. Det er derfor sett i gang eit arbeid i 2016 for å sjå nærare på behov for å endre dei nasjonale måla.

Resultatområde

Tabell 7.10 Resultatområde under programkategori 12.30.

Resultatområdet	Nasjonale mål
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> – Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. – Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. – Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020. – Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for kulturminne og kulturmiljø

Regjeringa prioriterer høgt å leggje til rette for vern gjennom bruk. Ei forvaltning prega av partnerskap mellom styresmakter, private eigarar og andre aktuelle aktørar, og å sikre gode rammevilkår for verdiskaping, opplevingar og kunnskap med utgangspunkt i kulturhistoriske verdiar er viktig.

Gode fagdatabasar/styringsdata som gir kunnskap om og oversikt over kulturhistoriske verdiar – kor dei er og kva slag tilstand dei er i – er avgjerande for å kunne bruke verkemiddel riktig og å setje inn tiltak der dei trengst mest og verkar best. Kunnskapsløftet for kulturminnefeltet er ei prioritert satsing for Riksantikvaren, som skal sikre god

tilgang av kulturminnedata på tvers av forvaltningsnivå og for publikum.

Store endringar i busetjingsmønstret med sterk befolkningsvekst i og omkring byane, medfører auka press på areal og bygningar i byane og fører til at areal og bygningar går ut av bruk andre stader. Samtidig er kulturminne og kulturmiljø en viktig ressurs i byutviklinga. Mange historiske stader og enkeltbygningar er trekkplaster for turistar, og utgjer ofte ein ressurs også for andre næringer. Kulturminne er ein viktig del av regjerings bymiljøpolitikk. Riksantikvaren vil i løpet av hausten 2016 leggje fram forslag til ein bystrategi som grunnlag for kulturminneforvaltninga sitt vidare arbeid innan byutvikling. KLD er òg, saman med HOD og KMD, involvert i eit 3-årig nordisk bymiljøprosjekt, «Attraktive byer». Prosjektet er

knytt til norsk formannskap i Nordisk Ministerråd 2017. Kulturminne og bymiljøpolitikk inngår òg som eitt blant fleire miljøpolitiske område som vil bli tekne opp i «Dialogforumet for Grøn byutvikling» med dei største byane som KLD har etablert i samarbeid med KMD.

Kunnskapsløftet skal vere med på å gi kommunar eit godt fagleg grunnlag for å planleggje for desse endringane på ein måte der kulturhistoriske verdiar blir tekne vare på og medverkar til ei utvikling med gode og attraktive miljø for busetjing og næringsverksemd.

Innsatsen i dei ti tematiske bevaringsprogramma er avgjerande for at man skal kunne setje i stand og halde ved like kulturminne av høg nasjonal verdi. Bevaringsprogrammet for istandsetjing av freda kulturminne i privat eige er særleg prioritert. I stavkyrkjeprogrammet vart istandsetjinga av våre 28 stavkyrkjer slutført i 2015. Fortløpande vedlikehald og oppgradering av brannslokkingsanlegg og andre sikringstiltak vil vere prioriterte tiltak framover.

Forvaltninga av dei norske verdsarvområda inneber særlege forpliktingar. Oppfølging av autorisasjonsordninga for verdsarvsenter og utvikling av dei tre autoriserte verdsarvsentra i Alta, på Vega og i Geiranger vil bli prioritert. Arbeidet med ein plan for det vidare arbeidet med etablering av verdsarvsenter ved dei norske verdsarvstadene vil bli ferdigstilt i løpet av hausthalvåret 2016. Pla-

nen vil bli lagt til grunn for prioriteringa av eventuelle ytterlegare autoriseringar av senter avhengig av budsjettføresetnader og andre rammevilkår. Frå 2017 blir det lagt til rette for autorisering av to nye verdsarvsenter.

Internasjonalt er kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen eit stort behov. Noreg medverkar i dette arbeidet gjennom ei satsing ved ei seksårig avtale (2016–2021) med IUCN og Iccrom om programsamarbeidet «World Heritage Leadership – a new capacity building programme of Iccrom and IUCN».

Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet er ei hovudsatsing for kulturminnefeltet, for å svare på Riksrevisjonens funn frå 2009. Prosjektet varer fram til 2017. Prosjektet har så langt gitt gode resultat, men det står framleis att uløyste oppgåver. Regjeringa er oppteken av at det blir utvikla eit modernisert og digitalisert forvaltnings- og saksbehandlingssystem som sikrar likebehandling, standardisering, forenkling og effektivisering av arbeidsprosessar på tvers av forvaltningsnivåa. Hovudsatsinga i 2017 vil blant anna vere å utvikle vidare kulturminneportalen, eit digitalt verktøy som vil gjere det mogleg å gjere informasjon frå forskjellige kjelder tilgjengeleg i same brukarsnitt for regional og lokal forvaltning og eigarar av kulturminne.

Boks 7.2 Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet

Riksantikvarens viktigaste satsing for å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltninga har så langt vore gjort innanfor Kunnskapsløftet. Delar av denne satsinga svarer på digitaliseringsrundskrivet sine utfordringar: digitalisering av eigne arkiv, vidareutvikling av kulturminnedatabasen Askeladden og etablering av ein kulturminneportal. På alle desse punkta er det gjort godt arbeid i 2015/16. Riksantikvaren har med Kunnskapsløftet etablert eit grunnlag for å hente ut digitaliseringsgevinstar i kulturminneforvaltninga. Det større arbeidet med å digitalisere arbeidsflyten og arbeidsflatene i heile Kulturminneforvaltninga vil byggje vidare på dei investeringane som er gjort.

Digitalisering av forvaltninga

På grunnlag av investeringane og resultatata frå Kunnskapsløftet, helt Riksantikvaren fram arbeidet med å digitalisere og effektivisere arbeidsflyten i Kulturminneforvaltninga i 2017. Digitaliserte historiske arkiv, ein oppdatert Askeladden-database, samordning av datakjelder og fleire registreringar i databasen er viktige føresetnader for å digitalisere kulturminneforvaltninga. Riksantikvaren vil i 2017 ha fokus på å effektivisere dataflyt og å digitalisere saksbehandlingsrutinane. Målet er mindre ressurskrevjande og meir straumlinjeforma saksbehandlingsprosessar, lett tilgjengeleg kulturminneinformasjon og smidig digital kommunikasjon, både for publikum, for fylkesforvaltninga og for Riksantikvaren sjølv.

Bevaringsprogramma

I juni 2013 slutta eit samla storting seg til Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* der både ambisjonsnivået og måla Stortinget vedtok i 2005 vart haldne ved lag og førte vidare. Etableringa av dei ti bevaringsprogramma i 2006 er den viktigaste satsinga for å nå dei nasjonale måla i 2020. Programma har gitt mange gode resultat, men fleire av programma har likevel store utfordringar. Dette gjeld særleg bevaringsprogrammet for private eigarar av freda bygningar som har stort etterslep. Private eigarar og frivillige gjer ein stor innsats for å ta vare på freda og verneverdige kulturminne. Regjeringa er oppteken av å betre rammevilkåra for dei private eigarane. Regjeringa er òg oppteken av å halde ved like og brannsikre stavkyrkjene og dei tette trehusmiljøa på ein god måte og vil også i 2017 fokusere på dette viktige arbeidet.

Bygg og Bevar

Prosjektet Bygg og Bevar har gått føre seg sidan 2009, og er eit samarbeid med Byggenæringas landsforeining. Nettportalen er ein god arena for samarbeid mellom det offentlege og dei private eigarane av freda og verneverdige bygningar. Portalen gir blant anna informasjon om handverkarar med riktig kompetanse, produkt- og bransjeinformasjon om materiale og restaurering og riktig energirehabilitering utan at kulturhistoriske verdiar går tapt. Nettportalen er eit viktig bidrag for å betre rammevilkåra for dei private eigarane. I samarbeid med Byggenæringas landsforeining vil dette arbeidet bli ført vidare i ein ny programfase over fem år (2016–2020).

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2017 på om lag 692,3 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 16,1 mill. kroner netto, samanlikna med saldert budsjett for 2016.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1429	Riksantikvaren	575 201	621 288	605 612	-2,5
1432	Norsk kulturminnefond	75 444	87 094	86 659	-0,5
	Sum kategori 12.30	650 645	708 382	692 271	-2,3

Kap. 1429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	133 831	129 450	146 852
21	Spesielle driftsutgifter	43 415	39 899	51 363
22	Bevaringsoppgåver, <i>kan overførast</i>	22 562	24 500	24 378
50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 396	3 471	3 551
60	Kulturminnearbeid i kommunane	4 000	2 116	2 116
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	29 817	30 164	28 164
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	125 521	122 015	122 015

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	52 769	54 045	51 545
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	43 060	45 952	45 952
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	60 359	101 883	61 883
75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overførast</i>	7 576	10 757	10 757
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overførast</i>	8 242	5 000	5 000
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>	40 653	52 036	52 036
	Sum kap. 1429	575 201	621 288	605 612

Rolle og oppgåver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Klima- og miljødepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementet sitt arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel er særleg knytte til gjennomføring av dei ti bevaringsprogramma for nasjonalt viktige kulturminne, til prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga og til verdiskaping på kulturminneområdet. Riksantikvaren skal i partnerskap med eigarane og næringslivet stimulere til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, ålmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøver mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet fylkeskommunane, Sametinget, forvaltningsmusea og Sysselmannen på Svalbard utfører som regionale styresmakter for kulturminne. Tilretteleggings- og stimuleringsstiltak skal medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Hovuddelen av løyvinga dekkjer lønn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IKT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer i tillegg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt og utgreingar, under dette kostnader knytte til Riksantikvarens drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Inntekter knytte til dette blir førte under kap. 4429 post 02 og 09.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4429, post 02 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapport 2015

Størsteparten av midlane er lønnskostnader. I perioden frå 2010 til 2015 har talet på faste årsverk vore uendra, mens lønnsbudsjettet har auka med rundt 20 pst. Veksten i lønnsbudsjettet skuldast generell lønnsauke og bruk av mellombels tilsette og ekstrahjelp. I den same tidsperioden har budsjettposten for andre driftsutgifter auka med rundt 5 pst. Dette skuldast blant anna auke i faste lisens- og vedlikehaldsavtaler knytte til utviklinga og drifta av IKT-baserte fagsystem, prisstigning og auka driftskostnader i samband med pilegrimsenteret.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlar på denne posten blir nytta til kjøp av digitale utviklingsstener, støtte til registreringsarbeid og til å utvikle og etablere kompetansetiltak

innanfor prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011–2017).

Post 21 dekkjer prosjektmidlar til fagleg samarbeid med andre land i samsvar med norske prioriteringar, medlemsutgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid. Midlar til det internasjonale kurset i konservering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology) blir òg dekte over denne posten. Midlane blir elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltningsansvar for.

Riksantikvaren kan lyse ut forskings- og utviklingsmidlar innanfor denne potten, og bestiller utgreiingar blant anna på klima- og energifeltet.

Auken på posten skuldast ei omprioritering innanfor ramma for å slutføre Kunnskapsløftet.

Rapport 2015

24,7 mill. kroner av post 21 er nytta i prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2015.

Tabell 7.11 Aktivitet i kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2015

Aktivitet	Forbruk (i 1000 kr)
Kulturminneportal	0
Lønn, reise- og kompetansemidlar	3 674
Lokale kulturminneregistreringar og arbeid med kulturminneplanar i kommunane	5 450
Fylkeskommunane sitt arbeid med kompetansemodellar for kommunar i eigen region	1 234
Systematisering og digitalisering av eldre analog dokumentasjon	4 090
Sametingets registreringar av automatisk freda samiske bygningar	4 200
Digitale verktøy og tekniske tilretteleggingar	805
Informasjonsarkitektur	5 283
Miljøovervaking, verneverdige	0
Sum	24 736

Riksantikvaren utarbeide i 2015 «Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltninga». Fredningsstrategien angir innanfor kva tema vi i dag manglar freda bygg eller anlegg, det vere seg eksempelvis nasjonale minoritetar, handel eller rekreasjon, fritid og folkehelse. Nye fredingssaker skal vere innanfor dei prioriterte tema, og startast opp i eit avgrensa omfang. Fredningsstrategien angir òg korleis kulturminneforvaltninga skal arbeide effektivt og på lag med eigar i nye fredingssaker.

Med forankring i «Fredningsstrategi mot 2020» vart det brukt midlar til fleire prosjekt med mål om å finne fram til eit representativt utval kulturminne blant minoritetane sine kulturminne, grønne kulturminne og krigens kulturminne. Arbeidet held fram i 2016.

I 2015 vart det i prosjektet *Statens kulturhistoriske eigedommar* freda 18 eigedommar knytte til landsverneplan for Klima- og miljødepartementet. Riksantikvaren brukte òg noko midlar for oppfølging av arbeidet og prosessen av landsverne-

planane i dei departementa som ikkje har ferdigstilt sine landsverneplanar.

I 2015 vart det arbeidd med kulturmiljøfredinga av Skudeneshavn. Med bakgrunn i erfaringane frå kulturmiljøfredinga av Levanger og betydninga av ei lokal forankring vart det brukt høvesvis 0,4 mill. kroner til prosjektstilling for å utarbeide forslag til forvaltningsplan for kulturmiljøfredinga. Tilsvarande sum vart skoten inn frå Karmøy kommune og Rogaland fylkeskommune, med halvparten frå kvar av dei. Inntil 0,25 mill. kroner var sett av til kjøp av tenester, bl.a. layout og opptrykk av forvaltningsplan til lokal høyring og offentleg ettersyn som vart sendt ut i oktober 2015. Det vart òg gitt 0,12 mill. kroner i prosjektmidlar til fargeundersøking i Skudeneshavn.

0,8 mill. kroner er nytta til pilegrimsleia gjennom Nasjonalt pilegrimssenter. Midlane på posten er elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltaransvar for.

I 2015 greidde Riksantikvaren ikkje å setje av midlar til utlysing av FoU-prosjekt. Det blei gitt midlar til prosjekter som støtta opp under strategiske satsingar hos Riksantikvaren, under dette å ivareta klima- og energiomsyn og utvikle tilpassa datatenester. I tillegg vart prosjektet dendrokronologisk analyse av etterreformatoriske kulturminne (hamnekonstruksjonar i Bjørvika) støtta med midlar. Resultata av dette arbeidet vil kunne gi ny kunnskap om Oslos tidlege historie.

I 2015 vart to store miljøovervakingsprogram avslutt («*Fortidens minner i dagens landskap*» og «*Gamle hus da og nå*»). Samtidig er det inngått avtale om to nye program, som byggjer på dei avslutta, for perioden 2015–2020 (*overvaking av tap og skade på arkeologiske kulturminne* og kartlegging av *tap og skade på verneverdige kulturminne i utvalte kommunar*). Justeringa er i tråd med Riksantikvarens målsetjing om å aktualisere av MOV-arbeidet og i samsvar med kunnskapsbehov.

I 2015 gjekk det òg midlar til å leggje til rette for møteplassar mellom kulturminneforvaltninga og forskarar, ein viktig del av Riksantikvarens forskingsstrategi, under dette eit seminar med presentasjon av forskingsresultat som Riksantikvaren har gitt FOU-midlar til.

I 2015 fekk 53 kommunar midlar over prosjekt kunnskapsløftet til å utarbeide kommunale kulturminneplanar og 11 fylkeskommunar og Bergen kommune fekk midlar til å medverke i dette arbeidet. Ved utgangen av 2015 var ca. 190 kommunar i gang med å lage kommunale kulturminneplanar og omlag 68 var ferdige. Det er målsetjinga at 90 pst. av alle landets kommunar skal ha ferdig kommunal kulturminneplan innan 2020.

Post 22 Bevaringsoppgåver, kan overførast

Tunge nasjonale bevaringsoppgåver er det i visse tilfelle verken føremålstenleg eller mogleg å gjennomføre ved å dele ut tilskot til lokale prosjekteigarar. I desse tilfella må Riksantikvaren fungere som prosjekteigar. Sidan dette er prosjekt som i dei fleste tilfella går over fleire år, og det ikkje alltid let seg gjere å anslå det eksakte utbetalingsbehovet kvart enkelt år, er midlane plassert på post 22, der dei kan overførast. Dette gjeld fleire store prosjekt, som Bryggen i Bergen og brannsikring av stavkyrkjer, som er avhengig av fleirårige avtaler med leverandørar.

Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Midlane er stilte til disposisjon for Sametinget, og kjem i tillegg til dei ordinære løyvingane til kultur-

minneformål frå kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål

Å setje i stand og synleggjere samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane under post 50 er relaterte til dei nasjonale måla:

«*Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast*» og «*Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*».

Kriterium for måloppnåing

- Tal på registrerte, freda, samiske kulturminne i privat eige i kulturminnedatabasen Askeladden.
- Tal på freda, samiske bygningar i privat eige med ordinært vedlikehaldsnivå.
- Opplysningar om tiltak retta mot freda, samiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar av samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane blir tildelte større vedlikehalds- og restaureringsarbeid, men går òg til skjøtsel, sikring, istandsetjing og formidling, etter søknad til Sametinget.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skal skje overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle kan det vere aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Rapport 2015

Sametinget rapporterer til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for denne posten.

Post 60 Kulturminnearbeid i kommunane

Posten var ny i 2014 og oppretta som eit ledd i ei særskilt satsing på kommunal kulturminnekompetanse, frå andre halvår 2014 til første halvår 2016.

Ved utløp av prosjektperioden skal midlane tilbakeførast til post 21 og arbeidet med kunnskapsløftet. Erfaringane frå prosjektperioden vil

bli trekte inn i det vidare arbeidet med å styrkje kommunanes kompetanse.

Rapport 2015

Riksantikvaren har gitt tilskot til ti byantikvarstillingar i 2015: Eigersund, Fredrikstad, Frogn, Kragerø/Risør (fellessøknad), Levanger, Lærdal, Moss, Odda, Kongsberg og Steinkjer. Det er tilsett byantikvarar i alle stillingane. I tillegg til tilskot har Riksantikvaren også invitert til nettverksamlingar for «gamle og nye» byantikvarar. Byantikvarane vert òg inviterte til Riksantikvaren sitt *Haustmøte* – eit årleg arrangement i november for heile kulturminneforvaltninga.

Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, kan overførast

Posten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak og når særlege grunnar ligg føre.

Delar av midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) og for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK).

Posten dekkjer òg tilskot til arkeologiske museum, sjøfartsmuseum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Posten er òg nytta til finnarløn.

0,25 mill. kroner er flytt frå posten til post 22 og skal nyttast til tenester i samband med dei to bevaringsprogramma utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø og bergkunst der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører av oppgåvene.

Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «*Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*». *Nettsida Miljøstatus.no viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.*

Mål

Medverke til forvaltning av og ivaretaking av kunnskapen om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne i bevaringsprogrammet for bergkunst og bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne.

Tiltak retta mot sikring av kunnskap om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Målgruppa for tilskotet er tredelt:

Ei målgruppe er private tiltakshavarar. Staten dekkjer som hovudregel utgiftene til registreringar og utgravingar av arkeologiske kulturminne i samband med mindre private tiltak og dersom det ligg føre særlege grunnar, jf. kulturminnelova § 10.

Ei anna målgruppe er forvaltarar av arkeologiske kulturminne. Tilskota blir i hovudsak nytta til oppfølging av dei to bevaringsprogramma utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø og bergkunst. Midlane blir tildelte etter søknad til Riksantikvaren.

Midlane nyttast og til nødvendig fagleg assistanse til fylkeskommunane og Sametinget i forvaltningssaker. Midlane dekkjer nødvendig fagleg assistanse frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU). Midlane skal vidare nyttast til å dekkje utgifter til nødvendige undersøkingar for å sikre det vitskaplege kjeldematerialet og til anna arbeid for å sikre kulturminnet på staden, til hjelp i kulturminnekriminalitetssaker og ved dei arkeologiske forvaltingsmusea. I tillegg skal midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved sjøfartsmusea.

Posten dekkjer òg finnarløn fastsett etter skjønn av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova § 13.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal kontrollere at tiltakshavar oppfyller kriteria for å få tilkjent dekning av utgifter til registreringar og utgravingar. Riksantikvaren overfører midlar til dei arkeologiske forvaltingsmusea og til regional kulturminneforvaltning etter framlegging av rekneskap over forskoterte midlar og etter framlagt sluttregnskap.

Forvaltarar av arkeologiske kulturminne leverer sluttrapportar på utført arkeologisk arbeid til Riksantikvaren som kontrollerer at arbeidet er utført i samsvar med dei aktuelle vilkåra. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Forvaltningsinstitusjonar rapporterer om bruk av tildelte midlar.

Rapport 2015

I 2015 har 28 prosjekt som omfattar 190 lokalitetar i Askeladden, motteke tilskot på til saman 3,2 mill.

kroner frå Bevaringsprogrammet for utvalte, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK). Det er utført skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø over heile landet. Saman med tiltak som er ført vidare frå 2014 inngår 384 lokalitetar i desse aktivitetane. Det er òg gjennomført eit skjøtselseminar for fylkeskommunar og Sametinget.

Gjennom bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) er det i 2015 utført dokumentasjon, skjøtsel, tilrettelegging og sikring av bergkunstlokalitetar over heile landet, og det er gjennomført tiltak og prosjekt innan metodeutvikling og formidling. I 2015 vart det gitt tilskot på 6,2 mill. kroner til fylkeskommunar/Sametinget og dei arkeologiske forvaltingsmusea for tiltak innan skjøtsel

og tilrettelegging av 91 bergkunstlokalitetar. Saman med tiltak som er ført vidare frå 2014 har arbeidet omfatta 155 lokalitetar. Det er òg utført dokumentasjon av 87 bergkunstlokalitetar.

Det er gjennomført ei rekkje arkeologiske undersøkingar i 2015 knytt til ordninga der staten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar i samband med mindre, private tiltak, og dersom det ligg føre særlege grunnar.

Midlar frå posten er i 2015 mellom anna brukt til å dekkje sikring av erosjonsutsette tufter frå steinalder i Glomma, opprydding etter rotvelte på fleire gravhaugar og undersøking av eit skjelett i ein brønn frå mellomalderen på Sverresborg i Trondheim.

Tabell 7.12 Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2015

Tiltak	Tal på saker	Tilskot (i 1 000 kr)	Merknader
Mindre private tiltak. Direkte tilskot frå RA	41	8 401	Midlane blir betalte ut til den institusjonen som gjennomfører utgravinga
Mindre, private tiltak. Tilskot til fylka i samband med prøveprosjekt med delegert mynde.	2	119	
Særlege grunnar. Direkte tilskot frå RA	12	3 276	
Sikring av arkeologiske kulturminne og vitskapleg kjeldemateriale	22	5 411	
Andre prioriterte myndigheitsoppgåver ved dei arkeologiske forvaltningsmusea	5	1 005	
Saksbehandling ved sjøfartsmusea	5	5 100	
Finnarlønn	1	0,75	
Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)		6 200	Sjå ovanfor
Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)		3 200	Sjå ovanfor
Sum	88	32 712,75	

Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap, kan overførast

Midlane på posten går i hovudsak til bevaringsprogrammet freda bygningar i privat eige. Kulturmiljø, kystkultur og kulturlandskap får òg tilskot frå posten. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «Freda bygningar, anlegg og fartøy

skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020». Nettsida *Miljøstatus.no* viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.

I samband med realitetsvurdering av Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige, foreslår Riksantikvaren at det blir innført ei ordning som skal sikre at freda bygningar får eit jamt vedlikehald.

Mål

Freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot freda bygningar og anlegg i privat eige.
- Tiltak retta mot freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.
- Tiltak retta mot freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Tildelingskriterium

Ei målgruppe er private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredings sak er under behandling. Tilskot skal dekkje meirutgifter, heilt eller delvis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, i samsvar med fredingsføremålet. Følgjande prioriteringar gjeld: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. I arbeidet med kystkulturen skal det leggjast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til dei ni freda kulturmiljøa, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar.

2 mill. kroner er øyremerkte sikring og istandsetjing av samiske bygningar. Midlane vil bli utbetalt av Riksantikvaren etter oppmoding frå Sametinget. Riksantikvaren vil gi nærare føringar for bruken av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til fylkeskommunen/Sametinget

som skal sjå til at arbeidet er utført i samsvar med dei vilkåra som er sette. Fylkeskommunen/Sametinget skal rapportere til Riksantikvaren.

Når det gjeld den siste målgruppa og tilskot til dei ni freda kulturmiljøa og til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, skal tilskotsmottakaren levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som skal sjå til at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen/Sametinget.

I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Rapport 2015

I 2015 vart det brukt 111,8 mill. kroner i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Hovuddelen av posten blei fordelt til fylkeskommunar som vil setje i gang eit utval prioriterte prosjekt. På den måten vil midlane blir meir konsentrerte, slik at fleire prosjekt blir avslutta, og effekten av den offentlege innsatsen blir tydelegare. I alt vart det gitt tilskot til 484 søkjarar frå fylkeskommunane og Riksantikvaren i 2015.

2 mill. kroner blei overført til Sametinget for sikring og istandsetjing av eit mindre utval samiske bygningar. I alt 11 samiske bygningar fekk tilskot frå Sametinget i 2015, omtrent det same talet som i dei andre åra ordninga har eksistert (frå og med 2012). Når registreringa av dei automatisk freda samiske bygningane vert avslutta i 2017, vil rundt 1200 bygningar ha vorte registrerte, og anslagsvis 400–600 av desse vil trenge tilskot til vedlikehald og sikring.

Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, kan overførast

Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «*Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*». *Nettsida Miljøstatus.no viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.*

Mål

Målet med bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne er å setje i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle anlegga. Med dette er meint normalt vedlikehaldsnivå innanfor definert omfang. Dei ti opphavlege anlegga i bevaringsprogrammet skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan utgangen av 2015, mens dei fem anlegga som er inkluderte i

programmet i ettertid skal vere sette i stand i løpet av tre til fem år etter at dei kom med i programmet. Tilskotsordninga er relatert til nasjonalt mål: «*Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*».

For å styrkje kompetansen innan forvaltning, drift og vedlikehald, og medverke til nettverksbygging, samarbeid og auka kunnskap omkring denne typen kulturminne, arrangerer Riksantikvaren eit årleg fagseminar for dei prioriterte anlegga. Det er ei målsetjing at dette forumet blir ført vidare.

Kriterium for måloppnåing

Anlegget skal vere sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå med minimum tilstandsgrad 2 i eksteriør.

Interiør/maskinpark skal vere sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå der dette er vurdert som ein del av anlegget sitt omfang. Dette må ikkje forvekslast med drift eller produksjon, men inngår som ein del av det fortløpande vedlikehaldet av anlegga.

I løpet av 2016 skal Riksantikvaren slutføre arbeidet med indikatorar for måloppnåing på programmet. Dette vil vere viktig for å sikre ei felles forståing av istandsett. Istandsett må i denne samanhengen ikkje forvekslast med slutført eller ferdigstilt. Tekniske og industrielle kulturminne vil også etter at dei har oppnådd normalt vedlikehaldsnivå ha behov for løyvingar for å dekkje vedlikehald og eventuelle skadar, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Det skal ligge føre ein verksemdsplan med tilstandsvurdering og kostnadsberekning for det omfanget av anlegget som det er semje om. Planen skal ta for seg anlegga sine resterande behov for istandsetjing, og kostnadene ved ordinært vedlikehald. Planen skal liggje føre innan utgangen av 2017. Som ein del av planen, skal det òg liggje føre ein brannteknisk gjennomgang av anlegga i bevaringsprogramma. Ein slik gjennomgang kan med fordel utførast i samarbeid med det kommunale brannvesenet. Det kan gis eit mindre tilskot til dette arbeidet over post 72.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle anlegg.

Ved fordeling av tilskot vurderer Riksantikvaren fleire forhold:

- Om anlegget inngår i Riksantikvarens bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne.
- Anlegget eller kulturminnet sin autentisitet og representativitet for norsk teknologisk og industriell historie.
- Allmenn interesse, offentleg tilgang, økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som ser til at arbeida er utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Kontrollen av tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Rapport 2015

I 2015 omfatta bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne 15 prioriterte anlegg.

I 2015 vart det brukt 31,5 mill. kroner i forvaltning, drift og vedlikehald av dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet tekniske og industrielle kulturminne.

Tilskotsfordelinga til bevaringsprogrammet har fram til i dag hatt ein positiv effekt for å nå målsetjinga om normalt vedlikehaldsnivå, og ti av dei 15 anlegga hadde status som ferdigstilte ved utgangen av 2015.

For å sikre framdrift i måloppnåinga har Riksantikvaren i 2015 ført vidare arbeidet med å definere omfanget til kvart enkelt anlegg. Føremålet er at kvart anlegg skal utarbeide ein verksemdsplan med kostnadsberekning for vidare å kunne utarbeide indikatorar for måloppnåing. Arbeidet med å definere eit omfang av anlegga vart slutført hausten 2015. I 2015 førte Riksantikvaren vidare Industrianleggas Fellelsråd, og eit nytt fagseminar er under planlegging i Kristiansand hausten 2016.

Anlegg	Tilskot FDV	Tilskot istandsetjing	Sum total
<i>Anlegg i bevaringsprogrammet</i>			
Atlungstad Brenneri	2 100	1 426	3 526
Bredalsholmen Dokk	1 450	1 626	3 076
Fetsund lenser	3 021	1 099	4 120
Folldal Gruver	2 276	855	3 131
Haldenkanalen	1 698	1 919	3 617
Kistefos Træsliperi	1 470	905	2 375
Klevfos Cellulose- og Papirfabrikk	1 296	0	1 296
Neptun sildeoljefabrikk	2 205	0	2 205
Næs jernverksmuseum	1 429	0	1 429
Odda smelteverk	1 174	2 455	3 629
Rjukanbanen	3 406	2 391	5 797
Salhus tricotagefabrikk	2 003	0	2 003
Sjølingstad Uldvarefabrikk	3 106	955	4 061
Spillum dampsgag & høvleri	2 735	0	2 735
Tyssedal kraftverk	2 110	0	2 110
<i>Sum anlegg i bevaringsprogrammet</i>	<i>31 479</i>	<i>13 631</i>	<i>45 110</i>
<i>Anlegg utanfor bevaringsprogrammet</i>			
Pressemuseet Fjeld Ljom		50	50
Hagevik Tønnefabrikk		450	450
Minneslippen		50	50
Thamshavnbanen		1 049	1 049
Sellevåg Treskofabrikk		187	187
Tjørvgåg Selspekkeri		198	198
Vigsnes Gruveområde		328	328
<i>Sum anlegg utanfor bevaringsprogrammet</i>		<i>2 312</i>	<i>2 312</i>
Sum total	31 479	15 943	47 422

Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, kan overførast

Tilskotsordninga er knytt til dei fire bevaringsprogramma: stavkyrkjer, ruinar, freda bygningar i privat eige, brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer.

Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020» og «Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020». Nettsida Miljøstatus.no viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.

Mål

Dei 28 stavkyrkjene blei ferdigstilte i 2015 slik at dei no har oppnådd eit ordinært vedlikehaldsnivå. Frå 2016 vil fortløpande vedlikehald og tjærebreining av stavkyrkjene bli prioritert. Prioriterte ruinar og profane bygningar frå mellomalderen skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Bevaringsprogrammet for brannsikring har som mål at branntilløp og brann i stavkyrkjer, og brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø, skal unngåast.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot stavkyrkjer, profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen, og opplysningar om tilstandane til desse kulturminna.
- Brannsikringstiltak i stavkyrkjer og tette trehusmiljø.
- Eventuell brann eller branntilløp i stavkyrkjer og om tilfelle av brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda bygningar og anlegg frå mellomalderen og eigarar av utvalde tette trehusmiljø. Midlane skal gå til vern, sikring og beredskapsarbeid. Dette inkluderer brannsikringstiltak, vedlikehaldsprogram for stavkyrkjene og sikring av verdifull kyrkjekunst i desse kyrkjene. Det skal òg ytast tilskot til sikrings- og restaureringstiltak på mellomalderbygningar og mellomalderruinar. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi når det gjeld brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Istandsetjingstiltak skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak på særleg viktige prosjekt.

I medhald av St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal 45 av ruinane, inkludert dei 12–15 største anlegga, takast vare på. Vidare skal ruinar som engasjerer lokalmiljøet prioriterast.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren. Rapporten må òg innehalde ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte

tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Rapport 2015

Det er brukt 12,1 mill. kroner til bevaringsprogrammet for ruinar (ruinprosjektet) i 2015. Då er det utført arbeid på 21 anlegg. Et stort og langvarig konserveringsarbeid på Reinskloster i Rissa, Sør-Trøndelag ble fullført i 2015. I tillegg til konservering, blir det arbeidd med forskings- og utviklingsoppgåver, skjøtsel, informasjon, formidling og kompetanseutvikling, skjøtsel av murane og området omkring, skilting og tilrettelegging.

Overordna for FOU-oppgåvene er supplering og forbetring av datagrunnlaget i Askeladden. Under søking av ruinområda med geofysiske metodar (georadar) og oppmåling er derfor viktige oppgåver.

I bevaringsprogrammet for stavkyrkjer vart det i 2015 utført arbeider på bl.a. Haltdalen, Heddal og Røldal. Med unntak av nokre mindre arbeid på Haltdalen og Heddal er alle stavkyrkjene no ferdig sette i stand. Det vart brukt 12,3 mill. kroner i 2015. Stavkyrkjeprogrammet vart formelt avslutta i 2015. Måloppnåinga er vurdert som god. Det blir likevel rekna med eitt år med etterarbeid, ferdigsynfaringar, dokumentasjon og innsamling, slik at stavkyrkjeprogrammet vil bli endeleg avrunda i 2016. I samband med dette blir det planlagt konferanse og bokutgiving.

Riksantikvaren sette i 2015 i gang ei kartlegging av korleis akutte klimatiske forhold som ras, flaum og storm kan påverke den enkelte stavkyrkja. Dette arbeidet vil bli fullført i 2016 og danne grunnlag for gjennomføring av preventive tiltak mot klimaskadar, og eit systematisk tilsyn og vedlikehald av stavkyrkjene framover.

Tilskot til hus frå mellomalderen blir òg henta frå denne posten. Istandsetjing av desse inngår i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. I 2015 har Riksantikvaren gitt tilskot til 18 bygningar. I 2015 har 12 mellomalderhus fått be- tra tilstandsgraden gjennom istandsetjing, og 5 hus har fått dårlegare tilstand gjennom naturleg forfall.

Arbeida spenner frå større utbetringar av lafteverk til tradisjonell takteking og refundamentering.

Post 74 Tilskot til fartøyvern, kan overførast

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for fartøy.

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvaren sine antikvariske retningslinjer.

Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «*Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*». Nettsida *Miljøstatus.no* viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.

Kriterium for måloppnåing

- Forbetra tilstandsgrad
- Fartøy beheld sertifikata
- Fartøy skal haldas operativ i stand

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtaler med eigarar om vern. Riksantikvaren fordeler midlane etter søknad til konkrete restaurerings-, istandsetjings og vedlikehaldsarbeid. I tillegg skal tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og fartøy som det finst få av, prioriterast. I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt. Eit grunntilskot til Norsk Foreining for Fartøyvern blir utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: allmenn interesse, offentleg tilgang, økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytte til fartøyet. Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av omfattande og kompliserte istandsetjingstiltak, skal Riksantikvaren prioritere fartøy med kjent tilstand og ein teknisk-historisk dokumentasjonsrapport.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar skal levere sluttrapport på utført arbeid. Rapporten skal òg omfatte ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar

med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Rapport 2015

Riksantikvaren gjev økonomiske bidrag til antikvarisk istandsetjing og vedlikehald av freda og verna fartøy gjennom bevaringsprogrammet for fartøy. I 2015 vart det gitt 60,479 mill. kroner i tilskot, i hovudsak til freda fartøy, igangverande prosjekt, større fartøy som stod i fare for å miste sertifikata utan utbetringar og fartøy som fekk høve til å komme av slipp og/eller ut av dokk. Tilskota dekkjer om lag 32 prosent av den totale søknadssummen.

1,995 mill. kroner av post 74 vart tildelt som grunnstøtte til Norsk Foreining for Fartøyvern.

Post 75 Tilskot til fartøyvernssenter, kan overførast

Fartøyvernssentra får midlar til fellestenester over post 75. Midlane under posten har nær tilknytning til bevaringsprogrammet for fartøy og nasjonalt mål «*Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*». Nettsida *Miljøstatus.no* viser grad av måloppnåing for dei nasjonale måla.

Mål

Midlane skal sikre at dei tre utvalte fartøyvernssentra kan utføre fellestenestene uavhengig av økonomiske konjunkturar i samfunnet. Gjennom fellestenestene skal fartøyvernssentra medverke til at handverk og handverksutvikling, innan vedlikehald og istandsetjing, gjennom dokumentasjon av fartøy, blir bevart i eit langsiktig perspektiv. Dei tre nemnde, nasjonale fartøyvernssentra er eit verkemiddel og ei form for garanti for staten for at kunnskap knytt til eldre handverksmetodar, «handlingsboren kunnskap», blir bevart i så stor grad som mogleg.

I 2016 og 2017 vil Riksantikvaren gjere ei evaluering av fartøyvernssentra. Oppgåvene i fellestenestene vil bli reviderte etter evalueringa, jf. Nasjonal verneplan for fartøy.

Kriterium for måloppnåing

- Informasjon om kunnskap tileigna gjennom istandsetjing og vedlikehald av fartøy
- Informasjon om publisering av kunnskap. Under dette informasjon på nettsider, produksjon av faktaark og dokumentasjonsrapportar.

- Kvartalsvise møte mellom dei tre fartøyvern-sentra og Riksantikvaren.
- Generell rapport på oppgåver løyst innan fellestenestene.

Tildelingskriterium

Målgruppa er Nordnorsk Fartøyvern-senter og Båtmuseum i Gratangen, Hardanger Fartøyvern-senter i Norheimsund og Bredalsholmen Dokk og Fartøyvern-senter ved Kristiansand.

Tilskota til fartøyvern-sentra i 2017 skal i første rekkje medverke til å finansiere stillingar knytte til dokumentasjonsarbeid i samband med istand-setjingsarbeid på fartøy som Riksantikvaren gir tilskot til. Tilskot til dokumentasjon skal berre dekkje dokumentasjonsarbeid ut over det som normalt inngår som ein del av det vanlege verftsarbeidet. I 2017 skal fartøyvern-sentra, i samarbeid med Riksantikvaren, utarbeide ein mal for dokumentasjon av istandsetjingsarbeid.

Vidare kan midlane nyttast til generell rådgjeving, opplæring og kompetansebygging ved sentret og overfor eksterne fartøyeigarar. Ein mindre del av tilskota kan òg nyttast til investeringar i anlegget.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at tiltak er gjennomførte i tråd med formålet med tilskotet, skal Riksantikvaren sjå til at mottakar av tilskota leverer sluttrapportar etter at arbeidet er utført. Oppfølging på staden og i kvartalsvise samarbeidsfora med dei tre fartøyvern-sentra er viktig. Kontrollen i høve tilskotsmottakarar skjer i samsvar med økonomireglementet, gjennom møte, generell formalia- og sannsyns-kontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvern-sentra.

Rapport 2015

I 2015 er 10,7 mill. kroner over post 75 fordelt til dei tre fartøyvern-sentra Nordnorsk Fartøyvern-senter og Båtmuseum i Gratangen (3,5 mill. kroner), Hardanger fartøyvern-senter i Nordheimsund (3,5 mill. kroner) og Bredalsholmen Dokk og fartøyvern-senter (3,5 mill. kroner).

Det historiske verftsanlegget ved Bredalsholmen fekk i 2014 status som eitt av de nasjonale industriminna. Tilskotsøkonomien til dette fartøyvern-senteret går derfor ikkje fram av post 75 åleine.

Tilskota frå post 75 har finansiert stillingar som er knytte til løysing av oppgåver under felles-tenestene, under dette dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjing av fartøy som Riksantikvaren gir tilskot til. Tilskota har vidare med-verka til generell rådgjeving, opplæring og kompetansebygging ved sentra og overfor fartøyeigarar.

Fartøyvern-sentra har i tillegg motteke og utført oppdrag som mellom anna produksjon og publisering av faktaark, synfaring, og teknisk dokumentasjon av fartøy på vegne av Riksantikvaren

Riksantikvaren startar opp ei evaluering av fartøyvern-sentra i 2016, planlagt avslutta i 2017.

Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast

Mål

Kulturminne og kulturmiljø skal takast i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til satsingar som tydeleggjer og integrerer kulturminnefeltet i lokal og regional utvikling og som samstundes siktar mot ei koordinert og langsiktig forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Samhandling med aktørar og verkemiddel som støttar opp om dette vil bli prioritert.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren som òg omfattar ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Rapport 2015

Det er brukt 8,2 mill. kroner til verdiskapingsarbeid over post 77 til prosjekt som dekkjer eit vidt spekter av kulturminne, mellom anna veganlegg, industrianlegg, historiske bymiljø, kystkultur, krigsminne, landbruksmiljø og landskap.

Tilskot frå post 77 utgjer om lag ein tredel av dei totale prosjektbudsjetta. Fylkeskommunane og Sametinget har òg gitt tilskot tilsvarande ein tredel, mens den siste tredelen er eit spleiselag mellom andre offentlege midlar og private tilskot.

Tabell 7.13 Tilskot til verdiskaping i 2015

Tiltak/område	Tilskot (i 1000 kr)
Pilegrimsleia	2 262
Kultur- og naturreise	1 500
Andre verdiskapingsprosjekt ¹	4 480
Sum	8 242

¹ Andre verdiskapingsprosjekt omfattar 18 prosjekt

Post 79 Tilskot til verdsarven, kan overførast

Mål

Områda på Unescos verdsarvliste i Noreg skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinjene for oppfølging av konvensjonen.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot verdsarvområde i Noreg.

Tildelingskriterium

Målgruppa er områda i Noreg som står på eller er under nominasjon til Unescos verdsarvliste. Det gjeld åtte stader og ein nominasjon som ikkje er sluttbehandla. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av desse områda.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Miljødirektoratet har eigne tilskotsmidlar og har tilsvarande oppfølging.

Rapport 2015

I 2015 vart det over Riksantikvarens budsjett brukt 43,6 mill. kroner på arbeid med verdsarven.

Tabell 7.14 Tilskot til verdsarvområda i 2015

Verdsarvområda	Tilskot (i 1000 kr)
Bryggen i Bergen	18 300*
Røros bergstad og Circumferensen	11 300
Bergkunsten i Alta	3 500
Vegaøyan	2 000
Vestnorsk fjordlandskap	3 000
Urnes stavkyrkje, omgivnader	300
Struves meridianboge	400
Rjukanbanen	4 200
Nordisk verdsarvkonferanse	469
Verdsarvforum	175
Sum	43 644

* Inkl. avslutning av grunnvassprosjektet og MOV av kulturlag.

Kap. 4429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
02	Refusjonar og ymse inntekter	4 900	4 268	4 388
09	Internasjonale oppdrag	3 049	1 209	1 243
	Sum kap. 4429	7 949	5 477	5 631

Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt, og inntekter frå Det nasjonale pilegrimssenteret og driftsvederlag frå Kongsvoll fjellstove. Meirinntekter under pos-

ten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til internasjonale oppdrag. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	75 444	87 094	86 659
	Sum kap. 1432	75 444	87 094	86 659

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Norsk kulturminnefond er eit forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Midlane skal nyttast til kulturminnetiltak og til drift av administrasjonen og styret.

Kulturminnefondet har i hovudsak ansvaret for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Posten er redusert med om lag 0,4 mill. kroner.

Mål

Medverke til å styrkje arbeidet med å bevare verneverdige kulturminne og kulturmiljø og til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål: «*Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over vernever-*

dige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal ta-kast vare på.»

Den gjennomførte brukarundersøkinga i 2014 viser at 83 prosent av alle søkjarane er tilfredse med kontakten med kulturminnefondet, og meiner den faglege oppfølginga av prosjekta som kulturminnefondet tilbyr er svært viktig. Fire av fem prosjekt som har fått tilsegn om midlar ville ikkje vorte realiserte utan støtta frå fondet. Ein kan etter dette grovt sett rekna med at 2000 prosjekt over heile landet neppe hadde blitt sette i stand utan støtta frå kulturminnefondet.

Når vi går inn og ser på kor mykje private midlar dei statlege insentiva frå fondet løyser ut, kjem det fram at i eit gjennomsnittleg prosjekt kjem 28 prosent av midlane frå staten gjennom kulturminnefondet. 72 prosent av det som skal til for å setje objektet i stand, kjem frå eigaren sjølv i form av eigne midlar eller eigen innsats på prosjektet.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak retta mot verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Kulturminnefondet skal vere eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota blir i hovudsak tildelte istandsetjings- og sikringsprosjekt. Tilskot til prosjekt som fremjar verdiskaping, handverk, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet er prioriterte. Dette gjelder òg prosjekt som gir synergieffektar, og som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats. Samarbeid med eigarane av kulturminne og kulturmiljø er den viktigaste strategien for kulturminnefondets arbeid.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av

rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I mange tilfelle er det aktuelt med kontroll på staden for å sikre at tiltaka er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Midlane frå kulturminnefondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane frå Riksantikvaren.

Rapport 2015

Det vart brukt 16,8 mill. kroner til drift av Norsk kulturminnefond i 2015. Det vart gjeve tilsegner på til saman inntil 68,6 mill. kroner, fordelt på 489 søknader.

Det kom inn 783 søknader innan fristen 1. november 2015. Kulturminnefondet behandlar søknader om strakstiltak og til fag- og handverksseminar fortløpande gjennom året. Det er behandla om lag 965 søknader totalt. Samla søknadssum frå private eigarar av verneverdige kulturminne er på 240 mill. kroner. Det har aldri vore større interesse for å søkje kulturminnefondet om støtte til istandsetjing av verneverdige kulturminne.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda, Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstittutt, Svalbards miljøvernfond, Kings Bay AS og Fram – nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Å ta vare på Svalbard sin særreigne villmarksnatur er eit av dei overordna måla for svalbardpolitikken, jf. St. meld nr 32 (2015–2016). Samstundes må ein i forvaltninga av Svalbards natur- og kulturminne ta omsyn til at både samfunna og miljøet på Svalbard er i endring, og leggje til rette for nødvendig omstilling og vidare utvikling i samsvar med dei måla som er sett.

Regjeringa har vedteke at Noregs forskingsråd skal utvikle ein forskingsstrategi for Ny Ålesund innan våren 2017, og Norsk Polarinstittutt får ansvar for den operative implementeringa og oppfølginga av forskingsstrategien i Ny-Ålesund. I lys av dette skal ansvaret for forvaltninga av statens eigarskap i Kings Bay AS bli overført frå Nærings- og fiskeridepartementet til Klima- og miljødepartementet frå 1. januar 2017.

Noreg skal medverke gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktistraktaten med tilhøyrande Miljøprotokoll til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis.

Innanfor Arktisk råd vil spesielt prioriterte tema for Noreg vere klimaendringar i Arktis, tiltak mot utslepp av kortlevde klimadrivarar, bevaring av arktisk biodiversitet, heilskapleg havforvaltning, tiltak mot forureining og miljøovervaking i

Arktis. Noreg prioriterer òg arbeidet med ei samla utgreiing av dei endringane som skjer i Arktis, og kva dette vil bety for framtidig miljø, aktivitet, forvaltning og behov for tilpassing.

Eit breitt og effektivt miljøvernssamarbeid med Russland står sentralt i regjeringas nordområdepolitikk. Miljøvernssamarbeidet vil bli ført vidare innanfor Den norsk-russiske miljøvernkommissjonen og Barentssamarbeidet. I det bilaterale samarbeidet er det ei særleg prioritering av havmiljø og samarbeid i grenseområda. På grunn av dei høge utsleppa av svovel og metall frå nikkilverka på Kola har styrkt miljøovervaking ein sentral plass i det grensenære samarbeidet. Innan havmiljøssamarbeidet er utviklinga av eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk side av Barentshavet høgt prioritert.

Samarbeidet om naturmangfald i Barentsregionen vert òg ført vidare. Bevaring av naturmangfaldet, forvaltning av grensevassdrag, reduksjon av forureining og klimagassutslepp er viktige oppgåver i tillegg til løysinga av dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen.

Framsenteret i Tromsø omfattar i dag 20 norske institusjonar, og det er full fagleg aktivitet som gir fortløpande resultat på alle dei seks tematiske satsingsområda, kalla «flaggskip». Framsenteret har oppnådd nasjonal og internasjonal status som kompetansemiljø, og er òg attraktivt for lokalisering av nasjonale initiativ og for internasjonale sekretariat som Noreg har ansvaret for, bl.a. Sekretariatet for Arktisk råd. Den faglege satsinga vil bli ført vidare, og i 2016 starta byggjearbeidet som vil gi Framsenteret ei utviding med 195 nye arbeidsplassar pluss laboratorium og spesialrom.

Resultatområde

Tabell 7.15 Resultatområde under programkategori 12.60.

Resultatområdet	Nasjonale mål
Polarområda	<ul style="list-style-type: none"> – Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet. – Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning. – Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal reduserast.

Politikk og verkemiddel for å nå dei nasjonale måla på polarområda

Svalbard

Raske klimaendringar i kombinasjon med andre miljøpåverknader inkludert endringar i aktivitet, er ei betydeleg og aukande utfordring for miljøvernet på Svalbard.

Klimaendringane fører m.a. til auka risiko for skred og flaum, meir ekstremvær og høgare stormflod på grunn av havnivåstiging. Det er difor viktig at areal- og samfunnsplanlegginga i planområda tek omsyn til klimaendringane. Lokalsamfunna på Svalbard står samstundes føre ei omstilling der aktivitet og ferdsel knytt til m.a. reiseliv, forskning og høgare utdanning kan komme til å auke ytterlegare. Ein slik auke i ferdsel og aktivitet vil saman med forureining og dei raske klimaendringane forsterke behovet for ei kunnskapsbasert forvaltning. Det er viktig å sikre at den samla belastninga på arter og økosystem ikkje blir for stor.

Miljøstyresmaktene vil, i dialog med aktørane på Svalbard, ta eit samla grep for å legge betre til rette for reiselivet innanfor det såkalla Forvaltningsområde 10, som bl.a. omfattar Isfjordområdet og nærområda rundt lokalsamfunna. Samstundes skal arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda på Svalbard førast vidare.

Også den strenge praksisen når det gjeld løyve og vilkår for verksemd som medfører inngrep utanfor dei eksisterande busetjings- og gruveområda vil bli ført vidare. Arbeidet med å avgrense forureiningar frå lokale kjelder vil òg halde fram.

Stigande temperatur, raskt minkande sjøis og meir nedbør fører med seg store endringar i økosystem og i livsvilkåra for arktiske arter. Dette gjeld særleg arter som har sjøisen som leveområde, slike som isbjørn og sel. På lengre sikt er det fare for at fleire arter vil forsvinne frå svalbardområdet.

Norsk Polarinstitutt gjennomførte ei teljing av Svalbard-/Barentshavbestanden av isbjørn på norsk side i 2015. Denne bestanden var berekna til ca. 685 isbjørn i 2004, og det blei estimert at den var på ca. 975 isbjørn i 2015. Basert på dette, meiner NP at ein auke i bestanden dei siste 11 åra er sannsynleg. Prognosar tilseier at sjøisen raskt vil bli redusert i Barentshavområdet i kommande tiår, og raskare enn dei fleste andre områda i Arktis. Dette vil truleg føre til at bestanden innan få generasjonar får store utfordringar.

Fleire nye arter er observerte på Svalbard dei seinare åra, dels som ei følgje av varmare klima, og dels gjennom introduksjon av framande arter.

Den raske oppvarminga svekkjer den klimatiske barrieren slik at nye arter kan få fottfeste på Svalbard og i dei arktiske havområda der dei kan fortrengje naturleg førekommande arter. Ein handlingsplan for å hindre introduksjon og spreiding av framande arter på Svalbard vil bli sett i verk.

Miljøstyresmaktene skal arbeide for å sikre naturverdiar og kulturminne som ligg nær opptil lokalsamfunna og som er viktige for reiselivet, friluftsliv og lokalbefolkninga.

Det vil i denne samanhengen bli sett i verk eit arbeid for å vurdere behovet for eit styrkt vern av område med særleg rikt fugleliv i nedre Adventdalen.

Kulturminneverdiane vert påverka av auka utbygging i lokalsamfunna, ferdsel i terrenget og klimaendringar. Det er særleg behov for auka innsats i samband med dei industrielle kulturminna som til dømes dei freda taubane- og uteanlegga til gruvane i Longyearbyen og den gamle kraftstasjonen. Det må òg vere stor merksemd rundt spørsmåla om auka besøk til kulturminne og -miljø, særleg dei som tidlegare har vore skåna ved sjøisen har gjort dei lite tilgjengelege.

Naudsynte tiltak skal ta utgangspunkt i dei prioriterte kulturminna i kulturminneplanen for Svalbard 2013–2023.

Det vil bli arbeidd vidare med å vurdere om det er grunnlag for å nominere delar av Svalbard som verdsarv på bakgrunn av den internasjonalt viktige natur- og kulturarven som finst der.

Forskning og høgare utdanning er eit av dei viktigaste satsingsområda for norsk aktivitet og nærvær på Svalbard. I stortingsmeldinga varslar regjeringa at ein ønskjer å styrke norsk vertskap og koordinering av forskingsverksemda i Ny-Ålesund. Regjeringa har vedteke at Noregs forskingsråd skal utvikle ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund innan våren 2017, og Norsk Polarinstitutt får ansvar for den operative implementeringa og oppfølginga av forskingsstrategien i Ny-Ålesund. I lys av dette skal ansvaret for forvaltninga av statens eigarskap i Kings Bay AS bli overført frå Nærings- og fiskeridepartementet til Klima- og miljødepartementet frå 1. januar 2017. Regjeringa vil sikre at ein bruker dei unike, men avgrensa goda som forskingsverksemda i Ny-Ålesund byr på meir effektivt og legg betre til rette for auka grad av samarbeid og open deling av data og resultat. Eit verkemiddel for å få dette til er auka bruk av samlokalisering og felles utnytting av infrastrukturen. Regjeringa foreslår difor å løyve 20, 5 mill. kroner i 2017 over Klima- og miljødepartementets budsjett til oppføring eit nytt, felles bygg i Ny-Ålesund.

Antarktis

Eit godt kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for at partane til Antarktistraktaten kan forvalte miljøet i traktatområdet i tråd med Traktaten og Miljøprotokollens målsetjingar. Det er dei siste tiåra registrert betydeleg oppvarming over enkelte delar av Antarktis. Manglande kunnskap er eit grunnleggjande hinder for å få ei full forståing av klimaendringane her. Noreg skal medverke til dette kunnskapsgrunnlaget, og samtidig til den internasjonale kunnskapsutviklinga om Antarktis og globale problemstillingar knytte til polarområda.

Noreg arbeider aktivt gjennom samarbeidet under Antarktistraktaten for ei økosystembasert, heilskapleg forvaltning av miljøet i havet og på land i traktatområdet, med særskilt fokus på vern av sårbare og verdfulle område. Noreg arbeider for at klimaendringar er eit viktig punkt på dagsordenen i samarbeidet under traktaten. Sikring og istandsetjing av kulturminna er utfordrande i Antarktis. Bevaringstiltak blir gjennomførde i medhald av fagleg grunnleggjande og avgrensa prioriteringsliste.

Norsk Polarinstitut har ei nøkkelerolle i norsk antarktisadministrasjon både som nasjonal operatør og som styresmakt etter forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis. Norsk Polarinstitut har òg som viktig oppgåve å skaffe fram forskingsbasert kunnskap som medverkar til at Noreg på best mogleg måte oppfyller sine forpliktingar som traktatpart.

Arktisk råd

Klimaendringane er tydeligare i Arktis enn nokon annan stad, og vil få store effektar både her og for det globale klimaet. Tiltak for å redusere klimaendringane er derfor det viktigaste vi kan gjere for å ta vare på det arktiske miljøet. Arktisk råd utarbeider nå et kollektivt reduksjonsmål for svart karbon. Noreg er ein pådrivar i rådets arbeid med å dokumentere effektane av klimaendringar på økosystema i Arktis.

Noreg vil medverke aktivt i Arktisk råds arbeid med prosjekt og oppfølgingsplanar på desse områda, og leggje til rette for at kunnskap og tilrådingar som blir skaffa fram gjennom desse prosjekta blir tekne i bruk og implementerte i forvaltninga.

Miljøvernssamarbeidet med Russland

Miljøvernssamarbeidet vil bli ført vidare innanfor Den norsk-russiske miljøvernkommissjonen og Ba-

rentssamarbeidet. I det bilaterale samarbeidet er det ei særleg prioritering av havmiljø og samarbeid i grenseområda.

Noreg vil halde fram med påverknadsarbeid for å få redusert utsleppa av svovel og metall frå nikkilverka på Kola og å ta saka opp overfor russiske styresmakter slik at naudsynte tiltak blir sette i verk. Styrkt miljøovervaking har òg ein sentral plass.

Utviklinga av eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk side av Barentshavet er høgt prioritert. Dette arbeidet er basert på norske erfaringar med forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten. Vidareutvikling av eit felles norsk-russisk miljøovervakingssystem og den felles miljødataportalen Barentsportal skal halde fram. Dette arbeidet vil gi viktige premisser for verksemd innan fiskeri, skipstransport og petroleumssektoren. Erfaringsutveksling om risikovurdering og kontroll av petroleumsverksemd er òg eit viktig element i havmiljøssamarbeidet.

Mange av prosjekta i det bilaterale miljøvernssamarbeidet med Russland støttar opp under miljøvernssamarbeidet under Barentsrådet og Arktisk råd.

I Barentssamarbeidet fokuserer ein på forvaltning av naturmangfaldet og av vassressursane i regionen. Ei høgt prioritert oppgåve er å medverke til å løyse dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen, dei såkalla *hot spots*, som er beskrivne i Arktisk råds miljøovervakingssystem og Nordisk miljøfinansieringsselskapet (NEFCO) si *hot spot*-liste frå 2003. Det ligg stor grad av norsk eigeninteresse i å få løyst desse miljøproblema. I denne samanhengen er både NEFCO og Miljøpartnerskapet under den Nordlege Dimensjon viktige verkemiddel.

Forsking og miljøovervaking i nord- og polarområda

Situasjonen i polarområda gir nye kunnskapsutfordringar knytte til miljø og klima. Å utvikle kunnskap og forståing av korleis miljø i Arktis og Antarktis vert påverka av klimaendringar, havforsuring, forureining og auka aktivitet er derfor ein sær viktig del av både det nasjonale arbeidet og det internasjonale samarbeidet i nord- og polarområda. Grunnlaget for Noregs bidrag til dette samarbeidet er den nasjonale satsinga på kunnskap om klima og miljø.

Sentrale verkemiddel med omsyn til polar kunnskapsproduksjon er Norsk Polarinstitut og Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Det blir arbeidd med å betre parameter for miljøovervaking av kulturminna.

Koordineringa i Ny-Ålesund blir styrkt gjennom at det blir utvikla ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund innan våren 2017, og ein overordna strategi for forskning og høgare utdanning på Svalbard. Norsk Polarinstitutt har ansvar for den operative implementeringa og oppfølginga av forskingsstrategien i Ny-Ålesund.

Framsenteret har saman med utviklinga av Svalbard som ei plattform for internasjonal forskning, ei særskild viktig rolle i dette. Samarbeidet Framsenteret vil bli ytterlegare styrkt gjennom nybygget for Framsenteret, der arbeidet starta ved årsskiftet 2015–2016, og vil ta ca. to år. Miljøa og infrastrukturen som er knytte til klima- og miljøforskinga i Tromsø og på Svalbard gjer òg desse stadene til viktige møteplassar for internasjonalt samarbeid i Arktis.

jøforskinga i Tromsø og på Svalbard gjer òg desse stadene til viktige møteplassar for internasjonalt samarbeid i Arktis.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2017 er på 403,3 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 70 mill. kroner, eller 20,3 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2016. Auken i løyvinga skuldast i hovudsak ei rammeoverføring frå Nærings- og fiskeridepartementet i samband med tilskotet til Kings Bay AS som Klima- og miljødepartementet overtek ansvaret for frå 1.1.2017, ei løyving til ny-bygg i Ny-Ålesund på 20,5 mill. kroner og budsjettering av pensjonsutgiftene i staten.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1471	Norsk Polarinstitutt	278 510	268 547	295 084	9,9
1472	Svalbard miljøvernfond	15 230	14 638	14 638	0,0
1473	Kings Bay AS			41 635	
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	52 287	52 105	51 985	-0,2
Sum kategori 12.60		346 027	335 290	403 342	20,3

Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	216 014	200 506	223 671
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	62 000	67 535	70 910
50	Stipend	496	506	503
Sum kap. 1471		278 510	268 547	295 084

Rolle og oppgåver for Norsk Polarinstitutt:

Norsk Polarinstitutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, Meld. St. 33 (2014–2015) *Norske interesser og poli-*

tikk for Bouvetøya, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for miljødirektorata og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse på område der miljøforvaltninga har eit direkte forvaltningsansvar i nord- og polarom-

råda eller har ei heilt sentral pådrivarrolle både nasjonalt og i internasjonale prosessar. Det omfattar klimaprosessar og klimaendringar og effektane av desse på naturen og viltforvaltning, område- og habitatvern, og miljøgift/forurei- ningsproblematikk

- ha ansvar for topografisk og geologisk kartleg- ging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle, revidere og leie overvakingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjo- nal og internasjonal forskning på Svalbard gjen- nom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttet sin infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følge opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- medverke til at forvaltningas kunnskapsbehov blir teke hand om
- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgeving innan Det bilaterale norsk-russiske miljøsam- arbeidet
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- delta i Fagleg forum for økosystembasert for- valtning av norske havområde
- representere Noreg i internasjonale samar- beidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsin- stitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- formidle utovervend informasjon om polarom- råda, blant anna gjennom samarbeid med Polaria
- vere vertskap og ha ansvaret for å setje i verk forskingsstrategien for Ny-Ålesund

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultat- områda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinsti- tutt har til lønn og godtgjersler for faste og mel- lombels tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmå- lestasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til insti- tuttets samla forskings- og ekspedisjonsverk- semd, inklusive satsinga på ICE (Senter for is, klima og økosystem).

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd og drift av polarforskningsfar-

tøyet R/V «Lance». Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meir- inntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapport for 2015:

Polarinstituttet har i 2015 brukt ca. 56 pst. av løy- vinga si til lønns- og driftsutgifter knytte til admi- nistrasjon, bygningar på Svalbard og i Tromsø, Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund og drift av for- skingsfartøyet R/V Lance. Resterande 44 pst. er lønn og andre utgifter knytte til vår forskingsavde- ling, områda forvaltningsplan for Barentshavet- Lofoten, miljøgifter og i ICE (Senter for is, klima og økosystem). Av forbruket på denne posten kor- responderer omlag 62 mill. kroner med inntekter på kap. 4471. Dette er nesten alt saman knytt til ekstern finansiering av forskingsaktivitet frå mel- lom anna Forskningsrådet og EU.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultat- område 6 Polarområda. Posten dekkjer utgifter til vitskapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-sam- arbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dek- kje drift av forskingsstasjonen Troll og det inter- nasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs nærvær i Antarktis er styrkt betydeleg, og vil i større grad medverke til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområ- det i verda.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat. Dei tilsvarende inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyvinga kan overskridast der- som det er tilsvarende meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II.

Rapport for 2015:

Av midlane på denne posten vart ca. 90 pst. brukt til lønn for dei som arbeider på Troll-stasjonen og drift av bygningar i Antarktis, fartøyleige, helikop- terleige og andre logistikkutgifter. Resterande del av løyvinga, ca. 10 pst. går til forskning. Av forbru- ket på denne posten korresponderer ca. 16,5 mill. kroner med inntekter på kap. 4471.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultat-områda Forureining, Klima og Polarområda.

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innanfor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstrapgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgrader med polarforsking som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Kravet er rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Rapport for 2015:

Av 77 søknader vart 43 finansierte med totalt 2,5 mill. kroner. Av dette var 0,5 mill. kroner midlar frå Norsk Polarinstittutt og 2 mill. kroner frå Forskingsrådet i Noreg.

Dei viktigaste norske institusjonane som fekk støtte var Noregs Arktiske Universitetet, Universitetsstudia på Svalbard, Noregs Teknisk Naturvit-skapelege Universitet og Universitetet i Oslo.

Kap. 4471 Norsk Polarinstittutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Sals- og utleigeinntekter	6 919	10 585	10 827
03	Inntekter frå ymse tenesteyting	62 904	58 336	59 669
21	Inntekter, Antarktis	16 578	13 030	13 328
	Sum kap. 4471	86 401	81 951	83 824

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarende eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstittutt har for andre land og verksemder knytte til Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Overføringer til Svalbard miljøvernfond	15 230	14 638	14 638
	Sum kap. 1472	15 230	14 638	14 638

Svalbards miljøvernfond er oppretta med heimel i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005. Fondet starta si verksemd i 2007 og er eit økonomisk verkemiddel i miljøvernarbeidet på Svalbard. Fondet gjev tilskot til tiltak for å beskytte naturmiljø og kulturminner på øygruppa, i samsvar med svalbardmiljølova § 98 og fondets vedtekter. Fondets midlar skal bidra til å sikre Svalbards særegne villmarksnatur og kulturminne som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping.

Inntektene til fondet er sette saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for løysing av kort for jakt, fangst eller fiske i samband med hausting og avgift ved jegerprøveeksamen. Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Det er utarbeidd eigne vedtekter for verksemda til fondet og gitt forskrift om tilskot frå fondet. Styret for fondet blir utnemnt av departementet og er fondet sitt øvste organ, medan sekretariatet er lagt til

Sysselmannen som har ansvar for den daglege leiinga og drifta av miljøvernfondet si verksemd.

Kvart år tildeler fondet no mellom 10–16 mill. kroner til miljøvernprosjekt etter søknad frå organisasjonar, verksemdar og privatpersonar. Erfaringa viser at Svalbard miljøvernfond medverkar gjennom tildelingane til eit gradvis skifte til miljøvennleg samfunns- og næringsutvikling på Svalbard.

Rapport for 2015:

I 2015 vart det gitt 65 tilsegner med ei samla tildeling på 15,8 mill. kroner til ulike prosjekt. Opplysningar om desse prosjekta finst på heimesida til fondet: <http://www.sysselmannen.no/Svalbardsmiljovvernfond/>. Sidan fondet blei operativt i 2007 og til og med våren 2016, er det gitt støtte til 471 prosjekt med ein samla sum på 97 mill. kroner.

Post 50 Overføringer til fondet

Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	15 230	14 650	14 650
	Sum kap. 5578	15 230	14 650	14 650

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men

under denne posten blir det òg budsjettert med sal av jakt- og fiskekort m.m.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1473 Kings Bay AS

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Tilskot			41 635
	Sum kap. 1473			41 635

Det er rammeoverført 21,135 mill. kroner frå kap. 953 post 70 i budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. I tillegg aukar løyvinga på posten med 20,5 mill. kroner som blir gitt i tilskot for 2017 til oppføring av eit nytt, felles bygg i Ny-Ålesund.

Ansvar for forvaltninga av statens eigarskap i Kings Bay AS blir flytt frå Nærings- og fiskeridepartementet til Klima- og miljødepartementet 1. januar 2017 jf. Meld. St.32 (2015–2016) Svalbard.

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 6 Polarområda. Posten dekkjer tilskot til Kings Bay AS. Tilskotet skal gå til investeringar og drift i Kings Bay AS og nødvendige utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS.

Kings Bay AS eig grunn og dei fleste av bygningane i Ny-Ålesund og har ansvaret for drift og vedlikehald, og skal medverke til utvikling av infrastrukturen på staden. Vidare skal selskapet ta vare på miljø og kulturminne. I løpet av 2017 vil ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund gi føringar for utviklinga av infrastrukturen.

Per 31. desember 2015 var det engasjert 25 personar i Kings Bay AS. Selskapet sitt driftskon-

sept er å leige ut fasilitetar til forskarar og tilby kost og losji i tillegg til ei rekkje andre tenester under opphaldet. I all hovudsak skjer dette gjennom fleirårige kontraktar med forskingsinstitusjonar frå til saman 10 land. I tillegg nyttar andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar staden utan å drive permanent forskning. Rundt 20 institusjonar har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund.

Staten eig alle aksjane i Kings Bay AS. Selskapet er avhengig av tilskot over statsbudsjettet for å utføre dei samfunnsoppgåvene som det er pålagt. Tilskotet skal dekkje investeringar, eventuelt driftsunderskot i Kings Bay AS og nødvendige utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS. Det er krav om at drifta til Kings Bay AS skal gå i balanse og at Ny-Ålesund skal vere ein grøn forskingsstasjon.

Rapport for 2015:

Nytt kap. fra 2017.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	26 757	24 105	23 985
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	25 530	28 000	28 000
	Sum kap. 1474	52 287	52 105	51 985

Midlane under dette kapitlet skal gå til å styrkje og skaffe framifrå ny kunnskap om klima og miljø og om miljøkonsekvensar av ny næringsverksemd i nord. Kunnskapen skal setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord, og dei res-

sursane som finst der, på ein endå betre måte, og sikre at ny næringsverksemd på dette området skjer innanfor miljøforsvarlege rammer. Betre kunnskap om klima og miljø har avgjerande verdi for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunns-

planlegging og beredskap i nord. Betre kunnskap om og forståing av prosessane i Arktis vil òg vere eit svært viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet. Aktiviteten er delt inn i seks faglege satsingsområde (flaggskip). Dei er:

- havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk, leiar: Norsk Polarinstitut
- effektar av klimaendringar på fjord og kystøkologi i nord, leiar: Havforskningsinstituttet
- effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk, leiar: Universitetet i Tromsø
- havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn, leiar: Havforskningsinstituttet
- miljøgifter – effektar på økosystem og helse, leiar: Norsk institutt for luftforskning
- miljøkonsekvensar av næringsverksemd i nord (MIKON), leiar: Norsk institutt for naturforskning.

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 70

Mål

Midlane skal gå til dei statlege partnarane i Framsenteret, med mål å gjennomføre forvaltningsrelevant klima- og miljøforskning av høg kvalitet i nasjonale og internasjonale nettverk, og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskningssamarbeid. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltningsnivå og eit breitt publikum.

Kriterium for måloppnåing

- Skaffe fram ny kunnskap av framifrå kvalitet som kan publisert.
- Etablert forskarutdanning og mastergradutdanning gjennom samarbeid med relevante institusjonar innan høgre utdanning på klima og miljø.
- Etablert fagleg forskningssamarbeid mellom relevante nasjonale institusjonar, fyller «kunnskapshol» og gi nasjonal meirverdi.
- Etablerte gode forskingsretta nettverk nasjonalt og internasjonalt, og samarbeid med dei andre FoU-miljøa i landsdelen.
- Fleirfaglege og tverrfaglege samarbeidsprosjekt mellom institusjonane og forskarar med naturvitskapleg, teknologisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse.
- Faglege produkt i rett tid og form til bruk for politikktutforming, og som kan nyttast til å re-

dusere risiko og sikre at ny verksemd skjer på ein berekraftig måte.

- Formidle forskingsresultat til brukarane, som til dømes næringsliv, skuleverk, andre relevante brukarar og eit breitt publikum.

Tildelingskriterium

Prosjekta må liggje innanfor dei vedtekne faglege satsingsområda, og vere kvalitetssikra av Noregs Forskningsråd. I tillegg må dei vere tverrfaglege i høgst mogleg grad.

Oppfølging og kontroll

Leiarane for kvar av dei faglege satsingsområda (Flaggskipsleiarane) er pålagt saman med dei andre deltakarane i flaggskipa å rapportere årleg om forskingsaktivitet som er sett i gang og oppnådde resultat innan 30. november.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 50

Midlane skal gå til dei ikkje-statlege partnarane i Framsenteret, til dei same føremåla som for post 50, og kriterium for måloppnåing, rapportering og tildeling, oppfølging og kontroll er dei same. Sjå elles omtala under post 50 ovanfor. Posten dekkjer og driftstilskudd til Framsenteret AS.

Rapport for 2015

Framsenteret har vore involvert i betydeleg nasjonal og internasjonal forskingsaktivitet i 2015. Forskningsmiddel frå flaggskipa finansierte 74 forskingsprosjekt, og det vart publisert 29 artiklar i internasjonale tidsskrift. Forskarar frå Framsenteret har delteke og presentert si forskning på ei lang rekkje nasjonale og internasjonale konferansar og arbeidsseminar. Tilslag på eksterne forskingsmidlar har vore betydeleg (utanom ordinær tildeling frå departementa). Gjennom Framsenteret AS har forskinga i Framsenteret vore kommunisert til ei rekkje besøk frå ulike land og ambassadar, forskingsinstitusjonar, statlege organ, utdanningsinstitusjonar og media. Forskningsformidlinga har òg vore betydeleg blant anna gjennom Fram Forum kvart år. Fram Forum er engelskspråkleg og blir utgitt i papirform og i elektronisk utgåve med global distribusjon. I tillegg vert tre nettsider drifta, og forskinga vert formidla gjennom ei rekkje kanalar som Youtube (framshorts.com), framsyningar, dei nasjonale forskingsdagane og stands ved ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar.

Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.70 gjeld resultatområde 5 Klima. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet med kjøp og sal av kvotar og departementet sitt arbeid med klima- og skogsatsinga.

Klima- og skogsatsinga er Noreg si største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimakvotar vårt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland. Andre hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet – innrettinga av klimafinansiering i den nye klimaavtala, utviklinga av internasjonale karbonmarknader og utfasing av subsidiar til fossile brensle, og kortlevde klimaforureiningar – er omtala i kap. 7 programkategori 12.20.

Klimakvotar

Regjeringa sitt mål i klimapolitikken er å redusere nasjonale klimagassutslepp samtidig som Noreg medverkar internasjonalt i forhandlingar og gjennom direkte tiltak til å redusere utsleppa av klimagassar i andre land. Gjennom Kyotoprotokollens system er det opna for fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Denne utvegen har gjort det mogeleg for Noreg å ta på seg større forpliktingar, og dermed større globale reduksjonar, enn ein kunne utan ei slik ordning. Ein viser til Innst. 60S (2013–2014) der ein samla komité (Energi- og miljøkomiteen) skriv følgjande: «Komiteen vil peke på at det gjennom Kyotoprotokollens system åpnes for en fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Komiteen viser til at dette kan gjøre det mulig for Norge å ta på seg større forpliktelser og bidra til større globale reduksjoner».

For mellom anna å dokumentere verknaden av tiltak i andre land er det etablert eit system med kvotar. Det er FN som utferdar kvotane etter omfattande prosessar med kontroll og godkjenning. Manglande ambisjonar i andre land har ført til at marknaden for slike kvotar langt på veg har falle saman. Resultatet er at pengestraumar frå dei rike landa til utviklingsland er i ferd med å

stoppe opp utan at det har komme andre midlar til erstatning.

Noreg er ein av svært få kjøparar av klimakvotar frå Den grønne utviklingsmekanismen. Det blir lagt vekt på at statens kvotekjøp skal gjere ein skilnad. Staten kjøper derfor berre kvotar frå prosjekt som er i ferd med å innstille på grunn av manglande inntekter frå kvotesal, og kvotar frå nye prosjekt. Staten stør òg i noko grad FNs tilpassingsfond gjennom kvotekjøp derifrå. Klima- og miljødepartementet arbeider med sikte på å inngå kontraktar som vil føre til levering av 60 mill. kvotar i perioden fram til utgangen av 2020.

I Parisavtala er det opna for at land kan samarbeide om gjennomføring av tiltak for å redusere utslepp av globale klimagassar. Slikt samarbeid opnar for at enkeltland aukar ambisjonane sine og kan såleis bli viktig for å realisere målet om å halde den globale oppvarminga godt under 2 grader og prøve å avgrense temperaturauken til 1,5 grader.

Gjennom kvotekjøpsprogrammet arbeider Klima- og miljødepartementet med å vidareutvikle dagens kvotesystem med sikte på å prøve ut ordningar som er tilpassa den nye klimaavtala for perioden etter 2020. Klima- og miljødepartementet deltar såleis i Transformative Carbon Asset Facility, TCAF, som blei lansert i tilknytning til klimakonferansen i Paris. Fondet skal utvikle pilotar for nye samarbeidsformer tilpassa ein ny mekanisme under Paris-avtalen. Arbeidet med å utvikle reglar og prosedyrar vil ta tid, og det er ikkje venta at desse vil bli vedtekne før nærare 2020.

Formålet med fondet er å medverke til varig omlegging i utviklingsland gjennom program som stør utvikling av lågutsleppsløysingar for sektorar i eit land. Bruk av økonomiske verkemiddel, mellom anna prising av utslepp av klimagassar, vil vere sentrale element i desse programma.

Fondet kan bidra til at utviklingslanda aukar sine ambisjonar. I innmeldingar til FNs klimasekretariat før klimakonferansen i Paris har mange utviklingsland indikert klart høgare ambisjonar om dei får internasjonal støtte til å gjennomføre tiltak. TCAF kan bli eit viktig verkemiddel for slike tiltak. Gjennom Parisavtala har alle land forplikta seg til å vurdere sine mål kvart femte år med sikte

Boks 7.3 Klimakvotar

Kvotar som verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar

Klimakvotar er eit verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Deltakarar i eit kvotesystem må levere inn kvotar tilsvarende utsleppa sine. Kvar kvote er eit løyve til å sleppe ut ei viss mengd klimagassar, og talet på kvotar som er tilgjengelege innanfor eit kvotesystem er avgrensa. Det gjer at også utsleppa innanfor kvotesystemet er avgrensa. Kvotesystemet kan derfor seiast å setje eit øvre «tak» på utsleppa.

Klimakvotane er gjort fritt omsetjelege, slik at deltakarane i systemet kan kjøpe og selje kvotar. Skort på kvotar skaper ein pris på utsleppa. Jo færre kvotar som er tilgjengelege, desto dyrare blir det å forureine. Auka pris gir deltakarane i systemet sterkare insentiv til å redusere utsleppa sine, til dømes gjennom meir effektiv ressursbruk og utvikling og bruk av meir miljøvennleg teknologi.

Klimagassar er skadelege for det globale klimaet. Det viktige er å avgrense dei totale utsleppa. Korleis utsleppa fordeler seg innanfor kvotesystemet er uvesentleg for klimaeffekten.

Auka utslepp frå ein aktør betyr reduserte utslepp frå ein annan. Detaljerte reglar om overvaking og rapportering kombinert med effektive sanksjonar ved manglande oppfyljing sikrar at utsleppa blir effektivt avgrensa. Ved at kvotane er fritt omsetjelege vil utsleppsreduksjonane kunne skje hos den som har dei billigaste tiltaka. Poenget er å redusere kostnaden ved å få ned utsleppa i heile systemet.

Skilnaden mellom kvotar og avgifter for klimagassar

Kvotesystem og CO₂-avgiftssystem er begge effektive verkemiddel i klimapolitikken, men med enkelte viktige skilnader. I eit kvotesystem fastset styresmaktene den totale mengda av klimagassar som dei kvotepliktige verksemdene til saman kan sleppe ut i ein viss periode. Kvote-mengda utgjer då eit øvre tak for utslepp, og prisen på kvotane blir bestemt i marknaden. Prisen blir høg dersom det er få kvotar i forhold til etterspørselen, og låg dersom det er mange. Prisen kan derfor også variere over tid. CO₂-avgifta gir derimot føreseieleg pris på utslepp, men det blir ikkje sett eit øvre tak på utslepp på same måten som i eit kvotesystem.

Det europeiske kvotesystemet – EU ETS

Noreg deltek i to klimakvotesystem: Kvotesystemet under Kyotoprotokollen og det euro-

peiske kvotesystemet (EU ETS). Kvotesystemet under Kyotoprotokollen gjeld berre for land, mens EUs kvotesystem gjeld for bedrifter i EØS-området (EU, Liechtenstein, Island og Noreg). Det europeiske kvotesystemet er eitt av EUs viktigaste verkemiddel for å nå sitt klimamål. Systemet dekkjer i underkant av halvparten av EUs utslepp. Noreg inngår som ein integrert del av EUs kvotesystem som ein del av EØS-avtala. Kvotesystemet dekkjer kol- og gasskraftverk og store industribedrifter, totalt over 11 000 verksemdene i Europa. Rundt 140 bedrifter er norske. Utsleppa som er omfatta av kvotesystemet skal reduserast med 43 pst. i 2030 i forhold til 2005, og medverke til å nå EUs overordna mål om å redusere klimagassutsleppa med minst 40 pst. i 2030, i forhold til 1990.

Effekten av EUs kvotesystem

Utsleppa vil ikkje kunne overstige utsléppstaket som er sett for verksemdene som er omfatta av EUs kvotesystem. Det årlege utsléppstaket var i 2015 på i underkant av 2 mrd. kvotar, som svarer til like mange tonn CO₂-ekvivalentar. Kvart år blir den samla mengda kvotar redusert med vel 1,7 pst. Frå 2020 kan den årlege reduksjonen auke til 2,2 pst., tilsvarende eit årleg kutt på nesten 50 mill. kvotar. Dette svarar omtrent til dei totale norske årlege utsleppa av klimagassar. Den årlege reduksjonen vil resultere i at talet kvotar som i 2030 blir gjort tilgjengeleg for verksemdene som er omfatta av EUs kvotesystem vil vere 43 prosent lågare enn verksemdene sine utslepp i 2005.

I EUs kvotesystem blir kvotane selde til høgstbydande eller tildelt vederlagsfritt. Nærare definerte verksemdar har rett til å søkje om å få tildelt kvotar vederlagsfritt.

Andre klimakvotesystem

Dei siste åra har fleire land, byar og regionar innført kvotesystem, og det er i dag klimakvotesystem i blant anna California, Kina (i enkelte byar og provinsar), Sør-Korea, Quebec, og New Zealand. Kina planlegg å innføre eit nasjonalt kvotesystem frå 2017. Ifølgje Verdsbanken er i dag 8 pst. av verdas utslepp dekt av nasjonale eller regionale kvotesystem. Denne delen vil auke når Kina set i verk sitt planlagde nasjonale system.

Boks 7.3 forts.*Kvotestystemet under Kyoto-avtala*

Noregs 2020-mål er at utsleppa blir reduserte med 30 prosent i forhold til utsleppa i 1990. Under Kyotoprotokollens andre forpliktingsperiode, 2013–2020, er dette 2020-målet omgjort til eit utseppsbudsjett for perioden. Under Kyotoprotokollen har Noreg forplakta seg til å redusere dei gjennomsnittlege årlege utsleppa i perioden 2013–2020 med 16 prosent i forhold til utsleppa i 1990.

Det er opna for fleksibilitet i oppfyllinga av forpliktingane ved at landa kan handle kvotar seg imellom, der overoppfylling for eitt land kan seljast til eit anna land som kan bruke kvotane til å dekkje inn eit eventuelt underskot av kvotar. Kyotoprotokollen opnar òg for at industrilanda kan godskrive utseppsreduksjonar innanfor eigne grenser ved å gjennomføre konkrete utseppsreducerande prosjekt i utviklingsland (Den grønne utviklingsmekanismen) og i andre industriland (Felles gjennomføring). Bruken av fleksibilitet i oppfyllinga av forpliktingane skal vere eit supplement til nasjonale tiltak.

Noregs oppfylling av Kyotoprotokollens første periode

Noregs utseppsforplikting under Kyotoprotokollens første forpliktingsperiode var å ikkje auke utsleppa med meir enn ein prosent i perioden 2008–2012, samanlikna med utseppsnivået i 1990. Rekneskapan for første periode vart gjort opp i november 2015. Noregs gjennomsnittlege årlege utslepp i perioden 2008–2012 vart tolv prosent lågare enn utsleppa i 1990. Overoppfyllinga skjedde gjennom ein kombinasjon av nasjonale utseppskutt, deltaking i det europeiske kvotestystemet og statlege kvotekjøp. I samsvar med vedtaket om å overoppfylle den norske forpliktinga med 10 prosent, samtidig som ein såg bort frå kvotar som representerer opptak av klimagassar i norsk skog, og dessutan kjøp av kvotar for å dekkje statstilsette sine utanriks flyreiser og utslepp frå teknologisenteret på Mongstad, gjorde at knapt 33 mill. kvotar vart kansellerte. Om lag 20 mill. av desse kvotane skriv seg frå statens kvotekjøpsprogram knytt til Kyotoprotokollens første periode.

Kopling mellom EUs kvotestystem og Kyotoprotokollen

Klimagassutslepp på nasjonalt nivå er regulert av Kyotoprotokollen. Utsleppa frå ei enkeltverksemd som er omfatta av det europeiske kvotestystemet (EU ETS) er samtidig omfatta av utseppsforpliktinga til det landet der verksemda er lokalisert. Bedriftene sin handel med kvotar internt i det europeiske kvotestystemet påverkar fordelinga av utslepp i Europa. EU-kvotane som bedriftene handlar med kan ikkje brukast til måloppnåing under Kyotoprotokollen. Det må derfor skapast ein parallell flyt av Kyotokvotar på statleg nivå, for å reflektere bedriftene sin handel med EU-kvotar. Eit eksempel er dersom ei norsk verksemd – verksemd A – som er med i EU ETS, eit år ser ut til å ha 100 000 tonn CO₂ høgare utslepp enn talet kvotar verksemda har fått utdelt. Bedrift A kan då anten redusere verksemda sine utslepp med 100 000 tonn CO₂ – eller kjøpe 100 000 kvotar av bedrift B i land x for å oppfylle sine forpliktingar under EU ETS. Dersom verksemd A kjøper 100 000 kvotar, er det fordi verksemd A slepp ut 100 000 tonn CO₂ meir enn dei hadde fått utdelt kvotar for. Bedrift B kan selje 100 000 kvotar fordi den har 100 000 tonn CO₂ lågare utslepp enn den hadde fått utdelt kvotar for. Det betyr samtidig, isolert sett, at Noregs totale utslepp aukar med 100 000 tonn CO₂ – og at land x, isolert sett, har redusert sine utslepp med 100 000 tonn CO₂. For at EU ETS-handel ikkje skal påverke landa si oppfylling av Kyotoforpliktingane, overfører land x 100 000 Kyoto-kvotar til Noreg når bedrift A kjøper 100 000 kvotar av bedrift B.

Første forpliktingsperiode under Kyotoprotokollen

Av eit samla norsk utslepp på ca. 53 mill. tonn per år var ca. 19 mill. tonn omfatta av EUs kvotestystem. Norske verksemdar trengte dermed 19 mill. kvotar per år for å dekkje sine utslepp. Noreg bestemte likevel å trykke opp berre ca. 15 mill. EU-kvotar per år til bruk i EU-systemet. Differansen mellom den norske kvotemengda på 15 mill. tonn og dei norske verksemdene sine gjennomsnittlege årlege utslepp på om lag 19 mill. tonn gjorde at norske verksemdar kvart år måtte importere 4 mill. kvotar frå andre land for å dekkje sine utslepp. Saman med EU-kvotane vart det importert 4 mill. Kyoto-kvotar per år som staten kunne bruke til å oppfylle Kyotoprotokollen.

Boks 7.3 forts.

Andre forpliktingsperiode under Kyotoprotokollen

Noreg er samd med EU om at EUs kvotesystem og Kyotoprotokollen skal koplust saman for perioden 2013–2020, slik som i perioden 2008–2012. Det er likevel gjort vesentlige endringar i EUs kvotesystem som gjer at samankoplinga no blir meir krevjande. EUs kvotesystem er frå 2013 harmonisert og sentralisert, med ei felleseuropeisk EU-kvotemengd som ikkje er fordelt på land. Det finst dermed ikkje lenger noko offisiell norsk kvotemengd som definerer kor mange Kyoto-kvotar Noreg skal knyte opp mot EU-kvotane i det europeiske kvotesystemet. Noreg må derfor avtale med EU kor mange av dei felleseuropeiske EU-kvotane Noreg skal vere ansvarleg for å dekkje opp med Kyoto-kvotar. Ei slik avtale er enno ikkje på plass. Det er mogleg å sjå for seg ulike løysingar, og det er ikkje semje mellom EU og EFTA-landa om korleis dette skal handterast. Vi veit derfor enno ikkje nøyaktig kor stort bidraget frå EUs kvotesystem

vil vere når det gjeld Noregs oppfylling av Kyotoprotokollens andre forpliktingsperiode. At dette ikkje vart avklart allereie før starten av perioden 2013–2020, skuldast at det i 2009 – då EUs kvotesystem for perioden 2013–2020 vart vedteke – enno ikkje var semje i klimaforhandlingane om å føre vidare Kyotoprotokollen i form av ein ny forpliktingsperiode.

Parisavtala

Med felles oppfylling vil det etter alt å dømme ikkje lenger vere nødvendig med eit oppgjær mellom Noreg og EU om korleis oppgjeret under EUs kvotesystem skal handterast. Dette skuldast at Noreg og EU vil rekne effekten av det europeiske kvotesystemet opp mot den samla forpliktinga om at Noregs og EUs utslepp skal kuttast med minst 40 prosent i 2030 samanlikna med 1990. Dette gjeld sjølv om Noreg og EU formelt sett har separate forpliktingar under FN.

på å heve ambisjonane. Samarbeid mellom land om gjennomføring av tiltak kan få avgjerande betydning for nivået på ambisjonane.

TCAF skal levere målbare resultat i form av kvotar som deltakarane i fondet eventuelt kan bruke til å oppfylle skyldnader under den nye klimaavtala for perioden etter 2020. Fondet vil vere resultatbasert, betaling for kvotar skal i hovudsak først skje når resultat er dokumentert og godkjende kvotar blir leverte.

Kvotar ein kjøper gjennom marknadsbasert samarbeid under Parisavtala krev avtale med vertslanda om korleis slike kvotar skal bokførast i

vertsland og kjøparland slik at ein unngår at verknadene av eit tiltak ikkje blir dobbeltrekna.

I samsvar med Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030*, arbeider regjeringa for ei fellesløyning med EU. Denne løysinga føreset at ein reduksjon på 40 pst. blir teken innanfor EU sine grenser utan samarbeid med land utanfor EU. Til liks med EU har Noreg meldt til FNs klimakonvensjon at ein vil forplikte seg til minst 40 pst. reduksjon i utsleppet av klimagassar jamført med 1990. Dersom Noreg ikkje lukkast med å få ei avtale om felles gjennomføring med EU, har ein lagt til grunn at ein òg kan bruke fleksible mekanismar til delvis oppfylling av norske forpliktingar.

Tabell 7.16 Nasjonalt mål under programkategori 12.70.

Resultatområdet	Nasjonale mål
Klima	Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.

Klima og skogsatsinga

Nasjonalt mål Klima- og skogsatsinga er delt opp i følgjande delmål:

1. Å medverke til at det internasjonale klimaregimet er eit effektivt verkemiddel for reduserte utslepp frå avskoging og skogdegradering

2. Å medverke til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar
3. Å medverke til å ta vare på naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon

Frå opprettinga av klima- og skogsatsinga i 2008 til 2015 har det første delmålet for klima- og skog-

satsinga vore «Å bidra til at utslipp fra avskoging og skogforringelse i utviklingsland (REDD+) omfattes av en ny klimaavtale» (bl.a. formulert i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk Klimapolitikk*). Under klimatoppmøtet i Paris i desember 2015 vart dette målet nådd. Noreg spelte ei sentral rolle i forhandlingane. Teksten i klimaavtala vektlegg spesielt betaling for dei resultatane regnskoglanda oppnår, noko Noreg arbeidde for. Viktig for Noreg har òg vore at rammeverket for REDD+ inneheld sterke sosiale og miljømessige sikringsmekanismar. Dette er særleg viktig for å sikre deltaking og likestilling, ivareta urfolk og andre skogfolk sine rettar og å ta vare på det rike naturmangfaldet i skogen. At regnskoglanda tek vare på desse er ein føresetnad for betaling for resultat.

I 2015 var Noreg med på å forhandle fram FN sine nye, globale berekraftsmål. Eitt av berekraftsmåla er at verdas skogar skal forvaltast på ein berekraftig måte og at avskoging skal stoppe heilt innan 2020. I 2020 skal også degraderte skogar vere restaurerte. I tillegg skal arbeidet med påskoging ha auka betrakteleg. Alle desse måla viser ei internasjonal semje om at berekraftig utvikling ikkje er mogeleg utan å verne om og restaurere verdas attverande tropiske skogar. Dette styrkjer grunnlaget for klima- og skogsatsinga sin strategi om å redusere utslipp gjennom skogbevaring og berekraftig utvikling.

Etter klimatoppmøtet i Paris er den norske innsatsen retta inn mot at vi og våre samarbeidsland samla skal klare å etablere ein politikk som resulterer i at vi når avtalas ambisiøse mål om å avgrense oppvarminga av jordkloden til 2, eller aller helst 1,5 grader celsius. Den nye klimaavtala visar at bevaring av skog er ein viktig del av verdas strategi for å nå dette målet, også etter 2020. Som annonsert under klimatoppmøtet i Paris har regjeringa derfor som intensjon å vidareføre klima- og skogsatsinga fram til 2030.

Hittil har klima- og skogsatsinga betalt Brasil og Guyana for store utslppsreduksjonar frå skog. I 2016 viser skogtala at andre delar av Amazonas, nemleg Colombia og Ecuador, også har klart å redusere sine utslipp frå skog. Gjennom skogavtaler med Noreg og Tyskland vil landa få betalt for desse resultatane.

Indonesia har årleg store utslipp av klimagassar på grunn av øydelegging av karbonrik torvmyr. I 2016 har Indonesia mellom anna annonsert eit moratorium mot all øydelegging av torvmyr, og eit moratorium mot nye palmeoljeplantasjelisensar. Eit eige organ for å følgje opp det førstnemnde arbeidet er etablert, og vil bli støtta av

Noreg. Implementering av desse tiltaka vil kunne gi betydelege utslppsreduksjonar.

I landa i Afrika tek det meir tid før våre skogsamarbeid gir resultat i form av verifiserte utslppsreduksjonar. Men dei gir andre resultat. Etiopia har etablert ein politikk for grøn økonomisk utvikling og for berekraftig skog- og arealbruk. Basert på resultat frå desse reformene utbetaler klima- og skogsatsinga støtte til Etiopia. I Liberia blir det arbeidd tett med privat sektor for å auke private investeringar i berekraftig og avskogingsfri råvareproduksjon. Noreg deltek i finansieringa av dette arbeidet. Både i Etiopia og Kongo-bassenget er ambisiøse reformer under utvikling og i varierende grad under implementering, og på sikt er også desse landa venta å levere utslppsreduksjonar.

Privat sektor er ein viktig aktør i arbeidet mot avskoging. Skal arbeidet for å unngå avskoging og degradering av skog lykkast, er det ein føresetnad at tiltak for vern av skog blir kombinert med tiltak som gjer at meir mat, fôr, energi og fiber blir produsert på allereie etablert jordbruksland eller andre allereie avskoga område. Gjennom New York Declaration on Forests, inngått hausten 2014, og Lima Challenge, inngått vinteren 2015, har både skogland, donorland og ei rekkje aktørar innan privat sektor forplikta seg til arbeidet mot avskoging.

For å redusere avskoging i regi av privat sektor i land der investeringsklimaet ofte er krevjande vil tett offentleg-privat partnerskap vere ein føresetnad. Regjeringa prioriterer innsats for å auke private investeringar og satsingar på avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon også framover. Dette krev nytenking og innovative løysingar for offentleg-privat samarbeid, for eksempel å bruke offentlege midlar til å redusere risiko i investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon.

Sivilsamfunnet er viktige aktørar i arbeidet for redusert avskoging. I 2015 vart ein ny portefølje av sivile samfunnsaktørar valt ut for støtte for perioden 2016–2020. Det vart valt ut 40 prosjekt for støtte, innanfor områda urfolks og andre skogfolks deltaking og rettar, avskogingsfrie forsyningskjeder i næringslivet, handheving av regelverk for skogforvaltning og å etablere internasjonal konsensus om eit nytt klimaregime. Det er òg valt ut prosjekt som retter seg mot å produsere og formidle kunnskap om innsatsen innanfor dei same tema. I utval av organisasjonar er det lagt vekt på å støtte eksisterande reformkrefter innanfor den nasjonale REDD-agendaen i skoglanda. Samla vil støtta til sivile samfunnsorganisasjonar

Boks 7.4 Overordna endringsteori og strategi for klima- og skogsatsinga

I Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* sluttar regjeringa seg til FN's strategi og mål om å bremse global oppvarming slik at den ikkje overstig to grader. Dette krev både kortsiktige og langsiktige kutt i utslepp av CO₂. Redusert avskoging og auka skogrestaurering er avgjerande for å redusere utslepp både raskt og på sikt, og er dermed ein føresetnad for å nå togradersmålet.


Klima heng saman med utvikling i partnarlanda til klima- og skogsatsinga. Skogen er ein sentral ressurs i alle landa satsinga er inne i, og avskoging rammar sårbare folkegrupper som urfolk og andre skogavhengige folkegrupper. Langsiktig skogbevaring føreset at menneska som lever i skogen deltek i forvaltninga av den. Dette ligg til grunn for alle initiativ i klima- og skogsatsinga.

Ei underliggjande og avgjerande årsak til den raske avskoginga vi har sett, og framleis ser, er ein grunnleggjande *marknadssvikt*. Marknadssvikten inneber at skogane sin faktiske verdi for samfunnet ikkje blir reflektert i den verdi marknadene tillegg dei – både lokalt,

nasjonalt og globalt. Enkelt sagt er ein skog «verdt meir død enn levande»: Det er oftast meir å tene på å gjere skogen om til beiteland, planta-sjar eller tømmer, enn det er på å bevare intakt eller berekraftig forvalta skog. Med mindre det blir teke kraftfulle grep, vil denne tendensen styrkjast i åra framover. Behovet for auka råvareproduksjon kjem av auka global etterspørsel etter mat, fôr, fiber og energi.

I tillegg til denne marknadssvikten, er det i mange land òg ein betydeleg *styringssvikt*. Styringssvikt betyr blant anna at forvaltninga av skog og andre naturressursar ofte favoriserer sterke enkeltgrupper sine interesser framfor fellesskapet sine interesser. Fattige og ressursvake i eit samfunn blir hardast ramma av svak offentleg styring og dårleg forvaltning av naturressursar.

Eit av hovudproblema bak den globale avskoginga er med andre ord den eksisterande insentivstrukturen som påverkar dei relevante aktørane i skoglanda: styresmakter, næringsaktørar og menneske som lever i og av skogen.



Figur 7.1 Strategisk rammeverk for klima- og skogsatsinga

Boks 7.4 forts.

Dei grunnleggjande grepa for å endre økonomien og politikken i retning av redusert avskoging må takast av nasjonale styresmakter i tropiske skogland, og dei må sjølve vurdere kva som er dei mest føremålstenlege tiltaka for å oppnå dette.

Klima- og skogsatsinga rettar innsatsen mot å endre insentivstrukturen til ulike aktørar, og etablere nye samarbeidsmonster som gjer at alle partar i fellesskap kan endre si åtferd og medverke til å hindre avskoging, samtidig som dei fremjar sine eigne interesser. Verkemiddel som blir nytta er produksjon og distribusjon av kunnskap, betaling for ønska resultat, og støtte til reformer og kapasitetsbygging for betre styresett og forvaltning.

Klima- og skogsatsinga skal medverke til utviklingspolitikken overordna mål om fattigdomsreduksjon og berekraftig utvikling, og klimapolitikken mål om å bremse global oppvarming slik at den ikkje overstig 2, eller helst 1,5 grader celsius. Det strategiske rammeverket i figuren over viser kva område klima- og skogsatsinga rettar innsatsen mot for å nå måla for satsinga.

Dei overordna måla kan berre nåast gjennom eit effektivt globalt klimaregime. Innsatsen i klima- og skogsatsinga har som mål å leggje til rette for dette. Eit slikt klimaregime bør omfatte langsiktig og føreseieleg finansiering for skoglanda, og mekanismar for å sikre bl.a. betra styresett og demokratisk deltaking i landa, og bidra til at privat sektor medverkar til verdiskaping basert på god skog- og arealforvaltning.

Eit globalt klimaregime er eit godt utgangspunkt for å oppnå resultat gjennom samarbeid på landnivå. Vilje til endring hos det politiske leiarskapet i det enkelte land er ein føresetnad for eit

klima- og skogpartnarskap. Partnarlada er ulike, og innanfor rammene av Klima- og skogsatsingas overordna strategi blir det utvikla meir detaljerte endringsteoriar for kvart enkelt land/prosjekt.

Mange skogland er i dag ikkje klare til å levere og rapportere resultat i form av målte og verifiserte reduserte utslepp frå skog. Klima- og skogsatsinga rettar derfor betydeleg innsats mot å støtte prosessar som vil leggje til rette for utsleppsreduksjonar og leggje grunnlaget for auka finansiering og vedvarande redusert avskoging. I praksis inneber dette bl.a. å etablere skogovervakingssystem, vedta REDD+-planar og lovverk og å opprette institusjonar for implementering. Deltaking i desse prosessane frå urfolk og andre skogavhengige folkegrupper og sivilsamfunnet elles er avgjerande.

God skog- og arealforvaltning medverkar til berekraftig utvikling. Urfolk og andre skogfolk har gjennom hundreår forvalta skogen på ein berekraftig måte. Urfolk og andre skogfolk sin rett til å eige og forvalte sine område, og deira deltaking i avgjerdsprosessar kan medverke til berekraftig utvikling i mange skogområde. Sivilsamfunnet kan òg ha ein kontrollfunksjon overfor styresmakter og privat sektor. For å styrkje sivilsamfunnet sitt høve til å ivareta denne funksjonen arbeider klima- og skogsatsinga for transparente og deltakande avgjerdsprosessar.

Eit privat næringsliv som medverkar til at råvarer blir produserte på ein berekraftig måte og utan å føre til avskoging er avgjerande. Klima- og skogsatsinga arbeider for at privat sektor skal etablere avskogingsfrie forsyningskjeder, og at den skal satse på berekraftig produksjon av råvarer. Det blir arbeid med å opprette ambisiøse offentleg-private partnarskap med dette føremål.

vere noko høgare i perioden 2016–2020 enn den har vore i 2013–2015.

I juni 2016 vart Oslo REDD Exchange arrangert for tredje gang. Rundt 500 aktørar frå det sivile samfunn, myndigheiter og privat sektor møttes for å dele og diskutere erfaringar og kunnskap om REDD+. Også den amerikanske utanriksministeren John Kerry besøkte konferansen. Oslo REDD Exchange er ein viktig arena for utvikling og styrking av den globale REDD-innsatsen.

Fleire av skoglanda som Klima- og skogsatsinga samarbeider med har utfordringar når det

gjeld styresett, og fleire inneber betydeleg risiko for økonomisk misleghald. Risikovurderingar og risikohandtering er derfor ein sentral del av alle prosjekt satsinga arbeider med. Som for alle bistandsprosjekt er nulltoleranseprinsippet lagt til grunn for økonomisk misleghald, sjå meir i Prop. 1 S for Utanriksdepartementet.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2017 er på 3,072 mrd. kroner på utgiftsida. Inn-

tektssida som består av inntekter frå kvotesal er sett til 0 (sjå Kap 4481, post 01 for nærare informasjon). Dette er ein auke på 100 mill. kroner eller om lag 3,4 pst. på utgiftsida samanlikna med sal-

dert budsjett for 2016. Auken relaterer seg til auka behov for løyving til statlege kvotekjøp.

Utgifter under programkategori 12.70 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
1481	Klimakvotar	127 817	204 200	264 597	29,6
1482	Internasjonale klima- og utviklingstiltak	2 906 934	2 767 287	2 806 923	1,4
	Sum kategori 12.70	3 034 751	2 971 487	3 071 520	3,4

Kap. 1481 Klimakvotar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	11 872	3 910	4 387
22	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>	115 517	200 000	259 900
23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>	428	290	310
	Sum kap. 1481	127 817	204 200	264 597

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Post 01 Posten omfattar utgifter til kjøp av eksterne tenester som kommersiell og juridisk rådgiving, og andre driftsutgifter i samband med arbeidet med kjøp av kvotar. Posten har ei løyving på 4,387 mill. kroner.

Post 22 Kvotekjøp, generell ordning, kan overførast

Gjennom ratifikasjon av endringar i Kyoto-protokollen har Noreg forplikta seg til redusere dei årlege klimagassutsleppa i perioden 2013–2020 med 16 pst. i gjennomsnitt, jamført med Noregs utslipp i 1990. I Innst. 60 S (2013–2014) om samtykke til godkjenning av endring i Kyotoprotokollen peikar energi- og miljøkomiteen på at det gjennom Kyotoprotokollens system blir opna for ei fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Komiteen viser til at dette gjer det mogeleg for Noreg å ta på seg større forpliktingar og å medverke til større globale reduksjonar i utslepp av klimagassar.

Strategien for kjøp av klimakvotar i perioden 2013–2020 er drøfta i Revidert nasjonalbudsjett 2013. Der legg ein vekt på at staten gjennom sitt kvotekjøp skal medverke til utviklinga og legitimiteten til den internasjonale marknaden for klimakvotar. Kjøpsstrategien byggjer på FN-systemet, og ein fører i store trekk vidare strategien frå første Kyotoperiode (2008–2012). Staten vil i utgangspunktet berre kjøpe kvotar frå allereie registrerte prosjekt som står i fare for å avvikle drifta, og frå nye prosjekt. Ein vil som hovudregel ikkje kjøpe kvotar frå registrerte prosjekt som har inntekter som dekkjer dagleg drift, sidan slike prosjekt mest truleg vil halde fram å generere utslppsreduksjonar uavhengig av statens kvotekjøp. I samsvar med EUs regulering av kvotehandelssystemet vil staten ikkje kjøpe kvotar frå hydrofluorkarbonprosjekt, adipinsyreprosjektet, og frå kolbasert energiproduksjon utan karbonfangst og -lagring.

I samsvar med drøftingar i tidlegare års budsjett er også budsjettet for 2017 basert på at ein vil trenge 60 mill. kvotar samla for perioden 2013–2020 for å oppfylle dei norske skyldnadene under

Kyotoprotokollen. Det faktiske behovet for kvotar kan bli både høgare og lågare enn dette. Kjøpsbehovet er særleg avhengig av utfallet av ei avklaring med EU om korleis EUs kvotesystem skal medverke til den norske oppfyltinga av Kyotoprotokollen. Det er uklart når prosessen med EU blir avslutta, men ein vurderer det som nødvendig å inngå kontraktar i 2016 og 2017 i samsvar med føresetnadene om eit kjøpsbehov på 60 mill. kvotar for perioden 2013–2020.

Det er svært krevjande å budsjettere utbetalingar for klimakvotekjøp. Kontraktane er utforma slik at ein betaler først når FN har utferda kvotane og prosjekteigar overfører kvotane til statens konto i det internasjonale kvoteregisteret. Før kvotar blir utferda må prosjekttiltaket ha verka over ein viss periode, ofte 6 eller 12 månader, og verknadene i form av reduserte utslepp må vere dokumenterte og verifiserte av eit uavhengig selskap som er godkjent av FN for å utføre denne oppgåva.

Klima- og miljødepartementet foreslår at det blir løyvd 260 mill. kroner til betaling for kvotar som blir leverte i 2017. Løyvinga skal dels gå til kontraktfesta betalingar for avtalar som allereie er inngått under fullmakter Stortinget har gitt departementet. Det er også innarbeidd eit overslag over utbetalingar under nye kontraktar som er planlagt inngått i 2017, og som er nødvendig for å sikre at Noreg oppfyller sine skyldnader under Kyotoavtala og avtala om TCAF.

I visse høve vil det vere ønskjeleg å betale ein viss del på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. I samsvar med tidlegare praksis kan det òg bli aktuelt å betale eit mindre forskotsbeløp for å dekkje ymse administrasjonskostnader. Forvaltningskostnader, medrekna kostnader til etterkontroll, til NEFCO, Verdsbanken, og eventuelle andre forvaltningar vert òg ført på denne posten.

Det kan vere føremålstenleg å endre samansetjinga av porteføljen til staten. Det kan ein gjere ved å selje vidare kontraktar for enkelte prosjekt, ved å selje framtidige volum frå enkelte prosjekt, eller ved å selje kvotar i marknaden. Den slags sal kan vere ønskjeleg for å gjere tilpassingar i porteføljen, for eksempel for å få betre risikospreiing ved å kjøpe frå prosjekttypar og land som er underrepresenterte i porteføljen, eller for å tilpasse volumet til oppdaterte overslag over levering og kjøpsbehov. Det kan òg vere aktuelt å styre denne eksponeringa gjennom avleidde instrument, for eksempel bytteavtaler. Klima- og miljødepartementet ber derfor om fullmakt til å selje kvotar og å nytte salsinntekta til å kjøpe nye kvotar utover

det som er løyvd, jf. forslag til romartalsvedtak III.

Til liks med tidlegare år ber Klima- og miljødepartementet om fullmakt til å inngå avtalar som overstig kjøpsbehovet på 60 mill. kvotar. For å sikre at ein får levert nok kvotar er det nødvendig å inngå avtaler for levering av meir enn 60 mill. kvotar. Basert på erfaringar reknar ein med at ein i gjennomsnitt berre får levert tre firedeler av kontraktvolumet. I første Kyotoperiode fekk ein berre levert om lag halvparten av det volumet ein hadde avtalt. Ein har så langt i hovudsak inngått avtaler med meir modne prosjekt enn tilfellet var i første runde, jamfør at ein større del av avtalene knyter seg til prosjekt som allereie er FN-godkjende. I samsvar med drøftinga i Prop. 122 S (2015–2016) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2016 skal fullmakta også omfatte skyldnader som knyter seg til perioden etter 2020, jf. deltaking i Verdsbanken nye fond, Transformative Carbon Asset Facility. På denne bakgrunnen ber ein om ei rommeleg fullmakt til å inngå avtaler i 2017. Denne ramma vil omfatte betalingar som knyter seg til avtaler som blir inngått i 2017 og tidlegare år, og som vil gi utbetalingar i 2018 og seinare år, jf. forslag til romartalsvedtak IV.

Rapport 2015

Kvotar blei kjøpte gjennom fond i Verdsbanken (Carbon Partnership Facility), Det nordiske miljøinvesteringsfondet, NEFCO (NEFCO Carbon Fund og Norwegian Carbon Procurement Facility), og ved at departementet inngjekk avtaler direkte med prosjekteigarar. Ved utgangen av august 2016 var det inngått avtaler for levering av 54,8 million kvotar. Ein har då rekna med avtaler som er gjorde med atterhald av ein ekstern etterkontroll av prosjektet. Som nemnt ovanfor reknar ein ikkje med å få levert avtalt volum fullt ut. Kor mykje som faktisk blir levert, er avhengig av utviklinga i det enkelte prosjektet. I tillegg til avtaler som er inngått for levering i perioden 2013–2020 har ein overført om lag 3 mill. kvotar som ikkje vart nytta i den første Kyotoperioden (2008–2012). Ei meir detaljert oversikt over inngåtte avtaler ligg på www.carbonneutralnorway.no og heimesidene til Klima- og miljødepartementet.

Post 23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, kan overførast

Ordninga med kvotekjøp for statstilsette sine flyreiser vart innført på nytt i 2013 etter at EU sitt opplegg for kvoteplikt for fly vart innskrenka til

berre å omfatte flyreiser innanfor EØS-området. Det vil derfor verte kjøpt kvotar for statstilsette sine reiser som ikkje er omfatta av kvoteplikt. På bakgrunn av at berre flyreiser innan EØS-området er omfatta av kvoteplikt, er omfanget av reiser det

skal kjøpast kvotar for, avgrensa. Regjeringa foreslår at det vert løyvd 310 000 kroner for å dekkje kjøp av kvotar for flyreiser statstilsette gjer på strekningar som ikkje er omfatta av kvoteplikt.

Kap. 4481 Sal av klimakvotar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Salsinntekter		1 854 050	
	Sum kap. 4481		1 854 050	

Post 01 Salsinntekter

EUs reviderte kvotedirektiv, med underordna rettsakter, vart innlemma i EØS-avtala i juli 2012. Reglane er harmoniserte på EU-nivå og inneber m.a. at kvoteplikta skal utvidast til å gjelde fleire sektorar og klimagassar. Kvotar som ikkje vert tildelede gratis, skal seljast i den europeiske marknaden. Kommisjonen har fordelt mengda av kvotar som skal seljast etter ein bestemt fordelingsnøkkel. Noreg sin del av totalt salsvolum er om lag 0,75 pst.

Frå 2013 skal sal av klimakvotar skje ved auksjonar. Noreg skal delta på ei felleseuropeisk auksjonsplattform der kvotane vert selde til høgstbydande gjennom jamlege auksjonar. Prosessen med å knytte seg til denne auksjonsplattforma,

som for tida er European Energy Exchange (EEX) i Leipzig, har teke lengre tid enn føresett. Dette skuldast mellom anna diskusjonar omkring EØS-rettslege spørsmål.

Noreg arbeider no med å tiltre den felles innkjøpsavtalen (JPA) som ligg i grunn for anskaffing og etablering av den felleseuropeiske auksjonsplattforma. Ei tiltreding til JPA må ratifiserast i alle EU landa, og ut i frå status i denne prosessen er det grunn til å tru at salet av klimakvotar ikkje vil komme i gang i løpet 2017. Kvotar som ikkje er selde, vil bli overførde til 2018. Basert på Kommisjonens overslag skulle 7,84 mill. kvotar seljast i 2017. Kvote mengda for 2017 vil dermed saman med kvotar for 2013–2016 bli overført til 2018, til saman 33,6 mill. kvotar.

Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	87 283	93 689	97 710
73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	2 819 651	2 673 598	2 709 213
	Sum kap. 1482	2 906 934	2 767 287	2 806 923

Forvaltninga av klima- og skogsatsinga har frå 1. januar 2014 vore samla i Klima- og miljødepartementet. Dagens organisering der ansvaret for satsinga er samla i eitt departement er vurdert som effektiv og gir klarare ansvarsforhold enn tidlegare delt organisering mellom Klima- og miljødepartementet og Utanriksdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsmidlane knytte til regjerings klima- og skogsatsing. Posten dekkjer alle driftskostnader til satsinga, under dette lønn, administrasjon, reiseutgifter, informasjonsverksemd, evalueringar m.v. i Klima- og miljødepartementet, Utanriksdepartementet (med ambassa-

dane) og Norad. I tillegg dekkjer løyvinga kjøp av varer og tenester knytte til drift, slik som utgreiningar, verifiseringsoppdrag, konsulenttenester, seminar og internasjonale møte m.v. Samanlikna med 2016 er posten redusert med 0,5 mill. kroner på grunn av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

For 2017 er det foreslått ei løyving på 94,37 mill. kroner på posten. Det er lagt inn 2,1 mill. kroner i samband med omlegging av budsjettering av pensjonsutgiftene i staten. I medhald av OECD/DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 01 er godkjent som utviklingshjelp.

Klima- og skogsatsinga er eit internasjonalt nybrottsarbeid. Å drive dette arbeidet framover er krevjande, både politisk og fagleg. Tilgang til variert og høg kompetanse og kapasitet gjennom målretta bruk av eksterne fagmiljø er avgjerande for å lykkast. Dette gjeld både for å drive det globale arbeidet med løysingsutvikling og klimapolitisk konsensusbygging vidare, og for å kunne støtte partnerland sitt arbeid med å utvikle og implementere sine klima- og skogstrategiar.

Rapport 2015

Kap 1482, post 01 har blitt nytta til løns- og driftsutgifter for klima- og skogsatsinga. Midlane dekkjer løns-, drifts- og reiseutgifter til satsinga i Klima- og miljødepartementet, Norad og ved norske utanriksstasjonar som forvaltar midlar for klima- og skogsatsinga.

I 2015 vart det inngått fleire bilaterale avtaler om skogsamarbeid med tropiske skogland. Klima- og skogsatsinga har etter dette ein brei portefølje av klima- og skogsamarbeid. Som ei følgje av dette har det norske nærværet blitt styrkt i fleire land i 2015. I Indonesia vart nærværet styrkt, og i Vietnam og Colombia vart det oppretta nye spesialutsendingsstillingar for klima og skog.

Klima- og skogsatsinga samarbeider med ei rekkje partnerland og organisasjonar internasjonalt. Dette inneber å delta på og arrangere internasjonale møte og konferansar, og prosessar for å etablere internasjonalt samarbeid, ofte med fleire aktørar. Midlar på posten har vore brukt til å dekkje utgifter knytte til å gjennomføre slike arrangement, medverke til konsensusbygging, utvikle analysar og løysingar m.m. Midlar har òg vore brukte til å innhente eksterne vurderingar av partnerlands framdrifts- og utsleppsrapportar. Klima- og skogsatsinga inngjekk i 2015 fleire bilaterale og multilaterale avtaler om norsk støtte til arbeid

for skogbevaring og mot avskoging. Bl.a. for å understøtte avtaleforhandlingane og etablere avtalene har det vore behov for å kjøpe konsulenttenester internasjonalt. Tenestene har i hovudsak vore finansierte over driftsposten.

Post 73 Klima- og skogsatsinga, kan overførast

For 2017 er det foreslått løyvd 2 709,213 mill. kroner på posten. Klima- og skogsatsinga har sidan lanseringa i 2007 inngått ei rekkje samarbeid og partnerskap, i hovudsak med sentrale tropiske skogland med mål om å betale for verifiserte, reduserte utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden. Framdrifta i disse initiativa vil bli tilpassa den ramma som er foreslått på posten, noko som i 2017 fører til noko seinare framdrift enn den som opphavleg var planlagt. Det er no ikkje rom for å inngå større nye partnerskap og satsingar på posten.

Det fremjast forslag om ein tilsegnfullmakt på 2 345 mill. kroner på posten, sjå romartalsvedtak VI. Klima- og skogsatsingas strategi er å inngå langsiktige avtalar om betaling for resultat i skoglanda. I takt med fleire inngådde partnerskap får klima- og skogsatsinga dermed fleire juridiske forpliktingar om utbetalningar i åra framover. Forpliktinga utløysast når partnerlandet leverer resultat som avtalt i form av verifiserte utslippsreduksjonar, eller milestolpar i reformer for betra skogforvaltning og redusert avskoging. Ut over dette dekkjer fullmakta avtalar med organisasjonar som inneber utbetalingsforpliktingar over fleire år.

I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 73 er godkjent som utviklingshjelp.

Mål

Tilskotet skal medverke til:

- at det internasjonale klimaregimet er eit effektivt verkemiddel for reduserte utslepp frå avskoging og skogdegradering
- kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland
- å bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon

Desse måla skal vere styrande for ressursbruk og prioriteringar, og vedtak om igangsetjing, vidareføring eller endring av støtte. Det er eit overordna mål for norsk utanriks- og utviklingspolitikk å

medverke til berekraftig utvikling og reduksjon av fattigdom. For norsk klimapolitikk er det eit overordna mål å medverke til eit effektivt globalt regime for reduksjon i utslepp av klimagassar. Desse er derfor naturlege overordna mål for klima- og skogsatsinga. Langsiktig bevaring av skog er avhengig av at det blir oppnådd resultat også på andre område enn reduserte utslepp av klimagassar. Klima- og skogsatsinga skal derfor gjennom arbeidet òg medverke til bevaring av naturskog, berekraftig utvikling og styrking av politisk og økonomisk styresett i naturressursforvaltninga og arbeide for å sikre rettane til lokalsamfunn og urfolksgrupper. I arbeidet for å nå måla skal klimapolitikken og utviklingspolitikken underbyggje kvarandre.

Tildelingskriterium

Tilskotet dekkjer tre kategoriar av tiltak: betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, finansiering av program- og prosjektporteføljar og fondsoppbygging. I tillegg skal tilskotet medverke til å utvikle og å spreie kunnskap som bidrar til å nå klima- og skogsatsinga sine mål. Kriterium for utbetaling av tilskot i kvar kategori er beskrive under.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar

Eitt av klima- og skogsatsinga sine hovudmål er reduksjon av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Tildelingskriterium for tilskotsmidlar er verifiserte reduksjonar av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. I tråd med Stortingets føringar er det eit mål å auke delen av tilskotet som blir utbetalt for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Utbetaling er avhengig av effektive og robuste system for å måle og verifisere resultat, og storleiken på utbetalinga må stå i eit rimeleg forhold til det oppnådde resultatet. Blir det ikkje levert dokumentasjon på reduserte utslepp eller auka klimagassopptak i skog, skal midlane ikkje utbetalast. Sjå omtale av måling, rapportering og verifisering (MRV) under rapport for 2015.

Finansiering av program- og prosjektporteføljar

For å nå måla om utsleppsreduksjonar gjennom bevaring av naturskog er det i mange land behov for førebuande innsats for å starte dei nødvendige prosessane, etablere strategiar og arenaer og støtte program for omlegging til nye forretningsmodellar og produksjonsmetodar, inkludert risi-

koreduksjon. For å få resultat av satsinga og sikre framdrift i arbeidet, er eit godt forvaltningsregime ein føresetnad. Klima- og skogsatsinga vil derfor søkje å styrkje gjennomføringstakten og hindre forseinkingar ved å medverke til reformer og institusjonsbygging i mottakarlanda. Dette vil òg imøtekomme forventningar og behov i mottakarlanda og styrkje mogleghetene for varig betra skogforvaltning.

Målgruppe for tilskot er styresmakter, organisasjonar og grupper som blir påverka av tiltak for reduksjon i avskoging og effektane av reduserte klimagassutslepp. Det er og næringslivsaktørar og andre aktørar som kan medverke til å nå måla.

Midlane skal nyttast til prosjekt eller program som fremjar institusjonsbygging, planprosessar, kartleggingsarbeid, kompetansebygging, kunnskapsutvikling eller liknande, som medverkar til at måla for tilskotsposten blir nådde. Utbetaling direkte til mottakar finn stad når det er behov for å dekkje faktiske utgifter over ein periode på normalt seks månader eller mindre, og vilkåra elles i avtala er oppfylte. Sjå romartalsvedtak knytt til posten for unnatak frå økonomireglementet i visse tilfelle. Midlar kan nyttast til tiltak som fremjar samarbeid med privat sektor og som styrkjer insentiva for privat sektor til å investere i berekraftig og avskogingsfri produksjon av råvarer. Det kan mellom anna gis tilskot til private aktørar for å direkte redusere investors risiko knytt til investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon.

Fondsoppbygging (multilaterale satsingar) for framtidige utbetalingar for verifiserte utsleppsreduksjonar

Fondsoppbygging skal vurderast separat for kvart enkelt tilfelle, og berre når følgjande kriterium er oppfylte:

- Betaling for resultat. Unnatak bør avgrensast til initiativ der Noreg medverkar til å byggje opp fond med eksplisitt formål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog.
- Noregs rolle er ikkje av ei slik art at vi åleine kan bestemme utbetalingspraksis. Nye unntak skal berre vurderast for initiativ der Noreg må ta omsyn til ein eller fleire andre store bidragsytarar og/eller multilaterale samarbeidspartnarar sin praksis og behov. Noreg skal i forhandlingar først ha forsøkt å få gjennomslag for at midlane blir utbetalte til fondet etter at utsleppsreduksjonane er oppnådde.
- Forsvarleg forvaltning. Det må etablerast juridiske rammeverk knytte til fonda som sikrar

god forvaltning av midlane. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltningskrav som sikrar effektiv forvaltning.

I enkelte internasjonale organisasjonar kan det vere vanskeleg for Noreg å få gjennomslag for å følgje våre reglar om utbetaling etter behov og i terminar. Primært vil dette vere i tilfelle der fondsforsvarar ønskjer forskotsvise utbetalningar for å inngå juridisk forpliktande avtaler med tropiske skogland om framtidig kjøp av verifiserte utsleppsreduksjonar. Når Noreg ikkje finansierer klart avgrensa prosjekt, blir det vurdert om Klima- og miljødepartementet skal få høve til å tilpasse utbetalingane til den enkelte organisasjonen sitt regelverk. Slik utbetaling krev unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gitte tilskotsløyvingar. Sjå forslag til romartalsvedtak VIII for klima- og miljødepartementet. Klima- og skogsatsingas krav om at midlane skal rapporterast som bistand vil stå fast, og andre krav i økonomireglementet til forvaltning av tilskot vil bli følgde.

Utvikle og spreie kunnskap om klima- og skogsatsinga sine mål

Det er eit mål å kommunisere klima- og skogsatsingas mål betre ut til befolkninga i Noreg og globalt. Tiltak som medverkar til å spreie kunnskap som er relevant for klima- og skogsatsingas tre målsetjingar som beskrivne over kan difor få støtte. Det kan søkjast om tilskotsmidlar til kunnskapsformidling retta mot endringsaktørar og premissleverandørar globalt eller nasjonalt, mot marknadsaktørar og mot befolkning i skogland, givarland eller globalt. Tiltak med mål om å formidle kunnskap kan få tilskot. Opplæring og kunnskapsproduksjon kan inngå som ein del av prosjektet.

Oppfølging og kontroll

For kvar utbetaling skal det rapporterast på oppnådde resultat i samsvar med dei inngåtte avtalene og dei klimapolitiske måla. Tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismar mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar skjer etterskotsvis. Utbetalingane vil skje til fond, som vil vere tilskotsmottakar. I visse høve vil det vere ønskeleg å betale ein viss del på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. Ved delegert samarbeid om betaling for verifi-

serte utsleppsreduksjonar, vil tilskotsmottakar vere den parten som er delegert forvaltninga. Klima- og miljødepartementets ansvar knytte til oppfølging av midlane er derfor avgrensa til oppfølging av avtala mellom Noreg og mottakar. Mottakaren sine vidare tilskotsavtaler er ikkje regulerte av reglane om tilskotsforvaltning i det norske økonomiregelverket. Eit eksempel på eit slikt fond er Brasils Amazonas-fond, administrert av Den brasilianske utviklingsbanken.

Avtaler om utbetalningar til fond må gi høve til kontroll og tilbakebetaling av tilskotet innanfor eit rimeleg tidsrom dersom det ikkje er forvalta i tråd med intensjonen. Alle utbetalningar under klima- og skogsatsinga skal kunne klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Ved utbetalningar til fond må det avtalast at fondet berre kan bruke norske midlar på tiltak som er godkjente som offisiell bistand. I tillegg skal avtalene fastslå at tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismar mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar i deira vidare utbetalningar til ODA-godkjente aktivitetar, og at det blir rapportert på oppnådde resultat. Avtalene skal vidare medverke til klima- og skogsatsinga sine mål om reduserte klimagassutslepp, biologisk mangfald og berekraftig utvikling. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltningskrav som syter for effektiv forvaltning.

Rapport 2015

Utfyllande rapportering om heile innsatsen under klima- og skogsatsinga er samla i ein eigen statusrapport for 2015, publisert i juni 2016. Statusrapporten omfattar egne temasider om bl.a. urfolk og privat sektor-samarbeid, den omtaler samanhengen mellom utvikling- og klimaeffektar av satsinga, og den gir rapportering på alle landpartnar-skapa, også dei som ikkje har medført utbetalningar i 2015 (Colombia og Vietnam). Norad lanserte på same tid ein eigen rapport om sivilsamfunnsporteføljen 2013–2015 under klima- og skogsatsinga. Der er meir utfyllande rapportering på resultat av sivilsamfunnsporteføljen til klima- og skogsatsinga.

I Innst. 9 S (2014–2014) ber fleirtalet i energi- og miljøkomiteen om at satsinga vektlegg bl.a. urfolk og andre skogfolk, utvikling og sikringsmekanismar, likestilling, reformer i styresett og nasjonal tilnærming. Satsinga sitt arbeid med desse forholda er derfor spesielt vektlagt i rapporten under.

Boks 7.5 REDD+ inn i ny klimaavtale

I Paris i slutten av 2015 vart landa i verda samde om ei historisk klimaavtale, som omfattar alle land. Parisavtala har eit mål om å halde den globale temperaturauken godt under 2 grader og prøve å avgrense auken til 1,5 grader over førindustrielt nivå, fordi dette vil redusere risikoen og effektane av klimaendringane betydeleg. Avskoging står i dag for ca. 11 pst. av globale klimagassutslepp. Ambisjonane i Parisavtala kan berre oppfyllest ved ein kraftig innsats for bevaring og restaurering av skog.

Mål og rammer for det internasjonale samarbeidet om å redusere utslepp frå skog i utviklingsland (REDD+) vart utvikla i åra fram mot klimakonferansen i Paris. Her vart dei siste delane av dette regelsettet vedtekne og inkluderte i avtala.

Denne avgjerda er eit viktig signal om den politiske oppslutninga om REDD+ og er viktig for å støtte opp under langsiktig finansiering av resultat frå REDD+. Ved at desse skoglanda tek imot betaling for resultat dei sjølve oppnår, blir eigarskapen til arbeidet med å redusere avskoging styrkt. For mange utviklingsland er REDD+ ein del av ein nasjonal utviklings- eller klimastrategi. Etiopia er eit eksempel på dette (sjå eiga omtale under rapportering for 2015).

Når REDD+ har blitt ein del av den nye klimaavtala er den første av Stortingets tre føringar

for klima- og skogsatsinga, «å bidra til at utslipp fra skog omfattes av et nytt internasjonalt klimaregime», nådd. Teksten i klimaavtala legg spesiell vekt på betaling for resultatata regnskoglanda oppnår, noko Noreg arbeidde for.

Noreg har vore blant dei sterkaste pådrivarane for at rammeverket for samarbeid om å redusere utslepp frå skog i utviklingsland skulle etablerast under FNs klimakonvensjon. Synteserapporten frå Norads uavhengige følgjeevaluering frå 2014 slår fast at Noreg har spela ei betydeleg rolle i arbeidet med å oppnå semje om ei rekkje nøkkelvektak om REDD+ under klimakonvensjonen. Noreg samarbeider med dei fleste store regnskoglanda i verda og erfaringane frå samarbeid om etablering og gjennomføring av REDD+ har medverka sterkt til oppslutninga om REDD+ i klimaforhandlingane, og til den betydning REDD+ fekk i den endelege klimaavtala i 2015.

Noreg har òg vore ein pådrivar for sterke sosiale og miljømessige sikringsmekanismer i rammeverket for REDD+. Dette er særleg viktig for å sikre deltaking og ivareta urfolk sine rettar og bevaring av det rike naturmangfaldet i skogen. At regnskoglanda tek vare på dette vil vere ein føresetnad for betaling for resultat.

Brasil

Rundt 30 pst. av verdas attverande regnskog finst i Brasil, som dermed er verdas største tropiske skogland. I brasiliansk Amazonas lever over 25 mill. menneske. Mange lokalsamfunn, spesielt urfolk, er avhengig av skogen for å overleve materielt og kulturelt. Sidan 2004 har Brasil redusert avskoginga i Amazonas med over 70 pst. Dette er eit resultat av fleire faktorar. Myndigheitene har ført ein aktiv politikk for å redusere avskoginga, bl.a. gjennom styrkt handheving av lover og reguleringar. Også frivillige tiltak frå privat næringsliv har hatt stor betydning, spesielt soyabransjens eige moratorium mot avskoging i Amazonas.

Noreg innfridde i 2015 løftet om utbetaling av 1 mrd. USD i perioden 2008–2015 for redusert avskoging i Brasil. Siste utbetaling var for redusert avskoging i skogåret 2014, som viste ein nedgang i avskoginga på 15 pst. samanlikna med det føre-

gåande året. Dette resultatet representerer det nest lågaste talet sidan målingane starta i 1988 og inneber ein reduksjon på minst 558 mill. tonn CO₂ samanlikna med referansenivået som er etablert. Til saman har Brasil spart atmosfæren for meir enn 3,6 mrd. tonn CO₂ i reduserte utslepp i åra etter at samarbeidet vart etablert. Noreg har betalt for 200 mill. av desse tonna. Dette gjer at FNs generalsekretær Ban Ki Moon har kalla samarbeidet for dette tiårets største klimatiltak.

Brasil leverte i 2015 eit svært ambisiøst klimamål til FNs klimakonvensjon for perioden 2020–2030, der landet forplikta seg til å redusere utsleppa av klimagassar med 43 pst. innan 2030. Dersom dette klimamålet blir innfridd, blir Brasil blant dei leiande landa i kampen mot global oppvarming. Under klimatoppmøtet i Paris annonserte Brasil og Noreg på dette grunnlag ei forlenging av skogsamarbeidet for perioden 2016–2020.

I 2015 utbetalte klima- og skogsatsinga 1 173 mill. kroner til Brasil. Av dette vart 1 163 mill. kroner utbetalt til Amazonasfondet, 120 mill. kroner for reduserte utslepp frå avskoging i 2013 og 1 043 for reduserte utslepp frå avskoging i 2014.

Guyana

Avskoginga i Guyana er svært låg både i regional og global samanheng. Målet for samarbeidet mellom Guyana og Noreg er at avskoginga skal halde fram med å vere låg. Guyana har utvikla ein unik utviklingsstrategi som kombinerer utvikling med grøn økonomi og låge utslepp av klimagassar (Low Carbon Development Strategy). I 2015 var det regjeringsskifte i Guyana for første gong på 23 år. Den nye regjeringa vil føre vidare samarbeidet med Noreg.

Guyanas 185 000 km² med skog dekkjer eit område som er fire gonger så stort som Danmark. Guyana høyrer til ei anna geologisk sone enn Amazonasbasenget og har nokre av verdas best bevarte regnskogsområde. Potensielt store utslepp av klimagassar blir forhindra når skogen blir bevart. Samarbeidet med Guyana er dessutan viktig for å ta vare på eit rikt naturmangfald og for å bidra til berekraftig utvikling for menneska i landet. Betra styresett i Guyanas skogsektor og utvikling av alternative inntektskjelder, som ikkje set skogen i fare, er også viktige mål for samarbeidet.

Landet endra nyleg status frå å vere eit «minst utvikla land» til eit «lågare mellominntektsland» på grunn av vekst i økonomien. Gruvedrift er ei viktig inntektskjelde for landet, men også den største årsaka til avskoging.

Fordi Guyana har halde avskoginga låg, i samsvar med måla for det bilaterale samarbeidet, har Noreg utbetalt i underkant av 400 mill. kroner til eit fond i Verdsbanken (GRIF – Guyana REDD+ Investment Fund) som går til å gjennomføre prosjekt i tråd med landets utviklingsstrategi. Gjennom prosjekta vart fleire små og mellomstore klimavennlege bedrifter etablerte i 2015. Fondet støttar òg utvikling i urfolksområde, og eit nytt prosjekt som skal redusere Guyanas sårbarheit for klimaendringar, som flaum og havnivåstiging, vart sett i gang i 2015.

Gjennom avtala med Guyana skulle Noreg i perioden 2009 til 2015 utbetale opp til 1,5 mrd. kroner. Av desse er rundt 1 mrd. utbetalt. Framdrifta i samarbeidet har vore tregare enn venta. Blant anna er gjennomføringa av styresett-reformer i skogsektoren forseinka. Forseinkingane skuldast blant anna konsultasjonsprosessar som

tek tid og at myndigheitene må byggje kapasitet for å gjennomføre endringane. I 2015 vart det bestemt å føre vidare samarbeidet med landet med eitt år om gangen.

Guyana har ein skogkommisjon, som er ansvarleg for overvaking av skogane i landet. Skogkommisjonen har måtta handtere nye utfordringar med skogovervaking og rapportering etter at samarbeidet med Noreg vart innleidd i 2009. I 2015 publiserte kommisjonen resultatata for avskoging i 2014. Tala viste at Guyana hadde ein avskoging på 0,65 promille. Det er omtrent det same som året før. På grunn av forseinkingane i reformarbeidet i Guyana vart det likevel ikkje utbetalt midlar for desse resultatata i 2015. Utbetalinga vil skje når resultat er leverte i tråd med avtala.

Det vart i 2015 utbetalt til saman 44,5 mill. kroner til Guyana. Over halvparten var uteståande betaling for resultat frå tidlegare skogår (2013), resten var støtte til Guyanas arbeid med måling, rapportering og verifisering av utsleppstal.

Peru

Peru viste i 2015 god framdrift i oppfølginga av regnskogavtala som vart inngått med Noreg i september året før, spesielt innan regelverk for berekraftig skogforvaltning, vern av skog og utvikling av system for måling, rapportering og verifisering av utslepp.

Peru er verdas fjerde største regnskogland med 693 807 km² naturskog. Samanlikna med andre land i regionen har Peru hatt låg avskoging, men den er likevel betydeleg. Mellom 2001 og 2014 forsvann 16 531 km² skog. Dette er eit område på størrelse med heile Hordaland fylke. I gjennomsnitt slepp Peru årleg ut 53 mill. tonn CO₂, om lag like mykje som Noregs årlege klimagassutslepp, som eit direkte resultat av avskoginga. Avskoginga skuldast landbruk, ulovleg gruverdrift og infrastrukturprosjekt. I tillegg kjem utslepp som følgje av degradering av skog. Ein viktig del av degraderinga skuldast ulovleg, ikkje berekraftig hogst.

Bevaring og berekraftig forvaltning av skogressursane er integrert i den nasjonale utviklingsplanen, der Peru har som mål å avskaffe utslepp frå skog- og arealbruksendringar innan 2021. Peru har vedteke ein nasjonal klimastrategi, og levert sine nasjonale klimamål til FN's klimakonvensjon. I november 2015 leverte Peru også referansenivå for avskoging i Amazonas-biomet til FN's klimakonvensjon. Det vart oppretta ein tverrsektoriell kommisjon for å utarbeide ein nasjonal strategi for skog- og klima. Denne strategien be-

skriv korleis Peru vil kjempe mot avskoging dei neste åra.

I avtala som Peru, Tyskland og Noreg har inngått forpliktar Peru seg til å bidra til betydelege utsleppsreduksjonar frå avskoging og skogdegradering og til målretta og ambisiøse tiltak for å redusere avskoging, gjere skog- og landbrukssektoren klimanøytral innan 2021, og anerkjenne urfolks krav til skogområde.

I 2015 vedtok peruanske myndigheiter fleire sentrale forskrifter, som gjer implementering av tiltak for berekraftig skogforvaltning mogleg. Forskriftene har blitt utarbeidde med deltaking frå urfolk og andre som bur i Amazonas. I tråd med målet om auka vern av naturskog, fekk området Sierra del Divisor status som nasjonalpark. Peruanske myndigheiter vedtok òg ei lov for å styrkje innsatsen mot ulovleg hogst. Beslag av ulovleg tømmer er trappa opp i kjølvatnet av denne lova.

Indonesia

Noreg inngjekk i 2010 eit klima- og skogpartnerskap med Indonesia for å støtte landets innsats for å redusere klimagassutslepp frå avskoging, skogdegradering og øydelegging av torvmyr. Noreg har lova Indonesia inntil 1 mrd. USD, under føresetnad av at Indonesia oppnår resultat.

Indonesia er eitt av verdas største og mest folkerike land og eit ungt demokrati. På Indonesias 17 000 øyar bur 250 mill. menneske. Ein stor del er fattige. Om lag 60 mill. er urfolk og andre lokalsamfunn som er avhengige av skogen for sitt livs-utkomme.

Indonesia rommar verdas tredje største tropiske regnskog, som har eit enormt naturmangfald. Avskoging og øydelegging av karbonrik torvmyr er hovudårsak til årlege utslepp som har vore anslått til rundt to mrd. tonn CO₂. Desse utsleppa gjer Indonesia til eitt av landa i verda med høgast klimagassutslepp.

Avskoginga skjer i hovudsak fordi skog blir hoggen eller brent for å etablere plantasar for produksjon av palmeolje eller hurtigveksande tre til papirmasse. Andre årsaker er gruvedrift, tømmerhogst og skogbrannar. Drenering og konvertering av torvmyrer til landbruksformål er ei svært stor kjelde til klimagassutslepp. Korrupsjon og svakt styresett kombinert med sterk etterspørsel etter palmeolje og andre råvarer er viktige underliggjande årsaker.

Dei store skog- og myrbrannane i Indonesia hausten 2015, som fekk mye internasjonal merksemd, kan ha medført utslepp av opptil 1,6 mrd. tonn CO₂. Indonesia må stoppe desse brannane

for å nå sine mål om utsleppskutt. Indonesias nasjonale utviklingsmål omfattar òg høg økonomisk vekst, også i landbruket, og omfattande kamp mot fattigdom.

Private selskap er potensielt viktige partnerar i arbeidet for reduserte klimagassutslepp frå skog og torvmyr i Indonesia. Fleire selskap som produserer eller kjøper palmeolje i Indonesia har forplikta seg til å bevare skog ved å sikre at deira forsyningskjeder er avskogingsfrie. Noreg har støtta arbeidet med å integrere tiltak for å foreine skogbevaring og økonomisk vekst i Indonesias utviklingsplanar. Indonesia leverte i desember inn eit nasjonalt referansenivå til FN's klimakonvensjon. Det er eit første steg for å bli samde om kva avskogingsnivå som skal vere utgangspunktet for betaling for utsleppsreduksjonar, basert på oppnådde resultat.

I 2015 har president Joko Widodo, Jokowi på folkemunne, og hans administrasjon teke ei rekke grep som gir grunn til håp om viktige forbeiningar i Indonesias skog og arealbruk. I mai 2015 forlenga president Jokowi eit moratorium mot nye hogstlisensar i naturskog med ytterlegare to år. I desember varsla presidenten at han vil opprette eit eige direktorat for å beskytte og restaurere torvmyr. Han varsla òg midlertidig stans i all konvertering av torvmyr, både i og utanfor konsejsonsområde. Dette kan medføre massive reduksjonar i klimagassutslepp. Ei rekkje indonesiske aktørar som Noreg støttar har medverka til desse avgjerslene.

I 2015 sette staten i gang ei storstilt straffefølgning av selskap for brannstifting og 56 selskap vart trekte for retten. Over 300 saker er under etterforskning. Miljø- og skogbruksdepartementet har trekt tilbake tre konsesjonar og frose konsesjonane til 16 andre selskap. Det er politisk vilje til reform, men grunna eit stort statsbyråkrati tek reformene tid. Utsleppa er framleis høge, men potensialet for utsleppskutt når reformene trer i kraft og handhevinga av lover blir meir effektiv, er stort.

Sivilsamfunnsgrupper i Indonesia rapporterer om betre kår for deltaking i viktige avgjerdsprosessar. Noreg har støtta arbeidet med å kartleggje urfolksgrupper sine krav til land og skogsområde. I samband med klimatoppmøtet i Paris lanserte indonesiske urfolksorganisasjonar kart over urfolksgrupper sine område som utgjer 7,4 mill. hektar. I mai 2015 varsla presidenten at han vil sette av 12,7 mill. hektar skog til «social forestry», dvs. område der urfolk og andre lokalsamfunn får rett til å forvalte skogen sjølv. Urfolks krav til skogareal vil bli omfatta av dette initiativet.

I 2015 utbetalte Noreg til saman 155 mill. kroner til Indonesia. Midlane vart kanaliserte gjennom UNDP, Global Green Growth Institute og nokre mindre prosjekt gjennom organisasjonar. I tillegg gir klima- og skoginitiativet støtte til ei rekkje miljøorganisasjonar som arbeider for å redusere utslepp frå Indonesias regnskog i samarbeid med indonesiske partnarar gjennom støtta til sivile samfunnsorganisasjonar, sjå omtale nedanfor.

Etiopia

Etiopia og Noreg inngjekk i 2011 eit klimapartnerskap om energi, landbruk og skog. I august 2013 signerte begge land ei avtale for perioden 2013–2020 om gjennomføringa av nasjonale planar for REDD+. Samarbeidet omfattar støtte til utvikling av avskogingsfrie verdikjeder for landbruksprodukt, tiltak for å styrkje skogforvaltninga, til å auke skogdekket og til å gi folk inntekter og energikjelder som ikkje går ut over skogen. I 2015 kom Etiopia langt med sin nasjonale strategi for redusert avskoging, utvikling av eit system for å overvake avskoginga og med å byggje kapasitet i institusjonar som skal medverke til å bevare skogen.

Etiopias landareal er over ein million kvadratkilometer, noko som omtrent svarer til størrelsen på Frankrike og Spania til saman. Det bur om lag 100 mill. menneske i landet. Til trass for ein årleg økonomisk vekst på over 10 pst. dei siste åra, er Etiopia framleis eitt av verdas fattigaste land.

Skogbevaring er tett knytt til utforminga av ein grøn økonomi og utvikling i Etiopia. Landet har ei sterk eigeninteresse av å auke skogdekket og bevare attverande skog, blant anna for å hindre erosjon som trugar landets vasskraftreservoar og vass- og matkjelder. Etiopia viser korleis skogbevaring og auka opptak av karbon i skog kan vere ein del av ein plan for økonomisk vekst. Det gjer landet til eit eksempel for andre utviklingsland. Noreg er eitt av åtte givarland som støttar Etiopias gjennomføring av den nasjonale planen for grøn økonomi.

Etiopia leverte eit ambisiøst klimamål til FNs klimakonvensjon før klimatoppmøtet i Paris i 2015. Målet er å bli eit mellominntektsland innan 2025 samtidig som klimagassutsleppa skal haldast på nivået frå 2010. Tiltak i skogsektoren skal stå for ei reduksjon av om lag 130 mill. tonn CO₂-ekvivalentar innan 2030.

Etiopia har fått støtte til å utvikle sin nasjonale strategi for korleis landet skal redusere utslepp frå avskoging og auke opptaket frå karbon i skog. Strategien vart i 2015 sendt til ulike interesse-

grupper for fråsegn og vil bli ferdigstilt i 2016. Etiopia har også komme langt i å lage eit rammeverk for sikringsmekanismar for gjennomføring av REDD+ programmet. Dette inneber blant anna involvering av lokalsamfunn, kvinner og sivilsamfunn i planlegging og gjennomføring av tiltak for REDD+. I 2015 fekk Etiopia støtte frå Noreg til å utføre ein analyse av drivkreftene bak avskoginga og til å finne ut kor i landet utfordringane er størst.

Noreg støttar Verdsbankens program for berekraftige skoglandskap (BioCarbon Fund Initiative for Sustainable Forest Landscape), som samarbeider med Etiopia om å redusere utslepp og skape nye inntekter frå skogen i regionen Oromia. Oromia er på storleik med Noreg og har 30 mill. innbyggjarar. I 2015 vart det gjort studiar av kva for institusjonar i denne regionen som må styrkjast som ledd i arbeidet med REDD+ og korleis ei avskogingsfri verdikjede for tømmer kan utviklast. Myndigheiter og lokalsamfunn i Oromia har gjennom 2015 fått opplæring i forvaltning og gjennomføring av REDD+ tiltak i regionen. Noreg støttar òg sivilsamfunnsorganisasjonar som Farm Africa og universitet i Etiopia. Ein gjennomgang av Farm Africa sitt prosjekt, gjort i 2015, viser at lokalbefolkninga i Bale-området i Oromia har fått styrkte rettar til skogen og auka inntekter frå sal av kaffi og andre produkt frå skogen.

Global Green Growth Institute (GGGI) har hjulpet Etiopia med å formulere klimamåla i den nasjonale utviklingsplanen for 2016–2020, med støtte frå klima- og skogsatsinga. Planen, som vart vedteken av nasjonalforsamlinga i 2015, inkluderer tiltak for å beskytte skog og restaurere område der skogen er øydelagt. I 2015 utarbeidde Etiopias Miljø- skog- og klimadepartement forslag til endringar i skoglova. Endringane går blant anna ut på at lokalsamfunn skal ha høve til å medverke til avgjerder om forvaltninga av skog. Endringane i loven skal vedtakast av nasjonalforsamlinga i 2016.

Til saman utbetalte klima- og skogsatsinga 42 mill. kroner til Etiopia i 2015.

Kongobassenget

I Kongobassenget finst verdas nest største regnskog, etter Amazonas. Avskoginga i Kongobassenget har historisk vore relativt låg, men er no sterkt aukande. Ifølgje FNs organisasjon for mat- og landbruk (FAO) forsvinn opp mot 5 000 km² skog årleg. Data frå overvakingssystemet Global Forest Watch indikerer at avskoginga i 2014 var langt høgare (14 000 km²).

Kongobassenget omfattar den demokratiske Republikken Kongo (DR Kongo), Republikken Kongo, Kamerun, Gabon, Ekvatorial-Guinea og Den sentral-afrikanske republikken. Avskoginga er størst i DR Kongo. Ifølge Verdsbanken og FNs klima- og skogprogram (UN REDD) er svedjebordbruk den viktigaste årsaka til avskoging i Kongobassenget, etterfølgd av produksjon av trekol rundt dei største byane. Sterk befolkningsvekst er ei underliggjande årsak. Landa i regionen har store utfordringar. Mange menneske lever i fattigdom, styresettet er svakt og offentlege institusjonar manglar kapasitet. I tillegg er enkelte av landa ramma av konflikt.

Det internasjonale samfunnet ønskjer å unngå ei utvikling med omfattande avskoging i Kongobassenget, slik verda har vore vitne til i Amazonas og i Indonesia. Derfor har Noreg inngått samarbeid med land i regionen. Myndigheitene i fleire av landa ønskjer å leggje til rette for «grøn utvikling», som tek vare på behovet for økonomisk utvikling samtidig som at regnskogen blir bevart.

Gjennom FNs klima- og skogprogram (UN REDD) og Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) under Verdsbanken har Noreg støtta førebuingar til å setje i verk REDD+ i DR Kongo, Republikken Kongo, Kamerun og Den sentral-afrikanske republikken.

Myndigheitene i DR Kongo har tidleg vist engasjement for å redusere avskoging og samtidig medverke til betre levekår for befolkninga. I 2012 vart DR Kongos nasjonale strategi for REDD+ vedteken av regjeringa. DR Kongo er eitt av dei første landa i verdan som fekk sin eigen klima- og skogstrategi, og er eitt av fem utvalte pilotland under Verdsbankens Forest Investment Programme. Med støtte frå Noreg og FNs utviklingsprogram (UNDP) har kongolesiske myndigheiter etablert eit nasjonalt fond for REDD+ og utvikla ein nasjonal plan for berekraftige investeringar.

I september 2015 vart Central African Forest Initiative (CAFI) lansert. CAFI er eit samarbeid mellom givarlanda Noreg, Frankrike, EU, Storbritannia og Tyskland og seks skogland i Sentral-Afrika, inkludert DR Kongo. Brasil deltek i CAFI som sør-sør-partnar. Noreg inngjekk i 2015 ei avtale om å støtte CAFI med inntil 400 mill. kroner per år fram til 2020.

Norsk støtte til området har tidlegare bl.a. skjedd gjennom Congo Basin Forest Fund (CBFF). På grunn av treg framdrift og forvaltningsmessige utfordringar i drifta av fondet blir det ikkje utbetalt ny støtte til fondet etter 2014, og midlar som ikkje er forplikta skal tilbakebetalast. Midlar som er avtalefesta i fondet held likevel

fram med å finansiere nokre prosjekt som gir resultat. Prosjekt som vart støtta i 2015 medverka blant anna til å utvikle ein nasjonal arealplan for Gabon, og arealplanlegging i DR Kongo, Kamerun og Den sentralafrikanske republikk. Prosjekt støtta av CBFF medverka òg til å utvikle berekraftig skogbruksplanar og sikre landrettar, fremje initiativ for påskoging og berekraftig jord- og skogbrukspraksis, kartlegging av naturressursane i regionen, støtte til energieffektive kokeomnar for å redusere presset på mangroveskogen og kompetansebygging gjennom tildeling av stipend til høgare studium innan skogbruk og miljø. Fondet har òg støtta prosjekt som har som mål å styrkje sivilsamfunnet og høvet til å påverke politikktutvikling i Kongobassenget.

Gjennom Central Africa Regional Programme for the Environment (CARPE), som er leia av USAID, støttar Noreg tiltak for berekraftig skogforvaltning i sju store landskapsområde i Republikken Kongo og DR Kongo med inntil 140 mill. kroner. CARPE støttar berekraftig forvaltning av skog, produksjon og sal av energieffektive kokeomnar, utvikling av betre metodar for å avgrense skogbrannar i savannane og arbeid for å styrkje lokal skogforvaltning.

I 2015 vart 115 mill. kroner utbetalt til tiltak i Kongobassengregionen frå Klima- og skogsatsinga. Midlane vart kanaliserte gjennom CAFI, UNDP og CARPE.

Liberia

I 2014 inngjekk Noreg og Liberia ei avtale om bevaring av Liberias tropiske skog. Noreg skal blant anna medverke til betre forvaltning av skogen og grøn vekst i landet gjennom utvikling av landbruk utan avskoging. Støtta skal medverke til kamp mot fattigdom, redusert avskoging og mindre utslipp av klimagassar. I 2015 har Noreg samarbeidd med Verdsbanken og andre organisasjonar om utviklinga av konkrete prosjekt for å følgje opp avtala. Fram til 2020 skal Noreg betale Liberia opp til 1 mrd. kroner, avhengig av resultata Liberia oppnår.

Til trass for store naturressursar, er Liberia eitt av verdas fattigaste land. Landet har eit prekärt behov for økonomisk vekst og velferdsutvikling. Det samla skogarealet i Liberia er på størrelse med Danmark og utgjer omtrent 40 pst. av den attverande vestafrikanske regnskogen. Bevaring av desse skogane vil vere avgjerande for det uerstattelege naturmangfaldet, samtidig som det vil gi store klimagevinstar.

Liberia har store utfordringar med fattigdom, infrastruktur og offentlig forvaltning. Ebola-epidemien i 2014 og 2015 har gjort situasjonen endå meir krevjande, som igjen er blitt forverra av fallande råvareprisar. Akutte sosiale og økonomiske behov gjer det vanskeleg for myndigheitene å prioritere ressursar til styrking av statsadministrasjon og langsiktig skogforvaltning. I 2015 betalte derfor Noreg 40 mill. kroner i budsjettstøtte for å gi myndigheitene handlingsrom til å oppretthalde og styrkje forvaltningskapasiteten og oppretthalde stans i tildeling av konsesjonar. Midlane er kanaliserte gjennom Verdsbanken.

Til trass for den krevjande situasjonen har Liberia teke ei rekkje grep for å få kontroll over den industrielle tømmerhogsten og styrkje skogforvaltninga. Myndigheitene har stansa tildelinga av industrielle hogstkonsesjonar og arbeider med å sikre at alt tømmer som blir hogge industrielt kan sporast. Desse grepa er del av reformprosessen i skogforvaltninga som også går ut på å overføre formelle forvaltningsrettar til befolkninga og menneska som har sitt tradisjonelle levevis i og ved skogen.

Samarbeidsavtala med Liberia er framleis ny. Noreg har i 2015 samarbeidd med Verdsbanken og andre organisasjonar om utviklinga av konkrete prosjekt. Desse skal munne ut i ei rekkje aktivitetar for å styrkje skogforvaltning og stimulere berekraftig økonomisk aktivitet i dei største skoglandskapa. Midlane skal bl.a. bidra til utvikling av avskogingsfri produksjon av palmeolje og gummi, som er viktige inntektskjelder for landet. Som ein del av denne prosessen har dei to største palmeoljeselskapa i landet forplikta seg til å samarbeide om å utvikle delar av konsesjonsområdet gjennom lokalt eigarskap og drift, såkalla «outgrowers», samtidig som viktige skogområde blir bevarte.

Tanzania

I april 2008 undertekna Noreg og Tanzania ein intensjonsavtale om samarbeid for å redusere avskoginga i landet. Noreg lova å støtte Tanzania med inntil 500 mill. kroner over fem år. Støtta har først og fremst gått til pilotprosjekt for redusert avskoging, arbeid med utvikling av ei strategi og handlingsplan for REDD+, forskning og utdanning om klima.

Rundt halvparten av Tanzanias samla areal er dekt av skog. Landet har stor variasjon av skogtypar, frå regnskog til tørr savanneskog. Tanzania er eitt av Afrikas minst urbaniserte land og om lag 80

pst. av befolkninga bur på landsbygda. Tanzania har høg avskoging.

Nokre av dei viktigaste årsakene til avskoging i Tanzania er produksjon av trekol, bruk av ved til matlaging og rydding av skogen for å skaffe nytt jordbruksareal. Landet har ei av verdas raskast veksande befolkningar, og majoriteten av befolkninga brukar ved som si primære energikjelde i hushaldet. Berre 15 pst. av befolkninga har tilgang til straum.

Igangsetjing av REDD+ i Tanzania har teke betydeleg meir tid enn venta. Den politiske støtta til arbeidet med REDD+ i landet vart svakare etter endringar i regjeringa i 2009. Manglande politisk eigarskap har vore ei vedvarande utfordring for gjennomføring av REDD+ i landet. Det vart gjennomført val i Tanzania i oktober 2015 og ny regjering vart utnemnt ved årsskiftet 2015/16. Det er framleis for tidleg å seie om den nye regjeringa vil ha sterkare eigarskap til REDD+, men den har erkjent at avskoging er ei stor utfordring for Tanzania.

Ei evaluering av sju pilotprosjekt i Tanzania vart gjennomført i 2015. Sluttevalueringa av pilotprosjekta anslår at prosjekta har spart miljøet for 730 000 tonn CO₂ gjennom reduserte utslepp frå avskoging. Pilotprosjekta medverka til utarbeidinga av 90 arealplanar for landsbyar og gjennom dette avsetjing av totalt 41 skogreservat. Arealplanane er eit viktig bidrag for å få meir kontroll over bruken av skogen og landareal. Pilotprosjekta har gitt betre forståing av korleis REDD+ kan gjennomførast på lokalt nivå. Denne kunnskapen er viktig for Tanzania og andre land, der skogen er livsgrunnlaget for store delar av befolkninga.

Forskningsprogrammet CCIAM vart avslutta i 2015. Dette har vore den største enkeltatsinga under REDD+ porteføljen, og har medverka til betydeleg kompetanseutvikling knytt til klimændringar generelt og REDD+ spesielt i Tanzania. Programmet har finansiert ein stor del av eit Climate Change Research and Modelling Laboratory på landbruksuniversitetet Sokoine.

I 2015 vart det inngått ei treårig avtale om norsk støtte til et Nasjonalt overvakingssenter (NCMC) for karbon ved Sokoine landbruksuniversitet. Avtala omfattar eit fagleg samarbeid med Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO). NCMC er venta på sikt å kunne levere viktige bidrag til utviklinga av Tanzanias system for måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå skog.

I 2015 vart det utbetalt til saman 21 mill. kroner frå klima- og skogsatsinga til Tanzania.

Mexico

Noreg inngjekk eit skogsamarbeid med Mexico i 2011 med varighet til 2015. I perioden har Noreg støtta Mexico med 90 mill. norske kroner. Målet med støtta har vore å betre Mexicos skogfaglege kunnskap og kompetanse, og spreie denne kunnskapen til andre land i regionen.

Samarbeidet har resultert i betre informasjon om Mexicos skogar og korleis dei har endra seg over tid, særleg kva effekt endringar i skogen har på landets klimagassutslepp. Det har blitt utvikla verdsleiane vitskapelege metodar for å kartlegge og overvake klimagassar i ulike skogtypar, og ved forstyrningar som hogst eller brann. Vidare har utvalte lokalsamfunn lært å måle og overvake skogane sine.

Mexico har mange tiårs erfaring med grunnlege skogtakseringar. Gjennom prosjektets fem år har denne blitt vidareutvikla og modernisert til å for eksempel inkludere høgoppløyslege satellittbilette. No har Mexico sjølv ført vidare arbeidet for betre skogovervaking. Med økonomiske bidrag frå Noreg har Mexicos erfaringar blitt utvikla vidare og gjort tilgjengelege for andre skogland. Gjennom eit regionalt samarbeidsinitiativ, EMSA, har Mexico arbeidd for å dele sin kunnskap og sine erfaringar med andre land i regionen. Slikt sør-sør-samarbeid mellom likesinna land med fleire felles utfordringar har ofte større effekt enn innsats frå fjernare land som Noreg.

Mexico har lenge hatt ei konstruktiv rolle i FN's klimaforhandlingar, og har ofte samarbeidd med Noreg. Landet tar sikte på å få betaling for reduserte klimagassutslepp som følge av redusert avskoging gjennom Verdsbankens Karbonfond, som Noreg er ein stor bidragsytar til.

I 2015 støtta Noreg Mexicos arbeid for redusert avskoging med 14,5 mill. kroner gjennom klima- og skogsatsinga.

Støtte til sivilt samfunn og kunnskapsproduksjon og formidling

Sivilsamfunnet er viktige aktørar i arbeidet for redusert avskoging. 2015 var siste året i ein treårig tilskotsperiode for støtte til sivile samfunnsorganisasjonar. For tilskotsperioden 2013–2015 støtta Noreg 42 organisasjonar med om lag 275 mill. kroner årleg. Det er gitt ut ein egen rapport med resultat av porteføljen *The Norwegian Climate and Forest funding to civil society – Key results 2013–2015*. Rapporten finst på norad.no. Ordninga hadde tre mål for perioden, som gav følgjande hovudresultat:

Mål 1: Ei ny internasjonal klimaavtale som omfattar avskoging: Parisavtala frå desember 2015 anerkjenner redusert avskoging som eit viktig verktøy for å motverke klimaendringar. Målet vart dermed nådd i Paris, med viktige bidrag frå det sivile samfunn. Organisasjonane rapporterer at dei også var aktive i prosessane som leia opp mot Parisavtala, for eksempel i utforminga av Warswarammeverket som gir konkrete retningslinjer for gjennomføringa av REDD. Organisasjonane var spesielt viktige for å få sikringsmekanismar for bl.a. deltaking, urfolks rettar og likestilling inn i rammeverket. Organisasjonar medverka òg til å produsere kunnskap som la grunnlag for semje om Warsawrammeverket og ei ny klimaavtale.

Mål 2: Kunnskapsproduksjon og innovative løysingar for redusert avskoging: Betaling for resultat krev gode system for å måle, verifisere og rapportere resultat. Dette krev kunnskap og innovative tekniske løysingar. 20 av organisasjonane rapporterer at dei har medverka til å utvikle metodikk for måling, rapportering og verifisering (også for å etablere referansenivå) og skogovervaking. Mange organisasjonar har medverka til å utvikle metodar slik at lokale skogsamfunn kan overvake skogen dei lever i og ved.

Mål 3: Auka deltaking og innverknad i skogforvaltninga for urfolk og andre skogfolk: Eit fleirtal av organisasjonane jobba for å auke urfolks og andre skogfolks deltaking. Fleire organisasjonar etablerte inkluderande konsultasjonsprosessar for å betre skogforvaltning, bl.a. i Colombia, Brasil og DR Kongo. Fleire prosjekt retta seg vidare mot å etablere eigarrettar til land og skog, bl.a. fleire prosjekt med gode resultat i Indonesia.

Regjeringas gåve på 40 mill. kroner til TV-aksjonen i 2015 vart dekt over posten. Midlane gjekk til Regnskogsfondets arbeid med å bevare verdas attverande regnskogar og folka som bur der.

I 2015 vart ein ny portefølje av sivile samfunnsaktørar valt ut for støtte for perioden 2016–2020. Meir enn 500 søknader om tilskot vart sende Norad, som valte ut rundt 40 organisasjonar for avtaleinngåing. Prosjekta er innanfor områda urfolks og andre skogfolks deltaking og rettar, avskogingsfrie forsyningskjeder i næringslivet, handheving av regelverk for skogforvaltning og å etablere internasjonal konsensus om eit nytt klimaregime. Det er også valt ut prosjekt som skal produsere og formidle kunnskap innanfor dei same tema. I utval av organisasjonar er det lagt vekt på å støtte eksisterande reformkrefter innanfor den nasjonale REDD-agendaen i skoglanda. Samla er støtta til sivile samfunnsorganisasjonar

etter den nye utlysingsrunden noko auka samanlikna med førre runde.

Multilaterale satsingar

Noreg har over fleire år gitt støtte til ulike multilaterale program gjennom FNs klima- og skogprogram (UN-REDD) og Verdsbanken (Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) og Forest Investment Program (FIP), og medverka aktivt i utforminga av programma sin policy og gjennomføring. Totalt deltek meir enn 60 skogland i desse initiativa. Viktig for Noreg er at også innsatsen gjennom multilaterale kanalar har eit nasjonal fokus, og er retta mot å gi insentiv for varige nasjonale reformer i tråd med klima- og skogsatsinga sin strategi. Organisasjonane må òg ha gode sikringsmekanismar i avtalene, som å bidra til inkluderande prosessar, styrking av urfolks og andre skogfolks rettar, likestilling og ivaretaking av biologisk mangfald.

Norad sin følgjeevaluering av klima- og skogsatsinga frå 2014 viste at den multilaterale innsatsen medverkar til å nå alle tre måla for klima- og skogsatsinga. Samstundes peiker evalueringa òg på at samarbeidet mellom dei tre FN-organisasjonane (FNs miljøprogram (UNEP), FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO) og FNs utviklingsprogram (UNDP)), og med Verdsbanken sitt FCPF, ikkje er godt nok og har høge transaksjonskostnader. Den norske innsatsen er etter dette retta mot å bruke organisasjonane på ein måte som aukar effekten av innsatsen og reduserer transaksjonskostnadene.

Verdsbankens skogpartnerskaps (FCPF) Karbonfond er den første multinasjonale ordninga som er etablert for å betale utviklingsland for resultat i form av verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Karbonfondet har ei pionerrolle innan resultatbasert betaling for REDD+ gjennom sitt metoderammeverk. Rammeverket gir skoglanda både rettleiing til korleis program for redusert avskoging bør utviklast, og stiller krav til landa for korleis utsleppsreduksjonar kan lønnast. Klimaeffekt og miljøintegritet er tillagt avgjerande vekt. Saman med 10 andre givarland, organisasjonar og private selskap deltek Noreg i fondet. Noreg har spela ei svært aktiv rolle i utforminga av metode-rammeverket og i fondet elles. Rammeverket er no eit referansedokument for det internasjonale samfunnet på viktige temaområde for REDD+, inkludert fastsetjing av referansenivå og sikringsmekanismar for miljø og lokalsamfunn. I 2015 vart det vedteke å forlenge fondet si levetid frå 2020 til 2025. Årsaken til forlenginga er den store inter-

essa rundt fondet frå skoglanda og fordi utforming av programforslag har teke lengre tid enn planlagt. Fondet fikk òg ei påfylling av kapital i form av nye innskot og nye løfte om tilskot. Noreg lova nye 1,1 mrd. kroner til fondet, der 510 mill. kroner av dette vart utbetalt i 2015. Storbritannia lova omtrent det same, og Tyskland om lag 550 mill. kroner. Med utvida kapital vart det opna for nye programforslag. Ti skogrike utviklingsland presenterte konseptnotat for sine framtidige REDD-program, og åtte land vart inviterte til å utvikle vidare fulle programforslag. I 2015 vart òg investorane i fondet samde om ein buffermekanisme som skal sikre at klimaeffekten blir teken vare på sjølv om eitt eller fleire program opplever utslepp av klimagassar som følgje av uføresette hendingar i kontraktperioden. Med påfylling og nye løfte i 2015 har fondet per i dag noko over 700 mill. dollar, tilsvarande nær 6 mrd. kroner, til å inngå kjøpskontraktar for utsleppsreduksjonar. Noreg sin del av fondet er no omlag 40 pst. Med utvidinga i 2015 har til saman meir enn 20 utviklingsland presentert forslag med sikte på å inngå kontraktar for levering av utsleppsreduksjonar, under dette to av dei tre største regnskoglanda i verda, DR Kongo og Indonesia. Planen er at fondet skal inngå 10–12 kjøpskontraktar. Overslag viser at dette samla sett betyr betaling for utsleppsreduksjonar tilsvarande 300–400 mill. tonn CO₂ i perioden 2017–2023.

FNs klima- og skogprogram (UN REDD) gjennomgjekk ei endring i 2015. Programmet har tidlegare fokusert innsats på førebuande arbeid for å utvikle nasjonale planar og strategiar for betre skogbevaring. I 2015 har FNs skogprogram i aukande grad medverka til utforming av planar og tiltak for gjennomføring av strategiar. Arbeidet byggjer på den såkalla Warszawa-pakken frå klimakonvensjonen (nasjonal REDD-strategi; nasjonalt skogovervakingssystem; referansenivå for måling av karboninnhald, sikringsmekanismar). FNs skogprogram har medverka til at 18 land har komme vidare i REDD+ prosessar ved framgang i utarbeidinga av nasjonale planar, REDD+ vegkart og fase 2-dokument. For eksempel ferdigstilte Ecuador sin nasjonale REDD+ tiltaksplan og Zambia sin nasjonale REDD+ strategi. FNs skogprogram har òg støtta over 30 samarbeidsland i utarbeidinga av deira informasjonssystem for sikringsmekanismar (SIS). Fleire av landa under FNs skogprogram er med i FCPF og har levert søknader til karbonfondet. FN-organisasjonane har gjennom FNs skogprogram medverka på område der dei har særleg kompetanse, for å drive fram tiltak for å redusere utslepp frå skogsektoren. No-

reg overførte 175 mill. kroner til UN REDD i 2015. Dette mogleggjorde at tre nye land kunne ta imot støtte til nasjonale REDD- strategiar. Til saman har 23 land fått støtte til nasjonale strategiar og program, ei formidabel styrking frå 5 landprogram i 2009. Talet skogrike utviklingsland som ønskjer støtte frå FNs skogprogram har auka frå 9 i 2009 til 61 i 2015.

FIP er eitt av klimainvesteringsfonda (Climate Investment Funds) under Verdsbanken. På styremøtet i FIP i mai 2015 vart seks nye land (DR Kongo, Ecuador, Guatemala, Mosambik, Nepal og Elfenbenskysten) tekne opp som pilotland i FIP, i tillegg til dei åtte landa som er knytte til FIP frå før. Dette gjer at FIP no består av til saman 14 pilotland. Ytterlegare 9 land har fått ei delvis tilknytning gjennom å få anledning til å utvikle investeringsplanar, men utan å vere tekne opp som pilotland. Fondet har ein mekanisme som støttar urfolk og lokalsamfunn, denne har fått positiv omtale for måten å involvere urfolk på. Noreg har ikkje utbetalt midlar til FIP i 2015.

Noreg, saman med USA, Storbritannia og Tyskland, medverkar til Initiative for Sustainable Forest Landscape (ISFL) under Verdsbanken. Initiativet vil søkje å oppnå reduserte utslepp av klimagassar frå skog og landbrukssektoren i utviklingsland gjennom å styrkje planarbeid, politikk og praksis i skog og landskap i utvalte land. I første omgang har Etiopia, Zambia, Colombia og Indonesia blitt valde ut som pilotland, men fleire land kan komme til etter kvart. Pilotane skal ha ei heilskapleg landskapstilmærming innanfor ein jurisdiksjon (region, provins eller delstat) samtidig som utslepp frå skog blir reduserte. Samarbeid med privat sektor om etablering av verdikjeder som ikkje medverkar til avskoging og samarbeid med nasjonale og lokale styresmakter er ein viktig del av initiativet. ISFL består av to hovudelement; eit støttefond (BioCarbon Fund Plus) og eit fond for resultatbaserte utbetalingar (Tranche 3). Noreg har ikkje utbetalt midlar til fonda i 2015.

Samarbeid med privat sektor

For å nå målet om å redusere avskoging i tropiske skogland må råvareproduksjon og næringsliv vere medspelarar. Landa sitt mål om økonomisk vekst må nås utan at skogen forsvinn. Dette kan gjerast gjennom effektivisert landbruk, god skogforvaltning, og samarbeid med selskapa som produserer råvarene. I 2014 og 2015 har mange store selskap engasjert seg i kampen mot avskoging. Palmeoljesektoren, som i mange år har medverka til avsko-

ging, har innsett at ein forretningsmodell som byggjer på ekspansjon gjennom ytterlegare avskoging ikkje er haldbar. Anslagsvis 90 pst. av global handel med palmeolje er no underlagt strenge kriterium som skal sikre at produksjonen av varer ikkje medverkar til avskoging. Både i Noreg og internasjonalt har forbrukarar og sivilt samfunn stilt krav til at produksjon og bruk av palmeolje ikkje medverkar til avskoging, men skjer gjennom dyrking av allereie degradert land og effektivisering av eksisterande produksjon.

Fokuset på og medvitet om korleis råvareproduksjon påverkar avskogingsmønster har auka. I fleire råvarekjeder som for eksempel soya, papir og papirmasse, biff, kakao, kaffi og gummi, har selskap implementert tiltak for å sikre at deira varer ikkje medverkar til avskoging. Private selskap har gjennom fora som Consumer Goods Forum og Tropical Forest Alliance 2020, auka sitt engasjement og samarbeid med offentleg sektor og sivilt samfunn for å kjempe mot avskoging. Under FNs generalsekretær sitt klimatoppmøte i New York i september 2014, vart det lansert ei erklæring om skog der over 50 selskap sluttar seg til målet om null avskoging innan 2030 saman med myndigheiter og sivile samfunnsorganisasjonar. Noreg har medverka aktivt og vore ein pådrivar i desse prosessane.

I 2015 starta arbeidet for å materialisere løfta som er gitt om nullavskoging. I samarbeid med den nederlandske organisasjonen *The Sustainable Trade Initiative (IDH)* er det sett i gang arbeid for å utvikle innovative modellar for offentleg-privat samarbeid for å få til avskogingsfrie forsyningskjeder, bl.a. i Liberia, Brasil og Indonesia. I 2015 vart støtta til Tropical Forest Alliance (TFA) ført vidare.

I 2015 vart det til saman utbetalt om lag 40 mill. kroner til privat sektor-innsats gjennom organisasjonane som er nemnde over.

Fremje skogbevaring gjennom grøn vekst-portefølje

For å få til storskala utsleppsreduksjonar frå tropisk skog må innsatsen setjast inn i ein breiare grøn vekst-agenda. Varige og storskala utsleppsreduksjonar kan berre skje dersom ein får til økonomisk utvikling samtidig med låge utslepp av klimagassar i skoglanda, såkalla grøn vekst.

I 2015 støtta klima- og skoginitiativet *New Climate Economy. New Climate Economy* har utvikla kunnskap og modellar for korleis økonomisk vekst kan skje på ein måte som samtidig er berekraftig og klimavennleg. NCE har bl.a. levert rapporten *Better Growth, Better Climate*, som skapte

ein global debatt om vekst og klima som overlappande heller enn konkurrerende agendaer.

Partnership for Action on Green Economy (PAGE) har som formål å leggje til rette for grøn vekst ved å hjelpe partnerland med å setje berekraftig økonomisk vekst i sentrum for økonomisk utvikling. I 2014 har og UNDP slutta seg til partnerskapen som består av UNEP, UNDP, ILO, UNIDO og UNITAR, og deira partnerland. Blant partnerlanda med etablerte styringsorgan finn vi Sør-Afrika, Burkina Faso, Ghana, Mauritius, Mongolia, Peru og Senegal, som langt på veg har identifisert sektorar og utfordringane dei treng å utvikle for grøn vekst. Blant nye partnerar finn vi mellom anna viktige delstatar, Jiangsu i Kina og Mato Grosso i Brazil. I 2015 vidareutvikla PAGE også si omfattande globale verksemd med å dele kunnskap om korleis det grønne skiftet kan gjennomførast i praksis.

Global Green Growth Institute (GGGI) hjelper partnerland til å skape økonomisk vekst som tek omsyn til naturen sine tolegrensar og reduserer klimagassutslepp. GGGI medverkar med fagleg støtte til å gjennomføre analysar, utarbeide planar og strategiar som leier landet mot ein berekraftig vekst. I 2015 gjennomførte GGGI aktivitetar i over 20 land.

Wealth Accounting and the Valuation of Ecosystem Services (WAVES) er eit globalt partnerskap som har som målsetjing å integrere nasjonale rekneskapar for naturkapital inn i planar for utvikling og vekst. Rekneskapane gir styresmakterne betre avgjerdsgrunnlag, og blir nytta ved utforming av politiske føringar om korleis naturressursane best kan forvaltast.

The Economics of Ecosystems and Biodiversity (TEEB) er eit globalt initiativ under UNEP som har som mål å synleggjere dei økonomiske fordelane ved biologisk mangfald. TEEB leverer opp mot klima- og skogsatsingas overordna målsetjing om å ta vare på naturskog, og grønne investeringar og privat/offentleg samarbeid.

I 2015 vart det utbetalt til saman 46 mill. kroner til tiltaka for grøn vekst.

Måling, Rapportering og Verifisering (MRV) og anna metodearbeid

Måling, rapportering og verifisering er ein føresetnad for å kunne betale for utsleppsreduksjonar. Skoglanda må etablere robuste metodar for å måle omfanget av klimagassutslepp frå skog, for så å rapportere tala til dei som skal betale for utsleppsreduksjonar. For at resultata skal vere troverdege må dei verifiserast av ein uavhengig tredjepart. I 2015 vart det gitt støtte til fleire strategiske satsingar for å bidra til dette arbeidet.

Noreg er den største givaren til *Global Forest Watch* prosjektet, som gjer uavhengige analysar av verdas skogar, basert på satellittdata, gratis tilgjengeleg via sine nettsider. Det blir òg arbeid for eit betre samarbeid mellom leverandørar og brukarar av satellittdata av skog, dette arbeidet blir utført med støtte frå Norsk Romsenter. Eit eksempel på slikt arbeid er å delta i det internasjonale nettverket Global Forest Observation Initiative for å syte for at leverandørane av satellittdata prioriterer å samle inn data om skogen, og at skoglanda har tilgang til god metodertleing og kapasitetsbygging. Eit anna eksempel er Noregs støtte til eit prosjekt i FAO som gjer fjernmålingsdata tilgjengelege for tropiske skogland.

I tillegg til dette medverkar fleire av Klima- og skogsatsingas partnerskap til å utvikle system for måling, rapportering og verifisering, som nemnt over i resultat 2015 mellom anna for Brasil, Guyana og Mexico.

Til saman vart det utbetalt 67 mill. kroner til overordna MRV og anna metodearbeid i 2015. Hovuddelen av midlane finansierte WRIs program *Global Forest Watch* og *Restoration Project* og FAOs *Satellite Data Management System*.

Del III
Omtale av særlige tema

8 Omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker

8.1 Klima- og miljøpolitikk i departementa

8.1.1 Arbeids- og sosialdepartementet

Å sikre eit trygt arbeidsmiljø er ei overordna målsetjing i norsk arbeidsliv som er viktig i alle sektorar og bransjar. I tillegg til dette utgjør forebygging av forureining frå petroleumsverksemda eit viktig bidrag frå Arbeids- og sosialdepartementet til regjeringa sitt heilskapelege arbeid med klima og miljø. Hovudtyngda av ASDs klima- og miljøinnsats ligg på resultatområde for *forureining*.

Statens arbeidsmiljøinstitutt er det nasjonale forskingsinstituttet for arbeidsmiljø og arbeidshelse. Mykje av kunnskapen knytt til arbeidsmiljø og helse som instituttet bidreg til vil ein tru at kan overførast til ytre miljø, til dømes når det gjeld kjemiske og biologiske eksponeringar, mekanismar og helseeffektar.

Arbeidsmiljø- og sikkerheitsstyresmaktene sitt tilsyn med petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel og på enkelte landanlegg blir utført av Petroleumstilsynet. Petroleumsverksemda er strengt regulert når det gjeld helse, miljø og tryggleik. I regelverket stiller ein krav til robust utforming av utstyr og anlegg, som mellom anna inneber krav til barrierar mot ulykker og uønskte hendingar som kan føre til akutt forureining. Petroleumstilsynet si oppfølging av at petroleumsverksemdene følgjer krava i regelverket medverkar til eit høgt nivå på tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda, og medverkar til å forebygge akutt forureining til sjø og til luft og samtidig byggje opp om dei nasjonale målsetjingane i klima- og miljøpolitikken.

Risikofaktorar knytte til storulykker utgjør ein sentral del av Petroleumstilsynet si oppfølging av næringa, av dette følgjer også at ein overvakar utviklinga i risiko for ulykker som kan føre til akutte utslepp til sjø. Arbeidet i nettverket «Risikonivå i norsk petroleumsvirksomhet» RNNP, utgjør ei viktig kjelde for informasjon om miljøforholda i petroleumsverksemda.

Petroleumstilsynet vil arbeide vidare med å utvikle og forvalte sikkerheitsregelverket som gjeld

for tap av liv, helse, arbeidsmiljø, ytre miljø og økonomiske verdiar slik at krav til teknologi, operasjonar og styring av verksemdene i petroleumssektoren underbyggjer nasjonale og regionale miljømål og klimapolitikken. Arbeidet inkluderer oppdatering av standardar, aktivitetar for å redusere usikkerheit knytt til forsvarleg verksemd, utvikle vidare bruk av resultatrapport om ulykkesfrekvens og følgje opp selskapa si styring av tryggleik og arbeidsmiljø.

Petroleumstilsynet vil føre vidare eit aktivt samarbeid med andre etatar i samband med utvikling og oppfølging av heilskapelege forvaltningsplanar for dei norske havområda.

8.1.2 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Informasjon om miljømessige og sosiale aspekt ved varer og tenester gir forbrukarane høve til å velje produkt som gir minst mogleg belastning på miljøet og ressursane. Gjennom etterspurnad kan forbrukarar påverke næringsdrivande til i større grad å ta omsyn til berekraft ved avgjerder om investeringar og produksjon.

BLDs resultat i 2015

Ved utgangen av 2015 var det 12 589 svanemerkte produkt på den norske marknaden. Dette er ein auke på over 4 000 produkt samanlikna med utgangen av 2014. Nytt digitalt rapporteringssystem og fleire lisensar forklarar den store auka i 2015.

BLDs plan for vidare arbeid

BLD arbeider for å leggje til rette, forenkle og standardisere informasjon om miljømessige aspekt ved forbruket. Departementet vil i 2017 byggje opp under dei offisielle merkeordningane Svana og EU Ecolabel som viktige forbrukarretta verktøy for å gjere miljømedvitne val. Målet er at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden skal auke, og at forbrukarane i større grad skal spørje etter slike.

I Noreg blir det kasta om lag 360 000 tonn mat som kunne vore eten kvart år. Den største delen av matsvinnet, rundt 230 000 tonn, kjem frå private hushald. Departementet vil i 2017 arbeide vidare med LMD, KLD, NFD, HOD og matbransjen gjennom ei bransjeavtale for å redusere matsvinnet i samfunnet. Bransjeavtala skal gjelde frå 2017 og skal omfatte heile verdikjeda for mat.

Skulen er ein viktig arena for å skape sunne haldningar til forbruk. BLDs arbeid med å fremje undervisning i forbrukaremne tek opp spørsmål knytt til dette.

Forbruksforskningsinstituttet SIFO ved Høgskulen i Oslo og Akershus har utvikla ein metode for å evaluere utviklinga i forbruket i Norge frå eit berekraftsperspektiv. Med utgangspunkt i denne forskinga skal SIFO drøfte og gi anbefalingar om tiltak for å redusere miljøbelastninga av forbruket.

8.1.3 Finansdepartementet

I tillegg til avgifter utgjør omsetjelege utsleppskvotar og direkte reguleringar dei mest aktuelle verkemidla for å løyse klima- og forureiningsproblema. Rett utforma miljøavgifter gir tildriv til å minske utsleppa der det er billegast og sikrar at den som forureinar betaler. For at ressursane i samfunnet skal nyttast effektivt må omsyn til klima og miljø og andre eksterne effektar reknast med i økonomiske avgjerder. Økonomiske verkemiddel, som til dømes prising av miljøskadelege utslepp til luft og vatn, gir insentiv til avgjerdestakrarar på alle nivå og i alle sektorar om å ta omsyn til miljøet.

I 2015-budsjettet vart CO₂-avgifta for innanriks luftfart (både kvotepliktig og ikkje kvotepliktig) og avgiftene på klimagassane HFK og PFK auka. I tillegg vart el-avgifta auka med 1,5 øre pr. kWh over ordinær prisjustering. Det var òg ei omlegging av avgiftene på autodiesel, der CO₂-avgifta vart auka og vegbruksavgifta redusert.

Utforminga av eingongsavgifta motiverer kraftig til val av bil med låge utslepp. Dette er ei av årsakene til at CO₂-utsleppa frå nye personbilar har blitt betydeleg redusert. Gjennomsnittleg CO₂-utslepp frå nye bilar er redusert frå 177 g/km i 2006 til 100 g/km i 2015. Den sterke nedgangen i CO₂-utsleppa for nye personbilar dei siste par åra kjem først og fremst av ein kraftig auke i salet av elbilar.

I dag er over 80 pst. av norske klimagassutslepp underlagt avgifter eller kvoteplikt.

Hovudverkemidla i klimapolitikken er avgifter og deltaking i det europeiske systemet for handel med utsleppskvotar innanfor eit fastlagt tak for utslepp. Desse verkemidla set ein pris på utslepp av

klimagassar og medverkar dermed til endringar i produksjons- og forbruksmønster over tid.

8.1.4 Forsvarsdepartementet

Det er eit overordna mål for Forsvarsdepartementet (FD) at forsvarssektoren si verksemd ikkje skal føre til vesentleg skade på miljøet. Forsvaret arbeider blant anna med opprydding i forureina sjøbotn, opprydding av miljøgifter, reduksjon i utlekning av metall frå skytefelt, ivaretaking av naturmangfald i samband med bruk og utvikling av område, Kystvaktas miljø- og ressursoppsyn, bevaring av kulturminne i skyte- og øvingsfelt og av dei nasjonale festningsverka, avfallshandtering, reduksjon av støy og redusert klimagassutslepp. Innanfor alle desse områda er det lagt vekt på kunnskapsgrunnlag og overvaking.

FDs resultat i 2015

Ved Bodø hovudflystasjon er det i 2015 teke prøvar i område med mogleg forureina grunn. I tillegg er det teke prøvar rundt flystripa av overvatn, bekkar og sig. I 2015 er det gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar for Terningmoen, Vatne/Svartemyr, Trondenes, Setermoen og Hengsvatn skyte- og øvingsfelt. Det er gjennomført undersøkingar og tiltaksvurderingar av forureina grunn ved Forsvaret sine brannøvingsfelt på flystasjonar.

I 2015 er det gjennomført rydding av sjøbotn ved Hysnes fort. Tiltaksplan er utarbeidd for opprydding av sedimenta på sjøbotnen utanfor ubåt-bunkeren i Laksevåg, som er koordinert med Bergen kommune si opprydding av Bergen hamn. I Horten er det samarbeid med kommunen, fylkesmann og industri for planlegging av miljøopprydding i Horten indre hamn.

Det skal utarbeidast forvaltningsplanar for alle skyte- og øvingsfelt og garnisonar. I 2015 vart det ferdigstilt forvaltningsplanar for felta Evjemoen, Mjølfjell og Høybuktnoen, arbeid med Giskås vart sett i gang. I 2015 er det utarbeidd skjøtselsplanar for Karljohansvern og Fredriksten festningar.

Arbeidet med målretta tiltak for energieffektivisering og utfasing av fossil olje til oppvarming er ført vidare i 2015. Forbruket av fyringsolje er redusert med 72 pst. sidan 2006, og utgjorde i 2015 berre seks prosent av energiforbruket. Det er planlagt at fossil fyringsolje til bruk som grunnlast skal fasast ut innan utgangen av 2018.

Kystvakta har lovfesta oppgåver blant anna innan miljøoppsyn, og ein del av Kystvaktas opp-

drag har prioritet til verneområde, ulovleg fiske, ulovleg jakt, kulturminne, dykking etc. Fleire av Kystvaktas fartøy har oljevernustyr om bord, og har ei viktig rolle i den operative nasjonale beredskapen mot oljesøl.

FDs plan for vidare arbeid

I FDs budsjett for 2017 er det foreslått å nytte 673 mill. kroner til arbeid knytt til naturmangfald, 65 mill. kroner til kulturminnearbeid, 599 mill. kroner til tiltak mot forureining og 157 mill. kroner til klimaarbeid.

All militær aktivitet i eit øvingsområde vil påverke miljøet i større eller mindre grad. Det er ein ambisjon å skape eit godt øvingsutbytte samtidig som ein unngår store negative konsekvensar for miljøet.

Hjerkinn skytefelt til sivile formål er truleg Noregshistorias største naturrestaureringsprosjekt. Prosjektet starta i 2006 med mål om slutføring i 2020. Fylkesmannen i Oppland starta i 2014 prosessen med verneplan for Hjerkinn skytefelt. Den skal leggje til rette for framtidig vern av skytefeltarealet i tråd med Stortingets vedtak i 1999 om nedlegging av skytefeltet. Tilrådinga frå Miljødirektoratet skal liggje føre innan utgangen av 2016.

I det vidare arbeidet blir det gjort følgjande viktige endringar på miljøområdet:

- Innsats i prosjekt for tilbakeføring av Hjerkinn skytefelt
- Redusert aktivitet for kulturminnekartlegging i kampflyprosjektet på Ørland ifølgje plan.
- Opptopping av tiltak for PFOS-forureining ved brannøvingsfelt på flyplassar.
- Gjennomføring av miljøsanering av sjøsediment ved UVB-bunker, Laksevåg, Bergen i 2017. Auka ressursbruk til rive, sikre- og miljøtiltak knytt til avhending av eigedommar, bygg og anlegg.
- Betydeleg auka ressursbruk i samband med støyttiltak/innløyning ved kampflyprosjektet på Ørland.
- Betydeleg auka innsats for utfasing av fossil fyringsolje til oppvarming i forsvarssektorens bygg i 2017.

8.1.5 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet følgjer opp regjeringas mål om å utvikle eit meir helsefremjande miljø og beskytte befolkninga mot miljøfarar som støy, luftforureining, miljøgifter, stråling, dårleg inneklima, risiko for skadar og ulykker, og mat- og vassborne sjukdommar, jf. Meld.

St.19. (2014–1015), Folkehelsemeldinga. Oppfølginga av meldinga omfattar tiltak for at omsynet til befolkninga si helse og trivsel skal få større plass i utviklinga av stader, nærmiljø og lokalsamfunn, under dette at det skal leggjast til rette for helsefremjande transportløyningar. Som oppfølging av Folkehelsemeldinga blir det òg utarbeidd ein ny tverrdepartemental handlingsplan for kosthald, der også miljø- og berekraftsperspektivet er med. Etter folkehelselova har kommunane ansvar for å sikre befolkninga mot skadelege faktorar i miljøet. Helse- og omsorgsdepartementet og Folkehelseinstituttet, og fylkesmennene, er rådgivarar for sentrale og lokale helsestyresmakter, og greier ut og tek del i overvaking av miljøforureining.

Statens strålevern tek vare på direktoratsoppgåver for Klima- og miljødepartementet innanfor området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljøet. Strålevernet har vidare ansvar for fagleg utgreiingsarbeid, tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet, og internasjonale oppgåver.

Omtale av Helse- og omsorgsdepartementet og klimagassbudsjettet står i kap. 8.2.6 under delkapittel 8.2 Klimagassbudsjett.

8.1.6 Justis- og beredskapsdepartementet

Arbeidet med miljøvern på Justis- og beredskapsdepartementet sitt ansvarsområde gjeld i hovudsak lovgivingsarbeid, kamp mot kriminalitet og koordinering av Regjeringas politikk i polarområda.

Politi- og lensmannsetaten

Politiets viktigaste oppgåver innafor miljøvern er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, rask etterforsking og adekvat reaksjon.

Økokrim har ei særleg rolle i kampen mot miljøkriminalitet, både gjennom etterforsking og irettesføring i særleg alvorlege prinsipielle saker, og som rettleiar og bistandsorgan for politidistrikta.

Politidistrikta har ei sentral rolle i arbeidet med å kjempe mot miljøkriminalitet. Det er etablert samarbeidsrutinar og –avtaler med oppsyns- og tilsynsmynde som skal utviklast vidare og utvidast i 2017.

Politidistrikta sin ordning med miljøkoordinator vart evaluert i 2013-2014, og Politidirektoratet skal på bakgrunn av funna, og i lys av nærpolitireforma, etablere funksjon for etterforsking av øko-

nomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i dei nye politidistrikta.

Kontroll- og tilsynsmynde har blitt styrkt dei siste åra, noko som fører til fleire administrative sanksjonar, mellom anna gebyr for brot. Politiet og kontrolletatane har samanfallande overordna målsetjingar for sitt arbeid. Etatane kan dele informasjon, bli samde om eit felles trusselbilde og samordne kontrollaktivitetane, slik at offentlege ressursar blir nytta best mogleg. Sentralt miljøforum, fylkesmiljøforum og lokale miljøforum, som alle vert leia av politiet, legg mellom anna til rette for dette.

Det enkelte politidistrikt og særorgan er pålagt, som ein integrert del av dei ordinære planprosessane, å følgje opp retningslinjer gitt for rådgiving overfor politidistrikta og særorgana innafor eigedom, bygg og anlegg. Mellom anna vert energieffektivitet i bygg vektlagt.

Politidistrikta og særorgana kan gjere innkjøp frå rammeavtaler inngått av Politiets fellestenester på vegner av etaten. I den grad miljøomsyn ikkje er tekne omsyn til i inngåtte avtaler, vert dette teke inn ved inngåing av nye avtaler så langt dette er foreinleg med dei tekniske krava som er stilte til dei produkta som skal nyttast av politiet.

Svalbard – klima og miljøpolitikk

Regjeringas mål om å bevare Svalbards særeigne villmarksnatur ligg til grunn for miljøvernpolitikken på Svalbard. Svalbardmiljølova av 15. juni 2001 med tilhøyrande føresegner tek vare på denne målsetjinga. Ein stor del av Sysselmannen på Svalbard si verksemd er knytt til miljøvernrelatert arbeid. I Sysselmannens organisasjon er det samla både politifagleg og miljøvernrelatert ekspertise. Dette legg til rette for ei effektiv etterforskning av miljøkriminalitet og for eit godt fagleg informasjonsarbeid.

Lokalt er svalbardmiljøloven med føresegner viktige verktyg for å ta vare på miljømåla.

Sysselmannen skal i si miljøforvaltning ta omsyn til endringar i klima, aktivitet og tilførsel av forureining, og sikre at lokal verksemd skjer innafor rammer som sikrar at den samla belastninga på arter og økosystem ikkje blir for stor. Samstundes skal det leggjast til rette for bruk som er i samsvar med måla for bevaring av naturen på Svalbard. Sysselmannen skal vidare leggje betre til rette for reislivet innanfor forvaltningsområde 10, som mellom anna omfattar Isfjordområdet og nærrområda rundt lokalsamfunna. Dette skal skje i dialog med aktørane på Svalbard. Samstundes skal arbeidet med forvalt-

ningsplanar for verneområda på Svalbard først vidare.

Eit aktivt førebyggjande arbeid vil kunne påverke haldingar og skape forståing for dei reguleringane som gjeld øygruppa. Aukande turisme og ferdsel på Svalbard viser at det er behov for å halde oppsyn med og avdekkje eventuelle brot på føresegnene om vern av Svalbards natur- og kulturmiljø. Klimaendringane fører til stadig mindre utbreiing av sjøis, som er leveområde for isavhengige arter som isbjørn og sel. Dokumentasjon av utviklinga innan ferdsle og anna verksemd er viktig for å målrette tiltaka. Sysselmannen legg vekt på rask og effektiv etterforskning og oppklaring av moglege straffbare forhold.

Svalbard og Longyearbyen vil på grunn av auka aktivitet få større betydning som base for beredskap mot forureining. Kystverket har ansvaret for oljevernberedskapen i området, med Sysselmannen som lokal ressurs. Lange avstandar og arktisk klima gjer det vanskeleg å handtere oljeutslepp i området. Førebyggjande tiltak for å unngå slike hendingar er difor svært viktig. Der er forbod mot bruk av tungolje som drivstoff i dei store verneområda på Svalbard. For å redusere risikoen for hendingar med miljøskade til følgje, er det innført ei statleg losteneste for all skipsfart i farvatna på Svalbard på same måte som på fastlandet. Ut frå lokale forhold er det gjort enkelte tilpassingar i reglane.

Miljødirektoratet har pålagt Longyearbyen lokalstyre eit reinsekraft på kolkraftverket i Longyearbyen. Arbeidet med å etablere reinseanlegget vert fullført i 2016. Prosjektet er fullfinansiert over svarbardbudsjettet i perioden 2012-2014. Miljødirektoratet har gitt pålegg om å utgreie reinsing av utsleppa til luft for kolkraftverket i Barentsburg.

8.1.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Med utgangspunkt i plan- og bygningslova arbeider Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for berekraftig planlegging og byutvikling. Dette inneber mellom anna å sikre ein berekraftig bystruktur gjennom effektiv arealbruk og styrkt miljøvennleg transport. Arbeidet med å sikre høg kvalitet i byrom og uteareal og å ta vare på grønstruktur, kulturminne, naturmangfald, og viktige friluftssinteresser er sentralt for å møte miljøpolitiske utfordringar. I tillegg er energieffektivisering i bustader og andre bygg viktig for å redusere den totale energibruken.

Gode kart- og geodata, og å kunne framstille stadfesta (koordinatbestemte) data på ein god måte, er ein viktig føresetnad i arbeidet med kli-

matilpassing, friluftsliv, forvaltninga av naturmangfaldet og forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø.

Byggsektoren står for ein stor del av energi-bruken, ressursbruken og avfallsmengda i Noreg. Det er store miljøgevinstar å hente i bygge- og eigedomsbransjen. Miljøtiltak i statlege byggeprosjekt kan omhandle redusert energibruk, mindre bruk av fossil energi til oppvarming, lokalisering, gjenbruk og redusert lokal forureining ved sanering, redusert bruk av miljøskadelege materialar og godt vedlikehald.

KMDs rapport for 2015

I 2015 vart det vedteke nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I tillegg har klima og miljø inngått som viktige aspekt i byutviklingsprogrammet *Plansatsing mot store byar*, og det blei gitt tilskot til store bykommunar til pilot- og forbildeprosjekt som synleggjer ein berekraftig bustad- og bypolitikk, og til tiltak for å auke plan- og miljøkompetansen i kommunane.

KMD har koordinert statens innsats i samarbeidet om å betre bymiljø og levekår i Groruddalen. KMD har òg gitt midlar til programområde 2 Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Områdesatsingane i indre Oslo øst og Drammen som starta opp i 2014, blei vidareført i 2015.

I 2014 blei det sett i gang eit arbeid for å styrkje rettleiing om kommunal planlegging om verkøy for berekraftig næringsutvikling og rekreasjon i landbruks-, natur-, friluftsliv-, og reindriftsområde (utmarksområda). Arbeidet med å finne tiltak for betre og meir samordna planlegging i dei kystnære sjøområda blir òg ført vidare. Føremålet er å medverke til betre regionale og kommunale planar som tek omsyn til miljø, klima og samfunn.

Nye energikrav til bygg blei fastsett i 2015 og gjeld frå 1. januar 2016. Dei nye krava gjer at nye bustader og bygg kan bli 20–25 prosent meir energieffektive enn med tidlegare krav. Det er òg forbod mot fossil energi i nye bygg.

Ulike låne- og tilskotsordningar i Husbanken medverkar til fleire bustader og bygg med kvalitetar utover krava i byggeteknisk forskrift, blant anna på energi. Eit hovudformål med grunnlånet er å fremje viktige bustadkvalitetar som energieffektivitet og tilgjenge i ny og eksisterande busetnad.

Statsbygg arbeider systematisk med energieffektivisering i eksisterande bygningar og følgjer energiutviklinga for eigedomsmassen tett. Regjeringa har stilt krav til Statsbygg om å fase ut bruken av fossil brensel som grunnlast i eigen byg-

ningsmasse innan utgangen av 2016. Ved inngangen til 2016 stod det att 8 eigedommar der fossilt brensel skal utfasast.

KMDs plan for vidare arbeid

Regjeringa foreslår å halde fram med å løyve 36 mill. kroner i 2017 til å etablere eit nasjonalt heildekkjande og nøyaktig høgde- og terrengdatasett.

I dei nye nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er planlegging for klimatilpassing og for å redusere klimagassutslepp vektlagt. Det er stilt forventningar til kunnskapsgrunnlag, risiko- og sårbarheitsanalysar, klimagassreduksjon, energiomlegging og effektivisering. Det er òg konkrete forventningar knytte til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og tilrettelegging for auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gange.

Plansatsing mot store byar (2013–2017) skal medverke til framtidretta byplanlegging, betre bymiljø og tilrettelegging for meir bustadbygging. I ei slik heilskapleg satsing vil både omsynet til klima og andre miljøutfordringar knytte til lokal luftforureining, grønstruktur, bynært friluftsliv, naturmangfald, kulturminne og meir vere viktige premisser.

I 2015 blei det gjort ei avtale om å utvide Grovuddalsatsinga med ein ny tiårsperiode, som startar i 2017. Områdesatsingane i indre Oslo øst og Fjell i Drammen skal førast vidare i 2017.

KMD vil medverke til fleire miljøvennlege og energieffektive bustader og bygg. Det er varsla gjennom klimaforliket og klimameldinga at energikrava for nye bygg skal skjerpast til passivhusnivå i 2015 og nesten nullenergi-nivå i 2020. Regjeringa arbeider med å definere nesten-nullenerginivå.

Statsbygg skal som første byggherre i Noreg, byggje eit nullutsleppsbygg på Evenstad på det høgaste nivå til no, dvs. ZEB-COM.

8.1.8 Kulturdepartementet

God forvaltning av kulturminne i form av bygningar og anlegg, i hovudsak enkeltbygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske og industrielle kulturminne, bergkunst og kulturlandskap, og kulturminne i form av kyrkjer og gravplassar utgjer Kulturdepartementets bidrag til regjeringas samla klima- og miljøpolitikk.

Det nasjonale museumsnettverket rapporterer om i alt ca. 5 000 kulturhistoriske bygningar i 2015. Museas bevarings- og formidlingsarbeid medverkar til å spreie kunnskap om og oppleving

av desse miljøverdiane. Over Kulturdepartementets budsjett blir det no gitt driftstilskot til 64 konsoliderte museum i det nasjonale museumsnettverket.

Norsk kulturråd forvaltar òg tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Over ordninga vart det i 2015 innanfor ei ramme på 9 mill. kroner gitt tilskot til 48 tiltak fordelt på 21 museum.

Kyrkjebygningane er ein del av nasjonens kulturarv. Gjennom rentekompensasjonsordninga for kyrkjer medverkar KUD til arbeidet med å vedlikehalde kyrkjer. Målet med ordninga er å stimulere til sikring og bevaring av kyrkjene og deira utsmykking og inventar. Sidan ordninga vart etablert i 2005 er det gitt tilsegn om rentekompensasjon for ei investeringsramme på opp mot 3 mrd. kroner.

Sidan storparten av kyrkjene er eldre bygningar, er det høge kostnader knytte til oppvarming. Det er teke initiativ til å finne nye energisparande varmesystem som samtidig betrar bevaringsmiljøa for bygningane og interiøret.

Opplysningsvesenets fond eig og forvaltar ein betydeleg eigedoms- og bygningsmasse. Fleire av dei gamle prestegardane er verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Vernet av desse held fram sjølv om buplikta for prestar vart oppheva i 2015.

Tilskot av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet føreset ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for anlegget. Miljømessige tilhøve skal vurderast ved behandling av slike søknader. Søkarane skal mellom anna gjere greie for miljøstyring, materialval, energi, avfall, transport og naturinngrep.

Frå 1. juli 2016 er tilsette og verksemda i Nasjonalt pilegrimssenter overført frå Riksantikvaren til Kulturdepartementet ved Nidaros domkyrkjes restaureringsarbeid. Ein viser til omtale i Prop. 1 S (2016–2017) Kulturdepartementet under kap. 342 Kirkebygg og gravplasser

8.1.9 Kunnskapsdepartementet

Målet for Kunnskapsdepartementets arbeid på klima- og miljøområdet er at utdanning og forskning skal bidra til berekraftig utvikling og omstilling til lågutsleppssamfunnet gjennom utvikling og formidling av kunnskap som bidrar til ny innsikt, gode løysingar og folk med gode dugleikar.

Formidling av kunnskap og gode haldningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skulane. Grunnlaget for gode haldningar blir skapt i oppveksten, og det er derfor viktig at natur, miljø og kulturminne også er ein naturleg del av barnehagane og sku-

lane si verksemd. I Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag-Fordypning-Forståelse – En fornying av Kunnskapsløftet* er berekraftig utvikling foreslått som eitt av tre tverrfaglege tema som skal prioriterast i dei faga der det er relevant, når læreplanane i Kunnskapsløftet skal fornyast. Miljøforskning er støtta gjennom ulike satsingar og program i Forskingsrådet. I tillegg finansierer også universiteta og høgskulane mykje miljø- og klimarelevant forskning over grunnløyvinga si.

KDs rapport for 2015

I samarbeid med KLD har KD ført vidare arbeidet med Den naturlege skulesekken. Prosjektet medverkar til å styrkje kvaliteten i opplæringa og auke forståinga for nytten og bruken av naturfaga, og fremjar undervisning for berekraftig utvikling. Bidrag til EUs rammeprogram Horisont 2020 er òg viktig, der klima og berekraftig utvikling er eit gjennomgangstema. 60 pst. av budsjettet i Horisont 2020 skal gå til forskning som medverkar til berekraftig utvikling.

I 2015 er KDs samla finansiering av forskning på miljøområdet gjennom Forskingsrådet anslått til 552 mill. kroner. Talet omfattar forskning finansiert gjennom alle Forskingsrådets verkemiddel, også dei som ikkje er særskilt retta mot miljø. Om lag 35 pst. av midlane har gått til verkemiddel som er målretta mot miljø. Resten er finansiering gjennom dei generelle verkemidla til Forskingsrådet som fri prosjektstøtte, forskingsinfrastruktur, Senter for framifrå forskning (SFF), Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) osv. Auken på 50 mill. kroner frå 2014 skuldast mellom anna at det har kome i gang nye miljørelevante SFI-ar.

Forskning på miljøområdet omfattar både klima-, miljø- og energiforskning. Ein stor del av KDs midlar til miljøforskning gjennom Forskingsrådet går til polarforskning, klimaforskning og forskning på miljøvennleg energi. I tillegg får Senter for klimadynamikk ved Bjerknessenteret 25 mill. kroner årleg. Også Meteorologisk institutt har ei viktig oppgåve i å studere det norske klimaet, gi klimatologiske utgreingar baserte på observerte og modellerte data for fortid, nåtid og framtid, og formidle resultatane av dette arbeidet.

Artsdatabanken skal gi offentleg forvaltning, organisasjonar og andre brukarar oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om biologisk mangfald. Artsdatabanken skal òg vere ein pådrivar i utviklinga av infrastruktur for innsamling og formidling av data om det biologiske mangfaldet i Noreg.

Artsdatabanken samlar data frå ei rekkje institusjonar som universitetsmusea, miljøfor-

skingsinstitutta, forvaltningsorgan og frivillige organisasjonar. I dei seinare åra har dei òg fått tilgang til data som er samla inn i samband med konsekvensutgreiingar, frå konsultentselskap og andre kommersielle verksemdar. Viktige produkt og tenester frå Artsdatabanken er Raudlistene for artar og naturtypar, Svartliste for framande artar og ulike tenester som koplar naturkunnskap med elektroniske kart. Tenestene til Artsdatabanken er særleg viktige for miljøforvaltning, undervisning og forskning, men dei har òg vorte svært populære blant allmenta, som opptrer som både brukarar og bidragsytarar. Dei to viktigaste resultatane for Artsdatabanken i 2015 var lanseringa av Norsk raudliste for artar 2015 og ein ny versjon av Natur i Noreg (NiN 2.0). Begge viser at Artsdatabanken har godt samarbeid med kunnskapsprodusentane og dataleverandørane og har gitt eit betre grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning.

Norsk klimaservicesenter (KSS) er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt (leiar), Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Uni Research/Bjerknessenteret, der hovudformålet er å få fram og presentere det vitskapelege grunnlaget for klimatilpassing i Noreg. Mykje av arbeidet i KSS har frå 2014 vore finansiert av Klima og miljødepartementet, men dei involverte institusjonane bidreg òg ein heil del. I 2015 publiserte KSS rapporten *Klima i Norge 2100, Kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing oppdatert i 2015*, og ein nettportal (klimaservicesenter.no) med bakgrunnsinformasjon om klimatilpassing. I 2016 skal kunnskapen frå rapporten takast ned på regionalt/lokalt nivå ved at det blir utarbeidd klimaprofilar for ulike fylke. Konseptet er utvikla av NVE og Meteorologisk institutt i samarbeid med brukarar. Klimaprofilane vil bli ein reiskap for lokal/regional planlegging av klimatilpassing.

KDs plan for vidare arbeid

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2015–2024 (Meld. St. 7 (2014–2015)) gir dei politiske føringane for KDs satsing på dette området. Langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar, men meir konkrete mål for innsatsen i den første fireårsperioden, der regjeringa forpliktar seg til å følge opp prioriteringane i dei årlege statsbudsjetta.

KSS vil halde fram med å detaljere klimainformasjon som grunnlag for klimatilpassing lokalt. Mellom anna tek ein sikte på å betre berekningsmetodar og presentasjon av dimensjonerande verdiar for korttidsnedbør, og på å utvikle

nye produkt for klimatilpassing i lag med viktige brukarar.

Artsdatabanken er sentral i oppfølginga av Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald under det som er Artsdatabankens ansvarsområde.

8.1.10 Landbruks- og matdepartementet

Norsk landbruk tilbyr forbrukarane mat som er produsert på ein helse- og miljøvennleg måte, forvaltar store innmarks- og utmarksområde som medverkar til natur-, kultur- og friluftsverdiar og forsyner samfunnet med fornybare byggjemateriale og energi.

Berekraftig landbruk er eit av hovudmåla i Landbruks- og matdepartementets (LMD) politikk. Miljøsatsinga i jordbruket skal medverke til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket og til å halde ved lag jordbrukets kulturlandskap.

LMDs rapport for 2015

Miljøsatsinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakkar. 22 100 føretak fekk utbetalt midlar innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) i 2015 for gjennomførte tiltak i vekstsesongen 2014 for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, hindre gjengroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. Totalt vart det løyvd 430 mill. kroner under RMP i 2014. Om lag 61 pst. av dei lokale midlane (Spesielle miljøtiltak i jordbruket) vart løyvde til tiltak for å fremje verdiar i jordbrukets kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfald og friluftsliv, mens 32 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureining til vatn. I tillegg samfinansierer landbrukssektoren og miljøsektoren satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket kvar med 6 mill. kroner i 2015 (totalt 12 mill. kroner). 22 område som inneheld særskilde verdiar knytte til naturmangfald og kulturminne og kulturmiljø er peikte ut. Liknande samfinansiering er det for verdsarvstadene Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan, der verdiane i områda m.a. er knytte til jordbrukets kulturlandskap og er avhengige av aktiv jordbruksdrift. LMD bidreg med 3 mill. kroner.

Beitande dyr og aktive setrar er viktig for å ta vare på jordbrukslandskap og for å halde ved lag mange plante-, sopp- og dyrearter. I 2014 blei det gitt tilskot til totalt 2,3 millionar husdyr på utmarksbeite. Ser ein perioden frå år 2000 til 2014, vart det ein nedgang på knapt 3 prosent på beitande dyr.

Stortinget behandla jordvernstrategien til regjeringa den 08.12.2015 og vedtok innstillinga til næringskomiteen, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak 140 fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar, og bad regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2015 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 6 341 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk. Talet på dekar godkjent nydyrka mark gikk ned frå 18 572 dekar i 2014 til 18 139 dekar i 2015, men ligg framleis på eit høgt nivå samanlikna med tala på 2000-talet. I alt blei 878 søknader behandla i 2015. Sidan 2007 er godkjent nydyrka mark 15 870 dekar per år i gjennomsnitt.

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar er nødvendig for å sikre variasjon og unngå tap av sortar, arter og rasar. Svalbard globale frøkvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i verdas genbankar. Ved utgangen av 2015 romma frøkvelvet sikkerheitskopiar av 837 858 frøprøvar frå 67 institusjonar verda over. I 2015 vart for første gongen henta ut frø frå frøkvelvet. The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA), i Aleppo, Syria bad om å få tilbake 128 boksar med frø av dei totalt 325 boksar med frø som dei har lagra på Svalbard. Føremålet med uttaket var å dyrka fram nye frø for lagring i nabolanda til Syria og å sende nye friske frø tilbake til Svalbard. I tillegg blei det deponert 36 130 ulike nye frø i frøkvelvet frå 15 genbankar.

Det blir òg løyvd særleg tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Tal frå 2015 viser at alle utanom ein av dei bevaringsverdige storferasane har hatt ein auke i talet på avlskyr, medan den kritisk truga storferasen Vestlandsk raudkulle har hatt ein tilbakegang på 5 pst.

Landbruks- og matdepartementet ga òg i 2015 støtte til vidare arbeid med prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS), som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologiske mangfald i skog. Det vart løyvd 4,4 mill. kroner til dette arbeidet for 2015. I 2015 vart det utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 2,3 mill. dekar skog. Dette er noko mindre enn året før, men fordi desse prosjekta går over fleire år svingar tala frå år til år. Med bakgrunn i dei behova for tilskotsmidlar fylkesmennene melder er det grunn til å tru at aktiviteten vil auke framover.

Areal i økologisk drift utgjorde i 2015 om lag 4,5 pst. av det totale jordbruksarealet i Noreg. Omsetnaden av økologiske matvarer i norsk dag-

legvarehandel var svært stor i 2015. Samla for alle produktgrupper auka omsetning av økologiske produkt i daglegvarehandelen med nesten 15 pst. frå 2014 til 2015. Totalt vart det omsett økologisk mat for om lag 2 mrd. kroner i 2014, tilsvarende 1,6 pst. av totalmarknaden.

LMDs plan for vidare arbeid

Departementet vil følgje opp arbeidet med genetiske ressursar, Svalbard globale frøkvelv, og delta aktivt i dei aktuelle internasjonale prosessane under FNs organisasjon for mat og landbruk, FAO (Food and Agriculture Organization) og den Internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk.

Det er tverrpolitisk semje i Noreg om å arbeide for å avgrense matsvinnet. LMD vidarefører med å førebyggje og redusere matsvinn, blant anna gjennom intensjonsavtala om reduksjon av matsvinn med fire andre departement og matbransjen, som har som mål å lage ei meir forpliktande bransjeavtale innan utgangen av 2016.

LMD vil føre vidare satsinga på bioenergi i 2017 med ei uendra ramme til Bioenergiprogrammet som blir forvalta av Innovasjon Noreg. Det er òg øyremerkte midlar til forskning og utgreiing til klimaformål, og støtta til levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blir ført vidare. Gjennom eit samarbeid mellom programmet Bionær i Forskningsrådet og Innovasjon Noreg blir det arbeidd aktivt med å utvikle løysingar for å auke biogassproduksjonen basert på husdyrgjødsel. Arbeidet blir koordinert med satsinga på biogass under Bioenergiprogrammet.

LMD vil styrkje verdsarvsatsinga Vestnorsk fjordlandskap med 0,5 mill. kroner i 2017.

Anslaget for naturskadeerstatningar som kjem til utbetaling i 2017 vil minke med omlag 13 mill. kroner.

8.1.11 Nærings- og fiskeridepartementet

Næringsverksemd kan ha miljømessige konsekvensar som naturinngrep, tap av naturmangfald, forureining av jord, luft og vatn og utslepp av klimagassar til atmosfæren. Ein god nærings- og miljøpolitikk vil søkje å avgrense miljøkonsekvensane av næringsverksemd innanfor rammene av ei berekraftig utvikling der òg omsynet til langsiktig verdiskaping blir teke vare på.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sitt overordna mål er størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi, innanfor berekraftige rammer. NFD arbeider for at norsk næringsliv kan ut-

nytte moglegheitene som ligg i auka vektlegging av klima- og miljømål i politikktutforming og marknader. Ein aktiv innovasjonspolitikkk for å fremje utvikling og kommersialisering av meir miljøvenlege teknologiar og tenester er ein viktig del av dette arbeidet.

Hovuddelen av NFDs klima- og miljøinnsats går til miljørelatert ressurs- og næringsforskning, tiltak for å stimulere til utvikling av klima- og miljøteknologi, opprydding etter gruvedrift og industri, tiltak for berekraftig forvaltning av fiskeressursar og berekraftig havbruk, og til oppbygging av kunnskap om marine ressursar.

NFDs rapport for 2015

Innovasjon Noreg tildelte i 2015 totalt 1 113 mill. kroner til miljøretta prosjekt. For prosjekt over NFDs budsjett gjekk 47 pst. av tildelingane til miljøretta prosjekt. Den viktigaste ordninga er Miljøteknologiordninga, som gir tilskot til pilot- og demonstrasjonsprosjekt innan miljøteknologi.

Miljøretta forskning innafor marin og maritim sektor inkluderer forskning både på miljøkonsekvensar av påverknad i marine økosystem og korleis verksemder innafor desse sektorane kan drivast med mindre miljøkonsekvensar. Det er òg omfattande forskning på konsekvensen av klimaendringar for marine økosystem og ressursar. Ei rekkje av dei andre næringsretta programma gir òg bidrag til miljørelevant forskning innafor klima, energi og industri.

Klimaendringane har forsterka behovet for reduserte utslepp av klimagassar og partiklar, og å utvikle meir energieffektive fartøy. Miljø er eitt av dei prioriterte satsingsområda i regjeringa sin maritim strategi, som vart lagt fram i mai 2015.

For å utnytte potensialet for sjømatproduksjon frå havbruk, er det avgjerande med ein god miljøtilstand. Driftsmetodar og teknologi må utviklast i takt med auka produksjonsvolum for å hindre uakseptable miljøkonsekvensar. I november 2015 vart det etablert ei ordning med utviklingsløyve for å leggje til rette for å ta i bruk teknologi som kan medverke til å løyse miljø- og arealutfordringane havbruksnæringa står overfor.

NFDs plan for vidare arbeid

NFD vil medverke til å utvikle og ta i bruk miljøteknologi og meir miljøvennlege varer og tenester, mellom anna gjennom miljøteknologiordninga til Innovasjon Noreg.

Innan Noregs forskingsråds program BIA, EnergiX, Nano2021, Bionær, Havet og kysten og Maroff vil det bli gitt støtte til prosjekt som venteleg har eit potensial for å påverke klimagassutslepp på kort og lang sikt. Forskinga på konsekvensen av klimaendringar for marine økosystem og ressursar vil bli ført vidare.

Eit grønt skifte i norsk maritim næring er viktig for norsk klima- og miljøpolitikk, og vil kunne styrkje verdiskapinga i norsk maritim næring og gi konkurransefortrinn. I 2016 er det etablert ei ny kondemnerings- og innovasjonslånordning for grønt fornying av nærskipsfartsflåten. Denne ordninga blir ført vidare i 2017. Det er lagt opp til å forhandle med næringsorganisasjonane om ei ny avtale som grunnlag for vidare fritak for NO_x-avgift etter 2017.

Direktoratet for mineralforvaltning skal arbeide for at Noregs mineralressursar blir forvalta og utnytta til det beste for samfunnet. Dette omfattar også å syte for forsvarleg og berekraftig forvaltning av mineralressursar og redusere miljømessige konsekvensar av tidlegare mineraluttak.

Det er enno ikkje bestemt når nokre av dei norske nukleære anlegga skal avviklast. NFD tok 15. april 2016 i mot to kvalitetssikringsrapportar knytte til dekommissjonering av dei nukleære anlegga i Halden og på Kjeller. Opprydding er berekna å ha ein samla kostnad på 14,5 mrd. kroner over fleire tiår.

Implementering av det nye produksjonsreguleringsregimet i havbruksnæringa er viktig for å sikre at den ønskede auken i havbruksproduksjonen skjer innanfor miljømessig akseptable rammer. Det vil bli prioritert å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for estimat av fiskesbestandar, og det må sikrast ein tilstrekkeleg kontroll med bestandsuttaket. Det er viktig å utvikle og ta i bruk fiskemetodar som reduserer utkast av fisk og bifangst og gjer mindre skade på botnhabitat. Innsatsen mot ulovleg, ikkje rapportert og ikkje regulert fiske (UUU-fiske) er særleg viktig for å sikre ei berekraftig hausting av dei globale fiskeressursane. NFD vil gå gjennom eksisterande arealtiltak for å vurdere om dei beskyttar eit representativt utval av naturtypar.

8.1.12 Olje- og energidepartementet

Klima- og miljøutfordringar i olje- og gassutvinning er utslepp til luft og til sjø. Vassdragsutbyggingar og andre energirelaterte utbyggingar kan føre med seg inngrep i natur- og kulturmiljø. Om-

synet til miljø og berekraftig utvikling er og har alltid vore ein integrert del av den norske petroleums- og energiverksemda. Ei rekkje reguleringar medverkar til at det blir teke omsyn til miljøet i alle fasar av petroleumsverksemda og ved utbygging og produksjon av fornybar energi. Det har gjennom fleire år blitt gjennomført omfattande tiltak.

Olje- og energidepartementet vil i 2017 følgje opp innsatsområde i klimapolitikken og halde fram arbeidet for å følgje opp og forsterke klimaforliket gjennom teknologiutvikling, uttesting, FoU og energiomlegging på olje- og energiområdet.

OEDs rapport for 2015

Enova sitt mandat blei i 2015 utvida til å omfatte transportsektoren. Gjennom denne utvidinga omfattar Enova si verksemd aktivitetar som står for over tre fjerdedelar av energibruken og utslepp av klimagassar i Noreg. Enova har i den samanhengen fått eit nytt sjuande hovudmål som seier at Enova skal medverke til å redusere klimagassutsleppa i transportsektoren.

Gjennomføringa av EU sitt vassdirektiv med tilhøyrande forvaltingsplanar er viktig for å fremje ei heilskapleg forvaltning av vassressursane, og OED har saman med NVE medverka aktivt til dette. NVE har delteke i planarbeidet og bidrege med kunnskap om vassdraga, relevante miljøtiltak, hydrologisk overvaking og oversikt over konsesjonsvilkår. Vidare har NVE hatt ei viktig rolle for å sjå etter at vassregionane har følgd opp nasjonal rettleiing og nasjonale føringar gjevne av OED og KLD for korleis miljømåla skal setjast i regulerte vassdrag. Ved eventuelle framtidige miljøpålegg må samfunnsverdien av miljøomsyn vere større enn samfunnstapet knytt til redusert energiproduksjon.

Regjeringa presenterte i statsbudsjettet for 2015 sin strategi for CO₂-handtering. Denne inkluderer forskning, utvikling og demonstrasjon, arbeidet med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering. Departementet har hatt tett dialog med statsføretaket Gassnova om oppfølginga av teknologisenteret på Mongstad og samarbeidd om å studere aktuelle prosjekt for fullskala CO₂-handtering i Norge. Som del av fullskalaambisjonen vart det derfor gjennomført ei idéstudie som vart overlevert departementet mai 2015. Regjeringa foreslo å føre vidare arbeidet med å utgreie muligheter for fullskala CO₂-handtering i statsbudsjettet for

2016 og sette på den bakgrunn i gang arbeid med meir detaljerte moglegheitsstudiar hausten 2015.

CLIMIT er det offentlege støtteprogrammet for FoU og demonstrasjon av teknologiar for fangst og lagring av CO₂ frå fossilt basert kraftproduksjon og industri. Programmet er administrert av Gassnova saman med Noregs forskingsråd. På kort sikt er CLIMIT retta mot å få ned kostnader knytte til CO₂-handtering og etablere metodar for sikker geologisk lagring av CO₂.

Innanfor energisektoren er FoU viktig for å utnytte dei norske energiressursane effektivt og utvikle naudsynt kompetanse for langsiktig verdiskaping og næringsutvikling. Den offentlege innsatsen er retta mot meir effektiv energiproduksjon, energioverføring og energibruk, auka energitilgang basert på miljøvennleg energi, betre tryggleik og fleksibilitet. Satsinga på FoU er eit sentralt element i regjeringa sin intensjon om at Noreg skal vere ein føregangsnasjon innan miljøvennleg energibruk og energiproduksjon.

Energi21 er styresmaktene og næringa sin strategi for FoU i energisektoren. Miljøvennleg energiproduksjon og energieffektivisering står sentralt i mandatet for strategien. Energi21 løfter fram vasskraft og fleksible energisystem som to særleg viktige tilrådde satsingsområde. Vidare vert solkraft, havvind, energieffektivisering og CO₂-handtering tilrådde som prioriterte innsatsområde.

ENERGIX er Forskingsrådet sitt store, målretta program for fornybar energi, effektiv energibruk, energisystem og energipolitikk, og miljø- og klimavenleg transport. 62 prosent, 238 mill. kroner, av det samla budsjettet til ENERGIX i 2015 blei finansiert av OED. Programmet skal medverke til utviklinga av eit heilskapleg energisystem som tek omsyn til berekraft og naturmiljøet. ENERGIX er det viktigaste programmet i Noregs forskingsråd for forskning for reduserte utslepp. Dette gjeld òg for forskning for lågare utslepp i og for næringslivet. I 2015 gjekk om lag 282 mill. kroner til dette føremålet.

OED løyver òg midlar til ti av dei elleve forskingssentra for miljøvennleg energi (FME) som vart oppretta i 2009–2010. Det har i 2015 vore høg aktivitet ved sentra, med god deltaking frå brukarpartnarar frå industrien og frå internasjonale forskingspartnarar. Dei samfunnsvitenskaplege FME-ane blei midtvegsevaluerte i 2015. Konklusjonen i gjennomgangen var at FME-ordninga har vore viktig både for den samfunnsvitenskaplege og den meir teknologisk retta energi- og klimaforskninga i Noreg og for aktørar i privat og offentleg sektor.

For ei meir detaljert omtale av regjeringa sin satsing på FoU for energi og CO₂-handtering, viser ein til Olje- og energidepartementet sin budsjettproposisjon, kap. 18.30.

OEDs plan for vidare arbeid

Enova er, i samspel med verkemiddelapparatet elles, eit sentralt verkemiddel i utviklinga av eit energisystem for framtida og lågutsleppsambundet. Olje- og energidepartementet vil inngå ei ny styringsavtale med Enova for perioden 2017 til 2020. Enovas overordna mål skal vere reduserte klimagassutslepp, styrkt forsyningsikkerheit for energi og teknologiutvikling som på lengre sikt òg medverkar til reduserte klimagassutslepp.

Regjeringa legg opp til fortsatt styrka satsing gjennom Enova. For å sikre bedra forutsigbarheit for Enovas virksomheit, legg Regjeringa opp til at ordninga med Fond for klima, fornybar energi og energiomlegging avviklast frå og med 2018, og at overføringa til Energifondet frå same tidspunkt erstattas med ein ordinær utgiftspost, overføring til Klima- og energifondet, fråkopla frå rentenivået. Den årlege overføringa trappast opp til 2 mrd. kroner frå og med 2018. I tillegg kjem inntekter frå påslaget på nettariffen. Det visast til nærare omtale under Olje- og energidepartementets budsjettproposisjon, kap. 18.25, post 50.

Teknologiseret for CO₂-fangst på Mongstad (TCM) står sentralt i regjeringas satsing på karbonfangst- og lagring. TCM vart offisielt opna i mai 2012 og det har vorte gjennomført kontinuerlege testaktivitetar ved anlegget sidan. Avtala mellom staten, Statoil, Shell og Sasol som regulerer eigarskap og drift av anlegget går ut i august 2017. Staten, Statoil og Shell har blitt samde om rammer for forhandlingar om vidareføring av anlegget, i første omgang i tre år til. Målet er å bli einige om ei avtale innan utgangen av 2016. Det vert arbeidd med å rekruttere fleire eigarar til selskapet.

I 2016 gjennomførte Olje- og energidepartementet i samarbeid med Gassnova og Gassco ei studie av moglegheitene for fullskala CO₂-handtering i Noreg. Tre industriaktørar har gjennomført studiar av CO₂-fangst; Norcem AS har vurdert moglegheitene for fangst av CO₂ frå røykgassen ved sin sementfabrikk i Brevik, Yara Norge AS har vurdert fangst frå tre ulike kjelder ved ammoniakfabrikken på Herøya i Porsgrunn og Energi-gjenvinningsetaten i Oslo kommune (EGE) har vurdert fangst frå energigjenvinningsanlegget på Klemetsrud (Klemetsrudanlegget AS). Gassco har studert ulike transportløyningar mens Statoil har gjennomført moglegheitsstudiar av CO₂-lag-

ring på ulike lokasjonar på norsk kontinentalsokkel med tilhøyrande utbyggingsalternativ. Studiane syner at fleire alternativ for fangst, transport og lagring er moglege. Regjeringa vil setje i gang konseptstudiar av moglege fullskala demonstrasjonsanlegg for CO₂-handtering i Norge. Konseptstudiane vil vare til hausten 2017. Arbeidet inneber å studere løysningar for fangst-, transport- og lagring av CO₂ med mål om at eit grunnlag for investeringsavgjerd kan vere utarbeidd hausten 2018.

Regjeringa har foreslått å løyve 286 mill. kroner til ENERGIX i 2017, ein auke på 35 mill. kroner. Auken skal styrkje og vidareutvikle verkemiddel som kan løfte miljøvennlige energiteknologiar frå forskingsfasen og vidare til uttesting. Formålet er å sikre at fleire bedrifter gjennomfører heile teknologiutviklingsløpet frå forskingsidé til kommersialisering. Styrkinga skal medverke til at norsk næringsliv hevdar seg i den internasjonale marknaden for miljøteknologi, og satsinga er difor sentral i regjeringa sitt arbeid med omstilling og grøn vekst.

Dei nye forskingssentra for miljøvennlig energi (FME) blei gjort kjent i mai 2016. Åtte nye senter er etablert innanfor CO₂-fangst og -lagring, miljøvenleg transport, vasskraft, biodrivstoff, energieffektivisering i industrien, smarte energisystem, nullutslepp i byområde og solceller. FME-ordninga er ein av dei viktigaste berebjelkane for Noreg si satsing på forskning, utvikling og innovasjon for framtidas berekraftige energisystem. Senterordninga ligg under Noregs forskingsråd og inneber støtte til forskingssenter samansette av forskingsinstitusjonar, næringsliv og forvaltning. FME-ane kan vare i inntil åtte år, men blir vurderte etter fem år. For ei nærare omtale av Forskingssenter for miljøvennleg energi viser ein til Olje og energidepartementet sin budsjettproposisjon kap. 18.30.

I samband med statsbudsjettet for 2016, jf. Innst. 2 S (2015–2016), vedtok Stortinget 3. desember 2015 anmodning nr. 69 der Stortinget ba regjeringa førebu opprettinga av Fornybar AS («Greenfund»). Eit fond som saman med private skal kunne investere i selskap som utviklar og nyttar grøn teknologi. Arbeidet med å opprette eit slikt nytt investeringsselskap vart gitt ein omtale i revidert nasjonalbudsjett for 2016, jf. Prop. 122 S (2015–2016). Regjeringa vil opprette eit investeringsselskap. Formålet til investeringsselskapet skal vere å bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar som direkte eller indirekte bidrar til reduserte klimagassutslepp. Innsatsen gjennom investeringsselskapet skal vere eit bi-

drag til at vi når klimamåla. For nærare omtale av investeringsmandat og organisering av det nye investeringsselskapet samt budsjettmessige konsekvensar, sjå Olje og energidepartementet sin budsjettproposisjon kap. 18.25.

8.1.13 Samferdselsdepartementet

Eitt av Samferdselsdepartementets (SD) hovudmål er å avgrense klimagassutslepp, redusere miljøskadelege verknader av transport, og medverke til å oppfylle nasjonale mål og Noregs internasjonale forpliktingar på helse- og miljøområdet. Bygging, drift og vedlikehald av vegar, jernbane, flyplassar og hamner kan medføre betydelege klimagassutslepp og irreversible endringar i naturmangfaldet. Ei optimal innretting av bygging, drift og vedlikehald, og satsing på jernbane, sykkel, gange og kollektive løysingar, kan likevel avgrense miljøpåverknad frå trafikken.

For å redusere utslepp må det blant anna fastast inn ny og miljøvennleg køyretøyteknologi for alle transportformene. Vidare må det leggjast til rette for meir miljøvennlege transportformer for å nå målet om at vekst i byområda skal takast av kollektiv, sykkel og gange. Det må òg leggjast til rette for at ein ved bygging, drift og vedlikehald tek i bruk miljøvennleg teknologi.

SDs rapport for 2015

Transport er ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp i Noreg. Sjå avsnitt 8.1.4 for oversikt over utslepp og utsleppsreduksjonar i transportsektoren.

Klimagassutsleppa frå vegtrafikken har auka med 32,2 pst. sidan 1990. I 2015 var klimagassutsleppa frå vegtrafikken 10,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette utgjør 19,1 pst. av dei nasjonale klimagassutsleppa. Utsleppauken i 2015 var på 0,8 pst., mens trafikkveksten var 2 pst. Fleire køyretøy og auka køyrelengder aukar utsleppa. Samtidig gir meir energieffektive køyretøy, el-/hybridbilar og innblanding av biodrivstoff lågare utslepp. Ved behandling av klimameldinga sette Stortinget eit mål om at utslepp frå nye personbilar ikkje skal overstige eit gjennomsnitt på 85 g CO₂/km i 2020. Utsleppa frå nye bilar er redusert frå 177 til 100 g/km frå 2006 til 2015 og til 94 g/km første halvår 2016.

Talet på elektriske personbilar passerte 50 000 i april 2015, og var 85 054 i første halvår 2016, mot 53 036 på same tid i fjor. I tillegg kjem 1 805 elektriske varebilar. Salet/nyregistreringane av nye og bruktimporterte elektriske personbilar i 2015 var

på 30 910. I første halvår av 2016 har 15,1 pst. av nye personbilar vore elbilar. I tillegg kjem brukimport. Det vart selt 18 355 hybridar første halvår i år mot 8 558 på same tid i fjor. Av desse var 10 279 ladbare hybridar. Ladbare hybridbilar har fått eit kraftig oppsving etter at vektfrådraget i ein-gongsavgifta vart auka frå og med 1. januar 2015, og utgjør 13,2 pst. av nybilsalet så langt i år. Til saman står elbilar og ladbare hybridbilar for 28,3 pst. av salet i første halvår 2016. Det finst no 85 054 registrerte elektriske personbilar, og 70 594 hybridar der 23 179 er ladbare, samt 1 805 elektriske varebilar med norske skilt.

Transport gir òg lokal luftforureining. Det var ikkje brot på forureiningsforskrifta for svevestøv i 2015. Dei viktigaste kjeldene til svevestøv er eksosutslepp, vegslitasje, vedfyring, og langtransportert forureining. Det var overskridingar av grenseverdiane for NO₂ i 2015 i Oslo. Den viktigaste kjelda til lokal luftforureining er vegtrafikk.

Statens vegvesen har i 2015 hatt eit program for å skaffe meir erfaring med støysvake vegdekke. I tillegg til tiltak som gjeld køyretøy, bildekk og støysvake vegdekke, er det viktig å halde ved like eksisterande støyskjermer. Det er blitt utarbeidd eit nytt fartsgrensesystem, der miljø, menneskets tåleevne ved samanstøyt, vegens geometri og trafikantens forståing er grunnpilarar. Støy vil også bli vurdert. Etter planen vil nye kriterium for alle fartsgrenser bli vedtekne i løpet av 2017.

Det kan vere vanskeleg, eller umogleg, å reversere konsekvensane av utbygging av mellom anna infrastruktur for naturmangfaldet. Ein må derfor vere varsam både ved planlegging og bygging av nye samferdselsanlegg og ved drifta av eksisterande anlegg. Det blei i 2015 starta eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen og Jernbaneverket for å kome fram til eit sett av standardiserte metodar for gjennomføring av før- og etterundersøkingar i samferdselsprosjekt.

Vegsalting kan påverke jordsmonn og vegetasjon, grunnvatn og overflatevatn. Tilsig av vegsalt held fram å vere ein betydeleg miljøpåverknad i fleire vegnære innsjøar, gjennom mellom anna saltindusert sjikting og endra oksygentilhøve i vassøyla. Dei seinare åra har det vore ein aukande tendens i samla saltbruk i vegsektoren, trass i at det har vore sett i verk fleire tiltak for å redusere bruken av salt.

For å redusere klimagassutslepp frå flytrafikken, er det framleis viktig med flåtefornyng og effektivisering av luftrommet. Dessutan kan innføring av biodrivstoff i luftfarten bli avgjerande for å redusere dei samla klimagassutsleppa. Frå januar

2016 kan alle flyselskap som tankar på Oslo Lufthamn kjøpe jet biodrivstoff.

Effektivisering i luftrommet og optimalisering av landingar og avgangar er viktige tiltak.

Avinor ønskjer å vere ein pådrivar og leggje til rette for at mest mogleg av transporten til og frå lufthamnene kan skje med kollektive transportmiddel. Avinor har fly- og helikopterstøy som eit av sine viktigaste tiltaksområder innan ytre miljø.

Anlegg, drift og vedlikehald av maritim infrastruktur medfører klimagassutslepp, miljøutslepp og irreversible endringar i naturmangfaldet.

Fleire hamner har innført rabattordningar for miljøvennlige skip basert på Environmental Ship Index (ESI). Kystverket innførte i 2015 ei slik rabattordning knytt til losberedskapsavgifta. Effektivisering av navigering, transport og logistikk bidreg til redusert drivstofforbruk og til å styrkje skipsfarten.

Kystverket har i 2015 samarbeidd med Miljødirektoratet og Sjøfartsdirektoratet om å vurdere miljøeffekten og næringskonsekvensane av å avvise skip frå sentrumsnære hamner som eit tiltak mot akutt luftforureining. Rapporten, som vart levert i 2016, konkluderer med at avvising av skip frå hamn kan ha ein viss effekt som eit akutt tiltak for å betre luftkvaliteten i Bergen og i Stavanger, men det føreset at ei rekkje kriterium er oppfylte.

Kystverket har som målsetjing i løpet av 2017 å innføre krav om etterundersøkingar i alle prosjekt der det kan vere risiko for store negative konsekvensar for naturmangfaldet.

SDs plan for vidare arbeid

Jernbaneverket sin handlingsplan for energieffektivisering (2014–2017) peikar ut tiltak som skal gjennomførast i 2017. Mellom anna vil eit system for energimåling og -oppfølging (EOS) for å følgje opp energibruken i Jernbaneverket vere i drift. Jernbaneverket held fram med å bytte ut anlegg for oljefyr i eigne bygg. Regulering og isolering av sporvekselvarme og skifting til LED-lys vil halde fram i 2017. Jernbaneverket vil halde fram med å berekne utsleppa av klimagassar av utbyggingsprosjekt, og har som mål å utvide verktøyet for berekningar av byggjeutslepp til å omfatte meir enn sjølve bygginga av jernbanetrasear og plattformer. I 2017 vil Jernbaneverket revidere sin handlingsplan for energieffektivisering for perioden etter 2017 og inkludere fleire klimatiltak.

I 2016 starta Jernbaneverket arbeidet med den femårlege rullerande støykartlegginga, som i samsvar med Forureiningsforskrifta og EU sitt rammedirektiv for støy skal leverast i 2017.

Kystverket, Jernbaneverket, Statens vegvesen og Avinor AS deltek alle i arbeidet med å følgje opp vassforskrifta. Jernbaneverket har sett i gang ei omfattande og systematisk kartlegging av forureina grunn. Kartlegginga skal vera ferdigstilt i løpet av 2016, og vil resultere i ei prioriteringsliste som viser kor tiltak må setjast inn. Dei høgst prioritererte tiltaka vil bli gjennomførte i 2017. Jernbaneverket ser behovet for å setje i gang arbeidet med ein handlingsplan på naturmangfald i 2017.

Arbeidet med pilotprosjekt for fysisk kompensasjon for jordbruks- og naturverdiar skal vidareførast i 2017.

Ingen vegprosjekt som opnar i 2017 er vurdert til å ha svært stor negativ konsekvens for naturmiljø, og ingen vegprosjekt som opnar i 2017 vil ha inngrep i eller nærføring til nasjonalparkar eller landskapsvernområde. I 2017 vil ein registrert konflikt mellom veg og naturmangfald bli utbetra. I 2017 skal noko nær halvparten av innsjøane som blei undersøkte i 2015/2016 følgjast opp med vidare prøvetaking for å sjå nærare på utviklinga over tid. Det blir arbeid vidare med å redusere saltforbruket utan redusert trafikksikkerheit og framkome.

Nye krav til utslepp av NO_x og NO₂ blir fasa inn i perioden 2014–2016 som følgje av EURO 6-krava. Statens vegvesen har undersøkt utslepp frå Euro 6-bilar ved låge temperaturar. Resultata så langt i arbeidet viser at NO_x- og NO₂-utslepp frå tunge kjøretøy som bussar og lastebilar blir kraftig redusert for EURO 6-kjøretøy, mens dieseldrivne privatbilar ikkje oppnår like god effekt av innføring av EURO 6-krava. Arbeidet med utsleppsmålingar blir ført vidare i 2017.

Det skal vurderast nærare korleis hamnene kan utviklast til energiknutepunkt med tilgang til ladeinfrastruktur, landstraum og klima- og miljøvennlige drivstoff. Gjennom planen for fornying av fartøy vil Kystverket føre vidare arbeidet med overgang til låg- og nullutsleppsløysingar for eigne fartøy og dermed medverke til teknologiutviklinga i sektoren.

SDs arbeid med klimatilpassing 2017

Klimaendringar skapar utfordringar for vegnettet, både med omsyn til tilstanden til vegen og vegens funksjon. I store delar av Noreg er det venta meir intens nedbør og dermed større risiko for flaum, svikt i drenering, erosjon og skred. Dette medfører krevjande tilhøve for drift, og spesielt vinterdrift.

Staten vegvesen vil føre vidare arbeidet med å ta omsyn til dei varsla klimaendringane ved ut-

greiing, planlegging, utbygging, forvaltning, drift og vedlikehald av infrastruktur, og dimensjonera ny infrastruktur til å motstå hardare klimapåkjenningar.

For å styrkje evna til å førebyggja og handtera ikkje ønskete hendingar samarbeider Statens vegvesen med ei rekkje andre verksemder og etatar om mellom anna ei nasjonal skredvarsling for heile landet og vidareutvikling av geo- og klimadata med tilhøyrande databasar.

På bestilling frå departementet, utarbeider Statens vegvesen ein strategi for samfunnstryggleik og klimatilpassing. Strategien skal følgjast opp med ein handlingsplan.

For å tilpasse Avinors verksemd til klimaendringane skal verksemda ha fokus på dei utfordringane klimaendringane kan medføre for drift, vedlikehald og utbygging av infrastruktur for luftfarten.

Hamneoperasjonar må kunne gjerast sikkert og effektivt også med høgare havnivå og bølger i kombinasjon med stormflod. I farleia kan forverring av vind-, bølger og straumforhold medføre auka ulykkes- og miljørisiko, og dermed få følgjer for sjøsikkerheitstiltak, beredskap mot akutt forureining og dimensjonering av infrastruktur. Kystverket har i 2015 utarbeidd ein klima- og miljøstrategi med følgjande mål: «Kystverket skal forberede og tilpasse vår verksemd til klimaendringane». Denne blir supplert med ny strategi for samfunnstryggleik.

8.1.14 Utanriksdepartementet

Arbeidet med klima har dei siste åra fått ein tydelegare plass i utanriks- og utviklingspolitikken. Satsinga på fornybar energi og støtta til Det grøne klimafondet for tiltak for utsleppsreduksjonar og klimatilpassing er hovudkomponentar i satsinga. Samtidig blir det satsa breitt på integrering av klima- og miljøomsyn i heile den norske utanriks- og utviklingspolitikken. Med vedtak av FN's berekraftsmål fekk verdssamfunnet ein ny agenda for berekraftig utvikling fram mot 2030. I dette arbeidet er det nødvendig å arbeide for synergi og samspel mellom alle måla, følgje opp måla om klima og miljø, og ta vare på dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling i arbeidet med alle måla.

Tiltak som reduserer utslepp av kortlevde klimaforureinarar, som sotpartiklar og metan, vil bli prioritert høgare i utviklingssamarbeidet. Regjeringa prioriterer å bistå utviklingsland med å gjennomføre internasjonale miljøavtaler, under dette gjennom støtte til Den globale miljøfasiliteten (GEF) som er finansieringsmekanisme for alle

dei viktigaste miljøavtalene. Fokusområda her er biologisk mangfald, klima, internasjonale vasspørsmål, ozonlaget, miljøgifter, forørkning og avskoging. FN's miljøprogram (UNEP) er ein sentral samarbeidspartnar for fleire av regjeringas prioriteringar, både for gjennomføring av Parisavtala om klimaendringar og for dei globale berekraftsmåla mot 2030, for kapasitetsbygging for grønt skifte i u-land og også som pådrivar og medspelar i Noregs innsats for kampen mot marin forsøpling og mikroplast.

Klima- og miljøarbeid er òg ein av hovudpilarane i EØS-ordninga. Programma har som formål å redusere klimagassutslepp og styrkje klimatilpassing, styrkje forvaltninga av biologisk mangfald og kulturarv, hav- og vassressursar og biologisk mangfald, og redusere utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Klima og miljø er dessutan ein viktig del av regjeringas satsing på Nordområda. Departementet jobbar for at Noreg skal vere ein langsiktig og truverdilig forvaltar av miljøverdiane også i nord, både nasjonalt, gjennom bilateralt samarbeid, og i regionale forum som Arktisk råd og Barentsrådet.

UDs rapport for 2015

Det vart i 2015 utbetalt ca. 6 mrd. kroner bistandsmidlar til klima- og miljøtiltak. I tillegg var det ved utgangen av 2015 sett av i overkant av 420 mill. euro til program innan klima, miljø og fornybar energi under EØS-ordninga. I tillegg kjem relevante prosjekt innan andre program under ordninga som grøn industriell innovasjon og sivilt samfunnsprogramma.

I oppløpet til FN's klimakonferanse (COP-21) sende utanriksministeren instruks til dei norske utanriksstasjonane om å gjennomføre eit aktivt klimadiplomati for å medverke til å oppnå ei avtale i Paris. Utanriksstasjonane følgde opp ved gjennomføring av mange ulike tiltak tilpassa sine respektive land og regionar. Det vart i 2015 òg utbetalt 28 mill. kroner til FN's Klimakonvensjon for å støtte sekretariatets oppfølging og gjennomføring av avgjerder under Klimakonvensjonen.

Satsinga på fornybar energi skjer gjennom bilateralt og multilateralt samarbeid, Norfund, internasjonale initiativ og støtte til frivillige organisasjonar. Noreg ga i 2015 energibistand til bl.a. Haiti, Liberia, Mosambik, Myanmar, Nepal, Tanzania og Uganda. Nokre døme på kva som er oppnådd i 2015:

- Liberia: 14 000 nye tilkoplingar til straumnett, ny energilov og rehabilitering av vasskraftverket Mt. Coffee.

- Nepal: medverka til at 130 000 fattige hushald fekk tilgang på straum og 300 000 fekk reint brennande omnar og biogass, og støtte til transmisjonslinjer under bygging.
- Tanzania: medverka til at 700 000 menneske på landsbygda fekk tilgang til moderne energiteknester og rehabilitering av vasskraftanlegg.
- Støtte til Asiabankens Clean Energy Financing Partnership Facility har sidan 2013 medverka til 6,7 TWh spart energi, 734 MW ny fornybar kraft og 7,6 mill. tonn reduserte CO₂-utslepp.
- Norfund investerte 328 mill. kroner i rein energi i 2015, og fullførte bygginga av nye kraftverk med til saman 340 MW produksjonskapasitet med vasskraft, sol og vind i Guatemala, Honduras, Peru, Panama og Sør-Afrika. I følge Norfund representerer dette 7,4 mill. tonn CO₂ i unngått utslepp.

For Det grønne klimafondet var 2015 året då fondet vart operasjonelt. Fondets investeringar i dei første åtte tiltaka, godkjent i november 2015, hadde ei finansiell ramme på 168 mill. dollar (ca. 1,4 mrd. kroner). Noreg støtta fondet med 400 mill. kroner i 2015.

Støtta til UNEP var på 90 mill. kroner i 2015. Det vart bl.a. gitt øyremerkte midlar til UNEPs arbeid med miljøkriminalitet og til fattigdoms- og miljøinitiativet (PEI). Sidan Noreg fremja vedtak om marin forsøpling på FN's miljøforsamling i 2014, har UNEP hjelpt 15 land med å utvikle handlingsplanar mot marin forsøpling, fremja samarbeid mellom FN-organisasjonar og miljøavtalene på dette området, og utarbeidd studie om kjelder til og omfanget av problemet.

Noregs bidrag til den globale miljøfasiliteten (GEF) var i 2015 på 108 mill. kroner. Midlane som blir gitt er ikkje øyremerkte og medverkar til innsatsar innan alle GEFs fokusområde. GEFs årlige prosjektrapport for 2015 fortel om aukande innverknad på politikk, auka grad av samfinansiering og opptrapping av innsats på dei fleste fokusområda.

Det har òg blitt arbeidd med fleire andre miljø- og klimatiltak, bl.a. anna:

- I 2015 vart det kanalisert 23,3 mill. kroner via Verdsbanken og International Institute for Sustainable Development (IISD) til land sitt arbeid med å reformere og redusere eller eliminere subsidiar som er ineffektive, handelsvridande og lite klima- og miljøvennlege.
- Verdas meteorologiorganisasjons (WMO) Globale rammeverk for klimatenester (GFCS) vart støtta med til saman 22 mill. kroner i 2015.

- Verdsbankens program Pollution Management and Environmental Health for betring av luftkvaliteten i utvalte byar i Afrika og Asia (Ghana, Nigeria, Sør-Afrika, Egypt, Kina, India, Vietnam) blir støtta med 20 mill. kroner pr. år i perioden 2014 til 2017.

For dei av EØS-midlane som går til klima- og miljø er det eit mål at programma som er støtta skal redusere CO₂-avtrykket med 350 000 tonn CO₂-ekvivalentar pr. år. Midlane har bl.a. medverka til utvikling av 26 nasjonale klimatilpassingsplanar og til styrking av offentleg forvaltningskompetanse om klimatilpassing.

I 2015 vart det utbetalt 23 mill. kroner til arktiske miljøvernprosjekt, av dette knapt 13 mill. kroner til prosjekt under Arktisk råd. Midlane har sikra gode resultat i ei rekkje klima- og miljøprosjekt under Arktisk råd, og utgjør eit vesentleg bidrag til Noregs samla innsats i Arktisk råds arbeidsgrupper.

Til prosjektsamarbeid med Russland og miljøprosjekt i Barentsregionen vart det utbetalt vel 25 mill. kroner. Viktige satsingsområde her var samarbeid om heilskapleg forvaltning av Barentshavet og grensenært miljøsamorbeid.

UDs plan for vidare arbeid

Det er anslått at den totale støtta til klima- og miljøområdet med bistandsmidlar (inklusive skog og rein energi) vil bli omtrent 5,3 mrd. kroner i 2016.

For norsk klimapolitikk er fornybar energi i utviklingspolitikken eit viktig bidrag. For å medverke meir effektivt til å nå berekraftsmåla og til utviklingslands arbeid med auka bruk av fornybar energi og energieffektivisering slik dette er nedfelt i landa sine innmelde klimaplanar (NDC) under Parisavtala, vil det bli lagt til grunn nye føringar for bistandssamarbeidet om fornybar energi. Hovudfokus vil vere tiltak som legg til rette for private og kommersielle investeringar. Viktige område vil vere policydialog og samarbeid om reformer, lovverk, institusjonsbygging, planlegging og regionalt samarbeid. Vidare vil regjeringa medverke til å redusere risikoen for private investorar gjennom bl.a. støtte til forstudiar, opplæring og infrastruktur. Bidrag til å sikre fleire tilgang til straum vil òg stå sentralt. Det skal utarbeidast ein metodikk for effektiv måling og rapportering av klimaeffekten av norsk satsing på fornybar energi.

Alle land er avhengig av vel fungerande økosystem. Regjeringa vil medverke, særleg gjennom

GEF, til internasjonalt samarbeid som sikrar biologisk mangfald i samsvar med internasjonale mål.

I Paris annonserte Noreg at støtte til Det grønne klimafondet (GCF) kan aukast med inntil ei dobling innan 2020 dersom fondet får på plass ein finansieringsmekanisme for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Noreg deltek aktivt i utforminga av fondets portefølje og prioriteringar gjennom sin styreplass, og vil, saman med fleire andre land, halde fram arbeidet med å få på plass ein slik finansieringsmekanisme.

UD vil arbeide for at FNs miljøprogram (UNEP) skal vere FNs fremste miljøaktør, at FN legg vekt på UNEPs rolle som kunnskapsleverandør og at UNEP på sikt skal bli ein medlemsbasert særorganisasjon i FN. Noreg skal òg støtte opp under UNEPs oppfølging av vedtaket på FNs andre miljøforsamling (UNEA-2) i mai 2016 om marin forsøpling. I tillegg vil det vere viktig å sikre at UNEP har ei sterk stemme i oppfølginga av Agenda 2030 og berekraftsmåla. I denne samanhengen underteikna Noreg i august rammeavtale med UNEP.

For EØS-finansieringsordninga er miljø, energi, klimaendringar og lågutsleppsøkonomi blant hovudprioriteringsområda i perioden 2014–2021.

Klimaendringar, havmiljø, reduksjon av forureining, bevaring av biodiversitet og miljøovervaking vil framleis vere viktige satsingsområde for Noregs arbeid i Arktisk råd. Det nye arbeidsprogrammet for 2016–2018 for det bilaterale miljøsamarbeidet med Russland har fokus på vern av havmiljø, forvaltning av biologisk mangfald, reduksjon av forureining, grensenært samarbeid, kulturminnevern og undersøkingar av radioaktiv forureining. Prosjekt som vedgår klimaendringar er innpassa i desse temaområda.

8.2 Klimagassbudsjett

Det går fram av Stortingets klimaforlik (Innst. 390 S (2011–2012), jf. Meld. St. 21 (2011–2012)) at departementa skal vurdere klimakonsekvensar av satsingsforslaga sine til statsbudsjettet. Klimagassbudsjettet har som mål å gi ei oversikt over klimagassutslepp og karbonbinding som følgjer av regjeringas største satsingar i dei mest utsleppsrelevante departementa. I det følgjande er det gitt ei omtale av utsleppseffektar knytte til sentrale tiltak på Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Olje- og energidepartementet, Samferdselsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet

sine budsjett som kan påverke klimagassutsleppa. Stortinget vedtok i fjor eit forslag knytt til ny klimalov (vedtak 478 frå 24. mars 2015). I vedtaket ber Stortinget om at regjeringa rapporterer på «*hvordan budsjettet påvirker Norges klimagassutslipp*». Ei slik oversikt er viktig for å kunne vurdere satsingsforslaga og skatte- og avgiftsforslaga opp mot regjeringas klimamål, under dette målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050.

8.2.1 Klima- og miljødepartementet

Den norske klima- og skogsatsinga skal i aukande grad betale for verifiserte utsleppsreduksjonar frå avskoging og utarming av skog i utviklingsland (REDD+). I 2015 innfridde Noreg løftet om å betale inntil 1 mrd. kroner til Brasil for reduserte utslepp av klimagassar frå Amazonas. Noreg hadde då betalt for om lag 200 mill. tonn redusert utslepp av CO₂ frå 2008–2015. I same perioden har Brasil redusert utsleppa sine med meir enn 4 mrd. tonn CO₂. Guyana held fram med å levere utsleppsreduksjonar gjennom å halde avskoginga si låg. Av andre årsaker vart det likevel ikkje gjort utbetalningar til Guyana i 2015. Tal frå Colombia og Ecuador viser reduserte utslepp av CO₂ frå avskoging i 2015, men desse er enno ikkje verifiserte.

Som eit ledd i regjeringas biogasstrategi frå 2014 vart det sett av 10 mill. kroner til pilotanlegg og følgjeforskning i 2015 og 20 mill. kroner i 2016. Det har vore stor interesse for ordninga. For 2017 foreslår regjeringa å føre vidare løyvinga på 20 mill. kroner. Miljødirektoratet har i ein rapport frå 2013 vurdert at biogass på sikt kan medverke til utsleppsreduksjon i Noreg i storleiksordninga 500 000 tonn CO₂-ekvivalentar årleg, blant anna gjennom reduserte utslepp av klimagassar frå husdyrgjødsel og i transportsektoren når biogass erstattar fossilt drivstoff i køyretøy. Kostnadene ved slike utsleppsreduksjonar kan vere høge, og regjeringa er derfor oppteken av å stimulere til teknologiutvikling og reduserte kostnader. Formålet med pilotanlegg er å medverke til auka kunnskap om biogass og teste ut nye løysingar og ny teknologi. Utsleppseffekt i pilotfasen er ikkje berekna.

Skogplanting kan auke skogens opptak av klimagassar til ein svært låg kostnad og med akseptable miljøkonsekvensar. Ein studie gjennomført av Miljødirektoratet, NIBIO (dåverande Skog og landskap) og Landbruksdirektoratet (dåverande Statens landbruksforvaltning) viser at planting på 1 mill. dekar over 20 år vil kunne gi 1,4 mill. tonn CO₂ årleg meiroptak i 2100. Regjeringa starta i 2015 opp ein treårig pilotfase for skogplanting som klimatiltak. Samla ressursbruk til pilotfasen

er 15,4 mill. kroner i 2017. Dette er eit klimatiltak med lang tidshorisont, der hovuddelen av klimagassopptaket først kjem etter fleire tiår.

8.2.2 Landbruks- og matdepartementet

Jordbrukets utslepp av klimagassar var i 2014 på 4,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, og utgjorde 8,3 pst. av dei samla norske utsleppa. Frå 1990 til 2014 er utsleppa frå jordbruket reduserte med 11,1 pst. Hovudårsaka til nedgangen er redusert bruk av gjødsel og færre storfe. Skogen og andre areal står likevel for eit høgt netto opptak av CO₂ tilsvarende 26,7 mill. tonn i 2013. Dette er ein auke på 16,6 mill. tonn frå 1990.

Regjeringa foreslår ei uendra løyving for 2017 i høve til 2016 på 33 mill. kroner til dei tre tiltaka for auka karbonopptak i skog; respektive tettare planing, gjødsling og planteforedling. Klimatiltak i skog vil først ha ein effekt på lang sikt når det gjeld auka nettoopptak av CO₂, med unntak av gjødsling der ein vil sjå ein effekt allereie etter 10 år. Det er derfor vanleg å snakke om den potensielle effekten i løpet av eit skogomløp, som normalt er på 70–100 år. Frå tiltaket er gjennomført vil effekten komme gradvis utover i omløpet. Kor stor effekten vil vere i form av auka CO₂-opptak, vil avhenge av kor lenge tiltaka varer og grad av opptrapping. Dei tre tiltaka er anslått til potensielt å ville medverke til eit årleg auka opptak på 3–3,3 mill. tonn CO₂ i eit langsiktig perspektiv.

Klimagassutslepp knytte til produksjon og distribusjon av mat som blir kasta, er anslått til ca. 535 000 tonn CO₂-ekvivalenter, noko som motsvarer årlege utslepp frå ca. 160 000 bilar.

8.2.3 Nærings- og fiskeridepartementet

Maritim sektor

Regjeringa etablerte i 2016 ei kondemnerings- (12 mill. kroner) og innovasjonslåneordning (28 mill. kroner) for grøn fornying av norsk nærskipfartsflåte. Ordningane blir førte vidare for 2017. Grøn fornying av nærskipfartsflåten vil gi utsleppsreduksjonar frå norsk skipsfart. For eksempel vil eit moderne nærskipfartøy på naturgass samanlikna med eit tilsvarende eldre skip og med utgangspunkt i 180 operasjonsdagar i året, medføre ein årleg reduksjon på 2800 tonn CO₂, 104 tonn NO_x og 10 tonn SO_x. Førsetnaden er at skip som blir tekne ut av marknaden er mindre og dermed ikkje så miljøeffektive.

Totalt vil kondemnerings- og innovasjonslåneordninga (40 mill. kroner) kunne medføre at om

lag 5–6 (mindre) skip blir kondemnerte, og 2–3 nye (større) skip bygde årleg. Det betyr at ordninga vil kunne medverke til CO₂-reduksjonar på ca. 8000–9000 tonn, ca. 300 tonn NO_x og ca. 30 tonn SO_x i året.

Utrekningane ovanfor er baserte på utsleppsreduksjonar som ordningane kan medverke til, og det vil vere mogleg å rapportere reelle utsleppsreduksjonar etter at Innovasjon Noreg har gitt støtte til prosjekt. Dessutan tek utrekningane berre i betraktning teknologiutskiftinga og ikkje at ein meir moderne flåte vil kunne gjere meir effektivt transportarbeid og såleis redusere utsleppa ytterlegare per transportert godsmengd.

Bioøkonomitiltak

OECD vurderer verdiskapingspotensialet i bioøkonomien som stort. Noreg har rikeleg tilgang på fornybare biologiske ressursar, både i havet og på land. Noreg har òg ein industri- og kompetansebase som er godt eigna til å utnytte potentialet. Auka og meir effektiv ressursutnytting vil både kunne auke verdiskapinga i eksisterande bedrifter og skape grunnlag for nye, og gi grunnlag for nye, kunnskapsbaserte arbeidsplassar i heile landet.

Dei globale klima- og miljøutfordringane og det medfølgjande behovet for eit grønt skifte i økonomien, har aktualisert behovet for å satse på ein moderne bioøkonomi, der framtidig verdiskaping baserer seg på berekraftig utnytting av fornybare biologiske ressursar. Produkt baserte på fornybare biologiske ressursar kan erstatte så godt som alle oljebaserte produkt, og det ligg mange moglegheiter i alternativ bruk av biomasse. I tillegg vil meir effektiv utnytting av desse ressursane ha ein viktig klima- og miljøeffekt. Ei satsing på bioøkonomien vil òg medverke til å løyse utfordringar knytte til bl.a. energi, helse og mattryggleik. Det er vanskeleg å talfeste konkrete reduksjonar eller endringar i klimagassutslepp som bioøkonomitiltak.

Innovasjon Noreg

Innovasjon Noreg arbeider mot heile breidda av næringslivet. Det er gjennomført få spesifikke utsleppsreducerande tiltak i regi av selskapet, sjølv om fleire av verkemidla kan ha ein slik effekt. Innovasjon Noreg utarbeider ikkje overslag over moglege reduksjonar eller endringar i klimagassutslepp som følgje av tilsegner til enkeltprosjekt gjennom ulike verkemiddel. Det er derfor ikkje mogleg å gi ei oversikt over kor vidt venta utsleppsreduksjonar som følgje av støtte til miljøpro-

sjekt vil overstige eventuelle utsléppsauger som skuldast støtte til andre prosjekt.

Den viktigaste ordninga Innovasjon Noreg har som kan føre til endringar i klimagassutsléppa, er Miljøteknologiordninga. Målgruppa for ordninga er små, mellomstore og store bedrifter i heile landet som skal setje i gang pilot- og demonstrasjonsprosjekt innan miljøteknologi. Det kan givast tilskot til prosjekt som siktar mot kommersialisering av ny miljøteknologi, inkludert investeringsstøtte til pilot- og demonstrasjonsanlegg.

8.2.4 Olje- og energidepartementet

Noregs innanlandske energibruk er forbunde med lågare utslépp enn i mange andre land, også når olje- og gassektoren sine utslépp frå energibruk er inkludert. Dette skuldast at norsk elektrisitetsproduksjon er fornybar og at Noreg har ein stor del elektrisitet i sluttforbruket samanlikna med andre land.

Samla norske utslépp av klimagassar var 53,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2014. Utsléppa forbunde med innanlandsk energibruk var 34,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2014. Dei resterande utsléppa er knytte til olje- og gassutvinning (14,7 mill. tonn CO₂-ekvivalentar) og energiproduksjon, inkludert raffinering (3,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar). Av dei om lag 34,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar forbunde med innanlandske utslépp (i 2014) var om lag 14,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar prosessutslépp. Dei resterande 20,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentane stammar frå energibruk til energiformål.

I perioden 1990–2014 auka netto innanlandsk sluttforbruk inkludert råstoff med over 14 pst., samtidig som dei tilhøyrande utsléppa gjekk ned med nesten 16 pst. Utsléppa per eining energibruk er dermed reduserte med over 26 pst. sidan 1990. Dette speglar at samansetjinga av energiberarar har endra seg. Bruken av energiberarar som er forbundne med lite utslépp eller som er klimanøytrale, slik som elektrisitet, fjernvarme og bioenergi, har auka eller ligg fast. Ei konvertering frå fossile energikjelder til elektrisitet inneber både ei effektivisering av energibruken gjennom betra verknadsgrad, og reduserte utslépp. I tillegg har forbruket av fossile energikjelder endra samansetjing. Bruken av kol og koks og dei tyngste petroleumsprodukta er redusert, mens gass- og dieselforbruket har auka.

Den norske kraftforsyninga har ein normalårsproduksjon på om lag 138 TWh. Av dette står fornybar kraft for om lag 98 pst. Den norske kraftsektoren har dermed den høgaste fornybardelen og dei lågaste utsléppa i Europa. Med ein tilsvarande

elektrisitetsmiks som gjennomsnittet i EU, ville Noregs totale utslépp av CO₂ vore meir enn det dobbelte av i dag.

Utsléppa av CO₂ frå petroleumssektoren er venta å vere relativt stabile dei næraste åra. Fleire felt er under utbygging, og vil komme i drift dei næraste åra. Av desse er fleire tredjepartstilknyttingar og har lite eigne utslépp, eller er planlagt med kraft frå land anten frå start eller nokre år ut i levetida. Utsléppa i petroleumssektoren er kvoteplichtige og er omfatta av det europeiske kvotesystemet (EU ETS) som innan 2030 skal redusert med 43 pst. samanlikna med 2005. Reduksjonen vil skje ved at den tilgjengelege kvotemengda i marknaden blir redusert gradvis.

Regjeringa peikte i Meld. St. 13 (2014–2015) om klimamålet for 2030 på fem satsingsområde i klimapolitikken: lågutsléppsutvikling i industrien, grøn skipsfart, fangst- og lagring av CO₂, fornybar energi og transportsektoren. OED følgjer opp fleire av innsatsområda i regjeringas klimapolitikk.

Satsinga på energi- og petroleumsforskning og utvikling skal medverke til meir effektiv og miljøvennleg utnytting av norske energiresursar. Vidare skal den medverke til reduksjon av nasjonale og globale utslépp utover det som kan ventast med eksisterande teknologi og løysingar. Den kunnskapen ein kjem fram til i dag vil kunne gi grunnlag for ny forskning og ny kunnskap. Grunna uvisse om omfang og tidspunkt for introdusering og kommersialisering av ny teknologi under utvikling, finst det ingen presise anslag på framtidige utsléppseffektar av teknologi som berre er på forskings- og utviklingsstadiet.

Enova har dei siste åra fått utvida sitt mandat og fått auka overføringar. Enova forvaltar blant anna ei satsing på energi- og climateknologi. Satsinga er retta inn mot utvikling av ny teknologi og støtte til teknologiar og løysingar nær marknadsintroduksjon, blant anna skal Enova kunne gi støtte til investeringar i fullskala produksjonslinjer i industrien. Enova skal vurdere prosjekt ut frå potensialet for kostnadseffektive utsléppsreduksjonar på lang sikt. Enova skal prioritere støtte til prosjekt og løysingar som har stort spreingspotensial både nasjonalt og internasjonalt. Enova forvaltar frå 2015 òg ei ny satsing på miljøvennleg transport. Målet er at satsinga skal medverke til reduserte klimagassutslépp i transportsektoren. Arbeidet skal byggje opp under utvikling av ei miljøvennleg omlegging på lang sikt gjennom å utvikle og ta i bruk teknologiar og nye løysingar som kan medverke til dette, under dette pilot- og demonstrasjonsprosjekt. Det er

krevjande å kvantifisere den fulle verknaden på klimagassutsleppa av satsingane som følgje av at verknadene i stor grad vil vere indirekte og avhengig av teknologiane si vidare utbreiing i marknaden.

Enova estimerer at dei samla direkte utsleppsreduksjonane knytte til deira kontraktfesta prosjekt i 2015 var 120 000 tonn CO₂-ekvivalentar, der 40 000 kom frå bedrifter i kvotepliktig sektor. Desse resultatane omfattar berre direkte reduksjonar i klimagassutslepp som ei følgje av tiltak som gir redusert bruk av fossile brensler. Andre effektar, for eksempel som ei følgje av at prosjekt som Enova støttar inneber endring av produksjonsprosessar i industrien, eller spreiding av teknologi, er ikkje med i tala. Ei rekkje hypotesar og føresetnader er lagt til grunn for utrekningane slik at det er ein del uvisse rundt tala. I løpet av 2015 har Enova inngått nye avtaler som gir eit venta kontraktfesta energieresultat på om lag 1 757 GWh/år.

Regjeringa vil hausten 2016 inngå ei ny styringsavtale med Enova for åra 2017 til 2020. Enovas overordna mål skal vere reduserte klimagassutslepp, styrkt forsyningstryggleik for energi og teknologiutvikling som på lengre sikt òg medverkar til reduserte klimagassutslepp.

Regjeringas strategi for arbeidet med CO₂-handtering vart lagt fram i Prop. 1 S (2014–2015). Arbeidet med CO₂-handtering skal medverke til å utvikle og demonstrere teknologi for fangst og lagring av CO₂ med eit spreingspotensial. Tiltaka omfattar forsking, utvikling og demonstrasjon, arbeid med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering. Det er ikkje mogleg per i dag å kvantifisere utsleppsreduksjonane som vil kunne realiserast gjennom desse tiltaka. Kor store reduksjonar i CO₂-utslepp som kan oppnåast avheng av kor CO₂-fangst til slutt blir realisert og blant anna av kva slag tekniske løysingar som blir valde.

8.2.5 Samferdselsdepartementet

Det er utfordrande å berekne klimagassutslepp mellom anna frå transportsektoren, og det er behov for betre utrekningar til klimagassbudsjettet, og til rapporteringa som Stortinget har bede om i samband med behandlinga av representantforslag om klimalov. SD vil delta i arbeidet med å betre utsleppsberkingane for klimagassbudsjett. Transport er ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp i Noreg. Vegtrafikken åleine hadde i 2015 klimagassutslepp tilsvarande 10,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, som var 19,1 pst. av dei nasjonale kli-

magassutsleppa. Klimagassutsleppa frå vegtrafikken har auka med 32,2 pst. sidan 1990. Utsleppauken i 2015 var på 0,8 pst., mens trafikkveksten var 2 pst. Fleire køyretøy og auka køyrelengder aukar utsleppa. Samtidig gir meir energieffektive køyretøy, el-/hybridbilar og innblanding av biodrivstoff lågare utslepp. Ved behandling av klimameldinga sette Stortinget eit mål om at utslepp frå nye personbilar ikkje skal overstige eit gjennomsnitt på 85 g CO₂/km i 2020. Utsleppa frå nye bilar er redusert frå 177 til 100 g/km frå 2006 til 2015 og til 94 g/km første halvår 2016. Satsingane på bymiljøavtaler i 2016-budsjettet vil gi reduserte klimagassutslepp. Dette er ikkje talfesta. Dette gjeld sykelsatsinga òg.

Vegdirektoratet

I Nasjonal transportplan (NTP) 2014–2023 vart det anslått at veginvesteringane gir ein årleg auke på 77 000 tonn CO₂. Etatane rekna ut at gjennomsnittlege årlege utslepp for perioden 2014–2023 ved bygging av dei føreslåtte prosjekta er 70 000 tonn CO₂ for veg. Utrekningane viser at klimagassutsleppa frå drift og vedlikehald inklusive ferjedrift vil bli reduserte med 85 000 tonn pr. år ved utgangen av planperioden som følgje av dei nye vegprosjekta som er ferdigstilte innan 2023.

Klimaeffektar av igangsetjing av nye prosjekt på veg, pr. år i anleggsfase og ferdig utbygd

Prosjektet Rv 23 Dagslett-Linnes startar bygging i 2017 og er rekna å gi ein auke i utslepp frå trafikken på 514 000 tonn CO₂ over analyseperioden på 40 år. Totalt utslepp frå bygginga, inkludert materialar, er grovt estimert å vere 1 400 tonn, der dei direkte utsleppa er estimerte til 100 tonn. Dette er grove overslag som er gjort i ein tidleg fase av prosjektet, og der ikkje alle relevante inngangsdata er kjende.

Proessen for anbod med relevans for klima fordelt på 2014 og 2015, mellom anna riksvegferjer

For vegprosjekt der utbygginga starta i 2014, er det rekna at det vert ein auke i klimagassutsleppa frå trafikken på 61 000 tonn CO₂ over prosjekta si estimerte levetid på 40 år. Tilsvarande tal for prosjekta som starta i 2015 er 543 000 tonn CO₂. Tala er usikre. Totalt utslepp frå bygginga, inkludert utslepp frå materialproduksjon, er rekna til å vere 44 000 tonn CO₂ for prosjekta som starta i 2014, og 101 000 tonn CO₂ for prosjekta som starta i 2015. Dei direkte utsleppa var høvesvis 3 500 tonn

og 10 000 tonn CO₂. Byggjetida på prosjekta varierer frå eitt til sju år. I tillegg vil det i løpet av prosjektas levetid bli ein samla auke i utslepp frå drift og vedlikehald på om lag 30 000 tonn CO₂.

Vegprosjekta som opnar i 2017 gir ein reduksjon i klimagassutsleppa frå trafikken på 310 000 tonn i analyseperioden, i gjennomsnitt 7 700 tonn pr. år. Mesteparten av reduksjonen kjem frå opninga av E6 Hålogalandsbrua. Dei totale klimagassutsleppa (av direkte utslepp og utslepp frå materialar) i byggjefasen var under planlegginga av prosjekta rekna til 44 000 tonn. Dei direkte utsleppa var rekna til 1 800 tonn CO₂. Dette er grove overslag som er gjort i ein tidleg fase av prosjektet, der ikkje alle relevante inngangsdata er kjende.

Ny kontrakt for riksvegferjesambandet Moss-Horten vart inngått i 2014, og startar opp i 2017. I utlysinga var det strenge krav til NO_x-utslepp, og miljø vart nytta som kriterium for tildeling. Som følgje av kapasitetskravet i kontrakten, vert det no bygd tre nye ferjer. Det er opplyst om at desse vil ha ei ny energieffektiv skrogform som gir 25–30 pst. lågare forbruk av drivstoff, samanlikna med dagens ferjer på sambandet. Grunna kravet til NO_x-utslepp, vil det i ny kontrakt bli skifta motor på to av ferjene som vil halde fram med å trafikere sambandet. Tre nye ferjer og bytte av motor vil ha ein positiv effekt på CO₂-utsleppet. Riksvegferjesamband Lavik-Oppdal starta opp i 2015. Ei av dei tre ferjene som trafikkerer sambandet er batteridreven. Berekingar ut frå tilbodne verdiar viser at denne ferja vil ha ein reduksjon i tonn CO₂/år på 89 pst. samanlikna med ordinære ferjer.

I 2014 og 2015 vart det lyst ut og inngått tre ferjekontraktar etter at vedtaket om å leggja til rette for låg- og nullutsleppsteknologi vart fatta i november 2014. Riksvegferjesambanda Mannheller-Fodnes og Hella-Vangnes-Dragsvik (Indre Sogn) hadde krav til at utslepp av CO₂-ekvivalentar i anboda totalt sett ikkje skulle overstige 500 g CO₂-ekvivalentar per kWh. I tilbodet frå vinnande tilbydar, er kravet oppfylt med bruk av biodrivstoff på tre av dei fem ferjene som trafikkerer sambanda på heilårsbasis. Kontrakten starta opp i 2016, og varer i tre år. Riksvegferjesamband Hjelmeland-Nesvik-Skipavik og Lauvik-Oanes vart lyst ut med likelydande krav som på Indre Sogn, men konkurransen vart avlyst på grunn av atterhald i det eine tilbodet som blei motteke. Konkurransen vart lyst ut på nytt utan miljøkrav, og startar opp i 2016 med ei lengd på fire år. Sambandet Anda-Lote vart lyst ut i 2015, med krav til ei elektrisk

ferje og ei ferje som kan nytte energikjeldene straum (frå elnettet), biodiesel, biogass eller ein valfri kombinasjon av desse. Tilbodet som vann hadde ei elektrisk ferje i tråd med kravet og ei ferje med ei stor del straum frå el-nettet. Kontrakten for Anda-Lote skal starte opp i 2018 og vare i 10 år. Riksvegferjesambanda Mortavika-Arsvågen og Sandvikvåg-Halvhjem vart lyste ut på eigne kontraktar i 2015, og skal starte opp 2019. For begge samband blei det stilt krav til drift basert på løysingar med låge utslepp (LNG eller ikkje-fossile energigiberarar). Det er ikkje inngått ny kontrakt for sambanda.

Samla CO₂-utslepp for ferjesambanda som det er inngått kontrakt for i perioden 2014–2015, og ny kontrakt som er starta oppi 2015, er 50 227 tonn CO₂-ekvivalentar per år. Dette er ein reduksjon i CO₂-utslepp på om lag 20 pst., samanlikna med anbod utan miljøkrav. I tråd med grunnlaget for Nasjonal transportplan 2018–2029, skal alle framtidige riksvegferje anbod innehalde miljøkrav. Ambisjonen er å ha eit stort tal elektriske ferjer i norsk ferjedrift i 2030. Ved hjelp av tiltak kan det vere mogeleg å redusere klimagassutsleppa frå riksvegferjedrifta til ein tredjedel av nivået i dag.

På grunn av at utslepp frå køyretøya blir reduserte år for år vil utsleppa pr. år vere noko ulike frå starten til slutten av perioden. Det ligg inne ei konservativ utvikling i reduksjon av utslepp frå køyretøy. Denne framskrivinga dekkjer for eksempel ikkje dei nye politiske ambisjonane om ikkje å selje fossilbaserte lette køyretøy frå 2025.

Framtidig utvikling – 2020 og 2030

Dei auka utsleppa som kjem som følgje av investeringsprosjekta vil over tid reduserast gjennom at køyretøy i framtida vil ha lågare utslepp. Det vil venteleg ikkje verte ein stor reduksjon til 2020. I grunnlaget for Nasjonal transportplan 2018–2029 er det likevel rekna ut at det er mogeleg å halvere utsleppa frå transportsektoren innan 2030. Dette er avhengig av nivået på avgifter, insitantment for kjøp av køyretøy med nullutslepp og teknologisk utvikling.

AVINOR

Ingen av Avinors fortløpande prosjekt er finansiert over Statsbudsjettet og det er i utgangspunktet derfor ikkje relevant for Avinor AS å rapportere på dette spørsmålet.

Prosessar med relevans for klima fordelte på 2014 og 2015

I samband med Nasjonal transportplan har Avinor delteke i utviklinga av den tverretattelege metoden for klimagassbudsjett. I medhald av nemnde metode er det utrekna at klimagassutslepp frå bygging og drift av terminalutvidinga (T2) på Oslo Lufthamn vil vere om lag 34 100 tonn. Det blir òg utarbeidd ein omfattande klimagassrekneskap for sjølve terminalbygget som ein integrert del av prosjekt- og byggingeprosessen.

Framtidig utvikling – 2020 og 2030

I samband med Plangrunnlaget til NTP 2018–29 blei det òg gjort ei berekning av utslepp knytte til bygging og drift av ei eventuell tredje rullebane på OSL (austre alternativ). Etter berekninga vil klimagassutslepp frå bygging av ei eventuell 3. rullebane, inklusiv taksebane og plattformer for avising medføre utslepp av ca. 37 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Som utsleppsreducerande tiltak vil det vere aktuelt å nytte klimabetong med lågare utsleppsfaktor og biodiesel i anleggsmaskinene. Det er òg gjort vurderingar knytte til bygging av ny terminal på Bergen lufthamn, Flesland.

I tillegg til klimagassutsleppa frå sjølve byggingeprosjekta blir det diskutert i kva grad vekst i trafikken og terminalutvidingar fører til auka klimagassutslepp frå flytrafikken. Dette er kompliserte problemstillingar som Avinor saman med flyselskapa har analysert i det fortløpande prosjektet «Bærekraftig og samfunnsnyttig luftfart». I den siste rapporten frå prosjektet, publisert i 2011, er hovudkonklusjonane at trass i at det er venta sterk trafikkvekst kan utsleppa frå innanriks flytrafikk vere lågare i 2025 enn i 2007. For utanrikstrafikken isolert visar analysen at utsleppa kan auke fram mot 2025, mens dei samla utsleppa frå både innan- og utanrikstrafikken vil kunne stabiliserast på omlag 2007-nivå i 2025. Hausten 2016 vil det bli utarbeidd nye prognosar.

Kystverket

I Stortingsmelding Nasjonal transportplan (NTP) 2014–2023 er det lagt til grunn at Kystverket ikkje utarbeider klimagassbudsjett. Det kan nok skuldast at det tidlegare er vurdert at prosjekta er for små til å ha ein verknad på dei nasjonale klimagassutsleppa. Det er utarbeidd ein felles metode for å rekne ut klimagassutslepp for bygging, drift og vedlikehald av ny infrastruktur som er nytta av Statens vegvesen og Jernbaneverket. Utdjuping

av farleier, e- navigasjon og andre tiltak som påverkar utsegla distanse og ventetid for sjøtransporten vil kunne ha ein klimagasseffekt, men prosjekta har sjeldan ein vesentleg effekt på utsegla distanse og ventetid. Anlegg, drift og vedlikehald av fiskerihamner, farleier og navigasjonsinnretningar medfører utslepp i form av betongforbruk og fartøy. Betongforbruket vil vere lågt samanlikna med andre samferdselsprosjekt. Kystverket nyttar eigne fartøy eller entreprisekontraktar både ved slepebåtberedskap, tilbringartenesta for los, isbryting og gjennom entreprenørane og Kystverkets sitt eige arbeid i sjø. Navigasjonsinnretningar vert i visse høve drifta ved bruk av diesellaggregat, men Kystverket fører vidare arbeidet sitt med overgang til LED, solceller og evt. landstrøm. Kystverket gir rabatt i losberedskapsavgifta, men det er ikkje utvikla metode for berekning av effekt på klimagassutslepp for desse.

I 2017 skal ein starte arbeid med å etablere system og rutinar for vurdering av klimagasskonsekvensar knytte til ulike infrastrukturtiltak basert på tilsvarende modellar som vert nytta av dei andre transportetatane. Det omfattar då både trafikale følgjeverknader og klimakonsekvensane i utbyggings-, drifts- og vedlikehaldsfasen.

Jernbaneverket

I NTP 2014–2023 vart det anslått at jernbaneinvesteringane gir ein årleg reduksjon i utslepp frå vegtrafikken på 102 500 tonn CO₂ i året frå 2024 og det vart peika på at det særleg er godsprosjekt på jernbane som har stor verknad. Etatane har i NTP 2014–2023 rekna ut at gjennomsnittlege årlege utslepp for perioden 2014–2023 ved bygging av dei føreslåtte prosjekta er 22 700 tonn CO₂ for jernbane.

Jernbaneverket sin handlingsplan for energiefektivisering (2014–2017) peikar ut tiltak som skal gjennomførast i 2017. Mellom anna vil eit system for energimåling og -oppfølging (EOS) for å følgje opp energibruken i Jernbaneverket vere i drift. Jernbaneverket held fram med å bytte ut anlegg for oljefyr i bygg, noko som reduserer utsleppa av klimagassar frå eiga verksemd. I mange tilfelle reduserer energiomlegginga også bruken av energi. Regulering og isolering av sporvekselvarme og skifting til LED-lys vil halde fram i 2017. Redusert bruk av elektrisk straum har ein indirekte klimakonsekvens, utan at det er nokon standard måte å rekne utsleppsreduksjonen på.

Jernbaneverket vil halde fram med å berekne utsleppa av klimagassar av utbyggingsprosjekt. Med ei livsløpstilnærming må utsleppa bokførast i

fleire sektorar. Ei utfordring er å spore når og kor utsleppa frå eit kjøpt produkt har skjedd. Jernbaneverket har difor som mål å utvide verktøyet for berekningar av byggeutslepp til å omfatte meir enn sjølve bygginga av jernbanetrasear og plattformar.

I 2017 vil Jernbaneverket revidere sin handlingsplan for energieffektivisering for perioden etter 2017 og inkludere fleire klimatiltak. Slike tiltak kan til dømes vere å ta i bruk ein viss del biodrivstoff i våre gule maskiner.

8.2.6 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet forvaltar statens eigarskap av dei regionale helseføretaka. Departementet har i styringsbodskapen sin til dei regionale helseføretaka bede om at spesialisthelsetenesta gjer ein heilskapleg tilnærming til klima- og miljøutfordringane. Organiseringa av miljø- og klimaprojektet som eit samarbeidsprosjekt mellom dei fire helseregionane har vist at sektoren har teke eit samla grep for å møte desse utfordringane. Etter prosjektperioden vil dei regionale helseføretaka byggje vidare på den kompetansen og dei erfaringane som er etablerte for å føre vidare ei heilskapleg tilnærming i dette arbeidet. Etablering av miljøleiing inneber at miljøomsyn blir integrerte som ein naturleg del av den overordna verksemdsstyringa i helseføretaka. Hovudmålsetjinga i samarbeidsprosjektet har vore å syte for at det blir etablert miljøleiing og miljøstyringssystem som er sertifiserte i alle helseføretaka. ISO 14001-standarden fastset ikkje miljømål eller stan-


dardar for miljøprestasjon. Dette skal kvart helseføretak gjere sjølv med utgangspunkt i eigen situasjon og konkret miljøstatus i verksemda.

Som ein del av regjeringas oppfølging av klimaforliket har ein sett satt som mål å fase ut bruken av fossil olje til fyring i alle offentlege bygningar innan 2018. Dei regionale helseføretaka forvaltar store eigedomsmassar med energikrevjande sjukehusbygningar. Helseføretaka har over tid arbeidd med planar for å fase ut oljefyr i sine bygg. Det står no att berre 30 bygningar der det framleis blir brukt oljefyring som grunnlast, og det er lagt planar for å fase ut desse innan utgangen av 2018. Helse- og omsorgsdepartementet har òg stilt krav om at helseføretaka intensivere sine tiltak for å sikre målsetjinga om å fase ut fyring med fossil olje innan utløpet av 2018.

8.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Bustad- og bygningssektoren

Nye energikrav til bygg er fastsette og gjeld frå 1. januar 2016. Det er ei overgangstid til 1. januar 2017 der byggenæringa kan velje mellom nye og gamle krav. Dei nye energikrava gjer at nye bustader og bygg kan bli 20–25 prosent meir energieffektive enn med tidlegare krav. Det er og forbod mot fossil energi i nye bygg. Det er utrekna at dei nye krava kan gi ei energieffektivisering på om lag 1 TWh kvart år når krava får full verknad. Forbodet mot fossil energi medverkar til lågare klimagassutslepp frå bygg.



Figur 8.1 Energisparing i nye bygg pr. år

Figur 8.1 viser korleis energisparinga vil auke over tid, ettersom stadig fleire nye bygg blir oppførde etter nye krav.

8.3 Anna klima- og miljøarbeidd i staten

Gode, enkle og effektive miljøleingsystem, for eksempel ISO 14001, EMAS (Eco Management and Audit Scheme) eller Miljøfyrtårn, sikrar at verksemda har oversikt over dei mest vesentlege miljøbelastningane og har målsetjingar og rutinar for kontinuerleg å redusere desse. For dei fleste statlege verksemdene vil tema som anskaffingar, energibruk i bygg, IKT, transport og avfallshandtering stå sentralt. Miljøstyringssystemet skal medverke til kontinuerleg forbetring av den totale klima- og miljøpåverknaden frå departementsfellesskapet. I tillegg til ei meir klima- og miljøvenn-

leg departementsverksemd, medverkar arbeidet også til modernisering og effektivisering.

Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon (DSS) har leia innføringa av eit felles miljøstyringssystem i departementa i medhald av krava i EMAS. DSS har hovudansvaret for oppfølginga av styringssystemet, men departementa er sjølv ansvarlege for å følgje opp sine interne miljøstyringssystem. Miljøkrav blir rutinevist vurderte ved kvar anskaffing. Av felles-/rammeavtaler inngått av DSS på vegner av departementa er det i 67 pst. av tilfella stilt miljøkrav, og 67 pst. av leverandørane er miljøsertifiserte.

Fleire underliggjande etatar og andre statlege verksemdar har miljøleingsystem og arbeider systematisk med å redusere miljøbelastningar gjennom anskaffingar og dagleg drift. Pr. august 2015 er 456 statlege verksemdar Miljøfyrtårnsertifiserte.

9 Forny, forenkle, forbedre og oppmodningsvedtak

9.1 Forenklingsarbeid, modernisering og bedre gjennomføringskraft

Organisering

Klima- og miljødepartementet er overordna etatsstyret for Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitut, Norsk Kulturminnefond og Svalbards miljøvernfond.

Det statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen, fylkeskommunane og sysselmanen på Svalbard. Etatar som NORAD, Sjøfartsdirektoratet, Statens strålevern og Folkehelseinstituttet har oppgåver innanfor miljøområdet som Klima- og miljødepartementet styrer.

Forenklingsarbeid, modernisering og bedre gjennomføringskraft i departementet

Klima- og miljødepartementet arbeider kontinuerleg med å effektivisere eiga drift.

Regjeringa har bestemt at det skal gjennomførast ein områdegjennomgang av miljøforvaltninga. Gjennomgangen skal blant anna gi tilrådingar om høve til og konsekvensar av innsparing i administrasjonskostnader på minimum 10 prosent. Områdegjennomgangen blir gjennomført med deltaking frå KLD, FIN, KMD samt eksterne, og skal ferdigstillast i midten av desember 2016.

Hausten 2016 avslutta departementet eit prosjekt som har vurdert forenklings- og forbetningsområde i tildelingsbrev til underliggjande verksemder. Prosjektet har resultert i ny struktur på tildelingsbrev, og det er forventast at den nye strukturen vil gi endå betre styring.

IKT-strategi for miljøforvaltninga

Krava til IKT-løysingar og IKT-tryggleik blir stadig viktigare og meir omfattande. Ny IKT-strategi vart ferdigstilt i 2015. Strategien gjeld for perioden 2016–2020 og i tråd med regjeringas overordna fokus for forvaltninga, er det lagt vekt på samordning og effektivisering. I 2016 starta arbeidet med å vurdere og slå saman IKT-driftsmiljøa i miljøfor-

valtninga. Målet er at det skal opprettast eit felles IKT-driftsmiljø for heile miljøforvaltninga, og samtidig etablerast eit utstrakt samarbeid innanfor IKT-tryggleik. Bakgrunnen for samordninga er å gjere underliggjande verksemder mindre sårbare overfor uønskte IKT-hendingar og i tillegg redusere behovet for auka bemanning som følgje av stadig skjerpa krav til IKT-tryggleik. Samtidig er det viktig å understreke at endringsarbeid er eit utviklingsarbeid, og at gevinstar av tiltak ofte ligg noko fram i tid.

Anbudet med å etablere fellesløysingar på etatsnivå ved bruk av DFØ sine system for løn og rekneskap er starta opp som en del av den nye strategien. Som eit ledd i dette arbeidet skal etatane i miljøforvaltninga nytte Miljødirektoratet si løysing for tilskotsforvaltning innan 1.1.2018. Vidare legg strategien opp til enklare og meir brukarvennlege løysingar gjennom digitalisering, betre tilgjenge og tilpassing av tenestar retta mot brukarane.

Forenklingsarbeid, modernisering og bedre gjennomføringskraft i etatane

Miljødirektoratet har dei siste åra fått forvaltningsansvar for ein stadig større oppgåveportefølje. Nye budsjettpostar og auke på ei rekkje eksisterande postar inneber auka arbeidsomfang. Samtidig har det vore ein liten auke i utgifter til drift og tal årsverk. Dette kan indikere at Miljødirektoratet har ei effektiv forvaltning.

I 2015 har Miljødirektoratet fått på plass elektroniske system for deklarerering av farleg avfall og deklarereringar til Produktregisteret. Dette gir store forbetningar for brukarane.

Miljødirektoratet gjennomfører ein full gjennomgang av sine nettstader, for å effektivisere og strukturere informasjonsarbeidet. Betre nettsider skal gjere det enklare for brukarane å finne relevant informasjon og gi eit meir heilskapleg ansikt utetter.

Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet har motteke innspel på fleire tidstjuvar som handlar om vassdirektivet. Miljødirektoratet har bestemt å evaluere gjennomføringa av vassdirekti-

vet, og vil gi sine innspel til KLD. KLD og Miljødirektoratet har òg vore involverte i prosjektet «Bedre styring av fylkesmannen». Det tidlegare embetsoppdraget er no erstatta med eit nytt felles tildelingsbrev frå alle departement som styrer fylkesmannen på dei ulike fagområda, og det er gjort omfattande forenkling- og effektiviseringstiltak.

Riksantikvaren førte i 2015 vidare og utvida samarbeidsmodellen med statlege sektorar som effektiviserer saksbehandling for statens bygningar og anlegg. Saker blir no løyste i faste møte med sektorane, og som resultat av denne ordninga blir ca. 200 saker årleg løyste meir effektivt.

Gjennom stadig nye samarbeidsavtaler med statlege sektorar effektiviserer Riksantikvaren forvaltninga av den freda statlege bygningsmassen. I «Kunnskapsløftet» for kulturminneforvaltninga blir kommunane stimulerte til å registrere og verdifastsetje kulturminne av lokal og regional verdi. I «Kunnskapsløftet» arbeider òg Riksantikvaren med å digitalisere eige arkiv, utvikle vidare kulturminnedatabasen «Askeladden», og å etablere ein kulturminneportal. Samarbeidsprosjektet «Kultur- og naturreise» mellom Riksarkivet, Statens kartverk, Kulturrådet og Riksantikvaren vart avslutta i 2015. Samarbeidet viste at det er store gevinstar å hente ved eit tettare samarbeid på IKT-feltet, og det vart bestemt å innleie eit nytt og meir overgripande digitalt etatssamarbeid frå og med 1. januar 2016.

Riksantikvaren har vidare foreslått å overføre mynde etter kulturminnelova der Riksantikvaren i dag er førsteinstans til regionalt nivå. Myndefordelinga på kulturminneområdet kjem då på linje med miljøforvaltninga ellers, og vil innebere ei effektivisering av ressursane i departementet.

I 2015 har Norsk Polarinstittutt hatt særleg merksemd på kostnadseffektiv drift. Arbeidet med organisasjonsutviklinga vil halde fram for å styrkje Polarinstittuttets evne til å levere på samfunnsoppdraget framover, både fagleg og økonomisk. Etter krav frå EØS vart alle kartdata og karttenester frå Norsk Polarinstittutt frigitt i 2015. Kartdata ligg lett tilgjengelege for nedlasting på internett. Norsk Polarinstittutt opplever ein merkbar effektiviseringsgevinst ved at instituttet slepp å bruke tid på prisberekning og datauttak.

Kulturminnefondet har fått elektronisk søknadsskjema for alle tilskotsordningar. Omtrent 40 prosent av brukarane tok i bruk denne moglegheta i 2015, noko som fører til betydeleg redusert belastning for administrasjonen. Arbeidet med å implementere saks- og arkivsystemet P360 har gått for fullt i 2015. Kulturminnefondet har no berre elektroniske system for dokumentbehand-

ling. Dette gir større fleksibilitet for brukarar og medarbeidarar.

Nettstader og portalar

Miljøforvaltninga har som mål å formidle påliteleg, aktuell og forståeleg miljøinformasjon. Hovudkanalen for informasjon om miljøets tilstand og utvikling er miljøstatus.no. I tillegg driftar miljøforvaltninga ein rekke nettstader for meir spesifikk informasjon og målgruppetilpassing. Eksempel på dette er askeladden.ra.no, miljøkommune.no og klimatilpassing.no.

Askeladden.no inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Miljøkommune.no er ein oversikt over kommunanes myndigheit og plikt, og hjelp til sakshandsaming innan miljøtema. Klimatilpassing.no har samla aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på ein stad.

Klima- og miljødepartementet og fleire underliggjande etatar er til stades og kommuniserer aktivt i sosiale medium. På Facebook og Twitter treffer ein både gamle og nye brukarar på nye måtar.

9.2 Samfunnstryggleik og beredskap

Klima- og miljødepartementet er overordna ansvarleg, samordnande departement for områda natur og miljø.

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap tek utgangspunkt i dei måla og prioriteringane som er gitt i Meld. St. 29 (2011–2012) *Samfunnssikkerhet* og Meld. St. 21 (2012–2013) *Terrorberedskap*. Det er sett som nasjonalt mål at forureining ikkje skal skade helse og miljø. Målet omtalar òg risiko for akutt forureining. Det er òg eit nasjonalt mål at branttilløp og brann i stavkyrkjer, og brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø skal unngåast. Departementet vil halde fram arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar, overordna risikobilde for miljøsektoren, øvingar og beredskapsplanverk. Erfaringar frå øvingar og hendingar blir lagt til grunn for å utvikle og halde ved like beredskapsplanverket. Alle etatane gjennomfører eigne analysar for å ha oversikt over risiko og sårbarheit innan sitt område.

Miljøforvaltninga stiller krav til kommunar og private verksemdar sin beredskap mot akutt forureining, godkjenner beredskapsplanar og kontrollerer at krava blir overhaldne. Samferdselsdepartementet og Kystverket er ansvarleg for den stat-

lege beredskapen mot akutt forureining, her har miljøforvaltninga eit ansvar for å skaffe fram miljøinformasjon og vurdere konsekvensane av utslepp på blant anna natur og dyreliv. Norsk Polarinstittutt stiller krav om beredskap for akutt forureining og tiltak for å ta vare på tryggleiken for liv og helse ved gjennomføring av aktivitetar i Antarktis.

Departementet har eit ansvar etter forureiningslova dersom eit uhell medfører radioaktive utslepp og avfall. Statens strålevern vil kunne treffe tiltak for utslepps- og avfallshandtering, som igjen kan klagast inn til departementet. Helse- og omsorgsdepartementet har det overordna ansvaret for atomulykkeberedskapen.

Statens strålevern utviklar planverk for miljøforvaltninga på atomberedskapsområdet. Aktuelle tiltak som vil vere omfatta av forureiningslova er fjerning og deponering av vegetasjon eller radioaktive massar, fiksering av radioaktivitet i miljøet, handtering av avløpsvatn eller fjerning og deponering av radioaktivt avfall.

I tråd med ansvarsprinsippet har alle departementa ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Departementet har ansvaret for å leggje til rette regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing. Miljødirektoratet er den fagetaten som støttar departementet i arbeidet med klimatilpassing. Miljødirektoratet har blant anna eit ansvar for at departementet har tilgang til det naturvitskaplege kunnskapsgrunnlaget gjennom nasjonal og internasjonal klimaforskning. Dette kunnskapsgrunnlaget skal brukast i gjennomføringa av departementet sitt arbeid med klimatilpassing.

Kulturminneforvaltninga har eit tett samarbeid med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og kommunane om beredskap og sikring av kulturminne. Samarbeidet er viktig for blant anna branntryggleiken i verneverdig tett trehusbusetnad og stavkyrkjer. Det vil òg bli retta tiltak mot profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen.

Departementet har eit koordinerande ansvar for å sikre tilstrekkelege rammevilkår og verkemiddel for kommunane si handtering av overvatn. Miljødirektoratet er gitt ansvaret for å ha oversikt over regelverk og rammevilkår for kommunane. Noregs vassdrags- og energidirektorat og Meteo-

rologisk Institutt vil gjennom Senter for klimatenester ha ei viktig rolle i å utvikle og formidle kunnskap og informasjon om verknadene av ekstrem nedbør på overvass- og flaumsituasjonar i byar og tettstader.

Akutt overvatn i byar og tettstader vil først og fremst føre til tap av store materielle verdiar og auka forureining. Med venta auke i nedbørsmengdene dei neste åra som følgje av klimaendringar, er det truleg at talet på alvorlege hendingar med overvatn vil auke. Eit utval har vurdert om det er påkravd med nye tiltak for å møte auka nedbørsmengder i framtida. Utvalet overleverte sin NOU 1. desember 2015, og rapporten har vore på høyring. Departementet arbeider no med oppfølginga.

9.3 Informasjonstryggleik

I nasjonal strategi for informasjonstryggleik og handlingsplan er det slått fast at fagdepartementa har eit overordna ansvar for å ivareta tryggleiken i sektoren sin IKT-infrastruktur. I arbeidet med å følgje opp strategien har departementet gitt underliggjande etatar i oppdrag å få på plass eit styringssystem for informasjonstryggleik, (ISMS), som oppfyller krava i ISO 27001-standarden innan 2017. Departementet følgjer opp framdrifta i dette arbeidet. Frå 1.1.2018 skal alle etatar i miljøforvaltninga sertifiserast etter ISO 27001-standarden.

9.4 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga

Miljøforvaltninga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planvist for likestilling og mot diskriminering innanfor eiga verksemd. Tabellane 9.1, 9.2 og 9.3 viser kvinnedelen i verksemdene, totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av kvinner og menn si månadlege gjennomsnittslønn på ulike stillingsnivå, statistikk for menn og kvinner sitt sjukefråvær, delen av menn og kvinner på deltid og mellombels stilling og fordeling av uttak av foreldrepermisjon for 2015. Norsk kulturminnefond har svært få medarbeidarar og er derfor ikkje med i oversiktene.

Tabell 9.1 Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltninga

	Totalt	Topplei. ¹	Mellomlei.	Høgtlønte rådg. ²	Saksbeh.	Kontor
KLD	58,2	42,8	58,3	54,7	69,5	50,0
Miljødirektoratet	54,0	100	47,5	55,2	52,0	100
NP	41,0	50,0	38,0	43,0	54,0	50,0
RA	59,0	100	56,0	56,0	62,5	50,0

¹ Toppleiar omfattar øvste leiar og leiar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå), unntatt for Miljødirektoratet der toppleiar berre omfattar øvste leiar.

² Høgtlønte rådg. omfattar seniorrådgivarar, spesialrådgivarar og tilsvarande stillingar.

Tabell 9.2 Prosentoversikt over kvinnene og mennene si gjennomsnittslønn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA	
	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	94,3	100	94,8	100	94,4	100	100,0	100
Topplei. ¹	94,5	100	100	0	99,8	100	100	0
Mellomlei.	99,5	100	100	99,9	95,5	100	96,0	100,0
Høgtlønte rådg.	98,8	100	94,2	100	100	92,7	96,0	100
Saksbeh.	91,9	100	95,7	100	100	99,2	100	98,0
Kontor	100	94,5	100	0	95,5	100	100	94,0

¹ Toppleiarar i KLD inkluderer berre dei som er på leiarlønskontraktar. Toppleiinga i RA inkluderer berre avdelingsleiarar.

Tabell 9.3 Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA	
	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid ¹	4,3	2,0	17,6	4,5	3,1	2,5	17,0	13,0
Mellombelse ²	10,1	9,1	7,7	3,9	15,2	22,2	16,0	13,0
Legem. fråv. 2015	2,6	1,3	3,8	2,6	1,4	1,6	4,8	4,3
Foreldreperm. ³	80,0	20,0	77,0	23,0	29,3	70,7	57,0	43,0

¹ Pst. del av kvinner/menn på deltid (av totalt tal kvinner eller menn)

² Pst. del av kvinner/menn i mellombels stilling (av totalt tal kvinner eller menn)

³ Pst. del av det totale foreldrepermisjonsuttaket som blir teke ut av kvinner/menn

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Klima- og miljødepartementet

Delen kvinner i departementet har auka i kategoriane mellomleiar, høgare lønna rådgivarar og rådgivarar. Lønnsdelen til kvinner er framleis lågare,

men det er blitt mindre forskjell blant høgare lønna rådgivarar. På toppleiarnivå i departementet (departementsråd, ekspedisjonssjefar og kommunikasjonssjef) er det tre kvinner og fire menn. Departementet har òg ansvar for tilsetjing av direktørane for underliggjande etatar, og blant desse er det ei kvinne og tre menn. Kjønnfordelinga blant medarbeidarane i departementet sine avdelingar,

og innan dei enkelte fagområda, er stort sett jamn, men det er eit fleirtal av kvinner i kontorstillingane. Rekruttering og ny organisering er viktige verkemiddel for å få jamn fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i organisasjonen, saman med tilbod om individuell kompetanse- og karriereutvikling. Ein gjennomgang av alle kunngjorde stillingar i 2015 viser at av den totale søkjarmassen var 55 pst. kvinner. Av medarbeidarane som vart tilsette i desse stillingane var 57 pst. kvinner. Eit hovudmål i lønns- og personalpolitikken er å medverke til likestilling mellom kjønna. Eitt av måla i Klima- og miljødepartementets rekrutteringsstrategi er å auke delane av medarbeidarar med innvandrarbakgrunn og medarbeidarar med redusert funksjonsevne. For å oppnå dette skal personar i målgruppene oppmodast til å søkje på stillingar i departementet, og kvalifiserte søkjarar skal innkallast til intervju. Strategien inneheld òg tiltak for å finne fleire aktuelle kandidatar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, blant anna gjennom samarbeid med NAV og utlysning av stillingar på inkludi.no. Det skal òg satsast på haldningsskapande arbeid internt.

Miljødirektoratet

Kjønnsfordelinga på etatsnivå i Miljødirektoratet er relativt jamn med 54 pst. kvinner og 46 pst. menn. Samanlikna med tal for 2014 er dette berre 0,1 pst. skilnad. Direktoratet ser likevel at det i nokre seksjonar er ubalanse i kjønnsfordelinga som det kan vere grunn til å arbeide målretta med for å utlikne.

Innanfor dei enkelte stillingsgruppene er det ei forholdsvis jamn kjønnsfordeling. Unntaket er for gruppa kontorstillingar der det berre er kvinner.

Totalt for verksemda er det lønnsvist noko skilnad mellom kjønna. Kvinner har 5,2 prosentpoeng lågare lønn enn menn. I 2014 var skilnaden på 3,4 prosentpoeng, noko som betyr at den no er litt høgare. På stillingsnivå finn ein den same ubalansen på alle stillingsgrupper unnateke for mellomleiarar, der menn har 0,1 prosentpoeng lågare lønn enn kvinner. I toppleiinga er det berre ei kvinne og derfor ingen å samanlikne med, det same gjeld kontorstillingane der det berre er 2 kvinner. Direktoratet vil gjennom lokale forhandlingar halde fram arbeidet med å utlikne skilnadene for å ta vare på likestillingsperspektivet i lønnsutviklinga.

Det er 13,1 prosentpoeng fleire deltidstilsette blant kvinner enn blant menn, og 3,8 prosentpoeng fleire kvinner enn menn er mellombels tilsett.

Dette betyr at delen deltidstilsette kvinner har auka med 3,1 prosentpoeng, og delen mellombels tilsette kvinner har minka med 2,2 prosentpoeng frå 2014.

Miljødirektoratet er IA-bedrift, og har i 2014 inngått ny IA-avtale med målsetjingar for å redusere sjukefråvær, fremje integrering og auke pensjonsalderen. Sjukefråværet er etter måten lågt med eit legemeldt fråvær på 3,3 pst. Kvinner har eit noko høgare fråvær, med 3,8 pst. mot menns fråvær på 2,6 pst. Forskjellen mellom kvinner og menn har gått ned samanlikna med 2014. Det totale fråværet inkludert eigemeldt fråvær er på 4,1 pst. Ei systematisk oppfølging av sjukefråværet i medhald av retningslinjer frå NAV er eit viktig tiltak for å avgrense sjukefråvær og eventuell uførepensjonering. På det førebyggjande området er det etablert gode kartleggingsrutinar for fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. På sistnemte område nyttar ein statens eige kartleggingssystem, Avant, med tilhøyrande oppfølgingsmetodikk på einings- og etatsnivå.

Miljødirektoratet er framleis i ein oppbyggingsfase, og det er enno ikkje utarbeidd eigne handlingsplanar for å fremje likestilling eller auka etnisk mangfald.

Det blir arbeid for integrering av arbeidstakarar som har falle utanfor arbeidslivet gjennom å tilby praksisplassar, og direktoratet har rutinar på å innkalle arbeidstakarar med redusert funksjonsevne til intervju under føresetnad av at dei er kvalifiserte.

Miljødirektoratet har forplikta seg gjennom si tilpassingsavtale til Hovudavtalen å bruke fordeling av arbeidsoppgåver som kvalifiserer til avansment, under dette teamleing, prosjektleiaroppgåver, fungering i leiarstillingar mv. som aktive verkemiddel for å fremje likestilling. Vidare legg tilpassingsavtala opp til at det i offentleg oppnemnde styrer, råd og utval skal sikrast at forslag til representantar skjer i medhald av likestillingslovas § 21. I interne arbeidsgrupper og utval blir likestillingslovas intensjonar følgt så langt det er praktisk mogleg både frå dei tillitsvalte og leiinga si side.

Miljødirektoratet legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne med bistand frå bedriftshelseteneste/fysioterapeut gjennom arbeidsplasskartleggingar og rådgiving i det enkelte konkrete tilfelle.

I Miljødirektoratets tilpassingsavtale til Hovudavtalen er det teke inn formuleringar om bruk av kjønnsnøytrale kriterium og praksis. Det er i tilpassingsavtala vidare teke inn formuleringar som skal sikre at praktisering av permisjonsreglar og andre rettar ikkje skal føre til at kvinner får dår-

legare vilkår enn menn. Direktoratets lønnspolitikk fastset at ved arbeidsstart etter foreldrepermisjon som har vara ut over 6 månader skal arbeidstakar bli tilboden ein samtale om kompetanse, ansvar, lønn og karriereutvikling.

Riksantikvaren (RA)

Totalt for RA er gjennomsnittleg månadslønn lik mellom menn og kvinner i 2015. Tilsvarende tal for 2014 var at menn hadde 99 pst. av gjennomsnittleg månadslønn for kvinner, slik at det er ein liten auke i lønn for menn, på eitt prosentpoeng, samanlikna med føregåande år.

Tala for 2015 viser ei lita endring i kjønnsfordeling hos Riksantikvaren. 42 pst. av dei tilsette er menn. Dette er ein reduksjon på eitt prosentpoeng samanlikna med 2014. Det er ein auke i prosentdel menn på mellomleiarnivå, ein auke på 6 prosentpoeng, mens det er reduksjon i prosentdel menn i kontorstillingar, på 21 prosentpoeng. På leiarnivå er det framleis fleire kvinner enn menn hos Riksantikvaren. RA har innarbeidd mål i handlingsplan for HMS og IA for tilrettelegging og tilsetjing av tilsette med nedsett funksjonsevne.

Norsk Polarinstitut (NP)

Tal for 2015 viser at Norsk Polarinstitut no er i ferd med å få ei noko skeiv lønnsfordeling mellom menn og kvinner. Både ved tilsetjingar og i seinare lønnsoppgjør vil NP vere spesielt merksam på problemstillinga.

Norsk Polarinstitut har som overordna mål å vere ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet er ein integrert del av verksemda på alle nivå. Målet er at alle dei tilsette sine erfaringar og kunnskap blir nytta, med det formål å skape ein mest mogleg effektiv arbeidsplass.

Det er utarbeidd ny Handlingsplan for likestilling og mangfald ved Norsk Polarinstitut for perioden 2014–2017. Instituttet har òg eigen likestillingskontakt som arbeider for likestilling på alle plan i NP.

NP utarbeidde i 2010 plan for universell utforming for lokala sine. Intensjonen med planen er at NP skal vere ein arbeidsplass som fremjar like høve og rettar til samfunnsdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Norsk Polarinstitut fører ein livsfasetilpassa personalpolitikk som gjer mogleg eit livslangt arbeidsliv for alle tilsette og som sikrar ein god balanse mellom familie, fritid og arbeid.

NP skal vere ein likestilt arbeidsplass der kvinner og menn har like høve til medbestemming, påverknad og avansement i alle delar av organisasjonen. Likestilling skal vere integrert i det daglege arbeidet. Eventuelle kjønnsrelaterte lønnskilnader skal kartleggjast på alle nivå og søkjast utjamna ved dei lokale lønnsforhandlingane. Ny lønnspolitisk plan er utarbeidd i 2012, og likestillingselementet er lagt vekt på i utforminga av planane.

9.5 Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda

Offentlege verksemder er i likestillingslova § 1a pålagt å arbeide for likestilling mellom kjønna på alle samfunnsområde. Dette inneber blant anna å vurdere kjønns- og likestillingsperspektivet på departementets fagbudsjettområde der det er relevant og føremålstenleg.

Naturmangfald og friluftsliv

Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmene til dei fleste råd og utval på naturforvaltningsområdet. For å få vel fungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessentar for det arbeidet rådet/utvalet skal gjennomføre, men kommunar og organisasjonar blir bedne om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Det blir lagt inn krav i tildelingsbrevet til Miljødirektoratet og til Fylkesmannen om å sikre at likestillingslova blir følgt ved oppnemning til og ny oppnemning av statlege råd og utval som direktoratet eller Fylkesmannen har ansvar for.

I følgje SSBs levekårsundersøking frå 2014 betyr kjønnet lite for nordmenn si interesse for natur, miljø og friluftsliv. Dette avspeglar seg i arbeidet for å bevare norsk natur for kommande generasjonar og leggje til rette for natur- og friluftslivsopplevingar. Både menn og kvinner har i store trekk dei same høva til friluftsliv, og likestillingsperspektivet er her godt ivareteke. Ein ser òg at det er god fordeling mellom kvinner og menn som arbeider med desse spørsmåla i offentleg forvaltning.

Å delta i jakt og fiske har tradisjonelt vore eit område med stor dominans av menn. Menn dominerer framleis, men delen av kvinner som deltek i slike aktivitetar aukar. I løpet av dei siste åra har talet på kvinnelege medlemmer i Noregs jeger- og fiskarforbund auka, og det er etablert egne kvinnenettverk der jakt og fiske er tema.

Dei fleste budsjettpostane som Miljødirektoratet disponerer innanfor sitt verkeområde er ikkje kjønnsrelevante. Nokre av postane kan likevel nytast til å fremje likestilling mellom kjønna. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av desse.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål og post 71 Tilskot til viltformål

Grunnlaget for desse to postane er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan ytast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i jakt og fiske. Midlar frå dei to postane er bl.a. nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Kap. 1420 post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde og post 78 Friluftslivsformål

Desse postane har og indirekte familiefokus ved at midlane dei siste åra har vore retta mot å leggje ut friluftsområde og støtte friluftstiltak i by- og tettstadsnære område, det vil ofte seie i nærleiken av bustader, skular og barnehagar. Ei viktig brukargruppe av desse områda vil vere kvinner og barn. Mange friluftsråd driv aktiv rekruttering av nye befolkningsgrupper gjennom å arrangere turar, kurs o.l. Barn, unge og barnefamiliar er prioritert i tilskotsordningane til friluftslivsaktivitet.

Internasjonalt klimaarbeid

Noreg arbeider aktivt for å sikre at vedtak under Klimakonvensjonen fremjar likestilling og ikkje-diskriminering. Noreg fremjar i forhandlingane aktivt posisjonar som skal styrkje kvinners og urfolk si involvering og deltaking i klimaarbeidet, særleg knytt til klimatilpassing og skog.

I oppbygging av den internasjonale institusjonelle arkitekturen for klimaarbeid, arbeider Noreg for balansert representasjon av kvinner og menn.

Noregs store satsing på å redusere utslepp frå tropisk skog, klima- og skogsatsinga, arbeider òg målretta med å auke likestillingsfokuset. Særleg viktig i klima- og skogsatsinga er det å ha ei forståing av korleis likestilling kan inkorporerast i nasjonale utviklingsplanar, for slik å få ein effekt under implementering av tiltak. I samarbeid med partnerland, slik som Indonesia, er likestilling søkt inkludert både i avtaleverk og i utvikling og implementering av tiltak. Departementet har

drive kompetanseheving og utviklingsarbeid innan likestilling og REDD+, bl.a. i samarbeid med Norad og partnerorganisasjonar som FN.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si og fokuserer på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkninga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeidd for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed bl.a. kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

9.6 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Plan for omsetjingskravet for biodrivstoff fram mot 2020 – vedtak nr. 75, 3. desember 2015, vedtak nr. 875, 13. juni 2016, og vedtak nr. 876, 13. juni 2016

Då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) vart behandla, gjorde Stortinget dette vedtaket, jf. tilråding i innstillinga romartal X: «Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for ytterligere opptrapping av omsetningskravet for biodrivstoff fram mot 2020. Planen skal legge opp til en overgang fra biodrivstoff basert på matvekster til mer avansert biodrivstoff med bedre bærekraft. Omsetningskravet for drivstoff til veitransport planlegges i denne forbin-

delse utvidet til å omfatte avgiftsfri diesel. Stortinget ber regjeringen komme tilbake med planen i forbindelse med statsbudsjettet for 2017.»

Vidare gjorde Stortinget disse vedtaka då innstillinga Innst. 401 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Meld. St. 25 (2015–2016), vart behandla, jf. tilråding i innstillinga romartala VIII og IX: «Stortinget ber regjeringen i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2017 legge frem en gjennomgang av forsyningssituasjonen for biodrivstoff i dagens marked, herunder en faglig vurdering av bærekraften til ulike former for biodrivstoff som er på markedet i dag, samt en plan for en videre opptrapping av omsetningspåbudet for biodrivstoff til opp mot 11 pst. innen 2020.», og «Stortinget ber regjeringen vurdere mulighetene for å innføre E10 (etanol 10 pst.) som ny bensinstandard. I denne forbindelse er det viktig at kravet om sikringskvalitet for bensin ivaretas.»

For å fremje bruk av biodrivstoff finst det i Noreg mellom anna eit omsetjingskrav for biodrivstoff til vegtransport og avgiftsfordelar for biodrivstoff.

Omsetjingskravet inneber at drivstoffomsetjarane skal syte for at ein viss del av totalt omsett mengde drivstoff til vegtrafikk pr. år er biodrivstoff, sjå produktforskrifta kapittel 3. Kravet kan oppfyllast av den enkelte omsetjaren eller fleire omsetjarar samla. Omsetjingskravet vart innført i 2009 og var da på 2,5 pst. I 2010 vart kravet auka til 3,5 pst., og frå 1. oktober 2015 vart det auka til 5,5 pst.

Gjennom forskrift fastsett av Klima- og miljødepartementet i september 2016 blir omsetjingskravet auka vidare til 7,0 pst. frå 1. januar 2017. Det blir då samtidig innført eit delkrav om at 1,5 prosentpoeng skal vere avansert biodrivstoff. I 2017 er dette definert som biodrivstoff framstilt av avfall, restar, lignocellulosemateriale eller cellulosehaldig materiale som ikkje er næringsmiddel. Dette er biodrivstoff av dei same råstoffa som kan telje dobbelt i omsetjingskravet, det vil seie at 1 liter tel som 2 liter når ein vurderer om omsetjingskravet er oppfylt. Frå 2017 blir det òg innført eit delkrav om at 4,0 pst. av omsett drivstoff til veggåande bensinkjøretøy skal vere biodrivstoff.

I motsetnad til fossilt drivstoff, er biodrivstoff ikkje omfatta av CO₂-avgift. Frå 1. oktober 2015 er biodrivstoff som blir brukt til å oppfylle omsetjingskravet ilagt same vegbruksavgift som tilsvarende fossilt drivstoff, mens biodrivstoff omsett ut over (eller utanfor) omsetjingskravet ikkje lenger er omfatta av vegbruksavgift.

EØS-regelverk

Fleire rettsakter som er tekne inn i EØS-avtala og er gjennomførte i norsk rett, eller som er under vurdering for å bli tekne inn, er relevante for biodrivstoff.

Fornybardirektivet (2009/28/EF) pålegg landa eit mål om 10 pst. fornybar energi til transport i 2020 (fornybarmålet). Mellom anna tel fornybar elektrisitet og biodrivstoff med i oppfyllinga av fornybarmålet. I fornybarmålet tel biodrivstoff frå visse råstoff dobbelt. Dette er dei same råstoffa som kan dobbeltelast i det norske omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtrafikk i produktforskrifta. Omsetjingskravet gjenspeglar dermed innrettinga av fornybarmålet og er eitt av verkemidla for å nå målet.

Drivstoffkvalitetsdirektivet (98/70/EF) stiller visse krav til innhaldet i og kvaliteten på bensin og autodiesel. Dette er gjennomført i produktforskrifta kapittel 2, sjå § 2-20 og vedlegg til kapittelet.

Fornybardirektivet og drivstoffkvalitetsdirektivet inneheld òg likelydande berekraftskriterium for biodrivstoff. Berekraftskriteria er harmoniserte innanfor EØS-området. Desse er gjennomførte i norsk rett i produktforskrifta kapittel 3.

Eit endringsdirektiv til drivstoffkvalitetsdirektivet (2009/30/EF) vart gjennomført i Noreg 2. november 2015, mellom anna i produktforskrifta § 2-21. I direktivet blir det stilt krav overfor omsetjarane om at livsløpsutsleppa pr. energieining drivstoff skal vere minst 6 pst. lågare i 2020 enn gjennomsnittleg EU-nivå i 2010. Kravet vart gjennomført i norsk rett i produktforskrifta § 2-21 i november 2015. Det omfattar omsetjarar av drivstoff til motorvogner, ikkje-veggåande maskiner (mellom dette dieseltog), landbrukstraktorar og fritidsbåtar som ikkje går til sjøs. Ein mogleg måte å oppfylle kravet på, er bruk av biodrivstoff. Det er usikkert om omsetjarane samla sett vil nå kravet med dagens bruk av biodrivstoff åleine. Dei må likevel oppfylle kravet uavhengig av om omsetjingskravet for biodrivstoff blir endra eller ikkje. Eit dotterdirektiv om nærare berekningsmetodikk og rapportering under drivstoffkvalitetsdirektivet (rådsdirektiv (EU) 2015/562), er under vurdering for innlemming i EØS-avtala. Fristen for EU-landa for å gjennomføre direktivet i nasjonal rett er 21. april 2017.

ILUC-direktivet (EU 2015/1513) endrar på fornybardirektivet og drivstoffkvalitetsdirektivet. Indirekte arealbruksendringar (indirect land-use changes, ILUC) blir forårsaka av at jordbruksareal som har vore nytta til matproduksjon i staden blir teke i bruk til å dyrke råstoff for biodrivstoff. Det kan føre til at matproduksjonen blir fortrent

til nye areal for å erstatte det tapte arealet, og dermed klimagassutslepp til dømes frå drenering av myr eller hogging av regnskog. Formålet med direktivet er å ta betre omsyn til klimagassutsleppa frå indirekte arealbruksendringar og å starte ein overgang frå konvensjonelle biodrivstoff produserte av matvekstar til meir avansert biodrivstoff, som gir sikrere og større reduksjonar i klimagassutsleppa. Direktivet er under vurdering for innlemming i EØS-avtala. Gjennomføringsfristen for EU-landa for direktivet er 10. september 2017.

Regjeringa vil vurdere vidare korleis ILUC-direktivet kan gjennomførast i norsk rett og korleis verkemidla for avansert biodrivstoff kan tilpassast avfallshierarkiet. Eventuelle utfordringar knytte til norsk 2030-forpliking, og korleis Finland og Sverige tilpassar seg direktivet, er aktuelle moment i denne vurderinga.

Vurdering av berekrafta ved ulike typar biodrivstoff

Berekraftskriteria for biodrivstoff må vere oppfylte for at biodrivstoffet skal telje med når ein vurderer om omsetjingskravet er oppfylt. Kriteria sikrar ein reduksjon i direkte klimagassutslepp samanlikna med fossilt drivstoff og hindrar at råstoff

til biodrivstoffet blir dyrka på areal som er viktige for biodiversitet eller som lagrar mye karbon. I dag blir det stilt krav om at dei direkte livsløpsutsleppa skal vere 35 pst. lågare enn for fossilt drivstoff. Framover vil dette auke til 60 pst. for nye produksjonsanlegg og 50 pst. for gamle produksjonsanlegg. Utslepp frå indirekte arealbruksendringar blir ikkje rekna med i kravet om utsleppsreduksjon i berekraftskriteria. Desse utsleppa vil heller ikkje bli rekna med i kravet etter ei eventuell innlemming av ILUC-direktivet i EØS-avtala, dei vil berre bli rapporterte inn.

ILUC-direktivet fastset verdiar på ILUC-effektar. Når matproduksjon blir fortrengt til nytt areal, kan det ikkje slåast fast konkret til kva areal. Det er krevjande å måle om matproduksjon faktisk blir fortrengd. I dei tilfella kor matproduksjonen blir halde oppe ved meir effektiv produksjon per areal-eining, eller når brakklagd areal blir teke i bruk, vil det ikkje bli nokon ILUC-effekt. ILUC-effektane må derfor modellerast. Det inneber at det vil vere ei usikkerheit om nøyaktig nivå, at det vil vere variasjon i estimata og at dei vil måtte fastsetjast sjablongmessig. Verdiane, sjå tabell, blir tekne inn i vedlegg i fornybardirektivet og drivstoffkvalitetsdirektivet.

Tabell 9.4 ILUC-verdiar frå ILUC-direktivet

	Gjennomsnittleg ILUC-utslepp (g CO ₂ eq/MJ)	Variasjon i underlagsdata for ILUC-verdiar (g CO ₂ eq/MJ)
Korn og stivelsesrike vekstar	12	8 til 16
Sukkerbete/sukkerrør	13	4 til 17
Oljehaldige vekstar	55	33 til 66

Korn, stivelsesrike vekstar og sukkervekstar blir gjerne brukte til produksjon av bioetanol. Desse råstoffa er estimerte til å gi relativt små ILUC-utslepp. Oljehaldige vekstar blir brukte til produksjon av biodiesel og er estimerte til å gi vesentleg høgare ILUC-utslepp.

Utsleppa frå fossilt drivstoff er estimerte til 83,8 g CO₂eq/MJ i eit livsløpsperspektiv. Kravet i berekraftskriteria inneber at biodrivstoff maksimalt kan gi 52 g CO₂eq/MJ direkte utslepp. Medrekna dei estimerte ILUC-verdiane for oljehaldige vekstar (55 g CO₂eq/MJ) kan dei samla utsleppa frå biodiesel frå oljevekstar derfor bli høgare enn for fossilt drivstoff, sjølv om berekraftskriteria er oppfylte. Tilsvarende gjeld ikkje for bioetanol med desse verdiane. Avansert biodrivstoff produsert av avfall og restar blir ikkje

rekna å gi fare for ILUC-effektar, og gjev gjerne også større reduksjon i dei direkte klimagassutsleppa.

I følge berekraftskriteria blir nest etter avfall og restar, skogsråstoff og anna cellulosehaldig materiale rekna for det mest berekraftige råstoffet til biodrivstoff. Når skog blir hogd, og trevirket blir brote ned eller brent, blir CO₂ frigitt til atmosfæren. Dette blir teke opp igjen når skogen veks til på nytt volum. Innanfor eit berekraftig skogbruk, har Noreg relativt store unyttta ressursar som kan bli nytta til biodrivstoff. Her ligg eit potensial for å nytte meir av råstoffet innanlands til mellom anna biodrivstoff. Klimaeffekten av å bruke skogsråstoff til substitusjon av fossile produkt, blir best om biomassen blir nytta til materialar med lang levetid, og at restmaterialar og

skogsavfall blir nytta til bioenergi/biodrivstoff. Ut-sleppet frå tømmer som blir eksportert blir bok-ført i den norske klimagassrekneskapen.

Forsynings situasjonen for biodrivstoff

Ifølgje Miljødirektoratet vart det i 2015 samla sett rapportert inn 188 mill. liter eller om lag 4,6 pst. biodrivstoff til rapporteringa for omsetjingskravet. Omsetjingskravet var i 2015 på 4,0 pst. for året sett under eitt. Det gjennomsnittlege innblandingsnivået for biodiesel i autodiesel var 6,1 pst., mens innblandingsnivået for bioetanol i bensin var på 1,5 pst. Om lag 90 pst. av omsett biodrivstoff var biodiesel og 10 pst. var bioetanol.

Nesten alt biodrivstoffet (98 pst.) som vart rapportert inn, var framstilt av matvekstar. I underkant av 85 pst. av biodrivstoffet var produsert av raps og rapskake, mens seks prosent av biodrivstoffet var produsert av mais. Dobbelteljande biodrivstoff utgjorde 2 pst. av totalt mengde omsett biodrivstoff. Dette var produsert av brukt frityr-olje og skogsavfall. Om lag 99 pst. av biodrivstoffet var importert. Mest vart importert frå Tyskland (60 pst.) og Frankrike (11 pst.).

I 2016 er omsetjingskravet på 5,5 pst. Omsetjinga av biodrivstoff i 2016 vil først bli rapportert inn pr. 31. mars 2017, og departementet har derfor ikkje detaljert informasjon om denne no. Bransjen opplyste i høyring sommaren 2016 at innblandinga av bioetanol i bensin har auka til om lag 4 pst.

Kvart prosentpoeng delkrav om avansert biodrivstoff krev tilgang på ca. 20 mill. liter. Biodrivstoff blir omsett i ein internasjonal marknad, der det først og fremst er prisen som avgjer mogleg tilgang. I høyringa framkom det at kostnadene ved avansert biodiesel anslås å være 25-50 pst. høgre enn konvensjonell biodiesel. Blant dei største produsentane av avansert biodrivstoff er svenske Preem (ca. 160 mill. liter), finske UPM (ca. 120 mill. liter) og finske Neste (truleg rundt 1100 liter frå ulike typar avfall/restar, men medrekna ukjent del frå palmestoffet PFAD, som i Noreg ikkje lenger blir rekna som avansert råstoff frå 2017). Overslaga er baserte på kjent informasjon om produksjon og er noko usikre. I høyring sommaren 2016 framheva Preem at produksjonskapasitet blir auka kontinuerleg i tråd med etterspørsel. Varsling i god tid legg truleg best til rette for det. Markedet er begrensa og består foreløpig av få aktørar.

I Noreg produserer Borregaard om lag 20 mill. liter bioetanol frå skogsråstoff, av dette 7 mill. liter vassfri kvalitet eigna for drivstoff. Borregaard varsla i september 2016 investeringar for å auke produksjonen. Andre planar for mogleg ny

norsk produksjon kan først og fremst ventast realiserte etter 2020. Biozin (tidlegare Synsel) har likevel opplyst at med investeringsavgjerd i år, er det mogleg at éin fabrikk (120 mill. liter halvfabrikata for biodiesel) står klar i 2020. Dei har også planar for fleire fabrikkar. St1 varsla i august 2016 at dei planlegg ein fabrikk for 50 mill. liter bioetanol på Follum frå 2021. Det finst òg andre planar for norsk produksjon av biodrivstoff, til dømes Silva Green Fuel på Tofte.


Nivå på omsetjingskravet fram mot 2020

Mange EU-land har fastsett nivå på årlege biodrivstoffkrav fram mot 2020. I Noreg har endringar i staden vore forskriftsfesta kort tid før dei har trådt i kraft. Eit hovudformål med å lage ein plan for biodrivstoff fram mot 2020 må vere å bidra til at regelverket blir meir føreseieleg og langsiktig, både for omsetjarar og moglege produsentar og investorar. Det kan gi redusert risiko ved investeringar i nødvendig infrastruktur for distribusjon/lagring og produksjonsanlegg.

Klimaeffekten av biodrivstoff varierer, særleg etter råstoff. Medrekna ILUC-utslepp kan biodiesel frå matvekstar gi høge utslipp, mens bioetanol og avansert biodrivstoff gir sikrere klimaeffekt. Ein plan for bruk av biodrivstoff må også gi reell og sikker utsleppsreduksjon globalt. Òg i lys av EØS-regelverket og signala frå EU om framtidig regelverk, bør det ikkje leggjast opp til auka bruk av biodrivstoff frå matvekstar. Det er i tråd med Stortinget sitt vedtak om ein overgang til avansert biodrivstoff.

Planar for mogleg ny norsk produksjon av biodrivstoff gjeld særleg avansert biodrivstoff frå skog. Det kan gi auka aktivitet i skogrelaterte næringer. Eit delkrav om avansert biodrivstoff kan, i større grad enn ein generell auke i omsetningskravet, bidra til å utvikle ein marknad for avansert biodrivstoff i Noreg. Av klimaforliket framgår det òg at ein skal bidra til å utvikle verdikjeda for avansert biodrivstoff (andregenerasjons biodrivstoff). Dei kjende planane for slik norsk produksjon gjeld i hovudsak for perioden etter 2020.

Regjeringa meiner at ei opptrapping av omsetjingskravet bør skje med avansert biodrivstoff. I dag er produksjonen begrensa, og kostnadene potensielt høye, men usikre. Kravet bør derfor ikkje trappast for raskt opp. Regjeringa meiner at ei opptrapping til opp mot 11 pst. i samla omsetjingskrav, slik Stortinget har skissert, vil vere for rask. Ein meir gradvis auke vil gi tid til å tilpasse produksjon til etterspurnaden og kan dermed òg gi lågare kostnader.



Figur 9.1 Omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtrafikk. Kalenderåra 2009–2020. Prosent

På dette grunnlaget vil regjeringa trappe opp det generelle omsetjingskravet og delkravet for avansert biodrivstoff med 0,5 prosentpoeng pr. år. I 2017 er desse krava på hhv. 7,0 og 1,5 pst. Det generelle omsetjingskravet blir da 7,5 pst. i 2018, 8,0 pst. i 2019 og 8,5 pst. i 2020. Delkravet for avansert biodrivstoff blir tilsvarende 2,0 pst. i 2018, 2,5 pst. i 2019 og 3,0 pst. i 2020.

Denne innrettinga inneber at delen biodrivstoff frå matvekstar som kan brukast til å oppfylle omsetjingskravet, blir halden uendra på 5,5 pst. i perioden fram til 2020. Ved at den vidare opptappinga av omsetjingskravet skjer med avansert biodrivstoff, blir det lagt opp til ein overgang frå biodrivstoff basert på matvekstar til meir avansert biodrivstoff med betre berekraft.

Figuren viser korleis omsetjingskravet med dette vil ha utvikla seg frå det vart innført i 2009 og fram til 2020.

Summen av dei svarte og grå søylene viser utviklinga i det generelle omsetjingskravet frå 2,5 pst. i 2009 til 8,5 pst. i 2020. For 2015, då omsetjingskravet vart auka til 5,5 pst. frå 1. oktober, viser figuren det gjennomsnittlege kravet på 4,0 pst. for året sett under eitt. Dei grå søylene viser delkravet om avansert biodrivstoff i 2017 til 2020. Dei svarte søylene viser dermed maksimal resterande del som kan bli oppfylt gjennom omsetjing av biodrivstoff frå matvekstar.

I utsleppsrekneskapan blir biodrivstoff rekna som nullutslepp på forbrenningsstadiet. Dersom biodrivstoffet blir importert, vil det derfor gi 100

pst. utsleppsreduksjon i transportsektoren. I 2015 vart det alt vesentlege av biodrivstoffet importert (99 pst.). Dersom biodrivstoffet blir produsert i Noreg, vil i tillegg utslepp frå produksjonen bli bokførte som norske utslepp.

Den globale utsleppseffekten vil inkludere utslepp frå produksjonen av importert biodrivstoff. Dersom det blir nytta råstoff som gjev opphav til ILUC-effektar, blir det lagt til grunn at dette i hovudsak vil gi globale utslepp utanfor Noreg.

Regjeringa vektleggjar både de globale og nasjonale utsleppseffektane. Opptappinga av omsetjingskravet er estimert å gi ein reduksjon i norske utslepp på om lag 76 000 tonn CO₂ og globale utslepp samla sett på 60 000 tonn CO₂. Tala gjeld for 2020 samanlikna med om nivået på omsetjingskravet for 2017 vart vidareført.

Til samanlikning er det også rekna på ein modell der det generelle omsetjingskravet blir trappa like raskt opp, men der opptappinga skjer med biodiesel frå matvekstar. Dette er estimert å gi ein reduksjon i norske utslepp på 151 000 tonn CO₂, men ein utsleppsauke globalt på 27 000 tonn CO₂. Hovudgrunnen til auka globale utslepp er indirekte arealbrukseffektar. Det er da lagt til grunn verdien på slike effektar frå ILUC-direktivet.

Opptappinga vil ha kostnader. Som en illustrasjon kan kostnadene reknas med utgangspunkt i dagens marknadsprisar for drivstoff, og høyringsinstansanes anslag på at prisen på avansert biodrivstoff er 25–50 pst. høgare enn for biodiesel frå matvekstar. Meirkostnader for bransjen i 2020

er estimerte til 190–240 mill. kroner samanlikna med 2017. Det utgjer 5–6 øre pr. liter omsett drivstoff ekskl. avgiftsendingar. Dersom meirkostnadene i heilskap blir velta over på forbrukar, vil dette svare til auken i pumpepris. Det må understrekes at anslaget er usikkert.

Målt mot reduserte norske utslepp tilsvarar dette ein kostnad på 2500–3200 kr/tonn CO₂. Teknologiu utvikling kan redusere meirkostnaden over tid. Meirkostnaden avheng òg mellom anna av utviklinga i prisen på fossilt drivstoff. Auka pris på fossilt drivstoff gir lågare meirkostnad ved bruk av biodrivstoff.

Som nemnt over, er det lagt til grunn at hovudformålet med ein plan fram mot 2020 er å bidra til eit meir føreseieleg og langsiktig regelverk. Ei rask og tidleg forskriftsfesting vil byggje opp under dette. Departementet tek derfor sikte på at dei nødvendige forskriftsendingane for å følgje opp planen blir sende på høyring våren 2017, og deretter fastsette i forskrift.

Utviding til avgiftsfri diesel

Med såkalt «avgiftsfri diesel» legg departementet til grunn at Stortinget har meint diesel som ikkje er ilagt vegbruksavgift. Det gjeld mellom anna diesel til anleggs- og landbruksmaskiner. Tyngre kjøretøy er vanskelegare å elektrifisere enn personbilar, og biodrivstoff er pr. i dag for mange tyngre kjøretøy det mest realistiske alternativet for å redusere klimagassutsleppa.

Regjeringa meiner likevel at omsetjingskravet ikkje bør utvidast til å omfatte «avgiftsfri diesel» no. Mange av brukarane har egne drivstofftankar som kan måtte oppgraderast. Kjøretøy og maskiner som blir brukte sesongvis, og dermed blir ståande med innblanda biodiesel over tid, vil kunne få problem med utfelling og bakterievekst, med medfølgjande motorproblem. Tilsetjingar og typar biodiesel som hindrar dette gir høgare kostnader. Samtidig er klimaeffekten av biodiesel uavhengig av om det er avgiftslagt eller avgiftsfri fossil diesel som blir erstatta. Dersom virkeområdet for kravet blir utvida samtidig som prosentsatsane i kravet blir haldne uendra, kan dette òg gi auka omsetjing av biodiesel frå matvekstar, som kan gi høgare utslepp enn fossilt drivstoff medrekna ILUC-effektar.

Regjeringa vil derfor ikkje utvide omsetjingskravet til å omfatte avgiftsfri diesel i perioden fram til 2020. Ei slik utviding bør heller vurderast på lengre sikt. Kostnadene må avgjere eit eventuelt omsetjingskrav etter 2020. Regjeringa vil setje i

gang eit arbeid for å vurdere kostnadene ved å utvide omsetjingskravet til òg å gjelde avgiftsfri diesel nærare.

Departementet viser òg til at ikkje-veggåande maskiner allereie er omfatta av kravet frå drivstoffkvalitetsdirektivet om reduserte utslepp pr. energieining i 2020.

Vurdering av høva til å innføre E10

I dag er det blanda inn 5 pst. etanol i bensin (E5) som blir selt i det meste av Noreg. E5 kan brukast av alle bilar. Frå 2017 vil det gjelde eit delkrav i omsetjingskravet om 4,0 pst. biodrivstoff til veggåande bensinkjøretøy, som er venta å vere på nivå med dagens innblanding av bioetanol i bensin for landet sett under eitt.

I fleire land er det òg innført E10 (10 pst. etanol i bensin). Dette gjeld mellom andre Finland, Tyskland og Frankrike. E10 kan brukast av bilar produserte i 2001 og seinare.

I motsetnad til biodiesel frå matvekstar, gjev bioetanol rimeleg sikker reell klimaeffekt. Innføring av E10 vil gi eit høgare nivå på omsett bioetanol. Innanfor eit uendra omsetjingskrav samla sett, vil denne bioetanolen erstatte biodiesel.

Regjeringa er i utgangspunktet positiv til ei innføring av E10. Slik innføring vil likevel krevje ein del førebuingar, og E10 bør derfor ikkje innførast før om noen år. Norsk petroleumsinstitutt har overfor departementet framheva at ei implementering for heile landet vil ta 1–3 år. Bransjekarar har framheva at det er formålstenleg at innføring av E10 skjer ved at det blir implementert som ein bransjestandard for bensin, og at dette blir gjort i samarbeid med bilimportørane. Kommunikasjonen med bileigarar vil truleg vere viktig for å sikre ein god overgang til E10 som hovudprodukt for bensinbilar.

Regjeringa meiner derfor det bør siktast mot 2019 for å gi bransjen tilstrekkeleg tid. Kostnadene er òg usikre, fordi det ikkje er klart om og i tilfelle i kva grad E10 vil krevje tilpassing av tankar og ny infrastruktur på depot. Erfaringane i andre land bør òg vurderast nærare. Innføring av E10 bør derfor utgreiast vidare før det blir teke endeleg stilling.

Regjeringa meiner samtidig at det ikkje bør innførast krav om ein sikringsstandard, det vil seie krav om å tilby E5 i tillegg. Ein bil er i gjennomsnitt om lag 19 år på vegen. I 2019 eller seinare vil det då venteleg vere relativt få bilar som framleis treng E5 (bilar frå 2000 eller tidlegare). Eit krav om ein sikringsstandard er vurdert å på-

leggje bransjen unødvendige meirkostnader. Kva bensinstasjonar som framleis skal tilby E5, bør vere opp til bransjen og marknaden, til dømes som for 98-oktan bensin i dag.

Perioden etter 2020

Det norske regelverket for biodrivstoff heng nøye saman med EØS-regelverket. Gjeldande regelverk i fornybardirektivet og drivstoffkvalitetsdirektivet vil truleg gjelde fram til 2020. Kommisjonen har skissert at eit forslag til revidert fornybardirektiv for perioden etter 2020 vil bli lagt fram i desember 2016. Innhaldet i dette er ikkje kjent no. I meldinga om ein europeisk strategi for lågutsleppsmobilitet frå Kommisjonen i juli 2016 indikerer dei at matbasert biodrivstoff vil ha ein avgrensa rolle i arbeidet med å nå ein utsleppsfri transportsektor framover og at slikt drivstoff ikkje bør få stønad frå det offentlege etter 2020. Kommisjonen viser til at dei vil legge til grunn økt bruk av avansert biodrivstoff i sitt arbeide med å revidere dagens regelverk på drivstoff og alternativ energi. Dei vil også vurdere effektane og utviklinga av marknaden for avansert biodrivstoff nøye.

I februar 2016 mottok Samferdselsdepartementet eit grunnlagsdokument for Regjeringas arbeid med ny Nasjonal transportplan (NTP) frå transportetatane og Avinor. Gjennom retningslinjene til transportetatane bestilte regjeringa – for første gong i NTP-samanheng – ein klimastrategi. Klimastrategien viser at det ifølgje transportetatane er potensial for å redusere utsleppa frå transport med 50 pst. i 2030, samanlikna med dagens nivå. Regjeringa har ikkje behandla innspelet frå transportetatane no, men klimastrategien vil utgjere eit viktig bidrag i regjeringas arbeid med NTP 2018–2029. Forslaget i klimastrategien er basert på at ein stor del av utsleppsreduksjonane må gjerast moglege av biodrivstoff. Ein overgang til biodrivstoff med betre berekraft bør vere ein føresetnad for eit slikt scenario.

Regjeringa meiner det er for tidleg å gi nærare signal om retning etter 2020 no. Ei eventuell vidare utfasing av biodrivstoff frå matvekstar vil måtte vurderast i lys av revidert fornybardirektiv, NTP, marknadsforhold for avansert biodrivstoff, kostnader og norsk klimaforplikting for 2030.

Oppsummering

Regjeringa vil trappe opp det generelle omsetjingskravet gradvis, frå 7,0 pst. i 2017 til 8,5 pst. i

2020. Delkravet for avansert biodrivstoff blir trappa opp i takt med dette, frå 1,5 pst. i 2017 til 3,0 pst. i 2020.

Regjeringa vil i perioden fram til 2020 ikkje utvide omsetjingskravet til diesel som ikkje er ilagt vegbruksavgift. Det vil bli sett i gang eit vidare arbeid for å vurdere kostnadene ved å utvide omsetjingskravet til slikt drivstoff.

Regjeringa vurderer å innføre E10 i 2019. Krav om ein sikringsstandard i tillegg til E10 blir ikkje innført.

Regjeringa vil vurdere vidare korleis ILUC-direktivet kan gjennomførast i norsk rett og korleis verkemidla for avansert biodrivstoff kan tilpassast avfallshierarkiet.

Delen biodrivstoff frå matvekstar i omsetjingskravet blir halden uendra på maksimalt 5,5 pst. fram til 2020. Eventuell vidare utfasing av biodrivstoff frå matvekstar etter 2020 vil måtte vurderast i lys av revidert fornybardirektiv, Nasjonal transportplan 2018–2029, marknadsforholda for avanserte biodrivstoff, kostnader og norsk forplikting for 2030.

Klima- og miljødepartementet tek sikte på at dei nødvendige forskriftsendringane for å følgje opp planen blir sende på høyring våren 2017.

Vedtaka blir med dette sett på som følgde opp.

Vurdering av GMO – vedtak nr. 507, 28. april 2015

Ein viser til Stortingets oppmoding til regjeringa av 28. april 2015:

«Stortinget ber regjeringen sikre en saksbehandling av GMO-saker som i praksis innebærer at hver GMO blir vurdert opp mot genteknologiloven, og som avklarer om det skal legges ned forbud før GMO-en eventuelt blir lovlig å omsette i Norge.»

Klima- og miljødepartementet og aktuelle departement vil utarbeide nye, forenkla og effektive rutinar for saksbehandlinga som inneber at norske instansar berre blir involverte ein gong, i staden for to gonger som i dag. Dette skal sikre ei forsvarleg og føreseieleg saksbehandling av alle GMO-ar, der føremålet er at direktivgodkjente GMO-ar ikkje vil bli tillatne å omsetje i Noreg før dei er vurderte etter genteknologilova. Ein tek sikte på at eit eventuelt vedtak som forbyr GMO-ar skal kunne fattast av norske styresmakter straks etter vedtak i EU.

EØS-avtala

Noreg er gjennom EØS-avtala tilslutta EUs godkjenningssprosedyrar for utsetjing av levande GMO etter utsetjingsdirektiv 2001/18. I EU er utsetjing av GMO-ar regulert både av direktiv 2001/18 og forordning 1829/2003. Direktivet er implementert i norsk rett gjennom genteknologilova, mens forordninga foreløpig ikkje er teken inn i EØS-avtala eller norsk rett. Norske styresmakter legg opp til at GMO-ar godkjende etter forordninga vil krevje eksplisitte ja-vedtak frå norsk side for å vere tillatne. Ei slik framtidig tilpassing til EØS-avtala vil sikre at GMO godkjent i EU under forordninga ikkje vil vere godkjent i Noreg utan å vere i tråd med norsk regelverk.

I oppmodingsvedtaket ber Stortinget regjeringa om å sikre ei saksbehandling som inneber at Noreg avklarar om det skal leggjast ned forbod *før* ein GMO eventuelt blir lovleg å omsetje i Noreg. Utfordringa har vore at ein GMO som blir godkjent etter utsetjingsdirektivet automatisk er tillaten omsett i Noreg, med mindre det blir lagt ned eit nasjonalt forbod.

Norsk regelverk

Genteknologilova regulerer alle levande GMO-ar, uavhengig om det dreier seg om utsetjing eller inneslutta bruk. Med utsetjing i loven sin forstand er meint all bruk utanfor laboratoriefasilitetar. Dette betyr ikkje berre dyrking av ei genmodifisert plante på jordet, men også omsetjing, handel og transport av levande GMO-ar er regulert av genteknologilova. Praksis i Noreg er at døde («prosesserte») genmodifiserte varer til mat og fôr blir behandla under matlova. Matlova heimlar behandling av all mat og fôr, både levande og prosessert. For tida er dei fleste GMO-søknader til behandling i EU/EØS-området for genmodifiserte planter til bruksområda industriell prosessering, mat og fôr, ikkje dyrking.

Oppfølging av oppmodingsvedtaket

Klima- og miljødepartementet meiner at oppfølginga av Stortingets oppmodingsvedtak ikkje krev lovendring. Klima- og miljødepartementet og aktuelle departement vil likevel endre saksbehandlinga slik at eit nasjonalt vedtak kan fattast straks etter at EU har teke si avgjerd. For GMO-søknader som blir behandla etter EUs utsetjingsdirektiv, er det i dag to rundar med saksbehandling som inkluderer norske instansar. Det skjer først ei parallell saksbehandling med EU og deretter nok

ei saksbehandling i Noreg etter at EU har godkjent ein GMO. Hovudtyngda av saksbehandlinga hos norske instansar skjer etter at EU har godkjent ein GMO. Enkelte, som Bioteknologirådet, Vitskapskomiteen for mattryggleik (VKM), Mattilsynet og Miljødirektoratet, er involverte opptil fleire gonger i prosessen.

Dei nye rutineane inneber at for GMO-ar som følgjer eit saksbehandlingsløp etter utsetjingsdirektivet, kan nasjonale vurderingar gjerast før EU har fatta sine vedtak. Dagens involverte instansar, som Vitskapskomiteen for mattryggleik, Bioteknologirådet og Mattilsynet, vil i all hovudsak bli involverte berre ein gong. Miljødirektoratet vil framleis ha den koordinerande rolla i saksbehandlinga og ei eventuell avgjerd om nasjonalt forbod blir teken av norske styresmakter straks etter vedtak i EU.

Denne presenterte prinsippskissa inneber ei betydeleg forenkling og effektivisering i forhold til dagens ordning, samtidig som direktivgodkjente GMO-ar ikkje kan bli tillatne i Noreg før dei er vurderte opp mot genteknologilova. Regjeringa arbeider no vidare med detaljane i forslaget. Det kan bli aktuelt med andre forvaltningsmodellar for behandling av GMO når forordning 1829/2003 med tilhøyrande tilpassingstekst blir teken inn i EØS-avtala.

Oppfølging av oppmodingane i Parisavtala – vedtak nr. 896, 14. juni 2016

«Stortinget ber regjeringa - på egnet måte innen våren 2017 - lege fram for Stortinget en oppsummering av de oppfordringene Parisavtalen og Paris-beslutningen inneholder, og en oversikt over hvordan oppfordringene skal følges opp videre.»

Til oppmodinga om langsiktige lågutsleppstrategiar har Stortinget bedt Regjeringa om å gjennomføre ein prosess med sikte på å leggje fram ei sak for Stortinget, og ber Regjeringa komme nærare tilbake til gjennomføringa av denne prosessen i samband med statsbudsjettet for 2015.

Regjeringa visar til Parisavtalas oppmoding om å formulere og melda inn nasjonale langsiktige lågutsleppsstrategiar innan 2020. Regjeringa vil følge opp denne oppmodinga ved å fremme ein slik strategi i god tid innan fristen. Strategien bør sjåast i samanheng med andre pågåande prosesser på klimaområdet.

I Prop. 115 S (2015–2016) om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala blei hovudtrekka i avtala

presenterte. I tillegg til sjølve Parisavtala fatta klimakonferansen også andre avgjerder. Parisvedtaket inneheld av-gjerder om kva som skal skje før Parisavtala trer i kraft, omtaler element som ikkje er ein del av sjølve avtala og gir fleire detaljar til nokre av av-gjerdene i Parisavtala. Parisavtala er den første avtala der plikter og oppmodingar gjeld

for både industriland og utviklingsland. Noreg har alt følgt opp fleire av oppmodingane som i-lands-part i FNs klimakonvensjon og Kyotoprotokollen.

I del III, i tabell 9.4 og 9.5 følgjer ei oppsummering av oppmodingane i Parisavtala og ei oversikt over korleis oppmodingane skal følgjast opp vidare.

Tabell 9.5 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisavtala og planlagt norsk oppfølging

Artikkel i Parisavtala	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
Fortale	Menneskerettar	Som stadfestar at klimaendring er eit felles omsyn for menneskeslekta, bør partane, når dei set i verk tiltak mot klimaendring, respektere, fremje og vurdere menneskerettane dei respektive partane har bunde seg til, rett til helse og rettar for urfolk, migrantar, barn, funksjonshemma og menneske i sårbare situasjonar, og retten til utvikling, kvinners rettar og rettferd mellom generasjonane.	Vil bli følgt opp på dei respektive områda. Regjeringa har forplikta seg til at menneskerettane skal stå sentralt i klima- og miljøpolitikken, jf. Meld. St. 10 (2014–2015) «Muligheter for alle – menneskerettighetene som mål og middel i utenriks- og utviklingspolitikken».
4.4	Utsleppsreduksjonar	I-landspartar bør halde fram med å ta leiinga ved å ta på seg absolutte mål for utsleppsreduksjonar som dekkjer heile økonomien. U-landspartar bør halde fram med å auke innsatsen sin for reduserte klimagassutslepp, og dei blir oppmuntra over tid til å gå i retning av mål for utsleppsreduksjonar eller avgrensing som dekkjer heile økonomien sett i lys av ulike nasjonale tilhøve.	Gjennomført. Noregs indikative nasjonalt fastsette bidrag under Parisavtala (2030-målet) er eit absolutt mål som dekkjer heile økonomien og Noregs eksisterande plikter under Kyotoprotokollen (2020-målet) er på same lest.
4.19	Utsleppsreduksjonar	Alle partar bør søkje å formulere og melde inn langsiktige strategiar for lågutslepp av klimagassar i det dei tek omsyn til artikkel 2, og sett på bakgrunn av deira felles, men differensierte ansvar og respektive mo-gelegheiter, sett i lys av ulike nasjonale tilhøve.	Regjeringa vil fremje ein langsiktig lågutsleppsstrategi i god tid før 2020. Ein slik strategi bør sjåast i samheng med andre pågåande prosessar på klimaområdet, og regjeringa vil identifisere ein eigna prosess for å utforme strategien.
5.1	Utsleppsreduksjonar (arealbruk og skog)	Partane bør setje i verk tiltak for å ta vare på og der det er formålstenleg styrkje reservoar og opptak av klimagassar som nemnt i artikkel 4, 1. ledd bokstav d) i Klimakonvensjonen, medrekna skogar.	Vil bli følgt opp gjennom skogarbeidet, både nasjonalt og internasjonalt. Noreg er gjennom klima- og skoginitiativet leiande i verda hva gjeld støtte til å ta vare på skog i utviklingsland.

Tabell 9.5 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisavtala og planlagt norsk oppfølging

Artikkel i Parisavtala	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
5.2	Utsleppsreduksjonar (arealbruk og skog)	Partane blir oppmoda til å setje i verk tiltak for å gjennomføre og støtte, mellom anna gjennom resultatbasert betaling, det eksisterande rammeverket som er fastsett i tilknytt rettleiing og avgjerder alleie vedtekne under Klimakonvensjonen for: politikktilnærmingar og positive insitament for reduksjon av utslepp frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, og medrekna rolla til bevaring, berekraftig skogforvaltning og styrking av karbonlagra i skog og andre politikktilnærmingar som heilskapleg og berekraftige skogforvaltning som integrerer utsleppsreduksjonar og klimatilpassing, og samtidig stadfestar at det er viktig å nytte positive insitament der det er formålstenleg for gevinstar utanom karbon knytt til slike tilnærmingar.	Vil bli følgd opp gjennom det internasjonale klima- og skoginitiativet. Noreg har vore ein pådrivar i utforminga av rammeverket for REDD+ som denne artikkelen omhandlar. Gjennom klima- og skoginitiativet betaler Noreg allereie for oppnådde resultat i samsvar med det internasjonale rammeverket, og vil i åra som kjem i stadig større grad betale for oppnådde verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Sjå programområde 12.70 for nærare omtale av klima- og skogsatsinga og den strategiske innretninga.

Tabell 9.5 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisavtala og planlagt norsk oppfølging

Artikkel i Parisavtala	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
7.7	Tilpassing	<p>Partane bør styrkje samarbeidet om å auke innsatsen for tilpassing, i det det blir teke omsyn til Cancun-rammeverket for tilpassing, mellom anna med omsyn til å:</p> <p>(a) dele informasjon, god praksis, erfaringar og lærdommar, medrekna, der det er aktuelt, tilknytt vitskapleg kunnskap, planlegging, politikk og gjennomføring av tiltak for tilpassing</p> <p>(b) styrkje institusjonelle ordningar, og ordningane som tener denne avtala, for å støtte samanstilling av relevant informasjon og teknisk støtte og rettleiing gitt til partane</p> <p>(c) styrkje den vitskaplege kunnskapen om klimaet, medrekna forskning, systematisk observasjon av klimasystemet og system for tidleg varsling, på ein måte som styrkjer klimatenestene og støttar opp under avgjerder</p> <p>(d) støtte u-landspartar med å identifisere effektiv tilpassingspraksis, behov for prioriteringar innan tilpassing, støtte som blir gitt og motteken til tiltak og innsats for tilpassing, og utfordringar og manglar, på ein måte som er eigna til å fremje god praksis</p> <p>(e) gjere tiltaka for tilpassing meir effektive og varige.</p>	<p>Vil bli vurdert i årlege budsjett og følgt opp gjennom Noregs nasjonale rapportering til klimakonvensjonen. Noreg støttar regionalt samarbeid gjennom tilskot til multilaterale organisasjonar.</p>
7.10	Tilpassing	<p>Kvar part bør leggje fram og jamleg oppdatere ein formålstenleg tilpassingskommunikasjon, som kan inkludere prioriteringane, gjennomføring og behov for støtte, planar og tiltak, utan å skape nokon tilleggsbyrde for u-landspartar.</p>	<p>Noreg rapporterer allereie om tilpassing i eit eige kapittel i vår nasjonale rapport til FNs klimakonvensjon.</p>

Tabell 9.5 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisavtala og planlagt norsk oppfølging

Artikkel i Parisavtala	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
9.3	Finansiering	Som del av ein global innsats bør i-landspartar halde fram med å ta leiinga i å mobilisere klimafinansiering frå eit breitt spekter av kjelder, instrument og kanalar, i det ein merker seg den viktige rolla offentlege middel spelar, gjennom ei rekkje tiltak, medrekna støtte til landdrivne strategiar og at det blir teke omsyn til behova og prioriteringane til u-landspartar. Slik mobilisering av klimafinansiering bør utgjere ein progresjon utover tidlegare innsats.	Noreg er ein stor givar av klimafinansiering internasjonalt. Oppmodinga vil bli vurdert i dei årlege budsjetta.
11.3	Kapasitetsbygging	Alle partar bør samarbeide om å se- tje u-landspartar betre i stand til å gjennomføre denne avtala. I-landspartar bør auke støtta si til kapasitetsbygging i u-landspartar.	Vil bli vurdert i dei årlege budsjetta.
13.8	Måling og rapportering	Kvar part bør også gi formålstenleg informasjon knytt til verknader av klimaendringar og tilpassing etter artikkel 7.	Noreg rapporterer allereie om klimaendring og tilpassing i eit eige kapittel i vår nasjonale rapport til FNs klimakonvensjon.

I tabell 9.5 følgjer ei oppsummering av oppmodingane i Parisavgjerda og ei oversikt over korleis oppmodingane skal følgjast opp vidare.

Tabell 9.6 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisvedtaket og planlagt norsk oppfølging

Paragraf i Parisvedtaket	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
5	Generelt	Godtar at partane til Klimakonvensjonen kan etterleve alle avgjerdene i Parisavtala på foreløpig basis før den tek til å gjelde og ber partane om å informere om slik foreløpig etterleving til depositaren.	Mest aktuelt for partar som ikkje har plikter i dag. Noreg har alt plikter under Kyotoprotokollen (2020-målet) og det er rekna med at Parisavtala trer i kraft før Noregs nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030 tek til å gjelde. Regjeringa arbeider for at fleire land ratifiserer avtala raskt.
15	Finansiering	Gjente oppmodinga til i-landspartar, dei operasjonelle einingane til finansieringsmekanismen og ein kvar annan organisasjon som er i stand til det, om å gi støtte til førebuingane og innmeldinga av dei indikative nasjonalt fastsette bidraga til partar som kan trenge slik støtte.	Noreg gir støtte til slike førebuingar hos u-landspartar gjennom fleire internasjonale initiativ.

Tabell 9.6 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisvedtaket og planlagt norsk oppfølging

Paragraf i Parisvedtaket	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
36	Utsleppsreduksjonar	Inviterer partane til å melde inn til sekretariatet innan 2020 langsiktige strategiar for lågutsleppsutvikling i samsvar med artikkel 4.19 i avtala, og ber sekretariatet om å leggje ut strategiane for lågutsleppsutvikling til partane på UNFCCC's heimeside, slik dei er melde inn.	Sjå òg omtala av artikkel 4.19 i avtalen ovanfor: Stortinget har bedt regjeringa om å gjennomføre ein prosess med sikte på å leggje fram ei sak for Stortinget og ber regjeringa komme nærare tilbake til gjennomføringa av denne prosessen i samband med statsbudsjettet for 2015 (Innst. 407 S (2015–2016)).
45	Tilpassing	Ber partane om å styrkje regionalt samarbeid om tilpassing der det er føremålstenleg og når det er naudsynt etablere regionale senter og nettverk, særleg i utviklingsland, med omsyn til vedtak 1/CP.16, paragraf 13.	Noreg støttar regionalt samarbeid gjennom tilskot til multilaterale organisasjonar.
54	Finansiering	Vedtar også, i samsvar med artikkel 9, paragraf 3 i avtala at industriland har som mål å halde fram deira eksisterande kollektive mobiliseringsmål til og med 2025 innanfor ramma av meiningsfylte tiltak for utsleppsreduksjonar og måling og rapportering av gjennomføring; etablere eit nytt kollektivt, kvantitativt mål opp frå eit golv på USD 100 milliardar per år før partskonferansen for Parisavtala i 2025, med omsyn til behova og prioriteringane til utviklingsland.	Noreg er ein stor givar av klimafinansiering internasjonalt og vil delta aktivt i førebuingane av eit nytt, kollektivt finansieringsmål frå 2025.
83	Kapasitetsbygging	Ber alle partar om å sikre at utdanning, opplæring og folkeleg merksend, som reflektert i artikkel 6 i Klimakonvensjonen og artikkel 12 i avtala er tilstrekkeleg teke omsyn til i deira bidrag til kapasitetsbygging.	Vil bli vurdert i samband med Noregs bidrag til internasjonal kapasitetsbygging.
106 a)	Utsleppsreduksjonar før 2020	Tilrår alle partar til Kyotoprotokollen som ikkje allereie har gjort det, om å ratifisere og gjennomføre Doha-tillegget til Kyotoprotokollen.	Gjennomført. Noreg har ratifisert Kyotoprotokollens andre avtaleperiode (Doha-tillegget).
106 e)	Utsleppsreduksjonar før 2020	Tilrår alle partar om å delta i dei eksisterande prosessane under Cancun-avtala for rapportering og verifikasjon, i rett tid og med sikte på å vise framdrift i gjennomføringa av deira lovnader om reduserte utslepp.	Mest aktuelt for partar som ikkje har plikter under Kyotoprotokollen. Noreg følgjer opp alle våre plikter til rapportering og verifikasjon.

Tabell 9.6 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisvedtaket og planlagt norsk oppfølging

Paragraf i Parisvedtaket	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
107	Utsleppsreduksjonar før 2020	Oppmuntre partane om å fremje frivillig kansellering frå partane og aktørar som ikkje er partar, utan å telje dobbelt einingar som er skrivne ut under Kyotoprotokollen, inkludert stadfesta utsleppsreduksjonar som er gyldige under den andre avtaleperioden.	
108	Måling og rapportering før 2020	Tilrår partar som er vertar og kjøparar om å rapportere på ein open måte om internasjonalt overførte resultat frå utsleppsreduksjonar, inkludert resultat nytta til å møte internasjonale lovnader, og einingar for utsleppsreduksjonar skrivne ut under Kyotoprotokollen med sikte på å fremje miljømessig integritet og å unngå dobbeltteljing.	Noreg følgjer alle våre plikter til rapportering og verifikasjon. Noreg vil vere ein aktiv pådrivar for godt regelverk for dei nye fleksible mekanismane under Parisavtala: Noreg vil leggje særleg vekt på reglar og sikre at det å telje utsleppsreduksjonar dobbelt (både i vertspart og kjøpar) ikkje skal kunne skje og at internasjonalt overførte resultat frå utsleppsreduksjonar fremjar miljømessig integritet.
110a)	Måling og rapportering før 2020	Oppmuntrar partar, konvensjonsorgan og internasjonale organisasjonar om å delta i denne prosessen, inkludert i samarbeid med aktørar som ikkje er partar der det er føremålstenleg, for å dele deira erfaringar og forslag, inkludert frå regionale arrangement og samarbeide om å leggje til rette for gjennomføring av politikk, praksis og tiltak som blir identifisert i denne prosessen i samsvar med nasjonale berekraftige utviklingsprioriteringar.	Vil bli følgt opp i det vidare arbeidet med Parisavtala.

Tabell 9.6 Oppsummering av dei viktigaste oppmodingane i Parisvedtaket og planlagt norsk oppfølging

Paragraf i Parisvedtaket	Tema	Oppmoding	Planlagt norsk oppfølging
115	Finansiering og kapasitetsbygging før 2020	Vedtar å styrkje tilgangen på rask og tilstrekkeleg finansiering og støtte til teknologi og kapasitetsbygging frå i-landspartar for å styrkje partane sine ambisjonsnivå før 2020, og i denne samanhengen tilrår sterkt at i-landspartar skalerer opp sine nivå på finansieringsstøtta med eit konkret vegkart for å nå målet i FCCC/CP/2015/1.9/Rev. 1 17 om saman å gi USD 100 milliardar årleg innan 2020 for utsleppsreduksjonar og tilpassing, samtidig som finansiering til tilpassing blir auka betydeleg frå nivået i dag og vidare gi passande støtte til teknologi og kapasitetsbygging.	Noregs er ein stor givar av klimafinansiering internasjonalt. Nivået på norsk klimafinansiering vil bli vurdert i dei årlege budsjetta.
119	Generelt (før 2020)	Oppmuntrar partar å arbeide tett med aktørar som ikkje er partar for å katalysere arbeidet med å styrkje tiltaka for utsleppsreduksjonar og tilpassing.	Vil bli følgt opp i det vidare arbeidet med Parisavtala.
124	Generelt (før 2020)	Inviterer alle interesserte partar og relevante organisasjonar om å gi støtte til arbeidet til pådrivarane som er omtalt i paragraf 122 over. (I paragraf 122 vedtek partane at to høgnivåpådrivarar skal bli utnemnde for å leggje til rette for auka innsats i perioden 2016–2020).	Vil bli følgt opp i det vidare arbeidet med Parisavtala.

Felles oppfylgning av 2030-forpliktinga med EU

I samband med behandlinga av Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring – energipolitikken mot 2030 gjorde Stortinget følgjande vedtak, jf. vedtak 868 og 888 i Innst- 401 S (2015-2016):

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2017 – etter at EU-kommisjonens forslag til innsatsfordeling for ikke-kvotepliktig sektor er lagt frem – synliggjøre utslippsbaner for de enkelte sektorer innenfor ikke-kvotepliktig sektor. Fremleggelsen må omtale målsettinger for hver enkelt sektor basert på en vurdering av hva dette forslaget vil innebære for Norge.»

«Stortinget ber regjeringen i utarbeidelsen av ny klimalov om årlig å synliggjøre utslippsbaner for de ulike områdene innenfor ikke-kvotepliktig sektor, og hvilke type tiltak som vil være nødvendig for å nå disse målene.»

Oppmodingsvedtak 888 vil bli følgt opp i samband med klimalova. Den årlege omtala av kor vi skal vere i 2030, og korleis vi kjem oss dit, vil vere meir omfattande frå og med neste års budsjett. I dette avsnittet følgjer Regjeringas svar på Stortingets vedtak 868, jf. over. Ein tilsvarande tekst finst i Nasjonalbudsjettet 2017.

Det norske 2030-målet for ikkje kvotepliktig sektor, som Noreg vil få ved ei felles oppfylgning med EU, vil etter alt å døme kunne nåast med ein kombinasjon av utsleppsreduksjonar nasjonalt og

utnytting av fleksibiliteten for samarbeid med andre europeiske land om utsleppsreduksjonar. Dette er i tråd med Meld St 13 (2015-2015) der det går fram at utsleppa i Noreg skal reduserast fram mot 2030, og at Noreg vil nytte fleksibiliteten i EU-regelverket på lik linje med EU-land. Berekningar frå SSB viser at samarbeid om utsleppsreduksjonar kan redusere kostnadene ved å nå klimamålet for 2030. Balansen mellom tiltak i Noreg og ute må blant anna vurderast ut frå EU-regelverket og Noregs mål for utsleppsreduksjonar i ikkje kvotepliktig sektor, og potensialet for utsleppsreduksjonar i Noreg og kostnader ved innanlandske reduksjonar og ved bruk av EU-intern fleksibilitet. Av omsyn til ein mest mogeleg effektiv klimapolitikk for Europa som heilskap er det positivt at regelverket legg til rette for fleksibilitet og samarbeid mellom europeiske land om utsleppsreduksjonar. Det er likevel usikkert om enkeltland som reduserer utsleppa meir enn målalet vil ønskje å selje overskotet sitt og i tilfelle til kva pris. Det er eit overordna mål for Regjeringa at norske utslepp skal reduserast mot 2030. Vurderinga av kva type tiltak som skal setjast i verk nasjonalt, må òg vurderast i lys av målet om at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050. Politikken nasjonalt skal leggje til rette for ei langsiktig omstilling av samfunnet i klimavennleg retning. Eit slikt langsiktig perspektiv inneber ei krevjande omlegging av den norske økonomien. Utvikling og bruk av lågut-sleppsteknologi er viktig for omstilling i klimavennleg retning. Samtidig kan det ta tid før viktige investeringar i teknologiutvikling og omstilling i Noreg gir resultat i form av konkrete utsleppsreduksjonar. Noreg vil parallelt med utvikling av nasjonale verkemiddel, ta sikte på å samarbeide med andre europeiske land om utsleppsreduksjonar. Det vil i sin tur òg medverke til at dei europeiske landa samla reduserer utsleppa til ein lågare kostnad. Regjeringas klimapolitikk er nærare omtalt i del I og II av KLDs budsjettproposisjon, i Meld. St. 1 (2016–2017) Nasjonalbudsjettet og i Prop. 1 LS (2016–2017) Skatter, avgifter og toll.

Felles oppfyljing av klimamålet for 2030 med EU

Noreg er i dialog med EU om ei avtale om felles oppfyljing av klimamåla for 2030. Ei slik avtale mellom EU og Noreg vil ha ulike implikasjonar for kvotepliktig og ikkje kvotepliktig sektor. Kvotepliktig sektor omfattar utslepp frå landbasert industri, petroleumsverksemda og luftfart. Ikkje kvotepliktig sektor omfattar utslepp frå transport, jordbruk, oppvarming av bygg, avfallshandtering og ein del andre mindre kjelder. Ei avtale vil inne-

bere at Noreg vil medverke til gjennomføring av utsleppsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EU sitt kvotesystem (kvotepliktig sektor). Noreg vil òg medverke til utsleppsreduksjonar i ikkje kvotepliktig sektor, der dei samla utsleppa i EU skal ned med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er naudsynt for å få til dette, skal fordelast mellom landa gjennom bindande nasjonale utsleppsmål. Måla til kvart land er i spennet 0 til 40 pst. Fordelinga vert gjort ut frå BNP per innbyggjar, der landa med høgast BNP får dei høgaste måla, justert ut frå omsynet til kostnadseffektivitet, slik at måla til landa med høgast kostnader knytt til å kutte eigne utslepp, vert lågare. Regjeringa legg til grunn at Noreg vil få eit nasjonalt utsleppsmål for ikkje kvotepliktig sektor på linje med samanliknbare EU-land. EU-kommisjonen sitt forslag opnar for at landa kan nytte såkalla fleksible mekanismar til å oppfylle måla i ikkje kvotepliktig sektor. Noreg vil nytte denne fleksibiliteten på lik linje med EU-landa.

EU-kommisjonens forslag til innsatsfordeling

EU-kommisjonen la 20. juli fram forslag til utsleppsmål for ikkje kvotepliktig sektor for dei ulike EU-landa. Reglar for fleksibilitet og for bokføring av utslepp og opptak frå landsektoren (skog), vart òg lagt fram. Dei høgaste måltala for ikkje kvotepliktig sektor får Luxembourg og Sverige med 40 pst. Deretter følgjer Danmark og Finland med ein reduksjon på 39 pst., Tyskland med 38 pst. og Storbritannia og Frankrike med 37 pst., jf. figur 1. Utsleppsmåla gjeld heile ikkje kvotepliktig sektor, og forslaget legg ingen føringar på i kva delar av ikkje kvotepliktig sektor tiltak må setjast inn for å nå måla. Det er opp til det enkelte land.

Forslag til måltal for 2030 vil bli omgjort til eit budsjett for heile perioden 2021-2030, med oppgjer kvart femte år. Sanksjonar inntreff dersom land ikkje leverer nok utsleppseiningar til oppgjer. Dersom eit land ligg an til å ikkje ha nok utsleppseiningar å levere kvart femte år i dei årlege utsleppsrapporteringane, vil EU be om ein plan for korleis landet planlegg å oppfylle målet. Desse reglane vil gjelde både for Noreg og det enkelte EU-land.

Kommisjonen peiker på at gjeldande regelverk opnar for stor grad av samarbeid om utsleppsreduksjonar mellom land og foreslår ikkje store endringar. Til no er ikkje denne moglegheita nytta av EU-landa. Regjeringa legg til grunn at Noreg vil få same høve til å bruke denne moglegheita til å samarbeide om utsleppsreduksjonar som EU-landa. Det er uvisst om enkeltland som reduserer

utsleppa meir enn måttalet vil ønske å selje eit slikt overskot, om dei ønskjer å selje til Noreg og i tilfelle til kva pris. For å auke kostnadseffektiviteten i måloppnåinga foreslår Kommisjonen to nye alternativ for fleksibilitet. For det første skal små land med høge nasjonale utsleppsmål få moglegheit til å nytte eit avgrensa tal kvotar frå EUs kvotesystem for å nå målet for ikkje kvotepliktig sektor. I tillegg foreslår Kommisjonen ein avgrensa bruk av kredittar frå tiltak i skog- og arealbrukssektoren, men at moglegheita til å nytte slike kredittar må sjåast i samanheng med landa sine utslepp frå jordbruket.

Kommisjonen erkjenner òg at det i jordbruket og arealbrukssektoren er eit lågare reduksjonspotensiale og at mål om matsikkerheit og klimamåla må sjåast i samanheng.

EU-kommisjonen har lagt fram berekningar som viser at EU-landa sett under eitt kan nå 2030-målet for ikkje kvotepliktig sektor med ein relativt liten årleg nedgang i utsleppa, men med store forskjellar mellom enkeltland. Berekningane viser at samla utslepp i ikkje kvotepliktig sektor i EU kan gå ned med rundt 24 pst. frå 2005 til 2030 ved ei vidareføring av gjeldande politikk. Av det resterande behovet for utsleppsreduksjonar på 6 pst. i 2030 vil dei to nye formene for fleksibilitet, eingongskjøp frå EU sitt kvotesystem og kredittar frå enkelte skogtiltak, kunne redusere kuttebehovet med 2-2½ prosentpoeng. Det inneber at det for EU-landa samla trengst nye tiltak eller samarbeid om nye utsleppsreduksjonar svarande til 3½-4 pst. av utsleppa i 2005. Dette svarer til ein årleg reduksjon i utsleppa på mellom 1/3 og 1/2 pst. i perioden 2021–2030.


I Kommisjonen sitt forslag kvalifiserer ni land til eingongsuttak frå EU sitt kvotesystem, og moglegheit til slike uttak er relativt sett størst for dei landa som ifølgje Kommisjonen har dei høgaste reduksjonskostnadene. Luxembourg og Irland har fått høve til årleg å levere EU-kvotar tilsvarende 4 pst. av sine ikkje kvotepliktige 2005-utslepp, mens våre naboland Sverige, Danmark og Finland, har fått høve til årleg å nytte EU-kvotar tilsvarende 2 pst. av sine 2005-utslepp. Kor stor moglegheit Noreg får, vil bli fastsett etter at innretninga av EU-regelverket er avklart i 2017.

EU-kommisjonen sitt forslag til bokføring av opptak og utslepp frå skog- og arealbrukssektoren i perioden 2021-2025 og 2026-2030 inneber ei forplikting for landa til å sikre at utsleppa frå skog og andre areal ikkje er større enn opptaket. For at skogkvotar skal kunne bli nytta som alternativ til tiltak i ikkje kvotepliktig sektor, må summen av

opptak som følgje av planting av skog på areal som tidlegare ikkje har vore dekte av skog, utslepp som følgje av at skogarealer blir endra til for eksempel busetnad (avskoging), utslepp og opptak frå dyrka mark og beite samla sett gi netto opptak. I tillegg er det sett eit øvre tak på kor stort opptak som kan bli bokført. Tiltak i den ståande skogen, som auka CO₂-opptak frå gjødsling eller tettare planting i gammal skog, kan nyttast til å innfri forpliktinga om null utslepp frå sektoren, men slike tiltak kan ikkje generere kredittar til oppfylling av målet under forordninga for innsatsfordeling. Det er ei opning for at EU-kommisjonen kan revurdere dette på eit seinare tidspunkt. Det er uvisse om og i kva grad kvart enkelt land kan nytte potensialet for fleksibilitet. Kommisjonens forslag inneber til dømes at både Irland og Danmark har høve til å oppfylle mesteparten av gjenverande tiltak for ikkje-kvotepiktig sektor, i skog- og arealsektoren. Våre naboland Finland og Sverige kan i liten grad nytte skogkvotar. Det er uvisse om Noreg får netto utslepp eller opptak med dei nye reglene.

Figur 1 viser behov for tiltak for å nå måla (blå søyle), kor mykje fleksibilitet landa til saman kan bruke frå skog- og arealbrukssektoren og frå kvotepliktig sektor (grå søyle) og kor mykje lågare utsleppa ville vere i 2030 samanlikna med 2005 utan ny politikk (orange søyle). Utsleppsmåla for dei ulike landa er summen av dei tre søylene. Berekingane, som er utførte av EU-kommisjonen, viser at Luxembourg er i ei særstilling. Etter at Luxembourg har nytta fleksibiliteten må dei redusere utsleppa i 2030 tilsvarende om lag 35 pst. av utsleppsnivået i 2005, anten ved eigne utsleppsreduksjonar eller ved samarbeid om utsleppsreduksjonar i ikkje kvotepliktig sektor med andre land. I den andre enden er Sverige som har eit gjenstående behov for utsleppsreduksjonar på om lag 5 prosentpoeng av utsleppa i 2005. Danmark, Tyskland og Irland vil ifølgje desse overslaga ha eit behov for utsleppsreduksjonar på om lag 10 prosentpoeng. Sjølv om Noreg ikkje inngår i Kommisjonens berekingar er det grunn til å tru at Noreg vil vere i om lag same situasjon som Luxembourg.

EU-kommisjonen sitt forslag skal behandlast vidare i Rådet og i Europaparlamentet. Det kan derfor verte endringar før det endelege regelverket vert fastsett, mellom anna i reglane for fastsetjing av mål for landa og reglane for fleksibilitet. Ei avtale mellom Noreg og EU kan ikkje ventast før i 2017/2018, etter at EU har vedteke sitt regelverk endeleg.



Figur 9.2 Utsleppsmål for ikkje kvotepliktig sektor for 2030, inkludert fleksibilitet og behov for utslippsreduksjonar samanlikna med utslippsframskrivingar.

Forskjellar i samansetjinga av utslipp mellom Noreg og EU

Av dei samla utslappa i ikkje kvotepliktig sektor i Noreg på 27,5 mill. tonn i 2014, kom 56 pst. frå transport, 16 pst. frå jordbruket og om lag 5 pst. frå kvar av sektorane oppvarming av bygg og avfallshandtering. I EU kjem 34 pst. av utslappa frå transport, 19 pst. frå jordbruk og 26 pst. frå oppvarming av bygg. Det kan vere betydelege variasjonar mellom EU-land. Noreg har låge utslipp frå bygningar fordi norske bygningar for ein stor del er varma opp med elektrisitet frå fossilfri vasskraft. Dei relativt høge utslappa frå transportnæringa i Noreg må sjåast i samanheng med den spreidde busetnaden vår og høgt velstandsnivå. I tillegg medverkar fiskeflåten vår og transportbehov knytte til petroleumsverksemda til transportutslappa. Alt i alt er transportutslappa per person noko høgare i Noreg enn i EU.

I Noreg har utslappa i ikkje kvotepliktig sektor vore om lag uendra sidan 2005, mens dei er reduserte med om lag 14 pst. i EU. Høgare økonomisk vekst og høgare folkevekst i Noreg enn i EU har medverka til denne ulike utviklinga. Sidan 2005 har BNP-veksten i Fastlands-Noreg samla sett

vore om lag 20 prosentpoeng høgare enn BNP-veksten i EU-landa sett under eitt. Tilsvarende har folkeveksten vore rundt 10 prosentpoeng høgare i Noreg enn i EU sidan 2005. Størstedelen av folkeveksten i Noreg skriv seg frå innvandring. Der som befolkninga i Noreg hadde utvikla seg om lag som i EU, viser utrekningar frå Statistisk sentralbyrå² at utslappa frå ikkje kvotepliktig sektor i Noreg rundt rekna kunne ha vore om lag 6 pst. lågare.

I vegtransport, som står for over 1/3 av dei samla utslappa i ikkje kvotepliktig sektor, har Noreg sterke verkemiddel. Dei samla avgiftene på fossilt drivstoff ligg ifølgje OECD om lag 20 pst. høgare i Noreg enn gjennomsnittet for EU. I tillegg gir eingongsavgifta, som vart lagt om i 2007, sterke insentiv til å velje personbil med låge eller ingen utslipp. Omlegginga i 2007 har gitt resultat. Mens utslipp frå nyregistrerte personbilar låg om lag 10 pst. høgare i Noreg enn i EU i åra før 2007, ligg dei no vel 15 pst. lågare. I Noreg var gjennomsnittsutslappa frå nye personbilar nede i 94 gram per kilometer i dei sju første månadene i år. Det er

² Greaker og Rosnes Robuste norske klimamålsetninger. Samfunnsøkonomen nr. 1 2015.

under EUs mål for 2020 om 95 g/km og godt på veg til vårt 2020-mål om 85 g/km.

I EU stod utsleppa frå jordbruket i 2014 for litt under 10 pst. av utsleppa av klimagassar, og sidan 1990 er utsleppa reduserte med vel 20 pst. Jordbruket sin del av norske klimagassutslepp var i overkant av 8 pst., og er redusert med nesten 11 pst. frå 1990. Utslepp frå jordbruket er tett knytte til husdyrhaldet og talet på drøvtyggjarar har stor betydning for utslepps nivået. Derfor varierer jordbrukets utsleppsdel òg mykje mellom landa, avhengig av ressursgrunnlag og struktur. Typiske verkemiddel både i Noreg og EU er reguleringar for handtering av gjødsel og rådgivning og informasjonstiltak. God agronomi og effektiv matproduksjon er viktig for å minimere utslepp per produsert eining. I Noreg og enkelte andre land er det innført CO₂-avgift på bruk av fossilt brensel i jordbruket.

Utslepp i ikkje kvotepliktig sektor i Noreg

Noreg inngår ikkje i Kommissjonens forslag til innsatsfordeling, men Noreg sitt mål er omtalt i eit innleiande avsnitt i EU-kommissjonens forslag til forordning for innsatsfordeling. Kommissjonen peikar på at Noregs høge brutto nasjonalprodukt per innbyggjar tilseier at Noreg får mål om å redusere utsleppa i ikkje kvotepliktig sektor med 40 pst. Det endelege talet vil òg bli sett i lys av kva det kostar å redusere utslepp i Noreg samanlikna med kostnadene i andre europeiske land. EU-kommissjonens forslag inneber at Noreg får eit utsleppsbudsjett for kvart av åra i perioden 2021–2030, med oppgjer kvart femte år. Basert på framskrivingar i Nasjonalbudsjettet 2015, vil Noreg

med eit mål på 40 pst. anslagsvis måtte medverke med utsleppsreduksjonar på til saman oppmot 60 millionar tonn CO₂-ekvivalentar over heile perioden. Anslaget er usikkert og kan bli endra når ein får meir informasjon om utsleppsutviklinga. I omtala av Noreg i innleiinga til Kommissjonens forslag går det fram at Noreg vil få tilgang til fleksibilitet på linje med EU-landa. På bakgrunn av storleiken vår og høge kostnader må ein rekne med at Noreg får høve til eingongsuttak av kvotar i det europeiske kvotesystemet for å møte ei forplikting for ikkje kvotepliktig sektor. Forslaget til regelverk for bokføring av utslepp, netto opptak og bruk av skogkredittar er komplekst, og per i dag er det usikkert om og i kor stor grad Noreg vil kvalifisere for bruk av slike kredittar.

Kommissjonen har førebels ikkje gjennomført berekningar for Noreg, men våre egne framskrivingar viser at utsleppa i 2030 kan bli liggjande 2¼ pst. lågare enn i 2005 med ei vidareføring av politikken som vart ført på berekningstidspunktet i 2014, jf. tabell 9.7. Tabellen viser òg korleis Miljødirektoratet, med utgangspunkt i utsleppsframskrivingane i Nasjonalbudsjettet 2015, har anslått utsleppa i 2030 fordelte på enkeltsektorar. Det er betydeleg uvisse knytt til slike anslag for utsleppsbaner i enkeltsektorar, og tala må sjåast på som grove illustrasjonar. Det må òg takast omsyn til at framskrivingane ikkje fangar opp ny informasjon eller endringar i klimapolitikken gjennom dei to siste åra. For eksempel har auka bruk av nullutsleppsbilar gått vesentleg raskare enn det framskrivingane byggjer på, og reglane for bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar skal strammast inn. Oppdaterte utsleppsframskrivingar vil bli presenterte i Perspektivmeldinga 2017.

Tabell 9.7 Utslepp av klimagassar¹ og framskrivingar for ikkje kvotepliktig sektor.
Mill. tonn CO₂-ekvivalentar

	1990	2005	2014	2030	Prosentvis endring 2005–2030
I alt	28,8	27,8	27,5	27,2	-2,1
Transport	12,5	14,9	15,4	16,1	7,7
Vegtransport	7,8	9,7	10,2	10,4	7,4
sjøfart/fiske	3,3	3,5	3,0	3,4	-1,8
innanriks luftfart	0,2	0,2	0,3	0,3	12,7
andre mobile utslepp	1,3	1,6	2,0	2,0	29,6
Jordbruk	4,9	4,7	4,4	4,4	-6,1
Oppvarming av bygningar	2,7	1,9	1,3	1,3	-34,0
Avfall	2,1	1,4	1,2	0,5	-59,9
Avfallsforbrenning/Energi- forsyning	0,4	0,5	1,0	0,8	50,8
Andre ikkje kvotepliktige utslepp	6,1	4,3	4,3	4,1	-5,5
<i>memo:</i>					
Opptak i skog	-10,1	-25,1	-25,4	-21,2	-15,5
Befolkning (mill. personar)	4,3	4,6	5,2	6,0	29,1

¹ Framskrivingane bygger på nasjonalbudsjettet for 2015, justert for oppdaterte GWP-verdiar.
Kilde: Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet og Finansdepartementet.

Dei ikkje kvotepliktige utsleppa frå transport og jordbruk er i framskrivingane venta å halde seg om lag på dagens nivå fram mot 2030.

Utsleppa frå transportsektoren inkluderer vegtrafikk, kysttrafikk, fiske, anleggsmaskiner og traktorar med meir. Vegtrafikken står for meir enn 60 pst. av utsleppa frå transport. Desse utsleppa har vore forholdsviss stabile sidan 2007 etter ein vekst på 30 pst. frå 1990 til 2007. I framskrivinga er det føresett at utviklinga sidan 2007 held fram. Det inneber at personbiltrafikken aukar med folketalet, men utsleppa held seg ganske uendra som følge av mindre utsleppsintensiv bilpark. I framskrivinga er det venta svak nedgang i utsleppa frå kysttrafikk, fiske og anleggsmaskiner og traktorar. Då framskrivinga vart utarbeidd i 2014 vart det lagt til grunn 70-80?000 nullutsleppsbilar i 2030. Innfasinga har gått vesentleg fortare enn lagt til grunn. Det medverkar til lågare utslepp framover.

I framskrivinga er det lagt til grunn at utsleppa frå jordbruket aukar marginalt frå 2014 til 2030 –

etter ein nedgang på 11 pst. frå 1990. Metangass frå husdyra si fordøying (stort sett frå storfe og sau) står for noko over 50 pst. av utsleppa. I framskrivinga er det føresett at jordbruket skal dekkje matbehovet til 6,7 mill. menneske og at sjølvforsyningsgraden vert halden ved lag på dagens nivå.

Ikkje kvotepliktig sektor omfattar òg mindre kjelder i petroleumsverksemd og industri, oppvarming i hushald og andre næringar, avfallsdeponigass, fluorgassar, energiforsyning med fleire. Det er først og fremst utsleppa av avfallsdeponigassar og fluorgassar som står for nedgangen i utsleppa etter 2014 og fram mot 2030.

Opptaket av karbon i norsk skog var i 2014 på 30,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dei andre fem arealkategoriane i sektoren står til saman for eit utslepp på om lag 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar; dyrka mark, beite, vatn og myr, busetnader og anna utmark. For heile sektoren var det samla netto opptaket i 2014 på 25,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Framskrivingar viser venta lågare opptak av karbon i norsk skog framover og der-

med lågare samla CO₂-opptak i sektoren. Kommisjonenens forslag inneber at det skal leggjast til grunn ei referansebane for ståande skog og at berre nye tiltak utover referansebana kan krediterast, og då innanfor eit tak på 3,5 pst. av landets samla utslepp i referanseåret. Eit lågare opptak enn basislinja vil gå fram som eit utslepp.

Illustrasjon av utsleppsreduksjonar og kostnader ved å nå klimamål

Alle større internasjonale analysar av klimautfordringa viser at å etablere ein pris på utslepp av klimagassar er heilt avgjerande for å redusere utsleppa i tilstrekkeleg omfang. Når forureinar betaler, medverkar det til utsleppsreducerande endringar i produksjons- og forbruksmønster og til utvikling og spreining av klimavennleg teknolog. For at dei globale kostnadene ved å nå ambisiøse klimamål skal bli så låge som mogleg, er det viktig å innføre ein tilstrekkeleg høg CO₂-pris som omfattar flest mogleg kjelder og område. Prinsippet om kostnadseffektivitet er nedfelt i FN's klimakonvensjon.

Det finst ei rekkje ulike utrekningar om kva som er nødvendig karbonpris for å nå togradersmålet. Den siste hovudrapporten frå FN's klimapanel inneheld ei oppsummering av slike analysar. Dei modellberekna prisbanene spriker, spesielt langt fram i tid. For 2030 varierer anslaget frå 200 kroner til 3000 kroner. Nivået er spesielt avhengig av ulike føresetnader om teknologiutvikling. Gjennomsnittsprisen i desse analysane er 770 kroner i 2030, sjå NOU 2015:15 Sett pris på miljøet. Tilsvarende tal for 2050 er 1950 kroner.

For eit lite land som Noreg vil utviklinga av teknologi internasjonalt vere heilt avgjerande for høvet vårt til å kunne redusere utsleppa i særleg omfang. Noreg medverkar allereie og vil òg framover medverke til slik teknologiutvikling. I ein studie frå 2013 finn Statistisk sentralbyrå at utsleppsreduksjonane i Noreg blir tre gonger så store dersom heile verda tilpassar seg prisar på utslepp i tråd med eit togradersmål enn i ein situasjon der Noreg åleine innfører slike prisar. Dette skuldast i hovudsak at høg pris i berre eitt land berre gir små insentiv for omverda til å utvikle ny, klimavennleg teknolog, fordi marknaden for slike løysingar då er liten. Rapporten peiker vidare på at ein strengare klimapolitikk i Noreg enn i andre land vil svekke konkurranseevna til norske verksemdar som opererer i internasjonale marknader.

Dei årlege utsleppa i norsk ikkje kvotepliktig sektor er i dag om lag 27 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Ein utsleppsreduksjon på 40 pst. frå 2005 til


2030 inneber at utsleppa ikkje skal overstige 16,6 mill. tonn i 2030. Dette er om lag 10,5 mill. tonn lågare enn anslått i 2030. Utsleppa kan reduserast med ein kombinasjon av utsleppsreduksjonar nasjonalt og i andre europeiske land.

Nedanfor er omtalt mogleghetsrommet for ein slik reduksjon med utgangspunkt i makroanalysar frå Statistisk sentralbyrå, og ei sektorvis utgreiing basert på Miljødirektoratet³ sine rapportar. Både størrelsen på reduksjonane og anslag for kostnader er omtalte.

I ein studie frå 2016 analyserer Statistisk sentralbyrå, ved hjelp av endringer i CO₂-avgifta, kor høg kostnaden på marginen kan bli dersom utsleppa i ikkje kvotepliktig sektor i Noreg skal reduserast med rundt 40 pst. i 2030 i forhold til 2005. Aktørane blir stilte overfor valet mellom å betale avgift, bruke innsatsfaktorar som forureinar mindre (for eksempel elektrisitet), skalere ned produksjon eller forbruk eller investere i ny teknolog med lågare eller ingen utslepp. Utrekningane viser på den måten at avgifta på alle kjelder gradvis må aukast til 4800 kroner flatt per tonn CO₂ for at utsleppa i ikkje kvotepliktig sektor skal kunne reduserast med rundt 10 mill. tonn i 2030, tilsvarende om lag 40 pst. reduksjon frå 2005. Det er då lagt til grunn at denne einskapelege CO₂-avgifta erstattar andre verkemiddel i ikkje kvotepliktig sektor som for eksempel fritaket for meirverdiavgift på elbilar og andre subsidiordningar. Ei einseitig samanlikning av Statistisk sentralbyrås resultat med dagens avgiftsnivå overvurderer dermed anslaget på meirkostnadene ved å redusere utsleppa med 40 pst. i 2030. Dersom ein anslår at desse tiltaka med kostnader på opp mot 4800 kroner per tonn skal utløysast gjennom CO₂-avgifta åleine, vil nivået på CO₂-avgifta i 2030 tilsvare at drivstoffprisane blir meir enn dobla frå dagens nivå. Eit slikt avgiftsnivå i Noreg åleine vil kunne føre til betydeleg karbonlekkasje og påleggje norsk næringsliv, særleg den delen som er lokalisert i distrikta, betydelege ekstrakostnader.

Av analysen går det fram at utsleppsreduksjonar innanlands på 30 og 20 pst. i 2030 samanlikna med 2005 reduserer marginalkostnaden til respektive 3000 kroner og 1800 kroner per tonn. Rapporten er utarbeidd før forslaget til forordning om innsatsfordeling kom, og ingen scenario reflekterer forslaget fullt ut. Modellen er aggregert og eignar seg ikkje til å vurdere kostnader ved verkemiddel som er retta mot enkeltsektorar. Av-

³ <http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M386/M386.pdf>



Figur 9.3 Utsleppsbaner for tiltakspakkar 1, 2 og 3 mot 2030 for ikkje kvotepliktig sektor.

Figuren er henta frå Miljødirektoratets rapport M229 og er basert på den kunnskapen ein hadde i 2014, med tilhøyrande uvisse. Nyare kunnskap tyder for eksempel på at det er mogleg å oppnå same reduksjonar frå transportsektoren med vesentleg mindre biodrivstoff. Det er òg verd å merke seg at tiltakspakkane ikkje er sortert på kostnader aleine, men på kostnadar og gjennomførbarhet. Til dømes ligg tiltaket «Personbilar: 100 pst. av nybilsalet i 2025 er el- eller hydrogenbiler» i tiltakspakke 3 sjølv om tiltaket ligg i kostnadskategori 2 (500–1500 kr).

Kjelde: Miljødirektoratet

gifter er uansett eit hovudelement i ein kostnads-effektiv bruk av verkemiddel. Analysen anslår kva det på marginen kan koste å redusere utsleppa i Noreg i eit slikt omfang på ein kostnadseffektiv måte. Gjennomsnittskostnadene vil vere lågare. Resultatet er følsamt for modelleringa av kostnadene ved å investere i ny teknologi, særleg i transportsektoren. Modellen har ei summarisk beskriving av desse forholda. Raskare teknologiutvikling enn lagt til grunn vil bringe kostnadene ned. Ei forenkling i modellen er at venta produksjonsnivå i landbruket i Noreg er anteke å vere upåverka av CO₂-avgiftsnivået. Dette vil kunne påverke resultatene.

Ved å samarbeide om utsleppsreduksjoner med land i EU vil kostnadene ved slike reduksjonar kunne jamnast ut mellom land og etterspørselen etter nye teknologiar bli større. Dersom heile EU samarbeider for å nå 2030-målet for ikkje kvotepliktig sektor, vil kostnaden på marginen ifølgje Statistisk sentralbyrå kunne liggje på rundt 2000 kroner per tonn i 2030, utan bruk av annan fleksibilitet. Studien til Statistisk sentralbyrå viser vidare at med full fleksibilitet mellom kvotepliktig sektor og ikkje kvotepliktig sektor kan 2030-måla

for både EU og Noreg bli nådde til ein kostnad av 450 kroner i 2030. EU-kommisjonen anslo i 2014 at forslaget om 40 pst. utsleppsreduksjon samanlikna med 1990 kunne nåast til ein marginalkostnad på 360-470 kroner per tonn.

Miljødirektoratet har utarbeidd anslag for dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved utsleppsreducerande tiltak, med utgangspunkt i analysar av det tekniske potensialet for utsleppsreduksjonar på detaljert nivå, såkalla tiltaksanalysar. I rapporten "Kunnskapsgrunnlag for lavutslippsutvikling" (rapport M229, 2014) delte Miljødirektoratet tiltaka inn i tre kategoriar. I tiltakspakke 1 la dei tiltak med venta kostnadar opp til 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalent redusert, og som samtidig er vurderte som forholdsvis enkle å gjennomføre. Tiltakspakke 2 inkluderer tiltak med venta kostnadar opp til 1 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalent og som er vurderte som enkle eller middels krevjande å gjennomføre. Tiltakspakke 3 inkluderer nesten alle tiltaka som har blitt utgreidde, òg tiltak med kostnadar over 1 500 kroner per tonn og som vil vere krevjande å gjennomføre. Dei tre tiltakspakkane blei vurderte å kunne gi høvesvis 24 pst., 37 pst. og 44 pst. utsleppsreduksjon i

2030, jf. figur 2. Omtala nedanfor gjeld tiltakspakke 2.

Miljødirektoratet legg til grunn at utsleppa i ikkje kvotepliktig sektor kan reduserast med 37 pst. i 2030 samanlikna med nivået i 2005 til ein kostnad på maksimalt 1500 kroner per tonn CO₂. Reduksjonen i 2030 svarer til 9,6 mill. tonn, og der heile 80 pst. er føresett gjennomført i transportsektoren. Det nest største bidraget kan komme frå utfasinga av bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar.

Analysane frå Statistisk sentralbyrå og Miljødirektoratet viser at det er stor uvisse knytt til talfesting av kostnadene for å nå ambisiøse mål for ein liten økonomi som i Noreg. Det ein legg til grunn både for innretninga av klimapolitikken internasjonalt og for utviklinga av klimavennleg teknologi er avgjerande. For ikkje kvotepliktig sektor, der transport er den dominerande utsleppskjelda, er Noreg heilt avhengig av den teknologiutviklinga som skjer i andre land og kostnadene ved slik teknologi vil vere avgjerande for kostnadene også i Noreg. For eksempel er kostnadene ved elbilsatsinga betydeleg i dag. Skulle elbilar bli konkurransedyktige med fossile bilar allereie i 2022, slik Bloomberg New Energy Finance ventar, vil sjølv sagt kostnadene bli lågare.

Nærare om enkeltsektorar

Transport

Miljødirektoratet legg i sin analyse blant anna til grunn at alle personbilar, varebilar og bybussar som blir selde i 2030 må vere utsleppsfrie. Til samanlikning har delen nullutsleppsbilar vore på 10-15 pst. av nybilsalet hittil i år. Også bruken av bi drivstoff er føresett å auke betydeleg, med ei innblanding på 20 pst. i både vegtrafikk og i innanriks luftfart. Transportutsleppa blir halverte frå 2005 til 2030 i denne tiltakspakken. Transportetatane har lagt Miljødirektoratets analysar til grunn i sin klimastrategi, som vart utarbeidd som eit innspel til nasjonal transportplan for 2018-2029. Klimastrategien gir slik uttrykk for eit anteke teknisk potensial for utsleppsreduksjonar. Både Miljødirektoratet og transportetatane understrekar uvisse i overslaga.

På bakgrunn av salsutviklinga dei siste åra kan det vere realistisk at ein når målet om at nye bilar som blir selde i 2020 ikkje skal sleppe ut meir enn 85 gram CO₂ per kilometer.

Våren 2017 skal forslaget til Nasjonal transportplan 2018-2029 leggjast fram for Stortinget. Klima vil vere eit viktig tema i meldinga, og beho-

vet for tiltak og verkemiddel i transportsektoren vil mellom anna drøftast der. Stortinget har i meldinga bede Regjeringa om å setje måltal for talet på låg- og nullutsleppskøyretøy i vegtrafikken, under dette personbilar, varebilar, buss og tunge køyretøy, i 2025, som følgjer vedtekne klimamål og det teknologiske potensialet frå fagetatane. I alle storbyområde skal auken i persontransporten skje med kollektiv transport, sykkel og gange (nullvekstmålet). Nullvekstmålet legg òg sterke føringar på planlegginga av framtidens transportløsningar. Kommunar og fylke spelar ei viktig rolle for å lykkast med klimapolitikken. Gjennom bymiljøavtalene kan staten medverke i tillegg til dei generelle rammevilkåra.

Jordbruk

Reduserte utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode klimatilpassingar inngår i målstrukturen for landbrukspolitikken, jf. Prop. 1 S 2015-2016. Jordbruket sine utslepp av metan og lystgass var i 2014 om lag 4,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, ein nedgang på om lag 11 pst. sidan 1990. I tillegg kjem utslepp kategoriserte i arealbrukssektoren (karbontap frå organisk jord), og utslepp frå bruk av fossilt drivstoff til traktorar og andre maskiner. I ein rapport frå februar 2016 om landbruk og klimaendringar⁴ vart potensialet for utsleppskutt i jordbrukssektoren anslege til 15 pst. frå 2015 og fram til 2030, gitt dagens jordbruksstruktur og matproduksjon. Når utslepp frå transport, bygningar og areal i jordbruket vert inkludert er potensialet for utsleppsreduksjon anslege til å vere inntil 20 pst. fram til 2030. Rapporten omtaler ulike tiltak for å realisere potensialet for utsleppsreduksjonar, blant anna klimavennleg husdyrdrift og miljøvennleg gjødselhandtering. Det er stor uvisse knytt til desse tiltaka, og dei må utgreiast nærare for å finne kostnader, og i kor stor grad dei kan gjennomførast og målast. Miljødirektoratet legg i sin analyse til grunn at overgang til eit meir klimavennleg kosthald med redusert bruk av raudt kjøt vil kunne medverke til reduserte utslepp, dersom det òg fører til redusert norsk produksjon av raudt kjøt. I Noreg blir det i dag produsert mindre storfekjøtt enn det som blir brukt, og om lag 12 pst. av konsumet er dekt av import. Ein del av klimapåverknaden frå jordbruket er knytt til arealbruken. Utslepp frå dyrka myr (organisk jord) utgjorde om lag 1,75 mill. tonn

⁴ Rapport Landbruk og klimaendringar, 19. februar 2016, <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/landbruk-og-klimaendringar/id2476389/>

CO₂ i 2013. Tilførsel av biokol til jordsmonn, restaurering av myr og stans i nydyrking av myr er tiltak som er utgreidde for å redusere tapet av karbon frå jordbruksjord. Behovet for styrkt verkemiddelbruk vil bli vurdert blant anna i arbeidet med den varsla stortingsmeldinga om jordbrukspolitikken.

Andre ikkje kvotepliktige utslepp

Det største potensialet for utsleppsreduksjonar frå oppvarming av bygningar er i å implementere det varsla forbodet mot å fyre med mineralolje i bygningar frå 2020. I industrien er det potensial for utsleppsreduksjonar blant anna gjennom energieffektivisering, omlegging frå fossil til fornybar energi og auka bruk av trekol i silisiumkarbidindustrien. Nye tiltak som potensielt kan redusere utsleppa av HFK-gass er implementering av EUs reviderte f-gassforordning og ei eventuell internasjonal regulering under Montrealprotokollen. I petroleumssektoren kan mellom anna tiltak for å gjenvinne metangass og til ein viss grad ulike tekniske tiltak for å redusere lekkasjar m.v, redusere utsleppa. Auka materialgjenvinning av plast og tekstilar kan gjere mogleg utsleppsreduksjonar frå avfallsforbrenning/energiforsyning.

Utfasing av fossil fyringsolje som grunnlast i statlege bygg – vedtak nr. 43, 1. desember 2014

1. desember 2014, ved behandlinga av tilleggsinnstilling frå finanskomiteen (Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015)), jf. Meld. St. 1 (2014–2015), Prop. 1 S (2014–2015), Prop. 1 S Tillegg 1 (2014–2015), Prop. 1 S Tillegg 2 (2014–2015) og Prop. 1 S Tillegg 3 (2014–2015) fatta Stortinget vedtak nr. 43:

«Stortinget ber regjeringa lage en helhetlig plan for utfasing av fossil grunnlast i alle statlige bygg.»

Det følgjer av klimaforliket, jf. Innst. 390 S (2011–2012), at fossil fyringsolje som grunnlast skal fassast ut av alle statlege bygg innan 2018. Det er lagt til grunn at dette skal forståast som at utfasinga skal gjennomførast innan utgangen av 2018. Med statlege bygg blir det i denne samanhengen forstått bygg som departementa eller underliggjande etatar/verksemder eig. Bygg som er eigde av statlege aksjeselskap blir i denne samanhengen ikkje rekna som statlege bygg. Fossil grunnlast er i denne samanhengen avgrensa til fossil olje brukt

til grunnlast. Grunnlast er den varmekjelda som dekkjer hovuddelen av bygningane sitt varmebehov over året. Ofte dekkjer grunnlasta ca. 50 pst. av effektbehovet på dei kaldaste dagane og 85 pst. av varmebehovet over året. Anlegg der fossil olje berre blir brukt til spisslast, dvs. for å dekkje det varmebehovet grunnlasta ikkje dekkjer, inngår i hovudsak ikkje i oversikta under. Det er likevel ikkje alltid mogleg å skilje mellom grunnlast og spisslast, så tala kan også inkludere noko olje brukt til spisslast.

Det enkelte departementet har ansvar for å planleggje og gjennomføre utfasing i bygg som departementet eller underliggjande etatar/verksemder eig. Departementa har rapportert kor mange anlegg med fossil olje som grunnlast det enkelte departement eig og kor mykje olje som vart brukt i desse anlegga i 2014 og 2015, og dertil kor mange anlegg som er planlagt utfasa og kor mykje dette vil redusere bruken av olje. Under følgjer ei samanstilling av status ved utgangen av 2015 og planlagt utfasing frå og med 2016 til og med 2018, basert på rapportering frå departementa. Regjeringa tek sikte på å komme tilbake årleg med ei oppdatert oversikt over status og planar fram til utfasinga er fullført.

Status per 31.12.2015

Åtte departement eig sjølv, eller har underliggjande etatar/verksemder som eig bygg som har fossil fyringsolje som grunnlast.

Totalt er det rapportert om 219 fyringsanlegg med fossil olje som grunnlast ved utgangen av 2015. Det er 49 anlegg færre enn ved utgangen av 2014.

Utsleppa frå dei aktuelle anlegga er berekna til om lag 13 316 tonn CO₂ i 2015. Det er en reduksjon på 2 800 tonn CO₂ samanlikna med 2014. Utsleppa er berekna av Klima- og miljødepartementet på grunnlag av opplysningar om oljeforbruk rapporterte frå dei aktuelle departementa⁵. Fleire departement opplyser at det er noko usikkerheit i dei rapporterte tala. Metodikk og føresetnader som ligg til grunn for rapporteringane varierer òg mellom departementa. Tala som blir presenterte her, må derfor sjåast på som omtrentlege.

Tabellen under viser talet på fyringsanlegg med fossil olje som grunnlast og utsleppa frå desse anlegga, fordelt på dei ulike departementa.

⁵ Det er nytta ein utsleppsfaktor på 2,68 kg CO₂/l fyringsolje.

Tabell 9.8 Fyring med fossil olje som grunnlast i statlege bygg, status per 31.12.2014 og 31.12.2015:

Departement	Tal anlegg med fossil olje som grunnlast per 31.12.14	Utslepp i 2014 (tonn CO ₂)	Tal anlegg med fossil olje som grunnlast per 31.12.15	Utslepp i 2015 (tonn CO ₂)
Forsvarsdepartementet ¹	117	10 861	128	10 278
Helse- og omsorgsdepartementet	42	2 018	29	1 550
Justisdepartementet	4	37	4	54
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	22	1 559	6	224
Kulturdepartementet	45	482	25	268
Kunnskapsdepartementet	7	278	0	175
Landbruks- og matdepartementet	3	123	1	119
Samferdselsdepartementet	28	767	26	649
Sum	268	16 125	219	13 316

¹ Tal anlegg i Forsvarsdepartementet er høgare i 2015 enn i 2014 fordi detaljkartlegging har synleggjort fleire mindre anlegg.

Planar for utfasing

I 2016 er det fasa ut, eller planlagt fasa ut, 34 anlegg med fossil grunnlast. For 2017 og 2018 er det planlagt fasa ut 37 og 55 anlegg. Det er totalt rapportert om planar for utfasing av 126 av dei 219 anlegga som brukte fossil olje som grunnlast per 31.12.2015 innan utgangen av 2018. Dei aller fleste anlegga som ikkje er planlagt fasa ut innan 2018 er det Forsvarsdepartementet som eig. Justisdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet eig noen få anlegg der det ikkje er lagt planer for utfasing innan utgangen av 2018.

Forsvarsdepartementet har 83 anlegg som er planlagt fasa ut etter 2018. Det er planlagt at 28 anlegg blir fasa ut i 2019, og at 55 anlegg blir fasa ut i 2020. Resterande oljeforbruk etter 2020 vil berre utgjere spisslast. Planen for utfasing vil vere avhengig av resultat av behandling av langtidsplanen for Forsvaret, som blir behandla i Stortinget hausten 2016, og årlege løyvingar.

Justisdepartementet har 3 anlegg og Helse- og omsorgsdepartementet 7 anlegg der det ikkje ligg føre konkrete planar om utfasing. Helse- og om-

sorgsdepartementet grunngir dette med at det ikkje finst alternativ til olje til oppvarming av bygg på dei aktuelle lokasjonane.

Anlegga som blir fasa ut i 2016 er venta å gi ein årleg utsleppsreduksjon på om lag 2 600 tonn CO₂. Anlegga som er planlagde fasa ut i 2017 og 2018 er venta å redusere dei årlege utsleppa med 3 800 og 3 500 tonn CO₂. Når utfasinga er gjennomført i alle anlegga som det per i dag er lagt planar for, vil samla årleg utsleppsreduksjon vere om lag 9 900 tonn CO₂. Det er ikkje teke omsyn til ev. utslepp frå dei energiberarane som erstattar fyringsoljen (f.eks. ved omlegging til gass eller fjernvarme).

Tabellen under viser talet på anlegg som er planlagt fasa ut i åra 2016–2018 og venta utsleppsreduksjonar som følgje av utfasinga, fordelt på dei ulike departementa. Venta utsleppsreduksjon er oppgitt som årleg reduksjon etter at utfasinga av dei aktuelle anlegga er gjennomført, dvs. at anlegg som blir fasa ut i 2016 vil gi ein utsleppsreduksjon som oppgitt i tabellen årleg frå og med 2017 mens utsleppsreduksjonen i 2016 vil vere mindre, avhengig av når anlegga blir fasa ut i løpet av året.

Tabell 9.9 Planlagt utfasing av fossil olje som grunnlast 2015–2018:

Departement	2016		2017		2018	
	Tal an- legg som er plan- lagt fasa ut	Årleg ut- sleppsre- duksjon (tonn CO ₂)	Tal an- legg som er plan- lagt fasa ut	Årleg ut- sleppsre- duksjon (tonn CO ₂)	Tal an- legg som er plan- lagt fasa ut	Årleg ut- sleppsre- duksjon (tonn CO ₂)
Forsvarsdepartementet	1	1 713	13	3 212	31	2 677
Helse- og omsorgsdepartementet	4	94	8	431	10	552
Justisdepartementet	1	-	-	-	-	-
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	6	224	-	-	-	-
Kulturdepartementet	8	86	8	86	9	96
Kunnskapsdepartementet	-	-	-	-	-	-
Landbruks- og matdepartementet	1	76	-	-	-	-
Samferdselsdepartementet	13	389	8	94	5	166
Sum	34	2 582	37	3 822	55	3 491

Verkemiddel for reduksjon av lokal luftforureining – vedtak 574, 2. juni 2015 og vedtak nr. 101, 3. desember 2015:

Ved behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentant Une Aina Bastholm om forsvarlege grenseverdier for svevestøv, gjorde Stortinget den 2. juni 2015 følgjande vedtak nr. 574:

«Stortinget ber regjeringa legge frem en sak for Stortinget med tiltak for å redusere svevestøv og annen luftforurensning til nye grenseverdier og videre til et trygt nivå – i tråd med Miljødirektoratets anbefalinger til nasjonale mål i brev av 28. februar 2014. Tiltakene må utarbeides i tett samarbeid med berørte kommuner.»

I oppmodingsvedtaket blir regjeringa bedt om å gjere greie for tiltak for å redusere svevestøv og anna luftforureining til nye grenseverdier. Frå januar 2016 trådte det i kraft nye grenseverdier for svevestøv. Tilvisinga til anna luftforureining i denne samanhengen er noko uklar. Det er naturleg å tolke vedtaket slik at det blir bedt om ei utgreiing om tiltak som kan redusere både svevestøv og konsentrasjonane av NO₂ ned til noydelande grenseverdier.

I oppmodingsvedtak 574 blir regjeringa også bedt om å gjere greie for tiltak for å redusere svevestøv og anna luftforureining til eit trygt nivå – i tråd med Miljødirektoratets tilrådingar til nasjo-

nale mål i brev av 28. februar 2014. Tilvisinga til brevet av 28. februar 2014 er ei tilvising til ein rapport utarbeidd av Miljødirektoratet, Vegdirektoratet, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet (heretter rapport M-129), der direktorata kom med forslag til langsiktige helsebaserte nasjonale mål og reviderte grenseverdier for lokal luftkvalitet. I denne rapporten foreslo direktorata nye nasjonale mål for svevestøv og NO₂, fastsett på eit nivå som blir sett på som trygg luft.

Oppmodingsvedtaket må forståast slik at regjeringa skal gjere greie for tiltak for å redusere svevestøv og anna luftforureining ned til desse føreslåtte nye nasjonale måla for lokal luftkvalitet.

Regjeringa har endra det nasjonale målet for lokal luftkvalitet frå 1. januar 2017 i tråd med tilrådinga frå direktorata.

Nytt nasjonalt mål for lokal luftkvalitet frå 1. januar 2017 er som følgjer:

Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft:

- Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³
- Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³
- Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³

Det er anleggseigaren som medverkar til forureininga som er ansvarleg for å setje i verk tiltak, og som avgjer kva tiltak som skal setjast i verk. Det er anleggseigaren som etter forureiningsforskrifta § 7-3 har ansvar for å gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre at grenseverdiane blir overhaldne. Kommunane er forureiningsstyresmakt etter for-

By	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Oslo	62	54	60	50	50	44
Bergen	56	38	42	41	41	38
Trondheim	52	46	40	39	34	32
Stavanger	45	44		41		34
Drammen	45		40	41	34	36
Lillehammer	32		37	34		34
Bærum	39	38	35	35	33	40
Tromsø						29
Grenland	27	28	24	25	21	22
Kristiansand	39				27	29

Figur 9.4 Årsmiddel NO₂ 2010–2015

ureiningsforskrifta og kan utferde pålegg og påleggje sanksjonar.⁶ Kommunane kan likevel ikkje påleggje konkrete tiltak eller verkemiddel. Ettersom det er anleggseigaren som avgjer kva konkrete tiltak som skal setjast i verk, er det ikkje mogleg å føreseie kva slag tiltak som vil bli nytta.

Det er ikkje fastsett målar, verken for gjeldande eller nye nasjonale mål.

Det at det ikkje er knytt eit målar til måla gjer at det er vanskeleg å seie noko konkret om kva tiltak som vil måtte setjast i verk for at måla skal nåast. Det er eksempelvis truleg at teknologiutviklinga for køyretøy på sikt vil medføre ei viss bekring av luftkvaliteten uavhengig av om det blir sett i verk tiltak eller ikkje. Ei oppfylling av måla i 2020, som er relativt nær i tid, vil dermed føresetje at det blir sett i verk fleire tiltak enn ei måloppnåing lenger fram i tid.

Det er dermed utfordringar knytte til å seie noko om kva konkrete tiltak som vil vere nødvendige for å nå dei nye nasjonale måla, men vi kan seie noko om kva tiltak som kan vere aktuelle.

Miljødirektoratet og Vegdirektoratet fekk som ledd i oppfølging av oppmodingsvedtaket eit felles oppdrag frå Samferdselsdepartementet og Klima- og miljødepartementet om å beskrive kva tiltak som må til for å nå dei nye nasjonale måla (notat frå 4. mai 2016). NILU har i samband med oppdraget rekna ut effekten av reduksjonar i tal forurein-

ande dieselbilar og reduksjonar i vedfyring, når det gjeld NO₂ og PM_{2,5} (sjå NILUs notat «Vurdering av oppnåelse av forslag til reviderte nasjonale mål –modellering av scenarier») PM₁₀ er allereie godt beskrive i rapport M-129.

Direktorata har i sine rapportar gjort utreknningar opp mot år 2020 og 2024. Verken eksisterande nasjonale mål eller nye mål er knytte til eit bestemt år. Direktorata har derfor i sine utgreiingar teke utgangspunkt i år som dei hadde tilgjengeleg talmateriale for. Det er viktig å vere klar over at direktorata i sine utgreiingar har teke utgangspunkt i målar som er relativt nær i tid, ettersom dette vil kunne ha betydning blant anna for kostnadsnivået som er lagt til grunn. Det er ikkje fastsett eit slikt målar for dei nasjonale måla.

Tiltak for å redusere konsentrasjonane av NO₂

Forureiningsforskriftas grenseverdi og nye nasjonale mål for NO₂ årsmiddel er 40 µg/m³. Områda markert med rødt i figur 9.4 markerer nivå over grenseverdi jf. nye nasjonale mål.

Grenseverdien for NO₂ timesmiddel er 18 timar over 200 µg/m³. Det er berre Oslo som har brot på NO₂ timesmiddelkonsentrasjon. Oslo har hatt overskridingar i alle år utanom 2014, og hadde 23 overskridingar i 2015 – tillate tal er 18.

Vurderingane som er gjennomførte av direktorata i «Notat – anmodningsvedtak vedrørende nye grenseverdier og anbefalte nasjonale mål for svevestøv» og NILU viser at for Oslo kommune vil tiltak

⁶ Merk at i enkelte tilfelle vil kommunen både vere anleggseigar (eksempelvis som eiga av kommunale vegar) og forureiningsmyndighet.

By	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Oslo	25	26	22	27	25	24
Bergen	26	18	18	22	19	16
Trondheim	28	30	29	28	22	16
Stavanger	27	26	24	28	24	22
Drammen	21	25	23	28	22	24
Lillehammer	24	24	23	20	21	21
Ålesund	20	19	20	20	14	16
Tromsø		16	15	12	19	18
Fredrikstad	28	30	25	28	23	15
Gjøvik						18
Grenland	23	25	23	25	23	23
Hamar						20
Kristiansand		20	19		18	19
Mo i Rana	22	21	25	21	25	19
Bærum	23	26	17	17	14	

Figur 9.5 Årsmiddel PM₁₀ 2010–2015

som medverkar til ei rask utskifting av tunge eldre kjøretøy og ein reduksjon i talet på dieslbilar, og auka del av el-bilar og plug-in hybridbilar gi ein betydeleg reduksjon i årsmiddelverdiene for NO₂.

Gjennomføring av slike tiltak vil langt på veg medverke til å nå dei nasjonale måla og grenseverdien innan referanseåret 2020. Verkemiddel som kan medverke til å nå nye nasjonale mål er blant anna lågutsleppsoner, miljødifferensierte bompenngar, generelle trafikkreduserande tiltak og tiltak som medverkar til reduserte utslepp frå skip (for eksempel landstraum). Det er dermed framleis behov for å implementere verkemiddel for å nå målet og grenseverdien i fleire norske byar. Det er særleg verkemiddel retta mot køyretøyparken som er aktuelle for å redusere utslepp av NO₂.

Tiltak for å redusere konsentrasjonane av PM₁₀

Trafikk utgjer det største bidraget til PM₁₀-konsentrasjonane, og det relative bidraget er for eksempel i Oslo 37 pst. mens vedfyring medverkar med 18 pst.

Grenseverdien for døgnmiddelkonsentrasjonen av PM₁₀ er frå 1. januar 2016 30 dagar over 50 µg/m³. I 2015 hadde ingen byar overskridingar av denne grenseverdien. Grenseverdien for årsmid-

delkonsentrasjonen av PM₁₀ er frå 1. januar 2016 25 µg/m³. Nye nasjonale mål er 20 µg/m³. I figur 9.5 markerer områda markert med rødt nivå av grenseverdi og områda markert med oransje nivå av nye nasjonale mål.

Av rapport M-129 går fram at direktorata vurderte det slik at ei innskjerping av grenseverdien for PM₁₀ til 25 µg/m³ i årsmiddel, og maksimalt 30 tillatne overskridingar av døgnmiddelkonsentrasjon på 50 µg/m³ ville vere samfunnsøkonomisk lønnsam. Grenseverdien vart skjerpa inn i tråd med forslaget frå 1. januar 2016. Direktoratet vurderte det slik at innskjerpinga av grenseverdiene for PM₁₀ berre ville utløyse tiltak for Trondheim og verste stasjon i Oslo, og direktorata venta at svært få tiltak ville bli utløyste av denne grenseverdien.

I rapport M-129 går fram at direktorata meinte ein årsmiddelkonsentrasjon av PM₁₀ på 20 µg/m³ å vere trygg luft.

Det følgjer av rapport M-129 at det er mogleg å redusere årsmiddelkonsentrasjonen av PM₁₀ ned til ca. 22 µg/m³ ved hjelp av samfunnsøkonomisk lønnsame tiltak, med unntak for den verste stasjonen i Trondheim. Sjølv om tiltaka mot verste stasjon i Trondheim potensielt kan vise seg å vere ulønnsame isolert sett, såg direktorata det slik at

By	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Oslo	14	14	12	12	11	9
Bergen	14	9	9	9	8	8
Trondheim	11	10	10	10	10	7
Stavanger	12	10	8	10	10	10
Lillehammer	10	10	9	8	8	8
Tromsø				8	7	6
Fredrikstad						10
Gjøvik						7
Grenland	11	10	9	9	9	8
Hamar						7
Moss		16 ¹				
Bærum						9

Figur 9.6 Årsmiddel PM_{2,5} 2010–2015

¹ Merk at dette ikkje er reele brot på grenseverdien, då denne trådte i kraft 1. januar 2016

ein reduksjon av grenseverdien til 22 µg/m³ ville utløyse såpass mange lønnsame tiltak i dei andre byane at den totale effekten likevel kunne ventast å vere positiv. Dei aktuelle tiltaka som vart vurderte som samfunnsøkonomisk lønnsame var betre støvfjerning kombinert med støvbinding, redusert bruk av piggdekk, ettermontering av partikkelfilter på bygg- og anleggsmaskiner, forsert utskifting av gamle vedomnar med overgang til reint brennande omnar/pellets-kamin. I tillegg vart redusert fart på utvalte vegar om vinteren vurdert å vere eit lønnsamt tiltak i Oslo.

Det nye nasjonale målet er sett til ein årsmiddelverdi for PM₁₀ på 20 µg/m³, og det skil såleis berre 2 µg/m³ mellom det nyemålet og 22 µg/m³ som direktorata vurderte i rapport M-129. Det vil alltid vere ei viss usikkerheit knytt til denne typen utrekningar, og ein forskjell på 2 µg/m³ må antakast å liggje innanfor eit påreknleg usikkerheit-sintervall. Det er dermed mogleg at tiltaka beskrivne i M-129 vil vere tilstrekkelege for å nå ein årsmiddelkonsentrasjon av PM₁₀ på 20 µg/m³, men det vil kunne vere nødvendig å setje i verk ytterlegare tiltak.

Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet gjort enkelte tilleggsutrekningar som viser at det er sannsynleg at nye nasjo-

nale mål for PM₁₀ og PM_{2,5} kan nåast ved auka feiing og vasking og vedfyringstiltak.

Tiltak for å redusere konsentrasjonane av PM_{2,5}

Grenseverdi for PM_{2,5} frå 1. januar 2016 er 15 µg/m³. Nye nasjonale mål er 8 µg/m³. Områda markert med rødt i figur 9.6 markerer nivå over grenseverdi og områda markert med oransje markerer også nivå over nye nasjonale mål.

I notatet utarbeidd av Miljødirektoratet og Vegdirektoratet⁷ peiker direktorata på at følgjande verkemiddel særleg kan medverke til å nå nytt helsebasert nasjonalt mål for PM_{2,5}: Forsert utskifting av gamle vedomnar til nye vedomnar og pellets-kaminar, betra fyringsteknikk, ettersyn og vedlikehald av nye vedomnar, redusert bruk av vedomnar, partikkelfilter på anleggsmaskiner, og trafikkrelaterte tiltak.

Av notatet går fram at utrekningar viser at ved å redusere vedfyring med 30 pst. i Oslo vil talet eksponerte for PM_{2,5} bli redusert frå 420.000 til 180.000.

Utrekningane viser likevel at sjølv med 30 pst. reduksjon av utslepp frå vedfyring i Oslo, og ve-

⁷ «Notat – oppmodingsvedtak angående nye grenseverdier og tilrådde nasjonale mål for svevestøv» frå 4. mai 2016.

sentlege utsleppsreduksjonar knytte til trafikk, vil Oslo framleis ha overskridingar av dei nye nasjonale måla for PM_{2,5} i 2020. Dette skuldast hovudsakleg at bidraget frå omkringliggjande kommunar er betydeleg, særleg som følgje av vedfyringsutslepp.

Som nemnt under omtala av PM₁₀ har Miljødirektoratet gjort tilleggsutrekningar som viser at det er sannsynleg at nye nasjonale mål for PM₁₀ og PM_{2,5} kan nåast ved auka feiing og vasking og vedfyringstiltak.

Innspel frå aktuelle kommunar

Av oppmodingsvedtak 574 går fram at «*Tiltakene må utarbeides i tett samarbeid med berørte kommuner.*» I den samanhengen har Miljødirektoratet kontakta kommunar som inngår i målenettverket, og bedt om innspel på direktorata sine utgreiingar om tiltak som kan medverke til å nå dei nye nasjonale måla. I alt syv byområde har komme med innspel:

Trondheim, Stavanger, Bærum, Grenland (Porsgrunn og Skien), Nedre Glomma (Fredrikstad og Sarpsborg), Kristiansand og Bergen.

Det har komme ei rekkje innspel til tiltaka som er beskrivne av direktorata. Når det gjeld støvfjerning og støvbinding har det komme innspel knytte til at det er behov for rettleiingsmaterieil om gjennomføring og «best practice» frå sentrale styresmakter. Kommunane peiker òg på at det ikkje nødvendigvis vil vere stor effekt av lågare fartsgrense i alle byane, då fartsgrensene kan vere låge i utgangspunktet. Vidare viser kommunane til at det er vanskelig å sjå effekt av areal- og transporttiltak allereie i 2020. Det er òg komme inn innspel knytte til at støtteordningar for å skifte ut vedomnar strider mot prinsippet «forureinar betaler», at effekten av informasjonstiltak retta mot betre fyringsteknikk, ettersyn og vedlikehald er usikker og at det er problematisk å avgrense vedfyring i dei kaldaste periodane om vinteren. Kommunane trekkjer fram at det er positivt at det kjem tydeleg fram at teknologiutvikling åleine ikkje kan medverke til reduserte NO₂-nivå, men saknar meir om trafikkreduserande tiltak: kollektivsatsing, parkeringsrestriksjonar, innfartsparkering og auka satsing på gang og sykkel. Kommunane meiner at det er viktig at byane får høve til å ta verkemiddel i bruk raskast mogleg, og at dei kan nyttast i kombinasjon. I tillegg blir det i innspela stilt spørsmål ved at plug-in hybridbilar blir framheva som ein del av verkemidla for betre lokal luftkvalitet.

Kommunane spela òg inn følgjande forslag til tiltak som ikkje er omtalte i direktorata sine utgreiingar:

- Tilrettelegging for tilkopling til fjernvarme (reduere vedfyring)
- Støvdemping ved byggje- og anleggsarbeid
- Tiltak som reduserer piggdekkbruken utanfor piggdekkseongen
- Vegetasjon ved vegbana

Arbeid med nye verkemiddel

Ved behandling av innstilling frå finanskomiteen Innst. 2 S (2015–2016), jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) fatta Stortinget følgjande vedtak nr. 101:

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan kommunene kan få flere verktøy for å håndtere lokal luftforurensning som følge av biltrafikk m.m. i perioder der luftforurensningsverdiene overskrider eller står i fare for å overskride grenseverdiene angitt i forurensningsforskriftens kapittel 7 om lokal luftkvalitet.»

I oppmodingsvedtak 101 blir regjeringa bedt om å vurdere korleis kommunane kan få fleire verktøy for å handtere lokal luftforureining mv. Vi forstår vedtaket slik at det med fleire verktøy er sikta til kva slag verkemiddel kommunane har tilgjengeleg.

Det går føre arbeid i Samferdselsdepartementet for å få plass nye verkemiddel som kommunane kan ta i bruk i arbeidet for betre lokal luftkvalitet.

Samferdselsdepartementet jobbar blant anna med å gi kommunane høve til å miljødifferensiere via AutoPass, og leggje til rette for at det kan etablerast lågutsleppssoner med oblatordning. Det er i dag allereie heimel til å etablere lågutsleppssoner i form av forbod, men Samferdselsdepartementet sende den 28. juni 2016 eit forslag om sentral forskrift om lågutsleppssone for bilar på høyring. Forskriftsutkastet er basert på lovheimelen for lågutsleppssoner vedteken av Stortinget 3. mai 2016, og opnar for at kommunane kan innføre gebyrbaserte lågutsleppssoner. I tillegg har Samferdselsdepartementet fremja ein proposisjon for Stortinget (Prop. 140 L (2015–2016)) med forslag om å etablere ein heimel for løyvemyndigheitene som gjer det mogleg å fastsetje krav om at den som har, eller får tildelt, drosjeløyve må nytte køyretøy som har ei øvre grense for miljøskadelege

utslepp. Vi anser vedtaket som utkvittert gjennom denne omtalen

Vedtak nr. 380, 3. februar 2015

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen (Innst. 145 S (2014–2015), jf. Dok. 8:55 S (2014–2015), fatta Stortinget 3. februar 2015 vedtak nr. 380:

«Stortinget ber regjeringen følge utviklingen i bruk av blyhagl, og innhente mer kunnskap om de helsemessige konsekvenser ved bruk av blyhagl på jakt.»

Klima- og miljødepartementet har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å følgje utviklinga i bruk av blyhagl. Den beste måten å følgje utviklinga på er å følgje importmengda av blyhagl framover og setje utviklinga i samanheng med generell informasjon om trendar frå den fortløpande miljøovervakinga. Importen av blyhagl har auka sidan det generelle forbodet vart oppheva i juli 2015, men det er foreløpig for tidleg å seie noko om trendar og kor importnivåa vil leggje seg som følgje av at regelverket vart endra i 2015.

Bly inngår i fleire overvåkingsprogram som måler nivå i vatn, luft, fisk, fugl, landlevande dyr mm, som seier noko generelt om spreiding av stoff som bly.

Dei helsemessige konsekvensane ved bruk av blyhagl til jakt er først og fremst knytte til at blyhagla i viltet fører til auka nivå av bly i viltkjøtet som seinare blir innteke som mat. Det er stor otte for helsemessige konsekvensar av sjølv svært låge konsentrasjonar av bly i blodet. Miljødirektoratet kjem til å følgje kunnskapsutviklinga om dei helsemessige konsekvensane. Regjeringa meiner at vedtaket er utkvittert.

Vedtak nr. 383, 3. februar 2015

I samband med behandling av Dok. 8:104 S (2013–2014), jf. tilråding romertal II i Innst. 146 S (2014–2015), fatta Stortinget 3.2.2015 vedtak nr. 383:

«Stortinget ber regjeringa arbeide for snarast mogleg internasjonal regulering og forbod mot dei farlegaste ikkje-regulerte giftstoffa i produkt tilgjengelege i Noreg, basert på oppdaterte faglege anbefalingar frå Miljødirektoratet. I tillegg ber ein regjeringa om å arbeide internasjonalt for at alle produkt som inneheld skadelege kjemikalier, skal ha ein innhaldsdeklarasjon som viser

kva slag stoff og mengda av desse som produkta inneheld.».

Regjeringa viser til foreløpig tilbakemelding i Revidert nasjonalbudsjett for 2016, sjå omtale side 100-101 i Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016* av 11. mai 2016, som vart behandla i Stortinget 17. juni 2016 jf. Innst. 400 S (2015–2016) av 10. juni 2016.

Det blir gjort greie for oppfølging av vedtaket her, og med dette meiner regjeringa at vedtaket er utkvittert.

Om regulering av miljøgifter

Miljøgiftene på den norske prioritetslista omfattar dei farlegaste helse- og miljøfarlege kjemikaliane. Dei aller fleste av desse stoffa og stoffgruppene er allereie regulerte, i hovudsak gjennom EU/EØS-regelverket. Miljømyndighetene arbeider kontinuerleg med å få på plass ytterlegare internasjonal regulering og forbod mot miljøgifter i produkt innanfor EU/EØS-området, med vekt på dei farlegaste stoffa og bruksområde der det er risiko for alvorlege helse- eller miljøeffektar. Miljødirektoratet har ei heilt sentral rolle i kjemikaliearbeidet nasjonalt og internasjonalt. Deira faglege vurderingar er førande for Noregs innsats på dette området.

Noreg medverkar aktivt til vidare utvikling av EUs kjemikalierregelverk og globale kjemikaliekonvensjonar, og er initiativtakar til ei rekkje nye reguleringar av farlege stoff. Ved deltaking i komitear og ekspertgrupper under dei globale konvensjonane og i det europeiske kjemikaliebyrået ECHA medverkar Noreg tungt i samarbeidet med andre lands myndigheiter for å få på plass nye reguleringar. Slikt internasjonalt arbeid er ressurskrevjande og tek tid, men det har samtidig stor effekt når ei regulering kjem på plass som gjeld i heile EU/EØS eller globalt.

Under det europeiske kjemikalierregelverket REACH kan styresmaktene forby eller på annan måte regulere bruk av helse- og miljøfarlege stoff, stoffblandingar og produkt. Noreg er aktivt i arbeidet med å få stoff regulerte under REACH. Noreg har medverka sterkt til at det har komme forbod mot fleire kvikksølv sambindingar. Vi har blant anna fremja forslag om forbod mot ein bromert flammehemmar og mot den perfluorerte sambindingen PFOA som er brukt i vanlege forbrukarprodukt som teppe, allvêrsjakkar og andre tekstilar. Noreg medverkar i EU med overva-

kingsdata, som blant anna ligg til grunn for at EU arbeider med forbod mot miljøfarlege stoff i sjampo og såpe. Noreg jobbar no med europeisk forbod mot fleire perfluorerte stoff og samarbeider med andre land om forbod mot farlege tatoveringskjemikaliar.

Stoff med svært uønskte eigenskapar er under REACH førde opp på den såkalla kandidatlista. For alle stoff på kandidatlista har verksemdene plikt til å informere kundar, forbrukarar og styresmakter om produkt som inneheld stoffa. Vidare kan desse stoffa bli underlagt krav om godkjenning. Hittil er 169 stoff inkludert på kandidatlista og over 30 av desse stoffa er forbodne å bruke med mindre det er gitt godkjenning til enkeltaktørar. Noreg har foreslått åtte stoff som er komne på kandidatlista, og utgreier no grunnlag for blant anna å foreslå nye hormonforstyrrende stoff til lista.

Biocidprodukt, dvs. produkt for kamp mot uønskte organismar, er regulerte av biocidforordninga i EU. Føremålet er å sikre trygg bruk av desse produkta på EU/EØS-marknaden. Noreg deltek som rapportør for fleire aktive biocidstoff der fysisk-kjemiske og helse- og miljøeigenskapar og effektivitet blir vurderte for alle biocidstoff på EU/EØS-marknaden i ein felles EU-dugnad. På sikt skal alle biocidprodukt på marknaden i Noreg vere godkjende av norske styresmakter (Miljødirektoratet).

Andre europeiske kjemikalier regelverk regulerer farlege stoff i produkt som leiketøy, batteri og elektriske og elektroniske produkt. Noreg er bidragsytar i arbeidet med strengare regelverk for leiketøy, eksempelvis til at fleire sterkt allergiframkallande stoff nyleg er forbodne i slike produkt. Noreg er også aktiv i arbeidet med fastsetjing av bindande fareklassifisering for stoff og stoffblandingar med eigenskapar som kreftframkallande, arvestoffskadelege, skadelege for forplantningsevne/foster og dei mest potente allergiframkallande stoffa. Dette inngår som ein viktig del av dei risikoreduserande tiltaka mot farlege kjemikaliar.

Noreg er oppteke av samanhengen mellom ulike internasjonale kjemikalier regelverk, nytteverdien av å jobbe parallelt i EU og globalt, og å jobbe med regulering av grupper av stoff. Eksempelvis gjeld dette tidlegare nemnde PFOA der Noreg har medverka til at stoffet vart oppført på kandidatlista, er foreslått forbode under REACH og har fått ei streng europeisk helsefareklassifisering. Dette arbeidet var med på å leggje grunnlaget for EU-kommisjonen då den foreslo globalt forbod mot PFOA. Noreg arbeider òg parallelt for forbod mot

den bromerte flammehemmaren deka-BDE i EU/EØS under REACH og globalt i Stockholmkonvensjonen om farlege organiske miljøgifter. Vidare arbeider Noreg no med grunnlaget for å nominere eit nytt stoff i 2017 til Stockholmkonvensjonen.

Om informasjon om innhald av farlege stoff i produkt

Informasjon til forbrukarane kan gis på fleire måtar, både som generelle råd for å kunne orientere seg før eit kjøp og som informasjon på det enkelte produktet i kjøpssituasjonen.

Godt etablerte frivillige merkeordningar som Svanen og EU-Blomsten hjelper forbrukarane til å velje miljøvennlege alternativ. Det er òg mogleg for forbrukarane å få informasjon om farlege stoff i produkt ved hjelp av miljøinformasjonslova eller ved å krevje opplysningar om produkta inneheld stoff som er førte opp på kandidatlista i REACH. Nettstaden erdetfarlig.no gir generelle råd om åtferd og val for å beskytte eiga helse og miljøet.

Visse typar forbrukarprodukt skal ha ein detaljert innhaldsdeklarasjon som viser kva produktet inneheld, og også ein indikasjon av mengder ved at ingrediensar skal listast i mengderekkefølge. Dette gjeld i dag for ferdigpakka matvarer og for kosmetikk og kroppspfleieprodukt som sminke, deodorantar, sjampo og hudkrem. Kravet om slik detaljert innhaldsoversikt følgjer av EØS-regelverk, og er pliktig for alle produkt av desse typane. Det er òg liknande krav for vaske- og reingjeringsmiddel gjennom vaskemiddelforordninga.

Det er òg andre internasjonale ordningar for merking av produkt. Farlege kjemikaliar som vaskemiddel, lim og maling som blir selt i Noreg skal ha faremerker og åtvaringar på norsk, og innhald av dei farlege stoffa skal førast opp. For produkt som er behandla med biocid og blir marknadsførte som f.eks. antibakterielle eller luktfrie skal det gis informasjon om at produktet er behandla med eit biocid. Denne informasjonen skal stå på produktet eller på emballasje/bruksrettleiing som følgjer med. For elektriske og elektroniske produkt sikrar systemet med CEMerking at produkta ikkje inneheld farlege stoff som er regulerte i EU/EØS.

Særleg ut frå forbrukaromsyn bør det arbeidast for at det blir stilt strengare krav til informasjon om stoff i produkt som blir importerte til EU/EØS-området, inkludert å arbeide for innhaldsdeklarasjonar for fleire produktgrupper som inneheld miljøgifter. Dette vil bli følgd opp i det in-

ternasjonale arbeidet på kjemikaliefeltet der det er aktuelt. Det er krav under REACH at produsentar og importører av artiklar skal gi informasjon til det europeiske kjemikaliebyrået ECHA om innhald av kandidatlistestoff. Det vil bli vurdert høve til at slik informasjon blir betre kjent og brukt aktivt til å gi forbrukarar kunnskap om innhaldet i produkta dei kjøper. For produkt som plast og tekstilar finst det i dag ingen generelle merkekrav om innhald av farlege stoff. I samband med regulering av farlege stoff i EU i eksempelvis tekstilar blir merkeordningar diskuterte som eit mogleg alternativ. Noreg vil delta i slike prosessar. Vidare støttar Noreg, gjennom sin deltaking i den globale kjemikaliestrategien SAICM, programmet Kjemikalier i produkt (CiP). Programmet er leia av FN's miljøprogram UNEP og har analysert behovet for å betre tilgangen til informasjon om kjemikalier i produkt. Arbeidet har vore konsentrert om produkt innanfor elektronikk, leiketøy, bygningsmaterial og tekstilar. UNEP ser no på korleis informasjonstilgangen kan betrast for alle aktuelle grupper. Noreg vil følgje dette arbeidet og sjå på vidare høve til utvikling.

Vedtak nr. 576, 2. juni 2015

I samband med behandlinga av Dok. 8:80 S (2014–2015), jf. tilråding romartal I i Innst. 300 S (2014–2015), fatta Stortinget 2. juni 2015 vedtak nr. 576:

«Stortinget ber regjeringa om å stille krav om at dei ulike alternativa for deponiløysing blir konsekvensutgreidde, slik at alle relevante faglege vurderingar kjem fram før det blir fatta avgjerd ved nye søknader om løyve til mineralsk aktivitet.»

Uttak av mineral må skje innan ramma av ein reguleringsplan godkjent av kommunen etter plan- og bygningslova, jf. § 12-1 flg. Det følgjer av forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova at uttak av malm, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre massar alltid skal konsekvensutgreiast dersom minst 200 dekar samla overflate er involvert eller samla uttak omfattar meir enn 2 mill. kubikkmeter masse (punkt 2 vedlegg I). Mindre mineraluttak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn (punkt 2a vedlegg II). Forskriftas vedlegg I og vedlegg II er samanfalle med det relevante EU-direktivet på området.

Formålet med føresegnene om konsekvensutgreiingar er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert under førebuinga av planar, og

når det blir teke stilling til om, og på kva vilkår, planar skal gjennomførast.

For planar som skal konsekvensutgreiast, er det krav om planprogram tidleg i planprosessen. I planprogrammet skal relevante og realistiske alternativ beskrivast og det skal gå fram korleis behandlinga av desse skal takast vare på i planarbeidet. Dette inneber at det allereie i planprogrammet skal gå tydeleg fram kva ulike alternativ for deponiløysing som er aktuelle å konsekvensutgreie. Forslag til planprogram skal sendast på høyring til aktuelle myndigheiter og interesseorganisasjonar og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Regjeringa meiner at vedtaket er utkvittert gjennom eksisterande regelverk som stiller tydelege og gode krav om at realistiske og relevante alternativ for deponiløysingar ved ny mineralverksemd skal konsekvensutgreiast, og det er ikkje vurdert å vere behov for å endre regelverket for å ta vare på dette.

Vedtak nr. 577, 2. juni 2015

I samband med behandlinga av Dok. 8:80 S (2014–2015), jf. tilråding romartal II i Innst. 300 S (2014–2015), fatta Stortinget 2. juni 2015 vedtak nr. 576:

«Stortinget ber regjeringa om å setje i gang eit arbeid for å utgreie høva til å redusere deponeringsbehovet ved framtidig utvinning av mineralressursar.»

Utvinning av metall og industrimineral omfattar uttak av gråberg for å komme til ressursane, og knusing av stein for å ta ut malmen eller mineralet. Denne prosessen gir finkorna restmassar kalla avgangsmassar. Handtering av gråberg og avgangsmassar er derfor sentrale problemstillingar ved planlegging av mineraluttak. Det er eit viktig mål å redusere mengda slike restmassar ved at massane i størst mogleg grad blir brukte til andre nyttige formål. Det kan etter fleire regelverk stillast krav knytte til restmassar.

Det er etter plan- og bygningslova og forureiningslova nødvendig at ein tiltakshavar som har planar om utvinning av mineralressursar må greie ut korleis avgangsmassar og gråberg som går til deponi kan reduserast. Ulike bruksområde er aktuelle, som forsterkning av bygningsmaterialar, tildekking av forureiningar i havet, fyllmassar i byggeprosjekt m.v. Det dreier seg ofte om store mengder massar som det kan vere utfordrande å finne alternativ bruk av, og med store transportkostnader. Kva slag bruksområde restmassar kan ha, vil òg kunne variere betydeleg, avhengig av

bergarta som blir teken ut. I samband med omfattande utgreiingsarbeid i verksemdene blir det sonderne nye løysingar for alternativ bruk av massar og nye teknologiar blir prøvde ut.

Reguleringsplanar for mineraluttak gjer det klart kva areal som kan nyttast til å deponere avgangsmassar. Planane kan ha føresegnar om korleis deponiet skal utformast og korleis områda skal setjast i stand når oppfyllinga er avslutta. I løyve til ny utvinning av mineralressursar etter forureiningslova er det sett ei rekkje ulike vilkår for å redusere miljøulempene frå verksemda. Det er òg sett vilkår om at verksemda kontinuerleg skal arbeide med å redusere mengda avgang/gråberg som må deponerast gjennom å finne alternativ bruk for avgangen og elles i størst mogleg grad føre massar tilbake til holrom som gruve drifta etterlet seg. Det er stilt vilkår om rapportering om utviklinga til Miljødirektoratet. Slike vilkår er bl.a. fastsette i løyve til gruveverksemd i Engebøfjellet.

Direktoratet for mineralforvaltning legg vekt på at uttak av mineralførekomstar skal skje slik at førekomsten blir utnytta best mogleg og at restmassane som må deponerast blir avgrensa. Med innføring av minerallova i 2010 vart det stilt ei rekkje nye krav til blant anna kompetanse i verksemdene, omsyn til omgivnader under drift og til planvis avslutning av uttaket. Direktoratet kan i samband med driftskonsesjonar etter minerallova stille krav om at delen restmassar som går til deponi skal minimerast. Det kan òg krevjast at restmassar skal nyttast til å setje i stand område som er nytta til mineraluttak, og at dei skal fyllast tilbake i gruverom, dagbrot mv. i så stor grad som mogleg.

I tillegg til utviklingsarbeidet ved dei enkelte mineralverksemdene, medverkar også Norsk Bergindustri og Mineralklynge Noreg i stor grad i arbeidet med å finne fram til løysingar for å redusere behovet for å deponere restmassar ved verksemdene. Næringa er opptekne av ei berekraftig utvikling i næringa og samarbeider med forskning, miljøorganisasjonar og styresmakter om korleis mineralnæringa kan medverke i den sirkulære økonomien og det grøne skiftet.

Regjeringa er oppteken av at metodar og teknologi som kan redusere deponibehovet ved mineralverksemd blir utvikla vidare og tekne i bruk og meiner at vedtaket er utkvittert. Ein viser til det store utviklingsarbeidet som skjer gjennom samarbeid mellom styresmakter, næringsverksemdar og forskingsmiljø, bl.a. i prosjektet «Ny kunnskap om Sjødeponering» (NYKOS) i regi av Noregs forskingsråd.

Vedtak nr. 579, 2. juni 2015

I samband med Dok. 8:80 S (2014–2015), Innst 300. S (2014–2015), fatta Stortinget dessutan følgjande oppmoding:

«Stortinget ber regjeringa sjå til at miljøfaglege råd er grunnlaget for ei heilskapleg avgjerd når endeleg utsleppsløyve blir gitt i samband med utvinning av mineralressursar, og at denne sikrar berekraftig utvikling og ikkje utarmar miljø og/eller ressursgrunnlaget over tid.»

Utvinning av mineralressursar har verknader for miljøet og utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn er sentralt ved behandling av ny mineralverksemd etter ulike regelverk.

Uttak av mineral må skje innanfor ramma av ein reguleringsplan godkjent av kommunen i medhald av plan- og bygningslova. Det følgjer av forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova at uttak av malm, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre massar alltid skal konsekvensutgreiast dersom minst 200 dekar samla overflate blir involvert eller samla uttak omfattar meir enn 2 mill. kubikkmeter masse (punkt 2 vedlegg I). Mindre mineraluttak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn (punkt 2a vedlegg II). Forskriftas vedlegg I og vedlegg II er samfallande med det relevante EU-direktivet på området.

Formålet med føresegnene om konsekvensutgreiingar er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir teke i betraktning under førebuinga av planar, og når det blir teke stilling til om, og på kva vilkår planar skal gjennomførast. I planprogrammet skal relevante og realistiske alternativ beskrivast, og det skal gå fram korleis behandlinga av desse skal takast vare på i planarbeidet.

Ny mineralverksemd må ha løyve av forureiningsmyndigheita etter forureiningslova. For å avgjere ein søknad om løyve etter forureiningslova stiller forureiningsmyndigheita krav om at miljøverknader som ikkje er tilstrekkeleg belyste i konsekvensutgreiinga, blir utgreidde. Forureiningsmyndigheita utfører dei miljøfaglege vurderingane og stiller i nødvendig grad vilkår i eit utsleppsløyve for å redusere miljøulempene og for å sjå til at drifta av ei verksemd over tid er i tråd med dei vilkåra som er fastsette for å ta vare på miljøet. Det går fram av forureiningslova § 11 at når forureiningsmyndigheita avgjer om løyve skal gis og fastset vilkår etter § 16, skal det leggjast vekt på dei forureiningsvise ulempene ved tiltaket saman-

halde med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

Ei mineralverksemd må òg innhente løyve etter lov om erverv og utvinning av mineralressursar som er forvalta av Direktoratet for mineralforvaltning. Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

Regjeringa meiner at dei lovene som gjeld for utvinning av mineralressursar gir eit godt grunnlag for å vurdere og stille krav til miljøfaglege utgreiingar ved slik utvinning. I kvar sak må tiltaks-

havar utgreie miljøverknadene av verksemda og ulike offentlege og private fagmiljø tek stilling til utgreiingane i samband med høyring og vidare behandling av saka. Det kan òg krevjast tilleggsutgreiingar eller ytterlegare dokumentasjon ved behov. Sakene blir følgde nøye over tid, noko som sikrar at erfaringar og ny kunnskap blir tekne med i vurdering av nye saker.

Regjeringa legg vekt på at verknader for miljø og samfunn i nødvendig grad er utgreidde og vurderte før ei heilskapleg avgjerd blir teken om løyve til utvinning av mineralressursar. Regjeringa meiner at vedtaket er utkvittert.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2016–2017) om statsbudsjettet for år 2017 blir dei forslag til vedtak ført opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Klima- og miljødepartementet blir i Prop. 1 S (2016–2017) statsbudsjettet for budsjettåret 2017 dei forslag til vedtak som følger ført opp:

Kapitla 1400–1482, 4400–4471 og 5578

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.				
1400	Klima- og miljødepartementet			
	01	Driftsutgifter	280 455 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	49 383 000	
	62	Den naturlege skulesekken	3 409 000	
	71	Internasjonale organisasjonar	74 633 000	
	74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 231 000	
	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	59 098 000	
	79	Tilskot til kulturminneforvaltning	20 580 000	491 789 000
1410	Miljøforskning og miljøovervaking			
	21	Miljøovervaking og miljødata	228 933 000	
	50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	178 734 000	
	51	Forskningsprogram m.m.	272 488 000	
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	6 672 000	
	54	Artsprosjektet m.m.	30 656 000	
	70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	48 141 000	
	72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	11 900 000	
	73	Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta	9 433 000	786 957 000
		Sum Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		1 278 746 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Klima, naturmangfold og forureining				
1420	Miljødirektoratet			
	01	Driftsutgifter	639 555 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	182 822 000	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	268 386 000	
	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	149 369 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	32 460 000	
	31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	64 419 000	
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	5 222 000	
	33	Statlege tileigningar, nytt vern, <i>kan overførast</i>	9 062 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	52 650 000	
	35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	392 112 000	
	37	Skogplanting, <i>kan overførast</i>	14 375 000	
	38	Restaurering av myr, <i>kan overførast</i>	13 325 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	12 483 000	
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overførast</i>	106 920 000	
	69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	271 562 000	
	70	Tilskott til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	24 755 000	
	71	Marin forsøpling, <i>kan overførast</i>	15 290 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	148 892 000	
	73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	70 051 000	
	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	671 284 000	
	75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	431 760 000	
	76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	76 042 000	
	77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	14 416 000	
	78	Friluftsmål, <i>kan overførast</i>	159 821 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	79	Oppryddingstiltak, <i>kan overført, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	450 000	
	80	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	57 402 000	
	81	Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, <i>kan overført, kan nyttast under post 21</i>	26 261 000	
	82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overført, kan nyttast under post 21</i>	64 989 000	
	84	Internasjonalt samarbeid	4 964 000	
	85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overført</i>	52 714 000	4 033 813 000
1422		Miljøvennleg skipsfart		
	21	Spesielle driftsutgifter	5 338 000	5 338 000
1423		Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01	Driftsutgifter	15 629 000	15 629 000
1424		MAREANO		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overført</i>	33 684 000	33 684 000
1425		Vilt- og fisketiltak		
	01	Driftsutgifter	12 647 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	27 768 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overført</i>	12 894 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overført</i>	34 600 000	87 909 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		4 176 373 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren		
	01	Driftsutgifter	146 852 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	51 363 000	
	22	Bevaringsoppgåver, <i>kan overført</i>	24 378 000	
	50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 551 000	
	60	Kulturminnearbeid i kommunane	2 116 000	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overført</i>	28 164 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	122 015 000	
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	51 545 000	
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	45 952 000	
	74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	61 883 000	
	75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overførast</i>	10 757 000	
	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overførast</i>	5 000 000	
	79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>	52 036 000	605 612 000
1432		Norsk kulturminnefond		
	50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	86 659 000	86 659 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		692 271 000
		Nord- og polarområda		
1471		Norsk Polarinstitutt		
	01	Driftsutgifter	223 671 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	70 910 000	
	50	Stipend	503 000	295 084 000
1472		Svalbard miljøvernfond		
	50	Overføringar til Svalbard miljøvernfond	14 638 000	14 638 000
1473		Kings Bay AS		
	70	Tilskot	41 635 000	41 635 000
1474		Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning		
	50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	23 985 000	
	70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	28 000 000	51 985 000
		Sum Nord- og polarområda		403 342 000
		Internasjonalt klimaarbeid		
1481		Klimakvotar		
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	4 387 000	
	22	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>	259 900 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner	
	23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overføres</i>		310 000	264 597 000
1482		Internasjonale klima- og utviklings- tiltak			
	01	Driftsutgifter		97 710 000	
	73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overføres</i>		2 709 213 000	2 806 923 000
		Sum Internasjonalt klimaarbeid			3 071 520 000
		Sum departementets utgifter			9 622 252 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner	
		Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
4400		Klima- og miljødepartementet			
	02	Ymse inntekter		418 000	
	03	Refusjon frå Utanriksdepartementet		1 720 000	2 138 000
		Sum Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			2 138 000
		Klima, naturmangfald og forureining			
4420		Miljødirektoratet			
	01	Oppdrag og andre ymse inntekter		4 192 000	
	04	Gebyr, forureiningsområdet		34 365 000	
	06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingdelingar		28 977 000	
	07	Gebyr, kvotesystemet		11 377 000	
	08	Gebyr, naturforvaltningsområde		4 821 000	
	09	Internasjonale oppdrag		63 914 000	147 646 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining			147 646 000
		Kulturminne og kulturmiljø			
4429		Riksantikvaren			
	02	Refusjonar og ymse inntekter		4 388 000	
	09	Internasjonale oppdrag		1 243 000	5 631 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø			5 631 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Nord- og polarområda				
4471	Norsk Polarinstitut			
	01 Sals- og utleigeinntekter		10 827 000	
	03 Inntekter frå ymse tenesteyting		59 669 000	
	21 Inntekter, Antarktis		13 328 000	83 824 000
	Sum Nord- og polarområda			83 824 000
Skattar og avgifter				
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet			
	70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond		14 650 000	
	71 Jeger- og fellingsavgifter		85 000 000	
	72 Fiskaravgifter		16 100 000	115 750 000
	Sum Skattar og avgifter			115 750 000
Sum departementets inntekter				354 989 000

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
Kap. 1420 post 01	Kap. 4420 post 01
kap. 1420 post 23	kap. 4420 postane 04, 06, 08 og 09
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal også dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor også kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Fullmakt til overskridingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 kan:

- overskride løyvinga på kap. 1481 Klimavotar, post 01 Driftsutgifter, til dekning av honorar, transaksjonskostnader og utgifter til fagleg bistand i samband med sal av klimavotar.

2. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning, med eit beløp som svarer til inntekter frå sal av klimakvotar som er rekneskapsført på kap. 4481 Sal av klimakvotar, post 01 Salsinntekter.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover løyvingar som er gitt.

IV

Kjøp av klimakvotar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 kan inngå avtaler om kjøp av klimakvotar innanfor ei samla ramme på 2 100 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar under kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning.

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 kan gjere bestillingar av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	31	Tiltak i verneområde	3,0 mill. kroner

VI

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 kan gi tilsegn om tilskot utover løyvingar som er gitt, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	55,0 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar	6,2 mill. kroner
	33	Statlege tileigningar, nytt vern	10,9 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, skogvern	116,4 mill. kroner
	78	Friluftsmål	3,0 mill. kroner
	85	Naturinformasjonssenter	2,0 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	36,0 mill. kroner
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	30,0 mill. kroner

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10,0 mill. kroner
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	10,0 mill. kroner
	74	Tilskot til fartøyvern	12,0 mill. kroner
	79	Tilskot til verdsarven	10,0 mill. kroner
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	73	Klima- og skogsatsinga	2 345,0 mill. kroner

VII

Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 kan pådra forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet, postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 2,0 mill. kroner.

Andre fullmakter

VIII

Utbetaling av tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 får unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalningar av gitte løyvingar på følgjande måte:

1. Utbetalningar av tilskot til utviklingsformål kan gjerast éin gong i året for FNs klima- og skogprogram, Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility, Forest Investment Program, BioCarbon Fund plus og Central African Forest Initiative (CAFI).
2. Utbetalningar av kjernebidrag til Global Green Growth Institute kan gjerast i medhald av organisasjonens regelverk.

IX

Utbetaling til Verdsbankens karbonfond

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2017 får unntak frå føresetnadene i Stortingets vedtak frå 8. november 1984 om utbetalningar av gitte løyvingar gjennom at tilskot til Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility Carbon Fund kan utbetalast med det føremål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar.

X

Utbetaling av tilskot til offentleg-privat samarbeid

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet får unntak frå føresetnadene i Stortingets vedtak av 8. november 1984 om at utbetaling av gitte løyvingar berre skal skje ved behov, slik at det kan utbetalast tilskot til risikoreduksjon for investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon i tråd med kriteria for kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak, post 73 Klima- og skogsatsinga.

XI

Utbetaling av renter på tilskot

Stortinget samtykkjer i at opptente renter på tilskot som er utbetalte frå Noreg under Klima- og skogsatinga på kap. 1482, post 73 kan nyttast til tiltak etter avtale mellom Klima- og miljødepartementet og den enkelte mottakaren.

Vedlegg 1**Vedtak frå tidlegere år som gjeld utan tidsavgrensing**

Vidareføring av Klima- og skoginitiativet på minimum dagens nivå fram mot 2020.

Klima- og skoginitiativet føras vidare på minimum dagens løyvingsnivå fram til 2020 basert på føringane i klimameldinga.

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 PrintMedia AS – 10/2016

